



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 1

(2008–2009)

FOR BUDSJETTÅRET 2009

Utgiftskapittel: 200–288 og 2410

Inntektskapittel: 3200–3288, 5310 og 5617

Innhald

Del I

Oversikt over budsjettforslaget frå Kunnskapsdepartementet	9
1 Hovudprioriteringar	11
1.1 Kunnskapsnasjonen Noreg	11
1.2 Tidleg innsats for sosial utjamning	12
1.3 Høg kvalitet i grunnopplæringa	12
1.4 Kvalitet i høgre utdanning og forskning	13
1.5 Budsjettprioriteringar	15
2 Oversikt over forslaget til budsjett for Kunnskapsdepartementet	18
3 Oppfølging av oppmodingsvedtak	22

Del II

Nærmare om budsjettforslaget	23
<i>Programkategori 07.10 Administrasjon</i>	<i>25</i>
Kap. 200 Kunnskapsdepartementet	25
Kap. 3200 Kunnskapsdepartementet	28
Kap. 204 Foreldreutvalet for grunnskolen	28
Kap. 3204 Foreldreutvalet for grunnskolen ...	28
Kap. 206 Samisk utdanningsadministrasjon ...	28
<i>Programkategori 07.20 Grunnopplæringa</i>	<i>29</i>
Kap. 220 Utdanningsdirektoratet	43
Kap. 3220 Utdanningsdirektoratet	46
Kap. 221 Foreldreutvalet for grunnopplæringa	47
Kap. 3221 Foreldreutvalet for grunnopplæringa	48
Kap. 222 Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	48
Kap. 3222 Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	49
Kap. 223 Samisk utdanningsadministrasjon	49
Kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa	51
Kap. 3225 Tiltak i grunnopplæringa	55
Kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	56
Kap. 227 Tilskott til særskilde skolar	63
Kap. 228 Tilskott til private skolar o.a.	64
Kap. 229 Andre tiltak	68
Kap. 230 Kompetansesenter for spesialundervisning	68

Kap. 3230 Kompetansesenter for spesialundervisning	70
<i>Programkategori 07.30 Barnehagar</i>	<i>71</i>
Kap. 231 Barnehagar	71
<i>Programkategori 07.50 Tiltak for å fremme kompetanseutvikling</i>	<i>86</i>
Kap. 252 EUs program for livslang læring ...	89
Kap. 253 Folkehøgskolar	90
Kap. 254 Tilskott til vaksenopplæring	91
Kap. 255 Tilskott til freds- og menneskerettssentra o.a.	92
Kap. 256 Vox - Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet	94
Kap. 3256 Vox - Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet	95
Kap. 257 Program for basiskompetanse i arbeidslivet	96
Kap. 258 Analyse og utviklingsarbeid	97
<i>Programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning</i>	<i>99</i>
Kap. 270 Studium i utlandet og sosiale formål for studantar	112
Kap. 271 Universitet	114
Kap. 272 Vitskaplege høgskolar	120
Kap. 275 Høgskolar	123
Kap. 276 Fagskoleutdanning	128
Kap. 281 Fellesutgifter for universitet og høgskolar	129
Kap. 3281 Fellesutgifter for universitet og høgskolar	136
<i>Programkategori 07.70 Forsking</i>	<i>137</i>
Kap. 283 Meteorologiformål	144
Kap. 285 Noregs forskingsråd	146
Kap. 286 Forskingsfond	154
Kap. 3286 Forskingsfond	158
Kap. 287 Forskingsinstitutt og andre tiltak ..	158
Kap. 3287 Forskingsinstitutt og andre tiltak ..	162
Kap. 288 Internasjonale samarbeidstiltak	162
Kap. 3288 Internasjonale samarbeidstiltak	165
<i>Programkategori 07.80 Utdanningsfinansiering</i>	<i>166</i>
Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning ...	166
Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning ...	171

Kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning	172
--	-----

Del III

Strategiar og oversikter	173
--------------------------------	-----

5	Forskning og utvikling i statsbudsjettet	175
----------	---	------------

6	Strategi for utdanningsforskning	191
----------	---	------------

Del IV

Rapportar	199
-----------------	-----

7	Ressursar i grunnopplæringa ...	201
----------	--	------------

8	Fornyning og organisasjons- endringar	208
----------	--	------------

9	Likestilling i barnehage-, utdannings- og forskings- sektoren	210
----------	--	------------

10	Miljø	212
-----------	--------------------	------------

Forslag til vedtak om løyving for budsjettåret 2009, kapitla 200–288 og 2410, 3200–3288, 5310 og 5617	214
---	------------

Vedlegg 1

Tilsetjingsvilkår for leiarar i heileigde statlege føretak	224
---	-----

Vedlegg 2

Nøkkeltal for universitet og høgskolar	225
--	-----

Vedlegg 3

Kvalitet i grunnopplæringa	236
----------------------------------	-----

Vedlegg 4

Forskinsinstitutt som mottek statleg basisløyving per 1. januar 2009	238
---	-----

Tabelloversikt

Tabell 4.1	Landslinjesatsar per elev per år ..	52	Tabell 4.21	Hovudtal for tilbakebetaling dei fem siste åra	168
Tabell 4.2	Private skolar, tal på skolar og elevar	65	Tabell 4.22	Fordeling av ulike stipendformer dei to siste undervisningsåra	168
Tabell 4.3	Ressursinnsats frå Statped på dei ulike vanskeområda (i pst.) ..	69	Tabell 5.1	FoU-indikatorar i Norden og OECD	177
Tabell 4.4	Tal på barn i barnehage, auke i talet på barn i barnehage og barnehageplassar 2003–07	72	Tabell 5.2	Klimaforliket – løyvingar til forskning på fornybar energi og karbonfangst og -lagring i 2009 ..	184
Tabell 4.5	Personale i barnehagane	75	Tabell 5.3	Overslag over løyvingane til FoU over statsbudsjettet (i mill. kroner)	187
Tabell 4.6	Utdanning av førskolelærarar ved statlege og private høgskolar og universitet	76	Tabell 5.4	Løyvingar til Noregs forskingsråd frå dei største bidragsytarane (i 1 000 kroner)	188
Tabell 4.7	Menn i barnehagane 2003–07	77	Tabell 5.5	Finansieringsarena	189
Tabell 4.8	Statleg driftstilskott til ordinære barnehagar og familiebarnehagar for 2009. Offentlege barnehagar. Kroner per år	82	Tabell 5.6	Fordeling av basisløyving	189
Tabell 4.9	Statleg driftstilskott til ordinære barnehagar og familiebarnehagar for 2009. Private barnehagar. Kroner per år	82	Tabell 7.1	Fordeling av elevar på utdanningsprogram og -nivå i vidaregåande skole. Førebelse tal for alle åra.	201
Tabell 4.10	Statleg driftstilskott til open barnehage i 2009. Kroner per år .	83	Tabell 7.2	Utvikling i lærarårsverk	203
Tabell 4.11	Elevtal i folkehøgskolane 2003–07	90	Tabell 7.3	Gjennomsnittleg gruppestorleik	203
Tabell 4.12	aktivitet i studieforbunda og endringar 2005, 2006 og 2007 Absolutte tall og prosenttal	91	Tabell 7.4	Fordeling av små, mellomstore og store grunnskolar (i pst.)	204
Tabell 4.13	Løyving og tilsegnfullmakter for studentbustader i 2007-2008 (i 1 000 kr)	114	Tabell 7.5	Korrigerte brutto driftsutgifter per elev, laupande prisar	205
Tabell 4.14	Fri prosjektstøtte per fagområde. 1 000 kroner og prosent	147	Vedlegg 2		
Tabell 4.15	Faglege løyvingar til Noregs forskingsråd. Fordeling på fagområde og særskilde formål (i mill. kroner)	148	Tabell 2.1	Nøkkeltal for søkning og opptak ved universitet og høgskolar 2002–07	225
Tabell 4.16	Midlar frå Fondet for forskning og nyskaping. Fordeling etter verkemiddel. 2007	154	Tabell 2.2	Opptak ved universitet og høgskolar 2005–07 (pst. kvinner i parentes)	226
Tabell 4.17	Gåver og gåveforsterkning per mottakar i 2007 (i 1 000 kroner) .	156	Tabell 2.3	Registrerte studentar ved universitet og høgskolar 2005–07 (pst. kvinner i parentes)	227
Tabell 4.18	Løyvingar til private vitskaplege institusjonar og tiltak (i 1 000 kroner)	161	Tabell 2.4	Studiepoeng per student ved universitet og høgskolar 2005–07	228
Tabell 4.19	Løyvingar til internasjonale grunnforskningsorganisasjonar (i 1 000 kroner)	163	Tabell 2.5	Kandidatar ved universitet og høgskolar 2005–07 (pst. kvinner i parentes)	228
Tabell 4.20	Hovudtal for dei fire siste undervisningsåra	167	Tabell 2.6	Opptak, registrerte studentar og kandidatar fordelte på utvalde utdanningar 2005–07 (pst. kvinner i parentes)	229

Tabell 2.7	Tal på innreisande og utreisande utvekslingsstudentar ved norske lærestader 2005–07	230	Tabell 2.14	Måltal for registrerte studentar og uteksaminerte kandidatar ved kunsthøgskolane 2009	233
Tabell 2.8	Tal på årsverk i undervisnings-, forskings- og rekrutteringsstillingar 2007 (pst. kvinner i parentes)	230	Tabell 2.15	Prosjekt som har fått startløyving, og prosjekt med forslag om startløyving i 2009	233
Tabell 2.9	Avlagde doktorgradar per institusjon 1998–2007	231	Tabell 2.16	Bygg som er under prosjektering	234
Tabell 2.10	Doktorgradar etter fagområde og kjønn 2004 og 2007	231	Tabell 2.17	Prosjekt under utgreiing/ programmering	234
Tabell 2.11	Gjennomsnitt publikasjonspoeng per fagleg stilling 2005–07	231	Tabell 2.18	Kurantprosjekt, byggjeprosjekt under prosjektering	234
Tabell 2.12	Eksternfinansiert verksemd ved type institusjon 2005–07 (beløp i 1 000 kroner)	232	Tabell 2.19	Kurantprosjekt, byggjeprosjekt under utgreiing/programmering	235
Tabell 2.13	Aktivitetskrav for studieåret 2008–09	232	Vedlegg 3		
			Tabell 3.1	Indikatorsett 1	236
			Tabell 3.2	Indikatorsett 2	236
			Tabell 3.3	Indikatorsett 3	237

Figuroversikt

Figur 4.1	Artiklar per 1 000 innbyggjarar for utvalde land i periodane 1997–2001 og 2002–06	139	Figur 5.1	Kapital i Fondet for forskning og nyskaping	178
			Figur 7.1	Strukturjusterte kommunale forskjellar i ressursbruk	206

Oversikt over bokser

Boks 1.1		11	Boks 6.3		196
Boks 6.1		195	Boks 6.4		197
Boks 6.2		195			



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 1

(2008–2009)

FOR BUDSJETTÅRET 2009

Utgiftskapittel: 200–288 og 2410

Inntektskapittel: 3200–3288, 5310 og 5617

*Tilråding frå Kunnskapsdepartementet av 19. september 2008,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

Del I
Oversikt over budsjettforslaget frå
Kunnskapsdepartementet

1 Hovudprioriteringar

1.1 Kunnskapsnasjonen Noreg

Regjeringa vil styrkje Noreg som kunnskapsnasjon. Ein sterk kunnskapsnasjon må byggje på eit utdanningssystem av høg kvalitet som gir folk, og dermed samfunnet, den kompetansen som er naudsynt for framtidig velstand og verdiskaping. Utdanningssystemet skal stimulere til å gi kvar ein-skild personleg utvikling og identitet, evne til å tenkje kritisk og ta del i demokratiske prosessar. Forsking er ein viktig føresetnad for utvikling av ein kunnskapsbasert og nyskapande økonomi. Vi må styrkje forskningsevna vår ved å sørgje for god balanse mellom dei ulike innsatsfaktorane, som menneskelege ressursar og midlar til drift, utstyr og bygningar.

Regjeringa har som mål at Noreg skal bli ein av dei leiande, innovative, dynamiske og kunnskapsbaserte økonomiane i verda innanfor dei områda der vi har føremonar. Tilgang på kompetent arbeidskraft er ein føresetnad for å nå dette målet. Derfor treng vi eit godt og solid utdanningssystem. Vi skal sørgje for eit godt barnehagetilbod til alle som ønskjer det, ein solid offentleg fellesskole, rett til vidaregåande opplæring og gratis høgre utdanning av god kvalitet. Vaksne som har rett til og ynskjer grunnskole- eller vidaregåande opplæring skal få slik opplæring. Etter- og vidareutdanning er også eit viktig verkemiddel både for å få fleire i arbeid og for å kunne gjere bruk av den kompetansen vi allereie har i arbeidslivet, på ein best mogleg måte. Regjeringa ønskjer at læring skal vere mogleg for alle. Det er viktig for å leggje til rette for omstilling og kompetanseheving for den einskilde slik at alle kan delta i arbeidsmarknaden gjennom heile yrkeslivet. Livslang læring aukar også sjansane for deltaking i samfunnslivet elles, og er viktig for utvikling av eit levande demokrati.

Regjeringa vil ha eit samfunn som byggjer på mangfald, men samstundes at alle har dei same utsiktene til å utvikle sine evner. Utdanningssystemet må derfor også medverke til å jamne ut sosiale forskjellar. Regjeringa meiner at barnehage for alle, gratisprinsippet i grunnskole og høgre utdanning og støtteordningane til Statens lånekasse er ein føresetnad for dette.

Klimaendringar og miljøøydelegging er blant dei største utfordringane i vår tid. Kunnskap om desse utfordringane må utviklast tidleg. Regjeringa vil derfor satse på ei tettare kopling mellom utdanning og ei berekraftig utvikling, både nasjonalt og internasjonalt. FN sitt tiår om utdanning for berekraftig utvikling i regi av UNESCO er eit viktig tiltak i denne samanhengen. Med Klimaforliket vart det lagt eit solid grunnlag for ein framtidig berekraftig politikk. Gjennom ny kunnskap og nye handlingsmønster er det mogleg å gjere framtida trygg for kommande generasjonar.

Regjeringa ønskjer ein lærande utdannings- og opplæringssektor og vil styrkje utdanningsforskninga. Det er viktig at dei som arbeider i sektoren, får sjansen til å gjere seg nytte av den kunnskapen og forskninga som finst. Dette er ein føresetnad for å skape ein lærande og utviklande arbeidssituasjon og vil medverke til auka kvalitet på undervisninga.

Noreg vil satse på auka internasjonalisering av utdanning og forskning, gjennom deltaking i nordisk samarbeid, samarbeid med EU og deltaking i OECD og UNESCO.

Boks 1.1 Regjeringa satsar på læraren

Læraren er avgjerande for kvaliteten i barnehage og grunnopplæring. Det er behov for fleire dyktige lærarar i åra framover. Læraren må få auka status og kompetanse. Regjeringa har derfor starta ei langsiktig satsing på læraren. Hovudelementa er:

1. Tidleg innsats: Fleire lærarar på 1.- 4. trinn
2. Varig etter- og vidareutdanning for lærarar
3. Kompetanseutvikling for skole- og barnehageleiarar
4. Tettare oppfølging av og støtte til nyutdanna lærarar
5. Auka kvalitet i lærarutdanninga
6. Betre rekruttering til læraryrket og lærarutdanningane
7. Fleire studieplassar for lærarar
8. Meir relevant FoU for barnehage, grunnopplæring og lærarutdanning

1.2 Tidleg innsats for sosial utjamning

Dei første barneåra er viktige for barn si utvikling og seinare læring. Regjeringa prioriterer derfor dei små barna høgt. Utbygging av barnehageplassar og utvikling av barnehagesektoren står sentralt i satsinga til regjeringa. Regjeringa ser på barnehagen som den viktigaste arenaen for oppvekst, omsorg og læring utanfor heimen. Barnehagen skal leggje grunnlaget for livslang læring og aktiv deltaking i eit demokratisk samfunn. Barnehagen skal gi barn grunnleggjande kunnskap på sentrale område, gjere barna kreative og nyfikne og gi dei språkleg og sosial kompetanse. Barnehagar er også ein nøkkel til småbarnsforeldre si deltaking i yrkeslivet. Regjeringa meiner at gode, rimelege og tilgjengelege barnehagar er viktige for å gi alle barn like sjansar. Plass i barnehage kan gi betre kunnskap i norsk hos barn med minoritetsspråklige foreldre. Måla for regjeringa er full barnehagedekning, høg kvalitet og låg pris.

Læring i småbarnsalderen aukar sjansen for at barnet gjer det godt på skolen, tek høgere utdanning og deltek i arbeidslivet som vaksen. Barnehagen spelar ei viktig rolle i samband med dette. Barnehagen skal gi trygge rammer for utvikling, utforsking, leik og læring. Dette kan medverke til ein god barndom og til at den einskilde kan lykkast og trivast i skole og vidare utdanning. Barnehagen skal gi tilbod til barn med særskilde behov og leggje vekt på tidleg innsats, blant anna gjennom språkstimulering. Tidleg innsats betyr både forsterka innsats i dei første åra og rask reaksjon når problem oppstår eller blir avdekte. Eit godt og likeverdig barnehagetilbod kan gi alle barn like sjansar.

Målet for regjeringa er at alle som ønskjer barnehageplass, skal få tilbod om det. Dei fleste kommunar har no nådd målet om full barnehagedekning og kan tilby eit godt og tilstrekkeleg utbygd barnehagetilbod. Stortinget vedtok våren 2008 rett til plass i barnehage, som Regjeringa vil innføre frå 2009. Dette inneber at barn som har fylt eitt år seinast innan utgangen av august det året det blir søkt om barnehageplass, skal ha rett til plass frå august. Det er også eit mål for regjeringa at prisen skal vere så låg at alle som ønskjer det, skal ha råd til å betale for ein barnehageplass med god kvalitet. Regjeringa vil frå 2009 føre vidare foreldrebetalinga på same nominelle nivå som i 2008 kvart år fram til målet om maksimalpris på kr 1 750 (2005-kroner) per måned er nådd.

Kompetansen til dei tilsette i barnehagen er avgjerande for kvaliteten i barnehagetilbodet. Fleire barn i barnehagane aukar behovet for pedagogar, og regjeringa vil derfor styrkje satsinga på

rekruttering av førskolelærarar i 2009. Tiltaka vil betre tilgangen på kvalifisert personale i barnehagane, både på kort og lang sikt.

Det er særleg viktig at minoritetsspråklege barn får tilbod om språkopplæring på norsk. Våren 2008 la regjeringa fram St.meld. nr. 23 (2007–2008) *Språk bygger broer*. Meldinga skildrar utfordringar og tiltak for å styrkje språkopplæringa i eit livslangt læringsperspektiv. Meldinga fokuserer mellom anna på behovet for kvalitet i barnehagen sitt språkmiljø og språkstimulering. Tidleg innsats på dette området styrkjer sjansane for den einskilde for seinare deltaking i utdanning og i samfunnet.

Etter mange år med omfattande utbygging av barnehageplassar og andre endringar i barnehagesektoren, ønskjer regjeringa å auke merksemda mot kvalitet og innhald. Regjeringa vil derfor leggje fram ei stortingsmelding om kvalitet og innhald i barnehagane i 2009. Vidare vil regjeringa føre vidare satsinga på kompetansetiltak i 2009 som eit ledd i strategien for kompetanseutvikling.

Gjennom deltaking i OECD sitt barnehagenettverk får Noreg godt innsyn i korleis andre land legg til rette for gode pedagogiske tilbod til barn i førskolealder. Denne kunnskapen vert nytta i politikkutforminga.

1.3 Høg kvalitet i grunnopplæringa

Regjeringa har lagt fram St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen*. For å styrkje kvaliteten i skolen er det viktig at staten, skoleeigarar, skoleleiarar og lærarar, og samarbeidet mellom heim og skole, trekkjer i same retning. Det er eit mål at skoleeigarar og skolar skal byggje kvalitetsutvikling i skolen på systematisk resultatoppfølging på ein slik måte at det får følgjer for elevane og lærlingane si læring. Når elevar og læringar får eit læringsutbytte som svarer til evnene deira, har vi ei grunnopplæring med høg kvalitet.

I tråd med kvalitetsmeldinga og St.meld. nr. 16 (2006–2007) *...og ingen sto igjen* vil regjeringa gi forsterka opplæring i norsk og matematikk gjennom auka lærartettleik for elevar på 1.–4. trinn frå hausten 2009. Lesing og rekning er grunnleggjande for all vidare læring og for å kunne meistre livet. Forskinga syner at ein må setje inn tiltak i dei første skoleåra for å styrkje dei grunnleggjande dugleikane. Å auke talet på lærarar som kan gi elevar som slit, betre oppfølging på dei første trinna, er eit sentralt tiltak for å sikre tidleg innsats. Regjeringa vil i tråd med dette oppmode kommunane til å prioritere å tilsetje lærarar som har spesialkompetanse i lese- og rekneopplæring. Regjeringa vil også bruke kompetansemiddel til å styrkje slik kompetanse i skolen.

Kompetanseutvikling er eit sentralt innsatsområde for å styrkje kvaliteten i grunnopplæringa. Det skal etablerast eit varig system for vidareutdanning av lærarar og ei skoleleiarutdanning for alle nyttilsette rektorar og rektorar som ikkje har skoleleiarutdanning frå før. Dei statlege løyvingane til kompetanseutvikling skal målrettast mot vidareutdanning i prioriterte fag ut frå dei behova som blir avdekte gjennom nasjonale prøver, tilsyn og undersøkingar av kompetansesamansetjinga blant lærarar. I tillegg vil det bli gitt støtte til etterutdanning på prioriterte område og til å utarbeide rettleiande læreplanar i fag.

Det er urovekkjande at delen eldre lærarar aukar sterkt, samstundes som det er vanskeleg å rekruttere nye lærarar. I tillegg er det mange av studentane som byrjar på lærarutdanningane som sluttar. Mangelen på språk- og realfagslærarar er stor både på ungdomstrinnet og i den vidaregåande opplæringa. Mangelen vil auke fram mot 2010, særleg i vidaregåande skole. På bakgrunn av rekrutteringsutfordringane vil regjeringa settje i verk fleire tiltak for å styrkje statusen til lærarane og rekruttere fleire lærarar.

Norske skolebarn på barnetrinnet har få timar på skolen samanlikna med barn i mange andre land. Regjeringa vil at lengda på skoledagen skal trappast opp på barnetrinnet. Regjeringa har i 2008 utvida timetalet på barnetrinnet med til saman fem uketimar à 60 minutt på 1.-4. trinn. I budsjettet for 2009 vil regjeringa leggje inn meir tid til fysisk aktivitet. Formålet med utvidinga er å leggje til rette for ein meir variert skoledag for elevane.

Regjeringa ønskjer å føre ein utdanningspolitikk på grunnlag av kunnskap frå nasjonale og internasjonale undersøkingar. Det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet gir og brei informasjon om kvaliteten i grunnopplæringa og elevanes læringsutbytte. Regjeringa vil vidareutvikle det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet, slik at kommunar og skolar kan få eit enda betre grunnlag for å vurdere tilstanden i sin kommune/skole og for å gjere nødvendige endringar. Samstundes skal skolar og skoleeigarar følgjast tettare opp og få nødvendig støtte i arbeidet med kvalitetsvurdering og utvikling i skolen. Spesielt for mindre kommunar med små skolefaglege ressursar og lite kompetanse til å utvikle eigne kvalitetsvurderingssystem er det viktig at staten gir støtte.

Tilsyna i dei siste åra har vist at mange kommunar og fylkeskommunar manglar kompetanse til å styre opplæringssektoren i samsvar med regelverket. Derfor vil det nasjonale tilsynet bli ei prioritert oppgåve i 2009. Forsterka innsats når det gjeld tilsyn er ein del av satsinga på tettare oppfølging av skoleeigarar og skolar.

1.4 Kvalitet i høgre utdanning og forskning

Regjeringa har som mål at Noreg skal vere eit av dei mest nyskapande landa i verda. Vi skal ha eit effektivt næringsliv, høg og jamnt fordelt velstand, sosial tryggleik og godt utbygde velferdsordningar. Samfunnet står overfor ei rekkje utfordringar som ikkje kan løysast utan forskning. Det gjeld ikkje minst innanfor miljø og global utvikling. Forsking er naudsynt for å meistre velferdsoppgåvene innanfor helse, omsorg og utdanning og for å leggje grunnlag for framtidig verdiskaping og velferd. Men kunnskap og forskning har òg ei rolle utover det reint nyttebaserte. Mennesket er grunnleggjande nysgjerrig, og har eit behov for å finne samanheng i dei omgivnadene vi er ein del av. Forsking er å utvikle slik kunnskap. Forsking medverkar til kulturell forståing, livskvalitet, demokrati og velferd.

Norsk utdanning og forskning skal ha høg internasjonal kvalitet og relevans. Det krev ein velfungerande universitets- og høgskolesektor med god arbeidsdeling mellom lærestadene, med stabile rammevilkår og med styring og leiing som sikrar god bruk av ressursane.

Regjeringa vil følgje opp måla frå Kvalitetsreforma om å heve kvaliteten og relevansen på norsk høgre utdanning og forskning. Hausten 2007 la regjeringa fram St.meld. nr. 7 (2007–2008) *Statusrapport for Kvalitetsreformen i høgre utdanning*. I tråd med St.meld. nr. 7 vil regjeringa dreie vektlegginga mot det som kjem ut av utdanning og forskning. Det er viktig at utdanningane som blir tilbode, er relevante for behova i arbeidslivet, og at det læringsutbyttet ein kan vente etter avslutta studium blir tydeleg formidla. Som del av oppfølginga av Bolognaprosessen blir det utvikla eit rammeverk som skal synleggjere dette (kvalifikasjonsrammeverket).

Regjeringa meiner at dei tiltaka som er sette i gang med Kvalitetsreforma, vidareføring av prinsippet om gratis utdanning, støtteordningane i Statens lånekasse og rimelege studentbustader sikrar at alle har like høve til å ta høgre utdanning, uavhengig av eigen økonomi og sosial bakgrunn. Tilboda om etter- og vidareutdanning, desentralisert utdanning og fagskoleutdanning medverkar også til dette. Kunnskapsdepartementet vil i 2008 gjere ein analyse av marknaden for desentraliserte utdanningstilbod.

Som ein del av oppfølginga av Kvalitetsreforma vil Kunnskapsdepartementet i løpet av 2009 leggje fram ei evaluering og vurdering av finansieringssystemet for universitet og høgskolar.

Utval for å vurdere høgre utdanning (Stjernø-utvalet) leverte innstillinga si i 2008, jf. NOU 2008: 3 *Sett under ett*. Regjeringa vil ikkje setje i verk ei stor strukturreform med tvangssamanslåingar eller endre styringssystemet for universitet og høgskolar. Regjeringa meiner likevel det er behov for ei klarare arbeidsdeling og spesialisering i sektoren. Det er nødvendig og ønskeleg at institusjonane utviklar forpliktande samarbeid. Regjeringa ønskjer ikkje at det skal bli lettare for høgskolar å få status som universitet. Krava til forskingsverksemd og stabil forskarutdanning vil i staden bli gjort klarare. Regjeringa vil òg vurdere korleis ein kan vidareutvikle meir langsiktig og strategisk styring av sektoren.

Ei styrkt forskningsevne er ein føresetnad for å kunne løyse globale utfordringar og sikre verdiskaping og eit velferdssamfunn for framtidige generasjonar. På Kunnskapsdepartementet sitt område vil regjeringa derfor i 2009 prioritere tiltak som betrar forskningsevna. Dette inneber ei satsing på rekruttering, forskingsinfrastruktur, styrking av instituttsektoren og auka vektlegging av internasjonalisering for å sikre høg kvalitet på forskinga.

Forskringsrådet sin nasjonale strategi for forskingsinfrastruktur (2008–17) *Verktøy for forskning* syner at nye investeringar i forskingsinfrastruktur vil bringe norsk forskning framover på prioriterte område som energi- og miljøforskning, helseforskning, havforskning og matforskning. Regjeringa vil i 2009 styrkje forskningsevna gjennom ei solid og langsiktig satsing på forskingsinfrastruktur. Styrkinga vil skje både gjennom ei eittårig løyving til Noregs forskingsråd og ei øyremerking av kapitalen i Fondet for forskning og nyskaping. Midlane skal både nyttast nasjonalt og til norsk deltaking i viktige internasjonale forskingsinfrastrukturar.

Regjeringa foreslår å opprette regionale forskingsfond frå 2009. Regionale forskingsfond er ein del av forvaltningsreforma. Fonda skal medverke til auka kvalitet og styrkje forskning for regional innovasjon. Fonda skal styrkje samspelet mellom næringsliv, høgskolar og regionane, og vere eit supplement til dei nasjonale FoU-verkemidla.

Høg kvalitet i forskning og høgre utdanning krev hensiktsmessige bygg og god rekruttering på alle fagområde. Det er avgjerande at forskarkarrieren er attraktiv for talentfull ungdom, og at norske forskingsinstitusjonar klarer å halde på dei beste forskarane. Gjennom å opprette over 200 fleire rekrutteringsstillingar med god finansiering ønskjer regjeringa å medverke til god forskarrekuttering.

Frå 2009 vil det bli innført eit nytt system for den statlege basisfinansieringa av forskingsinstitutta. Formålet med det nye finansieringssystemet

er å medverke til at forskinga får auka kvalitet og å gi institutta rom for langsiktig kunnskaps- og kompetanseoppbygging. Auka basisløyvingar og nytt finansieringssystem vil styrkje forskingsinstituttas evne og kapasitet til å levere god forskning. Innføring av eit felles finansieringssystem for institutta inneber ein styrking av den heilskaplege instituttpolitikken til Regjeringa.

Regjeringa vil styrkje forskingsinnsatsen for å møte dei globale klimautfordringane. Både gjennom Klimaforliket og gjennom Nordområdesatsinga vil forskinga innanfor klima og miljø bli styrkt monaleg.

Regjeringa ønskjer å medverke aktivt til det kunnskapsgrunnlaget som trengst for å løyse nasjonale og globale miljø- og klimaproblem. Regjeringa følgjer opp Klimaforliket med ei satsing på 300 mill. kroner til forskning og utvikling innanfor fornybare energikjelder og karbonfangst og -lagring. Hovudgrepet i satsinga er etablering av ei ordning med forskningssenter for miljøvennleg energi innanfor prioriterte område i kombinasjon med styrking av relevante forskingsprogram. Sentersatsinga skal gi klimaforskning av høg kvalitet gjennom bygging av slagkraftige forskingsmiljø.

Norsk utdanning og forskning må vere internasjonalt orientert og attraktiv både for å styrkje norsk kunnskaps- og kompetanseutvikling og medverke i internasjonalt samarbeid. Regjeringa tek sikte på å leggje fram ei stortingsmelding om internasjonalisering i utdanningssektoren hausten 2008.

Som ein liten nasjon er Noreg særleg avhengig av nær kontakt med den internasjonale kunnskapsutviklinga. Noreg deltek mellom anna i EUs program for livslang læring (2007–13), EUs sjuande rammeprogram for forskning, teknologisk utvikling og demonstrasjonsaktivitetar (2007–13) og i Det europeiske instituttet for innovasjon og teknologi (EIT). Regjeringa arbeider for at det internasjonale forskningssamarbeidet skal gi eit godt utbytte.

Nordområda er blant dei viktigaste satsingsområda for regjeringa. Kunnskap er nøkkelen til å nytte moglegheitene i nord. Forsking og høgre utdanning i nordområda gir også kunnskap om klima- og miljøendringar. I 2007 gjekk 616 mill. kroner til nordområdelevant forskning i Forskringsrådet, dette utgjer ei auke på 40 pst. frå 2006. Satsinga på nordområda blir følgt opp gjennom ein rad tiltak over budsjetta til fleire departement i 2009. Kunnskapsdepartementet styrkjer satsinga på Energicampus nord, og avsett stipendiatstillingar spesielt innretta på nordområda.

Interessa for polarforskning har auka i dei seinare åra, mellom anna på grunn av klimaendringane. Svalbard byr på unike vilkår for forskning og

er ein viktig arena for norsk polarforskning. I dei seinare åra har Noreg gjort store investeringar i forskingsinfrastrukturen på Svalbard i tillegg til oppbygginga ved UNIS (Universitetssentret i Svalbard). Infrastrukturen gir gode vilkår for norske forskarar til å drive polarforskning på høgste nivå og samarbeide med ei rekkje utanlandske forskingsmiljø. For at infrastrukturen skal bli utnytta best mogleg både av norske og internasjonale aktørar, legg regjeringa til rette for auka samarbeid og betre koordinering mellom dei ulike forskingsmiljøa på Svalbard.

1.5 Budsjettprioriteringar

Barnehagar

Regjeringa vil at alle som ønskjer barnehageplass, skal få eit barnehagetilbod av høg kvalitet til låg pris.

Regjeringa vil vidareføre maksimalgrensa for foreldrebetalinga nominelt inntil prisen er redusert til kr 1 750 (2005-kroner) per måned. Målet er anslått å bli nådd i 2012. Maksimalprisen blir derfor i 2009 som i 2008, kr 2 330 per måned og kr 25 630 på årsbasis for ein heiltidsplass. Dette gir ein realnedgang i maksimalprisen på omlag kr 100 per måned per barn samanlikna med ei foreldrebetaling justert for forventta pris- og kostnadsauke i kommunesektoren i 2009. Det er foreslått å løyve 358,5 mill. kroner til dette formålet inkludert utbygging.

Regjeringa meiner kompetansen til dei tilsette er avgjerande for kvaliteten på barnehagetilbodet. Det har vore ei utfordring å skaffe nok førskolelærarar i dei siste åra. Regjeringa foreslår derfor å auka løyvinga til rekruttering av førskolelærarar med 15 mill. kroner i 2009. Dette gir rom for å auke studiekapasiteten på førskolelærerutdanninga med 150 studieplassar, opprette 150 studieplassar i eitt-årig vidareutdanning i barnehagepedagogikk på deltid for personar med anna pedagogisk utdanning og til dømes å utvide tilbodet med arbeidsplassrelatert førskolelærerutdanning retta mot assistentar i barnehagen.

Lovfesta rett til barnehageplass vil tre i kraft i 2009. Lovfesta rett til barnehageplass anerkjenner rolla til barnehagane i utdanninga, gir barn rett til eit pedagogisk tilbod og bidreg slik til å gi alle barn gode og likeverdige utviklingsmoglegheiter.

Grunnopplæringa

Regjeringa meiner at kvaliteten i grunnopplæringa må bli betre. I statsbudsjettet for 2009 foreslår

regjeringa derfor å styrkje kvalitetsarbeidet med om lag 600 mill. kroner.

Læraren er ein av dei viktigaste innsatsfaktorene for å betre læringsutbyttet i skolen. Regjeringa meiner derfor at det er nødvendig med fleire og betre lærarar i grunnopplæringa. Frå og med 2009 frigjerast om lag 400 mill. kroner som er løyvde til kompetanseutvikling ved innføring av Kunnskapsløftet. Regjeringa vil nytte midlane til å etablere eit varig system for vidareutdanning for lærarar og ei skoleleiarutdanning for alle nyttilsette rektorar og rektorar som ikkje har slik utdanning frå før.

Regjeringa vil auke rekrutteringa til læraryrket for å fange opp unge utdanningssøkjande som er motiverte for ein lærarkarriere. For å auke rekrutteringa av lærarar til vidaregåande opplæring foreslår Regjeringa å innføre ei ordning for å rekruttere yrkesaktive med relevant kompetanse og ei ordning for å rekruttere lærarar i språk og realfag. Det er foreslått å løyve om lag 50 mill. kroner til desse rekrutteringstiltaka i 2009.

Nyutdanna lærarar skal bli betre rusta til å møte faglege og pedagogiske utfordringar i skolen. Regjeringa foreslår å løyve om lag 100 mill. kroner til utvikling av lærarutdanninga. Midlane vil mellom anna bli nytta til å gjere lærarutdanninga meir forskingsbasert, betre overgangen mellom utdanning og yrke, samt gi fleire nyutdanna lærarar rettleiing i den første tida som lærar. For å møte behovet for fleire lærarar skal det etablerast om lag 180 nye studieplassar innan lærarutdanninga.

I 2009 blir det frigjort 430 mill. kroner av dei frie inntektene til kommunane som følgje av at utskiftinga av nye læremiddel tilpassa Kunnskapsløftet skal vere gjennomført. Regjeringa vil vidareføre dei frigjorte midla i kommuneramma. Midlane skal gå til å finansiere forsterka opplæring i norsk/samisk og matematikk på 1.–4. trinn frå hausten 2009, slik at kommunane kan auke talet på lærarar og anna nødvendig fagpersonell. Kommunane vil bli kompensert for heilårsverknaden i 2010. Det skal mellom anna bli innført nye prøver i lesing på første og tredje trinn i grunnskolen og i lesing og regning på første trinn i vidaregåande opplæring.

Rehabiliteringsbehovet ved skoleanlegg er framleis stort, noko som påverkar læringsutbyttet til elevane og arbeidsmiljøet til lærarane. Regjeringa foreslår derfor å innføre ei ny åtteårig rentekompensasjonsordning for skole- og symjeanlegg. Regjeringa tek sikte på at ordninga skal ha ei total ramme på 15 mrd. kroner. I 2009 blir to mrd. kroner fasa inn i statsbudsjettet for 2009 med ein budsjetteffekt på 62 mill. kroner. Midlane blir løyvde over budsjettet til Kommunal- og regionaldepartementet.

Fysisk aktivitet er viktig for å auke elevenes læringsutbytte. Regjeringa foreslår å løyve 49 mill. kroner til å leggje inn meir tid – to timar – til fysisk aktivitet på barnetrinnet. Av dette vil 47,7 mill. kroner bli lagde inn i rammetilskottet til kommunane og 0,7 mill. kroner blir løyvde til private skolar.

For å styrkje kvaliteten i grunnskoleopplæringa vil regjeringa betre det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet, medrekna tilsynet med opplæringa, og setje i verk eit program for skolebibliotek. Ordninga med gratis læremiddel vart innført for vidaregåande trinn to hausten 2007. I 2008 vart ordninga utvida til å gjelde vidaregåande trinn tre. Frå hausten 2009 skal ordninga også gjelde for vidaregåande trinn ein og regjeringa foreslår å løyve 372 mill. kroner i kompensasjon til skoleeigar. Av dette blir mellom anna 347 mill. kroner lagde inn i rammetilskottet til fylkeskommunane, og 25 mill. kroner blir løyvde til dei private skolane. I tillegg blir det gitt eit stipend til utstyr gjennom Statens lånekasse for utdanning.

Høgere utdanning og forskning

Føresetnadene for høg kvalitet i forskning og utdanning skal i 2009 bli betre ved å satse på fleire stipendiat- og postdocstillingar, betre utstyr og fleire bygg.

Tilstrekkeleg tilgang på personale med doktorgrad er ein føresetnad for å auke forskingsevna, og for å få til den nødvendige omstillinga for å utvikle meir kunnskapsbasert næringsliv og tenesteyting. Regjeringa foreslår å løyve 52,5 mill. kroner til 201 nye rekrutteringsstillingar frå hausten 2009 over Kunnskapsdepartementet sitt budsjett. I tillegg vil Nærings- og handelsdepartementet styrkje nærings-phd.-ordninga med 10 mill. kroner. Regjeringa vil opne for å øymerke midlertidige stillingar for kvinner. Stillingane blir lagde inn med ny og høgresats på kr 800 000. Det inneber ei auke på om lag 25 pst.

Regjeringa foreslår å auke kapitalen i Fondet for forskning og nyskaping med 6 mrd. kroner til 72 mrd. kroner frå 1. januar 2009. Samla vil det gi om lag 285 mill. kroner i auka avkastning frå 2010. Avkastninga av 4 mrd. kroner av desse er øymerkt forskingsinfrastruktur. For å betre utstyrsituasjonen ved universitet og høgskolar foreslår regjeringa ei eingongsinvestering på om lag 80 mill. kroner i statsbudsjettet for 2009.

Regjeringa foreslår å setje av 6 mrd. kroner i kapital til regionale forskingsfond. Dette gir ei samla årleg avkastning på om lag 285 mill. kroner frå 2010. Samla gir avsetninga til dei to fonda ei sterk fondsoppygging i 2009.

Regjeringa foreslår å løyve om lag 23 mill. kroner til universitetsmusea knytt til mellom anna sikring og bevaring av samlingane, strategisk forskningssatsing og fagleg utvikling, jf. St.meld. nr. 15 (2007–2008) *Tingenes tale*.

Formålstenlege bygg innanfor høgere utdanning og forskning er ein føresetnad for å gjennomføre utdannings- og forskingspolitikken. For å betre bygg- og utstyrssituasjonen foreslår Regjeringa mellom anna å løyve 60 mill. kroner til nybygg ved Odontologisk fakultet ved Universitetet i Bergen og 20 mill. kroner i startløyving til bygg for sjukepleiarutdanninga ved Høgskolen i Oslo. Begge prosjekta vil huse utdanning av viktige samfunnsyrke og medverkar slik til å byggje opp under behova til velferdsstaten. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til rehabilitering av sentrumsbygningane ved Universitetet i Oslo med 75 mill. kroner i 2009. Regjeringa foreslår å løyve 80 mill. kroner til utstyr ved Kunsthøgskolen i Oslo og 11,7 mill. kroner til husleige ved Samisk vitkapsbygg. Regjeringa foreslår å løyve 8 mill. kroner for å sikre framdrift i prosessen med lokalisering av Noregs veterinærhøgskole (NVH) og Veterinærinstituttet på Ås og samorganisering av NVH og Universitetet for miljø- og biovitenskap. Regjeringa foreslår vidare at nytt bygg for samlokaliseringa av Høgskolen i Bergen blir sett i gang i 2010.

Frå 2009 vil det bli innført eit nytt system for den statlege basisfinansieringa av forskingsinstitutta. Det nye finansieringssystemet vil fordele delar av grunnløyvingane etter kor gode resultat det enkelte instituttet oppnår, på ein slik måte at institutta blir premierte for både kvalitet og relevans i forskinga. I samband med innføring av det nye systemet, foreslår regjeringa å løyve 67 mill. kroner til auka basisløyvingar. For nærmare omtale av det nye finansieringssystemet, sjå del III kap. 5.

For at universitet og høgskolar skal kunne drive langsiktig kunnskapsutvikling og kunnskapsforvaltning av høg kvalitet innanfor eit breitt spekter av fagtilbod, foreslår Regjeringa å auke basisløyvinga til universiteta og høgskolane med 298,4 mill. kroner i 2009. Dette tilsvarar reduksjonen i løyvinga i 2007, justert for lønns- og prisauken i perioden.

Regjeringa følgjer opp Klimaforliket med 300 mill. kroner til forskning og utvikling innanfor fornybare energikjelder og karbonfangst og -lagring i budsjettet for 2009. Satsinga vil gå til etablering av forskingssenter for miljøvennleg energi innanfor prioriterte område og til ei breiddesatsing med styrking av relevante forskingsprogram. Målet er å møte forskingsutfordringar og utnytte potensialet for verdiskaping knytt til fornybar energi og

karbonfangst og -lagring. Av desse midlane vil 24 mill. kroner gå til rekruttering, grunnforskning og infrastruktur over Kunnskapsdepartementets budsjett.

Regjeringa vil leggje til rette for at infrastrukturen blir utnytta best mogleg både av norske og internasjonale aktørar, og for auka samarbeid og betre koordinering mellom dei ulike forskingsmiljøa på Svalbard. Regjeringa foreslår derfor ei eitt-årig løyving på 2 mill. kroner til koordinering av forskingsaktivitetar på Svalbard.

Studentvelferd

Regjeringa meiner at alle skal ha lik rett til utdanning uavhengig av økonomisk og sosial situasjon, og at alle på sikt skal få moglegheit til å studere på heiltid. For å bidra til dette vil Regjeringa gi tilsegn

til 1 000 nye studenthyblar, avhengig av kvar i landet dei blir bygd. Regjeringa foreslår å løyve 220,8 mill. kroner til dette formålet i 2009.

I tillegg syter Regjeringa for å oppretthalde kjøpekrafta til studentane ved å prisjustere studiestøtta frå Statens lånekasse med tre pst. tilsvarende forventede auke i konsumprisindeksen. Dette inneber at studiestøtta til studentane stig frå kr 85 000 til kr 87 600 for studieåret 2009–10.

Regjeringa foreslår å utvide perioden det blir gitt fødselsstipend frå 42 til 44 veker og foreslår å bevilge 5,5 mill. kroner til dette tiltaket.

Regjeringa foreslår vidare tilpassingar i regelverket, slik at funksjonshemma studentar vil få utvida høve til å få støtte ved forseinking i studia. Regjeringa foreslår å løyve 2,4 mill. kroner til dette formålet i 2009.

2 Oversikt over forslaget til budsjett for Kunnskapsdepartementet

Utgifter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
	Administrasjon				
200	Kunnskapsdepartementet	215 015	210 633	224 388	6,5
204	Foreldreutvalet for grunnskolen	7 235			
206	Samisk utdanningsadministrasjon	30 572			
	<i>Sum kategori 07.10</i>	<i>252 822</i>	<i>210 633</i>	<i>224 388</i>	<i>6,5</i>
	Grunnopplæringa				
220	Utdanningsdirektoratet	204 842	191 541	247 801	29,4
221	Foreldreutvalet for grunnopplæringa		8 371	8 777	4,9
222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	119 008	118 544	124 572	5,1
223	Samisk utdanningsadministrasjon		31 887	33 290	4,4
225	Tiltak i grunnopplæringa	1 000 362	1 011 918	1 127 494	11,4
226	Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	1 024 388	1 016 133	1 007 539	-0,8
227	Tilskott til særskilde skolar	61 207	64 150	62 345	-2,8
228	Tilskott til private skolar o.a.	2 268 851	2 530 465	2 581 197	2,0
229	Andre tiltak	11 418	11 909	12 433	4,4
230	Kompetansesenter for spesialundervisning	661 590	640 013	675 816	5,6
	<i>Sum kategori 07.20</i>	<i>5 351 666</i>	<i>5 624 931</i>	<i>5 881 264</i>	<i>4,6</i>
	Barnehagar				
231	Barnehagar	18 112 358	21 584 258	24 314 940	12,7
	<i>Sum kategori 07.30</i>	<i>18 112 358</i>	<i>21 584 258</i>	<i>24 314 940</i>	<i>12,7</i>
	Tiltak for å fremme kompetanseutvikling				
252	EUs program for livslang læring	143 222	186 646	187 697	0,6
253	Folkehøgskolar	568 374	592 986	619 078	4,4
254	Tilskott til vaksenopplæring	189 691	192 722	198 969	3,2
255	Tilskott til freds- og menneskeretts-sentra o.a.	39 021	42 600	50 974	19,7
256	Vox - Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet	50 370	53 734	54 041	0,6

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
257	Program for basiskompetanse i arbeidslivet	39 585	36 944	38 570	4,4
258	Analyse og utviklingsarbeid	36 927	37 160	38 066	2,4
	<i>Sum kategori 07.50</i>	<i>1 067 190</i>	<i>1 142 792</i>	<i>1 187 395</i>	<i>3,9</i>
	Høgre utdanning og fagskole- utdanning				
270	Studium i utlandet og sosiale formål for studenter	152 534	223 714	299 758	34,0
271	Universitet	10 555 871	12 008 331	13 151 993	9,5
272	Vitskaplege høgskolar	909 684	967 946	1 220 669	26,1
275	Høgskolar	8 244 376	7 948 131	7 912 780	-0,4
276	Fagskoleutdanning	285 144	304 083	343 277	12,9
281	Fellesutgifter for universitet og høgskolar	770 019	830 025	969 083	16,8
	<i>Sum kategori 07.60</i>	<i>20 917 628</i>	<i>22 282 230</i>	<i>23 897 560</i>	<i>7,2</i>
	Forsking				
283	Meteorologiformål	254 753	262 832	282 646	7,5
285	Noregs forskingsråd	1 310 534	1 315 338	1 427 291	8,5
286	Forskingsfond	10 940 226	6 939 560	12 929 517	86,3
287	Forskingsinstitutt og andre tiltak	140 917	153 673	211 195	37,4
288	Internasjonale samarbeidstiltak	829 414	1 165 103	1 317 065	13,0
	<i>Sum kategori 07.70</i>	<i>13 475 844</i>	<i>9 836 506</i>	<i>16 167 714</i>	<i>64,4</i>
	Utdanningsfinansiering				
2410	Statens lånekasse for utdanning	26 987 921	29 754 909	30 176 394	1,4
	<i>Sum kategori 07.80</i>	<i>26 987 921</i>	<i>29 754 909</i>	<i>30 176 394</i>	<i>1,4</i>
	<i>Sum utgifter</i>	<i>86 165 429</i>	<i>90 436 259</i>	<i>101 849 655</i>	<i>12,6</i>

Utgifter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
01-29	Driftsutgifter	3 114 015	3 099 533	3 298 087	6,4
30-49	Nybygg, anlegg o.a.	47 766	130 024	179 286	37,9
50-59	Overføringer til andre statsrekneskapar	25 774 060	27 160 229	28 637 999	5,4
60-69	Overføring til kommunesektoren	18 865 672	22 343 311	25 162 100	12,6
70-89	Overføring til private	10 652 402	12 271 462	12 721 104	3,7
90-99	Utlån, avdrag o.a.	27 711 514	25 431 700	31 851 084	25,2
	Sum under departementet	86 165 429	90 436 259	101 849 655	12,6

Inntekter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
	Administrasjon				
3200	Kunnskapsdepartementet	11 394	3 110	3 247	4,4
3204	Foreldreutvalet for grunnskolen	262			
	<i>Sum kategori 07.10</i>	<i>11 656</i>	<i>3 110</i>	<i>3 247</i>	<i>4,4</i>
	Grunnoppplæringa				
3220	Utdanningsdirektoratet	27 965	17 814	11 916	-33,1
3221	Foreldreutvalet for grunnoppplæringa		264	276	4,5
3222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	11 583	6 771	7 069	4,4
3225	Tiltak i grunnoppplæringa	21 600	20 690	109 139	427,5
3230	Kompetansesenter for spesialundervisning	87 126	53 522	62 559	16,9
	<i>Sum kategori 07.20</i>	<i>148 274</i>	<i>99 061</i>	<i>190 959</i>	<i>92,8</i>
	Tiltak for å fremme kompetanse-utvikling				
3256	Vox - Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet	7 012	9 852	10 285	4,4
	<i>Sum kategori 07.50</i>	<i>7 012</i>	<i>9 852</i>	<i>10 285</i>	<i>4,4</i>
	Høgre utdanning og fagskole-utdanning				
3281	Fellesutgifter for universitet og høgskolar	3 509	10	10	0,0
	<i>Sum kategori 07.60</i>	<i>3 509</i>	<i>10</i>	<i>10</i>	<i>0,0</i>
	Forsking				
3286	Forskingsfond	2 654 126	3 084 460	3 368 260	9,2
3287	Forskingsinstitutt og andre tiltak	21 506	21 500	21 500	0,0
3288	Internasjonale samarbeidstiltak	3 928	4 043	3 843	-4,9
	<i>Sum kategori 07.70</i>	<i>2 679 560</i>	<i>3 110 003</i>	<i>3 393 603</i>	<i>9,1</i>
	Utdanningsfinansiering				
5310	Statens lånekasse for utdanning	13 306 663	15 449 200	15 710 400	1,7
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning	4 434 759	6 113 000	6 763 305	10,6
	<i>Sum kategori 07.80</i>	<i>17 741 422</i>	<i>21 562 200</i>	<i>22 473 705</i>	<i>4,2</i>
	<i>Sum inntekter</i>	<i>20 591 433</i>	<i>24 784 236</i>	<i>26 071 809</i>	<i>5,2</i>

Inntekter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)					
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert bud- sjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
01-29	Sal av varer og tenester o.a.	204 778	132 641	259 746	95,8
50-89	Skatter, avgifter og andre overføringer	7 242 088	9 343 395	10 250 763	9,7
90-99	Utlån, avdrag o. a.	13 144 567	15 308 200	15 561 300	1,7
	Sum under departementet	20 591 433	24 784 236	26 071 809	5,2

3 Oppfølging av oppmodingsvedtak

I denne proposisjonen omtaler Kunnskapsdepartementet følgende oppmodingsvedtak:

Vedtak nr. 31, 22. november 2007. Vedtaket blir omtalt under innleiinga til programkategori 07.20 og kap. 226 post 21.

«Stortinget ber Regjeringen foreta en bred gjennomgang av status på området og vurdering av behovet for nye tiltak og strategier for en bedre skoleledelse, som en del av stortingsmeldingen om kvalitet i opplæringen. Stortinget ber om at de konkrete forslag som ligger i representantforslaget Dokument nr. 8:100 (2006-2007), blir nærmere drøftet og vurdert i denne sammenheng.»

Vedtak nr. 369, 14. februar 2008. Vedtaket blir omtalt under kap. 270 post 74 og innleiinga til programkategori 07.80.

«Stortinget ber Regjeringen foreta en helhetlig gjennomgang av de ulike regelverkene

for studenter som får barn i studietiden, slik som trygdelovgivning, studiestøtteordninger, samskipnadens regelverk, Statens lånekasse for utdanning mv. og se på hvordan disse kan fungere optimalt og i samsvar med hverandre.»

Vedtak nr. 391, 7. mars 2008. Vedtaket blir omtalt under innleiinga til programkategori 07.60.

«Stortinget ber Regjeringen vurdere å innføre krav om ekstern sensor for all høyere utdanning.»

Vedtak nr. 545, 14. juni 2007. Vedtaket blir omtalt under kap. 228 post 70.

«Stortinget ber Regjeringen komme tilbake til Stortinget med en egen sak om tilskuddsordningene når gjennomgangen av utregningsmodellen for skolen er gjennomført (Innst. O. nr. 88).»

Del II
Nærmare om budsjettforslaget

Programkategori 07.10 Administrasjon

Utgifter under programkategori 07.10 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
200	Kunnskapsdepartementet	215 015	210 633	224 388	6,5
204	Foreldreutvalet for grunnskolen	7 235			
206	Samisk utdanningsadministrasjon	30 572			
	Sum kategori 07.10	252 822	210 633	224 388	6,5

For å samle alle tiltak som gjeld grunnopplæringa under same kategori, vart løyvingane på

utgiftskapitla 204 og 206 samt inntektskapittel 3204 flytta til kategori 07.20 frå 2008.

Inntekter under programkategori 07.10 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
3200	Kunnskapsdepartementet	11 394	3 110	3 247	4,4
3204	Foreldreutvalet for grunnskolen	262			
	Sum kategori 07.10	11 656	3 110	3 247	4,4

Kap. 200 Kunnskapsdepartementet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Driftsutgifter	207 451	203 300	215 240
21	Særskilde driftsutgifter	4 845	4 792	6 503
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	2 719	2 541	2 645
	Sum kap. 200	215 015	210 633	224 388

Løyvinga på post 01 skal dekkje lønn og driftsutgifter i departementet. Løyvinga på post 21 dekkjer mellom anna utgifter knytte til arbeidet i regjeringa med forskingspolitikken og utgifter knytte til drift av den norske UNESCO-kommisjonen. Løyvinga på post 45 gjeld kjøp av datautstyr, programvare og tenester som blir nytta i utviklinga av IKT-systemet i departementet.

Rapport for 2007–08

Kunnskapsdepartementet har ansvar for å utvikle den overordna politikken for barnehage, utdanning, livslang læring og forskning. I perioden 2007–08 har departementet i tillegg til dei faste budsjettproposisjonane utarbeidd følgjande proposisjonar og meldingar til Stortinget:

- Ot.prp. nr. 2 (2007–2008) Om lov om endringer i opplæringslova
- Ot.prp. nr. 40 (2007–2008) Om lov om endringer i opplæringslova og privatskulelova
- Ot.prp. nr. 46 (2007–2008) Om lov om endringer i opplæringslova
- Ot.prp. nr. 47 (2007–2008) Om lov om endringer i barnehageloven (om formålet med barnehagen)
- Ot.prp. nr. 52 (2007–2008) Om lov om endringer i barnehageloven (rett til plass i barnehage)
- Ot.prp. nr. 54 (2007–2008) Om lov om endringer i opplæringslova
- Ot.prp. nr. 57 (2007–2008) Om lov om endringer i barnehageloven (finansiering av ikke-kommunale barnehager)
- St.meld. nr. 7 (2007–2008) Statusrapport for Kvalitetsreformen i høgre utdanning
- St.meld. nr. 15 (2007–2008) Tingenes tale. Universitetsmuseene
- St.meld. nr. 23 (2007–2008) Språk bygger broer
- St.meld. nr. 31 (2007–2008) Kvalitet i skolen
- St.prp. nr. 30 (2007–2008) Framtidig lokalisering og organisering av Noregs veterinærhøgskole

Departementet har styrkt kunnskapsgrunnlaget både gjennom eige analysearbeid og ved å fremme analyse og forskning relevant for politiske initiativ.

For å følge med på barnehageutbygginga i kommunane har departementet etablert eit elektronisk barnehagekart. Departementet er i ferd med å etablere eit system for elektronisk innrapportering av data, som skal effektivisere datainnsamlinga frå barnehagane. Vidare har departementet fått gjennomført kartleggings- og forskingsopdrag retta mot kvaliteten på barnehage tilbudet. Mellom anna er kompetansen til tilsette i barnehagane kartlagd. I tillegg har departementet kartlagt kva slag språkstimuleringsstilbod barnehagane gir, og kva slag tilbod barnehagane gir til barn med nedsett funksjonsevne. Våren 2008 sette departementet i gang ei evaluering av implementering og bruk av rammeplanen, og ei kartlegging av status for områda i kompetansestrategien *Kompetanse i barnehagen. Strategi for kompetanseutvikling i barnehagesektoren 2007–2010*.

Det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet i grunnopplæringa er samansett av eit samanhengande prøve- og vurderingssystem, blant anna nasjonale prøver og ulike brukarundersøkingar. Det skal hjelpe til i kvalitetsutviklinga ved å skaffe fram kunnskap om utdanningssektoren. I 2007 er det gjennomført nasjonale prøver i lesing på norsk, i rekning og i lesing på engelsk for alle elevar på femte og åttande trinn. På etter- og vidareutdan-

ningsområdet har departementet lagt til rette for ein OECD-gjennomgang av realkompetansevurderinga i Noreg. Departementet har elles styrkt kunnskapsgrunnlaget gjennom å finansiere forskning om problemstillingar som vedkjem etter- og vidareutdanningspolitikken.

Departementet har vurdert dei strategiske utfordringane i samarbeidet med EU om forskning og utvikling. Arbeidet har munna ut i ein strategi frå Kunnskapsdepartementet for samarbeidet mellom Noreg og EU.

I samband med dei årlege etatsstyringsmøta med universitets- og høgskolesektoren har departementet utarbeidd ein overordna tilstandsrapport for universitets- og høgskolesektoren. Analysen gir oversikt over og vurderer tilstanden i sektoren på hovudområda utdanning, forskning, høgre utdanning og omverda, økonomi og personalforvaltning, både på sektornivå og institusjonsnivå.

Til hjelp for å setje i verk den nasjonale kunnskapspolitikken har departementet utvikla styrings- og rapporteringsstrukturane mot ein tydelegare mål- og resultatstyringsmodell. Både departementet og underliggjande verksemdar er i gang med å etablere system for risikovurdering og risikostyring. På bakgrunn av rapporteringa og etatsstyringsmøta i 2007 har departementet følgd opp risikostyring som eitt av fleire prioriterte tema i dialogen med verksemdene. Samla sett viser verksemdene ei positiv utvikling i arbeidet med å implementere system for risikostyring. Departementet er merksam på at implementeringa ikkje er fullt ut gjennomført, men meiner at omsynet til at verksemdene er ulike med tanke på eigenart og storleik, gjer at risikostyringa må tilpassast og utviklast over tid.

Departementet har sett i gang ei evaluering av finansieringssystemet for universitet og høgskolar. Evalueringa skal gi grunnlag for å sjå finansieringssystemet i samanheng med måla for sektoren. Det er sett ned ei referansegruppe med medlemmer frå sektoren for å følge opp evalueringsarbeidet.

I januar 2008 vart to evalueringsrapportar om Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) overleverte til departementet. For å følge opp evalueringa har departementet mellom anna sett ned ei ressursgruppe for arbeid med kvalitet i høgre utdanning.

Departementet har arbeidd systematisk med samfunnstryggleik og beredskap i sektoren, og har utarbeidd ny beredskapsplan i 2008. Beredskapstilsyn med underliggjande verksemdar er eit viktig verkemiddel. Departementet har i 2007 gjennomført tilsyn ved fleire av verksemdene. Departementet vil arbeide for at skolar og barnehagar blir

godt tekne hand om i beredskapsplanane til kommunane. Det er gjennomført ei kriseøving i 2008, og det er planlagt å gjennomføre ei til før året er omme.

I 2007–08 har Riksrevisjonen levert to forvaltningsrevisjonsundersøkingar som tek føre seg forvaltningsområdet til Kunnskapsdepartementet. Sjå Dokument nr. 3: 10 (2007–2008) *Riksrevisjonens undersøkelse av bevaringen og sikringen av samlingene ved statlige museer* og Dokument 3:14 (2007–2008) *Riksrevisjonens undersøkelse av tilbudet til voksne om grunnskoleopplæring og opplæring på videregående skolenivå*. Riksrevisjonen har vidare sett i gang eit nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt som gjeld barnehageområdet. Riksrevisjonen har i tillegg hatt i arbeid tre oppfølgingar av tidlegare forvaltningsrevisjonar, i samsvar med praksisen om at saker som er rapporterte i Dokument nr. 3, skal følgjast opp etter tre år. Dette gjeld Noregs forskingsråds drift av handlingsretta program; verksemdsstyring ved universiteta og kommunane ansvar for skolebygningar. Departementet har levert 30 meldingar for 2007 til Riksrevisjonen om forvaltninga av statens eigarinteresser i selskap der staten er dominerande eigar. Saman med dei undersøkingane som Riksrevisjonen gjer av forvaltninga og gjennomføringa av budsjettet (kfr. årleg Dokument nr. 1), inneber dette at departementet har ein stor saksportefølje knytt til Riksrevisjonen. Riksrevisjonens undersøkingar er viktige bidrag som departementet bruker aktivt i arbeidet med å utvikle forvaltninga. Somme av dei einskilde sakene er omtalte under programkategoriane 07.20, 07.50, 07.60 og 07.70

Open dialog og god kommunikasjon med dei ulike aktørane i barnehage-, utdannings- og forskingssektoren har vore ei prioritert oppgave for departementet. Departementet har gjennom perioden lagt stor vekt på å kommunisere nyheiter og bakgrunnsstoff om sektorane våre gjennom regjeringa.no.

I mars 2007 starta departementet eit nytt elektronisk nyheitsbrev med aktuell informasjon for heile sektoren. Dette er vidareført gjennom 2008, og nyheitsbrevet blir no sendt til om lag 10 000 net-

tadresser, medrekna både barnehagar, skolar, andre utdannings- og forskingsinstitusjonar og ein-skildpersonar. I tillegg er nettstaden www.kunnskapsloftet.no oppdatert med informasjon om utviklinga av denne omfattande skolereforma.

Mål for 2009

Måla for løyvinga over kap. 200 er knytte til drift av Kunnskapsdepartementet. Dei faglege måla for departementet er omtalte i dei aktuelle fagkapitla.

Måla for 2009:

- Departementet skal sikre eit godt grunnlag for utforming av kunnskapspolitikken.
- Departementet skal sikre at kunnskapspolitikken blir sett i verk.
- Departementet skal sikre god dialog med relevante aktørar i samfunnet.

Budsjettforslag for 2009

Arbeidsmengda i Kunnskapsdepartementet har auka merkbar i dei siste åra. Dette syner seg gjennom fleire eksterne arrangement og førespurnader og i utarbeiding av fleire dokument for Stortinget og Regjeringa. Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 200 post 01 med 3 mill. kroner for å sikre naudsynt kapasitet for sakshandsaming. Vidare foreslår departementet å overføre om lag 3,1 mill. kroner frå kap. 200 post 01 til kap. 1522 post 01 i samband med innføring av ny finansieringsmodell for Departementenes servicesenter (DSS) frå 2009.

Departementet foreslår å auke løyvinga på post 21 med 1,7 mill. kroner. Auken gjeld særleg arbeidet i regjeringa med forskingspolitikken. Posten finansierer også utgifter knytte til drift av den norske UNESCO-kommisjonen. Departementet foreslår å vidareføre løyvinga på post 45 på same nivå som i 2008.

Løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3200 post 02, jf. Forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3200 Kunnskapsdepartementet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
02	Salsinntekter o.a.	1 160		
05	Refusjon utdanningsbistand NORAD o.a.	2 908	3 110	3 247
16	Refusjon av foreldrepenge	4 043		
17	Refusjon for lærlingar	103		
18	Refusjon av sjukepenge	3 180		
	Sum kap. 3200	11 394	3 110	3 247

Kap. 204 Foreldreutvalet for grunnskolen

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Driftsutgifter	7 235		
	Sum kap. 204	7 235		

Løyvinga vart flytta til kap. 221 frå 2008, sjå omtale der.

Kap. 3204 Foreldreutvalet for grunnskolen

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
02	Salsinntekter o.a.	262		
	Sum kap. 3204	262		

Løyvinga vart flytta til kap. 3221 frå 2008, sjå omtale der.

Kap. 206 Samisk utdanningsadministrasjon

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
50	Tilskott til Sametinget	30 572		
	Sum kap. 206	30 572		

Løyvinga vart flytta til kap. 223 frå 2008, sjå omtale der.

Programkategori 07.20 Grunnopplæringa

Utgifter under programkategori 07.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
220	Utdanningsdirektoratet	204 842	191 541	247 801	29,4
221	Foreldreutvalet for grunnopplæringa		8 371	8 777	4,9
222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	119 008	118 544	124 572	5,1
223	Samisk utdanningsadministrasjon		31 887	33 290	4,4
225	Tiltak i grunnopplæringa	1 000 362	1 011 918	1 127 494	11,4
226	Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	1 024 388	1 016 133	1 007 539	-0,8
227	Tilskott til særskilde skolar	61 207	64 150	62 345	-2,8
228	Tilskott til private skolar o.a.	2 268 851	2 530 465	2 581 197	2,0
229	Andre tiltak	11 418	11 909	12 433	4,4
230	Kompetansesenter for spesialundervisning	661 590	640 013	675 816	5,6
	Sum kategori 07.20	5 351 666	5 624 931	5 881 264	4,6

Inntekter under programkategori 07.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
3220	Utdanningsdirektoratet	27 965	17 814	11 916	-33,1
3221	Foreldreutvalet for grunnopplæringa		264	276	4,5
3222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat	11 583	6 771	7 069	4,4
3225	Tiltak i grunnopplæringa	21 600	20 690	109 139	427,5
3230	Kompetansesenter for spesialundervisning	87 126	53 522	62 559	16,9
	Sum kategori 07.20	148 274	99 061	190 959	92,8

Grunnskolen blir i hovudsak finansiert gjennom dei frie inntektene til kommunane og fylkeskommunane (det vil seie rammetilskott og skatteinntekter). Rammetilskotta blir løyvde over Kommunal- og regionaldepartementets budsjettkapittel 571 og 572. Midlane løyvde over kategori 07.20 går til særskilde tiltak i grunnopplæringa, og kjem i tillegg

til overføringane gjennom inntektssystemet til kommunesektoren. Samanlikna med andre land er ressursituasjonen i grunnopplæringa i Noreg god. Ressursinnsatsen har vore høg og relativ stabil over tid. I kap. 7 i del IV i dette budsjettdokumentet blir det gitt ein nærmare omtale av ressursituasjonen.

Kap. 220, 221, 222 og 223 omhandlar tildeling til drift av Utdanningsdirektoratet, Foreldreutvalet for grunnopplæringa, Statlege grunn- og vidaregåande skolar og samisk utdanningsadministrasjon.

Kap. 225 omhandlar tilskott til særskilde enkelttiltak i grunnopplæringa som blir finansierte med øyremerkte midlar over statsbudsjettet.

Kap. 226 omhandlar finansiering av særskilde kvalitetstiltak og utviklingsprosjekt i grunnopplæringa, medrekna vidare- og etterutdanning for lærarar.

Kap. 227 finansierer særskilde enkeltskolar.

Kap. 228 finansierer privatskolar som er godkjende etter privatskolelova.

Kap. 229 omhandlar tilskott til tryggleiksopplæring for fiskarar.

Kap. 230 omhandlar tilskott til drift av kompetansesenter for spesialundervisning, Statped.

Hovudprioriteringar

I statsbudsjettet for 2009 foreslår Regjeringa å styrkje grunnopplæringa med om lag 600 mill. kroner.

Ordninga med gratis læremiddel vart innført for vidaregåande trinn to hausten 2007. I 2008 vart ordninga utvida til å gjelde vidaregåande trinn tre. Frå hausten 2009 skal ordninga også gjelde for vidaregåande trinn 1, og Regjeringa foreslår å løyve 372,6 mill. kroner i kompensasjon til skoleeigarar. Av dette blir 347,3 mill. kroner lagde inn i rammetilskottet til fylkeskommunane, og 24,9 mill. kroner blir løyvde til private skolar.

Fysisk aktivitet er viktig for å auke elevanes læringsutbytte. Regjeringa foreslår å innføre to timar fysisk aktivitet på barnetrinnet frå hausten 2009. Til dette blir det foreslått å løyve om lag 49 mill. kroner. 47,7 mill. kroner vil bli lagde inn i rammetilskottet til kommunane og 0,7 mill. kroner blir løyvde til private skolar.

Rehabiliteringsbehovet ved skoleanlegg er framleis stort, og regjeringa vil leggja til rette for at kommunane kan prioritere rehabilitering og vedlikehald av skoleanlegg. Regjeringa vil etablere ei ny åtteårig rentekompensasjonsordning. Ein tek sikte på at samla ramme for ordninga skal vere 15 mrd. kroner. I 2009 blir to mrd. kroner fasa inn i statsbudsjettet for 2009 med ein budsjetteffekt på 62 mill. kroner. Midlane blir løyvde over budsjett-ramma til Kommunal- og regionaldepartementet.

Regjeringa foreslår ei ordning for å rekruttere lærarar i språk og realfag til vidaregåande opplæring. Ordninga inneber ei avskriving av utdanningsgjeld for dei som tek ulike kombinasjonar av lærarutdanning / praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) og språk- eller realfagsutdanning på mastergrads-

/ hovudfagsnivå eller ingeniør- / sivilingeniørnivå. Departementet gir nærmare forskrifter om kven som fell inn under ordninga. Det er foreslått å løyve 20 mill. kroner over budsjettet til Statens lånekasse for utdanning til formålet.

I tillegg blir det frigjort om lag 400 mill. kroner som er løyvde til kompetanseutvikling ved innføring av Kunnskapsløftet. Departementet legg opp til at desse midlane blir nytta til etablering av eit varig system for videreutdanning for lærarar, til etterutdanning på prioriterte område og til ei ny rektorutdanning.

Ei styrking av det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet vil gi skoleeigarar og skolar eit enda betre grunnlag for kvalitetsutvikling av opplæringa. Regjeringa styrkjer det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet medrekna ei styrking av tilsynet med grunnopplæringa.

I 2009 blir det frigjort 430 mill. kroner av dei frie inntektene til kommunane som følge av at utskiftinga av nye læremiddel tilpassa Kunnskapsløftet då skal vere gjennomført. Regjeringa vil føre vidare dei frigjorte midla i kommuneramma. Midlane skal gå til å finansiere forsterka opplæring i norsk/samisk og matematikk på 1.–4. trinn frå hausten 2009, slik at kommunane kan auke talet på lærarar og anna nødvendig fagpersonell. Kommunane vil bli kompensert for heilårsverknad i 2010.

Mål: Ei grunnopplæring av høg kvalitet

I denne delen av kategoriomtalen vil departementet gjere greie for dei politiske måla for grunnopplæringa.

Målet for regjeringas politikk for grunnopplæringa er ei grunnopplæring av høg kvalitet. Denne hovudmålsetjinga følgjer av vurderingane og prioriteringane i St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen*. Målet har fire delar:

- Elevar og lærlingar skal få eit betre læringsutbytte.
- Elevar og lærlingar skal ha eit godt læringsmiljø.
- Skoleeigarar og skolar skal byggje kvalitetsutvikling i skolen på systematisk resultatoppfølging.
- Lærarar og skoleleiarar skal ha høg kompetanse.

I budsjettet for 2009 foreslår Regjeringa følgjande større tiltak for å realisere målet om ei grunnopplæring av høg kvalitet:

- forsterka opplæring i norsk og matematikk på 1.–4. trinn. Ein odelstingsproposisjon med forslag om lovendring vil bli lagt fram våren 2009

- meir tid til fysisk aktivitet på barnetrinnet som grunnlag for ein meir variert skoledag og betre læringsutbytte
- etablering av eit program for inkluderande skolemiljø
- styrking av det nasjonale kvalitetsvurderings-systemet og tilsynet med grunnopplæringa
- iverksetjing av eit program for skolebibliotek
- eit varig system for vidareutdanning for lærarar i prioriterte fag
- skoleleiarutdanning for nyttilsette rektorar og rektorar som ikkje har formell skoleleiarutdanning frå før
- etterutdanning på prioriterte område
- tiltak for lærarrekuttering

Elevar og lærlingar skal få eit betre læringsutbytte

Tilstandsvurdering

Regjeringas vurdering er at mangelfulle forkunnskapar frå grunnskolen er den viktigaste årsaka til fråfall i vidaregåande opplæring og seinare problem med vidare utdanning og tilknytning til arbeidslivet. Fråver av fagleg stimulering på rett nivå, manglande tilbakemeldingar og for låge krav og forventningar til læringsutbytte er truleg viktige årsakar til svak fagleg utvikling og fråfall i opplæringa. Dette kan ha samband med kompetansen, leiarskapet og ambisjonsnivået i skolen. Blant anna peikar forskarar på at lærarar er lite skolerte i lesestrategiar og leseforståing.

Med innføringa av Kunnskapsløftet, kompetanseutviklingsstrategien og nasjonalt kvalitetsvurderingssystem er det teke viktige grep for å styrkje elevanes utbytte av opplæringa. Arbeidet med å styrkje den faglege og pedagogiske kompetansen i skolen må halde fram. Dette er avgjerande for elevanes læringsutbytte. Alle elevar, også dei som er fagleg sterke, må møtast med krav og forventningar som motiverer dei til å utvikle seg vidare.

St.meld. nr. 23 (2007–2008) *Språk bygger broer* peikar på at høgre utdanningsinstitusjonar og næringslivet vurderer nordmenns framandspråkkompetanse som mangelfull. Departementet meiner det er urovekkjande at få elevar i vidaregåande opplæring vel å fordjupe seg i andre framandspråk enn engelsk. Kompetansen til framandspråklærarar er ein nøkkelfaktor i denne samanhengen.

Rapport for 2007–08

Internasjonale og nasjonale undersøkingar

I 2007 er det lagt fram resultat frå fleire internasjonale og nasjonale undersøkingar. Norske elevar skårar forholdsvis lågt innanfor sentrale fagom-

råde, og det har vore tilbakegang i faglege resultat over tid, jf. St.meld. nr. 31 (2007–2008).

Noreg deltok i PIRLS-undersøkinga (*Progress in International Reading Literacy Study*) i 2006. PIRLS kartlegg leseforståinga til tiåringar, og viser at norske elevar på fjerde trinn skårar lågast av OECD-landa. Dei gjennomsnittlege resultata er stabile frå 2001 til 2006, men avstanden mellom dei svakaste og sterkaste lesarane er vesentleg redusert i 2006. Noreg har færre svake lesarar, men samtidig også færre svært gode lesarar. Det må understrekast at norske elevar er blant dei yngste i undersøkinga. Det er derfor inkludert eit utval norske elevar på femte trinn. Det skjer ei markert utvikling i lesedugleiken frå fjerde til femte trinn, men svenske og danske elevar på fjerde trinn oppnår framleis betre faglege resultat enn dei norske elevane på femte trinn.

På ungdomstrinnet viser resultata frå PISA (*Programme for International Student Assessment*) 2006 ein negativ utviklingstrend i gjennomsnittlege prestasjonar i lesing, matematikk og naturfag for norske 15-åringar frå 2000 til 2006. Det har særleg vore stor tilbakegang i lesing. Norske elevar skårar under gjennomsnittet i OECD-landa og er svakast i Norden i sentrale dugleikar som lesing, rekning og naturfag. 20 pst. av elevane oppnådde berre det lågaste kompetansenivået i lesing i 2006. Det har likevel vore ei positiv utvikling i lesevanar og haldningar til lesing, spesielt blant gutar. I Noreg er avstanden mellom dei svakaste og sterkaste elevane omtrent like stor som gjennomsnittet for OECD-landa. Det er relativt små forskjellar i elevprestasjonar mellom skolar. Variasjonen ligg i stor grad mellom elevar på den einskilde skolen. Ei forklaring kan vere at kartlegging og tidleg oppfølging av elevar som skil seg ut med spesielle behov, ikkje har vore tilstrekkeleg vektlagde hittil.

Nasjonale prøver i lesing på norsk, rekning og lesing på engelsk vart gjennomførte i september 2007 for alle elevar på femte og åttande trinn. Som i dei internasjonale undersøkingane er variasjonen i prestasjonar på nasjonale prøver i stor grad å finne mellom elevar på den einskilde skolen snarare enn mellom skolar. Det er likevel klare forskjellar både mellom kommunar og skolar i resultat på dei nasjonale prøvane. Den nasjonale kartleggingsprøva i lesing for andre trinn er laga for å kunne identifisere dei svakaste lesarane. Resultata for 2007 viser ein framgang i høve til 2006. Delen elevar som skårar på eller under kritisk grense, er lågare enn tidlegare, og delen elevar som meistarar alle oppgåvene, held fram med å auke. Andre positive tendensar er at gutar les betre enn tidlegare.

Norske elevar kjem relativt godt ut når det gjeld kompetanse i engelsk og demokratisk kom-

petanse. Ein EU-studie av kompetanse i engelsk frå 2002 viser at norske tiandeklassingar skårar høgt på alle dei målte områda, samanlikna med elevar i andre europeiske land. Vi veit lite om læringsutbytte i andre språk enn engelsk i grunnopplæringa. Men etter innføringa av Kunnskapsløftet vel elevar på ungdomstrinnet andre framandspråk i større grad enn tidlegare. I vidaregåande opplæring vel under tre pst av elevane eit programfag i språk, til dømes tysk, spansk eller fransk.

Forskning har vist at det er ein sterk samanheng mellom familiebakgrunn og læringsutbytte. Familiebakgrunn forklarar likevel mindre av forskjellane i læringsutbytte i Noreg enn i mange andre OECD-land. Det heng saman med at det generelt er mindre sosiale forskjellar i den norske befolkninga enn i mange andre land.

Vidare er det klare kjønnsforskjellar i læringsutbytte mellom norske elevar. Samanlikna med andre land er det relativt store kjønnsforskjellar i lesing i Noreg. I matematikk og realfag er derimot kjønnsforskjellane små samanlikna med andre land. Forskning tyder på at det ikkje er skolen i seg sjølv som skaper kjønnsforskjellar i skoleprestasjonar. Men skolen medverkar til å reproducere kjønnsforskjellar som allereie eksisterer i klasserommet. Gjennom kvalitativt gode verkemiddel kan skolen medverke til å redusere kjønnsforskjellar i skoleprestasjonar. Sosial bakgrunn forklarar meir av variasjonen i resultat enn kjønn.

I vidaregåande opplæring er det store og stabile kjønnsforskjellar når det gjeld val av utdanningsprogram. Jenter dominerer design/handverk og helse- og sosialfag, medan gutar vel bygg- og anleggsteknikk, elektrofag og teknikk og industriell produksjon.

Språklege minoritetar

Forskjellar i læringsutbytte mellom minoritets- og majoritetsspråklege elevar blir reduserte når ein tek omsyn til at minoritetsspråklege elevar gjennomsnittleg har lågare utdanna foreldre enn majoritetslevane. Det inneber at forskjellane i læringsutbytte i stor grad reflekterer effekten av sosial bakgrunn. Dersom ein samanliknar elevgrupper med like karakterar frå grunnskolen og like høgt utdanna foreldre, har dei minoritetsspråklege elevane noko høgare tendens til å fullføre vidaregåande opplæring enn majoritetsspråklege elevar.

For at minoritetsspråklege elevar skal få betre dugleik i norsk og auka læringsutbytte, vart det hausten 2007 teke i bruk ein ny nivåbasert læreplan i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar og ein ny læreplan i morsmål. Sidan læreplan-

ane er nivåbaserte kan dei nyttast uavhengig av årstrinn. Når elevane har nådd tilstrekkeleg dugleik i norsk, skal dei gå over til ordinær læreplan i norsk. Dei nye læreplanane blir følgjevaluerte. I evalueringa vil situasjonen til elevar som kjem til Noreg seint i skoleløpet, få særskild merksemd. Ei undersøking viser at desse elevane får svært ulike opplæringstilbod avhengig av kvar dei bur. Regjeringa vil sett ned eit utval for likeverdig opplæring for minoritetsspråklege i barnehage, grunnskole, vidaregåande opplæring og høgere utdanning. Utvalet skal gi ei utgreiing om opplæringstilboda for minoritetsspråklege barn, unge og vaksne i utdanningssystemet, medrekna barnehagane, og vurdere om noverande ansvarsforhold og verkemiddel sikrar inkluderande og likeverdige opplærings- og utdanningstilbod.

Det er innleidd eit samarbeid med Sverige om ein nettbasert ressurs om morsmålsopplæring for minoritetsspråklege elevar.

Frå skoleåret 2008–09 har elevar i vidaregåande opplæring med anna morsmål enn norsk og samisk fått rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa. Dei har om nødvendig også rett til morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring.

Utviklingsprosjekt ved skolar med meir enn 25 pst. minoritetsspråklege elevar er førte vidare. *Språkløftet*, som følgjer opp barn som peikar seg ut etter språkkartlegging på helsestasjon, er òg ført vidare.

Noreg samarbeidar òg internasjonalt om spørsmål knytte til opplæringa for språklege minoritetar. Noreg deltek i OECD-studien *Thematic review on Migrant Education*. Studien omhandlar utdanning og mangfold, med vekt på utdanning for migranter. Ein avsluttande rapport frå studien vil bli lagt fram i 2009.

Grunnoplæring for vaksne

Det er kommunane og fylkeskommunane som har plikt til å oppfylle vaksnes rett til høvesvis grunnskole- og vidaregåande opplæring. Dette vil seie at kommunar og fylkeskommunar er forplikta til å gi eit tilbod om opplæring, i samsvar med lova, til vaksne som ønskjer å nytte sin lovfesta rett.

Departementet viser til merknaden frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen i Budsjett-innst. S. nr. 12 (2007–2008) der komiteen gjentek ein merknad frå Innst. S. nr. 90 (2005–2006) der det står at

«Komiteen ber departementet komme tilbake til Stortinget med en egen sak med forslag

til tiltak om hvordan man kan sikre voksnes rett til grunnskoleopplæring».

Departementet viser òg til fleirtalsmerknaden (frå Ap, FrP, Sv, KrF og Sp), der det mellom anna står at

«Flertallet viser til at departementet vil vurdere praktiseringen av lovverket, begrepsbruk, informasjonsarbeidet og eventuelle tiltak i løpet av 2008. Flertallet ber Regjeringen komme tilbake til Stortinget med saken på egnat måte.»

Kunnskapsdepartementet konstaterer at tiltaka i oppfølginga av Kompetansereforma ikkje i så stor grad som forventa har ført til auka deltaking i formell grunnopplæring for vaksne. Hausten 2007 og våren 2008 gjorde Riksrevisjonen ei undersøking av tilbodet om grunnskoleopplæring og opplæring på vidaregåande skoles nivå for vaksne, jf. Riksrevisjonens Dokument nr. 3:14 (2007–2008). I rapporten peikar Riksrevisjonen mellom anna på at deltakinga i grunnopplæring blant vaksne er relativt låg. Det blir òg peika på at vaksne ikkje er godt nok kjende med rettane sine.

Blant dei vaksne som oppfyller kriteria for å ha rett til grunnopplæring vil det berre vere ein del som sjølv synest at dei manglar eller har behov for grunnskole eller vidaregåande opplæring. Blant desse vil det igjen berre vere ein del som er tilstrekkeleg motiverte til at dei faktisk nyttar retten til opplæring. Kunnskapsdepartementet meiner at vaksnes deltaking i opplæring utanfor opplæring i arbeidslivet i stor grad er påverka av situasjonen på arbeidsmarknaden og finansieringa av livsopphald, men at informasjon òg kan påverke etterspurnaden. Departementet meiner at målsetjinga for informasjonsarbeid må vere at dei som treng informasjon skal få det når dei har behov for det, og at informasjonen blir retta inn mot målgruppa.

For å nå ut til vaksne i arbeidslivet som har behov for opplæring i grunnleggjande dugleikar, etablerte departementet *Program for basiskompetanse i arbeidslivet* (BKA) i 2006. BKA-ordninga er nærmare omtalt under kap. 257. Same år tok departementet initiativ til ein samarbeidsavtale mellom Arbeids- og inkluderingsdepartementet og KS for å sikre samarbeid mellom dei lokale NAV-kontora og kommunesektoren om opplæring som tiltak for arbeidssøkarar. Begge desse tiltaka er målretta mot grupper av vaksne som treng grunnleggjande opplæring og som ikkje blir fanga godt nok opp av kommunanes tiltak.

Frå og med hausten 2008 er retten til vidaregåande opplæring for vaksne utvida. Den utvida retten inneber at alle som ikkje har gjort bruk av

retten til vidaregåande opplæring som ungdom, får rett til vidaregåande opplæring som vaksne frå og med det året dei fyller 25 år. Tidlegare var det berre vaksne fødte før 1978 som hadde slik rett.

Tron-utvalet (NOU 2007: 11 *Studieforbund – læring for livet*) foreslo mellom anna å samle ansvaret for all grunnopplæring etter opplæringslova for vaksne hos fylkeskommunen. Departementet vil vurdere dette forslaget nærmare.

Departementet har i 2002, 2005, 2006 og 2007 sett i verk tiltak for å nå betre ut til vaksne med svake grunnleggjande dugleikar. I St.meld. nr. 16 (2006–2007) ... og ingen sto igjen. Tidlig innsats for livslang læring orienterte departementet Stortinget om situasjonen og varsla nye tiltak. Samstundes fekk Vox (Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet) i oppdrag å styrkje arbeidet retta mot motivering av vaksne med svake grunnleggjande dugleikar, og å utvikle nye metodar for informasjon som kan nå målgruppa betre. Dette arbeidet er i gang.

Det følgjer av forskrifta til opplæringslova at læreplanen for Kunnskapsløftet, så langt det passar, skal brukast i grunnskoleopplæringa for vaksne, men opplæringa skal tilpassast vaksne. For mange vaksne vil tilrettelegginga og kvaliteten på tilboda vere avgjerande for om dei kan eller ønskjer å delta i opplæring. På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet har derfor Vox, i samarbeid med Utdanningsdirektoratet, utvikla eit rammeverk som kan vere eit verktøy i opplæring i grunnleggjande dugleikar for vaksne. Dette rammeverket består av kompetansemål og rettleiingar for blant anna grunnleggjande lese- og skrive-dugleik og reknedugleik. Kompetansemåla tek utgangspunkt i kompetansemåla i læreplanane for Kunnskapsløftet, men er tilpassa livs- og arbeidssituasjonen til vaksne. Rammeverket kan brukast både i grunnskoleopplæring etter opplæringslova og i BKA-opplæringa.

Kunnskapsdepartementet meiner òg at det er behov for å styrkje statistikkgrunnlaget for å kartlegge og overvake aktivitetar som gjeld opplæring for vaksne. Utdanningsdirektoratet samarbeider med Statistisk sentralbyrå (SSB) og Vox for å forbedre statistikkgrunnlaget for vaksne i grunnopplæringa. Dette arbeidet vil bli ført vidare i 2009.

Kunnskapsdepartementet meiner det er behov for ei presisering av ansvar og arbeidsdeling mellom Utdanningsdirektoratet og Vox når det gjeld grunnopplæring for vaksne etter opplæringslova slik det vart varsla i St.prp. nr. 59 (2007–2008) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2008*. Departementet foreslår nå ei slik presisering og overføring av ressursar frå Vox til Utdanningsdirektoratet frå og med 2009. Sjå

nærmere omtale av dette under kap. 220 og kap. 256.

Etter Kunnskapsdepartementets syn går det klart fram av opplæringslova at vaksne har rett til grunnskoleopplæring som er tilpassa behova deira, og at ansvaret for å gi eit slik tilbod ligg hos kommunane. Likevel har det i nokre tilfelle vore uklart om regelverket er tilstrekkeleg forstått – til dømes når det gjeld moglegheitene for tilpassing innanfor ramma av læreplanane. Ei tydelegare oppgåve- og ansvarsdeling mellom direktoratet og Vox vil blant anna kunne medverke til at grunnopplæringa for vaksne får ei tydelegare prioritering, særleg når det gjeld arbeid med å få fram kunnskap om korleis regelverket fungerer i praksis, og når det gjeld arbeidet med forvaltninga av regelverket, informasjonsarbeid o.a. Endringa vil kunne medverke til at grunnopplæring for vaksne blir tydelegare forankra i dialogen med sektoren, og at informasjon ut til sektoren blir tydelegare og meir konsistent. Fylkesmennenes ansvar for rettleiing og tolking av regelverket vil bli presisert. Ei tydelegare oppgåve- og ansvarsdeling vil òg kunne medverke til betre samordna dokumentasjon og analyse av vaksnes læring. Det er òg eit mål at det skal bli enklare å sjå strategiar og utviklingstiltak som skal fremme kvalitet i grunnopplæringa i samanheng.

Elevvurdering

Elevvurdering vart løfta fram som eit nasjonalt prioritert område i arbeidet med kompetanseutvikling i 2007. Prosjektet *Betre vurderingspraksis*, som vart sett i gang hausten 2007, er eitt av fleire tiltak for ei meir fagleg relevant og rettferdig vurdering av elevanes arbeid. 78 lærestader er med i ei utprøving av kjenneteikn på måloppnåing i utvalde fag. Følgjeforskinga viser så langt at lærarar er svært motiverte for kompetanseutvikling på dette området. Prosjektet skal gå fram til 1. august 2009 og skal danne grunnlag for departementets vidare arbeid med å forbetre regelverket for vurdering.

Forsøk med utvida skoledag

Sluttrapporten frå SINTEF Teknologi og samfunn frå *Forsøk med utvida skoledag* i elleve kommunar og 34 skolar på 1.–4. trinn viser at elevane har god nytte av utvida skoledag, spesielt elevar med svak oppfølging frå føresette. Det blir òg peika på at utprøvinga har gitt skolane betre høve til å samarbeide med skolefritidsordninga (SFO). Lærarane har i større grad fått konsentrere seg om undervisninga, medan SFO-tilsette i hovudsak er brukte i

arbeidet med måltid og fysisk aktivitet, og nokre stader også i leksehjelpordninga.

Gjennomføring i vidaregåande opplæring

Det er dokumentert at mangelfulle forkunnskapar frå grunnskolen har stor innverknad på gjennomføring av vidaregåande opplæring. Men generelt manglar det systematisk kunnskap om utviklinga av dugleikane til elevane i vidaregåande opplæring. Graden av gjennomføring er likevel indirekte ein indikasjon på læringsutbyttet i vidaregåande opplæring. Om lag 70 pst. av elevane som starta vidaregåande opplæring hausten 2001, oppnådde studie- eller yrkeskompetanse i løpet av fem år etter at dei starta på grunnkurs for første gong. Sidan 1994 har delen elevar og lærlingar som gjennomfører opplæringa, variert mellom 68 og 72 pst.

Det er større grad av gjennomføring på studieforebuande utdanningsprogram enn på yrkesfaglege utdanningsprogram. Samtidig er delen lærlingar som består fag- og sveineprøva, svært høg i dei fleste fag. Det store problemet er med andre ord alle elevane og lærlingane i fag- og yrkesopplæringa som fell frå i løpet av opplæringa.

Talet på lærlingar har auka sidan 2003. Per 1. oktober 2007 var det totalt 37 199 lærlingar. Dette er ti pst. meir enn året før. Samstundes var det registrert nesten 900 lære kandidatlar.

I 2008 vart tiltaket *Partnerskap for karriererettleiing* vidareført, og utvida til alle fylkeskommunane. Det er òg sett i gang eit arbeid med å utvikle rettleiande kriterium for rådgivars kompetanse knytt til sosialpedagogisk rådgiving og yrkes- og utdanningsrådgiving. Kunnskapsdepartementet har i eit rundskriv informert om at dei økonomiske rammene til fylkeskommunane frå og med 2008 er styrkte med til saman 27,5 mill. kroner for å førebyggje omval og fråfall ved at fylkeskommunane medverkar til å auke kvaliteten på rådgiving til elevar på ungdomstrinnet.

Av dei om lag hundre skoleutviklingsprosjekta i *Kunnskapsløftet – fra ord til handling*, har femten prosjekt auka gjennomføring i vidaregåande opplæring som mål. Innfallsvinklane er overgang ungdomstrinn–vidaregåande opplæring, yrkes- og utdanningsrettleiing, samarbeid skole–verksemd og tilpassa opplæring. Førebels kan ikkje prosjekta vise til endra resultat på elevnivå, men det er utarbeidd undervegsrapportar, rettleiingar og modelar. Det vil komme nye rapportar i 2009 og 2010.

Som ei oppfølging av St.meld nr. 16 (2006–2007) blir det prøvd ut ei ordning med praksisbrev. Utprøvinga starta opp i tre fag i Oslo, Rogaland og Vestfold hausten 2007 og blir utvida til fleire fag og fylke hausten 2008. Dette er ei tilrette-

legging av vidaregåande opplæring som eit praksisbasert toårig løp som etter fullført opplæring skal gi ei sluttvurdering i form av såkalla praksisbrev. Ordninga skal vere ei vidareutvikling av lærerekandidatordninga. Praksisbrevordninga skal gi elevane moglegheit til å oppnå ein formell kompetanse på lågare nivå enn fullt fagbrev som samstundes er ein kompetanse arbeidslivet har behov for. Kompetansemåla skal hentast frå dei ordinære læreplanane, slik at praksisbrevet òg kan utvidast til fagbrev.

Samarbeidet med skoleeigarane om å redusere fråfall i vidaregåande opplæring er vidareført. Effektiviseringsnettverka for vidaregåande opplæring i regi av KS er ein arena for analysar, utveksling av erfaringar og læring. I 2008 har nettverka hatt eit spesielt fokus på å måle resultatutviklinga hos dei deltakande fylkeskommunane og skolane. Kvalitetsforbetring er sett på dagsordenen i dei fleste deltakande kommunane og fylkeskommunane, og dei fleste kommunane har brukt erfaringar frå nettverka til å diskutere politiske spørsmål som prioritering av ressursar mellom sektorar.

Ved skolestart 2007 vart det rapportert om at elevane ved mange skolar ikkje hadde fått lærebøkene i rett tid. Departementet har derfor sett i verk fleire tiltak for å sikre at elevane får skolebøkene i rett tid til hausten. Fylkeskommunane har rapportert om korleis dei skal få lærebøkene fram i rett tid til elevane i dei vidaregåande skolane. Dei fylkeskommunane som ikkje har gode nok rutinar for innkjøp, er bedne om å forbetre rutinane. Utdanningsdirektoratet har i tillegg kontrollert at dei største leverandørane av lærebøker er i rute med leveransane sine. Innan budsettet ligg føre skal alle fylkeskommunane ha rapportert om det skolane har kjøpt inn.

Strategiar og tiltak

Det er eit overordna mål for Regjeringa å snu den negative utviklinga i elevanes utbytte av opplæringa i dei siste ti åra. I tråd med dokumentasjonen og måla og prioriteringane for kvalitet i grunnopplæringa som er lagde fram i St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen*, vil Regjeringa halde fram arbeidet med å styrkje kvaliteten i grunnopplæringa. Målsetjinga om at elevane skal få eit betre læringsutbytte, inneber at alle elevane som går ut av grunnskolen, skal meiste grunnleggjande dugleikar som gjer dei i stand til å ta del i vidare utdanning og arbeidsliv og at alle elevane og lærlingar som er i stand til det skal gjennomføre vidaregåande opplæring med kompetansebevis som blir verdsett for vidare studium eller arbeid.

Tidleg innsats

Lesing og rekning er grunnleggjande dugleikar som må lærast tidleg, og som er grunnlag for læring i alle fag. Dersom dette svikter dei første åra av opplæringa, vil elevane risikere å slite gjennom heile skoletida. For å styrkje opplæringa i grunnleggjande dugleikar må ein setje inn tiltak tidleg i opplæringa, jf. St.meld. nr. 16 (2006–2007) og St.meld. nr. 31 (2007–2008). Regjeringa vil auke talet på lærarar og anna fagpersonell på 1.–4. trinn for å styrkje moglegheitene for tilpassa opplæring og til å følgje opp elevane med særskilde behov i norsk/samisk og matematikk. Dette må forankrast i opplæringslova, og forslag til nye føresegner og skoleeigar sine plikter vil bli lagt fram.

Tettare oppfølging

Betre informasjon om elevanes læringsresultat er heilt sentralt i det vidare arbeidet med å styrkje elevanes læringsutbytte. Det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet inneheld fleire element som til saman skal gi eit godt informasjonsgrunnlag for kvalitetsarbeidet. Sidan systemet vart etablert i 2003, er det utvikla og forbetra mange gonger. Som ledd i den vidare utviklinga med fokus på tidleg innsats vil departementet innføre obligatorisk kartlegging av lesedugleik på 1.–3. trinn.

Departementet vil gjere ytterlegare ei utviding av nasjonale prøver ved å innføre nasjonale prøver i lesing og rekning på niande trinn frå 2010. Departementet vil òg vurdere å innføre sentralt gitte prøver i digitale dugleikar på ungdomstrinnet, og kartleggje eventuelle forskjellar mellom gutar og jenter med omsyn til effekt av auka bruk av IKT til eksamen og i undervisninga.

Vidare vil det bli etablert eit system der det med visse mellomrom blir gjennomført utvalsprøver i ulike fag og dugleikar på ulike trinn i opplæringa. I første omgang vil departementet utvikle utvalsprøver i skrivning.

Auken i talet på læreplassar i dei siste åra er svært gledeleg, men dette er ikkje tilstrekkeleg. Det er behov for ei tettare oppfølging av elevane tidleg i vidaregåande opplæring, særleg i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma der fråfallet er størst. Gode arbeidsvanar og styrkt læringsutbytte vil kunne auke moglegheitene for å få læreplass. For å avdekkje læringssvikt og setje inn tidleg innsats vil departementet innføre obligatoriske kartleggingsprøver i lesing og rekning ved starten på første trinn i vidaregåande opplæring. Reknepøvene kan første gong gjennomførast hausten 2009, medan leseprøvene vil vere ferdige til hausten 2010. Kartleggingsprøvene kan gi skolane høve til

å fange opp elevar med særskilde utfordringar tidleg, og vere med på å førebyggje fråfall.

Forsking og kunnskap om det som skjer i skolen, er heilt avgjerande for å styrkje elevanes læringsutbytte. Det er behov for å vite meir om blant anna effekt av ulike tiltak. Til dette formålet trengst det eit sentralt register som grunnlag for statistikk, forsking og analyse som gjer det mogleg å følgje utviklinga over tid. Data på individnivå vil styrkje informasjonsverdien i registeret og gi betre grunnlag for målretta og konkrete tiltak for kvalitetsutvikling og kvalitetskontroll. Kunnskapsdepartementet har sendt på høring eit forslag til endringar i opplæringslova og privatskolelova om å opprette eit slikt sentralt register i skolesektoren. Av hensyn til personvernet blir det foreslått at opplysningane i registeret er psydonymiserte. Basert på høringsresultata vil departementet vurdere nærmare korleis blant anna eit sentralt dataregister bør utviklast.

Departementet vil på fleire måtar følgje nøye med på korleis læringsutbyttet til elevar og lærlingar utviklar seg. Ulike kartleggingar og undersøkingar vil samla sett gi viktige indikasjonar på tilstanden og utviklinga. For å vurdere utviklinga vil departementet særleg leggje til grunn endringar i delen elevar som presterer på lågaste kompetansenivået i dei internasjonale undersøkingane i lesing og matematikk. Kommunane vil kunne sjå på endringar i delen elevar som presterer på lågaste nivå i lesing og rekning i dei nasjonale prøvene, samanlikna med det nasjonale gjennomsnittet. For å følgje med på utviklinga i vidaregåande opplæring vil departementet sjå på endringar i delen elevar og lærlingar som fullfører planlagd opplæring, jf. St.meld. nr. 31 (2007–2008) og vedlegg 3.

Redusere feilval og auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring

Departementet vurderer rådgiving og karriererettleiing som viktige verkemiddel for å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring. God rådgiving, kombinert med utnytting av fleksibiliteten i strukturen i Kunnskapsløftet, vil medverke til betre gjennomføring. I St.meld. nr. 16 (2006–2007) er det varsla fleire tiltak for å styrkje rådgivinga i skolen. Mellom anna skal rådgivingsfunksjonen definerast med to særskilde komponentar, både sosialpedagogisk rådgiving og yrkes- og utdanningsrådgiving. Forslag til endringar i forskrifta er sendt på høring med frist 1. november 2008.

I tillegg vil det nye faget *Utdanningsval* (tidlegare *Programfag til val*) på ungdomstrinnet gi eit betre grunnlag for val av vidare utdanning, og såleis medverke til å hindre fråfall i vidaregåande

opplæring. Eit godt samarbeid mellom fylkeskommunane og kommunane om rådgiving er òg viktig. Kunnskapsdepartementet vil føre vidare rundskrivet som informerer om at dei økonomiske rammane til fylkeskommunane er styrkte. Styrkinga skal gi meir effektiv ressursbruk i fylkeskommunane og førebyggje omval og fråfall ved at fylkeskommunane medverkar til å auke kvaliteten på rådgivinga til elevar på ungdomstrinnet.

Noreg vil møte store utfordringar knytte til framtidige endringar i arbeidsmarknaden. Teknologisk utvikling, mobilitet, demografiske endringar og aukande krav til kompetanse er nokre av utfordringane for ei god fag- og yrkesopplæring. I tillegg vil det fleirkulturelle Noreg og nasjonale og internasjonale miljøutfordringar krevje ny kompetanse og endringsvilje. Regjeringa har sett ned eit utval som skal vurdere korleis fag- og yrkesopplæringa kan bli best mogleg rusta for dette. *Utvalet for fag og yrkesopplæringa* skal analysere endringar og utvikling på ei rekkje felt som er viktige for fag- og yrkesopplæringa, og foreslå tiltak for å møte utfordringane. Utvalet, som er sett saman av representantar frå nasjonale og internasjonale forskarmiljø, partane i arbeidslivet og privat og offentleg sektor, skal levere innstillinga si innan 1. oktober 2008. Sjå også omtale av tiltak i programkategori 07.50.

Frå hausten 2008 blir utprøvinga med praksisbrev utvida slik at ho vil vere open for alle fylkeskommunane. Det vil seinare bli teke stilling til om ordninga eventuelt skal innførast på meir permanent basis og i breiare skala.

Samanlikna med majoritetselevar fell minoritetsspråklege elevar oftare frå i vidaregåande opplæring. Frå 1. august 2008 vart det innført ei føresegn i opplæringslova og privatskolelova om rett til særskild språkopplæring for minoritetsspråklege elevar i vidaregåande opplæring. Departementet meiner det er vesentleg at særleg minoritetsspråklege elevar som er komne til Noreg seint i skolealder, også får ekstra tid til å gjennomføre vidaregåande opplæring, slik at dei får eit betre grunnlag for vidare studium eller arbeid. Departementet vil derfor hausten 2008 sende på høring eit lovforslag om rett til vidaregåande opplæring i inntil to år ekstra til å gjennomføre opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring, og som har behov for ekstra tid. Ein tek sikte på at dei eventuelle endringane blir tekne inn i opplæringslova med verknad frå hausten 2009.

Som eit ledd i innsatsen mot fråfall i vidaregåande opplæring vil mandatet til Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG) bli utvida frå 1. januar 2009. I tillegg til å støtte foreldre med barn i grunnskolen skal utvalet gi informasjon og støtte til foreldre som har ungdom på første steget i vidaregåande

opplæring. Målet er å gjere foreldre betre rusta til å støtte ungdommane i ei overgangstid da dei treng gode råd med omsyn til læring og utdanningsval.

Andre tiltak for å styrkje læringsutbyttet til elevane og lærlingane

Regjeringa har i juni 2007 oppnemnt eit utval som skal gjennomgå tiltakskjeda for barn, unge og vaksne med særskilde opplæringsbehov generelt, og det statlege spesialpedagogiske støttesystemet (Statped) spesielt. Utvalet skal leggje fram innstillinga si innan 1. juli 2009.

God praksis i elevvurdering er svært viktig for elevanes faglege framgang og læringsutbytte. Prosjektet *Betre vurderingspraksis* skal halde fram i 2009. I tillegg til å styrkje kompetansen og betre praksisen i elevvurdering skal projektet føre fram til nødvendige justeringar i vurderingsforskrifta.

Frå hausten 2008 er timetalet på barnetrinnet i faga norsk, matematikk og engelsk utvida med til saman fem timar. I budsjettet for 2009 vil Regjeringa leggja inn meir tid til fysisk aktivitet. Dette skal gi grunnlag for ein meir variert skoledag og betre læringsutbytte for elevane.

Erfaringane frå *Forsøk med utvida skoledag* og sluttrapporten frå evalueringa av *Prosjekt leksehjelp 2006–2008* vil bli nytta i den vidare gradvise innføringa av eit auka timetal på barnetrinnet og utviklinga mot ein heilskapleg skoledag med meir tid til læring, fysisk aktivitet og måltid.

St.meld. nr. 23 (2007–2008) *Språk bygger broer* foreslår ei rekkje tiltak for ein heilskapleg språkopplæringspolitikk i eit livslangt og fleirspråkleg perspektiv. Departementet vil følgje opp forslaga i språkmeldinga, mellom anna forslaget om tilleggs-poeng for andre framandspråk enn engelsk for opptak til høgre utdanning. I første omgang skal det lagast ein tiltaksplan for programfaga i språk for å motivere fleire elevar til å velje desse faga. Rekruttering av språklærarar er eit anna tiltak for å styrkje språkopplæringa og elevanes læringsutbytte i språk, jf. om rekruttering i denne programkategorien og om styrking av lærarutdanninga, programkategori 07.60.

Språkmeldinga drøftar òg opplæringssituasjonen til minoritetsspråklege barn og unge. Eit utval for likeverdig opplæring for minoritetsspråklege i barnehage, skole, vidaregåande opplæring og høgre utdanning skal blant anna sjå nærmare på dei problemstillingane som språkmeldinga tek opp på dette området. For å styrkje læringsutbyttet til minoritetsspråklege barn og unge vil *Utviklingsprosjekt ved skolar med meir enn 25 pst.*

minoritetsspråklege elevar og *Språkløftet* bli ført vidare på same nivå.

Departementet vil følgje opp dei tiltaka som er sette i verk for å betre elevanes lesedugleik. Dette omfattar justering av læreplanen i norsk slik at lesing blir styrkt når faget blir utvida med to timar på barnetrinnet frå hausten 2008, og utarbeiding av rettleiingsmateriell i lesing og statleg støtte til etterutdanningstilbod for lærarar i dei kommunane som skårar lågast i dei nasjonale prøvene i lesing. Utdanningsdirektoratet er i gang med å vurdere tiltak for å styrkje lesing som grunnleggjande dugleik i alle fag i grunnskolen. Det skal særleg leggjast vekt på lesing på mellomtrinnet, ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring.

Departementet vil følgje opp den pågåande forskingsbaserte evalueringa av Kunnskapsløftet. Evalueringa omfattar læreplanverk, strukturendringar, vurdering, tilpassa opplæring, fag- og yrkesopplæring, spesialundervisning og korleis forvaltningsnivåa og institusjonane forvaltar ansvaret sitt. Ein viktig del av evalueringa er å seie noko om effektar av Kunnskapsløftet på elevanes og lærlinganes læring, læringsutbytte, gjennomføring og formell kompetanseoppnåing. Departementet vil vurdere resultatane av evalueringa og korleis desse bør følgjast opp.

Om fleire tiltak for å styrkje læringsutbyttet til elevane, sjå under overskriftene om læringsmiljø, kvalitetsutvikling i skolen og kompetanse seinare i denne programkategorien.

Elevar og læringar skal ha eit godt læringsmiljø *Tilstandsvurdering*

Resultata frå Elevundersøkinga i 2007 og andre undersøkingar av elevanes arbeidsmiljø viser at arbeidet med å førebyggje mobbing og uro i skolen ikkje gir gode nok resultat. Det er framleis for mange elevar som blir mobba, for mange som blir uroa i klassen, og for mykje tid som går med for læraren til å skape ro. Tal frå Elevundersøkinga i 2007 viser at tre pst. av elevane opplever mobbing fleire gonger i veka. Fem pst. opplever mobbing kvar veke. Endringar i spørsmåla i Elevundersøkinga i dei siste åra gjer at det ikkje er mogleg å trekke bastante konklusjonar om trendar. Men sjølv om ein ikkje kan seie sikkert at det er ein auke av uro og mobbing i skolen, kan ein slå fast at tala ikkje går ned. Dette syner at involverte aktørar må vurdere tiltak som er sette i gang, og styrkje arbeidet mot mobbing.

Undersøkingar og kartleggingar viser at heller ikkje det fysiske arbeidsmiljøet til elevane er slik det bør vere. Departementet finn det urovekkjande

at berre halvparten av skolane er godkjende etter forskrifta om miljøretta helsevern.

Rapport for 2007–08

Regjeringa har sett i gang, ført vidare og støtta ei rekkje tiltak for å betre læringsmiljøet i grunnsopplæringa. Arbeidet har vore forankra i *Prinsipp for opplæringa* i Kunnskapsløftet, *Strategi for læringsmiljøet i grunnsopplæringa 2005–2008* og *Manifest mot mobbing 2006–2008*.

Det har vore samarbeidd med Elevorganisasjonen, Foreldreutvalet for grunnskolen, Sosial- og helsedirektoratet og Utdanningsforbundet om ulike tiltak for å redusere omfanget av mobbing i skolen. Deltaking i OECD-nettverket *International Network on School Bullying and Violence* har gitt høve til å ta del i internasjonal kommunikasjon og erfaringsutveksling som grunnlag for nasjonalt arbeid.

Departementet samarbeider med fleire andre departement om gjennomføringa av tiltak som er forankra i ulike strategi- og handlingsplanar, til dømes på områda fysisk og psykisk helse, rus, tobakk, rasisme, kjønnslemlesting og tvangsektenskap.

Ulike kartleggingar og undersøkingar viser at det fysiske miljøet på mange skolar ikkje er tilfredsstillande. Blant anna viser ei undersøking som Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet gjennomførte i grunnskolar og vidaregåande skolar i 300 kommunar våren 2008, at 50 pst. av skolane ikkje er godkjende etter forskrifta om miljøretta helsevern i barnehagar og skolar. Forskrifta regulerer blant anna inneklima, sanitære tilhøve, reinhald og vedlikehald. Undersøkinga viste òg at åtte pst. av kommunane ikkje visste at dei hadde ansvaret for å godkjenne og føre tilsyn med skolane etter forskrifta. Departementet har i brev til fylkeskommunane og kommunane peika på ansvaret dei har for at skolane har eit forsvarleg arbeidsmiljø for barn og unge. Brota på forskrifta som vart avdekte i undersøkinga viste tydeleg at det fysiske miljøet ved fleire skolar ikkje er i tråd med regelverket i opplæringslova kapittel 9a. Det er alvorleg, sidan det er ein føresetnad for elevanes læring og helse at det fysiske miljøet elevane møter i skolekvardagen, tilfredsstillar grunnleggjande helsekrav. Kunnskapsdepartementet har bede om at kommunane og fylkeskommunane som skoleeigar planlegg og set i verk nødvendige tiltak og forbetringar for at skolane skal oppfylle krava i opplæringslova § 9a-2, jf. forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skolar. Fylkesmannen skal leggje dette til grunn for tilsynsverksemd etter opplæringslova.

Stortinget har lovfesta ei ordning med gratis frukt og grønsaker i grunnskolen. Nye føresegner til opplæringslova og privatskolelova vart fastsett i august 2008. Føresegnene seier at det skal vere dagleg utdeling av frukt og grønsaker, og ordninga gjeld alle elevar ved grunnskolar med ungdomstrinn (reine ungdomsskolar og kombinerte skolar). Ordninga gjeld tilsvarande for private grunnskolar med rett til statstilskott.

Departementet la våren 2008 fram *Handlingsplan for likestilling i barnehage og grunnsopplæring 2008–2010*. Måla i handlingsplanen er mellom anna å sjå barnehagen og grunnsopplæringa sine utfordringar med å utvikle likestilte oppvekst- og læringsmiljø under eitt, samt å gjennomføre tiltak for å betre kjønnsbalansen i val av utdanning og yrke.

Strategiar og tiltak

Målsetjinga om at elevar og læringar skal ha eit god læringsmiljø, inneber at alle skal inkluderast og oppleve meistring, jf. St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen*.

Innsatsen for eit inkluderande læringsmiljø for alle elevar i grunnsopplæringa skal halde fram, og tiltaka skal målrettast tydelegare på alle nivå og for alle elevgrupper. Det er viktig at skolane tek i bruk gode verktøy og utviklingsprogram med dokumentert verknad. Departementet vil derfor lage eit program for inkluderande skolemiljø som skal ha ei overbyggjande rolle på læringsmiljøfeltet. Gjennom dette vil departementet føre vidare støtta til tiltak og program som har vist seg å ha effekt.

Departementet vil føre vidare samarbeidet i *Manifest mot mobbing* som går ut i 2008, og etablere eit nytt samarbeid med aktuelle partar frå og med 2009. Det vil bli teke initiativ til ein avtale om inkluderande skolemiljø.

Det er behov for tydelege retningslinjer og rettleiing når det gjeld samarbeid mellom skole og heim som eit ledd i det å styrkje læringsmiljøet. Departementet vil følgje opp dette i 2009.

Når det gjeld elevanes fysiske arbeidsmiljø, vil departementet vurdere effekten av tiltaka som fylkesmenn og kommunar har sett i verk, og følgje nøye med på utviklinga framover. For å få fram kva forbetringar som har blitt gjorde, vil det hausten 2009 bli gjennomført ei ny tilsvarande undersøking av arbeidsmiljøet i grunnskolar og vidaregåande skolar. For å stimulere kommunar og fylkeskommunar til å rehabilitere skolebygg, vil Regjeringa etablere ei ny rentekompensasjonsordning over åtte år. Ein tek sikte på at samla ramme for ordninga skal vere 15 mrd. kroner.

Tryggleik, gode sosiale relasjonar og trivsel er viktig for læring. Departementet vil følgje nøye med på utviklinga i elevanes læringsmiljø. Eit godt læringsmiljø er likevel ikkje nok for at elevar skal lære godt nok og gjere sitt beste. For at elevar i skolen skal oppleve fagleg framgang og meistring, må dei møtast med høge og realistiske forventningar til kva dei kan få til, og korleis dei skal arbeide med faga. Dette gjeld alle elevar, også dei flinkaste. Elevundersøkinga 2007 viser at mange elevar ikkje får nok faglege tilbakemeldingar og utfordringar. Departementet vil derfor vidareutvikle og nytte indikatorar i Elevundersøkinga for å måle meistring og følgje utviklinga på dette feltet, jf. St.meld. nr. 31 (2007–2008) og vedlegg 3.

Skoleeigarar og skolar skal byggje kvalitetsutvikling i skolen på systematisk resultatoppfølging

Tilstandsvurdering

Det er godt dokumentert at mange kommunar og fylkeskommunar ikkje har forsvarlege system for å vurdere om dei oppfyller krava i opplæringslova. Ein del skoleeigarar og skolar har slike system, men variasjonen er stor. Hovudbiletet er framleis at mange skoleeigarar manglar systematikk i oppfølginga av kvaliteten på opplæringa ved sine egne skolar. Dette er urovekkjande, ettersom det er tydelege samanhengar mellom dei faglege prestasjonane til elevane og i kva grad resultata til skolane blir følgde opp systematisk.

Det er rimeleg at skoleeigarar, skoleleiarar og lærarar har hatt behov for noko tid til å integrere informasjon frå det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet i dei lokale systema og for vidare oppfølging. Det er krevjande å byggje opp gode rutinar for bruk av informasjon om elevanes resultat og utvikle eit skolefelleskap som systematisk granskar samanhengar mellom undervisningspraksis og resultat, og som tek eit kollektivt ansvar for forbetring. Departementets vurdering er at det er nødvendig å leggje meir vekt på å støtte og rettleie skolane slik at dei klarer å nyttiggjere seg informasjonen i kvalitetsvurderingssystemet i lokalt utviklingsarbeid.

Rapport for 2007–08

Innføringa av nasjonalt kvalitetsvurderingssystem i 2003 har ført til at kunnskap om tilstanden i kvar enkelt skole og kommune har blitt enklare tilgjengeleg for skoleeigarane og statlege styresmakter. Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem inneheld fleire element. Nasjonale prøver, obligatoriske kartleggingsprøver, brukarundersøkingar, tilsyn

og nettstaden Skoleporten er blant dei viktigaste. Saman med informasjon innhenta lokalt skal informasjonen frå det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet gi eit betre grunnlag både for den verksemdsbaserte vurderinga og oppfølginga til skoleeigar.

Departementet har lagt vekt på ein god dialog med skoleeigarane, Elevorganisasjonen og arbeidstakarorganisasjonane i utviklinga av dei nye nasjonale prøvene, som vart gjennomførte første gong hausten 2007. Det er fastsett eit rammeverk som blant anna klargjer formålet med prøvene, og resultata frå prøvene er presenterte på ein meir einsarta måte enn tilfellet var med dei nasjonale prøvene som vart gjennomførte tidlegare. Det har vore ei påtakeleg endring i korleis nasjonale prøver har vorte mottekne i sektoren frå 2005 til 2007. Skoleleiarane rapporterer om ei klar forbetring av samarbeidet med skoleeigarane når det gjeld informasjon om prøvene, gjennomføringa av prøvene og bruken av resultata. Tre av fire skoleleiarar rapporterer at det er lagt opp til felles oppfølging av resultata frå dei nasjonale prøvene ved eigen skole i 2007. Samstundes er det avdekt store forskjellar på skoleeigarnivå når det gjeld oppfølginga av resultata på egne skolar, jf. dokumentasjon i St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen*. Kommunane har på mange område ikkje eit godt nok informasjonsgrunnlag for å følgje opp opplæringa.

Felles nasjonalt tilsyn våren 2008 hadde som tema spørsmålet om skoleeigar oppfyller lovkrava om tilpassa opplæring og spesialundervisning, samt om skoleeigar har eit forsvarleg system for å sikre dette. Dette omfattar òg tilpassa opplæring for barn og unge i barnevernsinstitusjonar og spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder. Tilsynet omfatta både offentlege og private skoleeigarar. Resultata viser avvik for 93 av 108 skoleeigarar, det vil seie 86 pst. Tilsynet viser både at ein stor del av skoleeigarane ikkje har tilfredsstillande internkontrollsystem, og at det er manglar ved praktiseringa av regelverket for spesialundervisning. Vidare vart det ført tilsyn med om fylkeskommunane har eit forsvarleg system for å sikre elevanes rett til eit minste årstimetal. Resultata viser at ingen fylkeskommunar oppfylte lovkravet fullt ut.

Det er viktig at skoleeigarar og skolar har tilgang til brei informasjon som grunnlag for verksemdsbasert vurdering. I 2006 vart systemrevisjon innført som tilsynsmetodikk innanfor grunnopplæringa. Metodikken har vist seg velegna til å avdekkje brot på regelverket, det har òg ein preventiv effekt, og det kan medverke til at det blir sett i gang lokalt forbetningsarbeid.

Riksrevisjonen har i ein gjennomgang av fylkesmannsembeta peika på det dei meiner er man-

glande samsvar mellom tilsynskapasiteten og tilsynsbehovet i sektoren. Skoleeigarane har òg store vanskar med å oppfylle dei nasjonale reglane i lovverket. Mykje tyder derfor på at det er nødvendig å styrkje tilsynskapasiteten og samstundes prioritere tilsyn og tilsynstema på grunnlag av risikovurderingar. Det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet har ein viktig funksjon i denne samanhengen.

Strategiar og tiltak

Regjeringa vil vidareutvikle det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet, gi betre støtte og rettleiing og betre tilsynet med grunnopplæringa.

Ei vidareutvikling av det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet vil gi kommunane og skolane eit enda betre grunnlag for å vurdere tilstanden i kommunen/skolen sin og gjere nødvendige endringar. Det er særleg viktig for mindre kommunar med små skolefaglege ressursar og kompetanse til å utvikle eigne kvalitetsvurderingssystem. I tråd med kvalitetsmeldinga vil det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet bli utvida med nye kartleggingsprøver i lesing for første og tredje trinn i grunnskolen og i lesing og rekning på Vg1 i vidaregåande opplæring. For å styrkje kvaliteten på prøvene og gjere resultata meir pålitelege vil det bli gitt støtte til å utvikle eit robust fagleg miljø for psykometrisk utdanningsforskning og til betre formidling av forskning i utdanningssektoren.

Meir systematisk arbeid i skolen med kvalitetsutvikling av pedagogisk praksis og elevanes læringsutbytte er nødvendig. Departementet vil støtte arbeidet med å gjere utviklingsverktøy som har vore nytta i skoleutviklingsprogrammet *Kunnskapsløftet – fra ord til handling*, gratis tilgjengelege for alle skolar, også etter at programperioden er avslutta.

I *Kunnskapsløftet – fra ord til handling* er delar av prosjektmidlane sette av til å rettleie skolar og kommunar som elles ville hatt problem med å oppfylle kriterium for å få støtte. Departementet meiner det er behov for å føre vidare støtte og rettleiing til skolar, kommunar og fylkeskommunar som treng hjelp, og vil byggje vidare på erfaringane frå *Kunnskapsløftet – fra ord til handling*. Departementet vil prioritere skolar og skoleeigarar med dokumenterte utfordringar knytte til grunnleggjande dugleikar, læringsmiljø og gjennomføring i vidaregåande opplæring, og vil organisere rettleiarkorps som eit viktig element i statleg støtte til lokalt vurderingsarbeid. Midlar til rettleiarkorpsa vil bli innfasa etter kvart som prosjekta i *Kunnskapsløftet – fra ord til handling* blir avslutta

For å styrkje tilsynet med grunnopplæringa foreslår Regjeringa å løyve meir midlar til både Utdanningsdirektoratet og fylkesmannsembeta.

For å stimulere dei øvste styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar til å engasjere seg meir i kvaliteten i dei områda av grunnopplæringa dei har ansvar for, meiner departementet at det er behov for ein årleg tilstandsrapport som grunnlag for drøftingar på lokalpolitisk nivå. Departementet vil derfor sende på høring eit forslag til endring av § 13-10 i opplæringslova, som gir pålegg til kommunar og fylkeskommunar om å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i skolen. Dersom forslaget blir realisert, vil departementet følgje opp dette med å oppmode skoleeigarane til at tilstandsrapporten blir drøfta i kommunestyre/fylkesting.

Lærarar og skoleleiarar skal ha høg kompetanse

Tilstandsvurdering

Nesten alle lærarar i grunnskolen og vidaregåande opplæring har formell pedagogisk kompetanse. Samtidig er det vesentlege forskjellar mellom skolar i delen lærarar med fagleg fordjuping. Ei undersøking av grunnskolen viser at om lag 40 pst. av lærarane ikkje har fagleg fordjuping i faga dei underviser i, mens berre om lag ein femtedel har fordjuping på minst 60 studiepoeng. Delen med fagleg fordjuping i realfag har auka, medan endringane er forholdsvis små for dei andre faga. Det kan tyde på at satsinga på realfag har hatt effekt.

Høg fagleg og pedagogisk kompetanse i skolen er avgjerande for læringsutbyttet til elevane. Det er derfor ei stor utfordring for sektoren at kompetansen til lærarar og skoleleiarar er for svak. Departementet ser med uro på at det samtidig er store utfordringar knytte til lærarrekruttering. Talet på eldre lærarar aukar, det er somme stader vanskeleg å rekruttere nye lærarar, og det er stort fråfall av studentar frå lærarutdanningane. Mangelen på lærarar med høg fagkompetanse i språk og realfag vil bli merkbar i åra som kjem, særleg på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring. Det er òg eit aukande behov for å rekruttere tospråklege lærarar for å møte dei utfordringane i skolen som følgjer av eit meir fleirkulturelt samfunn.

På denne bakgrunnen meiner departementet at kompetansen til dei lærarane som er i skolen i dag, må hevast. I tida framover er det viktigast å heve den formelle fagkompetansen til lærarane. Kompetansehevinga må skje på ein måte som tek omsyn til at etter- og vidareutdanning fungerer best når lærarar deler og utviklar kunnskap i eit profesjonsfellesskap på skolen. Det er indikasjonar på at koplinga mellom kompetanseutvikling og skolens utvikling som organisasjon til no har vore for svak i

norske skolar. Departementet legg vekt på at grunnutdanninga, overgangen til læraryrket og etter- og vidareutdanning må sjåast i samanheng. Kompetanseutvikling for lærarar skal supplere grunnutdanninga i tråd med krava som fag- og samfunnsutviklinga, nye læreplanar og endringar i regelverket stiller.

Det er òg behov for kompetanseutvikling knytt til lokalt arbeid med læreplanane. Ein gjennomgang viser at mange kommunar og skolar ikkje har tilstrekkeleg kompetanse i å bryte ned mål i nasjonale læreplanar og velje lærestoff som skal medverke til tilpassa opplæring i tråd med lokale tilhøve og prioriteringar. Departementets vurdering er at staten må støtte lokalt utviklingsarbeid på dette området og gi nødvendig rettleiing.

Skoleleiing er òg svært viktig for læringsutbyttet til elevane. Kompetanseutviklingsstrategien har stimulert til omfattande etter- og vidareutdanning for skoleleiarar. Departementet er fornøgd med resultatene av dette. Noreg manglar likevel ei heilskapleg nasjonal tilnærming til kva slag kompetanse ein skoleleiar bør ha for å ta i vare oppgåvene sine best mogleg. Mange skoleleiarar har fått meir omfattande oppgåver og ansvar i dei siste åra. Tydeleggjering av ansvar for elevresultat, iverksetjing av nye reformer og nye tilnærmingar til læring har ført til at rektorjobben er meir krevjande enn tidlegare. I mange kommunar er det heller ikkje lenger eit nivå mellom rådmannen/administrasjonssjefen og den einskilde rektoren. Det er derfor departementets vurdering at også skoleleiarars kompetanse må styrkjast. Oppmodningsvedtak nr. 31, 22. november 2007, jf. Innst. S. nr. 29 (2007–2008), tek for seg skoleleiing:

«Stortinget ber Regjeringen foreta en bred gjennomgang av status på området og vurdering av behovet for nye tiltak og strategier for en bedre skoleledelse, som en del av stortingsmeldingen om kvalitet i opplæringen. Stortinget ber om at de konkrete forslag som ligger i representantforslaget Dokument nr. 8:100 (2006–2007), blir nærmere drøftet og vurdert i denne sammenheng.»

Temaet er omtalt i St.meld. nr. 31 (2007–2008), men er òg omtalt nedanfor under Strategiar og tiltak og i kap. 226.

Mange lærarar og skoleleiarar er positive til den auka handlefridommen som skolen har fått i kombinasjon med auka krav til kvalitetsvurdering. Det er likevel stor variasjon i skolanes evne til å bruke informasjon frå for eksempel nasjonale prøver og Elevundersøkinga i sitt eige utviklingsarbeid. I tillegg er læraranes tilgang til og bruk av for-

skingsbaserte verktøy og arbeidsformer for dårleg. Departementet er av den oppfatninga at lærarar treng meir kunnskap om kva som gir god læring, kva for metodar som verkar, og korleis dei skal møte ulike utfordringar i klasserommet. Dette krev meir støtte frå nasjonalt nivå, ved at tema inngår i etter- og vidareutdanning i fag og i form av betre formidling av relevant forskning til sektoren. Sjå òg under overskrifta om kvalitetsvurdering i skolen.

Samla sett er det departementets vurdering at det i vidare statleg støtte til kompetanseutvikling i sektoren må stillast tydelege krav til ein prioritert bruk av midlane som er i tråd med dei utfordringane og behova som er avdekte, jf. St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen*.

Rapport for 2007–08

Det er forskjellar i graden av fagleg fordjuping blant dei lærarane som har fordjuping i enkeltfaga dei underviser i. Det er flest lærarar i norsk, engelsk og samfunnsfag som har fordjuping på minst 60 studiepoeng i faget sitt, mens det er færrest i matematikk. Det er ei utfordring at det er færrest lærarar med fordjuping i matematikk, der høg kompetanse betyr særleg mykje for elevanes læringsutbytte. Den faglege fordjupinga er størst blant lærarar på ungdomstrinnet, både i omfang og grad av fordjuping. Dei aller fleste av lærarane som underviser på ungdomstrinnet, har noko fagleg fordjuping.

Det er òg vesentlege forskjellar i fagleg fordjuping blant lærarane i vidaregåande opplæring. Ei undersøking viser at norsklærarar har størst fagleg fordjuping.

Når det gjeld skoleleiarar, har dei inntil nyleg ikkje hatt omfattande formell leiarkompetanse. Ei undersøking frå 2005 viser at berre 18 pst. har minst 60 studiepoeng i administrasjon og leiing, medan nesten 40 pst. manglar leiartutdanning. Noreg har delteke i OECD-undersøkinga *Improving School Leadership: Policy and Practice* (2007–2008). Studien viser at samanlikna med andre land gjer Noreg lite på nasjonalt nivå knytt til skoleleiing. Det er likevel grunn til å tru at satsinga på skoleleiing i *Kompetanse for utvikling – Strategi for kompetanseutvikling i grunnsopplæringen 2005–2008* har ført til at fleire har fått formell leiarkompetanse. Skoleleiarar har vore eigen målgruppe i strategien, og mange kommunar og fylkeskommunar har gitt tilbod om kompetanseutvikling for skoleleiarar og lærarar som er vurderte som gode rektorkandidatar. Mange deltakarar har vore fornøgde med kompetanseutviklinga, medan andre har meint at opplæringa hadde for låg kvali-

tet. Stort sett har omfanget vore på 30 studiepoeng, og pedagogisk leing har hatt ein dominerande plass i innhaldet. Pedagogisk og strategisk bruk av IKT har òg vore eit sentralt tema, noko som er viktig for læring og utvikling, både for elevane og for skolen som organisasjon.

Krav til lærarkompetanse for tilsetjing i grunnopplæringa er regulert i forskrift til opplæringslova. På bakgrunn av behovet for høgre fagleg kompetanse har departementet endra forskrifta om lærarkompetanse i grunnopplæringa med verkstad frå 1. august 2008. Auka kompetansekrav er eit signal til skoleleiarar og skoleeigarar om kva kvalifikasjonar som er nødvendige for å kunne gi god undervisning.

Staten har støtta arbeidet med kompetanseutvikling for lærarar og skoleleiarar hovudsakleg gjennom kompetanseutviklingsstrategien. I 2008, som er det siste året i strategiperioden, har det vore satsa på kompetanseutvikling i elev- og lærlingvurdering, kompetanseutvikling for lærarar og instruktørar i fag- og yrkesopplæringa og kompetanseutvikling knytt til grunnleggjande dugleikar. Dette er løfta fram som nasjonalt prioriterte område. Forskingsstiftinga Fafo evaluerer strategien, og vil levere ein samanfattande sluttrapport våren 2009. Delrapportane frå Fafo viser blant anna at tilrettelegging for deltaking og godt planlagde tilbod er viktige suksesskriterium.

Strategiar og tiltak

Kompetansen og praksisen til læraren er det som har aller mest å seie for elevens læring. Dette er grundig drøfta i St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen*.

Kvalitetsmeldinga viser til at det generelt er eit stort utviklingspotensial når det gjeld læraranes kompetanse og praksis. Samstundes tyder statistiske framvisingar på at mangel på kvalifiserte lærarar vil bli eit vedvarande problem i tida framover. Dette har samband med utfordringar knytte til rekruttering av lærarar. På bakgrunn av dette foreslår Regjeringa i statsbudsjettet for 2009 fleire tiltak i ein heilskapleg strategi for å styrkje kvaliteten i grunnopplæringa og betre elevanes læringsutbytte. Tidleg innsats og lærarar med høg kompetanse er nøkkelfaktorar i strategien.

Regjeringa vil føre vidare samarbeidet med KS og organisasjonane om ei fornya satsing på kompetanseutvikling, og foreslår å løyve om lag 400 mill. kroner i 2009 til ulike tiltak for etter- og vidareutdanning for å styrkje læraranes kompetanse. For å stimulere til etterspørsel etter studieplassane vil staten dekkje ein andel av vikarkostnadene. Når utdanningstilbodet er ferdig utbygd, skal det etter

planen gi rom for å vidareutdanne 2 500 nye lærarar som tek 30 studiepoeng årleg. Det vil i samarbeid med KS, organisasjonane og lærarutdanningsinstitusjonane bli vurdert nærmare kva for fag og område som skal prioriterast. Resultata frå slutt-evalueringa av *Kunnskap for utvikling – Strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa 2005–2008* vil bli tekne med i meir detaljerte drøftingar om innretninga av kompetanseutviklingsmidlane. Som del av den statlege satsinga vil det bli lagt vekt på å styrkje tilbydarsida av etter- og vidareutdanning.

Frå hausten 2009 vil det bli gitt tilbod om skoleleiarutdanning for nyttilsette rektorar og rektorar som ikkje har formell skoleleiarkompetanse frå før. Departementet vil vurdere nærmare om opplæringa skal gjerast obligatorisk. Det blir lagt opp til at utdanninga skal takast over to år, og at det skal vere rom for å gi eit utdanningstilbod til 600 rektorar årleg. I 2009 vil kostnadene vere 20 mill. kroner. Når innhaldet i utdanninga er utvikla, vil departementet be utvalde institusjonar om å tilby skoleleiarutdanning.

Innanfor løyvinga på om lag 400 mill. kroner vil det òg bli sett av midlar til etterutdanning på prioriterte område som lese- og rekneopplæring og til kompetanseutvikling for lærarar og instruktørar i fag- og yrkesopplæringa. Midlane til etterutdanning vil bli reduserte ettersom budsjetteffekten av det varige systemet for vidareutdanning aukar i 2010 og 2011. Som eit første tiltak for å støtte lokalt læreplanarbeid har Utdanningsdirektoratet hausten 2008 publisert eit sett gode lokale planar. Departementet vil òg raskt setje i gang ein prosess for utvikling av rettleiande læreplanar i fag.

Departementet vil i budsjettet for 2009 leggje stor vekt på rekruttering av lærarar, og foreslår å løyve midlar til tre ulike rekrutteringstiltak. Tiltaka omfattar rekruttering av språk- og realfagslærarar ved hjelp av avskrivning av utdanningsgjeld. Ordninga omfattar studentar som fullfører integrert masterprogram i lærarutdanninga, eller toårig fagdidaktisk masterprogram, med realfag eller framandspråk (bortsett frå nordisk / norsk) i 2009. I tillegg omfattar ordninga dei som tek praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) i 2009 og tidlegare har fullført mastergrad eller hovudfag i matematisk-naturvitenskaplege fag, teknologiske fag / sivilingeniørutdanning eller har ei ingeniørutdanning. Studentar som vel slik utdanning vil få avskrive inntil kr 50 000 av utdanningsgjelda. Departementet gir nærmare forskrifter om kven som fell inn under ordninga. Ordninga blir administrert av Statens lånekasse for utdanning.

Vidare vil det bli satsa på å få yrkesaktive til å undervise på deltid i vidaregåande opplæring innanfor fagområde der skolane har særskilde behov.

Ordninga kan opne for at dei som blir rekrutterte på denne måten, vil ønskje å halde fram i ein karriere som lærar. I tillegg kan ordninga stimulere fagpersonar som arbeider i skolen utan godkjend undervisningskompetanse, til å fullføre nødvendig pedagogisk utdanning, og verke fagleg stimulerande for fast tilsette lærarar.

Det tredje elementet er eit rekrutteringsarbeid for å motivere unge til å velje læraryrket og å auke statusen til lærarar.

I den samla strategien for kvalitetsutvikling i grunnopplæringa vil det òg bli brukt midlar til å

auke studiekapasiteten i lærarutdanninga og andre tiltak for kvalitet i lærarutdanninga som kan styrkje rekrutteringa av og auke kompetansen til framtidige lærarar, jf. omtale i programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning.

Skolebiblioteket er ein ressurs for kompetanseutvikling, kunnskapsdanning og kvalitetsutvikling i sektoren. Regjeringa vil i 2009 setje i verk *Program for skolebibliotek*. Programperioden er fem år. Programmet skal prioritere tiltak for å styrkje lesedugleik, kompetanseutvikling og kunnskapsdanning, samt styrking av informasjonskompetanse.

Kap. 220 Utdanningsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Driftsutgifter	156 467	145 187	202 018
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	18 253	5 871	3 519
70	Tilskott til læremiddel o.a., <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	30 122	40 483	42 264
	Sum kap. 220	204 842	191 541	247 801

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga gjeld drift av Utdanningsdirektoratet. Direktoratet har lokale i Oslo, Hamar og Molde, og hadde om lag 250 tilsette i 2007.

Direktoratet skal medverke til å nå sektormåla for grunnopplæringa, slik at barn, ungdom og vaksne i heile landet kan få ei god og forsvarleg grunnopplæring tilpassa føresetnadene og behova til den enkelte. For nærmare omtale av mål og oppgåver, sjå omtalen i innleiinga til programkategori 07.20 og kap. 226.

Hovudoppgåvene for direktoratet er:

- å fremme kvalitetsutvikling i grunnopplæringa
- å fremme kvalitetsvurdering, analyse og dokumentasjon av grunnopplæringa
- å utføre forvaltningsoppgåver knytte til grunnopplæringa

Direktoratet er delegert mynde i forvaltningssaker som gjeld

- det statlege spesialpedagogiske støttesystemet (Statped), jf. kap. 230
- etatsstyringa av statlege skolar som gir grunnopplæring, jf. kap. 222
- embetsstyringa av fylkesmannsembeta på utdanningsområdet, jf. St.prp. nr. 1 (2006–2007)

for Fornyings- og administrasjonsdepartementet

- tilskott til eksamensavvikling, privatskolar, folkehøgskolar og andre formål, jf. kap. 225, 227, 228, 229 og 253

Rapport for 2007–08

Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa

Utdanningsdirektoratet har fastsett dei siste læreplanane innanfor Kunnskapsløftet, slik at nye læreplanar vart innførte for tredje trinn i vidaregåande opplæring hausten 2008.

Direktoratet har følgd opp *Strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa 2005–2008*. Når det gjeld dei andre nasjonale strategiplanane, viser fleire kartleggingar at det er problematisk at den statlege verkemiddelbruken er for lite konsentrert. Direktoratet har derfor utvikla eit rammeverk som skal sikre større samanheng mellom nye utviklingstiltak ved å ta utgangspunkt i dokumenterte utfordringar og behov. Det blir lagt vekt på at tiltaka skal støtte opp under læreplanverket for Kunnskapsløftet, og at nye tiltak i størst mogleg grad skal gi målbare og ønskje effektar i sektoren.

Kvalitetsvurdering, analyse og dokumentasjon av grunnopplæringa

Det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet skal bidra til kvalitetsutvikling på alle nivå i grunnopplæringa både når det gjeld tilpassa opplæring og auka læringsutbytte for den enkelte eleven. Det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet består av indikatorar på områda læringsutbytte, læringsmiljø, ressursar og gjennomføring i vidaregåande opplæring. Data på desse områda blir presenterte på nettstaden Skoleporten, og gjer det mogleg for skolar og skoleeigarar å gjere eigne vurderingar på lokalt nivå. Skoleporten kom i ny versjon ved utgangen av 2007 og er no integrert i *utdanningsdirektoratet.no*. Skoleporten er ein sentral del av det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet, og er eit verktøy for vurdering av kvalitet i grunnopplæringa.

I 2007 vart det gjennomført nasjonale prøver i rekning og i lesing på norsk og engelsk for alle elevar på femte og åttande trinn. Gjennomføring av nasjonale prøver i full skala krev eit omfattande logistikkapparat. Direktoratet har utvikla eit nytt prøveadministrasjonssystem (PAS) for alle sentralt gitte prøver, og dette systemet vart brukt første gong i 2007 med positive erfaringar. Direktoratet har utvikla eit felles rammeverk for nasjonale prøver for å sikre fagleg høg kvalitet og felles krav til prøveutforming, validitet og reliabilitet. Arbeidet med prøvene har medverka til ei vesentleg kompetanseheving knytt til kvalitetsvurdering av prøvene og prøvekonstruksjon både i direktoratet og i dei involverte fagmiljøa.

Det er utvikla ei ny prøve i rekning og talforståing og ei revidert prøve i lesing for andre trinn. Begge desse er obligatoriske og vart gjennomførte for første gong våren 2008. I tillegg arbeider direktoratet med å utvikle kartleggingsprøver på fleire trinn til frivillig bruk.

Direktoratet har ansvar for utviklingsarbeid på vurderingsfeltet, og har mellom anna sett i gang ei utprøving av kjenneteikn på måloppnåing knytt til læreplanane i Kunnskapsløftet. Utprøvinga omfattar både grunnskole og vidaregåande opplæring, og lærestader over heile landet deltek. Samarbeid med institusjonar i høgre utdanning er ein viktig del av denne utprøvinga.

Direktoratet legg med jamne mellomrom til rette for brukarundersøkingar: Elevundersøkinga, Lærerundersøkinga, Foreldreundersøkinga, Lærlingundersøkinga og Instruktørundersøkinga. Resultata frå Elevundersøkinga gir eit godt bilete av korleis elevane opplever både det fysiske og det psykososiale læringsmiljøet, i tillegg til oppfatninga av sjølve undervisninga. I 2007 svarte om lag

290 000 elevar frå femte trinn i grunnskolen til VKII i vidaregåande opplæring på Elevundersøkinga.

Det er sett i gang evalueringar av Kunnskapsløftet og fleire av strategiane under denne reforma. Både nasjonale og internasjonale forskingsmiljø deltek i evalueringane, jf. omtale i kap. 226.

Forvaltningsoppgåver knytte til grunnopplæringa

Gjennom Fylkesmannen fører Utdanningsdirektoratet tilsyn med om skoleeigar oppfyller pliktene som følgjer av opplæringslova og privatskolelova med tilhørande forskrifter. Direktoratet utviklar, planlegg og evaluerer tilsynsverksemda. Felles nasjonalt tilsyn våren 2007 hadde som tema om skoleeigar oppfyller lovkrava om tilpassa opplæring og spesialundervisning, samt om skoleeigar har eit forsvarleg system for å sikre dette. Resultata viste eitt eller fleire avvik i 17 av 18 fylkeskommunar og i 80 av 90 kommunar. Felles nasjonalt tilsyn våren 2008 hadde same tema, herunder tilpassa opplæring for barn og unge i barnevernsinstitusjonar og spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder. Tilsynet omfatta både offentlege og private skoleeigarar. Resultata viser at 86 pst. av skoleeigarane hadde avvik. Tilsynet viser både at ein stor del av skoleeigarane ikkje har tilfredsstillande internkontrollsystem, og at det er manglar ved praktiseringa av regelverket for spesialundervisning. Vidare vart det ført eit tilsyn med om fylkeskommunane har eit forsvarleg system for å sikre elevanes rett til eit minste årstimetal. Resultata viser at ingen fylkeskommunar oppfyller lovkravet.

Direktoratet har prioritert arbeidet med kompetanseutvikling hos fylkesmannsembeta. Arbeidet har gitt gode resultat på kort tid, men framleis er det behov for ytterlegare å styrkje heilskap, effektivitet og samhandling i tilsynet. Utdanningsdirektoratet prioriterer no utviklinga av eit risikobasert tilsyn og indikatorsett for val av tema, tilsynsobjekt og metode.

Direktoratet har ansvar for utarbeiding og gjennomføring av eksamen i grunnskole og vidaregåande opplæring. Hovudoppgåver i 2007 har vore knytte til utvikling og produksjon av sentralt gitte eksamenar i grunnopplæringa og arbeidet med nye eksamensformer og vurderingsrettleiarar i Kunnskapsløftet.

Aktiviteten i Samarbeidsrådet for yrkesopplæring og dei faglege råda har også i 2007 vore sterkt knytt til innføringa av Kunnskapsløftet. Innhaldet i opplæringa har stått sentralt, mellom anna ulike sider ved tilbudsstrukturen og læreplanane. Vurdering, dokumentasjon og analyse av feltet samt

EU-samarbeidet om yrkesopplæring har òg vore viktige område. Direktoratet førebur oppnemninga av dei ni faglege råda for ein ny fireårsperiode. Dei vil bli oppnemnde i løpet av 2008.

Det var ei målsetjing for direktoratet å halvere gjennomsnittleg tid for handsaming av rettferdsvederlag frå 24 månader hausten 2006 til tolv månader innan utløpet av 2008, jf. Innst. S. nr. 262 (2006–2007) og St.prp. nr. 65 (2006–2007) *Rettferdsvederlag frå statskassa*. På grunn av stort sakstilfang på området, særleg når det gjeld kompliserte saker, har dette ikkje vore mogleg for direktoratet. Med dagens sakstilfang er det sannsynleg at sakshandsamingstida på lengre sikt vil auke. Departementet vil følgje utviklinga framover.

Mål for 2009

For brei omtale av sektormåla for grunnopplæringa, sjå kategoriinnleiinga og kap. 226. Nedanfor følgjer ei oversikt over særskilde oppgåver direktoratet skal arbeide med i 2009.

Direktoratet skal følgje opp tiltak i St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen*.

I samband med utvidinga av mandatet til Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG), jf. kap. 221, skal direktoratet samarbeide med FUG om informasjon og rettleiing til foreldre når det gjeld overgangen frå ungdomsskole til vidaregåande opplæring. Målet er å gjere foreldre til betre rådgivarar for elevane slik at ein på lengre sikt får redusert fråfallet i Vg1.

Direktoratet skal forvalte og vidareføre det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet, jf. kategoriinnleiinga og kap. 226.

Direktoratet skal styrkje tilsynet med grunnopplæringa gjennom å opprette ei landsdekkjande eining i direktoratet for tilsyn med privatskolar. Dermed vil ein kunne få effektivisert denne typen tilsyn, samstundes som fylkesmennene får frigjort kapasitet til ordinært tilsyn med offentlege skolar.

Direktoratet skal følgje opp resultata frå det nasjonale tilsynet våren 2008, mellom anna gjennom dialog med skoleeigarane og KS om korleis kommunane kan betre etterlevinga av regelverket.

Direktoratet skal gjennom fylkesmennene gjennomføre nasjonalt tilsyn med felles tema og metodikk våren 2009. Temaet er organisering av elevar i grupper, og skal sjåast i samanheng med kravet om tilpassa opplæring og krava til forsvarlege system. Val av tilsynsobjekt skal baserast på risikovurderingar.

I forbindelse med revidert budsjett 2008 varsla Kunnskapsdepartementet at oppgåvedelinga mellom Vox og Utdanningsdirektoratet på feltet opp-

læring for vaksne skulle bli klarare definert, og at ansvarsdelinga mellom dei to etatane skulle bli meir tydeleg, jf. Innst. S. nr. 270 (2007–2008) og St.prp. nr. 59 (2007–2008) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2008*.

Det er Utdanningsdirektoratet som skal følgje opp arbeid med den rettsbaserte grunnopplæringa for vaksne. Vox skal styrkje og fornye arbeidet for den delen av vaksnes læring som ikkje fell inn under opplæringslova. Vox og direktoratet skal samarbeide for å sikre samanhengen mellom direktoratets arbeid med grunnopplæringa etter opplæringslova og Vox sitt arbeid med opplæring utanfor det formelle systemet. Samarbeidet skal mellom anna omfatte kvalitetsutvikling, dokumentasjon og informasjonsarbeid. Sjå òg omtale under kap. 258.

Departementet meiner vidare at det er behov for å styrkje Utdanningsdirektoratet sitt arbeid retta mot grunnskole- og vidaregåande opplæring for vaksne. Direktoratet skal byggje opp eit kompetansemiljø på vaksnefeltet som samstundes har god kjennskap til grunnopplæringsfeltet generelt. Eit sentralt moment er at direktoratet skal sjå feltet grunnopplæring for vaksne i samanheng med anna arbeid med strategiar og utviklingstiltak som skal fremme kvalitet i grunnopplæringa.

Departementet ønskjer at direktoratet skal gjennomføre ei meir ambisiøs og offensiv satsing på grunnopplæring for vaksne – mellom anna på område som forvaltning av regelverket, tilsyn, dokumentasjon og analyse og realkompetansevurdering. Ei sentral oppgåve vil vere arbeid med å få fram kunnskap om korleis regelverket fungerer i praksis, mellom anna når det gjeld vaksnes rett til grunnskole, vidaregåande opplæring, realkompetansevurdering og moglegheitene for tilpassing av opplæringa innanfor ramma av læreplanane.

Budsjettforslag for 2009

For å få betre samsvar mellom løyvingar til direktoratets permanente driftsoppgåver på kap. 220 og kap. 230 og midlertidige utviklingsoppgåver på kap. 226 har departementet omdisponert midlar på desse kapitla, jf. Innst. S. nr. 270 (2007–2008) og St.prp. nr. 59 (2007–2008). Omdisponeringa gir i 2009 ein auke på kap. 220 på om lag 40 mill. kroner, men inneber ikkje ein auke av talet på tilsette i direktoratet. Midlane går mellom anna til faste driftsoppgåver knytte til læreplanforvaltning, kompetanseutviklingstiltak og IKT.

Departementet foreslår ein auke på 5 mill. kroner til å styrkje tilsynet med grunnopplæringa gjennom å opprette ei landsdekkjande eining i direktoratet for tilsyn med privatskolar.

Direktoratets leiekontraktar i Oslo går ut i 2010, og departementet har fått Stortingets samtykke til å inngå avtale om leige av lokale til direktoratet med leieutgifter utover det som kan dekkjast under kap. 220 post 01, jf. Innst. S. nr. 270 (2007–2008). Direktoratet har inngått leieavtale med Entra Eiendom AS om nytt lokale i Schweigaardsgate i Oslo.

Som følge av den nye presiseringa av oppgavedelinga mellom Vox og Utdanningsdirektoratet foreslår departementet at det over ein toårsperiode blir overført ressursar tilsvarende ni årsverk frå Vox til Utdanningsdirektoratet. Som eit første steg i denne prosessen foreslår departementet i 2009 å overføre 2,4 mill. kroner til kap. 220 frå kap. 256 Vox - Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet. Ein tek sikte på at den resterande delen av ressursane skal overførast i 2010. Overføringa skal gjennomførast i dialog mellom dei to verksemdene og departementet, og i samsvar med Hovudavtalen i staten.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan nyttast under post 70, og post 70 Tilskott til læremiddel o.a., kan overførast, kan nyttast under post 21

Løyvinga på postane 21 og 70 skal mellom anna medverke til at det blir utvikla og produsert læremiddel der det ikkje er grunnlag for kommersiell produksjon. Dette kan omfatte læremiddel for smale fag og/eller små elevgrupper, særskilt tilrettelagde læremiddel og læremiddel for språklege minoritetar.

Rapport for 2007–08

Det er gitt tilskott til produksjon av læremiddel for Vg2 og Vg3 (basis-, parallell- og fellesspråklege

utgivingar) innanfor yrkesfaglege og studieførebuande utdanningsprogram. Eit pilotprosjekt knytt til utvikling av eit nettbasert læremiddel innanfor utdanningsprogrammet for design og handverk er ferdig. Læremiddelet har overføringsverdi til læremiddelutvikling generelt, særleg for yrkesfag. Det er gitt støtte til multifunksjonelle læremiddel for grunnskolen, læremiddel for hørselshemma og læremiddel for synshemma. I 2008 vart prosjekt i ulike fag tilknytte læreplanar for grunnskolen ferdigstilte. Det er òg gitt tilskott til m.a. læremiddel i grunnleggjande norsk og morsmål, og til tospråkleg fagopplæring for elevlar frå språklege minoritetar. Læremidla skal i den grad det er mogleg ha universell utforming og ta i vare det fleirkulturelle perspektivet. Det er utvikla både trykte og digitale læremiddel innanfor alle områda. Det nordiske ordbokprosjektet LEXIN-N er ført vidare.

Behovet for læremiddel som det ikkje er kommersielt grunnlag for å produsere, er kartlagt gjennom samarbeid med faggrupper, fagmiljø, forlag og brukarar. For særskilt tilrettelagde læremiddel har firmaet Oxford Research AS også kartlagt behovet i ei systematisk undersøking. Ut frå desse kartleggingane er det utforma prioriteringar.

Det er utvikla ein plan for læremiddelarbeid for perioden 2008–11. Samarbeid med rådgivande utval for læremiddelspørsmål og faggrupper knytte til ulike målgrupper og fagområde er ført vidare.

Budsjettforslag for 2009

Departementet foreslår at løyvinga på kap. 220 postane 21 og 70 blir ført vidare på same nivå som i 2008.

Kap. 3220 Utdanningsdirektoratet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Inntekter frå oppdrag	8 718	5 254	5 485
02	Salsinntekter o.a.	12 340	12 560	6 431
16	Refusjon av foreldrepengar	2 483		
18	Refusjon av sjukepengar	4 424		
	Sum kap. 3220	27 965	17 814	11 916

Inntektene gjeld oppdragsverksemd, salsinntekter og refusjonar.

Kap. 221 Foreldreutvalet for grunnsopplæringa

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Driftsutgifter		8 371	8 777
	Sum kap. 221		8 371	8 777

Løyvinga gjeld drift av Foreldreutvalet for grunnsopplæringa (FUG). FUG er eit sjølvstendig rådgivande organ for departementet i saker om samarbeid mellom skole og heim. FUG skal arbeide for godt samarbeid mellom skole og heim, og skal ta i vare interessene til foreldra i skolesamheng.

Nytt utval med funksjonstid frå og med 2008 til 2011 vart oppnemnd av Kongen i statsråd 11. januar 2008.

Frå 1. januar 2009 blir FUGs mandat utvida til også å gjelde for det første året i vidaregåande opplæring. Dette medfører ei namneendring frå tidlegare Foreldreutvalet for grunnskolen.

I samband med at Utdanningsdirektoratet får ny lokaler i Oslo i 2009, tek departementet sikte på ei samlokalisering for FUGs sekretariat. Dette vil ikkje påverke FUGs uavhengige stilling som rådgivande organ.

Rapport for 2007–08

FUG har i si rolle som rådgivande organ for departementet gitt innspel til aktuelle saker, særleg i samband med Kunnskapsløftet, oppfølginga av St.meld. nr. 16 (2006–2007) *...og ingen sto igjen* og St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen*.

FUG har arbeidd for at alle foreldre skal engasjere seg i opplæringa, uavhengig av sosial bakgrunn, mellom anna ved å spreie kunnskap om samanhengen mellom foreldrestøtte og motivasjonen til elevane.

FUG har prioritert å gi informasjon og rettleiing, særleg retta mot tillitsvalde foreldre i foreldrearbeidsutval på skolane.

FUG har satsa særleg på å styrkje samarbeidet mellom skole og heim i samband med overgangen frå barnetrinnet til ungdomstrinnet.

Mange enkeltforeldre har teke direkte kontakt med FUG om ulike spørsmål, og FUG har systematisert spørsmåla og teke dette opp med KS, slik at KS kan bruke materialet i dialogen med skoleeigarane. FUG har teke opp med KS spørsmål om elev-

anes arbeidsmiljø og kommunanes manglande oppfølging av kap. 9a i opplæringslova.

FUG har samarbeidd med Utdanningsdirektoratet om satsinga på leksehjelp og oppfølging av nasjonale strategiplanar, inkludert *Manifest mot mobbing*. I samband med dette har FUG saman med Utdanningsforbundet utvikla kurset *Den utfordrande samtalen* og informasjonsmateriell til lærarar og foreldre. I oppfølginga av strategiplanen *Likeverdig opplæring i praksis* har FUG gitt støtte til vidareutvikling av Minoritetsspråklige ressursnettverk (MiR), revidering og vidareutvikling av brosjyremateriell og evaluering og forskning.

Mål for 2009

Samarbeidet mellom heim og skole skal komme alle elevar til gode, slik at dei får eit best mogleg utbytte av opplæringa. Eit godt samarbeid kan medverke til å jamne ut sosiale forskjellar mellom elevar.

Som eit ledd i innsatsen mot fråfall i vidaregåande opplæring er FUGs mandat utvida frå 1. januar 2009. Utvidinga av FUGs mandat skal medverke til å gjere foreldre til betre rådgivarar for barna sine i overgangen frå ungdomsskole til vidaregåande opplæring, og slik bidra til å hindre fråfall.

FUG skal i 2009:

- medverke til å auke elevane sitt læringsutbytte gjennom eit godt samarbeid mellom heim og skole
- medverke til å auke kompetansen i heim-skole-samarbeid for dei tilsette i skolen
- medverke til å få fleire foreldre engasjerte i opplæringa

Budsjettforslag for 2009

Løyvinga under kapitlet blir ført vidare på same nivå som i 2008. Løyvinga på post 01 kan overskriddast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3221 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3221 Foreldreutvalet for grunnopplæringa

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
02	Salsinntekter o.a.		264	276
	Sum kap. 3221		264	276

Inntektene på post 02 kjem frå sal av informasjons- og rettleiingsmateriell til mellom anna foreldre og skolar.

Kap. 222 Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Driftsutgifter	117 879	114 252	120 104
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	1 129	4 292	4 468
	Sum kap. 222	119 008	118 544	124 572

Kapitlet omfattar mellom anna:

- drift av skole og internat ved Sameskolen i Midt-Noreg, Hattfjelldal
- undervisnings- og internattenester ved dei kommunale sameskolane i Snåsa og Målselv
- drift av Samisk vidaregåande skole i Karasjok og Samisk vidaregåande skole og reindriftsskole i Kautokeino
- drift og vedlikehald av Veia – Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar
- lønn etter rettsvilkårsavtalen for personale ved nedlagde statlege skolar og ventelønn for personale frå avvikla statsinternat i Finnmark

Grunnskolar for samiske elevar

Sameskolen i Midt-Noreg i Hattfjelldal hadde skoleåret 2007–08 ti elevar. 24 elevar nytta tilbodet om fjernundervisning i sørsamisk. Av desse deltok elleve elevar pluss 14 andre på integreringstilbodet.

Sameskolane i Snåsa og Troms er kommunale, og staten ved Utdanningsdirektoratet kjøper tenester av vertskommunen. Skoleåret 2007–08 hadde skolen i Snåsa 21 faste elevar. 17 elevar fekk fjernundervisning i sørsamisk. Skolen i Målselv hadde tolv elevar. Ni elevar fekk fjernundervisning i nord-samisk.

Departementet arbeider med ein samla plan for fjernundervisning i dei tre samiske språka nord-, sør- og lulesamisk.

Dei samiske grunnskolane skal bidra til at samiske elevar i Noreg får best mogleg opplæring i samisk språk og kultur.

Samiske vidaregåande skolar

Skoleåret 2007–08 hadde Samisk vidaregåande skole i Karasjok 118 elevar mot 104 elevar året før. Samisk vidaregåande skole og reindriftsskole i Kautokeino hadde 83 elevar mot 92 elevar året før.

Sommaren 2007 vart det lagd fram ein rapport frå ei arbeidsgruppe med oppdrag om å greie ut framtidig forvaltningsmodell for dei samiske vidaregåande skolane. I rapporten gjekk arbeidsgruppa samrøystes inn for å starte forhandlingar med fylkeskommunen om forvaltning av skolane. Sametinget handsama rapporten i plenum i februar 2008 og gjorde vedtak om å setje i verk eit utgreiingsarbeid om oppretting av eit forvaltningsorgan under Sametinget for å setje Sametinget i stand til å ta over forvaltningsansvaret for skolane. Departementet vil i samanheng med Sametingets utgreiing sjå på konsekvensar for tilsyn og opplæringslova, samt dei andre framlegga i arbeidsgruppas tilrådingar.

Dei samiske vidaregåande skolane skal i 2009 bidra til at ungdom i Noreg får eit godt tilbod om opplæring i samisk språk, kultur og samisk yrkesfagleg utdanning. Tilbodet skal også omfatte fjernundervisning i samiske fag.

Skolane skal halde oppe og vidareutvikle ordninga med vertsfamilie for tilreisande elevar.

Vea – Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar

Skolen hadde i skoleåret 2006–07 47 elevar/studentar på heiltidstilbod for blomsterdekoratørar. 24 elevar/studentar deltok på deltidstilbod i gartnarutdanninga. I tillegg kjem deltakarar på ulike korte kurs.

Skolen satsar på internasjonalt samarbeid, og har i 2007 fortsett med utveksling av elevar, lærarar og instruktørar. Skolen er eit hovudsenter for *Flornet*, eit internasjonalt samarbeidsprogram for blomsterdekoratørutdanning som omfattar 24 utdanningsinstitusjonar i 17 land.

Skolen har no tre ulike fagskoletilbod: eittårig botanisk design, toårig grønn fagskole samt park og hagedrift, som er eit treårig nettstøtta deltidsstudium. Skolen kan framleis gi vidaregåande tilbod for elevar frå ulike fylke når fylkeskommunen betaler for det, jf. kap. 3222 post 61, men ønskjer å

trappe ned det vidaregåande tilbodet og satsar på utvikling av reine fagskoletilbod.

Kompetanseutviklingsprogrammet for dei tilsette som starta hausten 2005 med sikte på fagskoletutdanning, skal halde fram i 2009.

Skolen er i ein omstillingsfase, og det er viktig å etablere ein fagskole med eit fagleg tilbod av høg kvalitet. Skolen skal i 2009 arbeide for å auke studenttalet gjennom fleksible og tilpassa studieopplegg. Skolen skal òg utvikle fagleg samarbeid med nasjonale og internasjonale miljø, og skape ein betre læringsarena for elevar og tilsette gjennom å bygge nytt bibliotek.

Budsjettforslag for 2009

Regjeringa foreslår meir tid til fysisk aktivitet i grunnskolen, og å gi forsterka opplæring i norsk og matematikk for elevar på 1.–4. trinn frå hausten 2009. Løyvinga til Sameskolen i Midt-Noreg er auka i samsvar med dette. Dei to samiske vidaregåande skolane får midlar til gratis læremiddel i Vg1. Elles blir løyvinga ført vidare på same nivå som i 2008.

Kap. 3222 Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
02	Salsinntekter o.a.	8 209	5 336	5 571
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	11		
16	Refusjon av foreldrepengar	142		
18	Refusjon av sjukepengar	1 075		
61	Refusjon frå fylkeskommunar	2 146	1 435	1 498
	Sum kap. 3222	11 583	6 771	7 069

Post 02 gjeld inntekter frå mellom anna kurs og vaksenopplæring, sal frå kantine, hybelutleige og betaling frå heimeskolane for fjernundervisning.

Post 61 gjeld betaling frå fylkeskommunar for kjøp av opplæringsplassar ved Vea – Statens fagskole for gartnarar og blomsterdekoratørar.

Kap. 223 Samisk utdanningsadministrasjon

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
50	Tilskott til Sametinget		31 887	33 290
	Sum kap. 223		31 887	33 290

Kapitlet omfatter:

- tilskott til drift av Sametingets administrasjon av samisk opplæring
- tilskott til utvikling og produksjon av læremiddel for samiske elevar, medrekna spesialpedagogiske læremiddel
- tilskott til læreplanarbeid og -utvikling
- tilskott til råd og rettleiing til lærarar som gir opplæring til samiske elevar i barnehage, grunnskole og vidaregåande opplæring

Rapport for 2007–08

I 2007 vart det ferdigstilt i alt 40 læremiddel, av desse er sju digitale, resten er bøker eller temahefte. Åtte av læremidla er på sørsamisk, to på lulesamisk og resten på nordsamisk. I 2007 er det tildelt løyvingar til 48 prosjekt, fordelte på 14 digitale og 34 trykte læremiddel. Av dei 48 er 40 for grunnsopplæringa og åtte for barnehagane. Det er sett i gang sju prosjekt på sørsamisk og fem på lulesamisk, resten er på nordsamisk. I to av dei lulesamiske prosjekta skal det utviklast læremiddel for fleire årstrinn, i alt sju nivå i samisk som andrespråk. I eit av dei sørsamiske prosjekta skal det utviklast læremiddel for fire nivå i samisk som andrespråk. Det største prosjektet i nordsamisk er utvikling av lærebøker og nettressursar for 5.–10. trinn og for Vg1 og Vg2.

På oppdrag frå Sametinget utførte Finnnot AS i 2007 ei evaluering av tilskottsordninga for samisk læremiddelutvikling for perioden 2000–05. Evalueringa viser mellom anna at det er vanskar knytte til å ferdigstille læremiddel som det er avsett midlar til. Dette skyldast mellom anna manglande kapasitet i dei samiske forlaga og mangel på lærebokforfattarar.

Med utgangspunkt i evalueringsrapporten bad Kunnskapsdepartementet Sametinget om oversikt over og vurdering av bruken av midlane til utvikling og produksjon av samiske læremiddel i dei siste åra. Tilbakemeldinga frå Sametinget viser at tildelinga har vore mellom 12 og 15 mill. kroner årleg i dei siste fire åra, og at det er sett i gang ei rekkje prosjekt. Oversikten viser at Sametinget har betydelege avsetjingar til ferdigstilling av prosjekt. Sametinget hadde per 30. juni 2008 sett av om lag 20 mill. kroner av tidlegare løyvingar til pågåande læremiddelprosjekt. Årsakene til at løyvingar ikkje er vortne brukte, er mellom anna at prosjekt sette i gang i perioden 2004–07 er vortne forseinka. Sametinget peikar på det problematiske ved at tilsegner om prosjektstønad i utgangspunktet gjeld for to år, men at ferdigstillinga av læremiddel i gjennomsnitt tek nærmare tre år. Sametinget seier at det er ei stor utfordring å auke produktiviteten og produk-

sjonstida for samiske læremiddel. Basert på evalueringsrapporten har Sametinget utarbeidd ein ny strategisk plan for læremiddelutvikling for perioden 2009–12. Hovudmålet er å få effektivitet og stabilitet i utvikling, produksjon og distribusjon av læremiddel. Planen legg mellom anna opp til gratis samiske læremiddel for skolane, betre lønn for læremiddelforfattarar og endring av innretninga av tilskott til samiske forlag. Gjennom mellom anna endra ordningar for tilskott til forfattarar og forlag vil ein søkje å redusere produksjonstida.

Sjølv om det tek tid å utvikle og produsere læremiddel, og derfor kan vere nødvendig å setje av midlar frå det eine året til det andre for å ferdigstille prosjekt, finn departementet det alvorleg at store summar blir ståande som avsetjing. Departementet ser òg med bekymring på at elevane ikkje får nødvendige læremiddel, samstundes som det blir akkumulert midlar til utvikling og produksjon av læremiddel. Hausten 2008 vil det liggje føre ei kartlegging over kva for læremiddel som finst og kan nyttast under Kunnskapsløftet, og over kva for læremiddel det er behov for i skoleåret 2008–09. Det har òg vore drøftingar mellom Sametinget, departementet og andre involverte om at det finst store lager av læremiddel, og korleis desse læremidla kan distribuerast til skolane. På bestilling frå kommunane sender Sametinget gratis ut dei læremidla dei har på lager. Ein søkjer å finne gode løysingar på korleis forlagas læremiddellager kan komme til nytte for skolane.

Sametinget har vedteke det samiske innhaldet i dei nasjonale læreplanane i grunnsopplæringa. Det er viktig å styrkje kunnskapen om samisk språk og kultur i norsk skole. For å møte denne oppfordringa har departementet ved Utdanningsdirektoratet og i samarbeid med Samisk høyskole utarbeidd heftet *Gávnos*, som er eit fagleg ressurshefte for lærarar, jf. www.skolenettet.no/gavnos.

I samarbeid med Sametinget og Utdanningsdirektoratet har departementet ført vidare arbeidet med og tilrettelegginga av læreplanar tilpassa Kunnskapsløftet og Kunnskapsløftet – Samisk. Alle planane er publiserte på www.udir.no.

Sametinget har i samarbeid med fylkesmennene i Finnmark, Troms og Nordland utarbeidd informasjonsheftet *Samiskopplæring i grunnsopplæringa – Kunnskapsløftet*. I heftet blir det gitt informasjon om retten til opplæring i samisk, rutinar for søknad om timar til samisk opplæring, alternative opplæringsformer og om læreplanane.

Mål for 2009

I St.meld. nr. 28 (2007–2008) *Samepolitikken* er det lagt opp til ei rekkje tiltak for å styrkje samiskopp-

læringa. Det skal mellom anna opprettast ei arbeidsgruppe som skal utarbeide ein plan for utvikling av samiske læremiddel for grunnopplæringa. Gruppa skal òg sjå på om norske læremiddel kan omsetjast og tilpassast Kunnskapsløftet – Samisk. Departementet vil ta initiativ til å få oversikt over trykte og digitale samiske læremiddel.

For å hindre at avsetjingane til påfølgjande rekneskapsår blir for høge, er det viktig at læremiddel blir ferdigstilte raskare. Disponeringa av ressursar til læremiddel må tilpassast kapasiteten i den samla marknaden for produksjon av samiske læremiddel. Det kan mellom anna vurderast å omsetje fleire norskspråklege læremiddel.

I St.meld. nr. 23 (2007–2008) *Språk bygger broer* står det at departementet i samråd med Sametinget vil vurdere om ansvaret for utvikling av samiske læremiddel bør leggjast til Utdanningsdirektoratet. Etter nærmare vurdering og konsultasjon med Sametinget har ein komme til at Sametinget framleis bør ha dette ansvaret. Ein bør likevel sjå på korleis ein gjennom styrkt samarbeid kan auke produksjonen og redusere produksjonstida slik at dei samiske elevane raskare får best moglege læremiddel tilpassa Kunnskapsløftet – Samisk.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2008.

Kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Driftsutgifter	125 251	122 738	136 690
60	Tilskott til landslinjer	150 055	156 405	163 287
62	Tilskott til digitale læremiddel i vidaregåande opplæring	28 840		
63	Tilskott til samisk i grunnopplæringa, <i>kan overførast</i>	41 998	51 196	47 505
64	Tilskott til opplæring av barn og unge asylsøkjjarar	59 200	60 867	173 379
65	Tilskott til opplæring for språklege minoritetar i vidaregåande opplæring	29 880	31 135	
66	Tilskott til leirskoleopplæring	34 821	37 285	38 926
67	Tilskott til opplæring i finsk	7 856	10 566	8 973
68	Tilskott til opplæring i kriminalomsorga	161 860	175 611	183 338
69	Kompensasjon for investeringskostnader ved grunnskolereforma	324 657	324 032	333 695
70	Tilskott til opplæring av lærlingar og lærekandidatar med særskilde behov	6 277	8 331	8 698
71	Tilskott til utvikling av musikk- og kulturskolane	8 377	10 237	9 121
72	Tilskott til internasjonale utdanningsprogram	3 267	3 810	3 310
73	Tilskott til studieopphald i utlandet	8 393	8 759	9 144
74	Tilskott til organisasjonar	9 630	10 946	11 428
	Sum kap. 225	1 000 362	1 011 918	1 127 494

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga gjeld avgangsprøva i grunnskolen, sentralt gitt skriftleg eksamen i vidaregåande opplæring og den sentralt gitte delen av fag- og sveinprøva innanfor yrkesfaga.

Løyvinga har finansiert arbeid knytt til utarbeiding og gjennomføring av sentralt gitt eksamen i

grunnskolen og i vidaregåande opplæring og utvikling av eksamen innanfor Kunnskapsløftet. Kunnskapsløftet er innført i grunnskolen, medan det i vidaregåande opplæring er gitt eksamen i samsvar med læreplanane både for Kunnskapsløftet og Reform 94. Siste ordinære eksamen i samsvar med læreplanen for Reform 94 var våren 2008.

Løyvinga har òg finansiert utarbeiding av eksempeloppgåver for eksamen i samsvar med læreplanane for Kunnskapsløftet, vurderingsrettleggingar, skoloring av fagnemnder, gjennomføring av førehandssensur og sentral sensur, klagebehandling og skoloring av sensorar.

Våren 2008 var 62 000 elevar oppe til eksamen i grunnskolen. I vidaregåande opplæring var det 178 000 avlagde eksamenar. Utdanningsdirektoratet organiserte og administrerte 350 fagnemnder med til saman over 800 medlemmer. Det vart utarbeidd totalt 471 oppgåvesett våren 2008, og 2 200 sensorar deltok i vurderingsarbeidet.

Delar av løyvinga har vore nytta til utvikling av Prøvegjenomføringssystemet (PGS). Det er sett i gang eit forskingsoppdrag som omfattar kartlegging og vurdering av dei nye eksamensformene innanfor Kunnskapsløftet, jf. kap. 226.

Det vil bli utarbeidd og gjennomført eksamen i grunnskolen og i vidaregåande opplæring våren 2009 etter læreplanane innanfor Kunnskapsløftet, og sentralt gitt skriftleg eksamen for privatistar i vidaregåande opplæring etter nokre læreplanar for Reform 94, samt den sentralt gitte delen av fag- og sveineprøva innanfor yrkesfaga. Det skal utarbeidast eksamensoppgåver for grunnskoleopplæring for vaksne både etter Kunnskapsløftet og Reform 94.

Departementet foreslår å auke posten med 7 mill. kroner i 2009 for å dekkje kostnadene ved eksamensavvikling både etter gamle læreplanar og etter nye læreplanar innanfor Kunnskapsløftet.

Post 60 Tilskott til landslinjer

Målet med tilskottsordninga er å medverke til å gi elevar frå heile landet eit nasjonalt tilbod i små og/eller kostbare kurs i vidaregåande opplæring.

I skoleåret 2007–08 var kapasiteten ved landslinjene på 1 370 heilårselevplassar. Kapasitetsutnyttinga samla for alle landslinjene var på om lag 82 pst.

Departementet har fastsett nye satsar for fleire av landslinjene. Følgjande landslinjer fekk auka sats frå og med hausten 2008: yrkessjåfør, flyfaga, romteknologi, skiidrett, folkemusikk og sportsfiske. I tillegg vart ur- og instrumentmakarlinja i Kongsberg godkjend som landslinje frå hausten 2008. Satsane til landslinjene var som følgjer hausten 2008:

Tabell 4.1 Landslinjesatsar per elev per år

Landslinje	Sats
Skiidrettar	60 000
Folkemusikk	75 000
Økologisk landbruk	123 119
Anleggsfag	106 000
Flyfag/ avionikk/ romteknologi	100 000
Yrkessjåfør	110 000
Sportsfiske	60 000
Vg2 Ur- og instrumentmakar	100 000

Departementet foreslår å vidareføre løyvinga på same nivå som i 2008.

Post 63 Tilskott til samisk i grunnopplæringa, kan overførast

Under denne posten er det tre tilskottsordningar: ei ordning for grunnskolen, ei for den vidaregåande opplæringa og ei ordning for samiske studieheimlar i det samiske utdanningsområdet.

Målet med tilskottsordninga er å medverke til finansiering slik at det blir gitt opplæring i samisk for samiske elevar i grunnskolen i samsvar med rettane slik dei går fram av § 6-2 i opplæringslova og i vidaregåande opplæring i samsvar med rettane slik det går fram av § 6-3 i opplæringslova. Tilskottet går òg til å styrkje kompetansen til lærarane i samisk.

I skoleåret 2007–08 fekk 2 538 elevar i grunnskolen opplæring i samisk, mot 2 672 elevar per 1. oktober 2006. Dette er ein nedgang på 134 elevar og tilsvarer ein reduksjon på om lag 5 pst. frå skoleåret 2006–07. Talet på studieheimlar har vore på om lag same nivå i dei siste åra.

Våren 2008 fekk i alt 288 elevar/lærlingar opplæring i samisk i vidaregåande opplæring ved fylkeskommunale skolar. Dette er ein liten auke i høve til 2007, da 285 elevar/lærlingar fekk opplæring i samisk.

Prognosen for 2009 viser at færre elevar vel samisk i grunnskolen, og posten blir derfor redusert tilsvarande. Departementet foreslår ei samla løyving på 47,5 mill. kroner på posten.

Post 64 Tilskott til opplæring av barn og unge asylsøkjjarar

Målet med tilskottsordninga er å medverke til finansiering slik at barn og unge asylsøkjjarar får grunnskoleopplæring så snart som mogleg etter at

dei har komme til landet. Ordninga omfattar barn og unge i statlege asylmottak og omsorgssenter.

Talet på asylsøkjamar varierer mykje frå år til år. I 2009 er det venta ein auke. Det er forventet eit gjennomsnittleg belegg ved mottak og omsorgssenter på om lag 15 000 personar.

Departementet foreslår ei samla løyving på om lag 173,4 mill. kroner på posten i 2009.

Post 65 Tilskott til opplæring for språklege minoritetar i vidaregåande opplæring

Målet med tilskottsordninga har vore å medverke til at det blir gitt ekstra språkopplæring for elevar og lærlingar med språkleg minoritetsbakgrunn i vidaregåande opplæring.

Elevane får ekstra språkopplæringa i ein overgangsperiode til dei har tilstrekkeleg kunnskap i norsk til å følgje ordinær opplæring. Våren 2008 vart det utbetalt tilskott for 6 170 minoritetsspråklege elevar og lærlingar, derav 6 103 elevar/lærlingar i fylkeskommunale skolar og 67 elevar/lærlingar i private skolar. I 2007 vart det utbetalt tilskott for totalt 6 171 elevar og lærlingar. I 2007 vart i overkant av ein pst. av tilskottet løyvd til private skolar.

I Ot.prp. nr. 40 (2007–2008) vart det lagt fram forslag om enkelte endringar i opplæringslova og privatskolelova der blant anna minoritetsspråklege elevar i vidaregåande opplæring blir gitt rett til særskild språkopplæring. Stortinget har vedteke forslaget med verknad frå 1. august 2008, jf. Innst. O. nr. 51 (2007–2008). Fylkeskommunane har med dette ei plikt til å oppfylle denne retten.

Som varsla i St.prp. nr. 57 (2007–2008) foreslår Regjeringa at det øyremerkte tilskottet til opplæring av språklege minoritetar i vidaregåande opplæring blir innlemma i rammetilskottet til fylkeskommunane, kap. 572 post 60. Tilskottet blir fordelt etter rekneskapstal for 2007 og blir innlemma i rammetilskottet med ei overgangsordning.

Departementet foreslår at 32,5 mill. kroner på kap. 225 post 65 blir overført til kap. 572 post 60.

Post 66 Tilskott til leirskoleopplæring

Målet med tilskottsordninga er å stimulere kommunane til å gi alle elevar eitt leirskoleopphald i løpet av skoletida.

Tal frå Grunnskolens informasjonssystem (GSI) per 1. oktober 2007 viste at 65 110 elevar, av totalt 619 322 grunnskoleelevar, planla å reise på leirskole skoleåret 2007–08. Dette utgjer om lag 10,5 pst. av alle elevar i grunnskolen, noko som skulle tyde på at dei aller fleste elevane i grunnsko-

len får tilbod om leirskoleopphald i løpet av grunnskolen.

Departementet foreslår at løyvinga i statsbudsjettet for 2009 blir ført vidare på same nivå som i 2008.

Post 67 Tilskott til opplæring i finsk

Under denne posten er det tre tilskottsordningar: ei for grunnskolen, ei for vidaregåande opplæring og ei ordning for finske studieheimlar i grunnskolen.

Målet med tilskottet til grunnopplæringa er å medverke til finansiering slik at det blir gitt opplæring i finsk i samsvar med dei rettane som går fram av § 2-7 i opplæringslova, og at det blir gitt opplæring i finsk i vidaregåande opplæring for elevar og lærlingar med finsk bakgrunn. Tilskottet skal òg medverke til å styrkje kompetansen i finsk for lærarar i grunnskolen.

I skoleåret 2007–08 fekk 840 elevar i grunnskolen opplæring i finsk. Dette utgjer ein nedgang på 54 elevar, som tilsvarer seks pst. Våren 2008 fekk 26 elevar og lærlingar i fylkeskommunale skolar opplæring i finsk. Talet for 2007 var 24 elevar.

Prognosen for 2009 viser at elevtalet i grunnskolen blir redusert, og departementet foreslår at løyvinga på posten blir redusert tilsvarende. Samla løyving på posten blir om lag 9 mill. kroner.

Post 68 Tilskott til opplæring i kriminalomsorga

Målet med tilskottsordninga er å medverke til finansiering slik at det blir gitt opplæring på grunnskolenivå til innsette eller frisettede som ikkje har fullført grunnskolen, og vidaregåande opplæring til innsette eller frisettede som har rett til utdanning, og som ønskjer det.

Fordi mange har kort soningstid, eller sit i varetekt, er ofte formalkompetansegivande kurs i høve til læreplanar ikkje eit reelt tilbod. For å motivere flest mogleg til å ta opplæring, og for at slike fangegrupper skal ha eit opplæringstilbod, er det også ei målsetjing at det blir gitt kurs som er arbeidskvalifiserande, men ikkje formelt kompetansegivande.

Rapport for 2007–08

Frå 2005 til 2007 har budsjettet for opplæring innfor kriminalomsorga auka frå 107,3 mill. kroner til 160,9 mill. kroner. Styrkinga av budsjettet har ført til at det er starta opplæringstilbod ved 15 nye fengsel i denne perioden, og fleire fengsel har utvida skoletilbodet som følgje av auka soningska-

pasitet i dei seinare åra. I 2008 vil det bli gitt opplæringstilbod ved alle anstaltar i Noreg.

Det var 5 526 personar, 5 225 i fengsel og 301 i oppfølgingsklassar, som tok del i ei eller anna form for opplæring i løpet av 2007. Litt færre enn før tok ei eller anna form for eksamen, 644 i 2007 mot 688 i 2006. Det var ein auke i talet på elevar som tok ikkje-kompetansegivande kurs, frå 1 548 elevar i 2006 til 2 233 elevar i 2007. Det har også vore stor auke i talet på lærarar.

Utdanningsdirektoratet er delegert ansvaret for å følgje opp utviklinga av opplæringstilbodet i kriminalomsorga. Fylkesmannen i Hordaland har nasjonale koordineringsoppgåver på dette området.

Digital kompetanse er ein av dei fem basisdugleikane i dei nye læreplanane, og det er viktig å få til ei fullgod opplæring på dette området i kriminalomsorga. Det er i samarbeid med Justisdepartementet lagt ein plan for bruk av IKT/Internett i opplæringa i kriminalomsorga som sikrar både dei pedagogiske og tryggingmessige løysingane. For å få fleire og meir fleksible opplæringstilbod er det sett i gang eit prosjekt om fjernundervisning / nettstøtta læring.

Departementet foreslår å vidareføre løyvinga på posten på same nivå som i 2008.

Post 69 Kompensasjon for investeringskostnader ved grunnskolereforma

Målet med tilskottsordninga er å kompensere kommunane for meirutgifter til investeringar i skolebygg i samband med skolestart for seksåringar. Den samla investeringsramma var fastsett til 5 182,9 mill. kroner.

Investeringsknytte til inventar vart nedbetalt ved utgangen av 2007. Ordninga med kompensasjon for investeringar i skolebygg held fram til 2017. Per 31. desember 2008 er samla restgjeld på 1 822,4 mill. kroner, og per 31. desember 2009 vil restgjelda vere på 1 610,1 mill. kroner.

Investeringskompensasjonen er basert på den effektive renta på ni månaders statskassevekslar per 1. juli kvart år, med ein margin på 0,5 prosentpoeng. I 2008 var rentesatsen for ordninga 5,49 pst., og for 2009 er han fastsett til 6,66 pst. På grunn av endringa i rentesatsen foreslår departementet at løyvinga på posten blir auka med 9,7 mill. kroner i 2009 i høve til saldert budsjett for 2008.

Post 70 Tilskott til opplæring av lærlingar og lære kandidat ar med særskilde behov

Målet med tilskottsordninga er å stimulere lærebedrifter til å gi lærlingar og lære kandidat ar med særskilde behov høve til å oppnå ei fagutdanning eller delar av ei fagutdanning. I tillegg skal tilskottsordninga stimulere lærebedrifter til å gi kandidat ar høve til å oppnå praksisbrev. Dette skal bidra til å styrkje ungdommens høve til å jobbe i det ordinære arbeidslivet.

I 2007 vart det gitt tilskott til 92 lærebedrifter. I november 2007 vart ordninga utvida til også å gjelde for lære kandidat ar og praksiskandidat ar, i tillegg til lærlingar.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2008.

Post 71 Tilskott til utvikling av musikk- og kulturskolane

Målet med tilskottsordninga er å bidra til å utvikle musikk- og kulturskoletilbodet i kommunane ved å stimulere til aktivitet og utvikling av gode modellar for innhald, organisering og samarbeid lokalt.

I 2007 vart det gitt tilskott til store regionale nettverksprogram som *Kreativt oppvekstmiljø (KOM!)* og *Kulturskolefokus* i totalt 13 fylke og 140 kommunar. Andre tiltak var *Kulturskoledagene 2007* med 350 deltakarar, IKT-utviklings- og informasjonsarbeid, *Norsk Ungdomssymfoniorkester* i samband med TV-programmet *Godt Musikkår*, fylkesutstillingar innanfor visuelle kunsthøgskule, webbasert etterutdanningstilbod i musikkteknologi og *Ungdommens Musikkmeisterskap*. Midlane har òg vorte brukte til fagkoordinatorar innanfor kunsthøgskule og arbeid med *Den kulturelle skolesekken*. Lokale utviklingsmidlar vart fordelte til 48 kommunar.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 1,5 mill. kroner og føre vidare nivået på posten i høve til 2007-nivå.

Post 72 Tilskott til internasjonale utdanningsprogram

Gjennom EØS-avtalen deltek Noreg i alle EU-programma på området utdanning og opplæring. Tilskottet til Det europeiske ungdomsparlamentet (EUP) skal dekkje utgifter til deltaking i EUP og drift av ein nasjonal komité. Ein del av utgiftene er forbundne med informasjon om EUP, uttak av deltakarskolar og deltaking i nasjonale eller internasjonale sesjonar i EUP.

Hovudformålet for samarbeidsaktivitetane er å utvikle kvaliteten, den interkulturelle dialogen og

den europeiske dimensjonen i utdanningssystema i deltakarlanda.

Departementet foreslår at løyvinga blir redusert med 0,5 mill. kroner i 2009.

Post 73 Tilskott til studieopphald i utlandet

Målet med tilskottsordninga er å leggje til rette for at norsk ungdom kan få skolegang og studieopphald i utlandet. Dette skal gi dei betre kunnskap om kultur og språk i andre land, og auka forståing for deira eigen og andres identitet. I tillegg skal ordninga gi norske fransklærarar høve til fagleg og kulturell oppdatering.

Franske lycée

Det er høve til å ta treårig vidaregåande utdanning (lycée) og fransk baccalauréat i Rouen, Bayeux og Lyon. I tillegg er det mogleg å ta eittårig utdanning tilsvarende Vg1 utdanningsprogram for studiespesialisering og toårig utdanning innanfor faga kokk, servitør og akvakultur. Hausten 2007 gjekk det 41 jenter og 20 gutar på dei treårige franske lycéa. Det kom inn 51 nye søknader for hausten 2007, og 21 jenter og 14 gutar fekk plass. Noreg har kvart år høve til å sende 22 elevar per årskull til dei tre skolane.

Tyske stipend

Kvart år tilbyr tyske styresmakter ein del stipend til å delta på kurs i Tyskland. I 2007 vart det gitt tyske stipend til tolv jenter og fem gutar.

United World Colleges (UWC)

Norske ungdommar kan få plass ved ein av ti skolar der utdanninga tilsvarende dei to siste åra på vida-

regåande skole. Elevane får Internasjonal Baccalaureat (IB) etter ferdig skolegang. Hausten 2007 gjekk 46 jenter og 29 gutar på UWC fordelt på to årskull. Det kom inn 118 nye søknader for hausten 2007, og 20 jenter og 18 gutar fekk plass. Noreg har kvart år høve til å sende 38 elevar per årskull til skolane.

Trollstipend

Stipenda skal brukast til studieopphald i Frankrike og skal gå til norske fransklærarar, elevar i grunnskolen og elevar i den vidaregåande skolen. I 2007 vart individuelle Trollstipend gitt til 36 lærarar. 607 elevar frå grunnskolen og vidaregåande skolar reiste saman med 54 lærarar på studieopphald og skoleutveksling med støtte frå Trollmidlar.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2008.

Post 74 Tilskott til organisasjonar

Målet med tilskottsordninga er å stimulere offentlege og frivillige organisasjonar til å setje i verk tiltak, som på ulike måtar medverkar til kvalitetsutvikling og betre læringsmiljø i grunnopplæringa.

I 2008 er det gitt tilskott til Norsk Kulturskoleråd, Det Norske Hageselskap, Landslaget for nærmiljøskolen, Noregs Mållag, Rådet for folke- musikk og folkedans, Kristent pedagogisk forbund, Dissimilis kultur- og kompetansesenter, Norsk Handverksutvikling, International Baccalaureate Organization, Elevorganisasjonen, Landslaget for Norskundervisning, Friluftsrådets Landsforbund, Foreningen Norden, Magasinett og PIRION og Landslaget for fysisk fostring i skolen.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2008.

Kap. 3225 Tiltak i grunnopplæringa

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	21 600	20 690	109 139
	Sum kap. 3225	21 600	20 690	109 139

Visse innanlandske utgifter til flyktningar kan i høve til statistikkdirektiva til OECD bli definerte som offentlig utviklingshjelp. Ein del av løyvinga på kap. 225 post 64 blir rapportert som utviklings-

hjelp. Tilsvarende beløp blir foreslått løyvd på kap. 3225 post 04. Refusjon av ODA-godkjende utgifter er i 2009 på om lag 109,1 mill. kroner.

Kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnsopplæringa

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	1 021 056	1 012 658	1 003 911
70	IKT-tiltak, <i>kan nyttast under post 21</i>	3 332	3 475	3 628
	Sum kap. 226	1 024 388	1 016 133	1 007 539

Kap. 226 omfattar løyvingar til kvalitetsutvikling i grunnsopplæringa. Departementet følgjer med dette budsjettet opp tiltaka for kvalitetsutvikling som er fremma i St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen*.

I 2009 blir det frigjort om lag 400 mill. kroner som er løyvde til kompetanseutvikling ved innføring av Kunnskapsløftet. Departementet legg opp til at desse midlane blir nytta til etablering av eit varig system for vidareutdanning for lærarar, til etterutdanning på prioriterte område og til skoleleiarutdanning, jf. St.meld. nr. 31 (2007–2008). I tillegg blir løyvingane til tilsyn auka, og det blir sett i verk tiltak for å rekruttere fleire til lærarutdanningane. Det blir òg etablert eit program for utvikling av skolebibliotek og oppretta eit nytt senter for skriveing i opplæringa. Det skal òg innførast nye obligatoriske kartleggingsprøver.

For å få betre samsvar mellom løyvingar til Utdanningsdirektoratets permanente driftsoppgåver på kap. 220 og midlertidige utviklingsoppgåver på kap. 226 har departementet omdisponert midlar på desse kapitla, jf. St. meld. nr. 59 (2007–2008) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringar i statsbudsjettet 2008* og Innst. S. nr. 270 (2007–2008). Omdisponeringa gir isolert sett ein reduksjon på kap. 226. Dei omdisponerte midlane går mellom anna til faste driftsoppgåver knytte til læreplanforvaltning, kompetanseutviklingstiltak og IKT. Noko av løyvinga på kap. 226 gjeld barnehageformål.

Kompetanseutvikling og utviklingsarbeid**Rapport for 2007–08**

Det er løyvd meir enn 1,4 mrd. kroner til kommunane, fylkeskommunane og andre skoleeigarar til reformrelatert kompetanseutvikling sidan 2005. I 2007 og 2008 har kvart år 40 mill. kroner av midlane vore øyremerkte vidareutdanning i andre framandspråk og naturfag, og fordelt gjennom Fylkesmannen etter særskild søknad.

Skoleeigarane har rapportert om aktiviteten kvart år, og Fafo har evaluert kompetanseutviklingsstrategien undervegs. Det er stor aktivitet

lokalt. Deltakinga har vore størst blant lærarar i grunnskolen i dei første åra av strategiperioden, men har gått noko ned det siste året. I vidaregåande opplæring har det vore noko lågare aktivitet i dei første åra av strategiperioden, men ein auke i deltaking det siste året. Dette har truleg samanheng med innføringstakten av Kunnskapsløftet.

Dei fleste skoleeigarar ser ut til å ha prioritert etterutdanning og utviklingsarbeid framfor vidareutdanningstiltak. Det er stor variasjon mellom skoleeigarane, men Fafo finn likevel ein tendens til at ein no jobbar meir systematisk med kompetanseutvikling enn tidlegare.

Samarbeidet mellom skole/skoleeigarar og tilbydarar er blitt tettare, meir omfattande og meir gjensidig utviklande, og med meir dialog om innhaldet i og utviklinga av kompetanseutviklingstilboda. Dette har ført til meir relevante og meir praksisnære tilbod, i tillegg til at høgskolane sjølve opplever til dels monaleg kompetanseheving.

Evalueringa peikar på at det framleis er ein del utfordringar. Desse er knytte til lokal forankring og organisering og til langsiktig planlegging og oppfølging.

Dei nasjonale strategiane er reviderte. *Gi rom for lesing!*, som er ein av dei mest omfattande nasjonale strategiane, vart avslutta i 2007. Sluttrapporten *Det er nå det begynner!* viser at planen har lagt eit godt grunnlag for ei positiv utvikling, særleg på småskoletrinna. I evalueringa seier SINTEF –Teknologi og samfunn at tiltaksplanen har ført til stor lokal aktivitet i lesing. Folkebiblioteka har vore den viktigaste samarbeidspartnaren. Sjølv om auka lesedugleik har vore vektla i dei fleste skoleprosjekta, kan ikkje evalueringa førebels vise til at planen har hatt noko å seie for elevanes lesedugleik.

I samband med strategiplan for entreprenørskap i utdanninga, *Se mulighetene og gjør noe med dem 2004–2008*, er det gjennomført to omfattande forskingsprosjekt som har gitt ny kunnskap om stoda for arbeidet med entreprenørskap i grunnsopplæringa og elevanes læringsutbytte. Dette arbeidet er gjort i samarbeid med Ungt Entreprenørskap. Ei av undersøkingane viser at opplæring i

entreprenørskap aukar trivselen i skolen og motiverer elevar i vidaregåande skole til å bli sjølvstendig næringsdrivande. Undersøkinga kan ikkje påvise at elevar som har entreprenørskap i opplæringa, får betre karakterar enn andre elever, men rapporten peikar på at trivsel og motivasjon er viktige faktorar for å forhindre fråfall i vidaregåande opplæring.

I strategiperioden for *Et felles løft for realfagene – Strategi for styrking av realfagene 2006–2009* har merksemda vore retta mot auka rekruttering og styrkt kvalitet. Samarbeid med organisasjonar og næringsliv er ført vidare gjennom Nasjonalt forum for realfag. Saman har partane gjennomført rekrutteringskampanjen *Den virkelige verden*. Av elevar som har lese kampanjens nettside seier tre av fire at dei er blitt meir positive til dei moglegheitene realfagleg utdanning gir. Etter kampanjen er det færre som opplever det som vanskeleg å vite kva moglegheiter realfaga gir. Delen som ikkje kjenner til kva fag som inngår i omgrepet realfag har gått ned frå 44 pst. til 36 pst. Dei regionale vitenssentera har auka besøkstalet med 100 000 frå 2006 til 2007 til rundt 420 000 besøkande. Nasjonalt senter for naturfag i opplæringa har hatt eiga undervisnings-satsing i samheng med Polaråret. Mentor- og leksehjelpsprosjekta TENK og SIGRE er etablerte og har auka i omfang.

Strategiplanen *Likeverdig opplæring i praksis for betre læring og større deltaking av språklege minoritetar i barnehage, skole og utdanning 2007–2009* har eit heilskapleg perspektiv på opplæringa av minoritetsspråklege. Det er sett i gang tiltak på alle nivå, frå førskolealder til vaksenopplæring. Det blir prøvd ut ulike modellar som omfattar opplæring i morsmål, tospråkleg fagopplæring, forsterka norskopplæring og tidleg språkstimulering i barnehage. Det er utvikla prøver for kartlegging av lesedugleik og skriveutvikling på ulike språk, og det er utvikla eit nasjonalt tilbod om etterutdanning i bruk av den nye læreplanen i grunnleggjande norsk. I 2007 er det tildelt 26 nye stipend til minoritetsspråklege lærarar som manglar formell kompetanse. Ut frå talet på søknader i dei siste åra og tilbakemeldingar frå skoleeigarane er det framleis behov for ei slik ordning. Ordninga er frå 1. januar 2008 overført til Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring – NAFO.

I programmet *Kunnskapsløftet – fra ord til handling* har det overordna målet vore å setje fleire skolar i stand til å forbetre læringa og læringsmiljøet til elevane. Skolane som deltek i programmet, skal drive målretta og systematisk utviklingsarbeid og utvikle seg i tråd med idealet om lærande organisasjonar. Ein rapport frå Rambøll Management i 2008 om rekrutteringa til programmet viser tydeleg at

aktivitetar knytte til rettleiing, søknadsprosess og skolevurdering er viktig for arbeidet med heilskapleg skoleutvikling. Programmet har ført til stor aktivitet og til svært positiv respons og interesse i sektoren. Erfaringar med utviklingsarbeid er hausta og systematisert. Blant anna tyder tilbakemeldingar på at mange skolar som ikkje har fått støtte i programmet, likevel sett i verk skoleutviklingsprosjekt.

Det er sett i verk fleire tiltak for å betre individvurderinga. Blant anna blir det gjennomført ei utprøving av kjenneteikn på måloppnåing i eit utval fag som omfattar 77 lærestadar fordelte på alle fylke. Utprøvinga skal avsluttast i juni 2009. Bakgrunnen for utprøvinga er at det gjennom forskning og undersøkingar er dokumentert at like prestasjonar blir vurderte ulikt, at mange elevar ikkje får god nok informasjon om kvar dei står i høve til måla i læreplanverket, og at mange elevar møter ungdomstrinnet med eit urealistisk bilete av sin eigen kompetanse. Eit viktig ledd i arbeidet er å utvikle vurderingskompetanse på alle nivå i utdanningssystemet. Lærarutdanningsinstitusjonane deltek derfor i utprøvinga som rettleiarar. Erfaringar frå utprøvinga så langt er at ho blir opplevd som nyttig og krevjande, at det er ein god måte å arbeide med lokale læreplanar på, og at tydelege faglege tilbakemeldingar er motiverande og læringsfremmande for elevane.

Utvida skoledag er prøvd ut i skoleåret 2007–08. Elleve kommunar med til saman 34 skolar har prøvd ut modellar for utvida skoledag som omfattar dagleg fysisk aktivitet, skolemåltid, leksehjelp og styrking av faga engelsk, norsk og matematikk. SINTEF – gruppe for skole- og utdanningsforskning, har evaluert utprøvinga. Evalueringsrapporten syner at alle kommunar og skoleleiarar meiner at utprøvinga av heildagsskole har hatt positiv verknad på læringsmiljø og læringsutbytte. Skolane rapporterer om ein ny og heilskapleg organisering av skoledagen med meir ro og konsentrasjon der fysisk aktivitet og skolemåltid er ein del av læringsprosessen. Personell frå skolefritidsordninga (SFO) er brukt inn i ordinær skoledag i samheng med fysisk aktivitet, skolemåltid og i nokre tilfelle leksehjelp, slik at pedagogisk personell får meir tid til undervisning i fag. Utprøvinga har vore for kort til å dokumentere om utvida skoledag aukar læringsutbytte og utjamnar sosiale forskjellar. På bakgrunn av utprøvinga og evalueringa vil gode modellar for gjennomføring og organisering av utvida skoledag bli spreidd til alle skolar hausten 2008. Det er sett i gang fleire tiltak for å styrkje leseopplæringa i skolen. Blant anna er det gitt tilbod om etterutdanning i lesing for lærarar i grunnskolen. Etterutdanninga blir gjennomført

ved ni lærarutdanningsinstitusjonar i 2008–09, og meir enn 1 500 lærarar er påmelde.

Program for digital kompetanse blir avslutta i 2008. I samarbeid med Noregsuniversitetet og Vox er det sett i verk ei rekkje tiltak med vekt på heving av digital kompetanse i eit livslangt læringsperspektiv. Ansvar for oppfølging av programmet vart overført til Forskings- og kompetansenettverk for IT i utdanninga (ITU) våren 2008.

Lærande nettverk blir avslutta våren 2009. Koordineringsansvaret for prosjektet er i samband med overføringa av oppfølgingsansvaret for *Program for digital kompetanse* også gitt til ITU.

Fylkeskommunane har langt på veg innført felles elektronisk identitetsforvaltning (Feide) i den vidaregåande skolen. Vel 20 av dei 33 største kommunane innfører eller førebur å innføre Feide for sine skolar. Samstundes blir det arbeid med å styrkje dei føresette sin innsynsrett på det digitale området.

Arbeidet med å gjere digitale læremiddel tilgjengelege, innanfor ramma av Nasjonal digital læringsarena (NDLA), har halde fram. I tillegg til engelsk, matematikk, samfunnsfag og kroppssøving på Vg1 er det utvikla digitale læremiddel for enkelte fag i yrkesfaglege utdanningsprogram.

Utpøvinga med *Partnarskap for karriererettlegg* vart avslutta i 2007. Det er gjennomført spreiding av gode erfaringar og tiltak for kvalitetsutvikling av rådgivinga i grunnsopplæringa. Alle fylka har fått løyvingar til utvikling av partnarskap.

I 2007 vart det utnemnt seks nye demonstrasjonsskolar, to nye demonstrasjonsskulturskolar og tre nye demonstrasjonsbedrifter for perioden 2007–09. I 2007 vart det lagt vekt på at bedriftene har system og rutinar knytte til kvalitet i fag- og yrkesopplæringa som kan vere interessante for andre bedrifter uavhengig av bransje. Det er utarbeidd eit hefte som presenterer demonstrasjonsskolane, demonstrasjonsskulturskolane og demonstrasjonsbedriftene.

Sametinget har fått ei særskild tildeling for kompetanseutvikling knytt til Kunnskapsløftet – Samisk. Det er starta eit arbeid med planlegging av eit etterutdanningstilbod for lærarar i grunn- og vidaregåande opplæring og faglege leiarar og instruktørar i lærebedriftene.

Arbeidet med nye læreplanar for Kunnskapsløftet starta hausten 2004 og blir avslutta i 2008. Arbeidet byggjer på dei prinsippa som går fram av Innst. S. nr. 268 (2003-2004) og St.meld. nr. 30 (2003-2004) *Kultur for læring* og. Dei sist fastsette læreplanane er tekne i bruk frå hausten 2008.

Sametinget fastsette dei siste læreplanane for Kunnskapsløftet – Samisk (LK06-S) i 2007. Frå skoleåret 2008–09 er Kunnskapsløftet – Samisk innført

for heile grunnsopplæringa. Ny læreplan i religion, livssyn og etikk – samisk vil ble fastsett våren 2009.

Det er fastsett ny læreplan i religion, livssyn og etikk (RLE) for grunnskolen. Læreplanen gjeld frå hausten 2008 og erstattar læreplanen i Kristendoms-, religions- og livssynskunnskap (KRL).

Kunnskapsdepartementet har støtta dei sju regionale vitensentra Nordnorsk vitensenter, Midtnorsk vitensenter, VilVite, Jærmuseet, Vitensenteret ved Teknisk Museum i Oslo, Vitensenteret Innlandet og Vitenlaben/Grenland. Departementet legg ikkje opp til å utvide talet på regionale vitensenter.

Mål for 2009

Målet for Regjeringas politikk for grunnsopplæringa er ei opplæring av høg kvalitet, jf. kategoriinnleiinga. Ein del av målet er at lærarar og skoleleiarar skal ha høg kompetanse. Størsteparten av utviklingsmidlane på kap. 226 går til tiltak som skal realisere målet om høg kompetanse i sektoren og andre utviklingstiltak med nær tilknytning til kompetanse. I det følgjande blir det gjort greie for dei viktigaste tiltaka på dette området i 2009.

Det skal etablerast eit varig system for vidareutdanning for lærarar og ei rektorutdanning. I tillegg vil det bli gitt løyvingar til etterutdanning. Til saman blir det løyvd om lag 400 mill. kroner til desse tiltaka. Kapasiteten i systemet skal byggjast opp gradvis. Når systemet er ferdig utbygd, skal det gi rom for ei toårig vidareutdanning med halvtidsstudiar for 2 500 lærarar årleg. Dette er basert på at alle som nyttar tilbodet, tek 60 studiepoeng i løpet av to år. Mange av deltakarane vil ikkje ha behov for så omfattande vidareutdanning. Talet som deltek, vil derfor bli høgre. Som del av den statlege satsinga vil det bli lagt vekt på å styrkje tilbydarsida av vidareutdanning.

Det er sett i gang ein brei prosess for å definere innhaldet i den nye skoleleiarutdanninga. Frå hausten 2009 vil det bli gitt tilbod om skoleleiarutdanning for nyttilsette rektorar og rektorar som ikkje har formell skoleleiarkompetanse frå før. Utdanninga skal ha eit omfang som tilsvarar eit halvt års fulltidsstudium (30 studiepoeng).

Systemet for vidareutdanning vil ha full budsjetteffekt først i 2011 ettersom ein skal ta opp nye studentar kvart semester. Fram til systemet har full budsjetteffekt, vil det òg bli brukt midlar til etterutdanning på prioriterte område som lese- og rekneopplæring. Etter vurdering av resultata frå PISA 2006 er lesing det mest sentrale området for oppfølging. Lesing er grunnlaget for all anna læring, og dårleg lesedugleik påverkar resultata i alle andre fag. Derfor har det vore nødvendig med eit

nasjonalt krafttak for lesing. Denne innsatsen starta med strakstiltak i 2008 som skal følgjast opp i 2009. I 2009 skal fleire kommunar få tilbod om støtte. Det skal òg utviklast tilbod om breiare kompetanseutvikling for lærarar og instruktørar i fag- og yrkesopplæringa.

Det er òg behov for andre støtte- og rettleiings-tiltak som kan sikre at Kunnskapsløftet blir sett i verk i tråd med intensjonane. Det er til dømes nødvendig å støtte lokalt læreplanarbeid. Utdanningsdirektoratet skal derfor utvikle rettleiande læreplanar i fag som er gjennomgåande i heile grunnopplæringa. Departementet vil målrette støtta til utviklingsarbeidet i sektoren og vil støtte skoleeigarar og skolar i forbetningsarbeid for å styrkje elevanes læringsutbytte og auke graden av gjennomføring i vidaregåande opplæring. Det skal utviklast tilbod om rettleiing til skolar og skoleeigarar med særskilde utfordringar. Det vil bli organisert rettleiarkorps som skal hjelpe skolane og skoleeigarane med utviklingsarbeid. Utdanningsdirektoratet vil få ansvar for å etablere rettleiarkorpsa i samarbeid med nøkkelpartar i sektoren. Arbeidet skal byggje på erfaringane frå prosjektet *Kunnskapsløftet – fra ord til handling*. Eit nasjonalt råd skal støtte rettleiarkorpsa. Midlar til rettleiarkorpsa blir fasa inn ettersom løyvingane til *Kunnskapsløftet – fra ord til handling* blir fasa ut.

Kvalitet i skolen er avhengig av god organisering og tidsutnytting slik at rapportering, dokumentasjon og anna administrativt arbeid ikkje stel frå tid til undervisning og læring. Det er mange meiningar og lite faktisk kunnskap om læraranes tidsbruk og om ulike måtar å organisere arbeidet i skolen på. Departementet har derfor sett i gang eit forskingsprosjekt som skal avdekkje tidsbruk og organisering i skolen. Departementet vil òg oppnemne eit utval som skal sjå på korleis ein kan unngå unødvendig tidsbruk i skolen og frigjere meir tid til undervisning og læring. Utvalet skal ta for seg både læraranes individuelle arbeid, utnytting av fellestid på skolen, pålegg om rapportering og dokumentasjon og grad av delegering av oppgåver frå skoleeigar.

Departementet viser til St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen* som gir ein nærmare omtale av dette og andre tiltak, og ei grunngeving for staten si rolle når det gjeld vidare støtte til kompetanseutvikling, rettleiing og kvalitetsutvikling i sektoren.

Arbeidet med utdannings- og yrkesrådgiving og sosialpedagogisk rådgiving i skolen og oppfølgingstenesta skal evaluerast i 2009 og blir slutført i 2010. Evalueringa vil gi brei kunnskap om heile rådgivingsfeltet i skolen. Resultata frå evalueringa vil saman med ny forskrift og rettleiande kompe-

tansekriterium bli eit viktig grunnlag for å drøfte vidare innsats på rådgivingsfeltet.

Skolebiblioteket er ein ressurs for kompetanseutvikling, kunnskapsdanning og kvalitetsutvikling i sektoren. *Program for skolebibliotek* skal auke kvaliteten på skolebibliotektilbodet til elevane og jamne ut den store ulikskapen i tilbodet mellom grunnskole og vidaregåande. Kompetanseutvikling i lesestimulering og litteraturformidling vil stå sentralt i programmet. Programmet skal gi fleire kommunar høve til å delta i etterutdanning og utviklingsarbeid.

Læringsmiljø

Rapport for 2007–08

Arbeidet med å betre læringsmiljøet i grunnopplæringa har vore forankra i *Prinsipp for opplæringa* i Kunnskapsløftet, *Strategi for læringsmiljøet i grunnopplæringa 2005–2008* og *Manifest mot mobbing 2006–2008*. Det blir samarbeidd med fleire departement om tiltak som er forankra i ulike strategi- og handlingsplanar, til dømes på områda fysisk og psykisk helse, rus, tobakk, rasisme, kjønnslemlesting, tvangsekteskap, kjønnsrelatert mobbing og mobbing på grunn av seksuell orientering. Noreg deltek òg i internasjonalt samarbeid på feltet. Arbeidet mot rasisme og diskriminering og for menneskerettar og toleranse er vidareført, og *Benjaminprisen mot rasisme og diskriminering* vart for 2007 delt ut til Skotselv skole i Øvre Eiker. *Dronning Sonjas skolepris for likeverd og inkluderande opplæring* vart delt ut for andre gong i 2007, og gjekk da til Apelthun skole i Bergen.

Som eit bidrag til å sikre det fysiske arbeidsmiljøet til elevane driv Utdanningsdirektoratet ei rådgivingsteneste for skoleanlegg med medverknad frå eksterne fagmiljø. Våren 2008 er det utarbeidd ein kunnskapsstatus om samanhengen mellom utforminga av skolebygg og læringa til elevane. Denne viser at dei fysiske omgjevnadene og standardane på skoleanlegg kan verke både stimulerande og hemmande på læringsmiljøet. Det er viktig at skoleanleggets utforming er i samsvar med skolens pedagogiske visjonar og praksis.

Departementet har sett i verk eit samarbeid med Noregs Idrettsforbund og Olympiske komité (NIF) og Helse- og omsorgsdepartementet om å få fram gode modellar for samarbeid mellom lokale idrettslag og skolefritidsordninga (SFO). Tiltaket vil både rette seg mot idrett i SFO og idrett som ein del av ein framtidig utvida skoledag, og NIF vil ha ansvaret for oppfølginga av tiltaket. Tiltaket skal sjåast i eit folkehelseperspektiv og vil ha som mål å medverke til å jamne ut sosiale forskjellar. Vidare skal det sjåast i samanheng med St.meld. nr. 39

(2006–2007) *Frivillighet for alle*, der eit av tiltaka er tilskott til lokale idrettslag som samarbeider med skole og/eller kommunale styresmakter om fysisk aktivitet i skolen.

Mål for 2009

Ein del av målsetjinga om ei grunnopplæring av høg kvalitet er at elevane skal ha eit godt arbeidsmiljø, jf. kategoriinnleiinga. Det har vore ein brei innsats gjennom mange år på dette feltet, der både styresmakter, skoleeigarar og skolar har vore engasjerte. Mange ulike tiltak har vore prøvde ut, med ulik effekt. Målet om eit godt arbeidsmiljø for elevane står fast. I arbeidet med å realisere målet skal innsatsen og tiltaka prioriterast og baserast på det ein til no veit har dokumentert effekt, jf. St.meld. nr. 31 (2007–2008). I det følgjande blir det gjort greie for dei viktigaste tiltaka for eit godt læringsmiljø.

Samarbeidet og intensjonane i *Manifest mot mobbing* skal også førast vidare. Arbeidet skal sjåast i samanheng med det generelle arbeidet for eit godt skole- og læringsmiljø..

Skolane har ulike utfordringar når det gjeld elevanes læringsmiljø. Det er derfor behov for ulike tilnærmingar og i enkelte tilfelle også ekstern hjelp og rettleiing for å løyse åtferdsproblem og andre problem i læringsmiljøet. Skolane skal framleis få tilbod om skoleomfattande program for eit godt læringsmiljø og program mot mobbing. Det er viktig at skolane tek i bruk gode verktøy og utviklingsprogram med dokumentert verknad. Departementet vil derfor lage eit program for inkluderande skolemiljø som skal ha ei overbyggjande rolle på læringsmiljøfeltet. Gjennom dette vil departementet vidareføre støtta til tiltak og program som har vist seg å ha effekt. Det vil òg bli gjennomført ei kartlegging av samanhengen mellom læringsmiljø og læringsutbytte.

Som eit ledd i Elevundersøkinga skal det arbeidast vidare med å utvikle indikatorar på at elevane opplever læringsmiljøet som inkluderande og utfordrande på ein slik måte at dei òg opplever meistring.

Rådgivingstenesta for skoleanlegg skal gi råd og støtte til skoleeigarar og fagmiljø når det gjeld nybygg og rehabilitering, og skal setje søkjelys på møtet mellom pedagogikk, arkitektur, trivsel og helse. Særleg viktig er det å gjere kjend eksempel på gode skolebygg og byggjeprosessar. Rådgivingstenesta skal vere meir aktiv i rådgiving knytt til opprusting av skolebygningar.

Dokumentasjon og analyse som grunnlag for kvalitetsutvikling

Rapport for 2007–08

Prioriteringane i strategien *Kunnskap for utvikling – Strategi for forskning, dokumentasjon og analyse 2005–2008* er følgde opp. Ei av hovudsatsingane i strategien er evalueringa av Kunnskapsløftet, som skal halde fram til 2011. Ei anna hovudsatsing er evalueringa av kompetanseutviklingsstrategien. Evalueringa viser at aktørane, det vil seie skoleeigarar, rektorar og lærarar, legg noko ulik vekt på måla i strategien. Dei har til dels ulik oppfatning om kompetansebehov og eigna verkemiddel for kompetanseutvikling i skolen. I stor grad har skoleeigar hatt styringa med dei lokale kompetanseutviklingsplanane. Dette kan vere grunnen til det som ser ut til å vere svak læringseffekt på skolenivå. Evalueringa peikar òg på at dei sentrale styresmaktene har vore for lite tydelege på kva som er forventa av skoleeigarane, og at styresmaktene bør gi meir rettleiing til mange av landets skoleeigarar.

I skoleåret 2007–08 er det gjennomført nasjonale prøver i rekning, lesing på norsk og engelsk på femte og åttande årssteget i grunnopplæringa. Ei brukerevaluering viser at prøvene har gitt auka kunnskap om dei grunnleggjande dugleikane til elevane og er vore brukte av skolane og skoleeigarane som grunnlag for forbedrings- og utviklingsarbeid. Det var gjennomgåande meir positiv oppfatning av prøvene i 2007 enn av dei prøvene som vart haldne i 2005. Prøvene for 2008 vart gjennomførte i september.

Det er òg sett i gang fleire analysar av resultata frå nasjonale prøver 2007. Rapportane frå desse analysane vil vere klare i løpet av 2008. Sjå elles omtale av dei nasjonale prøvene under kap. 220.

Det er gjennomført obligatoriske kartleggingsprøver i rekning og i lesing for andre årssteget. På bakgrunn av gjennomføringa av desse prøvene er det utarbeidd nasjonale analyserapportar frå eit utval resultat.

Det er sett i gang utvikling av frivillige kartleggingsprøver og materiell i lesing for første, tredje, og sjette årssteget i grunnskolen og for Vg1 i vidaregåande opplæring. Det same er gjort i rekning og engelsk for tredje årssteget i grunnskolen og Vg1. Formålet er å avdekkje behov for individuell oppfølging og tilrettelegging på individ- og skolenivå. Desse prøvene er ikkje obligatoriske og blir stilte gratis til disposisjon for skolane.

Brukarundersøkingane (Elevundersøkinga, Lærarundersøkinga, Foreldreundersøkinga, Lærlingundersøkinga og Instruktørundersøkinga) vart reviderte i 2007, og er tilpassa læreplanverket i Kunnskapsløftet. Brukarundersøkingane har

bestillings- og rapportportalar på Internett, og alle portalane er oppgraderte. Dette har gjort det mykje enklare å gjennomføre egne analysar ved hjelp av rapportportalen.

Skoleporten kom i ny versjon ved utgangen av 2007 og er no integrert med *utdanningsdirektoratet.no*. Skoleporten er eit verktøy for vurdering av kvalitet i grunnopplæringa. Gjennom Skoleporten får skolar, skoleeigarar, foreldre, elevar og andre interesserte betre tilgang til relevante og pålitelege nøkkeltal for grunnopplæringa. I 2008 blir tenesta bygd ut med fleire verktøy for skolar og skoleeigarar, samstundes som det òg blir lagt til rette for Fylkesmannen sitt arbeid med tilsyn.

Noreg deltek i mange internasjonale studiar. Dei fleste studiane vurderer elevanes kompetanse på ulike område, men ein del undersøker også lærarkompetanse og lærarane sin praksis. Nokre av dei internasjonale kartleggingane er utforma slik at det skal kunne komme fram endringar i kompetansen til elevane over tid. Dette er ein viktig grunn til at Noreg har prioritert å delta i så mange av dei internasjonale undersøkingane. Noreg deltek i fleire nye undersøkingar:

- *Teacher Education and Development Study* (TEDS-M 2008) er ein komparativ studie av lærarutdanning for lærarar som er kvalifiserte til å undervise i matematikk på barne- og ungdomsteget i grunnskolen.
- *International Civic and Citizenship Education Study* (ICCS) 2009 er ei oppfølging av CIVED-studien frå 1999–2002, der Noreg deltok. Noreg deltek òg i den nye studien, som skal kartlegge elevane sin demokratiske beredskap og haldningar til utfordringane som ligg i auka globalisering og internasjonalisering. ICCS-studien skal òg gi informasjon om den demokratiske beredskapen elevane har etter innføringa av dei nye læreplanane i Kunnskapsløftet.
- *Teaching and Learning International Survey* (TALIS) er ein studie i regi av OECD. Ei viktig side ved TALIS er kompetanseutvikling som eit ansvar for skoleleiinga, og korleis skolar kan utviklast til å bli lærande organisasjonar. Undersøkinga tek òg opp viktige sider ved pedagogisk praksis. Hovudrapport for studien er planlagt i juni 2009.
- OECD-prosjektet *Learning for Jobs* er ein gjennomgang av politikk på yrkesfagfeltet, særleg når det gjeld korleis yrkesopplæringa dekkjer arbeidslivet sitt behov for kompetanse. Planlegginga av studien starta i 2007. Den norske analysen blir gjennomført i 2008.
- EU-samarbeid om dokumentasjon, analyse og kvalitetsutvikling av yrkesopplæringa omfattar blant anna *Europass*, *European Credit Transfer*

System (ECVET), *European Qualification System* (EQF) og *European Quality Assurance Reference Framework for Vocational Education and Training* (EQARF – VET).

- Noreg deltek i OECD- studien *Thematic review on Migrant Education*. Studien omhandlar utdanning og mangfold, med vekt på utdanning for migranter. Ein avsluttande rapport frå studien vil bli lagt fram i 2009.

Noko av det viktigaste for å få til kvalitetsutvikling i grunnopplæringa vil vere å styrkje kunnskapsgrunnlaget i sektoren. Departementet har gitt løyvingar til forskingsprogramma *Kultur for læring* (KUL) og *Praksiretta forskings- og utviklingsarbeid i barnehage, grunnopplæring og lærerutdanning* (PraksisFoU) i Forskringsrådet.

Tilsyn er òg eit viktig grunnlag for dokumentasjon av kvalitet i opplæringa, jf. kategoriinnleiinga og kap. 220.

Mål for 2009

Ein del av målet om ei grunnopplæring av høg kvalitet er at skoleeigarar og skolar skal byggje kvalitetsutvikling i skolen på systematisk resultatoppfølging. Dokumentasjon, analyse og resultatoppfølging er verktøy for at elevar og lærlingar skal få eit best mogleg læringsutbytte. Systematisk resultatoppfølging har vore ei svakheit i norsk skole og i skoleeigars oppfølging av skolane. Når skoleeigarar og skolar byggjer kvalitetsutvikling i skolen på systematisk resultatoppfølging, vil dette ha positive følgjer for elevanes læring. Og når elevar og lærlingar får eit læringsutbytte som svarer til det dei har evner til, har vi ei grunnopplæring av høg kvalitet.

Tiltaka frå statleg side for å støtte utviklinga mot ei meir systematisk og resultatbasert kvalitetsutvikling i grunnopplæringa fell i fleire kategoriar. Desse er statistikk og brukarundersøkingar, eit samanhengande prøve- og vurderingssystem, internasjonale samanliknande undersøkingar, forskning, evaluering og tilsyn. I tillegg blir det brukt statlege midlar til internasjonalt samarbeid og erfaringsutveksling om kvalitetsutviklande tiltak. I det følgjande blir det gjort greie for dei viktigaste tiltaka på området dokumentasjon og analyse som grunnlag for kvalitetsutvikling i 2009.

Betre informasjon om læringsresultat er heilt sentralt i det vidare arbeidet med å styrkje elevanes læringsutbytte og få ei grunnopplæring av høg kvalitet. Utdanningsdirektoratet skal betre kvaliteten på datagrunnlaget i grunnopplæringa. Nettstaden *utdanningsdirektoratet.no* skal utvidast med meir relevant statistikk. Det same gjeld datagrunn-

laget og styringsinformasjonen i Skoleporten. VIGO sentralbase skal vidareutviklast med tanke på fagopplæring, privatskolar og vaksne.

Noreg deltek i mange kvantitative internasjonale undersøkingar på utdanningsområdet. Samtidig er det innført nasjonale prøver og andre typar prøver som del av eit nasjonalt kvalitetsvurderings-system. Gjennomføring av og forskning basert på denne typen undersøkingar stiller krav om solid psykometrisk kompetanse. Psykometri er vitskapen om korleis ein på ein påliteleg måte kan måle psykologiske og pedagogiske omgrep. Kompetansen til å utvikle og gjennomføre pålitelege pedagogiske målingar er svak i Noreg. Behovet for slik kompetanse på sentralt og lokalt nivå vil truleg auke framover, ettersom det blir større krav til dokumentasjon på ulike nivå i sektoren. Departementet vil derfor vurdere korleis slik kompetanse kan styrkast. Departementet vil styrkje utdanningsforskninga, jf. kategori 07.50 og kap. 6.

For å auke omfanget av den brukarretta forskingsformidlinga i utdanningssektoren og sikre betre koordinering vil departementet vurdere å etablere ei eining for samanstilling og formidling som skal gi systematisk informasjon om forskning og sikre alle relevante brukarar tilgang til nye forskingsresultat på utdanningsområdet.

I skoleåret 2009–10 vil det bli gjennomført nasjonale prøver i rekning og lesing på norsk og engelsk på femte og åttande årstrinn, og resultata frå prøvene vil bli analyserte. Det skal òg utviklast utvalsprøver, kartleggingsprøver og nasjonale prøver for fleire årstrinn. Nasjonale prøver for 9. trinn skal gjennomførast i 2010.

Departementet vil innføre obligatorisk kartlegging av lesedugleik på 1.–3. årstrinn. Kartlegginga skal omfatte prøver på kvart trinn og råd om korleis lærarane kan gi tilbagemelding til elevane og føresette. Nytt kartleggingsmaterieil for første trinn skal takast i bruk våren 2009, medan materieilet for tredje trinn skal takast i bruk våren 2010. Kartleggingsprøver for andre trinn er allereie utvikla. Basert på erfaringane med kartleggingsprøver i rekning på andre trinn og det opplegget som no blir utvikla for lesing, vil departementet vurdere om det skal utviklast eit tilsvarande opplegg for rekning. Dette må sjåast i samanheng med forslaget om forsterka opplæring i norsk/samisk og matematikk på 1.–4.trinn. Departementet vil òg

innføre obligatoriske kartleggingsprøver i lesing og rekning ved starten av første trinn i vidaregåande opplæring. Desse prøvene skal avdekkje om det er elevane som treng særskild oppfølging, og førebyggje fråfall frå opplæringa.

I arbeidet med å utvikle digitale læringsressursar er det nødvendig å vurdere kva som er god kvalitet. Det er ingen felles oppfatningar om dette i dag, og både brukarar og utviklarar vil tene på at det blir utarbeidd felles kvalitetsprinsipp for digitale læringsressursar. Departementet vil ta initiativ til at det blir utvikla felles kvalitetskriterium for digitale læringsressursar. Departementet vil i 2009 vurdere å innføre nasjonale prøver i digitale dugleikar på ungdomstrinnet.

Nye eksamensordningar vart innførte med Kunnskapsløftet. For å sikre god kunnskap om korleis dei nye eksamensordningane fungerer, er eit utval av desse evaluert i 2008. Prosjektet skal halde fram i 2009, og har mellom anna som mål å vurdere om eksamensordningane måler fagkompetansen til elevane, slik denne er omtalt i læreplanverket for Kunnskapsløftet.

Internasjonale samanliknande analysar og anna forskning og evaluering fører til debatt om norsk grunnopplæring. Dei internasjonale samanliknande undersøkingane er utforma slik at endringar over tid i kompetansen til elevane kjem fram. Deltaking i desse undersøkingane vil derfor framleis ha høg prioritet.

Direktoratet skal gjennom fylkesmennene gjennomføre nasjonalt tilsyn med felles tema og metodikk våren 2009. Fylkesmennene vil få auka løyving til å styrkje tilsynet.

Andre oppgåver

Arbeidet med kvalitetsutvikling i grunnopplæringa krev særskild kompetanse på prioriterte område. Løyvinga skal derfor òg nyttast til lønn.

Budsjettforslag for 2009

Løyvinga blir ført vidare på om lag same høge nivå som i 2008. Det er overført midlar til kap. 220 Utdanningsdirektoratet til faste oppgåver som har vore dekte over kap. 226. Regjering vil innafor løyvinga prioritere etter- og vidareutdanning for lærarar med om lag 400 mill. kroner.

Kap. 227 Tilskott til særskilde skolar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
60	Tilskott til Moskvaskolen	1 183	1 233	1 287
61	Tilskott til Nordland kunst- og filmskole	2 444	2 547	
62	Tilskott til Fjellheimen leirskole	4 195	4 690	4 896
70	Tilskott til den franske skolen i Oslo	6 584	6 867	5 200
71	Tilskott til internatdrifta ved Krokeide yrkesskole	19 274	20 103	20 988
72	Tilskott til Røde Kors Nordisk United World College	24 309	25 354	26 470
73	Tilskott til opplæring i Kenya og Etiopia	3 218	3 356	3 504
	Sum kap. 227	61 207	64 150	62 345

Post 60 Tilskott til Moskvaskolen

Målet med tilskottsordninga er å gi norske elevar med kompetanse i russisk høve til å ta vidaregåande trinn tre på Moskvaskolen. Skolen skal halde oppe tilbodet for inntil 15 norske elevar. I skoleåret 2007–08 var det fem norske elevar som fullførte skoleåret ved den norsk-russiske skolen i Moskva.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2008.

Post 61 Tilskott til Nordland kunst- og filmskole

Skolen hadde 44 heilårselevar ved skolestart hausten 2007, derav 24 elevar på kunstlinjene og 20 elevar på filmlinja.

Denne skolen er no godkjend som fagskole. Departementet foreslår derfor at løyvinga på denne posten blir overført til kap. 276 Fagskoleutdanning.

Post 62 Tilskott til Fjellheimen leirskole

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at barn, unge og vaksne med psykisk utviklingshemming eller med lærevanskar kan få eit opphald ved Fjellheimen leirskole. Tilskottet vart avkorta i 2007, da leirskolen ikkje oppnådde aktivitetskravet i 2006. Talet på deltakarar/leiarar ved leirskolen i 2007 var 931.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2008.

Post 70 Tilskott til den franske skolen i Oslo

Målet med tilskottsordninga er å styrkje samarbeidet med Frankrike, og å styrkje stillinga til det franske språket i Noreg. I skoleåret 2007–08 hadde den

franske skolen i Oslo 259 elevar på barnesteget, 139 elevar på ungdomssteget og 53 elevar i vidaregåande opplæring. Posten omfatta tidlegare tilskott til den tyske skolen i Oslo. Skoleåret 2007–08 hadde denne skolen 131 elevar på barnesteget, 50 elevar på ungdomssteget og elleve elevar i vidaregåande opplæring. Departementet foreslår at tilskottet til den tyske skolen i Oslo blir flytta til kap. 228 post 77.

Departementet foreslår at løyvinga til den franske skolen blir ført vidare på same nivå som i 2008.

Post 71 Tilskott til internatdrifta ved Krokeide yrkesskole

Målet med tilskottsordninga er å medverke til drifta av internatet ved Krokeide vidaregåande skole og det sosialmedisinske hjelpeapparatet ved skolen. I 2007 var det totalt 152 elevar ved internatet, 72 elevar om våren og 80 elevar om hausten. Våren 2008 var det totalt 79 elevar ved internatet, ein auke på sju elevar i høve til våren 2007.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2008.

Post 72 Tilskott til Røde Kors Nordisk United World College

Målet med tilskottsordninga er å medverke til drifta av Røde Kors Nordisk United World College. Elevane tek dei to siste åra av vidaregåande skole og IB-diplomet ved skolen. I skoleåret 2007–08 var det 200 elevar frå 84 land ved skolen. 31 pst. av elevane kom frå nordiske land, tre pst. frå Balkan, 23 pst. frå andre europeiske land og Midtausten, 14 pst. frå Amerika, 18 pst. frå Asia og elleve pst. frå Afrika. Dei andre nordiske landa finansierte i 2007 om lag 19 pst. av drifta ved skolen.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2008.

Post 73 Tilskott til opplæring i Kenya og Etiopia

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at norske misjonærbarn i Kenya og Etiopia kan få god undervisning lokalt i staden for å måtte bu på skoleinternat langt frå foreldra. Misjonærskolane er eigde av Norsk Luthersk Misjonssamband.

Hausten 2007 fekk fem elevar på barnetrinnet og to elevar på ungdomstrinnet undervisning lokalt i Etiopia. I same periode fekk åtte elevar på barnetrinnet og fem elevar på ungdomstrinnet undervisning lokalt i Kenya. Våren 2008 fekk fem elevar på barnetrinnet og to elevar på ungdomstrinnet undervisning lokalt i Etiopia. I Kenya fekk seks elevar på barnetrinnet og tre elevar på ungdomstrinnet undervisning lokalt i same periode.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2008.

Kap. 228 Tilskott til private skolar o.a.

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
70	Private grunnskolar, <i>overslagsløyving</i>	2 268 292	2 528 382	986 748
71	Private vidaregåande skolar, <i>overslagsløyving</i>	559	583	1 090 038
72	Private vidaregåande skolar godkjende etter kap. 6A, <i>overslagsløyving</i>		1 500	190 472
73	Private grunnskolar i utlandet, <i>overslagsløyving</i>			64 041
74	Private vidaregåande skolar i utlandet, <i>overslagsløyving</i>			15 336
75	Private skolar for funksjonshemma elevar, <i>overslagsløyving</i>			148 049
76	Andre private skolar, <i>overslagsløyving</i>			35 417
77	Den tyske skolen i Oslo, <i>overslagsløyving</i>			8 833
78	Komplettarande undervisning, <i>overslagsløyving</i>			25 751
79	Toppidrett			14 337
80	Privatskoleorganisasjonar			609
81	Elevutveksling til utlandet			1 566
	Sum kap. 228	2 268 851	2 530 465	2 581 197

Om ordninga

Private skolar som er godkjende etter §§ 2-1 og 6A-1 i privatskolelova, har rett til tilskott og til å drive verksemd etter føresegnene i lova. I tillegg blir det gitt tilskott til kompletterande undervisning, jf. privatskolelova § 6-4.

I privatskolelova blir det stilt krav om at skolane må drive verksemda si på eit særskilt grunnlag for å kunne bli godkjende etter lova. Dette inneber at skolane, i tillegg til å gi elevane jamgod opplæring, må dokumentere at dei skal ha og har eit særskilt grunnlag. Det ligg ikkje føre ein rett til godkjenning etter lova, men departementet kan

etter skjønn godkjenne nye skolar og driftsendringar ved allereie godkjende skolar.

Tabellen under viser korleis talet på elevar og private skolar har endra seg frå skoleåret 2005–06 til skoleåret 2007–08. For grunnskolen gjeld tala frå elevteljinga 1. oktober. For vidaregåande skole gjeld gjennomsnitt av tala frå elevteljingane 1. oktober og 1. april.

Tilskott til private skolar med rett til statstilskott har vore gitt over kap. 228 post 70. Det er innført ny poststruktur på kapitlet, der kvar tilskottsordning får sin eigen post. Dette vil gi betre oversikt over tilskotta til dei ulike typane skolar.

Tabell 4.2 Private skolar, tal på skolar og elevar

Skoletype	Skolar			Elevar		
	2005–06	2006–07	2007–08	2005–06	2006–07	2007–08
Skolar for funksjonshemma	10	10	10	460	469	479
Vidaregåande skolar godkjende etter kap. 6A	51	48	46	2 693	2 525	2 498
Vidaregåande skolar	78	79	79	9 616	10 575	11 388
Grunnskolar i Noreg	144	145	148	13 249	13 406	13 852
Grunnskolar i utlandet	17	16	16	695	666	690
Vidaregåande skolar i utlandet	6	5	6	212	123	198
Sum	308	305	307	26 997	27 926	29 105

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Hausten 2007 gjekk om lag 2,2 pst. av grunnskoleelevane i private skolar. Dette er på same nivå som hausten 2006. Hausten 2007 gjekk om lag seks pst. av elevane i private vidaregåande skolar. Dette er på same nivå som hausten 2006.

Tilskottssatsar

Satsane for tilskott til private skolar byggjer på dei gjennomsnittlege utgiftene i den offentlege skolen, jf. privatskolelova kap. 6. Satsane for 2009 blir rekna ut på grunnlag av kommunal ressursbruk til skole i 2007, rapportert gjennom KOSTRA. Grunnlaget er korrigert for utgifter som er rapporterte i KOSTRA, men som ikkje skal gå inn i grunnlaget for utrekninga av tilskottet fordi desse utgiftene blir påførte kommunesektoren og ikkje dei private skolane.

Satsane blir justerte for ein venta pris- og lønnsauke frå 2008 til 2009. Satsane er tilpassa dei endringane som vart gjorde i St.prp. nr. 39 (2006–2007) *Om endringer på statsbudsjettet for 2007 under Kunnskapsdepartementet*. Dette medfører at utgifter til drift og vedlikehald av skolebygg i kommunar som har oppretta selskap som erstattar kommunal tenesteproduksjon, inngår i utrekninga av satsane for dei private skolane. Nærmare informasjon om utrekningsmåten ligg på nettsida til Utdanningsdirektoratet, www.utdanningsdirektoratet.no.

Post 70 Private grunnskolar, overslagsløyving

Tilskottssatsen blir rekna ut særskilt for barnetrinet og ungdomstrinet og er avhengig av storleiken på skolen. Små skolar får eit høgre tilskott per elev enn store skolar. Tilskott blir gitt med 85 pst. av tilskottssatsen. Private grunnskolar skal, etter

privatskolelova, ha dekt 100 pst. av dei gjennomsnittlege utgiftene til pensjonstilskott i offentlege skolar. Tilskottet omfattar utgifter til frukt og grønt for skolar med ungdomstrinn. Dette blir betalt ut særskilt og er ikkje lagt på satsen.

Ordninga med kommunekorreksjonsfaktor er under utfasing over ein treårsperiode frå 1. januar 2008, jf. St.prp. nr. 1 (2006–2007) Kunnskapsdepartementet.

Oppmodingsvedtak nr. 545, 14. juni 2007, vart fatta av kirke-, utdannings- og forskningskomiteen i Innst. O. nr. 88 (2006–2007) ved behandlinga av Ot.prp. nr. 37 (2006–2007) *Om lov om endringer i friskolelova*, og lyder slik:

«Stortinget ber Regjeringen komme tilbake til Stortinget med en egen sak om tilskuddsordningene når gjennomgangen av utregningsmodellen for skolen er gjennomført (jf. Innst. O. nr. 88).»

Privatskolelova § 6-1 slår fast at godkjende skolar

«får statstilskot til godkjent opplæring med 85 pst. av eit tilskotsgrunnlag per elev. Til grunn for tilskotsgrunnlaget ligg gjennomsnittlege driftsutgifter per elev i den offentlege skolen. (...) For grunnskolar skal det takast omsyn til skilnaden i utgifter mellom små, mellomstore og store skolar».

Det bør derfor vere best mogleg samanheng mellom den faktiske kostnadsstrukturen i offentlig skole og satsane for tilskott til private grunnskolar.

Høgskolen i Molde har på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet gjennomgått tilskottsmodellen til dei private skolane. Analysen viser at dagens

modell ikkje i tilstrekkeleg grad fangar opp kostnadsstrukturen i offentlege skolar. Departementet ønskjer å vurdere løysingar for justering av modellen i samband med budsjettet for 2010, slik at den tek betre omsyn til kostnadsstrukturen i offentlege skolar. Privatskoleorganisasjonane vil bli tatt med i dette arbeidet.

Departementet foreslår å løyve 982,4 mill. kroner på posten. Regjeringa foreslår å auke timetalet i grunnskolen med to timar til fysisk aktivitet, og løyvinga er derfor auka med 0,8 mill. kroner i 2009.

Post 71 Private vidaregåande skolar, overslagsløyving

Dei private skolane får 85 pst. av tilskottssatsen. Tilskottet omfattar utgifter til gratis læremiddel for elevar på Vg1 i 2009. Dette blir betalt ut særskilt og er ikkje lagt på satsen.

Det er oppdaga at det over fleire år har vore eit avvik i utrekninga av satsar til private vidaregåande skolar. Avviket består i at nettotrekket i tilskottssatsen er for lågt, det vil seie at tilskottssatsen har vore for høg samanlikna med utgiftene i tilsvarende offentlege vidaregåande skolar. I 2008 utgjorde dette 29 mill. kroner i tilskott til private vidaregåande skolar. Satsane for 2009 er korrigerte i høve til dei trekka som skal ligge inne i utrekninga av satsane. Dette reduserer satsane noko samanlikna med 2008.

Posten omfattar òg eit årleg særskilt tilskott til Kongshaug Musikkgymnas som kjem i tillegg til det skolen får etter privatskolelova. I 2009 vil skolen få 2,9 mill. kroner i særskilt tilskott.

Departementet foreslår å løyve 1,1 mrd. kroner på posten.

Post 72 Private vidaregåande skolar godkjende etter kap. 6A, overslagsløyving

Satsane til vidaregåande skolar med yrkesretta opplæring utanom det offentlege skoleverket er knytte til tre av satsane for private vidaregåande skolar. Unntak frå dette er Norsk yrkesdykker-skole. Dei tre satsane er knytte til utdanningsprogram for studiespesialisering, idrettsfag og musikk, dans og drama. Vidaregåande skolar godkjende etter kap. 6A får 75 pst. av tilskottssatsane.

Asker kunstfagskole, Ålesund kunstfagskole og Einar Granum kunstfagskole fekk fram til hausten 2008 tilskott som private vidaregåande skolar godkjende etter kap. 6A. Skolane er no godkjende som fagskolar og får i 2009 tilskott over kap. 276 post 72. Bergen kunstskele har fått tilskott som privat vidaregåande skole, men er no godkjend som

fagskole. Departementet foreslår derfor at skolen får tilskott over kap. 276 post 72 i 2009.

Departementet foreslår å løyve 190,5 mill. kroner på posten.

Post 73 Private grunnskolar i utlandet, overslagsløyving

Skolane får tilskott etter same grunnlag som private grunnskolar i Noreg, men satsen blir høgare sidan desse skolane ikkje er omfatta av ordninga med kompensasjon for meirverdiavgift. Tilskottet omfattar utgifter til frukt og grønt for skolar med ungdomstrinn. Dette blir betalt ut særskilt og er ikkje lagt på satsen.

Departementet foreslår å løyve 64 mill. kroner på posten.

Post 74 Private vidaregåande skolar i utlandet, overslagsløyving

Norske private vidaregåande skolar i utlandet får statstilskott med 85 pst. av same grunnlag som for elevar i private vidaregåande skolar i Noreg, men satsen blir høgare sidan desse skolane ikkje er omfatta av ordninga med kompensasjon for meirverdiavgift. Tilskottet omfattar utgifter til gratis læremiddel for elevar på Vg1 i 2009. Dette blir betalt ut særskilt og er ikkje lagt på satsen.

Departementet foreslår å løyve 15,3 mill. kroner på posten.

Post 75 Private skolar for funksjonshemma elevar, overslagsløyving

For grunnskolar og vidaregåande skolar for funksjonshemma elevar blir driftsutgifter dekte 100 pst. ved statstilskott etter ein normalsats per elev, jf. privatskolelova § 6-1 fjerde ledd. Skolane får i tillegg tilskott til husleigeutgifter på same nivå som i 2003, jf. Innst. O. nr. 80 (2002–2003). Det er ei rekke forhold knytte til desse skolane som bør vurderast nærmare, mellom anna forholdet mellom denne typen private «spesialskolar» og den offentlege skolen, tilskottsforvaltninga, ivaretakinga av kvar enkelt elevs behov, forholdet mellom behandling og opplæring og bruken av uttrykket «funksjonshemma», jf. Innst. O. nr. 88 og Ot.prp. nr. 37 (2006–2007). Departementet er i gang med å gjennomføre ei utgreiing i samsvar med dette, og vil som varsla i Ot.prp. nr. 37 (2006–2007) komme tilbake til Stortinget med ei eiga sak om dei særskilde skolane for funksjonshemma våren 2009.

Departementet foreslår å løyve 148 mill. kroner på posten.

Post 76 Andre private skolar, overslagsløyving

Norges Byggscole, Sørlandets Maritime Sjøaspirantskole og Rogaland Sjøaspirantskole M/S Gann får tilskott tilsvarende 85 pst. av eit godkjent budsjett. Departementet er i gang med å vurdere tilskottsordninga, jf. St.prp. nr. 1 (2007–2008) Kunnskapsdepartementet. Skoleskipet Gann fekk ny godkjenning hausten 2007. Ein fullstendig årsreknenskap for skolen bør liggje inne som grunnlagsmateriale før ny tilskottsmodell blir utarbeidd. Departementet vil derfor komme tilbake til dette. Tilskottet omfattar utgifter til gratis læremiddel for elevar på Vg1 i 2009. Dette blir betalt ut særskilt og er ikkje lagt på satsen.

Departementet foreslår å løyve 35,1 mill. kroner på posten.

Post 77 Den tyske skolen i Oslo, overslagsløyving

Det er forhandla fram ein ny avtale med Den tyske skolen i Oslo. Forslag om å godkjenne avtalen vil bli lagt fram i ein eigen stortingsproposisjon frå Utanriksdepartementet. Med den nye avtalen vil tilskottet til den tyske skolen bli regelstyrt. Departementet foreslår derfor at tilskottet til skolen blir flytta på eigen post med overslagsløyving under kap. 228. Tilskottet til skolen vil bli rekna ut på same måte som tilskottet til private skolar, men med 54,4 pst. av tilskottssatsen.

På grunnlag av antatt elevtal i 2009 foreslår departementet å løyve 8,8 mill. kroner på posten.

Post 78 Kompletterande undervisning, overslagsløyving

Formålet med ordninga er å bidra med finansiering slik at elevar ved utanlandske eller internasjonale skolar kan få kompletterande undervisning i norsk, samfunnsfag og religion, livssyn og etikk. Målgruppa er statsborgarar i grunnskolealder frå Noreg eller ein annan EØS-stat (som er barn av EØS-borgarar med både arbeid og bustad i Noreg) ved utanlandske eller internasjonale grunnskolar. Tilskottet blir gitt med 85 pst. av fastsett sats per time, men kan variere ut frå storleiken på undervisningsgruppa. Det vart behandla 601 søknader i 2007, og 541 fekk innvilga tilskott.

Departementet foreslår å løyve 25,8 mill. kroner på posten.

Post 79 Toppidrett

Skolane til Wang og Norges Toppidrettsgymnas får, i tillegg til tilskottet etter privatskolelova, om lag kr 17 700 i særskilt toppidrettstilskott per elev. Tilskottet blir gitt for maksimalt 810 elevar.

Toppidrettstilskottet vart innført ved eit eige budsjettvedtak i Stortinget i 1999, jf. Budsjett-Innst. S. nr 12 (1998–1999) og St.prp. nr. 1 (1998–1999):

«Private videregående skoler med toppidrettstilbud som går ut over læreplanene for studieretning for idrettsfag, kan etter særskilt godkjenning få tilskudd til toppidrettstilbudet. (...) Det gis tilskudd for maksimalt 810 elever til sammen ved de skolene som får tilskudd. Det fastsatte maksimale elevtallet som kan utløse toppidrettstilskudd, er ikke til hinder for at skolene kan få tilskudd for et høyere elevtall (...) etter den ordinære satsen for idrettsfag. (...) Følgende skoler får tilskudd: Norges Toppidrettsgymnas, Wang.»

Talet på 810 tilsvarende det elevtalet som hadde rett til tilskott da ordninga vart innført, med fordelinga 180 elevar ved Wang og 630 elevar ved Norges Toppidrettsgymnas. Taket for talet på elevar som kan få tilskottet, og fordelinga mellom dei to skolane, har lege fast sidan tilskottet vart innført. Regjeringa finn ikkje rom for å auke posten i budsjettet for 2009, men foreslår at tilskottet blir ført vidare på same nivå og med same fordeling som i 2008. Departementet vil foreta ein samla gjennomgang av ordninga saman med sentrale partar, for å vurdere om det er hensiktsmessig å leggje om støtteordninga i 2010-budsjettet.

Departementet foreslår å løyve 14,3 mill. kroner på posten.

Post 80 Privatskoleorganisasjonar

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at privatskoleorganisasjonane kan drive samordningsoppgåver for medlemsskolane sine. Tilskott blir gitt til privatskoleorganisasjonar med medlemsskolar som er godkjende etter privatskolelova. I 2007 fekk fem organisasjonar tilskott ut frå at dei til saman hadde 234 godkjende medlemsskolar. I 2008 var det 239 godkjende medlemsskolar for dei same organisasjonane.

Departementet foreslår å løyve 0,6 mill. kroner på posten.

Post 81 Elevutveksling til utlandet

Statstilskott etter privatskolelova kan ikkje nyttast til elevutveksling til utlandet. Denne tilskottsordninga gjeld for utveksling til utlandet for elevar i private vidaregåande skolar med rett til statstilskott. Skolane kan søkje om støtte til administrasjon, oppfølging av og tilrettelegging for elevutveksling. Tilskottet kan bli gitt til godkjende sam-

arbeidsprosjekt mellom norske private vidaregåande skolar med rett til statstilskott og utanlandske skolar. Følgjande private vidaregåande skolar er godkjende for å kunne bli tildelte slikt tilskott: Danielsen vidaregåande skole i Bergen, Heltberg Private Gymnas i Oslo og Drottningsborg vidaregåande skole i Grimstad.

Departementet foreslår å løyve 1,6 mill. kroner på posten.

Kap. 229 Andre tiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
70	Tilskott til tryggleiksoplæring for fiskarar	11 418	11 909	12 433
	Sum kap. 229	11 418	11 909	12 433

Post 70 Tilskott til tryggleiksoplæring for fiskarar

Målet med tilskottsordninga er å medverke til å finansiere tryggleiksoplæring for fiskarar. Opp- læringa er regulert av *FOR 1989-02-10 nr. 88 Forskrift om sikkerhetsopplæring for fiskere* med heimel i lov av 5. juni 1981 nr. 42 om sertifikatpliktige stilingar på norske skip, borefartøy og andre flyttbare innretningar på sjøen. Lova og forskrifta er forvalta av Nærings- og handelsdepartementet. Frå 1. juni 2006 er tryggleiksoplæring for fiskarar berre arrangert på kursfartøy. I 2007 gjennomførte 1 024 deltakarar denne opplæringa, ein reduksjon på 22 frå året før. På grunnkurs vart 65 pst. av kapasiteten nytta, og på repetisjonskurs vart kapasiteten nytta fullt ut.

Departementet viser til merknad frå kirke-, utdannings- og forskningskomiteen i Budsjett-Innst. S. nr. 12 (2007–2008):

«Komiteen ber Regjeringen vurdere tiltak for å sikre at sikkerhetsopplæringen for fiskere videreføres som en viktig og nasjonal satsning for sikkerhet for fiskere. I denne sammenheng bes departementet vurdere å ta inn igjen opprinnelig eller reformulert avtale med Troms fylkeskommune ang. opplæringsordningen.»

Departementet har vurdert at ein avtale med Troms fylkeskommune ikkje er formålstenleg da det allereie er forskriftsfesta at Troms fylkeskommune har ansvar for administrasjon av opplæringa. Etter departementet si vurdering vil ein avtale ikkje kunne regulere andre forhold enn det som allereie er fastsatt i forskrift.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2008.

Kap. 230 Kompetansesenter for spesialundervisning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Driftsutgifter	591 996	585 136	618 546
21	Særskilde driftsutgifter	62 311	47 703	49 802
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	7 283	7 174	7 468
	Sum kap. 230	661 590	640 013	675 816

Post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold

Løyvinga gjeld:

- Statleg spesialpedagogisk støttesystem (Statped) med 13 statlege kompetansesenter og kjøp av tenester frå tre private institusjonar, inkludert ventelønn og lønn etter rettsvilkårsavtalen for overtalige
- Utdanningsdirektoratets råd for inkluderande opplæring
- Midtlyngutvalet: Utvalet for betre læring for barn, unge og vaksne med særskilde behov
- prosjektretta støtte til organisasjonar for funksjonshemma
- utgifter til nasjonal koordinator i Utdanningsdirektoratet for *European Agency for Development in Special Needs Education*, internasjonalt samarbeid m.m.
- tildeling til fylkesmannsembeta for rettleiing innanfor tilpassa opplæring og spesialundervisning
- utvikling, produksjon og distribusjon av spesialpedagogiske læremiddel

Statped er eit nettverk av spesialpedagogiske senter under Utdanningsdirektoratet. Statped skal

bidra til at barn, unge og vaksne med særskilde opplæringsbehov får ei god og tilrettelagd opplæring og eit tilfredsstillande læringsutbytte som fører til meistring. I tillegg skal Statped utvikle kompetanse og formidle kunnskap om spesialundervisning og likeverdig, tilpassa og inkluderande opplæring til brukarar og fagmiljø.

Rapport for 2007–08

I juni 2007 vart det oppnemnt eit offentleg utval, Midtlyngutvalet, som skal gjennomgå tiltakskjeda for barn, unge og vaksne med særskilde opplæringsbehov generelt, og det statlege spesialpedagogiske støttesystemet (Statped) spesielt. Dette er ei oppfølging av tiltak omtalte i St.meld. nr. 16 (2006–2007) ... og ingen sto igjen, jf. Innst. S. nr. 164 (2006–2007). Midtlyngutvalet skal leggje fram innstillinga si innan 1. juli 2009.

Dei statlege spesialpedagogiske kompetansesentra har i 2007 ført vidare fagprofilen som er forankra i dei to hovudområda tenesteyting og fagutvikling med formidling.

Tenesteproduksjonen i Statped hadde med små variasjonar om lag same profil og innretning i 2007 som året før. Tabellen under syner fordeling av ressursar på dei ulike vanskeområda.

Tabell 4.3 Ressursinnsats frå Statped på dei ulike vanskeområda (i pst.)

	2005	2006	2007
Syn	16,2	16,2	17,0
Hørsel (inkludert skoledrift/internat for hørselshemma og døvblinde)	44,6	42,1	44,7
Språk- og talevanskar	11,0	11,0	11,4
Samansette lærevanskar og åtferdsvanskar	14,7	16,1	18,2
Sosiale og medisinske institusjonar	5,5	5,9	–
Spesialpedagogiske tenester i Nord-Noreg (inkludert samisk spesialpedagogisk stønad)	7,0	8,0	8,4
Fellestiltak / andre tiltak	1,0	0,7	0,3
Sum	100,0	100,0	100,0

Læremiddelutvikling og -produksjon var ein prioritert aktivitet. Det gjeld spesielt læremiddel til synshemma og døve og sterkt tunghørte elevar. Dei aktuelle sentra bidrog også med å leggje til rette eksamensoppgåver, kartleggingsprøver og nasjonale prøver for dei same brukargruppene.

Nordnorsk kompetansesenter og Nordnorsk spesialpedagogisk nettverk vart frå 1. januar 2008 samordna til *Statped Nord* for å få ei meir effektiv tenesteyting i dei tre nordlegaste fylka.

Skolane ved dei sosiale og medisinske institusjonane, inklusiv løyvinga, vart frå 1. januar 2007 overførte til vertsfylkeskommunane.

Fleire av sentra medverka i oppfølginga av *Strategi for læringsmiljø i grunnsopplæringa (2005–2008)* ved implementering av programma *Positiv atferd, støttende læringsmiljø og samhandling i skolen* (PALS) og *Læringsmiljø og pedagogisk analyse* (LP-modellen). Arbeidet med å få kartlagt organiseringa av og kompetansen i den kommu-

nale og fylkeskommunale pedagogiske og psykologiske tenesta vart utsett for å kunne samordne kartlegginga med arbeidet til Midtlyngutvalet.

Samarbeidet med spesialisthelsetenesta, universitet og høgskolar og internasjonalt arbeid vart utvikla vidare. Syns- og hørselssentra medverka i utdanning av fagfolk med syns- og hørselsfagleg kompetanse ved NTNU og UiO.

Mål for 2009

Statped skal arbeide etter følgjande mål:

- å yte spesialpedagogiske tenester av god kvalitet til rett tid på individ- og systemnivå, særleg på område der ein ikkje kan vente at kommunane har kompetanse
- å sikre skole- og miljøtilbod for hørselshemma elevar i grunnskole og vidaregåande opplæring, etter avtale med oppdragsgivar
- å syte for mest mogleg lik tilgang på tenester i alle landsdelar
- å utvikle, produsere og distribuere læremiddel

Budsjettforslag for 2009

For å få betre samsvar mellom løyvingar til direktoratets permanente driftsoppgåver på kap. 220 og kap. 230 og midlertidige utviklingsoppgåver på kap. 226 er det omdisponert midlar på desse kapitla, jf. Innst. S. nr. 270 (2007–2008) og St.prp. nr. 59 (2007–2008) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2008*.

I tillegg foreslår departementet å flytte 0,5 mill. kroner som går til faste driftsoppgåver, frå kap. 230 post 01 til kap. 220 post 01. Midlar til lydbokproduksjon er overførde til posten, jf. omtalen over. Departementet foreslår samstundes å redusere kap. 230 post 01 med 6 mill. Resultatet av dette er ein liten auke i løyvinga på post 01. Departementet foreslår at løyvinga på kap. 230 postane 21 og 45 blir ført vidare på tilsvarende nivå som i 2008.

Post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3230 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter frå oppdragsverksemd, kap. 3230 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 2.

Løyvinga på post 45 kan overførast.

Kap. 3230 Kompetansesenter for spesialundervisning

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Inntekter frå oppdrag	63 239	47 703	49 802
02	Salsinntekter o.a.	7 408	5 819	12 757
15	Refusjon av arbeidsmarknadstiltak	472		
16	Refusjon av foreldrepengar	3 453		
18	Refusjon av sjukepengar	12 554		
	Sum kap. 3230	87 126	53 522	62 559

Post 01 gjeld oppdragsverksemd som kompetansesentra utfører for kommunar, fylkeskommunar, høgskolar, universitet m.m.

Post 02 gjeld sal av læremiddel, sal av elevprodukt, sal frå kantine, utleige av lokale, inntekter frå hjelpemiddeltilpassing og inntekter frå kurs (kurs-

materiell, deltakarbeting og opphaldsutgifter i samband med kurs).

På grunn av at utgiftspost 01 under kap. 230 er foreslått auka som følge av lydbokproduksjon, blir også kap. 3230 post 01 auka med 6,7 mill. kroner.

Programkategori 07.30 Barnehagar

Utgifter under programkategori 07.30 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
231	Barnehagar	18 112 358	21 584 258	24 314 940	12,7
	Sum kategori 07.30	18 112 358	21 584 258	24 314 940	12,7

Kap. 231 Barnehagar

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overføres, kan nyttast under post 51</i>	75 317	77 367	88 136
50	Tilskott til samiske barnehage tilbud	11 870	12 380	12 925
51	Forsking, <i>kan nyttast under post 21</i>	6 488	6 767	7 065
60	Driftstilskott til barnehagar, <i>overslagsløyving</i>	13 735 461	16 209 680	18 120 880
61	Investeringsstilskott, <i>overslagsløyving</i>	266 173	207 500	173 000
62	Tilskott til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne i barnehage	762 675	794 707	829 674
63	Tilskott til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealder	102 523	106 829	111 529
64	Tilskott til mellombelse lokale, <i>overslagsløyving</i>	21 707	10 000	33 000
65	Skjønnsmidlar til barnehagar	3 130 144	4 159 028	4 938 731
	Sum kap. 231	18 112 358	21 584 258	24 314 940

Å satse på dei små lønner seg stort. Eit godt utbygd og pedagogisk barnehage tilbud gir barn gode og meir likeverdige oppvekst- og læringsvilkår, samstundes som det gir småbarnsforeldre moglegheit til å ta aktiv del i utdannings- og yrkeslivet. Full barnehagedekning, høg kvalitet og låg pris er prioriterte mål og satsingsområde for barnehagepolitikken til regjeringa.

Frå 2009 innfører Regjeringa lovfesta rett til barnehageplass for alle barn som har fylt eitt år innan utgangen av august det året det blir søkt om plass. Målet for regjeringa er at alle barn skal få oppfylt sin lovfesta rett til barnehageplass.

Høg kvalitet i barnehagane er eit prioritert område for regjeringa, og kompetansen til dei tilsette er avgjerande for kvaliteten på barnehage tilbudet. Fleire barn i barnehagane fordrar fleire pedagogar, og regjeringa vil derfor styrkje satsinga på rekruttering av førskolelærarar i 2009.

Regjeringa ønskjer å auke merksemda på og kunnskapen om kva som gir gode barnehagar, og vil leggje fram ei stortingsmelding om kvalitet og innhald i barnehagane i 2009. Regjeringa vil òg føre vidare det viktige arbeidet med tidleg innsats og språkstimulering for barn i førskolealder.

Regjeringa vil at foreldrebetalinga skal vere så låg at alle som ønskjer det, skal ha råd til å betale

for ein barnehageplass med god kvalitet. Regjeringa foreslår derfor å føre vidare maksimalgrensa for foreldrebetalinga på same nominelle nivå som i 2008. Dette vil Regjeringa gjere kvart år fram til målet om ein maksimalpris på kr 1 750 (2005-kroner) er nådd, truleg i 2012.

Mål: Full barnehagedekning

Tilstandsvurdering

Utbygginga av nye barnehageplassar i kommunane har auka sterkt sidan Barnehageforliket vart inngått på Stortinget i 2003. Frå utgangen av 2003 og fram til utgangen av 2007 har om lag 45 000

fleire barn fått plass i barnehage. Kommunane og private utbyggjarar har etablert om lag 59 000 nye heiltids barnehageplassar i den same perioden.

Målalet for utbygging i 2007 var 22 700 nye barnehageplassar. Desse skulle gi rom for 16 200 fleire barn i barnehage. Tal frå KOSTRA og Asplan Viak syner at målalet ikkje vart nådd fullt ut, sjølv om 2007 gav ei enda høgre barnehageutbygging enn året før. Heile 18 000 nye heiltidsplassar vart etablerte i løpet av 2007. Dette var 2 000 fleire nye plassar enn det som vart etablert året før, og gav rom for om lag 14 900 fleire barn i barnehage. 72 pst. av dei nye barnehagebarna i 2007 var under tre år.

Tabell 4.4 Tal på barn i barnehage, auke i talet på barn i barnehage og barnehageplassar 2003–07

	2003	2004	2005	2006	2007
Tal på barn i barnehage	205 172	213 097	223 501	234 948	249 815
Auke i talet på barn	6 910	7 925	10 404	11 447	14 867
Auke i talet på heiltids barnehageplassar	7 400	11 200	13 500	16 000	18 000
Dekningsgrad 1-5 år	69,1	72,2	76,2	80,4	84,3
– dekningsgrad 1–2 år	43,8	47,8	53,9	61,8	69,3
– dekningsgrad 3–5 år	85,1	87,7	90,6	92,8	94,5
– dekningsgrad 1 år	33,4	37,0	43,4	50,7	59,5
– dekningsgrad 2 år	54,1	58,8	64,8	72,8	79,3
– dekningsgrad 3 år	79,4	82,8	87,0	89,8	92,3
– dekningsgrad 4 år	86,9	88,9	92,1	93,8	95,3
– dekningsgrad 5 år	89,0	91,1	93,3	94,8	95,9

Kjelde: Statistisk sentralbyrå og Asplan Viak

Ved utgangen av 2007 gjekk nærmare 250 000 barn i ein ordinær barnehage eller familiebarnehage. I tillegg gjekk om lag 7 300 barn i open barnehage i 2007. Barn under tre år utgjer no om lag 34 pst. av alle barn i barnehage, mot 31 pst. i 2006.

Som i dei føregåande åra gjekk også ein god del av kapasitetsveksten i barnehagesektoren i 2007 med til å auke opphaldstida til barn som alle-reie har plass i barnehage. Overgangen frå deltid til heiltid var likevel noko mindre i 2007 enn i 2006. I 2007 vart det etablert 1,2 heiltidsplassar for kvart nytt barn som kom inn i barnehage. I 2006 var dette talet 1,4. Det viser at ein større del av barnehageutbygginga no bidreg til å bringe fleire barn inn i barnehagane.

I 2007 hadde 80 pst. av barna heiltidsplass i barnehagen, mot 75 pst. i 2006. Det vil seie avtalt opphaldstid på 41 timar eller meir. Gjennomsnittleg

avtalt opphaldstid har i same periode auka frå 41,1 til 41,9 timar per veke.

Kommunane står no for ein betydeleg større del av nybygginga i barnehagesektoren enn tidlegare. I 2007 byrja 48 pst. av dei nye barna i ein offentleg barnehage, mot 42 pst. i 2006 og 20 pst. i 2005. Offentleg og privat del av barnehagesektoren er framleis relativt jamstore. I 2007 hadde 54 pst. av barna plass i ein offentleg barnehage, medan 46 pst. hadde tilbod i ein privat barnehage. Ved utgangen av 2007 var det i overkant av 6 600 barnehagar i Noreg. Om lag 55 pst. av desse var private.

Regjeringa si definisjon av full barnehagedekning i 2007 var at alle som søkte innan fristen for hovudopptaket våren 2007, skulle få tilbod om ein plass innan utgangen av året. For å måle kor mange av dei som søkte ved hovudopptaket som

fekk tilbod om ein barnehageplass i løpet av året, etablerte Kunnskapsdepartementet eit elektronisk barnehagekart. Kommunane rapporterte sjølve inn til kartet talet på dei som søkte og dei som fekk tilbod om ein plass i løpet av året. Sluttstatus for Barnehagekartet i 2007 viste at ved utgangen av året hadde 90 pst. av kommunane barnehageplass til alle som hadde søkt ved hovudopptaket, medan 3 916 barn sto på venteliste i dei kommunane som ikkje hadde nådd full barnehagedekning i løpet av 2007.

Av barna som ikkje fekk plass var 77 pst. busette i Oslo, Bergen, Bærum, Sandnes eller Ålesund. Desse kommunane hadde alle ved årsskiftet ventelister med meir enn 250 barn. Andre kommunar hadde frå eitt til 122 barn på venteliste. Samla var det 42 kommunar som ikkje kunne tilby alle plass. Kommunane nemner større tilflytting og søkning enn dei hadde rekna med, samt lokalgeografiske utfordringar, som til dømes overdekning av barnehageplassar i ein del av kommunen samstundes som det er underdekning av plassar i ein annan, som årsaker til at målet om full barnehagedekning ikkje er nådd. Forsinka utbyggingsprosjekt grunna klager frå naboar og høgt press i bygge- og arbeidsmarknaden er òg årsaker kommunane trekkjer fram.

I tillegg til Barnehagekartet mottok departementet rapport frå kommunane over tal på barn i barnehage og på venteliste per 20. september 2007. Dette er ei årleg rapportering der kommunane, i motsetnad til i Barnehagekartet, rapporterer med utgangspunkt i sine eigne definisjonar av full barnehagedekning. Rapporteringa syner at dei aller fleste kommunane var eller ville komme i mål med full barnehagedekning i 2007, medan nokre større kommunar framleis var eit stykke unna målet.

Fylkesmennene har i 2007 prioritert å følgje opp dei kommunane som har lange ventelister, og som enno ikkje har nådd målet om full barnehagedekning. Fylkesmennene har sett i verk fleire tiltak overfor desse kommunane, mellom anna rettleiing i dei statlege finansierings- og tilskottsordningane for barnehageutbygging og råd om ulike løysingar for å få fortgang i barnehageutbygginga, slik som etablering av faste barnehageplassar i mellombelse lokale.

For å gjere kommunane i stand til å forsere barnehageutbygginga og komme i mål med full barnehagedekning innførte Regjeringa i 2007 eit nytt statleg tilskott til faste barnehageplassar i mellombelse lokale. Satsane for tilskottet vart auka betydelig i revidert nasjonalbudsjett 2008, jf. Innst.S. nr. 270 (2007–2008) og St.prp. nr. 59 (2007–2008). Tilskottet har medverka til auka utbygging av barne-

hageplassar, og rapporteringa frå kommunane per september 2007 syner at mange har teke i bruk mellombelse lokale, jf. post 64.

I revidert nasjonalbudsjett 2008 er det lagt løyvmessig til rette for at om lag 264 000 barn skal kunne få eit barnehagetilbod ved utgangen av 2008, jf. Innst. S. nr. 270 (2007–2008) og St.prp. nr. 59 (2007–2008). Det er over 14 000 fleire barn enn ved utgangen av 2007. Anslaget for talet på barn er mellom anna basert på opplysningar frå kommunane i ei undersøking utført av TNS Gallup på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet, der kommunane opplyser at dei har planar om å etablere 18 000 nye barnehageplassar i 2008. Dersom kommunane sine planar blir realiserte, vil dei aller fleste kommunane ifølgje undersøkinga ha full barnehagedekning ved utgangen av 2008.

Strategiar og tiltak

Det overordna målet for regjeringa er at alle som ønskjer barnehageplass, skal få tilbod om det. Regjeringa innfører ein individuell rett til barnehageplass i 2009. Målet for 2009 er at alle barn skal få oppfylt sin lovfesta rett til barnehageplass.

Kommunane har i dag etter barnehagelova plikt til å sørge for at det er tilstrekkeleg med barnehageplassar for barn i førskolealder. Kravet til kommunane blir skjerpa når ein rett til barnehageplass blir innført, jf. Besl. O. nr. 100 (2007–2008) og Ot.prp. nr. 52 (2007–2008). Retten inneber at barn som har fylt eitt år innan utgangen av august det året det blir søkt om barnehageplass, har rett til barnehageplass. Retten skal oppfyllest frå august same året, og barn skal ha rett til plass i ein barnehage godkjend etter barnehagelova i kommunen dei bur i. Kommunen skal fastsetje søknadsfrist for opptak i barnehagane og ha minimum eitt opptak i året. Gitt at kommunane gjennomfører sine utbyggingsplanar i 2008, jf. TNS-Gallupundersøkinga, er det grunn til å tru at kommunane vil kunne oppfylle ein lovfesta rett til barnehageplass frå hovudopptaket i 2009.

I statsbudsjettet for 2009 er det lagt til rette for etablering av totalt 2 000 nye barnehageplassar i mellombelse og faste barnehagelokale. Ein reknar med at desse plassane skal gi rom til 1 000 fleire barn. Dette målalet svarar til forventna etterspurnadsauke ved å føre vidare maksimalprisen på same nominelle nivå som i 2008, jf. post 60. Det er i 2009 lagt løyvmessig til rette for at om lag 265 000 barn skal kunne få plass i barnehage ved utgangen av 2009. Departementet vil komme tilbake til eventuelle oppdaterte anslag og løyvmessig behov for utbygging av barnehageplassar.

For å sikre stabile rammevilkår og stimulere til vidare utbygging og utvikling av barnehagetilbodet også i 2009 vil staten halde fram med å finansiere drift og etablering av nye barnehageplassar gjennom øyremerkte tilskott. Innlemming av tilskotta til barnehagar i rammetilskottet til kommunane vil etter planen skje i 2011, jf. Ot.prp. nr. 57 (2007–2008), sjølv om ein lovfesta rett til plass vil tre i kraft frå 2009. Det er naturleg å sjå desse sektorendringane i samanhang, men regjeringa ønskjer å gi kommunane god tid til å planleggje overgangen til rammefinansiering.

Regjeringa vil også vidareføre dei auka satsane for tilskottet til faste plassar i mellombelse lokale, jf. Innst. S. nr. 270 (2007–2008) og St.prp. nr. 59 (2007–2008). Tilskottet skal bidra til fortgang og fleksibilitet i barnehageutbygginga og gjere det mogleg for dei kommunane som treng det, å nå full barnehagedekning raskare.

For at alle som ønskjer det skal få eit godt barnehagetilbod, må utvikling og utbygging av barnehagetilbodet framleis stå høgt på dagsordenen i kommunane. Staten, kommunane og private aktørar samarbeider godt om barnehagesatsinga. Departementet vonar at innføringa av rett til barnehageplass vil medverke til at samarbeidet om barnehagesektoren framleis blir prioritert høgt av alle partar.

Stortinget slutta seg i 2007 til regjeringa si haldning til situasjonen for sjukehusbarnehagane, jf. Budsjett-innst. S. nr. 2 (2006–2007), St.prp. nr. 1 (2006–2007) for Helse- og omsorgsdepartementet og St.prp. nr. 1 (2006–2007) for Kunnskapsdepartementet. Dette innebar at dei aktuelle kommunane og helseføretaka ut frå dei lokale behov finst løysingar som sikrar nødvendige barnehageplassar. Helseføretaka ønskjer i nokre tilfelle å redusere eller leggje ned drifta av sjukehusbarnehagane fordi dei ikkje er ein del av kjerneverksamda. Regjeringa har foreslått ei endring i finansieringsordninga for ikkje-kommunale barnehagar som følgje av innlemming av barnehagetilskott i rammetilskottet til kommunane, jf. Ot.prp. nr. 57 (2007–2008). Ein ny finansieringssituasjon vil gjelde for alle barnehagane frå 2011, inkludert sjukehusbarnehagane. Inntil innlemming av barnehagetilskott blir innført, legg regjeringa vekt på at det er viktig at helseføretaka og kommunane finst fram til lokale løysingar, som gjer at talet på barnehageplassar ikkje blir redusert i kommunar der dei trengst for å nå full barnehagedekning. Dette er viktig av omsyn til regjeringas og kommunanes felles mål om full barnehagedekning. Det er òg viktig for at kommunane skal kunne oppfylle lovfesta rett til barnehageplass.

Mål: Høg kvalitet

Tilstandsvurdering

Barnehagen er barn sitt første institusjonaliserte møte med den livslange læringa, og overgang frå barnehage til skole er på veg til å bli ei universell røynsle for barn. Eit godt utbygd og pedagogisk barnehagetilbod gir barn gode og samstundes meir likeverdige oppvekst- og læringsvilkår. Barnehagane er viktige samfunnsinstitusjonar. Barnehagelova og rammeplanen om innhaldet i og oppgåvene til barnehagen definerer samfunnsmandatet til barnehagane, og legg føringer på kva ein god barnehage skal vere. Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmoglegheiter i nær forståing og samarbeid med heimen til barna.

Sidan rammeplanen legg føringer for kva ein god barnehage skal vere, er det viktig at personalet i barnehagane bruker denne i sitt daglege arbeid. Den reviderte rammeplanen tok til å gjelde frå 1. august 2006. På oppdrag frå departementet gjennomfører Høgskolen i Vestfold ei evaluering av rammeplanen. Formålet med evalueringa er å få informasjon om korleis rammeplanen blir brukt i barnehagesektoren, og om korleis personalet i sektoren opplever og vurderer planen. Resultata skal ligge føre våren 2009.

Ei viktig oppgåve for fylkesmennene er å føre tilsyn med kommunen som barnehagemyndighet. Tilsynet skal sikre at krava i barnehagelova blir oppfylte. Rapportering frå fylkesmennene for 2007 syner at det er variasjonar mellom embeta i omfanget av tilsynet, men mange embete har arbeidd grundig og målretta med tilsyn. For å styrkje tilsynet ytterlegare har departementet i 2008 stilt minimumskrav til tilsynsomfang og skjerpa rapporteringskrava.

I tillegg har fylkesmennene i 2007 gjennomført ei rekkje tiltak for å fremme kvaliteten i barnehagane, som samlingar, nettverk og konferansar om ulike tema, og direkte oppfølging av kommunar. Dei fleste embeta har eit godt samarbeid med høgskolar om lokal kompetanseutvikling.

I 2007 vart det fordelt om lag 19 mill. kroner til barnehageforskning, jf. post 51, gjennom *Program for velferdsforskning (2004–2008)* og *Praksisrettet FoU for barnehage, grunnopplæring og lærerutdanning (2006–2010)* (PRAKSISFOU) som Noregs forskingsråd forvaltar. *Program for velferdsforskning (2004–2008)* har som mål å bringe fram eit fagleg kunnskapsgrunnlag som er relevant for politiske beslutningstakarar og for den offentlege debatten. Forskningsprogrammet PRAKSISFOU skal fremme forskings- og utviklingsarbeid i lærarutdanningane, betre samanhengen mellom

yrkesutdanning og yrkesutøving, gi kunnskap om innhaldet og kvaliteten i barnehagen og medverke til at forskingsbasert kunnskap blir teken i bruk. I 2007 fekk ni barnehageprosjekt midlar gjennom PRAKSISFOU, og i 2008 har ytterlegare tre prosjekt fått midlar.

Etter avslutninga av OECDs Thematic Review of Early Childhood Education and Care Policy, etablerte OECDs utdanningspolitiske komité i 2007 eit barnehagenettverk for medlemslanda. Samarbeidet i nettverket bidreg til at Noreg kan sjå seg sjølv i relasjon til andre land det er naturleg å samanlikne seg med, og lære av dei i utforminga av barnehagepolitikken. Mandatet for nettverket er å

utvikle, dele og offentleggjere røynsler, forskning og god praksis i medlemslanda, vere eit forum for å presentere ny forskning om politikktutforming og identifisere nye område for forskning og analyse. Nettverket skal òg medverke til kontakt mellom forskarar, politikktutformarar og praktikarar og med andre internasjonale nettverk i tilgrensande område.

Personale og kompetanse i barnehagen

God kompetanse hos personalet og nok førskolelærarar/pedagogar er viktig for å kunne gi eit barnehagetilbod av høg kvalitet.

Tabell 4.5 Personale i barnehagane

	2005	2006	2007
Tal på tilsette	64 728	69 655	76 089
Tal på årsverk	50 331	54 896	60 525
Tal på barn per årsverk	4,4	4,3	4,1
– offentlege barnehagar	4,3	4,2	4,0
– private barnehagar	4,6	4,4	4,3
Tal på styrarar og pedagogiske leiarar	20 649	22 334	24 612
– i pst. av dei tilsette	31,9	32,1	32,3
Tilsette med godkjend førskolelærerutdanning	21 803	22 893	24 093
– i pst. av dei tilsette	33,7	32,9	31,7
Anna pedagogisk personale	5 639	5 620	5 905
– i pst. av dei tilsette	8,7	8,1	7,8
Styrarar og pedagogiske leiarar utan godkjend førskolelærerutdanning	2 244	2 932	4 180
– i pst. av styrarar og pedagogiske leiarar	10,9	13,1	17,0

Kjelde: Barnehagestatistikk, Statistisk sentralbyrå

Ved utgangen av 2007 var det om lag 76 000 tilsette som utførde vel 60 500 årsverk i barnehagane. Dette er ein auke på over 5 500 årsverk frå året før. I overkant av 24 500 av dei tilsette var styrarar og pedagogiske leiarar. Sidan 2005 har talet på tilsette i sektoren auka med om lag 11 500 personar.

Talet på barn per årsverk viser ein svak nedgang frå 2005 til 2007. Det har vore ein sterk auke i talet på barnehageplassar for barn under tre år i denne perioden, noko som kan forklare nedgangen. Etter forskriftene til barnehagelova skal det vere ein pedagogisk leiar per sju–ni barn når barna er under tre år, og ein pedagogisk leiar per 14–18 barn når barna er over tre år.

Delen av dei tilsette med førskolelærerutdanning har hatt ein nedgang frå 33,7 pst. i 2005 til 31,7 pst. i 2007 på landsbasis. Delen av dei tilsette i barnehagane som arbeider som styrar eller pedagogisk leiar utan godkjend førskolelærerutdanning, har auka med om lag fire prosentpoeng frå 2006 til 2007, og var 17 pst. på landsbasis i 2007.

Nokre fylke har større utfordringar når det gjeld å rekruttere nok førskolelærarar enn andre. Oslo og Akershus har dei største vanskaner. Her har delen styrarar og pedagogiske leiarar utan godkjend utdanning auka frå høvesvis 21,8 pst. og 22,1 pst. i 2006 til 27,8 pst. og 26,5 pst. i 2007. Delen styrarar og pedagogiske leiarar utan godkjend førskolelærerutdanning har auka i alle fylka i

landet, bortsett frå i Finnmark, som har ein svak reduksjon på 0,6 prosentpoeng.

Tabell 4.6 Utdanning av førskolelærarar ved statlege og private høgskolar og universitet

	2004	2005	2006	2007
Opptak til førskolelærarutdanning	1 943	2 091	2 361	2 439
– av dette menn	250	316	335	314
– del menn (i pst.)	12,9	15,1	14,2	12,9
Uteksaminerte førskolelærarar	1 289	1 331	1 272	1 435
– av dette menn	74	99	106	128
– del menn (i pst.)	5,7	7,4	8,3	8,9

Kjelde: Database for statistikk om høgre utdanning (DBH)

Talet på studentar som er tekne opp til førskolelærarutdanninga, har auka frå 1 943 i 2004 til 2 439 i 2007, jf. omtale under kategori 07.60, kap. 275. På lengre sikt vil auka opptak medverke til å auke talet på uteksaminerte førskolelærarar. Ferdig uteksaminerte førskolelærarar har auka frå 1 272 i 2006 til 1 435 i 2007, ein auke på om lag 13 pst. Tal frå Samordna opptak (SO) per april 2008 syner at talet på søkjarar som har førskolelærarutdanning som førsteval, har auka med 15,2 pst. frå 2007 til 2008. Auken frå 2006 til 2007 var på 6,8 pst.

I 2007 vart det nytta 8 mill. kroner til tiltak knytte til *Strategi for rekruttering av førskolelærere til barnehagen (2007–2011)*. Høgskolen i Oslo og Oslo kommune fekk midlar til å setje i gang ei arbeidsplassbasert førskolelærarutdanning retta mot assistentar i barnehagane. Departementet har òg gitt midlar til eit samarbeid mellom Universitetet i Stavanger og kommunar i Rogaland om desentralisert førskolelærarutdanning for assistentar som arbeider i barnehage. Vidare har departementet gitt midlar til tiltak for å auke rekrutteringa og gjennomstrøyminga av tospråklege studentar i førskolelærarutdanninga. Kunnskapsdepartementet styrkte i 2007 støtta til rettleiingsprogrammet for nyutdanna lærarar. Styrkinga vart øyremerkd nyutdanna førskolelærarar, og om lag 400 nyutdanna førskolelærarar fekk ta del i dette rettleiingsprogrammet i 2007. Kunnskapsdepartementet tildelte i 2007 òg midlar til fylkesmannsembete i pressområde til regionale og lokale prosjekt for å fremme rekruttering av førskolelærarar til barnehagane.

Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) har på oppdrag frå departementet vurdert yrkesstabiliteten til alle som har fullført utdanning som førskolelærar ifrå 1971. Vek-

sten i talet på førskolelærarar i perioden 2000 til 2005 har i stor grad vore kanalisert inn i barnehagane. Nesten 70 pst. av dei nyutdanna førskolelærarane byrja å jobbe i barnehage. Departementet gav NOVA i oppdrag å følgje opp rapporten med ei undersøking av utdanning, alder, bakgrunn og yrkesstabilitet også for dei tilsette som ikkje er førskolelærarar. Resultatet syner at om lag to tredjedelar av dei utan førskolelærarutdanning, har utdanning på vidaregåande nivå eller høgre. Resultata syner òg, til forskjell frå tidlegare undersøkingar, at det er førskolelærarane som er den mest stabile yrkesgruppa i barnehagen. Av dei barnehage-tilsette utan førskolelærarutdanning hausten 2005 var 53 pst. også tilsette i barnehage i 2002, mens om lag 80 pst. av førskolelærarane som jobba i barnehage i 2005, også var tilsette i barnehage i 2002.

Kunnskapsdepartementet vidareførte satsinga på kompetanseutvikling i barnehagesektoren i 2007. Om lag 64 mill. kroner vart i 2007 nytta til kompetanseutvikling og rekrutteringstiltak, sjå nærmare rapport under postane 21, 51 og 63. Midlane vart førde vidare i 2008. Departementet la i 2007 fram *Kompetanse i barnehagen – Strategi for kompetanseutvikling i barnehagesektoren (2007–2010)*. Målet med strategien er å styrkje kompetansen til dei tilsette innanfor dei prioriterte satsingsområda pedagogisk leiing, barns medverknad, språkmiljø og språkstimulering og samarbeid og samanheng mellom barnehage og skole, samt å auke kompetansen om det mandatet barnehagelova og rammeplanen gir. Strategien skal også stimulere til kompetanseutvikling for barnehageeigarar, kommunane som barnehagemyndigheit, høgre utdanningsinstitusjonar og forskingsmiljø. Fylkesmennene har ei sentral rolle i gjennomføringa av kompetansestrategien, og forvaltar lokale midlar til kompetanseutvikling. I

2007 vart kompetansen til styrarane innanfor pedagogisk leing prioritert. Departementet har i samarbeid med nokre fylkesmenn arrangert nasjonale konferansar.

Kunnskapsdepartementet har gitt Asplan Viak og Fafo i oppdrag å kartleggje gjennomføringa av *Kompetanse i barnehagen – Strategi for kompetanseutvikling i barnehagesektoren (2007–2010)*. Første delrapport skal leverast departementet hausten 2008.

I første halvdel av 2008 gav departementet ut to temahefte, eitt om tal, rom og form og eitt om barn med nedsett funksjonsevne. Hovudmålet med temahefta er å inspirere barnehagane og å spreie gode eksempel. Kunnskapsdepartementet har vidare tildelt midlar til eit landsdekkjande vidareutdanningstilbod i pedagogisk utviklingsarbeid for førskolelærarar som arbeider i barnehagen.

Departementet har utarbeidd rettleiaren *Fra eldst til yngst. Samarbeid og sammenheng mellom barnehage og skole*, som vart send til alle barnehagar, skolar, kommunar og fylkesmenn våren 2008. God samanheng mellom barnehage og skole kan bidra til å ta hand om barnets behov for tryggleik i overgangsprosessen og bidra til heilskap i læringsløpet. Rettleiaren skal først og fremst gi retningslinjer og anbefalingar, klargjere gjeldande reglar på feltet og vise gode måtar å følgje opp desse på.

Lærings- og omsorgsmiljøet i barnehagen er viktig. I tiltaksplanen *Manifest mot mobbing (2006–2008)* er det særleg lagt vekt på implementering av rammeplanen for barnehagen og barn sin rett til medverknad.

Stortingsmeldinga om språk vart lagd fram våren 2008, jf. St.meld. nr. 23 (2007–2008) *Språk bygger broer, språkstimulering og språkopplæring for barn, unge og voksne*. Meldinga omtalar utfordringar og tiltak for å styrkje språkopplæringa i eit livslangt perspektiv. Meldinga peiker på behovet for tverretatlege, heilskaplege tiltakskjeder i kommunane, slik at alle barn kan få tilbod om naudsynt språkstimulering. Språkstimulering til barn som ikkje går i barnehage kan til dømes bli gitt i samarbeid mellom foreldre, helsestasjon barnehage og skole. Sjå òg omtale under kategori 07.20.

Likestilling

Likestilling er ein del av verdigrunnlaget i barnehagane. Departementet arbeider for auka rekruttering av menn til barnehagen og for ein pedagogikk som medverkar til likestilling mellom gutar og jenter og like moglegheiter til å bli sett og hørt. For å kunne gi eit godt barnehagetilbod er det viktig at alle barnehagar har eit bevisst forhold til likestilling i den daglege omsorga for barna. Barn og unge treng både mannlege og kvinnelege rollemødellar. Ein betre kjønnsbalanse i barnehagen er også viktig for å kunne sikre personale med variert kompetanse.

Handlingsplanen *Den gode barnehagen er en likestilt barnehage (2004–2007)* vart avslutta i 2007. Sluttrapport frå handlingsplanen peiker på at likestilling er sett på dagsordenen i heile landet – i barnehagar, blant barnehageeigarar, kommunar og ved universitet og høgskolar.

Tabell 4.7 Menn i barnehagane 2003–07

	2003	2004	2005	2006	2007
Menn i alt	4 606	4 845	5 715	6 202	7 013
i pst. av dei tilsette	7,9	8,0	8,8	8,9	9,2
Styrarar og pedagogiske leiarar	1 053	1 112	1 263	1 350	1 545
Assistentar ¹	1 688	1 896	2 387	2 780	3 230
Andre stillingsgrupper	1 865	1 837	2 065	2 072	2 238

¹ Inkludert tospråklege assistentar

Kjelde: Barnehagestatistikk, Statistisk sentralbyrå

Målet i handlingsplanen var 20 pst. mannlege tilsette i barnehagane innan utgangen av 2007. Tabellen syner at i perioden for handlingsplanen (2004–07) har det vorte om lag 2 400 fleire menn i barnehagane. Det er ein auke på over 50 pst. Ved utgangen av 2007 var det 7 000 menn i norske bar-

nehagar. Etter anslag frå Statistisk sentralbyrå (SSB) har om lag 830 av 6 600 barnehagar nådd målet om 20 pst. menn. På landsbasis har ein ikkje lykkast med å auka delen tilstrekkeleg til at målet er nådd. Delen menn har auka frå 7,9 pst. i 2003 til 9,2 pst. i 2007. Ein må sjå den svake auken i saman-

heng med den sterke utbygginga av barnehagar i perioden, som krev fleire tilsette totalt.

Delen menn som fullfører førskolelærerutdanninga har auka, men er framleis berre på vel 9 pst. av studentane. Opptaket av menn til utdanninga har vore relativt stabilt i perioden 2004–2007. Relativt fleire menn enn kvinner fullfører ikkje utdanninga.

Våren 2008 lanserte departementet *Handlingsplan for likestilling i barnehage og grunnopplæring (2008–2010)*. Denne har nokre nye tiltak og skal føre vidare arbeidet med å nå målet om at 20 pst. av dei tilsette i barnehagen skal vere menn.

Barn med nedsett funksjonsevne

Barnehagen skal gi alle barn eit pedagogisk tilbod av god kvalitet. Barn med nedsett funksjonsevne kan trenge særskild tilrettelegging av fysiske og personalmessige forhold i barnehagen for at dei skal få eit godt pedagogisk tilbod i barnehagen. Staten gir derfor eit tilskott til kommunane til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne i barnehage, jf. post 62. Barn under opplæringspliktig alder som har særleg behov for spesialpedagogisk hjelp, har rett til slik hjelp, jf. opplæringslova § 5-7.

ECON utførde vinteren 2008, på oppdrag frå departementet, ei spørjeundersøking i kommunane om deira praksis når det gjeld handsaming av dette tilskottet og tiltak etter § 5-7 om spesialpedagogisk hjelp i opplæringslova. Resultata syner mellom anna at 70 pst. av kommunane nyttar heile eller størstedelen av statstilskottet til tiltak for enkeltbarn. Eit mindretal av kommunane (20 pst.) nyttar heile eller størstedelen av tilskottet til felles tiltak. Tiltaka omfattar først og fremst personalressursar. Eit fåtal kommunar (seks pst.) prøver å samle barn med nedsett funksjonsevne i ein eller få barnehagar.

Innanfor forskingsprogrammet *PRAKSISFOU* vart fire prosjekt som omhandlar barn med nedsett funksjonsevne i barnehagen, tildelt midlar i 2007.

Sommaren 2007 vart Midtlyngutvalet oppnemnt. Utvalet skal gjennomgå tiltakskjeda for barn, unge og vaksne med særskilde opplæringsbehov generelt, og det statlege spesialpedagogiske støttesystemet spesielt. Sjå nærmare omtale under kategori 07.20.

Minoritetsspråklege barn

Eit pedagogisk godt tilbod for minoritetsspråklege barn må leggje vekt på språkstimulering. Minoritetsspråklege barn kan ha særskilde språklege utfordringar fordi dei både må lære seg morsmålet

sitt og norsk. Språkleg forståing opnar for sosiale fellesskap, og barnehagen er derfor ein viktig integrerings- og språkopplæringsarena for minoritetsspråklege barn i førskolealder.

På oppdrag frå departementet gjennomførde Rambøll Management eit analyseoppdrag våren 2008 der det vart henta inn kunnskap om kommunanes tilrettelegging for språkstimulering og språkkartlegging for barn i og utanfor barnehagen. Resultata syner at dei fleste kommunane har tiltak for språkstimulering i barnehagane, og at språkkartlegging er grunnlaget for dette.

Det har vore eit mål å auka delen minoritetsspråklege barn i barnehagen. Talet på minoritetsspråklege barn i barnehage, som vil seie barn med ein annan språk- og kulturbakgrunn enn norsk, samisk, svensk, dansk og engelsk, har auka frå om lag 15 700 i 2006 til nærmare 18 900 i 2007. I 2007 gjekk om lag 63 pst. av alle minoritetsspråklege barn i alderen eitt til fem år i barnehage. Det er ein auke frå 57 pst. i 2006. I 2007 gjekk 90 pst. av alle minoritetsspråklege femåringar i barnehage, mot 96 pst. av alle femåringar i befolkninga totalt.

Eitt av tiltaka for å auka delen minoritetsspråklege barn i barnehage har vore forsøk med gratis kjernetid. Frå 2006 er det gitt tilbod om gratis kjernetid til fire- og femåringar i utvalde bydelar i Oslo. Tiltaket legg vekt på å rekruttere barn som ikkje har barnehageplass, og på å gi systematisk språkstimulering i barnehagane. Sjå nærmare omtale i St.prp. nr. 1 (2008–2009) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Ved utgangen av 2007 var det 925 førskolelærarar med innvandrarbakgrunn med jobb i barnehage, mot 788 i 2006. I 2007 utgjorde dette 3,8 pst. av alle førskolelærarar som arbeidde i norske barnehagar. Hausten 2007 hadde 6,1 pst. av studentane i førskolelærerutdanninga innvandrarbakgrunn. Sjå nærmare omtale i St.prp. nr. 1 (2008–2009) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Strategiar og tiltak

Eit viktig mål for barnehagepolitikken til regjeringa i 2009 er at barnehagen skal gi barn eit pedagogisk tilbod av høg kvalitet. Regjeringa vil leggje fram ei eiga stortingsmelding om kvalitet og innhald i barnehagen i 2009. Det er nesten ti år sidan føregåande stortingsmelding om kvalitet i barnehagane vart lagd fram, jf. St.meld. nr 27 (1999–2000) *Barnehage til beste for barn og foreldre*. Sidan da har det vore omfattande endringar i sektoren. Meldinga vil gjere greie for tilstanden i sektoren med særleg fokus på kvalitet og innhald, peike

på utfordringar og gjere greie for regjeringas barnehagepolitikk framover.

Kompetansen til dei tilsette er ein viktig faktor for at barnehagetilbodet skal holde høg kvalitet. Eit viktig mål for 2009 er å auke talet på pedagogar i barnehagen. Den store auken i talet på barnehageplassar dei siste åra har ført til ei utfordring med å skaffe nok førskolelærarar til barnehagane. Regjeringa foreslår derfor at det i 2009 blir oppretta 150 nye studieplassar i førskolelæruddanninga, og 150 studieplassar i eittårig vidareutdanning i barnehagepedagogikk på deltid for pedagogar med minst tre års høgre utdanning, jf. omtale under kategori 07.60. Vidare foreslår departementet til dømes å utvide tilbodet med arbeidsrelatert førskolelæruddanning for assistentar som jobbar i barnehagane, jf. post 21. Det er sett av til saman 15 mill. kroner til desse tiltaka. Tiltaka er i tråd med *Strategi for rekruttering av førskolelærere til barnehagen (2007–2011)*. Fleire av tiltaka for rekruttering som vart sette i gang i 2007 og 2008, blir òg førde vidare i 2009.

Målsetjinga for 2009 er at det blir gjennomført kompetansetiltak i barnehagesektoren i høve til *Kompetanse i barnehagen – Strategi for kompetanseutvikling i barnehagesektoren (2008–2010)*. Det vil samla over postane 21, 51 og 63 bli nytta om lag 76,5 mill. kroner til kompetanseutvikling og rekrutteringstiltak i 2009. Vidare vil det nyttast 7,5 mill. kroner til etablering av studieplassar over kap. 281 post 01. I tillegg til lokale kompetanseutviklingstiltak og utviklingsarbeid vil departementet finansiere nokre sentrale tiltak. Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring (NAFO) har fått midlar til å føre vidare kompetanseutviklingstiltak i språkstimulering og fleirkulturell pedagogikk for tilsette i barnehagar, jf. post 63.

Rammeplanen legg viktige føringar for kva ein god barnehage skal vere. For å få større og meir inngåande kunnskap om korleis rammeplanen er implementert i barnehagane, blir det no gjennomført ei evaluering i regi av Høgskolen i Vestfold. Denne vil leggje føringar for korleis departementet vil arbeide vidare med implementering av rammeplanen.

For framleis å fremme arbeidet med likestilling i barnehagen har departementet lagt fram *Handlingsplan for likestilling i barnehage og grunnopplæring (2008–2010)*. Tiltaka, som mellom anna omfattar rettleiing, kunnskapsspreiing og forskning, blir førde vidare frå handlingsplanen *Den gode barnehagen er en likestilt barnehage (2004–2007)*. I tillegg skal det etablerast nokre demonstrasjonsbarnehagar av barnehagar som har nådd målet om 20 pst. tilsette menn, og det skal etablerast team for rekruttering av menn på

fylkesnivå. Det vil også bli tildelt midlar til lokalt arbeid med likestilling i barnehagen.

Regjeringas mål er at barnehagen skal vere inkluderande og gi eit tilpassa tilbod, også til barn med særskilde behov. Departementet gir kommunane eit eige tilskott for tilrettelegging av barnehagane for barn med nedsett funksjonsevne, jf. post 62.

Det er framleis eit mål å auke delen minoritetspråklege barn i barnehagen, og departementet gir eit tilskott til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn, jf. post 63. I tillegg blir det drive målretta oppfølging av føresette med minoritetsbakgrunn for å sikre at også dei får betre norskkunnskapar. Dette er viktig for barna og dei føresette sin kontakt og samarbeid med barnehagen. Sjå nærmare omtale i St.prp. nr. 1 (2008–2009) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet, kap. 651.

St.meld. nr 23 (2007–2008) omtalar utfordringar for barnehagane i arbeidet med språkstimulering. Departementet foreslår fleire tiltak for å styrkje kommunane og barnehagane i oppgåva med å leggje til rette for god språkstimulering, mellom anna gjennomgang og fagleg vurdering av verktøy som blir brukte for å kartleggje språk hos barn i førskolealder, erfaringsformidling og informasjonstiltak.

Departementet vil føre vidare satsinga på barnehageforskning gjennom *PRAKSISFOU* i regi av Noregs forskingsråd, jf. post 51. I tillegg har departementet inngått ein avtale med Norsk folkehelseinstitutt om bruk av datamateriale om mødrer og barna deira, som blir følgde over tid, for å kartleggje språkutvikling og språkvanskar hos barn. Ulike prosjekt på dette området går over perioden 2007–2011. Det skal også setjast i verk kartleggingar og utgreiingar knytte til den kommande stortingsmeldinga om kvalitet og innhald i barnehagen.

Regjeringa vil halde fram med arbeidet mot mobbing gjennom *Manifest mot mobbing*. Tiltak retta mot barnehagen vil inngå som ein del av satsinga, med særleg vekt på å leggje til rette for eit godt lærings- og omsorgsmiljø.

Mål: Låg pris

Tilstandsvurdering

Maksimalgrensa for foreldrebetalinga vart i 2007 ført vidare på same reelle nivå som i 2006. Maksimalprisen for eit ordinært heiltidstilbod var i 2007 kr 2 330 per månad og kr 25 630 på årsbasis. Ei undersøking gjennomført av Statistisk sentralbyrå (SSB) i januar 2007 syner at den gjennomsnittlege betalingssatsen på landsbasis i både private og

kommunale barnehagar var lågare enn maksimalgrensa. Dette skyldast at mange kommunar har inntektsgraderte betalingssatsar. For hushald med ei bruttoinntekt på kr 250 000, kr 375 000 og kr 500 000 var satsane for ein heiltidsplass høvesvis kr 2 017, kr 2 235 og kr 2 289 i gjennomsnitt. For private barnehagar var den gjennomsnittlege betalingssatsen per januar 2007 på landsbasis kr 2 259. Maksimalprisen synest derfor å vere gjennomført i barnehagane. Maksimalgrensa for foreldrebetalinga vart i 2008 ført vidare på same nominelle nivå som i 2007. I 2008 er maksimalprisen såleis òg kr 2 330 per månad og kr 25 630 per år.

Konsulentfirmaet Fürst og Høverstad ANS har gjennomført ei utvalsundersøking av kostnadene i barnehagane i 2007. Analysen syner at kostnadsnivået ved drift i ordinære ikkje-kommunale barnehagar utgjer om lag 87 pst. av kostnadene i kommunale barnehagar. Kostnadene til ordinær drift i kommunale barnehagar auka nominelt med 4,6 pst. frå 2006 til 2007. I dei ikkje-kommunale barnehagane var den nominelle kostnadsauken ved ordinær drift 7,1 pst. Den sterke kostnadsveksten i dei ikkje-kommunale barnehagane i 2007 skyldast i hovudsak betre bemanning, auka lønnsutgifter per årsverk og auka avskrivings- og husleigekostnader.

Departementet har behov for å få meir kunnskap og betre oversikt over skilnadene i kostnader mellom kommunale og ikkje-kommunale barnehagar. Departementet har derfor starta eit større arbeid for å kartlegge kostnadene, jf. Budsjettinnst. S. nr. 2 (2007–2008). Resultata frå undersøkinga vil ligge føre i 2009.

Strategiar og tiltak

Målet til Regjeringa er at prisen skal vere så låg at alle som ønskjer det, har råd til å betale for ein barnehageplass av god kvalitet. Regjeringa vil derfor føre vidare maksimalprisen på same nominelle nivå kvart år fram til målet i Soria Moria-erklæringa om ei maksimalgrense for foreldrebetalinga på kr 1 750 (2005-kroner) blir innfridd. Ein reknar med at målet blir nådd i 2012.

Foreldrebetalinga for eit ordinært heiltidstilbod vil i 2009 maksimalt utgjere kr 2 330 per månad og kr 25 630 per år. Gjennom å auke det statlege driftstilskottet vil staten i 2009 dekkje kostnadene ved den forventa pris- og kostnadsauken i kommunesektoren som foreldra normalt dekkjer gjennom foreldrebetalinga.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 51

Midlane blir nytta til forsking, utviklingsarbeid, kartleggingar, utgreiingar, kompetansetiltak, rekrutteringstiltak og informasjons- og erfaringsspreiing. Midlane blir mellom anna nytta til kompetanseheving i barnehagesektoren.

Om lag 55 mill. kroner vart nytta til kompetanseutvikling over post 21 i 2007. I tillegg vart det nytta midlar over post 51 og post 63. Samla vart det fordelt om lag 64 mill. kroner til kompetanseutvikling og rekrutteringstiltak i 2007. Av desse midlane vart om lag 25 mill. kroner tildelte fylkesmennene for fordeling til kompetanseutvikling i barnehagesektoren. Om lag 15,5 mill. kroner vart tildelte Noregs forskingsråd til *PRAKSISFOU*, jf. omtale under post 51.

I 2007 vart det nytta 8 mill. kroner av kompetansemidlane til oppfølging av *Strategi for rekruttering av førskolelærere til barnehagen (2007–2011)*. Av desse midlane vart 3 mill. kroner nytta til arbeidsplassretta førskolelærarutdanning for assistentar i Oslo og i Rogaland. Vidare vart 2 mill. kroner nytta til tiltak for å auke rekrutteringa og gjennomstrøyinga av tospråklege studentar i førskolelærarutdanninga. Rettleiingsprogrammet for nyutdanna førskolelærarar vart styrkt med 1 mill. kroner. I tillegg fekk fylkesmannsembete i pressområde tildelt 2 mill. kroner til lokale og regionale prosjekt for å fremme rekruttering av førskolelærarar til barnehagane.

Kunnskapsdepartementet medverka med 6,3 mill. kroner til eit landsdekkjande vidareutdanningstilbod i pedagogisk utviklingsarbeid for førskolelærarar som arbeider i barnehage (PUB-studiet).

Midlar vart også nytta til kompetanseheving og utviklingsarbeid for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn, jf. post 63.

Vidare vart det sett av midlar til fylkesmenn i fem regionar knytte til oppfølging av handlingsplanen *Den gode barnehage er en likestilt barnehage (2004–2007)*. Midlane vart nytta til dømes til informasjonstiltak og rettleiing i alle fylke.

For å støtte barnehagane i arbeidet med innføringa av ny rammeplan er det brukt kompetansemidlar til temahefte om sentrale delar av rammeplanen og til nasjonale konferansar.

Fylkesmennene fekk i 2007 tildelt 12,5 mill. kroner til å løyse særskilde oppgåver på barnehagefeltet. Desse midlane kjem i tillegg til dei ordinære midlane til fylkesmannsembeta, løyvde over budsjettet til Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Midlane er mellom anna nytta til arbeid med informasjon, utviklingstiltak, nettverkssamlin-

gar, rettleiing, iverksetjing og oppfølging knytte til gjennomføringa av barnehagesatsinga. Fylkesmennene har mellom anna hatt ei sentral rolle i arbeidet med å auke barnehageutbygginga i kommunane.

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med om lag 7,5 mill. kroner i 2009. Midlane skal finansiere til dømes ei utviding av tilbodet med arbeidsplassbasert førskolelærarutdanning.

Post 50 Tilskott til samiske barnehagetilbod

Formålet med tilskottet er å leggje til rette for at samiske barn skal få utvikle samisk språk og kultur i barnehagen. Sametinget forvaltar tilskottet til samiske barnehagar, tilskott til språktiltak i norske barnehagar med samiske barn og midlar til informasjons- og utviklingsarbeid og rettleiing. Sametinget har i 2007 fordelt særskilde tilskottsmidlar til 41 samiske barnehagar, og det omfattar 1 000 samiske barn. 14 norske barnehagar med samiske barn har fått tilskott til samisk språkopplæring. Sametinget har gitt rettleiing og informasjon til kommunar og barnehagar, mellom anna gjennom konferansar, nettverksmøte og i direkte dialog med ulike aktørar.

Sametinget har tildelt midlar til utviklingsarbeid og pedagogisk materiell til bruk i barnehagar. Det er mellom anna utgitt barnebøker, filmar, cd-rom, dataspel og faglitteratur. På oppdrag frå Sametinget og Kunnskapsdepartementet er Samisk høgskole i ferd med å foreta ei kompetansekartlegging blant barnehage tilsette i samiske barnehagar og i barnehagar med samiske barn. Sametinget har òg prioritert arbeidet med likestilling i barnehagane. Det er mellom anna sett i gang nettverk for menn som jobbar i samiske barnehagar, og fleire barnehagar har fått tilskott til prosjektarbeid knytt til rekruttering av menn.

Sametinget har sidan 2002 hatt ei eiga ordning med stipend til førskolelærarar og allmennlærarar. Det er mellom anna gitt stipend til førskolelærarar til fordjuping i lulesamisk språk.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2008.

Post 51 Forsking, kan nyttast under post 21

Midlane blir nytta til forskning i og om barnehagar. Løyvinga blir forvalta av Noregs forskingsråd gjennom PRAKSISFOU og *Program for velferdsforskning (2004–2008)*. *Program for velferdsforskning (2004–2008)* har som mål å frambringe eit fagleg kunnskapsgrunnlag som er relevant både for politiske avgjerder og for den offentlege debatten.

Midlane har i hovudsak gått til eit prosjekt leda av Norsk senter for barneforskning (NOSEB): *Det moderne barn og det fleksible arbeidsmarkedet: Institusjonalisering og individualisering av barn i lys av endringer i velferdsstaten* og til eit samarbeidsprosjekt mellom Norsk institutt for oppvekst, velferd og aldring (NOVA) og Høgskolen i Oslo: *Barns omsorgskarrierer: Barnehagen som ledd i en omsorgskjede for barn opp til 3 års alder*.

Forskningsprogrammet PRAKSISFOU skal fremme forskings- og utviklingsarbeid i lærarutdanningane, betre samanhengen mellom yrkesutdanning og yrkesutøving og medverke til at forskingsbasert kunnskap blir teken i bruk. I 2007 vart tolv ulike forskningsprosjekt om barnehagar tildelte midlar. Prosjekta omhandla tema som barn med nedsett funksjonsevne i barnehagen, barns medverknad, førskolelærarrolla, barnehagen i endring, leing i barnehagen, IKT i barnehagen, språk og den fleirkulturelle barnehagen.

Løyvinga på posten må sjåast i samanheng med løyvinga til kompetanseutvikling på post 21. I 2007 vart det sett av 15,6 mill. kroner til PRAKSISFOU, der 13 mill. kroner vart løyvde over post 21 og 2,6 mill. kroner over post 51. Midlane løyvde over post 51 til PRAKSISFOU er øyremerkte forskning om barn med nedsett funksjonsevne i barnehagen. Om lag 4 mill. kroner av løyvinga på posten vart i 2007 nytta til *Program for velferdsforskning 2004–2008*.

Program for velferdsforskning 2004–2008 vil bli avslutta i 2008, og midlane til dette føremålet vil i 2009 bli nytta til forskning om barnehagar, mellom anna om kvaliteten på barnehage tilbodet.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2008.

Post 60 Driftstilskott til barnehagar, overslagsløyving

Under denne løyvinga er det fire tilskottsordningar: eit ordinært driftstilskott, eit tilskott til drift av barnehagar på Svalbard, eit tilskott til tiltak for barn av nykomne flyktningar og eit tilskott til lønnstillegg for førskolelærarar i Finnmark og Nord-Troms.

Ordinært driftstilskott til barnehagar

Det ordinære driftstilskottet skal nyttast til å nå måla om full barnehagedekning, lågare foreldrebetaling og høg kvalitet i barnehagane.

Tilskottet er øyremerkd og blir gitt til alle godkjende barnehagar. Tilskottet blir utbetalt etter gjeldande satsar, avhengig av alderen til barnet og avtalt opphaldstid per veke. Satsane for driftstil-

skottet er differensierte mellom private og offentlege barnehagar. Det er egne satsar for barn med tilbod i open barnehage.

Driftstilskottet har, saman med dei andre statlege tilskotta til drift og etablering av barnehagar, vore viktig for å stimulere til auka utbygging av barnehageplassar. Statlege og kommunale tilskott dekkjer i gjennomsnitt om lag 80 pst. av driftskostnadene i barnehagesektoren, og bidreg såleis til at barnehagane kan gi eit kvalitativt godt tilbod til låg pris.

Det vart i 2007 utbetalt om lag 13 735 mill. kroner i driftstilskott til barnehagar. I hovudsak gjekk desse midlane til å utbetale ordinært driftstilskott, som i 2007 omfatta plassar til om lag 250 000 barn.

Departementet foreslår å løyve om lag 18 mrd. kroner på posten i 2009. Løyvingsbehovet for driftstilskott til nye plassar i permanente lokale i 2009 er anslått til 27,5 mill. kroner. Departementet har lagt til grunn ein auke på 1 400 heiltidsplassar.

Det er anslått at desse plassane vil gi plass til 700 fleire barn i barnehage. Departementet anslår at meirbehovet på posten knytt til nye plassar i mellombelse lokale i 2009 utgjer 12 mill. kroner. Da er det lagt til grunn at det blir etablert 600 faste plassar i mellombelse lokale, og at det vil gi rom for 300 fleire barn i barnehage. Regjeringa foreslår å føre vidare maksimalprisen på same nominelle nivå som i 2008, noko som gjer at barnehagane må få kompensasjon for mindreinntektene frå foreldrebetalinga gjennom ein auke i driftstilskottet. Dette gir eit meirbehov på 276,5 mill. kroner. Meirbehovet ved å dekkje heilårseffekten på driftstilskottet av barnehageplassar etablerte i 2007 og 2008 er 859,5 mill. kroner. Justering av driftstilskottet for forventa pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren i 2009 gir eit meirbehov på om lag 735,5 mill. kroner. Totalt foreslår departementet å auke løyvinga på posten med om lag 1 911 mill. kroner nominelt i 2009.

Tabell 4.8 Statleg driftstilskott til ordinære barnehagar og familiebarnehagar for 2009. Offentlege barnehagar. Kroner per år

Ukentleg opphaldstid for barn	Barn fødte 2005 og tidlegare	Barn fødte 2006 og seinare
0–8 timar	9 090	17 210
9–16 timar	18 370	34 675
17–24 timar	27 905	52 270
25–32 timar	37 360	69 905
33–40 timar	40 180	74 795
41 timar eller meir	50 525	90 360

Tabell 4.9 Statleg driftstilskott til ordinære barnehagar og familiebarnehagar for 2009. Private barnehagar. Kroner per år

Ukentleg opphaldstid	Barn fødte 2005 og tidlegare	Barn fødte 2006 og seinare
0–8 timar	10 040	19 175
9–16 timar	20 305	38 580
17–24 timar	30 750	58 155
25–32 timar	41 190	77 725
33–40 timar	44 150	83 035
41 timar eller meir	55 565	100 270

Tabell 4.10 Statleg driftstilskott til open barnehage i 2009. Kroner per år

Ukentleg opphaldstid for barna	Tilskottssats
6–15 timar	8 020
16–timar eller meir	14 685

Tilskott til drift av barnehagar på Svalbard

Tilskottet skal medverke til at barnehageeigarar på Svalbard kan gi eit kvalitativt godt tilbod med låg foreldrebetaling til dei som ønskjer barnehageplass.

Ved utgangen av 2007 gjekk 127 barn i barnehage i den norske busetnaden på Svalbard, og dekningsgraden for barn eitt til fem år var 97 pst. Foreldrebetalinga for eit heiltidstilbod i barnehagane på Svalbard svara i 2007 til maksimalgrensa fastsett av Stortinget. Det vart i 2007 utbetalt om lag 7,1 mill. kroner i driftstilskott til barnehagane på Svalbard.

Departementet foreslår at ordninga blir ført vidare på same måte som i 2008.

Tilskott til tiltak for barn av nykomne flyktningar

Målet med tilskottet er å gjere kommunar og private barnehageeigarar i stand til å gi barn av nykomne flyktningar eit barnehagetilbod når familien skal etablere seg i busetjingskommunen etter opphald i mottak. Ordninga gjeld også for barn av personar som har fått opphald på humanitært grunnlag. Barn av asylsøkjjarar er ikkje omfatta av ordninga. Tilskottet omfattar eit barnehagetilbod på 15 timar per veke i åtte månader.

Det vart i 2007 utbetalt om lag 15,1 mill. kroner i tilskott til dette formålet. Tilskottet omfatta 358 barn, noko som er ein reduksjon på 16 barn frå 2006. Departementet foreslår at ordninga blir ført vidare på same måte som i 2008.

Lønnstillegg til førskolelærarar i Finnmark og Nord-Troms

Formålet med tilskottet er å betre tilgangen på førskolelærarar i Finnmark og Nord-Troms. Løyvinga dekkjer lønnstillegg til personar med godkjend utdanning tilsette som styrarar og pedagogiske leiarar i barnehagar og barnehageadministrasjonar i alle kommunane i Finnmark og sju kommunar i Nord-Troms.

Om lag 15,4 pst. av styrarar og pedagogiske leiarar i Finnmark var utan førskolelæruddanning

ved utgangen av 2007, mot 16 pst. i 2006. I Troms auka delen styrarar og pedagogiske leiarar utan godkjend førskolelæruddanning med om lag eitt prosentpoeng i 2007, til 17,8 pst. Landsgjennomsnittet ved utgangen av 2007 var 17 pst. I 2007 vart det utbetalt om lag kr 600 000 i lønnstillegg til førskolelærarar i åtte kommunar i Finnmark og Nord-Troms.

Lønnstillegget utgjør kr 20 000 per år i full stilling. Departementet foreslår at ordninga blir ført vidare på same måte som i 2008.

Post 61 Investeringsstilskott, overslagsløyving

Tilskottsordninga er eit viktig verkemiddel for å nå målet om full barnehagedekning. Investeringsstilskottet er eit eingongstilskott til etablering av nye barnehageplassar. Tilskottet dekkjer delar av anleggskostnadene ved nybygg, tilbygg eller ombygging og reduserer dermed finansieringsbehovet ved etablering av nye plassar.

Investeringsstilskottet medverka til ei sterk utbygging av barnehageplassar i 2007. Til saman vart det utbetalt om lag 266 mill. kroner i investeringsstilskott i 2007.

Departementet foreslår å løyve 11 mill. kroner i investeringsstilskott til nye barnehageplassar i 2009. I utrekninga av løyvingsbehovet er det lagt til grunn at om lag 700 fleire barn vil få plass i ein permanent barnehage i 2009. Vidare legg departementet til grunn at det ved inngangen til 2009 vil vere eit etterslep av uhandsama søknader om investeringsstilskott knytte til etableringa av barnehageplassar i 2008. Departementet foreslår derfor å løyve 77,5 mill. kroner til investeringsstilskott til plassar etablerte i 2008.

Departementet føreset at nokre barn som fekk fast plass i mellombelse lokale i 2007 eller 2008, vil bli flytta over i permanente lokale i 2009. Løyvingsbehovet knytt til dette utgjør 84,5 mill. kroner. Departementet foreslår at maksimalsatsane for investeringsstilskottet blir førde vidare på same nominelle nivå som i 2008. Totalt er det foreslått å løyve 173 mill. kroner på posten i 2009.

Post 62 Tilskott til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne i barnehage

Tilskottsordninga skal medverke til at barn med nedsett funksjonsevne skal kunne dra nytte av opphald i barnehagen. Barn med nedsett funksjonsevne kan trenge særskild tilrettelegging av fysiske og personalmessige forhold. Ei slik tilrettelegging vil ofte føre med seg ekstra kostnader for barnehageeigaren. Det blir derfor gitt eit ekstra tilskott frå staten til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne i barnehagen. Kommunen må i tillegg yte det som er nødvendig av eigne midlar for å gi desse barna eit kvalitativt godt og forsvarleg tilbod i barnehagen. Tilskottet er fordelt til kommunane etter talet på barn i alderen eitt til fem år i kommunen. I 2007 vart det tildelt om lag 763 mill. kroner i tilskott til kommunane. Tilskottet har i 2007 medverka til at om lag 5 900 barn med nedsett funksjonsevne gjekk i barnehage som fekk ekstra ressursar.

Departementet foreslår at ordninga blir ført vidare på same nivå som i 2008.

Post 63 Tilskott til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealder

Tilskottet skal medverke til at kommunane kan utforme tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealder. Barnehagen er ein god arena for integrering og språkopplæring. I tillegg skal ordninga medverke til at minoritetsspråklege barn går i barnehage, og at kommunane utarbeider heilskaplege tiltak på tvers av tenestetilboda.

Tilskottet blir delt ut til kommunane ut frå talet på minoritetsspråklege barn som går i barnehage. Tilskottet følgjer ikkje barnet. Kommunane kan nytte tilskottet fleksibelt ut frå lokale variasjonar og behov, under føresetnad av at målsetjinga med tilskottet ligg til grunn for utforminga av tiltak.

KOSTRA-tal for 2007 syner at over 8 000 minoritetsspråklege barn i barnehage fekk tilbod om særskild språkstimulering utover det ordinære arbeidet med språkutvikling i barnehagen, jf. rammeplan om innhaldet i og oppgåvene til barnehagen. Dette er ein auke på om lag 1 000 barn frå 2006.

I tillegg til at om lag 96 mill. kroner vart fordelte til kommunane i 2007, vart det tildelt 4 mill. kroner til Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring (NAFO) for å initiere kompetanseutviklingsprogram og utviklingsprosjekt i eit utval fylke og barnehagar. Det vart òg gitt midlar til fylkesmenene til opplæring og lokalt utviklingsarbeid, jf. post 21. Prosjekta er førde vidare i 2008.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2008.

Post 64 Tilskott til mellombelse lokale, overslagsløyving

Tilskottet til faste barnehageplassar i mellombelse lokale er eit sentralt verkemiddel for å auke kapasiteten i barnehagesektoren, og skal medverke til at målet om full barnehagedekning blir nådd. Ordninga vart etablert 1. januar 2007.

Tilskottet blir gitt ved nyetablering av plassar i både kommunale og ikkje-kommunale barnehagar. Tilskottsordninga er ei mellombels ordning som skal stimulere barnehageeigarar til å leggje til rette lokale som gir barn fast plass i ein barnehage før den permanente barnehagen er på plass. Det er berre ordinære barnehagar som kan få tilskottet.

Rapportering frå kommunane per 20. september 2007 syner at nær 40 pst. av kommunane har teke i bruk mellombelse lokale for å nå full barnehagedekning. Per 20. september 2007 var det totalt 8 400 faste plassar i mellombelse lokale, noko som er ein auke på 75 pst. frå året før. Totalt vart det utbetalt 21,7 mill. kroner i tilskott til mellombelse lokale i 2007.

I 2008 vart satsane for tilskottet til faste barnehageplassar i mellombelse lokale auka frå kr 8 400 til kr 20 000 for ein heiltids barnehageplass, og satsen for ein deltidss barnehageplass auka frå kr 4 200 til kr 10 000, jf. Innst. S. nr. 270 (2007–2008), og St.prp. nr. 59 (2007–2008).

Departementet foreslår å løyve 4 mill. kroner i tilskott til nye plassar i mellombelse lokale i 2009. Departementet har i utrekninga av løyvingssbehovet lagt til grunn at om lag 300 fleire barn vil få fast plass i mellombelse barnehagelokale i 2009. Vidare føreset departementet at det ved inngangen til 2009 vil vere eit etterslep av uhandsama søknader om mellombelse lokale knytte til etableringa av barnehageplassar i 2008. Løyvingsbehovet knytt til dette utgjer 29 mill. kroner.

Departementet foreslår at satsane for tilskottet blir førde vidare på same nominelle nivå som i 2008. Totalt foreslår departementet å løyve 33 mill. kroner på posten i 2009.

Post 65 Skjønnsmidlar til barnehagar

Målet med skjønnsmidlane er å kompensere for dei auka netto meirutgiftene til kommunane som følgje av maksimalpris, kommunal plikt til likeverdig handsaming av ikkje-kommunale barnehagar og drift av nye barnehageplassar. Skjønnsmidlane er statlege midlar som blir overførde til kommunane og er øyremerkte barnehagedrift.

Departementet gjennomførte i 2008 ein kontroll av om kommunane oppfylte føresetnadene for tildeling av skjønnsmidlar i 2006. På grunnlag av vurderingar av i kva for kommunar det var størst risiko for feilbruk av midlane, vart det gjort ein nærmare gjennomgang i 60 kommunar. På bakgrunn av kontrollen har departementet samla trekt 49 kommunar for til saman 39 mill. kroner i skjønnsmidlar.

KOSTRA-tala for 2007 syner at netto driftsutgifter til barnehagar i kommunane har auka nominelt med 23 pst. eller om lag 760 mill. kroner frå 2003 til 2007. Mange kommunar har auka eigenfinansieringa, medan andre har redusert bruken av frie inntekter på barnehagar. Reduksjon i eigenfinansieringa er i strid med vilkåra for tildeling av skjønnsmidlar. Departementet vil derfor fortsetje å følge opp dette overfor kommunane.

Skjønnsmidlane medverka til at det vart oppretta om lag 18 000 nye heiltids barnehageplassar i 2007. Til saman vart det utbetalt om lag 3 130 mill. kroner i skjønnsmidlar i 2007.

Budsjettforslag for 2009

Departementet foreslår å løyve om lag 4 939 mill. kroner i skjønnsmidlar til kommunane i 2009. Løyvingsbehovet knytt til etablering av nye plassar i permanente lokale er anslått til om lag 30,5 mill. kroner i 2009. Departementet anslår vidare at meirbehovet på posten knytt til etablering av nye plassar i mellombelse lokale i 2009 utgjer 13,5 mill. kroner. Auken i driftstilskottet som følgje av at maksimalprisen blir ført vidare nominelt i 2009, tek ikkje omsyn til at mange foreldre i dag har redusert foreldrebetaling på grunn av søskenmoderasjonar, inntektsgradering og friplassar. Dette inneber at den auken i satsane for driftstilskottet som er foreslått, overkompenserer barnehagane for kostnadene ved redusert maksimalpris. Mindrebehovet på posten som følgje av dette er 16,5 mill. kroner. Meirbehovet på posten ved å kompensere kommunane for meirutgifter ved plassar etablerte i 2007 og 2008 er 560 mill. kroner. Forventa pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren i 2009 gir vidare eit meirbehov på posten på om lag 192,5 mill. kroner. Departementet foreslår samla å auke løyvinga på posten med om lag 780 mill. kroner nominelt i høve til 2008.

Programkategori 07.50 Tiltak for å fremme kompetanseutvikling

Utgifter under programkategori 07.50 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
252	EUs program for livslang læring	143 222	186 646	187 697	0,6
253	Folkehøgskolar	568 374	592 986	619 078	4,4
254	Tilskott til vaksenopplæring	189 691	192 722	198 969	3,2
255	Tilskott til freds- og menneskeretts-sentra o.a.	39 021	42 600	50 974	19,7
256	Vox - Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet	50 370	53 734	54 041	0,6
257	Program for basiskompetanse i arbeidslivet	39 585	36 944	38 570	4,4
258	Analyse og utviklingsarbeid	36 927	37 160	38 066	2,4
	Sum kategori 07.50	1 067 190	1 142 792	1 187 395	3,9

Inntekter under programkategori 07.50 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
3256	Vox - Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet	7 012	9 852	10 285	4,4
	Sum kategori 07.50	7 012	9 852	10 285	4,4

Med kompetansereforma som vart innført i 1999, vart begrepet livslang læring for alvor sett på dagsordenen. Vaksne fikk rett til grunnskoleopplæring fra hausten 2000, og vidaregåande opplæring frå hausten 2002. Livslang læring har ei nær kopling til sysselsetjings- og verdiskapingspolitikken og har ført til økt merksemd om opplæring på andre arenaer enn i det formelle utdanningssystemet.

Læring bidreg til å utvikle den einskilde personleg, sosialt, fagleg og kulturelt. Livslang læring bidreg til likestilling mellom generasjonane med omsyn til tilgangen til kunnskap. Kompetanse er òg den viktigaste faktoren for å lykkast i eit stadig meir omskifteleg arbeids- og samfunnsliv. Regje-

ringa vil leggje til rette for at fleire skal kunne til-eigne seg ny kunnskap og oppgradere sin kompetanse gjennom utdanning og opplæring. Regjer- inga tek sikte på å leggje fram ei stortingsmelding om dette i 2009.

Kommunar og fylkeskommunar har plikt til å oppfylle den einskildes rett til grunnskole- og vida- regåande opplæring. Som varsla i samband med revidert nasjonalbudsjett 2008, St.prp. nr. 59 (2007–2008), meiner Kunnskapsdepartementet det er behov for ei presisering av ansvar og arbeidsde- ling mellom Utdanningsdirektoratet og Vox med omsyn til den opplæringa vaksne har krav på etter opplæringslova. Sjå kap. 256 og 220.

Mål: Vaksne som ønskjer og har behov for det, skal få opplæring i grunnleggjande dugleikar

Regjeringa ønskjer å leggje til rette for at vaksne arbeidstakarar og arbeidssøklarar som ønskjer det og som har behov for opplæring i grunnleggjande dugleikar innanfor lesing, skriving, rekning og bruk av IKT skal få det. Den einskilde skal kunne tilpasse seg endringar og gjere seg nytte av moglegheiter som ny kunnskap og teknologi gir oss. Gode grunnleggjande dugleikar aukar produktiviteten og sjansane den einskilde har til å få ein jobb og ei god inntekt. Samstundes vil manglande grunnleggjande dugleikar kunne vere til hinder for å ta del i opplæring og for oppgradering av fagkunnskap.

Regjeringa har arbeidd for å målrette tiltak for å styrkje opplæring i grunnleggjande dugleikar for vaksne gjennom *Program for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA)*, som vart oppretta i 2006. Programmet er retta mot dei gruppene som manglar den grunnleggjande kompetansen dei treng for å fungere godt i arbeids- og samfunnslivet jf. kap. 257.

Regjeringa vil halde fram med satsinga for å styrkje grunnleggjande dugleikar hos vaksne gjennom BKA og for at fleire av dei som har behov for det, tek del i opplæring på grunnskolenivå, jf. kap. 226.

Mål: Fleire vaksne skal ha høve til å få dokumentert og verdsett realkompetansen sin og gjere informerte val

Dokumentasjon og verdsetjing av realkompetanse er til nytte for den einskilde både når det gjelder arbeid, og ved opptak i det formelle utdanningssystemet.

Noreg er eit av dei landa som ligg langt framme når det gjeld utviklinga av ordningar for realkompetanse, jf. vurderinga OECD har gitt av den norske ordninga i sin rapport *Country Note on Recognition of Non-formal and Informal Learning (RNFIL)* (2008). Det blir likevel peikt på nokre utfordringar. Dette gjeld mellom anna praktiseringa av ordninga i dei ulike fylkeskommunane og det å få realkompetanse til å fungere betre for grupper med låg utdanning. Regjeringa vil derfor setje i verk tiltak som kan gi ein likare praksis, og som kan vidareutvikle systemet for realkompetanse.

Å gjere gode val vil seie at utdanning og arbeid passar med personlege føresetnader og ambisjonar, og med realitetar i utdanningssektoren og i arbeidslivet.

Fleire undersøkingar viser at det er eit betydeleg omfang av omval i utdanninga. Feilval og omval er belastande både for den einskilde og for samfunnet. Det er derfor viktig at den einskilde har eit best mogleg grunnlag for å gjere informerte val, anten ein er ung og uerfaren eller har nokre år i arbeidslivet bak seg. Dette krev at rettleiingsteneista for utdannings- og yrkesval er av god kvalitet. Regjeringa vil halde fram med arbeidet for å styrkje karrierettleiing med vekt på utgreiingar og prosjekterfaringar som er gjorde, sjå òg kap. 226. Departementet vil òg starte ei utgreiing av nasjonal koordinering av karrierettleiing, sjå kap. 258.

Mål: Alternative læringsarenaer og -former skal gi alle vaksne som ønskjer det, høve til å delta i læring og til å utvikle evnene sine

Gjennom å leggje til rette for alternative læringsarenaer og læringsformer ønskjer regjeringa å medverke til at kvar einskild skal kunne utvikle evnene sine og fagkompetansen sin gjennom heile livet.

Regjeringa støttar opp om opplæringstilbod slik som folkehøgskolar, studieforbund og fjernundervisning, som eit supplement og alternativ til den læringa som finn stad gjennom det ordinære utdanningssystemet og i arbeidslivet, jf. kap. 253, 254 og 255.

NOU 2007: 11 *Studieforbund – læring for livet* (Tronutvalet) vart hausten 2007 sendt ut til brei offentleg høyring. På bakgrunn av utvalets tilrådingar og høringsfråsegner tek departementet mellom anna sikte på å fremme ein eigen proposisjon med forslag til ei ny felleslov, som regulerer opplæring utanfor det formelle utdanningssystemet. Forslaget vil bli sendt ut til høyring våren 2009. Regjeringa ventar at ei ny lov vil medverke til å vidareutvikle eit nasjonalt system for livslang læring og tydeleggjere og styrkje ein meir samla sektor. Som del av lovarbeidet vil departementet òg vurdere tilskottsordningane for studieforbunda, utvikle betre styringsinformasjon om verksemda i studieforbunda og eventuelt utvikle nye kriterium for godkjenning av studieforbund.

Tronutvalet foreslo òg å samle ansvaret for grunnopplæring for vaksne på eitt forvaltningsnivå. Kunnskapsdepartementet vil greie ut dette nærmare.

For mange vaksne arbeidstakarar er arbeidsplassen som læringsarena stadig viktigare. Regjeringa vil arbeide for å utvikle og nytte arbeidsplassen som læringsarena for alle grupper både innanfor og utanfor arbeidslivet. Regjeringa tok i 2006 initiativ til at det skulle opprettast samarbeidsavtaler mellom dei lokale NAV-kontora og kommune-

sektoren om utdanning som tiltak for arbeidssøkarar. Slike samarbeidsavtalar er etablerte i nesten alle fylkeskommunar, og Kunnskapsdepartementet og Arbeids- og inkluderingsdepartementet følger opp om avtalane bidreg til at fleire får opplæring.

Mål: Betre kunnskapen om vaksnes læring, tilbod og etterspurnad etter kompetanse

Regjeringa vil utvikle eit betre kunnskapsgrunnlag for livslang læring og kompetanseutvikling. Departementet vil styrkje kunnskapsgrunnlaget og statistikkgrunnlaget for å kartleggje og overvake aktiviteten som gjeld vaksnes læring. Departementet vil medverke til ein kunnskapsbasert politikktutvikling for livslang læring på alle nivå i utdanningssystemet, på ulike læringsarenaer og i nært samspel mellom utdanningssystem, arbeidsliv og samfunn, sjå omtale av konkrete tiltak under kap. 258.

Kunnskapsdepartementet, Statistisk sentralbyrå (SSB) og fylkeskommunane har etablert eit samarbeid med sikte på å utvikle betre styringsinformasjon om vidaregåande opplæring. Dette vil òg omfatte vaksne.

Det er eit sentralt mål å styrkje kunnskapen om kva for kompetanse den einskilde, arbeidslivet og samfunnet vil ha behov for i framtida, og korleis vi kan innrette og utvikle etter- og vidareutdanningssystemet slik at det bringar fram etterspurd kompetanse. Noreg vil stå overfor ei rekkje kompetanseutfordringar i åra som kjem. Eit best mogleg samsvar mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse føreset at sentrale og lokale styresmakter, utdanningsinstitusjonar og den einskilde har best mogleg kunnskap om kompetansebehova i samfunnet når dei tek avgjerslene sine.

Mål: Ein lærande utdannings- og opplæringssektor

Regjeringa ønskjer ein lærande utdannings- og opplæringssektor. Regjeringa vil difor styrkje utdanningsforskinga om og for sektoren. Det er laga ein strategi for satsinga «Kunnskap for kvalitet» (2008 – 2013) som eit verkemiddel for betre koordinering, prioritering og kvalitet innanfor utdanningsforskinga som sektorforsking.

Auka kvalitet er ei sentral målsetjing for dei til taka regjeringa vil satse på framover når det gjeld forskings- og utdanningssektoren. Nokon av det viktigaste for å få til kvalitetsutvikling vil vere å styrkje kunnskapsgrunnlaget for politikktutforming, profesjonsutdanning og forskning.

Det nye programmet for utdanningsforsking i Noregs forskingsråd, jf. omtale i St.prp. nr. 1 (2007-

2008), vil vere fullt operativt i 2009. Programmet er ei langsiktig satsing over ti år som skal medverke til å styrkje fagmiljø som driv med utdanningsforskning, særleg innanfor samfunnsvitskapeleg effektforskning, longitudinelle studium og empirisk forskning basert på kvantitative data. Satsinga vil truleg føre til at utdanningsforskinga i større grad blir eit fleirfagleg kunnskapsfelt tufta på eit mangfald av vitskapelege teoritradisjonar og metodar. Målsetjinga med programmet er å byggje opp større og meir slagkraftige fagmiljø og motivere for samarbeid nasjonalt og internasjonalt. Område og tema som det til no har vore forska lite på skal prioriterast. Det gjeld mellom anna barnehagane, vidaregåande opplæring (spesielt fag- og yrkesopplæringa), innhald og læring i universitets- og høgskolesektoren og læring for vaksne. Vidare ser departementet at det er naudsynt å prioritere forskning innanfor fag- og yrkesdidaktikk, leiing, styring og organisering, vurdering, vurderingsformer og kvalitetsutvikling. Programmet skal òg vere eit ledd i arbeidet med å styrkje den profesjonsbaserte og praksisnære forskinga som er relevant for heile sektoren. Eit planutval har fått i oppgåve å utarbeide framlegg til programplanen for forskingsprogrammet. Programplanen vil ferdigstillast hausten 2008.

Programmet vil ved oppstartinga ha ei ramme på 24 mill. kroner årleg. Løyvinga i 2009 er på 19 mill. kroner. Programmet vil i 2009 bli finansiert over kap. 226, 258 og 281.

Brukarane i utdanningssektoren treng betre informasjon enn dei får i dag om utdanningsforskninga og om resultata. Dette gjeld både dei som har ansvar for profesjonsutdanningane, skoleeigarar, forskarar, skoleleiarar, lærarar og dei som arbeider med grunnlagsdokument i politikktutforminga. Det er behov for å auke omfanget av og koordinere den brukarretta forskingsformidlinga i utdanningssektoren. Departementet vil derfor vurdere å opprette eit kunnskapssenter for utdanning som i samarbeid med andre aktørar vil møte desse behova, jf. omtale i St.meld. nr. 31 (2007-2008) om kvalitet i skolen. Departementet vil foreta ei utgreiing av dette, jf. kap. 258 post 01.

Vi manglar i dag forskning på område der utdanningssektoren har særskilde behov, og der vi må rekne med at behova vil auke i åra som kjem. Noreg er med i mange internasjonale, kvantitative undersøkingar på utdanningsområdet (PISA, PIRLS, TIMSS osb.). Samstundes har vi etablert nasjonale prøver og andre prøver som er ledd i eit nasjonalt kvalitetsvurderingssystem. Denne typen undersøkingar krev solid kompetanse om pedagogiske målingar. Det har vore forska svært lite på dette i Noreg. Departementet vil styrkje den vitska-

pelege kompetansen om pedagogiske målingar (psykometrisk forskning), jf. omtale i St.meld. nr. 31 (2007-2008) om kvalitet i skolen. Departementet vil derfor opprette ei eining for psykometrisk forskning knytt til eit eksisterande fagmiljø i universitets- og

høgskolesektoren i Noreg. Departementet tek sikte på at eininga blir oppretta i 2010. Val av vertsinstitusjon vil bli gjort etter konkurranse. Planlegging av oppstart vil i 2009 bli finansiert over kapittel 226, post 21.

Kap. 252 EUs program for livslang læring

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
70	Tilskott	143 222	186 646	187 697
	Sum kap. 252	143 222	186 646	187 697

Noreg deltek i EUs program for livslang læring, Action Programme in the field of Lifelong Learning 2007–2013 (LLP). LLP dekkjer heile utdanningsløpet frå barnehage til vaksenopplæring, og består av fire sektoraktivitetar: Comenius (førscole, grunnskole og vidaregåande opplæring), Erasmus (høgre utdanning), Leonardo da Vinci (fag- og yrkesopplæring) og Grundtvig (vaksenopplæring og alternative utdanningsvegar).

Målet med norsk deltaking i programmet er å etablere moglegheiter for mobilitet i heile utdanningssektoren, slik at dette bidreg til å utvikle kvaliteten, den interkulturelle dialogen og den europeiske dimensjonen i utdanningssystemet. Norske aktørar får her ein sjanse til å samarbeide med elevar, studentar, instruktørar, læringar, lærarar og utdanningsinstitusjonar frå dei fleste landa i Europa.

Internasjonalisering er ein viktig del av norsk utdanningspolitikk når det gjeld å stimulere til den faglege utviklinga til institusjonane, elevane og studentane. Kompetanse i språk og kunnskap om kultur er viktig for at det norske samfunnet, og spesielt næringslivet, skal kunne fungere i ein open verdsøkonomi, og for at nyutdanna skal vere kvalifiserte for eit stadig meir internasjonalt samfunns- og næringsliv. Deltaking i LLP er her eit sentralt verkemiddel for å stimulere til mobilitet.

Noreg har to medlemmer i den europeiske programkomiteen for LLP. Senter for internasjonalisering av høgre utdanning (SIU) er nasjonalkontor for programmet.

I skolesamarbeidet Comenius blei det i 2007 gitt tilsegn til 46 norske skolar og barnehagar om

støtte til deltaking i nye multilaterale partnerskap, 117 fekk tilsegn til fornying av deltakinga si i eksisterande multilaterale partnerskap, og fem fekk tilsegn til deltaking i nye bilaterale partnerskap. Partnerskapa er toårige. I tillegg deltok fleire norske skolar og barnehagar i dei gamle ordningane med avsluttande skole-, skoleutviklings- og språkprosjekt i 2007.

I Erasmus har tala på studentmobilitet gått noko ned, og tala for 2006–07 er på eit 2004–05-nivå. Nedgangen er ikkje jamt fordelt, men særleg konsentrert om nokre få institusjonar. Også læarmobiliteten har gått noko ned etter fleire år med jamn stigning. Den norske deltakinga i dei såkalla intensivprogramma var aukande, med deltaking frå 31 norske miljø.

I mobilitetsdelen av Leonardo da Vinci-programmet kan 69 prosjekt innanfor fag- og yrkesopplæring i løpet av 2007–09 sende ut 994 deltakarar på utveksling eller utplassering i eit anna land i Europa. I 2007 fekk seks større pilotprosjekt med norsk koordinator tilsegn om støtte.

Innanfor Grundtvig var 2007 eit overgangsår frå eittårige til toårige partnerskap. Norske institusjonar gjekk i 2007 inn i 34 nye læringspartnerskap, ni fekk individuelle stipend, og det blir gitt støtte til 19 kontaktseminar. Ut over dette søkte ei rekkje pågåande partnerskap som har vart i eitt år om støtte for eitt år til for 2007.

Kontingenten for 2009 er 187,7 mill. kroner, der 7,5 mill. kroner av desse går til kostnadene for fem norske nasjonale ekspertar under LLP.

Kap. 253 Folkehøgskolar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
70	Tilskott til folkehøgskolar	564 516	588 962	614 876
71	Tilskott til Folkehøgskolerådet	3 215	3 353	3 501
72	Tilskott til nordiske folkehøgskolar	643	671	701
	Sum kap. 253	568 374	592 986	619 078

Post 70 Tilskott til folkehøgskolar

Folkehøgskolane er eit supplement til den læringa som finn stad gjennom det ordinære utdannings-systemet og i arbeidslivet, jf. tredje sektormål om alternative læringsarenaer i kategoriinnleiinga over.

Under post 70 er det to tilskottsordningar. Tilskott til folkehøgskolar (76 skolar) skal medverke til at det kan bli etablert og drive folkehøgskolar. Tilskott til folkehøgskolar med stor del av funk-

sjonshemma elevar (fire skolar) skal medverke til å dekkje meirutgifter skolane har til desse elevane. Nordnorsk Pensjonistskole og Norsk senter for seniorutvikling er godkjende som folkehøgskole-liknande tiltak, og får tilskott etter folkehøgskolelova.

Det er fastsett eit normtal for elevtalet ved den einskilte skolen. Elevtalet på langkurs har minka med 5,35 pst. frå 2006 til 2007. Talet på deltakarar på kortkurs viser ein nedgang på 2,57 pst. frå 2006 til 2007.

Tabell 4.11 Elevtal i folkehøgskolane 2003–07

År	2003	2004	2005	2006	2007
Elevar langkurs (vår og haust) (16,5–33 veker)	12 662	12 924	12 478	12 582	11 908
Elevar kortkurs (3 dagar–16 veker)	20 709	20 715	20 785	19 079	18 588
Sum elevar	33 371	33 639	33 263	31 661	30 496
Årselevar langkurs	6 331	6 358	6 422	6 407	6 130
Årselevar kortkurs	1 045	1 037	986	834	756
Sum årselevar	7 376	7 395	7 408	7 241	6 886
Sum godkjende årselevar / fastsett elevtal	7 245	7 339	7 345	7 215	6 879
Tilskottselevar	7 172	7 001	7 074	7 212	7 269

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2008.

Post 71 Tilskott til Folkehøgskolerådet

Tilskottet medverkar til at Folkehøgskolerådet kan ta hand om fellesoppgåver for folkehøgskolane og koordineringsoppgåver for Utdanningsdirektoratet. Vidare er det eit mål å medverke til at Folkehøgskolerådet kan fremme kunnskap om og utvikling innanfor skoleslaget. Rådet har i tråd med opp-

drag i tilskottsbrevet gitt innstilling til fordeling av husleigetilskott, og har dessutan avlasta departementet og Utdanningsdirektoratet ved å gi råd og rettleiing til skolane.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2008.

Post 72 Tilskott til nordiske folkehøgskolar

Tilskottet medverkar til at det kan drivast nordisk folkehøgskoleverksemd. Tilskottet går til dekning

av utgifter til norske lærarressursar ved Nordiska folkhögskolan i Kungälv og til norsk deltaking på kursa ved Den Nordiske Folkehøgskolen i Genève.

Departementet foreslår at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2008.

Kap. 254 Tilskott til vaksenopplæring

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
70	Tilskott til studieforbund	160 220	166 502	173 828
71	Tilskott til fjernundervisning	11 096	11 977	12 504
72	Tilskott til Studiesenteret Finnsnes	8 059	3 483	3 636
73	Tilskott til vaksenopplæringsorganisasjonar	10 316	10 760	9 001
	Sum kap. 254	189 691	192 722	198 969

Post 70 Tilskott til studieforbund

Tilskott til studieforbund verkar med til at studieforbunda og medlemsorganisasjonane deira kan tilby fleksibel og brukartilpassa opplæring for vaksne. I tillegg til hovuddelen av tilskott blir det gitt eit særskilt tilskott til opplæring for vaksne som av ulike ikkje-økonomiske årsaker møter hindringar når det gjeld å ta del i opplæringstilbod, og som dermed treng særleg tilrettelagd opplæring.

Regjeringa er oppteke av å oppretthalde kurstilbodet og auka løyvinga til studieforbund i 2007 med 58 mill. kroner nominelt samanlikna med saldert budsjett for 2006. Tabell 4.12 viser at det har vore ei utflating i den langsiktige nedgangen i talet på kurs og talet på deltakarar. Talet på deltakarar har vore stabilt på om lag 500 000 både i 2006 og i 2007. For talet på timar er nedgangen om lag den same.

Tabell 4.12 aktivitet i studieforbunda og endringar 2005, 2006 og 2007 Absolutte tall og prosenttal

	2005	2006	2007	Pst. endring 2005-2006	Pst. endring 2006-2007
Kurs	42 800	39 088	37 125	-9,0	-5,2
Deltakarar	594 459	505 813	489 722	-15,0	-3,2
Timar	1 471 834	1 398 152	1 314 537	-5,0	-6,0

NOU 2007:11 *Studieforbund – læring for livet* (Tronutvalet) var hausten 2007 på brei offentleg høring, og departementet tek sikte på oppfølging gjennom fleire prosessar, sjå innleiinga til 07.50.

Departementet foreslår å vidareføre løyvinga på same nivå som i 2008.

Post 71 Tilskott til fjernundervisning

Tilskottsordninga medverkar til at frittstående fjernundervisningsinstitusjonar kan gi eit variert og landsomfattande tilbod.

Fjernundervisningsinstitusjonane rapporterte i 2007 om 21 920 fullførte kurs. Dette var ein opp-

gang på seks pst. i høve til 2006. Det vart òg rapportert om lag 96 125 fleire kurstimar i 2007 enn året før.

Departementet foreslår å vidareføre løyvinga på same nivå som i 2008.

Post 72 Tilskott til Studiesenteret Finnsnes

Studiesenteret Finnsnes skal gi kurs og andre vaksenopplæringstiltak som eit alternativ eller supplement til opplæring ved andre institusjonar. Aktivitetane ved studiesenteret skal vere særleg innretta mot behova i industri og næringsliv i Ytre Midt-Troms og skal medverke til å styrkje kontakten

mellom utdanningsinstitusjonar, næringsliv og offentlig forvaltning.

Studiesenteret Finnsnes har i 2007 gitt fleire studietilbod i samarbeid med Høgskolen i Troms og Høgskolen i Finmark, mellom anna desentralisert sjukepleiarutdanning og desentralisert lærarutdanning for førskolelærarar og allmennlærarar. Studiesenteret har gjennomført ei rekkje andre kurs innanfor realfag og språk og har utarbeidd kurs som styrkjer kontakten med lokalt arbeids- og næringsliv.

Tilskottet til dei to kvinneuniversiteta vart overført til Barne- og likestillingsdepartementet frå 1. januar 2008.

Departementet foreslår å vidareføre løyvinga på same nivå som i 2008.

Post 73 Tilskott til vaksenopplæringsorganisasjonar

Tilskottet skal vere med på å sikre drifta av fellesorgana for studieforbunda og fjernundervisningsinstitusjonane, Vaksenopplæringsforbundet og Norsk forbund for fjernundervisning og fleksibel

utdanning. Organisasjonane skal utføre fellesoppgåver for medlemsorganisasjonane og overfor organisasjonane, og fremme kunnskap om og utvikling av fagområda. Tidlegare har også tilskottet til International Council for Open and Distance Education (ICDE) vore på kap. 254 post 73. Departementet foreslår å overføre tilskottet til ICDE til kap. 281 post 01.

Vaksenopplæringsforbundet har fungert som eit felles interesse- og serviceorgan for studieforbunda og har drive informasjonsarbeid og opplæring av medarbeidarar i vaksenopplæringa. Vaksenopplæringsforbundet har på oppdrag frå departementet stått for fordeling av reisestipend til lærarar på vaksenopplæringsfeltet.

Norsk forbund for fjernundervisning og fleksibel utdanning er eit felles interesse- og serviceorgan for dei frittstående fjernundervisningsinstitusjonane. Forbundet har utført kvalitetssikring av statistikk- og dokumentasjonsordning og normering av studietilbod og gjennomført informasjonsarbeid og seminar om fjernundervisning.

Departementet foreslår å vidareføre løyvinga på same nivå som i 2008.

Kap. 255 Tilskott til freds- og menneskerettssentra o.a.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
70	Holocaustsenteret	20 646	21 534	22 481
71	Falstadsenteret	13 105	13 669	14 270
72	Stiftelsen Arkivet	3 574	5 128	5 354
73	Norsk Fredssenter	677	1 206	1 259
74	Nord-Norsk Fredssenter, Narvik	1 019	1 063	1 110
75	Det europeiske Wergelandsenteret			6 500
	Sum kap. 255	39 021	42 600	50 974

KUF-komiteen bad i Budsjett-innst. S nr. 12 (2007–2008) om at det vart utarbeidd ei sak som skildrar dei ulike minna/historiestadene sine perspektiv og drøfter utfordringane i ei tid da vi ikkje lenger har tidsvitne. Departementet har bede Vox om å ta opp med freds- og menneskerettssentra korleis ein kan imøtekomma Stortingets oppmoding i høve til tidsvitneproblematikken.

Post 70 Holocaustsenteret

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Senter for studier av Holocaust og livssynsminoritet

(Holocaustsenteret) kan drive forskning, undervisning og formidling på områda holocaust, folkemord, minoritetsspørsmål og menneskerettar. Holocaustsenteret skal også drifte utstillinga i Villa Grande på Bygdøy.

Senteret har i 2007 hatt fleire utstillinger, både permanente og temporære. Det er også arrangert seminar, konferansar og foredrag. Enkelte av arrangementa er ein del av den kulturelle skolesekken. Senteret driv omfattande informasjonsverksemd, og omvisning av skoleklasser på senteret er ein viktig del av dette. I 2007, som var sente-

rets første fulle driftsår, var det meir enn 17 000 som vitja senteret.

Departementet foreslår å vidareføre løyvinga på same nivå som i 2008.

Post 71 Falstadsenteret

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Stiftelsen Falstadsenteret kan drive eit opplærings- og dokumentasjonssenter innanfor fangehistorie frå andre verdskrigen, samt humanitær folkerett og menneskerettar.

Stiftelsen Falstadsenteret driv eit opplærings- og dokumentasjonssenter for fangehistoria frå andre verdskrigen, og for humanitær folkerett og menneskerett. I 2007 var 12 178 personar med på 218 ulike kurs- og undervisningsopplegg. Senteret hadde det faglege ansvaret for undervisningsmodulen *En verden i konflikt* i samfunnsfag 2 (30 studiepoeng) for lærarstudentar ved Høgskolen i Nord-Trøndelag. Det er også inngått samarbeid med institutt for historie og klassiske fag ved NTNU om undervisning og praksisplassar for studentar ved studiet kulturminneforvaltning.

Departementet foreslår å vidareføre løyvinga på same nivå som i 2008.

Post 72 Stiftelsen Arkivet

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Stiftelsen Arkivet spelar rolla si som informasjons- og dokumentasjonssenter om krigshistoria, folkerett og menneskerettar og er eit senter for fredsskapande arbeid.

Totalt har meir enn 11 000 personar vore med på ulike aktivitetar i 2007. 6 655 personar har fått omvising på Arkivet. Om lag 4 600 av desse var skoleelevar. Det er utarbeidd bøker, filmar, teaterstykke, rapportar og artiklar om temaet krigshistorie.

Departementet foreslår å vidareføre løyvinga på same nivå som i 2008.

Post 73 Norsk Fredssenter

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Norsk Fredssenter kan tilby kurs og opplæring for å fremme arbeidet for fred og menneskerettar som eit alternativ eller supplement til opplæring ved andre institusjonar. Prioritert målgruppe for Norsk Fredssenter var i 2007 unge flyktningar.

Ein av hovudaktivitetane i 2007 har vore prosjektet *Afghanistan – håp om ei framtid*. Hovudakti-

vitetane i prosjektet er sommarskole for afghansk ungdom. Norsk Fredssenter har i 2007 arrangert studiereise til både Afghanistan og Nord-Irak. Studiereisa til Nord-Irak skjedde i samarbeid med Norsk Folkehjelp.

Departementet foreslår å vidareføre løyvinga på same nivå som i 2008.

Post 74 Nord-Norsk Fredssenter

Målet med tilskottsordninga er å medverke til at Nord-Norsk Fredssenter kan utføre dokumentasjon, formidling og kontaktskapande arbeid med utgangspunkt i den historiske konteksten Narvik står i, innanfor tema fredsbygging, mellomfolkeleg forståing og internasjonalt samarbeid.

Nord-Norsk Fredssenter har i 2007 hatt eit tett samarbeid med Nordland Røde Kors krigsminnemuseum, og dei har vedteke å opprette Stiftelsen Narviksenteret, Nord-Norsk stiftelse for fredsbygging, historieformidling og menneskerettar. Fredssenteret har i 2007 også delteke i programmet European Volunteer Service.

Departementet foreslår å vidareføre løyvinga på same nivå som i 2008.

Post 75 Det europeiske Wergelandsenteret

Det europeiske Wergelandsenteret for opplæring i interkulturell forståing, menneskerettar og aktivt medborgarskap er eit samarbeid med Europarådet og skal vere eit ressurs-senter for opplæring på dei nemnde områda. Senteret skal drive forskning om opplæring i interkulturell forståing, menneskerettar og aktivt medborgarskap og tilby etter- og vidareutdanning for lærarar og lærarutdannarar. Vidare skal senteret spreie informasjon og vere eit knutepunkt og danne eit nettverk for relevante aktørar på feltet.

Inngåing av avtalen vil foreleggjast Stortinget i ein eigen proposisjon.

Senteret skal vere opent for alle medlemsstatane i Europarådet. Arbeidsspråket skal vere engelsk.

Senteret skal drivast i samarbeid med Europarådet på grunnlag av arbeidet til Europarådet og Noreg for interkulturell forståing, menneskerettar og demokratisk medborgarskap.

Det vart i 2008 sett av 3 mill. kroner til etableringa av senteret.

Departementet foreslår ei løyving på 6,5 mill. kroner i 2009.

Kap. 256 Vox - Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Driftsutgifter	40 748	40 243	39 956
21	Særskilde driftsutgifter	9 622	13 491	14 085
	Sum kap. 256	50 370	53 734	54 041

Vox – Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet har som mål å auke deltakinga i samfunns- og arbeidsliv hos vaksne ved å styrkje og synleggjere kompetansen deira. Grunnleggjande dugleikar og realkompetanse er særskilde innsatsområde. Rolla til Vox er òg å utvikle, analysere og formidle kunnskap om læring hos vaksne og å forvalte tilskottsordningar for dette formålet.

I revidert nasjonalbudsjett for 2008 vart det varsla at Kunnskapsdepartementet frå og med 2009 ønskjer å presisere fordelinga av ansvar og oppgåver mellom Vox og Utdanningsdirektoratet, jf. St.prp. nr. 59 (2007–2008). Det er direktoratet som skal følgje opp dei nasjonale styresmaktene sitt arbeid retta mot grunnskole- og vidaregåande opplæring for vaksne som fell inn under opplæringslova. Vox skal styrkje og fornye sitt arbeid for den delen av vaksnes læring som skjer i arbeidslivet og utanfor det formelle utdanningssystemet.

Denne presiseringa av ansvarsdelinga mellom dei to etatane skal bidra til at rettsbasert grunnopplæring for vaksne får ei tydelegare prioritering i den ordinære opplæringa, og at tiltaka blir vurderte i eit heilskapleg perspektiv for alle målgruppene. Vox og direktoratet skal samarbeide for å sikre tilstrekkeleg samanheng mellom direktoratets arbeid med grunnopplæring etter opplæringslova og Vox sitt arbeid med opplæring utanfor det formelle systemet. Mellom anna skal samarbeidet omfatte kvalitetsutvikling, dokumentasjon og informasjonsarbeid, sjå kap. 258.

Denne presiseringa inneber at Vox ikkje lenger skal ha oppgåver knytt til grunnopplæring for vaksne etter opplæringslova, samt ei styrking av direktoratet sitt arbeid på dette området. Dette har konsekvensar for måla og tildelingane til dei to verksemdene. Meir om dette nedanfor når det gjeld Vox, og under kap. 220 når det gjeld direktoratet.

Post 01 Driftsutgifter og post 21 Særskilde driftsutgifter**Rapport for 2007–08**

Eit viktig mål for Vox i perioden har vore å styrkje kvaliteten på opplæringa i grunnleggjande dugleikar for vaksne. For å nå målet har Vox i samarbeid med Utdanningsdirektoratet utvikla eit rammeverk for dei grunnleggjande dugleikane lesing, skriving og rekning og digital kompetanse hos vaksne. Vox har vidare utvikla rettleiarar og kartleggingsverktøy tilpassa rammeverket, mellom anna for å auke kvaliteten på opplæring som blir gitt gjennom *Program for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA)*, sjå kap. 257. Vox har òg arbeidd med å styrkje kompetansen til dei som underviser i grunnleggjande dugleikar og gjennomført etterutdannings-tilbod for lærarar.

Vox har styrkja systemet for dokumentasjon og verdsetjing av realkompetanse. Dette er eit viktig verkemiddel for å motivere vaksne for kompetanseutvikling, samstundes som det gir den einskilde høve til å byggje vidare på kompetanse dei allereie har. I perioden har Vox hatt ein sentral rolle i samband med OECD sin gjennomgang av dei norske ordningane for dokumentasjon og verdsetjing av realkompetanse. Vox har òg gjennomført eit utviklingsprosjekt i samarbeid med Arbeids- og velferdsdirektoratet for at fleire NAV-brukarar skal få vurdert realkompetansen sin. Sjø òg omtale under kap. 258.

Det er ei politisk målsetjing at fleire vaksne skal få tilbod om vidaregåande opplæring. Saman med fire fylkeskommunar har Vox fått utvikla modellar for organisatorisk og metodisk tilpassing av opplæring for vaksne bygde på godkjend realkompetanse.

For at fleire skal ta del i læring og kompetanseutvikling, er det naudsynt med god kunnskap om systemet og kva utfordringar ein står overfor. Vox har samarbeidd med Utdanningsdirektoratet og Statistisk sentralbyrå (SSB) for å betre statistikken om vaksne i vidaregåande opplæring og gitt ut *Voxspeilet* (sjå kap. 258). *BASIS! 2008* gir status på sentrale område knytte til opplæring for vaksne og

peiker på utfordringar ein står overfor. *Vox-barometeret* presenterer utvalsundersøkingar to gonger i året.

Mål for 2009

Kategoriinnleiinga beskriver departementet sine ambisjonar for dei vaksne sin læring. Vox vil vere ein viktig premissleverandør for utvikling av dette politikkområdet, og departementet vil defor ta eit initiativ til å utvikle vidare Vox si rolle og oppgaveportefølje i 2009.

Vox skal styrkje og fornye sitt arbeid for den delen av vaksnes læring som ikkje fell inn under opplæringslova. Det inneber at Vox skal vere eit fagorgan for dokumentasjon og analyse av læring i arbeidslivet og bidra til å styrkje kunnskapsgrunnlaget om samfunnets og den enkeltes kompetansebehov. Vox skal drive informasjons- og motivasjonsarbeid for økt deltaking i opplæringstiltak i arbeidslivet og bidra til å vidareutvikle ordningar for dokumentasjon og verdsetjing av realkompetanse inn mot arbeidslivet og høgre utdanning. Vox skal vere eit fagorgan for læring i frivillig sektor og forvalte og vidareutvikle tilskotts- og rapporteringsordningar for dei verksemdene Vox har ansvaret for. Vox skal òg bidra i generelt utgrei-

ingsarbeid på oppdrag for departementet og delta aktivt i internasjonale prosessar. Vox skal vidare, på oppdrag for Arbeids- og inkluderingsdepartementet, vere eit kompetansesenter og ein pådrivar for faglege og pedagogiske spørsmål knytte til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak, sjå kap. 258.

Budsjettforslag for 2009

Som følgje av oppgaveendringar mellom dei to etatane foreslår departementet å overføre ressursar tilsvarende ni årsverk frå Vox til Utdanningsdirektoratet over ein periode på to år. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 256 med 2,4 mill. kroner i 2009, mot ein tilsvarende auke på kap. 220 Utdanningsdirektoratet. Ein tek sikte på at den resterande delen av ressursane skal overførast i 2010. Overføringa skal skje i dialog mellom verksemdene og departementet, og i samvar med Hovudavtala i staten.

Elles foreslår departementet at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2008.

Løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3256 post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3256 Vox - Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Inntekter frå oppdrag	5 186	8 737	9 121
02	Salsinntekter o.a.	751	1 115	1 164
15	Refusjon for arbeidsmarknadstiltak	62		
16	Refusjon av foreldrepenget	503		
17	Refusjon læringar	15		
18	Refusjon av sjukepenget	495		
	Sum kap. 3256	7 012	9 852	10 285

Inntektene på post 01 kjem frå oppdragsverksemd ved Vox. Inntektene på post 02 kjem frå sal av læremateriell.

Kap. 257 Program for basiskompetanse i arbeidslivet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	39 585	36 944	38 570
	Sum kap. 257	39 585	36 944	38 570

Program for basiskompetanse i arbeidslivet (BKA) er ei ordning som skal medverke til å styrkje grunnleggjande lese-, skrive-, rekne- og IKT-dugleikar blant vaksne arbeidstakarar og arbeids-søkjarar slik at færre fell ut av arbeidslivet og fleire kan ta del i opplæring og utdanning. Programmet blir forvalta av Vox.

Bedrifter og offentlege verksemder kan søkje om tilskott både til motivasjonsarbeid og opplæring i lesing, skriving, rekning og IKT. Opplæringstilbydarar og organisasjonane i arbeidslivet kan òg søkje saman med ei bedrift eller offentlig verksemd. Dette siste er ei prøveordning som vart sett i verk frå budsjettåret 2008.

Rapport for 2007–08

Vaksne med låg formell utdanning er ei viktig målgruppe for BKA-programmet. Erfaringar frå Kompetansereforma viser at det er vanskeleg å nå denne målgruppa og motivere til opplæring.

Frå BKA vart oppretta i 2006, og fram til og med første halvdel av 2008 har over 3 000 arbeidstakarar delteke i opplæringstiltak gjennom programmet.

Verksemder i industrien og pleie- og omsorgssektoren har den høgaste deltakinga i BKA. I verksemder innanfor industrien har eit stort fleirtal delteke i lese- og skrivekurs, medan fleirtalet i pleie- og omsorgssektoren har delteke i IKT-kurs. Opplæringstilboda er svært varierende i omfang. IKT-opplæringa har oftast ei varigheit frå seks til 30 timar, medan lese- og skriveopplæring har eit omfang på 50 til 100 timar. I 2007 og 2008 vart det godkjent fleire kurs som var innretta mot lesing og skriving enn IKT-kurs.

Det er ei prioritert oppgåve å arbeide for at fleire arbeidssøkjarar skal få naudsynt opplæring i grunnleggjande dugleikar. I dette arbeidet har Vox samarbeidd med NAV i Hedmark og Rogaland. Desse pilotprosjekta er i ferd med å bli avslutta og erfaringane og resultatane vil bli nytta i arbeidet som Vox skal gjere mot andre fylke. Rekruttering har vore ei utfordring i NAV-prosjekta, særleg i Rogaland. Dette kan mellom anna henge saman med lite arbeidsløyse.

Det har vore eit viktig mål å auke omfanget av lese- og skriveopplæring i BKA. Erfaring frå dei første åra av programmet viste at det er enklare å rekruttere til dataopplæring enn til lese- og skriveopplæring. I 2008 vart programmet tydelegare retta inn mot spesifikt å auke omfanget av opplæring i lesing og skriving. For å auke læringsutbyttet av opplæringa for den einskilde er testing og nivåplassering av deltakarane eit viktig verktøy. Det er derfor i 2008 utvikla ein test som opplæringstilbydarar i BKA kan ta i bruk. Verksemder som har søkt om støtte til grunnleggjande lesing og skriving, er no den største gruppa.

ECON Pöyry har på oppdrag frå departementet evaluert erfaringane frå BKA med sikte på å utvikle kvaliteten i programmet, og for å skape eit betre grunnlag for å vurdere moglege offentlege tilbod og finansieringsordningar på dette området. BKA har gode resultat ifølgje evalueringa. Dei fleste deltakarane har vorte flinkare, føler seg sikrere og er meir opne for kurs og rettleiing. Lese- og skrivekurs i BKA treffer målgruppa med lågast utdanning. ECON Pöyry meiner at BKA har medverka til å ufarleggjere låge dugleikar. Det er samstundes for tidleg å seie noko om dei langsiktige verknadene av tiltaket – slik som stabil tilknytning til arbeidsmarknaden og ringverknader i marknaden for opplæring i grunnleggjande dugleikar for vaksne. ECON Pöyry peiker på som ei hovudutfordring at programmet berre når nokre bransjar og bedrifter, og rår til at ein vurderer korleis ein kan nå fram til ein større del av dei arbeidstakarane og arbeidssøkjarane som treng opplæring, og korleis ein kan nå andre delar av arbeidslivet.

For 2007–08 har det vore eit mål at fleire bransjar og bedrifter skal vere representerte i programmet. Departementet er nøgd med at privat sektor i 2008 er betre representert enn tidlegare med langt over halvparten av prosjekta. Det er likevel framleis ei utfordring å nå fram til fleire bransjar og til verksemder med få tilsette.

Mål for 2009

For 2009 er det eit prioritert mål å auke talet på deltakarar som får opplæring gjennom BKA. Opplæringa skal halde høg kvalitet og vere tilpassa behova

til dei vaksne slik at ho gir ein positiv effekt for den einskilde.

Det er eit mål at det blir utvikla gode modellar for samarbeid mellom NAV, fylkeskommunar og verksemdar slik at fleire arbeidssøklarar kan få opplæring i grunnleggjande dugleikar.

Det er eit mål at fleire bransjar er representerte i programmet, særleg dei som sysselset arbeidskraft med låg utdanning, og at programmet skal nå fleire små og mellomstore verksemdar.

Det blir foreslått ei løyving på 38,6 mill. kroner for 2009. Budsjettforslaget inneber at løyvinga blir ført vidare på same nivå som 2008.

Kap. 258 Analyse og utviklingsarbeid

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Driftsutgifter	4 258	3 514	3 740
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 01</i>	32 669	33 646	34 326
	Sum kap. 258	36 927	37 160	38 066

Løyvingane over kap. 258 skal medverke til å få fram analysar, forskning, dokumentasjon og utgreiingar som kan bidra til ein kunnskapsbasert politikkutvikling på heile ansvarsområdet til departementet.

Post 01 Driftsutgifter og post 21 Særskilde driftsutgifter, kan nyttast under post 01

Rapport for 2007–08

Løyvinga har omfatta prosjekt og utgreiingar retta mot opplæring i eit livslangt læringsperspektiv, som omfatter unge og vaksne i og utanfor det ordinære utdanningssystemet. Løyvinga har mellom anna bidratt til å utvikle nye modellar for fleksibel læring i frivillig sektor, til å utvikle statistikk for betre styringsinformasjon overfor sektoren, og deltaking i internasjonale fora. Om lag ein tredel av løyvinga blir fordelt vidare frå Vox til andre aktørar, mellom anna til utviklingsarbeid i frittstående fjernundervisningsinstitusjonar og til studieforbund.

Rapporten *Tilbud og etterspørsel etter arbeidskraft etter utdanning 1986–2025* er utarbeida av SSB som del av eit prosjekt som presenterer nye framskrivingar av kompetansebehov. Rapporten framskriv tilbod av arbeidskraft og syner at det vil bli eit lite underskott av høgre utdanna arbeidskraft, medan ein vil få eit overskott av ufaglært arbeidskraft.

Dansk Clearinghouse for utdanningsforskning har utarbeidd ein systematisk kunnskapsoversikt for departementet om samanhengen mellom lærarkompetanse og elevs læring.

NIFU Step gjennomfører eit prosjekt på oppdrag frå departementet om rammer og incentiv for investeringar i kompetanse, som vil bli avslutta i

desember 2008. Departementet har òg teke initiativ til undersøkingar om tilbod og etterspurnad av etter- og vidareutdanning i høgre utdanning og i fagskolane, og av kva for faktorar som påverkar utdanningsval. Det er òg sett i gang ein studie av korleis etter- og vidareutdanningspolitikken er utforma i ulike land.

Innhenting av data til EUs undersøking Adult Education Survey (AES) fann stad det siste året. Ei rekkje land deltek i undersøkinga, mellom anna dei andre nordiske landa. AES-data vil bli sette i samanheng med ein tidsserie av data som blir samla inn gjennom Lærevilkårsmonitoren i regi av Fafo.

OECD initierer ein studie om vaksnes læring, PIAAC (Programme for International Assessment of Adult Competencies), som er under utvikling. Noreg deltek i utviklingsfasen saman med 20 andre land. Det er førebels ikkje teke stilling til om Noreg skal delta i undersøkinga, som skal gjennomførast i 2011. Både Kunnskapsdepartementet og Arbeids- og inkluderingsdepartementet er involverte i førebuingane.

For å styrkje systemet for vurdering av realkompetanse vart det i 2007 gjennomført prosjekt retta mot ulike målgrupper i samarbeid med Universitets- og høgskolerådet, kriminalomsorga, fylkeskommunar og NAV. Rutinar for dokumentasjon av realkompetanse er under implementering i alle fylka hausten 2008.

Som eit ledd i arbeidet med å vidareutvikle det nasjonale systemet for karriererettleiing har departementet saman med aktuelle partar delteke i eit europeisk nettverk for karriererettleiingspolitikk (ELGPN).

Departementet har gjort ein avtale med Nasjonalt folkehelseinstitutt om å kartleggje omfanget av språkvanskar hos barn. Prosjektet byggjer på Mor og barn-studien, som følgjer 100 000 mødrer frå svangerskap og fram til barnet er åtte år.

Mål for 2009

Departementet vil nytte løyvingane under post 01 for å få fram analysar, forskning, dokumentasjon og utgreiingar som kan medverke til ei kunnskapsbasert politikktutvikling på heile ansvarsområdet til departementet. Departementet vil stimulere til ein meir lærande utdannings- og opplæringssektor, og vil derfor styrkje utdanningsforskinga om og for sektoren. Ei viktig satsing er det nye forskingsprogrammet for utdanningsforsking, som er omtalt i kategoriinnleiinga. Programmet er ei langsiktig satsing over 10 år. Det er eit mål at programmet skal styrkje fagmiljø som driv med utdanningsforsking, og bidra til at utdanningsforskinga i større grad blir eit fleirfagleg kunnskapsfelt. Departementet vil foreta ei utgreiing om etablering av eit kunnskapssenter for utdanning.

Departementet vil nytte løyvinga under post 21 til sentrale forskings-, utgreiings- og utviklingsprosjekt for livslang læring og kompetanseutvikling. Ein del av løyvinga vil som tidligare bli fordelt vidare frå Vox til studieforbund og fjernundervisningsinstitusjona. Løyvinga vil famne om tiltak og prosjekt som både offentlege og private organisasjonar skal gjennomføre for å bidra til auka motivasjon og deltaking i læringsaktivitetar for vaksne,

mellom anna i forbindelse med den varsla stortingsmeldinga, *om kompetansepolitikken*.

Det er eit mål å betre systemet for karriererettleiing og gjere det meir tilgjengeleg for fleire. Departementet legg til grunn at det er naudsynt med nasjonal koordinering av karriererettleiing for å sikre at behova til den einskilde, arbeidslivet og samfunnet blir teke hand om. Eit breitt samansett prosjekt som skal vurdere ein slik permanent koordineringsfunksjon, vil bli sett i gang. Prosjektet vil bli leda av Vox.

Departementet vil ta initiativ til ei utgreiing av kva for planar fylkeskommunane legg til grunn for å kartleggje behov og etablere opplæringstilbod for vaksne. Ei undersøking vil òg bli sett i gang med sikte på å definere nærmare kven som har behov for grunnskoleopplæring, kva for motiv dei har for deltaking, og kva for utbytte vaksne har for å delta i ulike opplæringstiltak.

Departementet vil samarbeide med aktuelle aktørar for å betre realkompetansesystemet og identifisere dei viktigaste utfordringane for å få til eit meir heilskapleg system i tråd med anbefalingane til OECD. Vidareutvikling av systemet vil mellom anna innebere tiltak for å sikre einsarta praksis der det er naudsynt, og å leggje til rette for innsamling av samanliknbare data frå forskjellige fylkeskommunar og frå dei høgre utdanningsinstitusjonane. Sjå omtale i kategoriinnleiinga.

Det blir foreslått ei løyving på 38,1 mill. kroner for 2009. Departementet foreslår å vidareføre løyvinga på om lag same nivå som i 2008.

Programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning

Utgifter under programkategori 07.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
270	Studium i utlandet og sosiale formål for studentar	152 534	223 714	299 758	34,0
271	Universitet	10 555 871	12 008 331	13 151 993	9,5
272	Vitskaplege høgskolar	909 684	967 946	1 220 669	26,1
275	Høgskolar	8 244 376	7 948 131	7 912 780	-0,4
276	Fagskoleutdanning	285 144	304 083	343 277	12,9
281	Fellesutgifter for universitet og høgskolar	770 019	830 025	969 083	16,8
	Sum kategori 07.60	20 917 628	22 282 230	23 897 560	7,2

Inntekter under programkategori 07.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
3281	Fellesutgifter for universitet og høgskolar	3 509	10	10	0,0
	Sum kategori 07.60	3 509	10	10	0,0

Innleiing

Regjeringa har som mål at Noreg skal bli eit av dei mest nyskapande og kunnskapsbaserte landa i verda. Dette krev langsiktig og målretta satsing på utdanning og forskning av høg internasjonal kvalitet og relevans. Utdanning og forskning legg grunnlaget for den kunnskapen og kompetansen vi treng for å møte miljø- og velferdsutfordringar og sikre framtidig verdiskaping.

Regjeringa legg vekt på at norsk høgre utdanning må ha høg kvalitet, vere internasjonalt konkurransedyktig og relevant for behova i arbeids- og næringslivet. Utdanning av høg kvalitet er nødvendig for å sikre gode kandidatar til arbeidslivet.

Utdanning er eit sentralt velferdsgode for den einskilde og ei viktig investering for å sikre velferdssamfunnet. Eit mangfaldig utdanningstilbod

av høg kvalitet som spenner over ulike kunnskapsfelt og som fangar opp ulike sosiale grupper, er avgjerande for sosial utjamning og rettferd. Prinsippet om gratis utdanning, støtteordningane under Statens lånekasse for utdanning, studievelferdsordningar, desentralisert utdanning og tilbod om studentbustader sikrar at det er mogleg for alle å ta høgre utdanning, uavhengig av sosial bakgrunn.

Høg kvalitet og breidd i forskinga bidrar til demokrati, velferd og utviklinga av eit innovativt og kunnskapsbasert næringsliv. Dette er nødvendig for å få ei berekraftig økonomisk utvikling. Vi treng god forskning på eit breitt spekter av fagområde.

Høgre utdanning og forskning av høg internasjonal kvalitet er avhengig av tilstrekkeleg rekruttering på alle fagområde, tilstrekkelege ressursar og

ein god infrastruktur som kan bidra til at norske utdannings- og forskingsmiljø er interessante og gode samarbeidspartnarar. Betre balanse mellom kjønna i vitenskaplege stillingar er viktig for å nytte potensialet i heile folket. Utstrakt internasjonalt utdannings- og forskningssamarbeid er nødvendig for at Noreg skal kunne hevde seg internasjonalt på prioriterte område.

Utval for høgre utdanning (Stjernø-utvalet) leverte innstillinga si i 2008, jf. NOU 2008: 3 *Sett under ett*. Utvalet peiker på at norsk høgre utdanning og forskning har for fragmentert struktur med mange små institusjonar og fagmiljø, og at dette set kvaliteten i utdanning og forskning under press. Utvalet peikar på at det er nødvendig med meir forskningssamarbeid og tydeleg arbeidsdeling mellom universiteta og høgskolane på nasjonalt nivå. Utvalet foreslår ein prosess med samanslåingar av institusjonar. Vidare foreslår utvalet at kravet for akkreditering som universitet bør bli éi doktorgradsutdanning, kombinert med krav til institusjonsstørrelse og ei strengare tolking av kravet om stabil forskarutdanning.

Stjernø-utvalet meiner at det bør bli meir rom for politisk underbygde avgjerder om prioriterte område og arbeidsdeling mellom institusjonane. Utvalet foreslår mellom anna ein forsiktig reduksjon av den resultatbaserte finansieringa, meir langsiktige avtalar og meir strategiske løyvingar. Utvalet peiker òg på utfordringar i profesjonsutdanningane og i forskarutdanningane, og foreslår eit nytt styringssystem for universitet og høgskolar.

Regjeringa vil ikkje setje i verk ei stor strukturreform med tvangssamanslåingar eller leggje ned studiestader. Regjeringa vil halde oppe styringssystemet ved universitet og høgskolar. Regjeringa meiner likevel at det er behov for ei klarare arbeidsdeling og spesialisering i sektoren. Det er nødvendig og ønskeleg at institusjonane på frivillig basis utviklar eit forpliktande samarbeid. Regjeringa vil vurdere korleis ein kan vidareutvikle meir langsiktig og strategisk styring og felles forståing mellom departementet og sektoren om kva oppgåver ein skal løyse innanfor dei rammene som gjeld.

Regjeringa held fast ved at institusjonane framleis må ha minst fire ulike doktorgradar for å bli universitet, og vil klargjere kriteria for å få akkreditert ein doktorgrad gjennom å innføre ei strengare tolking av kravet om stabil forskarutdanning. Det er behov for samarbeidsformer som sikrar kvalitet i forskarutdanninga og kritisk masse for små forskingsmiljø og samtidig tek vare på den nasjonale breidda i norsk forskning. Det er vidare behov for prioritering og god fagleg leiing på alle nivå for å

utvikle og setje i verk strategiar for fagleg spissa samarbeid.

Det er faglege utfordringar i profesjonsutdanningane, slik Stjernø-utvalet påpeiker. Regjeringa meiner ein bør søkje å løyse dei gjennom vidare fokus på kvalitet i profesjonsutdanningane og institusjonssamarbeid om arbeidsdeling. Mellom anna vil evalueringa frå Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) av ingeniørutdanningane bli vurdert og sett i samanheng med oppfølging av Stjernø-utvalet.

Kunnskapsdepartementet vil i løpet av 2009 leggje fram ei evaluering og vurdering av finansieringssystemet for universitet og høgskolar, slik det blei varsla i St.meld. nr. 7 (2007–2008) *Statusrapport for Kvalitetsreformen i høgre utdanning (statusrapport for Kvalitetsreforma)*. Ein vil sjå evalueringa i samanheng med den overordna styringsmodellen for sektoren og med forslaga frå Stjernø-utvalet. Departementet har oppretta ei referansegruppe som vil samarbeide og ha brei dialog med dei ulike aktørane i sektoren. Departementet legg ikkje opp til endringar i finansieringssystemet før evalueringa er gjennomført.

Budsjettprioriteringar i 2009

Budsjettforslaget for kategori 07.60 er på om lag 24 mrd. kroner i 2009. Dette er ein auke på om lag 1,6 mrd. kroner i høve til saldert budsjett 2008, tilsvarende ein nominell vekst på om lag 7,2 pst. og ein reell vekst på om lag 2,9 pst.

Den resultatbaserte undervisningskomponenten i finansieringssystemet for universitet og høgskolar blir årleg justert for endringar i avlagde studiepoeng og talet på utvekslingsstudentar. På denne bakgrunn blir undervisningskomponenten redusert med om lag 42 mill. kroner frå 2008 til 2009.

For at universitet og høgskolar skal kunne drive langsiktig kunnskapsutvikling og kunnskapsforvaltning av høg kvalitet innafor eit breitt spekter av fagtilbod, foreslår Regjeringa å auke basisløyvinga til universiteta og høgskolane med 298,4 mill. kroner i 2009. Dette tilsvarar reduksjonen i løyvinga i 2007, justert for lønns- og prisauken i perioden. Dette skal gjere institusjonane betre i stand til å nå måla sine for utdanning og forskning.

Tilstrekkeleg tilgang på personale med doktorgrad er ein føresetnad for å auke forskingsevna. Regjeringa vil auke forskingskapasiteten og kvaliteten i forskinga og foreslår å løyve 52,5 mill. kroner til 201 nye rekrutteringsstillingar frå hausten 2009. Ein del av desse skal vere øyremerka kvinner. Det vil bli sett av 10 mill. kroner til nye nærings-phd-stillingar over Nærings- og handelsdepar-

tementets budsjett. Satsen per stilling over budsjettet til Kunnskapsdepartementet blir auka til kr 800 000 for å bidra til å dekkje meir av dei faktiske kostnadane knytt til stillingane. For å betre utstyrssituasjonen ved universitet og høgskolar foreslår Regjeringa å løyve om lag 80 mill. kroner til vitskapleg utstyr som skal bli kanaliserte gjennom Noregs forskingsråd. Regjeringa foreslår vidare å løyve om lag 23 mill. kroner til universitetsmusea i 2009, knytte til mellom anna sikring og bevaring av samlingane, strategisk forskingssatsing, fagleg utvikling, samt utgreiing av eit nasjonalt digitalt museum.

Formålstenlege bygg innanfor høgre utdanning og forskning er ein føresetnad for å gjennomføre utdannings- og forskingspolitikken. For å betre bygg- og utstyrssituasjonen foreslår Regjeringa å løyve 60 mill. kroner i startløyving til nybygg ved Det odontologiske fakultetet ved Universitetet i Bergen og 20 mill. kroner til bygg for sjukepleiarutdanninga ved Høgskolen i Oslo.

Regjeringa foreslår å løyve 80 mill. kroner til utstyr ved Kunsthøgskolen i Oslo og 11,7 mill. kroner til husleige for Samisk vitskapsbygg. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til rehabilitering av sentrumsbygningane ved Universitetet i Oslo med 75 mill. kroner i 2009. Regjeringa foreslår vidare å løyve 8 mill. kroner i samband med at Noregs Veterinærhøgskole (NVH) og Veterinærinstituttet blir lokalisert på Ås og NVH blir organisert saman med Universitet for miljø- og biovitskap. Midlane vil bidra til å sikre framdrift i prosjektet. Regjeringa foreslår at samlokalisering av Høgskolen i Bergen blir satt i gang i 2010.

For at alle skal ha lik rett til høgre utdanning uavhengig av økonomisk og sosial situasjon, foreslår departementet å auke løyvinga til bygging av studentbustader nominelt med om lag 70 mill. kroner i forhold til statsbudsjettet for 2008. Det tilsvarende løyving på om lag 220,8 mill. kroner i 2009. Det gir om lag 1 000 nye hybeleiningar avhengig av kvar i landet dei blir bygde. Regjeringa oppfyller med dette lovnadene i Soria Moria-erklæringa om å auke tilgangen på studentbustader.

Regjeringa foreslår å løyve i overkant av 100 mill. kroner for å styrkje lærarutdanninga i 2009. Regjeringa foreslår mellom anna å tilføre om lag 180 nye studieplassar for å auke kapasiteten i lærarutdanninga.

Det er eit mål å auke talet på pedagogar i barnehagane. Regjeringa foreslår derfor å løyve 7,5 mill. kroner i 2009 til 150 nye studieplassar i førskolelærarutdanninga, og det blir gitt midlar til 150 studieplassar i eittårig vidareutdanning i barneha-gepedagogikk på deltid for pedagogar med minst tre års høgre utdanning.

Målstruktur og styringssystem for universitet og høgskolar

Dei statlege institusjonane i universitets- og høgskolesektoren er statlege forvaltningsorgan med særskilte fullmakter. Det inneber stor grad av institusjonell fridom som sikrar uavhengig forskning og undervisning, og gir institusjonane rom til å tilpasse seg nye krav til kvalitet, relevans og auka konkurranse nasjonalt og internasjonalt.

Institusjonane blir styrte gjennom mål- og resultatstyring, med integrert risikostyring. Måla for sektoren er utforma på eit overordna nivå. Institusjonane utarbeider i tillegg eigne mål og styringsparametrar, som er tilpassa storleiken og eigenarten til institusjonane. Styra ved institusjonane rapporterer årleg oppnådde resultat til departementet. Departementet hentar òg inn informasjon og statistikk på andre område som er viktige å følgje over tid, og utarbeider årleg ein tilstandsrapport for universitets- og høgskolesektoren. Dette blir brukt i dei årlege etatsstyringsmøta med dei statlege institusjonane.

Institusjonane har arbeidd med å etablere og utvikle eigne styringssystem med utgangspunkt i departementet sine målformuleringar og metode-rettleiingar. Det er variasjon i framdrifta, men arbeidet viser ei god utvikling.

Den faglege delen av målstrukturen gjeld òg for dei private høgre utdanningsinstitusjonane som er omfatta av universitets- og høgskolelova. Kunnskapsdepartementet har tilsynsansvar overfor dei private høgskolane, og følgjer opp bruken av stats-tilskottet. Det blir arrangert eit årleg felles kontaktmøte med dei private høgskolane.

Risikostyring i institusjonane skal fungere som ein prioriteringsmekanisme i styringa av den einskilte institusjonen, og inngå som ein integrert del av styringa av verksemda. Departementet vil framover følgje institusjonane sitt arbeid med å bruke og dokumentere arbeidet med risikostyring.

Finansieringssystemet for universitet og høgskolar er utforma for å støtte opp under dei overordna måla for sektoren, og finansieringa er delvis resultatstyrt. Innføringa av systemet gav eit tydelegare skilje mellom finansiering av undervisning og forskning og auka fleksibilitet til å satse strategisk. Institusjonane må sjølve tilpasse bruken av midlane etter lokale behov og kostnadsstrukturar, og departementet legg ikkje føringar på korleis finansieringssystemet er internt på institusjonane.

Kunnskapsdepartementet har sett følgjande overordna mål for universitet og høgskolar:

- Universitet og høgskolar skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det

fremste innanfor forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.

- Universitet og høgskolar skal nå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.
- Universitet og høgskolar skal bidra til å spreie og formidle resultat frå forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og bidra til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultata. Universitet og høgskolar skal òg leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.
- Statlege universitet og høgskolar skal organisere og drive verksemda si på ein slik måte at samfunnsoppdraget blir best mogleg teke hand om innanfor ramma av disponible ressursar.

For universitet med universitetsmuseum er det i tillegg sett følgjande mål:

- Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo, Universitetet i Stavanger, Universitetet i Tromsø og Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet har eit særskilt ansvar for å byggje opp, drive og vedlikehalde museum med vitskapelege samlingar og utstillingar for publikum.

For fagskoleutdanningar er det sett følgjande mål:

- Godkjend fagskoleutdanning skal gi studentane kvalitetssikra, fleksible og arbeidsmarknadsretta utdanningstilbod som byggjer på avslutta vidaregåande opplæring eller tilsvarende realkompetanse.

Mål: Universitet og høgskolar skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innanfor forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap

Resultata har vore gode innanfor høgre utdanning dei siste åra, men det er store variasjonar i måloppnåinga frå institusjon til institusjon. Etter Kvalitetsreforma har det blitt oppretta fleire studietilbod ved universitet og høgskolar, men den store veksten i nye studietilbod har no stoppa opp. Samtidig er det tettare oppfølging av studentane, og institusjonane bruker meir varierte undervisnings- og vurderingsformer.

I 2007 var det 190 130 studentar som tok høgre utdanning ved norske universitet og høgskolar, ein nedgang på 2,6 pst. sidan 2005. Det var 97 888 søkjarar til hovudopptaket gjennom Samordna opptak i 2007, ein nedgang på 3,4 pst. frå 2005. Studiepoeng per student har auka frå 42 i 2005 til 42,6 i 2007. Totalt blei det uteksaminert 32 986 kandidatar i 2007, ein auke på 11,2 pst. frå 2005. I tillegg fullfør-

er fleire utdanninga på normert tid. Dette tyder på at tiltaka i Kvalitetsreforma har hatt positiv effekt.

Uveksling av studentar og tilsette har auka. I 2007 var det 4 494 innreisande og 3 954 utreisande utvekslingsstudentar, dvs. ein auke på respektive 22 pst. og 2,8 pst. sidan 2005. Det er likevel behov for å integrere internasjonaliseringsarbeidet betre i utdanninga ved mange lærestader.

Kvalitet i utdanninga

Eit hovudmål i Kvalitetsreforma var å utvikle og heve studiekvaliteten. *Statusrapport for Kvalitetsreforma* konkluderer med at det har vore positive endringar som det er viktig å byggje vidare på.

Nasjonalt organ for kvalitet i utdanning (NOKUT) har vore gjenstand for ei internasjonal fagevaluering. Evalueringa viser at organet klart oppfyller dei europeiske standardane for kvalitets-sikringsorgan. Evalueringa peiker vidare på fleire område for å utvikle NOKUTs rolle i norsk høgre utdanning og fagskoleutdanning. NOKUT bør mellom anna i større grad leggje vekt på kvalitetsutvikling framfor kontroll. Saman med evalueringa av Kvalitetsreforma og innstillinga frå Stjernø-utvalet gir evalueringa av NOKUT høve til å sjå fleire sider av Kvalitetsreforma under eitt. For å følgje opp evalueringa har departementet førebels gjennomført eit høringsmøte og vil nedsette ei ressursgruppe for arbeid med kvalitet i høgre utdanning. Departementet vil saman med NOKUT og sektoren vurdere nødvendige justeringar av rammene som NOKUT og institusjonane arbeider innanfor. Sjå òg omtale under kap. 281 post 01.

Det er viktig at utdanningane som blir tilbode, er relevante for behova i arbeidslivet, og at ein tydeleg formidlar det læringsutbyttet ein kan vente etter avslutta studium. *Statusrapport for Kvalitetsreforma* konkluderer med at ein no må dreie innsatsen meir mot innhald, læringsutbytte og kvalifikasjonar i undervisning og forskning. Ein må leggje vekt på verdien av relevans og samarbeid med samfunns- og arbeidsliv for kvalitetsutvikling. For å bidra til dette er det viktig å utvikle kvalifikasjonsrammeverk som viser kva kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse alle studentar som fullfører det aktuelle nivået i høgre utdanning, skal ha. Det vil mellom anna gjere det lettare å få godkjent kvalifikasjonar over landegrensene. Som del av Bologna-prosessen har departementet i samarbeid med universitets- og høgskolesektoren og andre sentrale partar utarbeidd og sendt på høring forslag til eit nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk. Det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket skal vere ferdig sertifisert mot det europeiske innan 2010. Departementet vurderer no det vidare arbeidet med eit

nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for høgre utdanning. Regjeringa vil leggje fram ei melding om livslang læring, kunnskap og kompetanse i 2009. Relevans og samarbeid med arbeids- og samfunnsliv vil vere viktige tema. Sjå omtale under programkategori 07.50.

Departementet viser til oppmøttingsvedtak nr. 391, 7. mars 2008 i samband med behandlinga av St.meld. nr. 7 (2007–2008), jf. Innst. S. nr. 150 (2007–2008).

«Stortinget ber Regjeringa vurdere å innføre krav om ekstern sensor for all høgre utdanning.»

Kunnskapsdepartementet vil sette i gang arbeidet med ei kartlegging av bruken og omfanget av ekstern sensor på lågare grad ved universitet og høgskolar, og vil vurdere ei lovendring som sikrar meir bruk av ekstern sensor på lågare grad. Departementet vil komme tilbake til Stortinget med resultata frå kartlegginga.

Profesjonsutdanningane

Stjernø-utvalet peiker på fleire felles utfordringar for dei tre- og fireårige profesjonsutdanningane, særleg knytte til korleis utdanningane kan leggje til rette for god profesjonsutøving gjennom praksis, kunnskapsgrunnlag og FoU. Generelt ser utvalet det som nødvendig å styrkje studiekvaliteten ved fleire av desse profesjonsutdanningane. Fleire av utdanningane har i tillegg utfordringar med rekruttering av studentar eller lærarar.

For å møte nokre av desse utfordringane har Universitets- og høgskolerådet (UHR) og NOKUT i 2008 fått ansvar for å vurdere korleis ein kan etablere senter for framifrå undervisning slik Stjernø-utvalet har foreslått. Det vil i første omgang bli sett i gang eit forsøk innanfor lærarutdanninga.

Sjukepleie

NOKUT sette hausten 2004 i gang revidering av akkrediteringa av alle bachelor- og mastergradsstudia i sjukepleie. Av bachelorutdanningane fekk i utgangspunktet alle utanom Diakonhjemmet høgskole pålegg om å rette opp manglar i fagplan og manglande kompetanse blant undervisningspersonalet. Institusjonane har lagt ned eit betydeleg arbeid mellom anna for å nå NOKUTs kompetansekrav. NOKUT reakkrediterte i 2008 alle dei resterande bachelorutdanningane.

Ingeniørutdanning

NOKUT har på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet evaluert dei to- og treårige ingeniørutdanningane som er omfatta av rammeplan for ingeniørutdanning. Fleire undersøkingar dei siste åra har vist teikn på dårleg kvalitet, dårleg rekruttering og små og svake fagmiljø. Men evalueringa viser at ingeniørutdanninga jamt over held god kvalitet og tener godt både som sjølvstendig yrkesutdanning og som grunnlag for masterstudium i teknologi. Institusjonane har klart å sameine stabil teoretisk basis med praktisk dugleik i utdanninga, og sluttkompetansen til studentane ser ut til å halde eit tilfredsstillande nivå. Evalueringa framhevar fagkompetansen til kandidatane som god og relevant og peiker på at dei små studiemiljøa innanfor ingeniørfag gir ein positiv nærleik og uformell dialog mellom studentar og forelesarar. Evalueringa peiker likevel på utfordringar med rekruttering, gjennomgåande høgt fråfall, mange sårbare fagmiljø med låg forskingsaktivitet og få tilsette med førstestillingskompetanse. Komiteen framhevar at ein må sjå nærmare på den nasjonale organiseringa og dimensjoneringa av ingeniørutdanninga.

Komiteen har gitt fleire tilrådingar for å auke kvaliteten i ingeniørutdanninga. Departementet vil vurdere nye tiltak i samarbeid med sektoren og vil mellom anna gje dei aktuelle institusjonane pålegg om å lage ei plan for korleis utdanningane kan bli betre. Regjeringa har i 2008 gitt midlar til tiltak som skal bidra til å auke rekrutteringa og minske fråfallet, mellom anna støtte til RENATE-senteret og støtte til eit forskingsprosjekt (Vilje-con-valg) om fråfall og bortval av realfaga i høgre utdanning.

Lærarutdanning

For å følgje opp NOKUT-evalueringa av allmennlærarutdanningane i 2006 har Kunnskapsdepartementet gitt alle dei aktuelle institusjonane pålegg om å lage ein plan for korleis utdanningane kan bli betre. Etatsstyringsmøta og rapportar frå institusjonane viser at dei arbeider med dette.

Statistisk sentralbyrås (SSB) framskrivingar frå 2008 av det framtidige behovet for lærarar tyder på at det gradvis blir ein aukande mangel på lærarar fram mot 2020. Sjølv om nedgangen etter innføring av karakterkrav har stansa, viser tal frå Samordna opptak at det framleis er svak søkning til allmennlærarutdanninga, særleg til institusjonar i nord og i distrikta. Søkninga til andre typar lærarutdanningar er meir stabil.

Departementet legg ved årsskiftet 2008–09 fram ei stortingsmelding om lærarrolla og lærarutdanning. Forslaga i meldinga vil ha konsekvensar

for det samla tilbodet om lærarutdanning ved den einskilde institusjonen. Dei einskilde institusjonane må starte arbeidet med ein intern gjennomgang av det samla tilbodet i lærarutdanning. Det blir i denne samanhengen òg viktig å vurdere regional arbeidsdeling og samarbeid mellom lærarutdanningsinstitusjonane for å bidra til god dekning av ulike typar lærarutdanningar og fag i alle regionane.

NOKUT fekk våren 2008 i oppdrag å evaluere førskolelærarutdanningane, mellom anna korleis ulik organisering institusjonane imellom påverkar kvaliteten på utdanninga. Evalueringa er planlagt slutført hausten 2010.

Internasjonalt utdanningssamarbeid

Høgre utdanning er prega av aukande samhandling over landegrensene. Kvalitetsreforma førte til auka merksemd om internasjonalisering av høgre utdanning. Institusjonane har utvikla strategiar for auka internasjonalisering, men det er behov for å verkeleggjere dei og samtidig operasjonalisere nasjonale mål ved institusjonane.

Universitet og høgskolar er sentrale for å nå måla i Regjeringas nordområdestrategi. Dei tek del i samarbeids- og programaktivitetar som byggjer opp under måla, mellom anna gjennom Universitetssenteret på Svalbard, Arktisk Universitet, Samarbeidsprogrammet med Russland, Nordområdestipendprogrammet og EnergiCampus Nord. Ved Høgskolen i Bodø er det mellom anna etablert eit Nordområdesenter for næringslivet.

Bolognaprosessen har som mål å skape eit felles europeisk område for høgre utdanning innan 2010 og omfattar 46 europeiske land. Til det neste ministermøtet i 2009 skal ein leggje fram konkrete forslag til vidare utvikling etter 2010. Noreg tek aktivt del i prosessen.

Gjennom EØS-avtalen tek Noreg del i EU-programma på utdannings- og forskingsområdet. Det er dei største internasjonale samarbeidsarenaene norske universitet og høgskolar deltek i, og det er viktig å nytte dei best mogleg. For omtale av livslang læringsprogrammet, sjå kap. 252. Kunnskapsdepartementet førebur Noregs deltaking i Erasmus Mundus II frå 2009 til 2013. For nærmare omtale av Erasmus Mundus II, sjå kap. 281 post 73.

Kunnskapsdepartementet lanserte i 2007 ein Nord-Amerika-strategi for høgre utdanningssamarbeid 2008–11, bygd på fire dimensjonar: myndighetssamarbeid, styrking av studentutvekslinga, etablering av partnerskapsordningar og styrking av informasjon og nettverksarenaer. For omtale av internasjonalisering og bilaterale avtalar, sjå kap. 281 post 01 og 51.

Regjeringa vil hausten 2008 leggje fram ei stortingsmelding om internasjonalisering, med ei samla vurdering av internasjonaliseringsarbeidet i utdanningssektoren.

Mål: Universitet og høgskolar skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning og i fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid

Norsk forskning hevdar seg i aukande grad internasjonalt gjennom vitenskapleg produksjon og siteringar. Noregs del av artiklar på verdsbasis aukar, medan OECD-land, EU-land og Norden har nedgang. Den relative siteringsindeksen viser at Noreg ligg stabilt på 25 pst. over verdsgjennomsnittet, jf. tal frå NIFU STEP.

Noreg har auka bidraget sitt til EUs rammeprogram. Samtidig har dei statlege institusjonane auka inntektene frå EUs rammeprogram for forskning med 16 pst. frå 2006 til 2007. Det tyder på auka kvalitet og relevans i forskinga.

I 2007 blei det gjennomført 1 030 doktordisputasar ved norske universitet og høgskolar, 125 fleire enn i 2006. Auken dei siste åra gjer at målet frå Kvalitetsreforma om 1 100 uteksaminerte kandidatar årleg snart er nådd. Det er likevel framleis behov for å redusere fråfallet og betre gjennomstrøyminga i doktorgradsutdanningane. Utanlandske statsborgarar står for om lag 20 pst. av doktorgradane i Noreg.

Kvalitet og samordning

Stjernø-utvalet peiker på at Noreg har ein fragmentert struktur med for mange små og svake fagmiljø og for lite arbeidsdeling. Nye doktorgradsprogram blir etablerte med veik og fagleg sårbar base. I ein slik struktur vil ikkje all forskning halde tilfredsstillande kvalitet.

Pagevalueringane frå Noregs forskingsråd (NFR) peiker på at for dårleg fagleg leiing på så å seie alle fagområde har gitt fragmenterte, små einingar med utydeleg fagleg profil og få felles forskingsinteresser. Evalueringskomiteane har peikt på at spesialisering av forskinga innanfor nokre få kjerneområde er nødvendig for å motverke tendensane til at små fagmiljø forsøker å etablere ein for brei forskingsagenda.

Ei utfordring for sektoren framover blir å finne former for samarbeid som sikrar kritisk masse for små forskingsmiljø, og samtidig tek vare på den ønskje nasjonale breidda i forskinga. Det er behov for at institusjonane utviklar strategiar for fagleg spissing og samarbeid og gjennomfører dei.

Eit sentralt verkemiddel på nasjonalt nivå for å bidra til mindre fragmentering, meir fagleg spiss-

sing og samarbeid er forskningssatsingar gjennom NFR som skal fremme samarbeid og konsentrasjon i FoU-verksemda. NFR har i 2008 lyst ut nasjonale forskarskolar som skal bidra til å auke gjennomføringa og redusere fråfallet i doktorgradsutdanningane, samt stimulere til auka samarbeid nasjonalt og internasjonalt. Verkemiddelet vil bli vidareført.

Fleire nasjonale ordningar og verkemiddel er oppretta for å stimulere til betre kvalitet i forskninga. Eliteprosjekt som *Senter for framifrå forskning* (SFF), *Yngre framifrå forskarar* (YFF) og *Senter for forskingsbasert innovasjon* (SFI) er nasjonale konkurransearenaer med tildelingar baserte på kvalitet, i hovudsak gjennom NFR og nasjonale fagevalueringar. Midtvegsevalueringa av SFF syner at det har vore ei sær sers vellykka ordning, og at SFF-miljøa held høg internasjonal kvalitet. Finansieringssystemet i UH-sektoren skal òg stimulere institusjonane til å oppnå gode resultat i forskninga. Analysar av produksjonen av vitenskaplege publiseringar tyder på at dette har vore vellykka, jf. tal frå NIFU STEP.

For å styrkje FoU, kompetanseutvikling og samarbeid i høgskolesektoren har departementet utvikla nasjonale verkemiddel gjennom NFR. Dette er mellom anna *strategiske høgskoleprosjekt* (SHP) og *program for praksisretta FoU for barnehage, grunnsopplæring og lærarutdanning*. NFR har utvikla *verkemiddel for regional FoU og innovasjon* (VRI), der eit av måla er å utvikle samarbeidet mellom høgskolane og andre regionale utviklingsaktørar. Departementet vurderer programma som vellykka og eigna verkemiddel.

For å bidra til betre samordning av innsats og samarbeid om forskning på natur- og kulturarven vil departementet be NFR utarbeide ei nasjonal FoU-satsing retta mot universitetsmusea. Satsinga skal ha fokus på rekruttering og omfatte dei kulturhistoriske musea, men òg sikre målretta satsing på det naturhistoriske området for å sikre basiskunnskap om artar og tap av biologisk mangfald. Sjå òg omtale under kap. 281 post 50.

Rekruttering og forskarutdanning

Talet på avlagde doktorgradar har auka dei siste åra og vil fortsette å auke i åra framover som resultat av satsinga i perioden 2002–08. Tilstrekkeleg tilgang på personale med doktorgrad er ein føresetnad for å auke forskningsevna, og for å få til den nødvendige omstillinga for å utvikle meir kunnskapsbasert næringsliv og tenesteyting. Det gjeld særleg faga matematikk, naturvitskap, teknologi og medisin, samt profesjonsutdanningane.

Ein stor del av det faglege personalet ved høgskolane tek doktorgraden i si ordinære stilling. Mange av høgskolane har kvalifiseringsprogram for eigne tilsette, noko som kan bidra til at dei i større grad kan utnytte ressursane til FoU og sikre utdanning av høg kvalitet.

Dei siste åra har institusjonane teke viktige grep for å auke delen som fullfører doktorgraden, men fråfallet er framleis for høgt. Ein av fire registrerte stipendiatar i 1995 hadde ikkje avlagt doktorgrad i 2007. Departementet føreset at institusjonane arbeider med å betre kvaliteten i forskarutdanninga si, særleg når det gjeld å sikre gjennomstrøyming, fagmiljø og rettleiing for stipendiatane. Dei høgskolane som inngår doktorgradsavtale med ordinært tilsette, må sørgje for arbeidsforhold som gjer det mogleg å avleggje graden.

Stjernø-utvalet peiker på at kravet om fire doktorgradar og fem mastergradar for å bli universitet har ført til mange smale og svake doktorgradsstudium. Tilknytting til eit solid fagmiljø med god kapasitet til rettleiing og tilgang til forskingsinfrastruktur er nødvendig for effektiv og god forskarutdanning. Nasjonale forskarskolar og samarbeid mellom institusjonane er viktige verkemiddel. Departementet vil vurdere kriteriene for stabil forskarutdanning, og vil mellom anna krevje eit minimumsomsfang av utdanninga, gjennom endringar i forskrift om akkreditering, evaluering og godkjenning etter lov om universitet og høgskolar.

Det er ei utfordring å auke FoU-kompetansen i profesjonsutdanningane knytt til praksisnære område. Det er nødvendig både for å sikre utvikling i profesjonskunnskapen og kvaliteten i utdanningane.

Regjeringa foreslår å opprette 201 nye rekrutteringsstillingar i 2009 over Kunnskapsdepartementets budsjett og styrkje dei miljøa som har doktorgradsstudentar, ved å auke satsen til kr 800 000 per stilling. Dette inneber ei auke på om lag 25 pst. Dei 201 rekrutteringsstillingane er fordelte på 166 stipendiat- og 35 postdoktorstillingar. Av dei 166 stillingane skal 15 bli kanalisert gjennom Noregs Forskingsråd (NFR) – ti som nærings-ph.d. og fem til nordområdesatsing. 151 går til UH-institusjonane. Dei 35 postdoktorstillingane blir tildelte direkte til universitet og vitenskaplege høgskolar. Ved tildeling av rekrutteringsstillingane har Regjeringa prioritert MNT-faga, inklusive medisin, deretter forskarutdanning knytt til profesjonsutdanningane og regional utvikling. Ein skal òg tilgodesjå kunstnarlege utviklingsstipend og samisk forskning. Fordelinga av stipendiatsstillingar er hovudsakleg basert på resultat i publisering, EU-midlar, NFR-midlar og eksternt finansierte verksemd (EFV). Departemen-

tet vil i framtida òg nytte kriterium for gjennomstrøyming og fullføringsgrad. Nokre av stillingane vil bli fordelte ut frå strategiske omsyn, mellom anna for å styrkje samarbeidet i sektoren.

Forskarkarriere og forskingsvilkår

Noreg kan auke forskingsevna si ved å rekruttere fleire til forskning og betre vilkåra for å drive forskning. Arbeidsmarknaden for forskarar er i høg grad internasjonal, og det er auka konkurranse om dyktige forskarar, særleg på satsingsområda realfag og teknologi. For Noreg er det viktig å satse både på eigne ressursar og tilby gode nok forskingsvilkår til å rekruttere forskarar internasjonalt på dei områda der det er viktig å delta i spissforskning internasjonalt.

Postdoktorstillingar, godt arbeidsmiljø og gode forskingsvilkår er særleg viktig for å gjere det attraktivt å forske ved norske universitet og høgs-kolar. På fagområde der kvinner er sterkt underrepresenterte, er det viktig å betre balansen mellom kjønna. Regjeringa vil ta i bruk øymerking av stipendiat- og postdoktorstillingar på område med kritisk låg kvinneandel. Regjeringa har som mål at om lag 15 pst. av nye stipendiat- og postdoktorstillingar ved universiteta blir øymerka kvinner under føresetnad av nødvendig lovendring. Sjå òg hovudmål fire.

På fagområda matematikk, naturfag og teknologi er gode lokale og vitskapleg utstyr avgjerande. Fleire internasjonale fagevalueringar og kartleggingar av behov for vitskapleg utstyr frå seinare år peiker på at infrastruktur for forskning i Noreg er utilstrekkeleg.

Dei nasjonale prioriterte fagområda, jf. St.meld. nr. 20 (2004–2005) *Vilje til forskning*, og dei prioriterte faga for nye rekrutteringsstillingar krev alle tungt utstyr og infrastruktur. Noko av infrastrukturen for forskning er så dyr og spesialisert at ein må samarbeide internasjonalt, til dømes med CERN innanfor partikkelfysikk. I tillegg må ein betre norsk infrastruktur om Noreg skal styrkje posisjonen sin som forskingsnasjon. Regjeringa foreslår å auke kapitalen i Fondet for forskning og nyskaping med 6 mrd. kroner og øymerkje avkastinga av 4 mrd. av desse til forskingsinfrastruktur i 2009.

For at Forskringsrådet raskare skal få følgd opp utstyrsstrategien sin, foreslår Regjeringa å løyve 80 mill. kroner som eingongsløyving til utstyr i 2009. Midlane vil bli kanaliserte gjennom NFR, og ikkje direkte til institusjonane. NFR vil kunne sjå bruken av midlane i 2009 i samanheng med avkastninga frå utstyrsfondet. Institusjonane får auka rom for til dømes å skaffe nytt utstyr gjennom den auka løyvinga per nye rekrutteringsstilling.

Internasjonalt forskningssamarbeid

Universiteta og høgs-kolane har omfattande forskningssamarbeid med internasjonale organisasjonar, gjennom internasjonale fellessatsingar og program og bilaterale avtalar. EUs rammeprogram for forskning, teknologisk utvikling og demonstrasjonsaktivitetar er det mest omfattande internasjonale forskingsprogrammet Noreg tek del i. Noreg hadde god uttelling i det sjette rammeprogrammet og ein høgare suksessrate enn snittet for EU-landa. Resultata frå den første søknadsrunden i det sjuande rammeprogrammet syner stor aktivitet i norske forskingsmiljø. Per juni 2008 var 229 prosjekt med norsk deltaking innstilte til finansiering, dvs. ei uttelling som er om lag seks prosentpoeng høgare enn snittet for EU-landa. Av desse kjem 20 pst. frå universitet og høgs-kolar, 37 pst. frå forskingsinstitutta, 29 pst. frå næringslivet og 14 pst. frå andre aktørar som eksempelvis helseføretaka. Erfaringane så langt syner at dei norske miljøa med best uttelling er dei som er sterke frå før. Det er ei utfordring å auke talet på søknader med norsk deltaking.

For å stimulere til auka norsk deltaking i europeisk FoU-samarbeid har departementet gjennom NFR oppretta program for støtte til prosjektetablering. Ei utfordring for institusjonane framover blir å etablere strategiar og gode støttetjenester slik at dei får større uttelling på søknadene sine.

For omtale av forskingsamarbeid og EUs sjuande rammeprogram, sjå programkategori 7.70.

Mål: Universitet og høgs-kolar skal bidra til å spreie og formidle resultat frå forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og bidra til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultatane. Universitet og høgs-kolar skal òg leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten

Universiteta har oppnådd gode resultat i samarbeidet med næringsliv og i arbeidet med å kommersialisere forskingsresultat. Dei har òg intensivert arbeidet med å sikre eigarrettar til forskingsresultat. Det er ein auke i den oppdragsfinansierte forskinga. For statlege og vitskaplege høgs-kolar er resultatskapinga variabel. Høgskolesektoren har generelt sett utfordringar med å ta på seg rolla som sentral aktør i regional utvikling og innovasjon.

Institusjonane i sektoren driv allmennretta formidling gjennom eit breitt spekter av kanalar. Ein viktig kanal er open tilgang til elektroniske versjonar av vitskaplege artiklar – Open Access. Dei fleste institusjonane har no eigne elektroniske arkiv, men arkiva er i mykje mindre grad enn mog-

leg nytta til å synleggjere dei vitskaplege artiklane frå institusjonane.

Innovasjon og entreprenørskap

I eit framtidig kunnskapssamfunn vil universitet og høgskolar i større grad enn i dag bidra til verdiskapinga. Fleire rapportar peiker på at høgskolane står framfor ei utfordring med å vere pådrivarar i det regionale utviklingsarbeidet og samarbeide på tvers av institusjonane for å skape meir robuste forskingsmiljø og prosjektsamarbeid.

Eit verkemiddel for å auke samarbeidet mellom institusjonane og samfunns- og næringsliv er endringar i lov om arbeidstakaroppfinningar. Det gir universiteta og høgskolane disposisjonsretten over dei tilsette sine oppfinningar, på linje med andre arbeidsgivarar. Andre sentrale verkemiddel er *FORNY-programmet* i NFR, teknologioverføringsverksemdar (TTOar), *VRI*, *Skattefunn* og strategiske prosjekt retta mot enkeltsektorar.

For å auke forskinga i næringslivet og styrkje samarbeidsrelasjonane mellom institusjonane og næringslivet har Regjeringa etablert ei ordning med nærings-ph.d. Ordninga blei første gong utlyst av NFR i 2008. Regjeringa styrkjer ordninga med 10 nye nærings-ph.d i 2009 over Kunnskapsdepartementets budsjett i tillegg til 10 mill. kroner til nærings-ph.d. over Nærings- og handelsdepartementets budsjett.

Auka mangfald blant entreprenørane vil bidra til større verdiskaping i næringslivet. Regjeringa la derfor i 2008 fram *Handlingsplan for meir entreprenørskap blant kvinner*, der målet er å auke delen kvinnelege entreprenørar til 40 pst. Universitet og høgskolar er viktige for å nå målet gjennom satsingar på entreprenørskap i utdanninga, realfagsstrategien, likestilling i akademia og fleire kvinner i forskingsbasert innovasjon.

Allmennretta formidling

Regjeringa vil understreke at allmennretta formidling er ei viktig oppgåve for institusjonane i sektoren. Formidlinga tener til å skape forståing for at forskning er viktig, gi grunnlag for ein kunnskapsbasert debatt i samfunnet, stimulere til kunnskapslyst, og vekke interessa for forskning blant yngre med tanke på framtidig rekruttering. Allmennretta formidling skjer gjennom ulike kanalar. Open tilgang til digitale versjonar av vitskaplege artiklar er ein formidlingskanal som i seinare tid har fått mykje merksemd. Dei fleste tidsskrift tillèt i dag slik arkivering. Kunnskapsdepartementet har bedt UHR og NFR om å fremje tilrådingar om korleis ein kan nytte Open Access i Noreg.

Desentralisert utdanning

Eit av verkemidla for å auke kompetansen i regionane er desentralisert og fleksibel utdanning, jf. St.meld. nr. 16 (2006–2007) ... *og ingen sto igjen. Tidlig innsats for livslang læring*. Det skal vere mogleg for alle som er kvalifiserte og som ønskjer det, å ta høgare utdanning. Våren 2008 var totalt 8 082 studentar registrerte med desentralisert undervisning ved universiteta, samt dei statlege og private høgskolane. I 2006 blei budsjettet styrkt med ei særskilt løyving på 16,7 mill. kroner til desentraliserte utdanningstilbod, og midlane blei lagt i rammene til institusjonane frå og med 2007. I 2004 blei det lagt 7,8 mill. kroner inn i budsjett-ramma til nokre av dei statlege høgskolane i Nord-Noreg for å dekkje meirkostnader til desentraliserte studietilbod.

Desentralisert utdanning kan bidra til auka tilgang på utdanning mellom anna ved at institusjonane, i samarbeid med lokale aktørar som næringsliv, kommunar og fylkeskommunar, vurderer kva behov den einskilde regionen har. Kunnskapsdepartementet ønskjer at desentraliserte studietilbod er ein integrert del av verksemda ved institusjonane og at dei er fleksible og blir flytta etter behov. Institusjonane kan prioritere desentraliserte tilbod innanfor eiga ramme og kan sjølv velje å samarbeide med lokale studiesenter eller liknande ved gjennomføringa av tilbodet.

For å stimulere til utvikling og levering av fleksible studieopplegg er det i hovudsak to tiltak retta direkte mot universitets- og høgskoleinstitusjonane: støtte til å dekkje meirkostnader til levering av desentraliserte utdanningstilbod og støtte til utvikling av fleksible studieopplegg. Midlar til utvikling av fleksibel høgare utdanning blir gitt gjennom Noregsuniversitetet (NUV), eit nasjonalt organ under Kunnskapsdepartementet, sjå kap. 281 post 01.

Kunnskapsdepartementet vil i 2008 setje i gang ein analyse av marknaden for desentraliserte utdanningstilbod. Ei evaluering av NUV vil vere ein del av dette arbeidet.

Mål: Statlege universitet og høgskolar skal ha personal- og økonomiforvaltning som sikrar effektiv utnytting av ressursane

Universitet og høgskolar skal føre ein aktiv arbeidsgivarpolitikk som bidreg til å rekruttere og utvikle kompetanse som reflekterer oppgåvene og ansvarsområda til institusjonane. Talet på førstestillingar og professorat som del av alle stillingar til undervisning, forskning og formidling er på om lag

40 pst., ein auke på om lag eitt prosentpoeng frå 2005 til 2007.

Universitet og høgskeolar skal gjennom personalpolitikken bidra til godt arbeidsmiljø og mindre kjønnsdelt arbeidsliv. Talet på kvinner blant det faglege personalet har auka frå 41 pst. i 2005 til 43 pst. i 2007. Auken er i alle kategoriar, men høgst for høgskelelektorar. Kvinner utgjer eit fleirtal blant studentane og stipendiatane, men blir færre dess høgare ein kjem på karrierestigen. Blant professorane er det berre 18 pst. kvinner. I naturvitskap er berre ti pst. av professorane kvinner. I teknologi er talet seks pst.

Universitet og høgskeolar har gjennomført budsjettet for 2007 og i tillegg brukt 11 mill. kroner av avsette midlar frå tidlegare år. Sett i samanheng med auken i dei faglege resultata gir dette ein indikasjon på meir effektiv ressursutnytting. Avsetningane har stabilisert seg og var per 31. desember 2007 på om lag 2,2 mrd. kroner. Dette utgjer om lag 9,8 pst. av løyvinga, noko som er ein reduksjon på om lag to prosentpoeng frå 2005.

Leiing og personalforvaltning

Den nasjonale og internasjonale utviklinga med auka samarbeid og konkurranse mellom institusjonane stiller auka krav til leiarskap på alle nivå. Styret ved institusjonane er ansvarlege for at verksemda blir gjennomført, og at måloppnåinga ligg på eit tilfredsstillande nivå. Styret må derfor identifisere kritiske faktorar for måloppnåinga og vurdere kontrolltiltak for å sikre god styring. Styret skal vidare sørge for legitim og strategisk fagleg leiing for å ta vare på forskingsmiljøa ved institusjonane. Det er òg viktig å sørge for likevekt mellom faglege og administrative ressursbehov. Styret må vurdere risikoen knytt til dei administrative støttesystema og sikre at det er gode rutinar for kvalitets sikring og internkontroll for å støtte opp under undervisning og forskning.

Den auka konkurransen om å rekruttere fagleg personale innanfor mange fagområde krev meir fokus på leiarskap og personalutvikling og tilrettelegging for attraktive karrierevegar. Faglege leiarar må leggje til rette for at det faglege personalet skal få utnytte kapasiteten sin best mogleg for å sikre tid til forskning.

Behovet for kompetanseheving av forskingsleiarar er i dag større enn tilbodet, og departementet vil derfor i samarbeid med UHR ta initiativ til å styrkje arbeidet med leiarutvikling i den offentlege delen av forskingssektoren.

Kompetanseutvikling

Det er høgskeolane som står for auken på eitt prosentpoeng i talet på førstestillingar og professorat, som del av alle stillingar til undervisning, forskning og formidling. Dette omfatter professor-, førsteamanuensis- og førstelektorstillingar. Mange av høgskeolane har gjort ekstra innsats for å auke kompetansen og har løyvd midlar til dette. Ikkje minst har NOKUTs krav til institusjonane om 20 pst. førstekompetanse bidratt til denne utviklinga. Ein karriere frå høgskelelektor til førstelektor og deretter til dosent er eit viktig løp i høgskeolane. Gjennom å kvalifisere personalet kan høgskeolane i større grad enn i dag utnytte ressursane til FoU og sikre utdanning av høg kvalitet. Mange av høgskeolane har kvalifiseringsprogram for eigne tilsette.

Arbeidsmiljø og likestilling

For å betre arbeidsvilkåra og auke talet på kvinner i høgare akademiske stillingar skal universiteta og høgskeolane ha handlingsplanar for likestilling. I 2007 oppretta Regjeringa ein likestillingspris for å premiere dei beste handlingsplanane og stimulere sektoren til målretta likestillingsarbeid. Prisen blei tildelt Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet og Institutt for marin bioteknologi ved Universitet i Tromsø. Kunnskapsdepartementet har oppretta *Komiteé for integreringstiltak – Kvinner i forskning*. Komiteen er pådrivar og rådgivar og dokumenterer likestillingsarbeidet i sektoren. Sjå omtale under kap. 281 post 01. Kunnskapsdepartementet skal vere vertskap for ein nordisk forskingspolitisk konferanse om likestilling i academia i mars 2009.

Departementet tek sikte på å setje i verk ei ordning med øyremerking av midlertidige stillingar til kvinner på stipendiat- og postdoktornivå i fag der dei er betydeleg underrepresentert. Departementet vil ta sikte på å få til ei ordning som er i samsvar med EØS-avtalen og som samstundes gjer det mogleg å auke kvinndelen i særleg underrepresenterte fag. Departementet vil så fremje ei lovending slik at ein kan nytte ordninga frå hausten 2009. Departementet ventar òg at institusjonane sjølve nyttar øyremerking av stillingar dei disponerer innanfor den ramma som gjeld, så snart den nødvendige lovendinga er på plass. Departementet vil be institusjonane rapportere på bruken av ordninga.

Institusjonane har avtale om inkluderande arbeidsliv og følgjer opp sjukefråværet for å redusere det for alle grupper tilsette.

Økonomiforvaltning

Utvida økonomiske fullmakter er ein føresetnad for å kunne gjennomføre strategiske tiltak og tiltak som krev større innsats enn det ein kan dekkje i den enkelte budsjetterminen. Avsetningane er den einaste mekanismen institusjonane har for å skaffe seg økonomisk fleksibilitet, og er på eit visst nivå uttrykk for god og langsiktig økonomistyring. Spesifikasjonane av avsetningane viser at avsetningar til større investeringar har auka, medan avsetningane til interne formål har gått ned. Kunnskapsdepartementet har i styringsdialogen med institusjonane understreka at styret har ansvar for å gjennomføre budsjettet i samsvar med føresetnaden for løyvingane. Departementet vil fraleis følgje med på utviklinga i avsetningsnivået.

Det har vore fokus på lønnsområdet i 2008, og departementet har bedt institusjonane følgje særskilt opp at interne rutinar og regelverk er på plass og er utforma i samsvar med det overordna avtale- og regelverket. Det er særskilt gjort oppmerksom på dei utfordringane som bortfallet av særavtalen skaper.

For å møte krava om nye innkjøpsrutinar i samsvar med ny forskrift for offentlege innkjøp frå 1. januar 2007 innfører sektoren elektroniske støtte-system for innkjøp i 2008 og 2009.

Aksjeinteressene til institusjonane

Institusjonane fekk gjennom Kvalitetsreforma større fridom til å engasjere seg i aksjeselskap av fagleg interesse. Kunnskapsdepartementet og institusjonane under Kunnskapsdepartementet forvalta per 31. desember 2007 statlege eigarinteresser i 98 selskap med ein bokført eigenkapital på 187,7 mill. kroner og er eineeigar eller har dominerande innflytelse i 30 selskap, jf. samla oversyn i St.meld. nr. 3 (2007–2008) *Statsrekneskapen for 2007*.

Nye reglar om forpliktande samarbeid og kjøp av aksjar ved statlege universitet og høgskolar tredde i kraft 1. januar 2008, jf. rundskriv F-20-07 *Reglement for statlige universiteter og høyskolars forpliktende samarbeid og erverv av askjer*, og erstattar rundskriv F-35-02. Nokre omgrep er endra, og randsoneaktivitet er definert, men hovudtrekka er førte vidare. Reglane understrekar kravet til faglege vurderingar og seier klart at styret ikkje kan delegere avgjerd om å kjøpe aksjar.

Det er eit krav at eigarskap i selskap skal vere av fagleg interesse for institusjonen, og at styret til institusjonen skal fastsetje resultatmål for eigarskapen. Institusjonane omtalar i varierende grad

måla i rapporteringa si. Departementet vil følgje opp dette i etatsstyringa.

Institusjonane skal følgje prinsippa for godt statleg eigarskap og sørgje for god eigarstyring av selskap.

Aksjar som universitet og høgskolar forvaltar og som er skaffa før 1. januar 2003, er bokførte i statens kapitalrekneskap som aksjar i gruppe 1. Aksjar som institusjonane har skaffa etter 1. januar 2003, er bokførte i institusjonsrekneskapane som aksjar i gruppe 2. Kunnskapsdepartementet foreslår å føre aksjane i gruppe 1 over til gruppe 2. Aksjane blir førte ut av kapitalrekneskapen frå 2009 mot konto for forskyvingar i balansen. Kunnskapsdepartementet har rekna ut at eigardelane i gruppe 1 er verde om lag 250 mill. kroner. I kapitalrekneskapen er aksjane bokførte til om lag 25 mill. kroner, som er historisk kost. Overføringa gjeld 25 selskap. Sjå forslag til vedtak IV nr. 2.

Bygg

Løyvingar til byggjeprojekt i universitets- og høgskolesektoren blir gitte over budsjettet til Fornyings- og administrasjonsdepartementet, jf. kap. 1580 og kap. 2445. Utbygging av ny universitets-klinikk i Trondheim er omtala under kap. 281 post 79.

Det er framleis behov for nybygg og oppgradering og vedlikehald av eksisterande bygningsmasse i universitets- og høgskolesektoren. Samtidig utgjer bygningar og lokale ein stor utgiftspost for universitet og høgskolar.

Verdifastsetjing av eigedom gir eit betre oversyn og informasjonsgrunnlag for framtidig investeringsbehov. Institusjonane som forvaltar eigen bygningsmasse, har no aktivert bygningsmassen i rekneskapane, med unntak av Universitetet i Oslo, som skal aktivere bygningsmassen frå 1. januar 2009.

Ilgangsette prosjekt

Studentsenteret i Bergen, Feltstasjonen for nordlysobservasjon/optisk feltstasjon ved Longyearbyen på Svalbard og Sørhellingabygget ved Universitetet for miljø- og biovitenskap er ferdigstilte og offisielt opna i 2008.

Regjeringa og Stortinget har gått inn for at kostnadsramma for Samisk vitskapsbygg i Kautokeino blir auka med 86,3 mill. kroner til 430,5 mill. kroner (prisnivå 15. mars 2008), jf. Innst. S. nr. 270 (2007–2008), jf. St.prp. nr. 59 (2007–2008). Samisk vitskapsbygg er venta ferdigstilt våren 2009.

Kunnskapsdepartementet inngikk i 2007 leige-kontrakt om byggjetrinn II for Kunsthøgskolen i

Oslo. Byggjetrinnet skal gi nye lokale for Fakultetet for design og Fakultetet for visuell kunst og vil samle heile høgskolen på éin stad. Bygget er venta å stå ferdig i 2010.

Stortinget slutta seg til forslaget frå Regjeringa om startløyving til byggjeprojektet rehabilitering av sentrumsbygningane ved Universitetet i Oslo i revidert nasjonalbudsjett for 2008, jf. Innst. S. nr. 270 (2007–2008) og St.prp. nr. 59 (2007–2008). Prosjektet er delt opp i to fasar, der fase 1 omfattar istandsetjing av Domus Media (Aulaen og Vestfløyen) og fase 2 er resterande arbeid. Statsbygg har starta detaljprosjektering, og målet er å vere ferdig med rehabilitering av Aulaen til 200-årsjubileet til universitetet i 2011.

Høgskolen i Oslo har samla Avdeling for ingeniørutdanning, Avdeling for samfunnsfag og Læringscenteret i nye lokale. Leigeutgiftene blir dekte innanfor eksisterande budsjettamme.

Høgskolen i Østfold har gjort vedtak om å flytte Avdeling for ingeniør- og realfag frå Sarpsborg til Fredrikstad og inngått leigeavtale frå hausten 2009. Prosjektet blir realisert innanfor eksisterande budsjettamme.

Universitetet i Agder har inngått leigeavtale for samlokalisering av verksemda i Aust-Agder. Innflytting er planlagd til semesterstart hausten 2010. Prosjektet blir realisert innanfor eksisterande budsjettamme.

Høgskolen i Hedmark vil flytte all aktivitet ved Avdeling for helse- og idrettsfag frå noverande leigelokale til eit nybygg i fleirbruksanlegget Terningen Arena i Elverum frå 2010. Prosjektet blir realisert innanfor eksisterande budsjettamme.

Statsbygg er gitt i oppdrag å føre vidare planleggings- og prosjekteringsarbeidet for eit nybygg for Noregs handelshøgskole til erstatning for eksisterande leigeobjekt. Det er lagt til grunn at projektet blir finansiert som eit kuranprosjekt.

Universitetet i Oslo har gjort vedtak om å setje av midlar over fleire år til rehabilitering av bygg for preklinisk odontologi innanfor eiga budsjettamme. Finansdepartementet har godkjent ei kostnadsramme på 263,2 mill. kroner og ei styringsramme på 239,6 mill. kroner (prisnivå per oktober 2007).

Statsbygg har stått for prosjektering av ei utviding av dyreavdelinga og eit tilbygg til Domus Medica ved Universitetet i Oslo. Eksterne konsulentar har kvalitetssikra forprosjektmaterialet. Byggjeprojektet vil bli finansiert som eit kuranprosjekt.

Statsbygg har rehabilitert K-bygningen ved Høgskolen i Gjøvik til kontor og undervisningsformål. Prosjektet er gjennomført innanfor eksisterande budsjettamme.

På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet er Statsbygg i gang med å utarbeide ein landsverne-

plan for dei kulturhistoriske eigedommane under ansvarsområdet til departementet. Statsbygg arbeider no med hovudprosjektet. Eit høyringsutkast er venta ferdigstilt første halvår 2009.

Kunnskapsdepartementet er i samarbeid med institusjonane i ferd med å utarbeide grunnlagsdokumenta for ekstern kvalitetssikring av konseptval, såkalla KS1, for campusutvikling ved NTNU / Høgskolen i Sør-Trøndelag og Kulturhistorisk museum ved Universitetet i Oslo.

Nye prosjekt

Regjeringa foreslår ei startløyving på 60 mill. kroner i 2009 til byggjestart for nytt bygg for odontologiutdanninga (DOF) ved Universitetet i Bergen. Nybygget vil samle odontologiutdanninga og tannpleiarutdanninga, og vil gi plass til tannlegevakt og sentralklinikk for Bergen, den offentlege tannhelsetenesta i Hordaland og eit odontologisk kompetansesenter for Vest-Noreg. Prosjektet har ei godkjend kostnadsramme på 740 mill. kroner og ei styringsramme på 672 mill. kroner (prisnivå 1. mai 2008). Sjå òg omtale under kap. 271 post 50 og i St.prp. nr. 1 (2008–2009) for Fornyings- og administrasjonsdepartementet kap. 1580. Det er behov for løyving til utstyr og inventar med om lag 20 pst. av kostnadsramma og kompensasjon for merutgifter til husleie. Regjeringa vil komme tilbake til dette ved ferdigstilling av bygget.

Regjeringa foreslår ei startløyving på 20 mill. kroner for ombygging og rehabilitering av Patologibygget i Pilestredet Park for sjukepleiarutdanninga ved Høgskolen i Oslo. Prosjektet har ei godkjend kostnadsramme på 668,6 mill. kroner og ei styringsramme på 588,1 mill. kroner (prisnivå 1. juli 2009). Sjå òg omtale under kap. 275 post 50 og i St.prp. nr. 1 (2008–2009) for Fornyings- og administrasjonsdepartementet kap. 2445. Det er behov for løyving til utstyr og inventar med om lag 15 pst. av kostnadsramma og kompensasjon for merutgifter til husleie. Regjeringa vil komme tilbake til dette ved ferdigstilling av bygget.

Det er godkjend kostnadsramme og gjennomført kvalitetssikring av byggjeprojektet for samlokalisering av Høgskolen i Bergen. Departementet vil foreslå ei startløyving for projektet i 2010.

Stortinget har vedteke å lokalisere NVH og Veterinærinstituttet på Ås, og at NVH skal bli organisert saman med Universitetet for miljø- og biovitenskap, jf. Innst. S. nr. 176 (2007–2008) og St.prp. nr. 30 (2007–2008). Regjeringa foreslår å løyve 8 mill. kroner i 2009 for å sikre framdrift i prosessen, jf. kap. 281 post 01 og kap. 1580 post 30 under Fornyings- og administrasjonsdepartementet. For meir omtale, sjå kap. 271.

Statsbygg har utarbeidd eit forprosjekt for eit nytt Sentralbygg ved Høgskolen i Sogn og Fjordane i Sogndal. Departementet vil arbeide vidare med dette høgt prioriterte prosjektet.

Statsbygg arbeider med forprosjektet for eit byggjetrinn 2 for Medisin og helsefag i Tromsø. Forprosjektet vil etter planen vere ferdig mot slutten av 2008. Departementet vil òg vurdere framdrifta til nybygg for Kunsthøgskolen i Bergen.

Statsbygg har vurdert eit konkurranseutkast for eit nytt utstillingsveksthus på Tøyen for Universitetet i Oslo. Universitetet arbeider vidare med å skaffe eksterne bidrag til å finansiere prosjektet.

Budsjett for 2009

Regjeringa foreslår i 2009 følgjande løyvingar til vidareføring og avslutning av byggjeprosjekt: Høgskolen i Vestfold, 316,0 mill. kroner, Samisk vitskapsbygg, 105,0 mill. kroner, Universitetet i Oslo / Institutt for informatikk, 285,0 mill. kroner. Sjå kap. 1580 og kap. 2445 i St.prp. nr. 1 (2008–2009) for Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Regjeringa foreslår vidare 278 mill. kroner til utstyr og inventar for byggjeprosjekt som er under oppføring. For nærmare omtale, sjå kap. 271 post 50 og kap. 275 post 50.

Tabellane 2.15–2.19 i Vedlegg 2 gir oversikt over byggjeprosjekt i Universitets- og høgskolesektoren.

Mål: Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo, Universitetet i Stavanger, Universitetet i Tromsø og Noregs teknisk-naturvitskapelege universitet har eit særskilt ansvar for å byggje opp, drive og vedlikehalde museum med vitskapelege samlingar og utstillingar for publikum.

Riksrevisjonen peikte i 2004 på at dei vitskapelege samlingane ved universitetsmusea ikkje blei oppbevarte under gode nok forhold, jf. Dokument.nr. 3:9 (2003–2004) *Riksrevisjonens undersøkelse av bevaringen og sikringen av samlingane ved fem statlige museer*, jf. Innst. S. nr. 102 (2003–2004). I 2008 la Riksrevisjonen fram ein ny rapport, jf. Dokument nr. 3:10 (2007–2008) *Riksrevisjonens undersøkelse av bevaringen og sikringen av samlingane ved fem statlige museer*. Han viste at tilhøva ved musea var blitt betre, men langt frå tilfredsstillande. Departementet har sett i verk tiltak på kort og lang sikt.

Etter rapporten i 2004 har departementet gitt om lag 160 mill. kroner i ekstraordinære tildelingar til universitetsmusea for å betre magasintilhøva og til sikring, konservering og digitalisering.

Våren 2008 la Regjeringa fram St.meld. nr. 15 (2007–2008) *Tingenes tale – universitetsmuseene*, som drøfta utfordringar ved universitetsmusea. For å følgje opp forslag i meldinga vil Regjeringa samla løyve om lag 23 mill. kroner i 2009. Regjeringa vil styrkje forskinga gjennom eit strategisk forskingsprogram for universitetsmusea. Regjeringa vil òg setje av midlar til sikring og bevaring av samlingane. For å gjere samlingane tilgjengelege for sentrale grupper av brukarar vil Regjeringa etablere eit nasjonalt digitalt universitetsmuseum. Departementet vil setje ned eit utval som skal greie ut spørsmålet. For nærmare omtale, sjå kap. 271 post 50 og kap. 281 post 01 og post 50.

Frå 1. januar 2009 blir Arkeologisk museum i Stavanger (AmS) universitetsmuseum knytt til Universitetet i Stavanger. AmS har mange av dei same oppgåvene som dei fem noverande universitetsmusea. Organisering under Universitetet i Stavanger vil fremme fagleg samarbeid mellom AmS og universitetsmusea, og vil kunne styrkje alle desse seks musea. I samband med omorganiseringa vil AmS bli overført frå Kultur- og kyrkje-departementet til Kunnskapsdepartementet. Sjå òg omtale under kap. 328 i St.prp. nr. 1 (2008–2009) for Kultur- og kyrkjedepartementet og under kap. 281 post 01.

Mål: Godkjend fagskoleutdanning skal gi studentane fleksible og arbeidsmarknadsretta utdanningstilbod av høg kvalitet

Fagskoleutdanning skal vere eit sjølvstendig alternativ til høgre utdanning. Fagskoleutdanning er yrkesretta utdanningar som byggjer på vidaregåande opplæring eller tilsvarende realkompetanse, med eit omfang som svarar til minimum eit halvt års studium og maksimum to års studium. Dette er ein viktig utdanningsveg for personar med yrkesutdanning frå vidaregåande opplæring som treng å utvikle kompetansen sin i tråd med krava i kunnskapssamfunnet. Fagskoleutdanninga er regulert i lov 20. juni 2003 nr. 56 lov om fagskoleutdanning. Lova blei endra med verknad frå 1. august 2007.

Orda «fagskole» og «fagskoleutdanning» er beskytta, med verknad frå 1. juli 2008, for å sikre studentar mot useriøse tilbydarar. 25. april 2008 tok ny godkjenningforskrift for fagskoleutdanninga til å gjelde.

Med revidert lov om fagskoleutdanning blei det innført vesentlege endringar for kvalitets-sikring av fagskolesektoren. Ei hovudendring var, på visse vilkår, å gi tilbydar eigen fullmakt til å opprette nye tilbod innanfor avgrensa fagområde (godkjend tilbydar). Ordninga har som formål å føre til

at godkjenningssprosessen for fagskoleutdanning blir lettare. Hovudregelen er likevel framleis at det er det enkelte tilbodet som blir godkjent. Endringane inneber at tilbydarar som gir godkjend fagskoleutdanning, også skal ha tilfredsstillande system for intern kvalitetssikring.

Fagskoleloven er ei rammelov som gir tilbydane stor fridom til å fastsetje innhaldet i utdanninga og etablere formålstenlege ordningar lokalt. Fagskolesektoren er derfor prega av stort mangfald. NOKUT har til no godkjent 1 058 utdanningsstilbod. Fagskoleutdanning skal vere yrkesretta og gi ein sluttkompetanse ein kan ta direkte i bruk i arbeidslivet. Tilbydarar skal samarbeide med yrkeslivet for å sikre og utvikle kvaliteten etter krav frå arbeidsmarknaden. Godkjenningssordninga har vist seg å føre til styrkt kvalitet i utdanningane.

Fleire høringsinstansar ønskjer ei vidare ordning for godkjende tilbydarar enn det departementet foreslo i høringa. Departementet meiner det er viktig å samle erfaring og gå forsiktig ut med ei nokså snever ordning før det kan bli aktuelt å

utvide ordninga. Dette er også i tråd med forarbeida til lova. Departementet meiner likevel at det etter noko tid er naturleg å evaluere korleis ordninga har fungert, for å vurdere eventuell utviding.

Saksbehandlingstida for søknad om godkjenning av utdanningstilbod er framleis for lang; gjennomsnittstida er 13 månader frå søknad er registrert til vedtak er fatta. Mangfaldet i sektoren og den store fridomsgraden fagskolane har, har avdekt eit større behov for rettleiings- og saksbehandlingsskapasitet enn først tenkt.

Kontroll med og utvikling av fagskolesektoren er vesentleg for kvaliteten. Ressursar til informasjon og rettleiing om kvalitetssikring av fagskoleutdanning vil auke kunnskapsnivået i sektoren. Det kan også føre til høgre kvalitet på innkomne søknader og gi redusert saksbehandlingstid.

Regjeringa vil hausten 2008 fremme ein odelsingsproposisjon om oppgaveoverføring knytt til forvaltningsreforma, mellom anna forslag om at drifts- og finansieringsansvaret blir lagt til fylkeskommunane frå 2010.

Kap. 270 Studium i utlandet og sosiale formål for studentar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
71	Tilrettelegging av studium i utlandet	5 207	5 431	10 894
74	Tilskott til velferdsarbeid	62 493	65 180	68 048
75	Tilskott til bygging av studentbustader, <i>kan overførast</i>	84 834	153 103	220 816
Sum kap. 270		152 534	223 714	299 758

Post 71 Tilrettelegging av studium i utlandet

Løyvinga gjeld mellom anna tilskott til Fulbright-programmet. Det er eit stipendprogram som støttar særleg kvalifiserte søkjarar i studium på master- og doktorgradsnivå i USA, og tilsvarende studentar frå USA som vil studere i Noreg. I tillegg blir det gitt stipend til forskarar frå Noreg og USA. I 2008 vart det utbetalt 5,4 mill. kroner til Fulbright-programmet. Departementet foreslår å føre vidare løyvinga på om lag 5,7 mill. kroner i 2009.

Tilskottet til Association of Norwegian Students Abroad (ANSA) og Johan Jørgen Holsts minnefond er flytta til kap. 270 post 71 frå kap. 2410 post 75. Løyvinga blir nytta til informasjonstiltak retta mot norske studentar i utlandet. Løyvinga skal òg dekkje utgifter til tilrettelegging for stu-

dium i utlandet. Departementet foreslår at løyvinga blir vidareført på same nivå.

Post 74 Tilskott til velferdsarbeid

Posten omfattar tilskott til det generelle velferdsarbeidet til studentsamskipnadene samt tilskott til landsomfattande interesseorganisasjonar for studentar. Målet med tilskottsordninga er å leggje grunnlag for studentvelferda ved utdanningsinstitusjonane, og fremme interessene til studentane. Velferdsarbeidet til studentsamskipnadene skal supplere det generelle velferdstilbodet elles i samfunnet og vere ein integrert del av det heilskaplege læringsmiljøet ved utdanningsinstitusjonane.

Tilskottet til samskipnadene blir gitt som grunntilskott og tilskott per student. Samla blei det

utbetalt om lag 65,2 mill. kroner i 2008. Av desse blei det utbetalt om lag 61,6 mill. kroner til 26 studentsamskipnader (inkludert ANSA) med om lag 200 000 medlemmer. I tillegg blei det utbetalt om lag 3,5 mill. kroner til landsomfattande interesseorganisasjonar for studentar.

Ny lov om studentsamskipnader tredde i kraft 1. august 2008. Lova inneber ei vidareføring av ordninga med studentsamskipnader, der dei viktigaste kjenneteikna ved ordninga, som prinsippet om brukarstyring og samskipnadene som sjølvstendige rettssubjekt, er vidareførte. Med den nye lova vil departementet mellom anna gi klarare og meir utfyllande reglar om kva verksemd studentsamskipnadene kan drive, og om forholdet mellom departementet og studentsamskipnadene.

Departementet foreslår å vidareføre løyvinga på post 74 med 68 mill. kroner i 2009.

Departementet viser til oppmodingsvedtak nr. 369, 14. februar 2008, i samband med handsaminga av Dokument nr. 8:12 (2007–2008), jf. Innst. S. nr. 118 (2007–2008).

«Stortinget ber Regjeringen foreta en helhetlig gjennomgang av de ulike regelverkene for studenter som får barn i studietiden, slik som trygdelovgivning, studiestøtteordninger, samskipnadens regelverk, Statens lånekasse for utdanning mv. og se på hvordan disse kan fungere optimalt og i samsvar med hverandre.»

Departementet arbeider med ei endring i lov om universitet og høyskolar, slik at departementet i ei forskrift kan gi reglar om rett til å utsetje eksamen for studentar som ventar barn. Ei slik endring kan føre til at det blir ei eintydig forståing av korleis den einskilde institusjonen skal leggje tilhøva til rette for studentar som får barn i studietida. Det er òg gjort endringar i forskrift til lov om studentsamskipnader. Studentar som er i fødselspermisjon kan velje å betale semesteravgifta når dei er i permisjon, og dermed ha rett til det same velferdstilbodet som dei hadde som studentar.

Departementet foreslår å endre namnet til ordninga med stipend til studentar og elevar som får barn i utdanningsperioden frå fødselsstipend til foreldrestipend. Forslaget finst i høyringsutkast til forskrifter om tildeling av utdanningsstøtte for undervisningsåret 2009–2010. Omgrepet «foreldrestipend» skal gjere det meir tydeleg enn i dag at far til barnet og søkjarar som adopterer barn òg kan få stipendet.

Departementet foreslår òg å utvide perioden med stipend til studentar og elevar som får barn i utdanninga, med to veker frå 42 til 44 veker. Ordninga vil gje stipend i like mange veker som ein

kan få foreldrepengar med full lønn gjennom folketrygda.

Post 75 Tilskott til bygging av studentbustader, kan overførast

For at alle skal ha ein reell lik rett til utdanning, er studentbustader viktig. Tilskottsordninga skal sikre bygging av studentbustader, samt bidra til å sikre ein rimeleg bustadsituasjon for studentar. Studentbustadene skal vere eit supplement til den private bustadmarknaden.

Rapport for 2007–08

Ved utgangen av 2007 disponerte studentsamskipnadene totalt 29 963 hybeleiningar, ein auke på 517 hybeleiningar i høve til 2006. 1 038 hybeleiningar er lagde til rette for funksjonshemma studentar. Dette vil seie om lag 3,5 pst. av studentbustadene. Det er ein auke på 188 hybeleiningar frå 2006. Departementet har som føresetnad at husleiga på bustader for funksjonshemma studentar ikkje skal vere høgare enn det andre studentar betaler for ei hybeleining tilpassa ein person.

I 2008 gav Regjeringa tilsegn om støtte til 611,5 nye hybeleiningar fordelte på studentskipnadene i Bergen, Nord-Trøndelag, Oslo, Oslo og Akershus, Stavanger, Sunnmøre, Telemark og Trondheim. Studentsamskipnadene skal, innan fire år frå tilsegnene er gitte, ha sett i gang bygginga av studentbustadene. Urealiserte tilsegner vil etter fire år bli omfordelte til andre studentsamskipnader som kan setje i gang bygginga av studentbustader.

Forvaltninga av tilskottsordninga til bygging av studentbustader vart overført til Husbanken 1. januar 2004. Ei evaluering av organiseringa av tilskottsordninga er under arbeid.

Kunnskapsdepartementet har overdratt eigdommen Schultzgata 7 til Studentsamskipnaden i Oslo utan vederlag under føresetnad av at eigdommen framleis blir nytta til studentbustader, jf. Budsjett-innst. S. nr. 12 (2007–2008) og St.prp. nr. 1 (2007–2008). Det er fastsett krav som tek omsyn til dei som i dag bur i eigdommen, og til historia til eigdommen.

Budsjettforslag for 2009

Departementet endra finansieringsmodellen for studentbustadbygging i statsbudsjettet for 2008, jf. Budsjett-innst. S. nr. 12 (2007–2008) og St.prp. nr. 1 (2007–2008). På bakgrunn av mellom anna overslag gjort av Husbanken, vil departementet rekne Drammen som pressområde.

Departementet foreslår at kostnadsramma kan bli auka med inntil kr 100 000 når behovet for auke av ramma er knytt til miljø- og energifremjande tiltak samt universell utforming. Departementet foreslår at ein slik auke av kostnadsramma òg kan gjelde for tilsegn som er gitt tidligare.

Den øvre kostnadsramma i pressområda Oslo, Bergen, Trondheim, Tromsø, Stavanger og Drammen er kr 600 000 per hybeleining, der kr 250 000 er fast statstilskott. Den øvre kostnadsramma i landet elles er kr 500 000 per hybeleining, der kr 200 000 er fast statstilskott.

I særskilde tilfelle kan dei foreslåtte aukingane i kostnadsrammene i 2009 bli gjorde gjeldande for tidlegare gitte tilsegn om tilskott etter søknad, jf. St.prp. nr. 7 (2007–2008).

Regjeringa legg opp til å finansiere om lag 1 000 nye hybeleiningar i 2009 avhengig av kvar i landet dei blir bygde, og foreslår derfor å auke

løyvinga til bygging av studentbustader nominelt med om lag 70 mill. kroner til 220,8 mill. kroner i budsjettet for 2009. Departementet understrekar at det er viktig at kvar studentsamskipnad har eit tilfredsstillande tilbod til funksjonshemma studentar.

Tabell 4.13 Løyving og tilsegnfullmakter for studentbustader i 2007–2008¹ (i 1 000 kr)

Tilsegnfullmakt per 31. desember 2008	115 000
Ramme for nye tilsegnfullmakter 2009	220 800
Løyving	220 800
Tilsegnfullmakt per 31. desember 2009	220 800

¹ Tabellen over gir ei oversikt over løyving og tilsegnfullmakter for studentbustader i perioden 2008–09. Midlar til studentbustader blir normalt utbetalte over tre år. Tilsegnfullmakta per 31. desember 2008 fortel kor store økonomiske plikter Kunnskapsdepartementet har knytt til tilsegn som er gitt fram til og med 2008.

Kap. 271 Universitet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
50	Basisfinansiering statlege universitet	5 798 328	6 691 100	7 385 211
51	Resultatbasert undervisningsfinansiering statlege universitet	2 263 044	2 593 711	2 770 693
52	Forskningsfinansiering statlege universitet	2 494 499	2 723 520	2 996 089
	Sum kap. 271	10 555 871	12 008 331	13 151 993

Kapitlet omfattar budsjettet for sju universitet. Dei seks universiteta som vart budsjetterte på dette kapitlet i 2007, hadde i 2007 nær 77 000 registrerte studentar og 17 000 tilsette. I tillegg blei Universitetet i Agder etablert som universitet frå 1. september 2007. Rapporteringa for Universitetet i Agder er derfor på kap. 275, medan budsjettet for 2009 er teke med i budsjettforslaget for universiteta. Høgskolen i Tromsø og Universitetet i Tromsø skal slå seg saman frå 1. januar 2009. Rapporteringa for Høgskolen i Tromsø er under kap. 275, medan budsjettforslaget for institusjonen er samla under kap. 271.

Universiteta forvaltar Noregs kultur- og kunnskapsarv, samstundes som dei inngår i eit verdsomspennande lærdomsfellesskap. Dei byggjer internasjonal spisskompetanse på fagområde som er avgjerande for samfunnsutviklinga i landet, sam-

stundes som dei bidrar til den globale kunnskapsutviklinga.

Med generelt større krav frå samfunnet om nytte og resultat endrar universiteta seg. Dei har meir kontakt med omgivnadene, noko som òg pregar arbeidet med studieprogram og fagportefølje. Dei byggjer ut lærarutdanninga og andre profesjonsutdanningar og tilbyr etter- og vidareutdanning innanfor eit breitt spekter av fag og tema. Tradisjonelt er universiteta fagleg breie og forskningsbaserte høgre utdanningsinstitusjonar med nasjonalt ansvar for å utvikle og halde i hevd breidda i natur-, kultur- og samfunnsfag. Med tre nye universitet sidan 2005 har Noreg fått universitet som er meir fagleg spissa med større vekt på spesialisert eller profesjonsretta kompetanse, og med sterkare regional forankring. Når ein institusjon er akkreditert som universitet, har han fullmakt til å opprette studietilbod på alle nivå.

Rapport for 2007–08

Utdanning

Søkinga til universiteta er framleis høg. I 2007 blei om lag 18 700 studieplassar ved universiteta lyste ut gjennom Samordna opptak, noko som er ein svak nedgang frå 2006. Søkinga til studia ved universiteta har i dei siste åra vore stabil.

Det totale opptaket ved universiteta var i 2007 på 36 181 studentar, noko som er ein nedgang på 4,1 pst. frå 2006.

Universiteta har gjennomgåande låg gjennomstrøyming samanlikna med dei andre institusjonskategoriane, men avlagde studiepoeng steig markert i tida etter innføringa av Kvalitetsreforma. Det vart i 2007 avlagt 41,2 studiepoeng per student, noko som er ein auke på 5,4 pst. frå 2005.

I løpet av 2007 sluttførte NOKUT første syklus med å evaluere kvalitetssikringssystema til universiteta. Universiteta arbeider med å betre systema på bakgrunn av tilrådingene frå NOKUT.

Kunnskapsdepartementet har tildelt utdanningskvalitetsprisen for 2008. Humanistisk fakultet ved Universitetet i Oslo (UiO) blei tildelt 2.-prisen for «Arbeidsrelevansprosjektet innen studier og utdanning», medan Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB) fekk 3.-prisen for prosjektet «IKT som brobygger i praktisk-pedagogisk utdanning». For 1.-prisen, sjå kap. 275.

Etter innføringa av Kvalitetsreforma har talet på studentutvekslingar på tre månader eller meir auka sterkt ved universiteta. I 2007 vart det registrert totalt 4 387 studentutvekslingar mot 2 615 i 2003. Av desse var det 2 525 som kom inn til landet, medan 1 862 drog ut. Talet på utreisande studentar frå universiteta har gått noko ned frå 2006 til 2007, medan talet på innreisande har auka.

Forskning

Forskning er i stadig aukande grad ei internasjonal verksemd. Universiteta har omfattande samarbeid med forskingsinstitusjonar i andre land, og dei tek del i større internasjonale forskingsprogram. Internasjonal statistikk tyder på at norsk vitenskapleg publisering i tidsskrift aukar i omfang og kvalitet samanlikna med snittet for verda. Tala for publisering ved universiteta peiker i same retning: Samanlikna med 2006 auka talet på publiseringspoeng med om lag åtte pst. ved universiteta. Vekst i vitenskapleg publisering med både norske og utanlandske forfataradresser tyder på auke i omfanget av internasjonalt samarbeid.

EU-midlar til forskning er ein indikator på om universiteta har nådd opp i konkurransen om delta-king i internasjonale forskingsprosjekt. Dei fire

breiddeuniversiteta og UMB hevdar seg godt, med suksessratar over snittet for EU. Universiteta fekk omlag 124 mill. kroner frå EUs rammeprogram for forskning i 2007. Det tilsvarar i overkant av ein pst. av tilskottet frå staten. Midlar frå EUs forskingsprogram til universiteta auka med om lag 23 pst. frå 2006. Alt dette indikerer at norsk forskning ved universiteta hevdar seg godt internasjonalt.

Internasjonale rangeringar av universitet har fått mykje merksemd. Av dei norske universiteta er det Universitetet i Oslo som når best opp på slike rangeringar. Slike rangeringar har store manglar, men er samtidig viktige fordi dei blir lagde vekt på når samarbeidspartnarar blir valde, og dei bidreg til å skjerpe innsatsen.

Når det gjeld oppnådde resultat frå forskingsverksemda i UH-sektoren, dominerer dei seks universiteta, og særskilt dei fire breiddeuniversiteta. Universiteta sine delar av resultata varierer lite over tid. I 2007 låg deira del av publikasjonspoenga på 79 pst. Dei trakk inn 89 pst. av midlane til UH-sektoren frå Noregs forskingsråd og 92 pst. av midlane som norske UH-institusjonar mottok frå EUs rammeprogram. Dette speglar mellom anna den sterke rettinga universiteta har mot den langsiktige og grunnleggjande forskinga, og at dei samanlikna med høghøgskolane har tilsatt ein langt høgare del av personalet i førstestillingar.

Universiteta arbeider målretta med å styrkje forskinga. Dei legg vekt på sterkare konsentrasjon og prioritering gjennom å utvikle fleire forskingsgrupper av høg internasjonal kvalitet, fleire strategiske satsingar og større prosjekt. Sentre for frami-frå forskning (SFF) og Sentre for forskingsdrive innovasjon (SFI) er nasjonale verkemiddel for å heve kvaliteten i forskinga. Av universiteta har UiO ein høg del av SFF-ane med åtte av 21, medan NTNU er med på nesten alle SFI-ane. Universiteta har etter innføringa av Kvalitetsreforma hatt fokus på å sikre samanhengande tid til forskning og god forskingsbasert undervisning.

Den kraftige auken i talet på avlagde doktorgradar held fram. Samfunnsvitenskap og matematikk/naturvitenskap fekk den største auken frå 2006 til 2007. Ved universiteta blei veksten enda sterkare i 2007 enn i sektoren totalt, og talet på avlagde doktorgradar auka frå 837 til 968. Ein del av dei som avla doktorgraden sin ved universiteta, var tilsette ved andre institusjonar, som til dømes helseføretaka, instituttsektoren og høghøgskolar utan eigen rett til å gi doktorgrad. Universiteta arbeider såleis breitt saman med andre sektorar om forskarutdanninga. Dei arbeider systematisk for å betre både gjennomstrøyminga og talet på kandidatar som fullfører, samt for å heve kvaliteten på utdanninga.

Samarbeid med samfunns- og næringsliv

Omfanget av verksemd finansiert gjennom bidrag og oppdrag indikerer i kva grad universiteta samarbeider med omkringliggjande nærings- og samfunnsliv. Delen av dei samla driftsinntektene ved universiteta som kjem frå bidrag og oppdrag, har vore om lag på same nivå i perioden 2002–07.

Etter- og vidareutdanning er ein viktig del av dette samarbeidet. Omfanget av denne verksemda låg i 2007 på omtrent same nivå som året før.

Når det gjeld innovasjon og nyskaping, rapporterer universiteta om i alt 256 mottekne forretningsidear, 44 registrerte patent, elleve lisensar og 15 oppstartsføretak i 2007. I ein OECD-rapport frå 2008 går det fram at Noreg ligg under gjennomsnittet når det gjeld FoU finansiert av næringslivet. Næringslivsfinansierte FoU har likevel auka betydeleg i perioden frå 1981 til i dag. Ein auke i desse tala kan på lengre sikt indikere ein auke i kommersialisering av forskingsresultat. Det er ein auke i talet på mottekne idear og lisensar, men same tal som i 2006 for nye føretak. Dei fleste universiteta har etablert sitt eige teknologioverføringssenter (TTO – Technology Transfer Office) og arbeider med å utvikle ein strategi for immaterielle rettar. Utviklinga er god, men Noreg skårar framleis lågt på indikatorar for innovasjon og kommersialisering av forskingsresultat samanlikna med dei andre nordiske landa.

Personal- og økonomiforvaltning

NTNU har gjort disposisjonar ut over dei fullmaktene dei har fått. Departementet har derfor teke tilbake fullmakta til å kjøpe aksjar i 2008.

Rosenborgsaka

Kunnskapsdepartementet gjorde i St.prp. nr. 1 (2007–2008) greie for Rosenborgsaka, som gjaldt helseskadelege tilhøve ved Rosenborglaboratoria i Trondheim. Som ledd i oppfølginga av krefttilfelle knytte til same laboratorium (Rosenborg) ved NTNU, oppnemnde Regjeringa i 2006 eit granskingsutval som skulle sjå på staten si handsaming av helseskadelege tilhøve ved laboratoria. Granskingsutvalet la fram sin rapport i august 2007 (NOU 2007: 9) *Rosenborgsaken*.

Kunnskapsdepartementet sette i 2006 òg ned ei rådgivande medisinsk ekspertgruppe. Ekspertgruppa blei oppretta for å hjelpe departementet med oppfølginga av dei sidene av saka som gjaldt helsetilhøve. Gruppa var leidd av divisjonsdirektør Erik Dybing i Folkehelseinstituttet, og medlemmer var ekspertar frå Noreg, Sverige og Danmark.

Etter ønske frå dei som var råka av saka, blei gruppa utvida med ein medlem frå Finland hausten 2007. Rapporten har vore sendt til fagfellelvurdering hos fire internasjonalt anerkjende ekspertar.

Departementet hadde før granskinga tok til, inngått forlik med til saman seks personar. I NOU 2007: 9 la Granskingsutvalet følgjande til grunn

«Dersom det innkommer flere erstatningskrav [...] anbefaler utvalget at det ikke inngås ytterligere forlik før det er gjort en grundig utredning om mulig sammenheng mellom tilknytning til Rosenborglaboratoriene og utvikling av hematologisk kreftsykdom.»

Det vart derfor bestemt at det ikkje skulle handsamast fleire erstatningssaker før ekspertgruppa hadde lagt fram si vurdering av den medisinske årsakssamanhengen.

Ekspertgruppa la fram si vurdering av årsakssamanhengen 16. mai 2008. Gruppa hadde slik konklusjon:

«Det er ikke holdepunkter for en forhøyet total kreftisiko samlet sett blant studenter, doktorgradskandidater og ansatte ved de tidligere Rosenborglaboratoriene.

Når det gjelder hematologisk kreft sett ut fra det foreliggende materiale er det totalt sett ikke en forhøyet risiko sammenlignet med nasjonale rater om kreftforekomst. Analysene tyder imidlertid på at det kan være en opphopning av slike kreftformer blant personer med mangeårig tilknytning til Rosenborglaboratoriene og som har gjennomgått grunnkurs i organisk kjemi...»

Ekspertgruppa skriv òg at årsaka til dei aller fleste tilfella av hematologisk kreft er ukjende. Dei viser òg til at det er eit «cluster» (opphoping av helsetuffall) på laboratoriet. Om dette seier dei:

«Det finnes i virkeligheten ingen mulighet til med vitenskapelig sikkerhet å avgjøre om clusteret er tilfeldig eller ikke, særskilt når man mangler tydelige potensielt utløsende faktorer.»

Ekspertgruppa skriv vidare:

«Blant de som kun hadde vært studenter og gjennomgått grunnkurset i organisk kjemi var det ingen sikker forhøyet risiko.»

Ekspertgruppa har ikkje kunna knyte ein forhøgde kreftrisiko til ein spesifikk eksponeringsfaktor.

Ekspertgruppa har òg undersøkt tilhøva ved laboratorieverksemda ved dei 38 statlege universiteta og høgskolene. Dei har ikkje funne tilhøve som skulle seie at arbeidstilhøva har vore meir alvorlege ved Rosenborglaboratoria enn ved andre laboratorium.

Ekspertgruppa tilrådde ikkje at det blir gjort ei nasjonal helseundersøking av tidlegare studentar/doktorgradskandidatar/tilsette med tanke på å sjå om det eventuelt kunne finnast fleire tilfelle. Dei tilrår likevel at det blir gjort ei epidemiologisk oppfølging av Rosenborgkohorten om fem år, slik at ein da kan sjå om det er fleire nye tilfelle.

Departementet si handsaming

Departementet hadde, da granskinga tok til, to erstatningskrav til handsaming. Granskingsutvalet for Rosenborgsaka tilrådde i sin rapport NOU 2007: 9 at desse blei slutførte, fordi utvalet vurderte det slik at departementet gjennom avtale hadde forplikta seg til å inngå forlik med desse to. Forhandlingane er no slutførte, og forlik er inngått med begge.

Departementet er kjent med at NTNU har vore i kontakt med fleire personar som har utvikla kreft, og som har hatt ei tilknytning til Rosenborglaboratoria. Departementet har ikkje motteke konkrete erstatningskrav eller krav om yrkesskadeerstatning.

Uavhengig av handsaminga av dei tidlegare forlikssakene har departementet overfor NTNU lagt til grunn at eventuelle nye forlikshandlingar vil føresetje at det konkret blir sannsynleggjort at kreftsjukdommen i det enkelte tilfellet skyldast arbeidstilhøva på Rosenborglaboratoria. Departementet er ikkje nærmare kjend med det rettslege eller faktiske (medrekna det medisinske) grunnlaget for krava om erstatning. Nye krav må no bli tekne opp med NTNU.

Departementet meiner at det er viktig at personar som har hatt tilknytning til Rosenborglaboratoria, får god nok informasjon og nødvendig oppfølging. Departementet har bede NTNU ha ei sterk merksemd på å følgje opp dette vidare.

Departementet har òg vore i kontakt med Kreftforeningen med sikte på å etablere ein informasjonstelefon som foreninga skal forvalte. Dette skal vere eit tilbod til dei som meiner at dei har vore utsette for risiko, og som ønskjer å få råd om korleis ein går fram om ein blir sjuk.

Ekspertgruppa kjem med ei klar tilråding om ikkje å gjere fleire helseundersøkingar av heile gruppa av tidlegare studentar/doktorgradskandidatar/tilsette. Men gruppa fann ut at det kan vere ei opphoping av hematologisk kreft hos personar

med eit mangeårig tilhøve til Rosenborglaboratoria, og som har teke grunnkurs i organisk kjemi. Dette er ei gruppe på totalt 156 personar. Departementet vil gi denne gruppa eit tilbod om helseundersøking. Korleis ein skal gjere ei slik undersøking, vil bli teke opp med helsestyresmaktene.

Kunnskapsdepartementet vil òg, slik ekspertgruppa har tilrådde, følgje opp at det blir gjort ei ny epidemiologisk oppfølging av heile Rosenborgkohorten om fem år.

Departementet meiner at NTNU no er best skikka til å følgje opp Rosenborgsaka overfor dei som er blitt sjuke, eller dei som har ei tilknytning til Rosenborglaboratoria, og NTNU må derfor leggje til rette for dialog og utveksling av informasjon med denne gruppa. NTNU er arbeidsgivar eller har vore studiestad for dei som er blitt sjuke. Departementet vil gjennom styringsdialogen sin med NTNU sikre at NTNU er i ein konstruktiv dialog med dei som er råka i saka, og at dei blir følgde opp på beste måte.

Samorganisering av Noregs veterinærhøgskole og Universitetet for miljø- og biovitenskap

Stortinget har vedteke å lokalisere Noregs veterinærhøgskole (NVH) og Veterinærinstituttet (VI) til Ås, og at Noregs veterinærhøgskole skal bli organisert saman med Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB), jf. Innst. S. nr. 176 (2007–2008) og St.prp. nr. 30 (2007–2008).

Samorganiseringa skal leiast av eit interimstyre oppnemnd av Kunnskapsdepartementet i tråd med føresetnadene til Stortinget. Interimsstyret skal førebu den konkrete samorganiseringa og -lokaliseringa, både fagleg, organisatorisk og fysisk. Det må mellom anna vurdere det nye universitetet si organisering og faglege oppbygging og struktur, og utnytting av og behov for bygningar. Dette føreset eit nært samarbeid med Statsbygg. Statsbygg har fått i oppdrag å førebu arbeidet med å prosjektere nybygga på Ås. Interimsstyret må førebels søkje forankring og nødvendige avgjerder i styra ved dei noverande institusjonane. Departementet er likevel klar over at fleire av oppgåvene til interimsstyret tilseier at det kan vere formålstenleg at interimsstyret får fullmakt til å binde institusjonane. Departementet vil komme tilbake til Stortinget om når og korleis dette kan skje.

Regjeringa føreset at NVH, UMB og VI samarbeider om felles forskingsaktivitetar på strategiske område.

Kunnskapsdepartementet vil saman med Landbruks- og matdepartementet og Fiskeri og kystdepartementet leggje til rette for å vidareutvikle forskingsfaglige synergjar med utgangspunkt i store

forskningsutfordringar innanfor områda mattryggleik, dyrevelferd og fiskehelse. Viktige bidragsytarar er også randsoneinstitutta.

Regjeringa foreslår å løyve 5 mill. kroner til Statsbygg for å sikre framdrift i prosessen, jf. kap. 1580 post 30 under Fornyings- og administrasjonsdepartementet, samt 3 mill. kroner som ei eingongsløyving over kap. 281 post 01 til administrativ og fagleg integrasjonsprosess, jf. kap. 281 post 01. I tillegg blir det foreslått å løyve 3 mill. kroner til prosessen over Landbruks- og matdepartementets budsjett, jf. kap. 1137 post 53 i St.prp. nr. 1 (2008–2009) for Landbruks- og matdepartementet.

Post 50 Basisfinansiering statlege universitet

Posten inneheld midlar til basisfinansiering av universiteta. Basisfinansieringa skal, saman med den resultatbaserte undervisningsfinansieringa og forskningsfinansieringa, setje institusjonane i stand til å utføre oppgåvene sine og sikre stabilitet og langsiktig tenking. Basisfinansieringa omfattar løyvingar til undervisning, forskning og formidling.

Budsjettforslag for 2009

I samband med revidert nasjonalbudsjett 2008, jf. Innst. S. nr. 270 (2007–2008) og St.prp. nr. 59 (2007–2008), blei det vedteke å styrkje basisløyvinga til universitet og høgskolar med 143,1 mill. kroner. Regjeringa foreslår å vidareføre denne løyvinga i 2009 med heilårseffekt på 298,4 mill. kroner til universitet og høgskolar. Med dette blir aktiviteten ført tilbake til nivået i 2006. Regjeringa foreslår å auke løyvinga på kap. 271 post 50 med 202 mill. kroner.

Universitetet i Tromsø og Høgskolen i Tromsø slår seg saman frå 1. januar 2009. Regjeringa foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 271 post 50 med 182 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 275 post 50. Konsekvensar i budsjettet for 2009 av resultat og prioriteringar tidlegare år er inkluderte i overføringa.

Undervisning

Det blei i 2006 tildelt 12,5 mill. kroner til 500 nye studieplassar innanfor allmennlærer-, førskolelærer-, faglærer-, yrkesfaglærer- og praktisk-pedagogisk utdanning. I samband med dette er det lagt inn 6,2 mill. kroner i heilårsverknad og vidareføring av studieplassane ved universiteta i 2009.

I statsbudsjettet for 2004 blei det løyvd midlar til oppstart av odontologitdanning ved Universitetet i Tromsø. Opptaket har gradvis auka til 40 studieplassar i 2007. Regjeringa foreslår å auke løyvinga

til utdanninga i Tromsø med 16,4 mill. kroner i 2009.

Regjeringa foreslår å auke budsjetttramma med 3 mill. kroner som bidrag til finansieringa av bachelor i luftfartsfag ved Universitetet i Tromsø.

I statsbudsjettet for 2006 blei det foreslått å etablere ei visuell kunstutdanning ved Høgskolen i Tromsø. Regjeringa foreslår å løyve 1 mill. kroner til heilårseffekt av 15 studieplassar. Midlane er inkludert overføringa i samband med at Høgskolen i Tromsø og Universitetet i Tromsø slår seg saman, jf. omtale over.

NTNU administrerer ordninga med kjøp av studieplassar i medisin i utlandet. I samband med avviklinga av ordninga er opptaket auka på ordinære studieplassar i medisin med 15 studieplassar ved Universitetet i Tromsø og 20 studieplassar ved NTNU. Budsjetttramma ved dei einskilte institusjonane er justert i tråd med dette.

Forskning

I 2008 blei tilskottet til dei regionale komiteane for medisinsk og helsefagleg forskningsetikk (REK) styrkt med 5 mill. kroner for å førebu iverksetjinga av ny helseforskningslov. Det er lagt til grunn ei årlig utgift på 15 mill. kroner knytte til dei nye oppgåvene REK får etter helseforskningslova. Lova vil bli sett i verk i 2009. Regjeringa foreslår på denne bakgrunnen å auke løyvinga til universiteta med 9,5 mill. kroner i 2009 over kap. 271 post 50. I den samanhengen blir 5 mill. kroner overførte frå Helse- og omsorgsdepartementet til Kunnskapsdepartementet. Regjeringa legg til grunn at resterande 0,5 mill. kroner blir overførte i 2010. Sjå omtale under kap. 701 post 20, kap. 720 og kap. 732 i St.prp. nr. 1 (2008–2009) for Helse- og omsorgsdepartementet.

Frå 1. januar 2009 blir Arkeologisk museum i Stavanger (AmS) universitetsmuseum knytt til Universitetet i Stavanger, jf. omtale i kategoriinnleiinga. I den samanhengen foreslår Regjeringa å overføre 36,3 mill. kroner frå Kultur- og kyrkjedepartementet til Kunnskapsdepartementet. Sjå omtale under kap. 328 i St.prp. nr. 1 (2008–2009) for Kultur- og kyrkjedepartementet.

Regjeringa foreslår å løyve om lag 15 mill. kroner i eingongsløyving til dei universiteta som har ansvar for universitetsmuseum, til bevaring og sikring av samlingane ved universitetsmusea.

Bygg og lokale

Regjeringa foreslår ei startløyving på 60 mill. kroner i 2009 til byggjearbeid for nytt bygg for odontologitdanninga (DOF) ved Universitetet i Bergen, jf.

omtale i kategoriinnleiinga. Prosjektet har ei godkjend kostnadsramme på 740 mill. kroner og ei styringsramme på 672 mill. kroner (prisnivå 1. mai 2008). Det vil i tillegg vere behov for ei løyving til utstyr tilsvarende 20 pst. av kostnadsramma.

Regjeringa foreslår å løyve 113 mill. kroner til utstyr til ny universitetsklinikk i Trondheim for byggjefase 2 i 2009. Departementet legg til grunn ei samla utstyrssramme for byggjefase 2 på 227 mill. kroner, og foreslår ei fordeling over tre år med 56 mill. kroner i 2008, 113 mill. kroner i 2009 og 58 mill. kroner i 2010. Regjeringa foreslår på denne bakgrunnen å auke løyvinga for NTNU til utstyr for den andre byggjefasen av den nye universitetsklinikken med 57 mill. kroner i 2009, jf. også omtale av utbygginga av universitetsklinikken på kap. 281 post 79.

I samband med handsaminga av revidert nasjonalbudsjett for 2005 fekk bygg for informatikk (IFI 2) ved Universitetet i Oslo startløyving. Stortinget har vedteke ny kostnadsramme for IFI 2, jf. Innst. S. nr. 17 (2007–2008) og St.prp. nr. 90 (2006–2007) Om nytt informatikkbygg ved Universitetet i Oslo. Regjeringa foreslår å løyve dei resterande 66,2 mill. kroner i utstyrsmidlar til IFI 2 i 2009. Det er ein reduksjon på 33,8 mill. kroner i høve til 2008.

Resterande utstyrsmidlar til universitetsfunksjonen ved Akershus Universitetssjukehus vart løyvde i 2008. Regjeringa foreslår derfor å redusere løyvinga med 33,2 mill. kroner i 2009.

Resterande utstyrsmidlar til Sørhellingabygget ved UMB vart løyvde i 2008. Regjeringa foreslår derfor å redusere løyvinga med 15,3 mill. kroner i 2009.

Post 51 Resultatbasert undervisningsfinansiering statlege universitet

Posten inneheld resultatbaserte midlar til undervisning ved universiteta. Løyvinga på posten skal saman med basistilskottet finansiere undervisninga ved institusjonane og stimulere institusjonane til å nå dei måla som er sette for undervisning og studietilbod.

Ved universitetet har det frå 2006 til 2007 vore ein auke i avlagde studiepoeng per student, men grunna færre studantar har totalt avlagde 60-studiepoengseiningar gått svakt ned. Talet på utvekslingsstudantar har gått noko ned i same periode.

Resultatbasert undervisningsfinansiering for universiteta går ned med 8,6 mill. kroner i statsbudsjettet for 2009. Høgskolen i Tromsø er da ikkje inkludert.

Universitetet i Tromsø og Høgskolen i Tromsø slår seg saman frå 1. januar 2009. Regjeringa foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 271 post 51 med 71,5 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 275 post 51. Konsekvensar i budsjettet for 2009 av resultat og prioriteringar tidlegare år er inkluderte i overføringa.

Post 52 Forskingsfinansiering statlege universitet

Posten inneheld midlar til strategisk forskingsløyving og midlar knytte til den resultatbaserte omfordelinga av forskingsmidlar. Den strategiske forskingsløyvinga inneheld midlar til særskild finansiering av doktorgradsstillingar, særskilde midlar til vitenskapleg utstyr og andre løyvingar.

Det er ulik grad av resultatoppnåing på dei ulike indikatorane mellom institusjonane. Endringar som følgjer av den resultatbaserte omfordelinga av forskingsmidlar i finansieringssystemet for universitet og høgskolar, gjer at løyvinga på post 52 aukar med 15,3 mill. kroner i 2009. Høgskolen i Tromsø er da ikkje inkludert.

Regjeringa foreslår å auka budsjetttramma med 86,7 mill. kroner til heilårsverknad for 270 stipendiatstillingar oppretta i 2008.

Regjeringa foreslår at det blir oppretta 108 stipendiatstillingar og 34 postdoktorstillingar ved universiteta med verknad frå 1. september 2009. På denne bakgrunnen foreslår Regjeringa å styrkje post 52 med 37,8 mill. kroner i statsbudsjettet for 2009. Ved dei fire gamle breiddeuniversiteta skal $\frac{3}{4}$ av stillingane bli nytta til MNT-fag og medisin. Universiteta skal samstundes nytte om lag 15 pst. av dei nye stillingane til kvinner, så sant dei nødvendige lovendringene blir godkjende. Dette er i tråd med prioriteringane Regjeringa legg til grunn for å tildele nye stillingar.

Universitetet i Tromsø og Høgskolen i Tromsø slår seg saman frå 1. januar 2009. Regjeringa foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 271 post 52 med 9,2 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 275 post 52. Konsekvensar i budsjettet for 2009 av resultat og prioriteringar tidlegare år er inkluderte i overføringa.

Kap. 272 Vitskaplege høgskolar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
50	Basisfinansiering statlege vitskaplege høgskolar	522 782	553 039	579 327
51	Resultatbasert undervisningsfinansiering statlege vitskaplege høgskolar	196 140	204 257	222 126
52	Forskningsfinansiering statlege vitskaplege høgskolar	138 715	154 610	154 874
70	Basisfinansiering private vitskaplege høgskolar	16 714	17 490	102 076
71	Resultatbasert undervisningsfinansiering private vitskaplege høgskolar	20 794	23 752	109 552
72	Forskningsfinansiering private vitskaplege høgskolar	14 539	14 798	52 744
	Sum kap. 272	909 684	967 946	1 220 669

Kapitlet omfattar budsjettet for fem statlege vitskaplege høgskolar og tre private vitskaplege høgskolar. Dei fem statlege vitskaplege høgskolar og Menighetsfakultetet hadde i 2007 til saman 5 913 registrerte studentar og 1 342 tilsette. Handelshøgskolen BI og Misjonshøgskolen fekk status som vitskapleg høgskole frå 1. juni 2008. Rapporteringa for Handelshøgskolen BI og Misjonshøgskolen er derfor på kap. 275, medan budsjettet for 2009 er omtala under kap. 272.

Dei vitskaplege høgskolarne er forskingsbaserte, profesjonsorienterte og fungerer som fagleg smale og spesialiserte institusjonar. Dei har eit særskilt ansvar innanfor sin eigen fagportefølje og tilbyr i hovudsak integrerte studieløp til masternivå og doktorgradsprogram. Vitskaplege høgskolar kan utan akkreditering frå NOKUT opprette studietilbod innanfor sitt eige spesialområde. Ved å kombinere teoretisk fundert kunnskapsutvikling, profesjonsnær fagutvikling og forskning spelar dei vitskaplege høgskolarne ei viktig nasjonal rolle i kunnskapsbygging og samfunnsutvikling. Gjennom kunstnarleg eller forskingsbasert fagleg utvikling har fleire av dei vitskaplege høgskolarne fått eit godt internasjonalt omdømme.

Stortinget har vedteke å lokalisere Noregs veterinærhøgskole og Veterinærinstituttet til Ås, og at Noregs veterinærhøgskole skal bli organisert saman med Universitetet for miljø- og biovitenskap, jf. Innst. S. nr. 176 (2007–2008) og St.prp. nr. 30 (2007–2008). Sjå kap. 271 for meir omtale.

Rapport for 2007–08**Utdanning**

Søkninga til dei vitskaplege høgskolarne er framleis høg. I 2007 blei om lag 1 060 studieplassar ved dei

vitskaplege høgskolarne lyste ut gjennom Samordna opptak. Noregs musikkhøgskole har eige opptak. Om lag 4 600 søkjarar hadde prioritert studium ved ein vitskapleg høgskole gjennom Samordna opptak. Det utgjør om lag 4,7 pst. av det samla talet på søkjarar.

Det totale opptaket ved dei vitskaplege høgskolarne var i 2007 på 2 487 studentar, noko som er ein nedgang på 2,7 pst. frå 2006. Samla har det vore ein oppgang i opptaket på 1,5 pst. sidan 2004.

Dei vitskaplege høgskolarne har høg gjennomstrøyming samanlikna med dei andre institusjonskategoriene.

Kvalitetssikringssystema ved alle dei vitskaplege høgskolarne er no i ein driftsfase, men framleis står det att arbeid med å forankre kvalitetssikringssystemet betre i arbeidet til dei fagleg tilsette.

Talet på utvekslingsstudentar har auka kvart år sidan 2005. I 2007 var talet på utvekslingsstudentar 614 for dei vitskaplege høgskolarne. Det er ein oppgang på vel 18 pst. frå 2004. Utvekslingsstudentar og studentar under kvoteprogram utgjør om lag elleve pst. av det samla talet på registrerte studentar ved dei vitskaplege høgskolarne.

Forskning

Dei vitskaplege høgskolarne har svært ulik fagprofil, men dei har til felles at dei har spisskompetanse på sitt eige felt, er forskingsbaserte, profesjonsorienterte og har rett til å tildele doktorgrad. Dei arbeider målretta med å styrkje forskings- og utviklingsarbeidet og legg stor vekt på konsentrasjon og fleire strategiske satsingar.

I 2007 stod dei vitskaplege høgskolarne for om lag fire pst. av dei vitskaplege publiseringane i Noreg. Omfanget av publikasjonspoeng for katego-

rien statlege vitskaplege høgskolar har gått noko ned frå året før. Dei vitskaplege høgskolane utdanna om lag fire pst. av doktorandane i 2007.

Arkitektur- og designhøgskolen og Noregs musikkhøgskole skil seg frå dei andre vitskaplege høgskolane. I tillegg til tradisjonell forskning driv dei kunstnarleg utviklingsarbeid. Når det gjeld forskning, er dei ikkje med i den resultatbaserte delen av finansieringssystemet, med unntak av den delen som omfattar doktorgradar.

Fagpersonalet ved dei vitskaplege høgskolane har ein kompetanseprofil som er svært lik den universiteta har. Førstestillingar og professorat utgjør om lag halvparten av årsverka. Sett under eitt har det vore ein auke i talet på avlagde doktorgradar ved dei statlege vitskaplege høgskolane i dei tre siste åra, og delen kvinner ligg på om lag 40 pst.

Omfanget publikasjonspoeng for statlege vitskaplege høgskolar har gått ned med fem pst. frå 2006 til 2007. Med unntak av Noregs handelshøgskole har dei vitskaplege høgskolane redusert den relative delen av den vitskaplege produksjonen.

Dei vitskaplege høgskolane har hatt ein jamn auke i midlar frå NFR i dei tre siste åra. Av det totale statstilskottet til dei vitskaplege høgskolane utgjør midlar frå NFR frå 1,8 pst. til 25,7 pst.

Dei vitskaplege høgskolane er med i internasjonale forskingsprogram og internasjonalt utviklingsarbeid. Generelt utgjør EU-midlar ein liten del av statstilskottet til dei vitskaplege høgskolane.

Frå 2006 til 2007 har det vore ein tydeleg auke i talet på innreisande og utreisande vitskapleg tilsette ved alle dei vitskaplege høgskolane.

Samarbeid med samfunns- og næringsliv

Omfanget av verksemd finansierte gjennom bidrag og oppdrag indikerer i kva grad institusjonane samarbeider med omkringliggjande samfunns- og næringsliv. Statlege vitskaplege høgskolar har inntekter frå bidrag og oppdrag på om lag 140 mill. kroner, eksklusive midlar frå NFR. Det er eit særterekk ved dei statlege vitskaplege høgskolane at næringslivet utgjør den største eksterne oppdragsgivaren. Delen eksternt finansierte inntekter frå næringslivet varierer frå 58 pst. til 69 pst. mellom institusjonane.

Etter- og vidareutdanning er ein viktig del av dette samarbeidet. Omfanget av denne verksemda låg i 2007 på omtrent same nivå som året før.

Dei vitskaplege høgskolane har utfordringar med å utvikle kulturar for innovasjon og vidareutvikle strategiar for samarbeid med næringslivet. Verksemda finansierte gjennom bidrag og oppdrag er stabil, og det er naturleg at det er stor skilnad i omfanget mellom dei ulike institusjonane.

Dei vitskaplege høgskolane fyller òg samfunnsoppdraget ved at dei tek aktivt del i samfunnsretta formidling, til dømes gjennom deltaking i den offentlege debatten, gjennom konsertar og andre kulturarrangement og gjennom tilbod innanfor etter- og vidareutdanning.

Post 50 Basisfinansiering statlege vitskaplege høgskolar

Posten inneheld midlar til basisfinansiering av dei statlege vitskaplege høgskolane. Saman med den resultatbaserte undervisningsfinansieringa og forskingsfinansieringa skal basisfinansieringa setje institusjonane i stand til å utføre verksemda si, samt sikre stabilitet og langsiktig tenking. Basisfinansieringa inneheld løyvingar til undervisning, forskning og formidling.

Budsjettforslag for 2009

I samband med revidert nasjonalbudsjett 2008, jf. Innst. S. nr. 270 (2007–2008) og St.prp. nr. 59 (2007–2008), blei det vedteke å styrkje basisløyvinga til universitet og høgskolar med 143,1 mill. kroner. Regjeringa foreslår å vidareføre denne løyvinga i 2009 med heilårseffekt på 298,4 mill. kroner til universitet og høgskolar. Med dette blir aktiviteten ført tilbake til nivået i 2006. Regjeringa foreslår å auke løyvinga på kap. 272 post 50 med 7,3 mill. kroner.

Post 51 Resultatbasert undervisningsfinansiering statlege vitskaplege høgskolar

Posten inneheld resultatbaserte midlar til undervisning ved dei statlege vitskaplege høgskolane. Løyvinga på posten skal saman med basistilskottet finansiere undervisninga ved institusjonane og stimulere institusjonane til å nå dei måla som er sette for undervisning og studietilbod.

Ved dei statlege vitskaplege høgskolane har det frå 2006 til 2007 vore ein auke i avlagde studiepoeng per student og totalt avlagde 60-studiepoengs-einingar. Talet på utvekslingsstudentar har vore stabilt i same periode.

Den resultatbaserte undervisningsfinansieringa aukar løyvinga til dei statlege vitskaplege høgskolane med 8,9 mill. kroner i 2009.

Post 52 Forskingsfinansiering statlege vitskaplege høgskolar

Posten inneheld midlar til strategisk forskingsløyving og midlar knytte til den resultatbaserte omfordelinga av forskingsmidlar. Den strategiske for-

skingsløyvinga inneheld midlar til finansiering av stipendiatstillingar, særskilde midlar til vitskapleg utstyr og andre strategiske forskingsmidlar.

Endringar som følgjer av den resultatbaserte omfordelinga av forskingsmidlar i finansierings-systemet for universitetet og høgskolar, gjer at løyvinga på post 52 er redusert med 12,5 mill. kroner i 2009.

Regjeringa foreslår at det blir oppretta fire stipendiatstillingar og ei postdoktorstilling ved dei statlege vitskaplege høgskolane med verknad frå 1. september 2009. På denne bakgrunnen foreslår Regjeringa å styrkje post 52 med 1,3 mill. kroner i statsbudsjettet for 2009.

Regjeringa foreslår å auke budsjettramma med 4,5 mill. kroner til heilårsverknad av 14 stipendiatstillingar oppretta i 2008.

Post 70 Basisfinansiering private vitskaplege høgskolar

Posten inneheld midlar til basisfinansiering av Det teologiske Menighetsfakultetet, Handelshøyskolen BI og Misjonshøgskolen. Saman med den resultatbaserte undervisningsfinansieringa og forskingsfinansieringa skal basisfinansieringa setje institusjonane i stand til å utføre verksemda si, samt sikre stabilitet og langsiktig tenking. Basisfinansieringa inneheld løyvingar til undervisning, forskning og formidling.

I samband med revidert nasjonalbudsjett 2008, jf. Innst. S. nr. 270 (2007–2008), vart det vedteke å styrkje basisløyvinga til universitet og høgskolar med 143,1 mill. kroner. Regjeringa foreslår å vidareføre denne løyvinga i 2009 med heilårseffekt på 298,4 mill. kroner til universitet og høgskolar. Med dette blir aktiviteten ført tilbake til nivået i 2006. Regjeringa foreslår å auke løyvinga på kap. 272 post 70 med 3 mill. kroner.

Handelshøyskolen BI og Misjonshøgskolen har blitt akkrediterte som private vitskaplege høgskolar, med verknad frå 1. juni 2008. Regjeringa foreslår derfor å styrkje løyvinga på kap. 272 post 70 med 82,4 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 275 post 70. Konsekvensar i budsjettet for 2009 av resultat og prioriteringar tidlegare år er inkluderte i overføringa.

Post 71 Resultatbasert undervisningsfinansiering private vitskaplege høgskolar

Posten inneheld resultatbaserte midlar til undervisning ved Det teologiske Menighetsfakultetet,

Handelshøyskolen BI og Misjonshøgskolen. Løyvinga på posten skal saman med basistilskottet finansiere undervisninga ved institusjonane og stimulere institusjonane til å nå dei måla som er sette for undervisning og studietilbod.

Ved private vitskaplege høgskolar har det frå 2006 til 2007 vore ein nedgang i avlagde studiepoeng per student og totalt avlagde studiepoeng, medan talet på utvekslingsstudentar har auka.

Den resultatbaserte undervisningsfinansieringa reduserer løyvinga til private vitskaplege høgskolar med 2,3 mill. kroner i 2009.

Handelshøyskolen BI og Misjonshøgskolen har blitt akkrediterte som private vitskaplege høgskolar, med verknad frå 1. juni 2008. Regjeringa foreslår derfor å styrkje løyvinga på kap. 272 post 71 med 87 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 275 post 71. Konsekvensar i budsjettet for 2009 av resultat og prioriteringar tidlegare år er inkluderte i overføringa.

Post 72 Forskingsfinansiering private vitskaplege høgskolar

Posten inneheld midlar til strategisk forskingsløyving og midlar knytte til den resultatbaserte omfordelinga av forskingsmidlar. Den strategiske forskingsløyvinga inneheld midlar til finansiering av stipendiatstillingar.

Endringar som følgjer av den resultatbaserte omfordelinga av forskingsmidlar i finansierings-systemet for universitetet og høgskolar, gjer at løyvinga på post 72 aukar med kr 685 000 i 2009.

Regjeringa foreslår å løyve kr 321 000 til heilårsverknad av stipendiatsstilling oppretta i 2008 ved Det teologiske Menighetsfakultetet.

Regjeringa foreslår at det blir oppretta to stipendiatstillingar ved dei private vitskaplege høgskolane med verknad frå 1. september 2009. På denne bakgrunnen foreslår Regjeringa å styrkje post 72 med kr 532 000 i statsbudsjettet for 2009.

Handelshøyskolen BI og Misjonshøgskolen har blitt akkrediterte som private vitskaplege høgskolar, med verknad frå 1. juni 2008. Regjeringa foreslår derfor å styrkje løyvinga på kap. 272 post 72 med 35,8 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 275 post 72. Konsekvensar i budsjettet for 2009 av resultat og prioriteringar tidlegare år er inkluderte i overføringa.

Kap. 275 Høgskolar

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
50	Basisfinansiering statlege høgskolar	5 199 621	4 982 898	5 112 563
51	Resultatbasert undervisningsfinansiering statlege høgskolar	2 111 665	2 005 983	1 985 489
52	Forskningsfinansiering statlege høgskolar	271 778	254 355	283 818
70	Basisfinansiering private høgskolar	334 902	351 829	290 419
71	Resultatbasert undervisningsfinansiering private høgskolar	290 461	306 745	231 063
72	Forskningsfinansiering private høgskolar	35 949	46 321	9 428
	Sum kap. 275	8 244 376	7 948 131	7 912 780

Kapitlet omfattar to kunsthøgskolar, 23 statlege høgskolar og 21 private høgskolar med til saman om lag 91 000 studentar og 9 850 tilsette. Handels-høyskolen BI og Misjonshøgskolen fekk status som vitskapleg høgskole frå 1. juni 2008. Rapporteringa for desse er under kap. 275, medan budsjettet for 2009 er omtala under kap. 272. Høgskolen i Tromsø og Universitetet i Tromsø skal slå seg saman frå 1. januar 2009. Rapporteringa for Høgskolen i Tromsø er under kap. 275, medan budsjettforslaget for den nye institusjonen er samla under kap. 271.

Høgskolane står for eit breitt tilbod av utdanningar i hovudsak på bachelornivå, og utdanningane er ofte profesjonsretta. Dei er svært ulike i storleik, forskingsintensitet og studenttilstrøyming. Nokre høgskolar har rett til å tildele doktorgradar innanfor bestemte fagområde. Høgskolane har ansvar for utvikling av praktisk retta forskning og utviklingsarbeid på sine område. Høgskolane har vidare ansvar for å medverke til regional utvikling og innovasjon. Dei statlege kunsthøgskolane har eit nasjonalt ansvar for å gi kunstutdanning på bachelor- og masternivå. På nasjonalt nivå er det oppretta eit stipendprogram for kunstnarleg utviklingsarbeid. Kunsthøgskolane skal arbeide med kunstnarleg utviklingsarbeid, forskning, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd innanfor kunst- og designfag. Kunsthøgskolane har vidare ansvar for internasjonalt samarbeid om ulike kunsthøgskolar og for forskning og kunstnarleg utviklingsarbeid.

Høgskolar som kan tildele doktorgrad, skal i tillegg prioritere grunnforskning og forskarutdanning på dei fagområda der dei tildeler doktorgrad.

Rapport for 2007–08**Utdanning**

Søkninga og opptaket til dei statlege høgskolane har gått opp frå 2006 til 2007, medan dei private høgskolane og kunsthøgskolane har hatt ein reduksjon i same periode. I 2007 blei om lag 27 000 studieplassar ved statlege og private høgskolar lyste ut gjennom Samordna opptak. Om lag 47 000 søkjarar hadde prioritert studium ved ein høgskole. Det utgjer om lag 47 pst. av det samla talet på søkjarar gjennom Samordna opptak. Kunsthøgskolen i Bergen og Kunsthøgskolen i Oslo er ikkje med i Samordna opptak.

Fleirtalet av studentane gjennomfører utdanninga på normert tid, men mange høgskolar har ikkje nådd måla om å auke gjennomstrøyminga. Gjennomføring etter avtalt studieplan ved dei statlege høgskolane har gått ned med 1,6 prosentpoeng frå 2006 til 2007. 84,3 pst. av studentane gjennomfører studiet etter avtalt studieplan.

Private høgskolar kan søkje NOKUT om å bli akkrediterte institusjonar, og såleis få dei same rettane som akkrediterte statlege høgskolar har med til dømes oppretting av nye studietilbod. I 2007 og 2008 har tre private institusjonar fått akkreditering som høgskole. Desse er Diakonhjemmet Høgskole, Norsk Lærerakademi – bachelor- og masterstudier og Norges Informasjonsteknologiske høgskole (NITH).

Frå juni 2003 og fram til no har NOKUT akkreditert om lag hundre mastertilbod ved dei statlege og private høgskolane. Kunnskapsdepartementet har godkjent etablering av dei fleste nye mastertilboda. I 2007 godkjende Kunnskapsdepartementet 13 nye mastertilbod. Ei ph.d.-utdanning blei akkreditert i 2007.

Evalueringa av allmennlærerutdanninga blei avslutta av NOKUT hausten 2006, jf. nærmare omtale i kategoriinnleiinga.

NOKUT reviderte i 2005 alle dei akkrediterte sjukepleiarutdanningane, jf. nærmare omtale i kategoriinnleiinga.

I 2006 starta NOKUT evaluering av ingeniørutdanningane. Rapporten blei ferdigstilt og overlevert Kunnskapsdepartementet hausten 2008, jf. nærmare omtale i kategoriinnleiinga.

I løpet av 2008 vil NOKUT ha evaluert kvalitets-sikringssystema til alle dei statlege høgskolane. NOKUT har òg kome godt i gang med evaluerings-syklusen for dei private institusjonane. Fleire institusjonar har rapportert at dei vil utvide systemet til å omfatte annan aktivitet ved verksemda, som til dømes FoU-verksemda og doktorgradsutdanninga.

Talet på utvekslingsstudentar har auka med om lag fire pst. frå 2006 til 2007. Talet på innreisande studentar har auka med over tolv pst. ved dei statlege høgskolane og 27 pst. ved kunsthøgskolane, medan talet på utreisande studentar er tilnærma uendra. Ved dei fleste høgskolane var det om lag like mange studentar som reiste ut som kom inn i 2007. Det var i alt om lag 3 400 utvekslingsstudentar, eksklusive individbaserte avtalar. Høgskolane har, som resten av sektoren, ei utfordring med å auke internasjonaliseringa i utdanninga.

Høgskolen i Telemark vann Kunnskapsdepartementet sin utdanningskvalitetspris 2008 for prosjektet *Y-veg, yrkesfaglig veg til ingeniør*. Høgskolen fekk prisen på kr 500 000 for prosjektet, som har vist særskilde gode resultat og fått fleire til å gjennomføre ingeniørstudiet.

Forsking

I 2007 stod dei statlege og dei private høgskolane for om lag 17 pst. av den vitskaplege publiseringa i Noreg, ein auke på om lag 1,5 prosentpoeng frå 2006. Dei utdannar om lag 1,5 pst. av doktorandane. Høgskolane har ulike utgangspunkt for å kunne drive med forsking og utviklingsarbeid. Nokre av dei har fleire fag med tradisjonar for forsking og forskingsbasert undervisning, medan andre har mest profesjonsretta fag utan sterke tradisjonar for forsking.

Høgskolane arbeider systematisk med å utvikle FoU-strategiar og byggje sterkare forskarmiljø. Dei statlege høgskolane har i lengre tid arbeidd for å heve den formelle kompetansen til undervisnings- og forskingspersonalet. Mange høgskolar har kvalifiseringsprogram for eigne tilsette. Førstestillingsnivået har auka frå 30,5 pst. av stillingane i 2004 til 34,5 pst. i 2007. Talet på stipendiatstillingar generelt har auka kraftig. I 2007 utgjorde dei

8,1 pst. av alle stillingane mot 6,6 pst. i 2004. Rapporteringa frå mange av institusjonane for 2007 viser likevel svak gjennomstrøyming av stipendiatar. Nasjonale forskarskolar skal bidra til auka gjennomføring og mindre fråfall i doktorgradsutdanninga samt bidra til meir samarbeid nasjonalt og internasjonalt.

Frå 2006 til 2007 har talet på publiseringspoeng ved dei statlege høgskolane auka med 23,1 pst. Høgskolesektoren har auka den relative delen, medan han er redusert ved universiteta. Høgskolane står for om lag ti pst. av den vitskaplege publiseringa i sektoren. Dei store høgskolane og dei med eigne doktorgradsprogram står for det meste av publiseringa. Ved høgskolane utgjorde midlar frå Noregs forskingsråd i gjennomsnitt 1,7 pst. av statstilskottet i 2007. Høgskolane bør ha ambisjonar om å auke inntektene frå Noregs forskingsråd.

Det er tilsett om lag like mange menn og kvinner i undervisnings- og forskarstillingar ved dei statlege høgskolane. Men det er framleis stor overvekt av menn på ingeniørutdanningane og stor overvekt av kvinner på sjukepleiarutdanningane. Det er òg overvekt av menn i dei høgre stillingskategoriane. Delen kvinnelege professorar har auka frå 14 pst. i 2003 til om lag 17,5 pst. i 2007. Ved dei private høgskolane utgjorde kvinnene 10,3 pst. av professorane i 2007, ein auke på om lag to prosentpoeng samanlikna med 2006.

Omfanget av FoU-aktiviteten ved dei private høgskolane varierer mykje mellom institusjonane. Mange av dei små private høgskolane har liten aktivitet, medan Handelshøgskolen BI og i ein viss grad Misjonshøgskolen og Diakonhjemmet høgskole har stor FoU-aktivitet. Ein del av høgskolane melder om nokre vitskaplege publiseringar, men få er publiserte i meritterande tidsskrift. For dei fleste av dei private høgskolane er det eit mål å bli betre i forsking, og fleire har tiltak som skriveverkstad og kurs.

Kunsthøgskolane driv med kunstnarleg verksemd, kunstnarleg utviklingsarbeid og tradisjonell forsking. Kunsthøgskolane arbeider med å styrkje FoU-verksemda og auke kompetansen til dei tilsette. Kunsthøgskolen i Bergen har operatøransvar for det nasjonale stipendprogrammet for kunstnarleg utviklingsarbeid i skapande og utøvande kunst, som er ein parallell til vanleg doktorgradstipend. Stipendprogrammet har totalt fått tildelt 20 stillingar i 2008. Sjå nærmare omtale under kap. 281 post 01.

Høgskolane tek del i internasjonale forskingsprogram og i utviklingsarbeid. Graden av involvering varierer framleis mykje mellom institusjonane. Samla sett utgjorde EU-midlar 0,31 pst. av statstilskottet ved dei statlege høgskolane i 2005,

0,36 pst. i 2006 og berre 0,25 pst. i 2007, noko som tyder på at dei ikkje når heilt opp i konkurransen og deltakinga i internasjonale forskingsprogram. Dei statlege høgskolane har jamt over mange avtalar om samarbeid med utanlandske universitet og høgskolar. Frå 2006 til 2007 har det vore ein auke i gjesteforskarar til Noreg og ein liten nedgang i norske forskarar som reiser ut.

Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv

Høgskolane skal forske og drive utviklingsarbeid som er relevant for lokalt arbeids- og næringsliv. Omfanget av den verksemda som er finansiert med bidrags- og oppdragsmidlar, er eit mål på korleis institusjonane løyser oppgåva. I 2007 varierte dei eksterne inntektene mellom 2,3 pst. og 18,1 pst. av dei totale driftsinntektene ved dei statlege høgskolane. Den store variasjonen mellom høgskolane heng saman med ulik fagportefølje og ulik struktur i det lokale næringslivet. Fleire rapportar peiker på at høgskolane ser ut til å ha ei mindre viktig rolle i regional utvikling og innovasjon enn venta. Høgskolane må auke dei eksterne inntektene og arbeide for å utvikle kulturar for innovasjon og samarbeid med regionalt samfunns- og arbeidsliv.

Nokre av høgskolane har vore med på bedriftsetableringar i 2007. Fleire av høgskolane samarbeider med verksemdar som skal kommersialisere idear frå forskinga, eller har eigne slike verksemdar. Dei høgskolane som har ingeniørutdanning, ser ut til å vere mest aktive i arbeidet med kommersialisering.

I 2006 vart finansieringa av praksisutgifter for helse- og sosialfagutdanningar ved statlege og private høgskolar samt ved Universitetet i Stavanger lagde om for å bruke midlane til å fremme samarbeid mellom utdanningsinstitusjonane og praksisstadene. Omlegginga har verka, og det er utvikla fleire gode samarbeidsprosjekt, særleg knytte til primærhelsetenesta.

I 2007 var det registrert i alt 12 500 kursstudentar i 60-studiepoengseiningar ved dei statlege høgskolane. Dette er om lag 500 fleire enn i 2005. Ved dei private høgskolane var det ein auke i same periode på om lag hundre studantar, frå 1 155 til 1 246.

Høgskolane har gitt eit breitt tilbod i kurs og etterutdanningsverksemd i nært samarbeid med mellom anna skoleeigarar, i samband med at Kunnskapsløftet vart innført.

Departementet har, med utgangspunkt i problemstillingar knytte til aksjeinteressene til institusjonane, teke tilbake fullmakta til å opprette nye selskap eller kjøpe aksjar i eksisterande selskap frå

Høgskolen i Bergen, Høgskolen i Tromsø og Høgskolen i Narvik.

Økonomiforvaltning

Departementet har i oppfølginga av økonomiforvaltninga ved høgskolane i 2008 hatt behov for å følgje opp nokre høgskolar særskild gjennom året. Dette gjeld høgskolane i Narvik, Nesna, Nord-Trøndelag og Ålesund.

Situasjonen ved Høgskolen i Nesna

Høgskolen i Nesna har i 2006 feilrapportert studiepoeng slik at grunnlaget for forslaget til løyving i St.prp. nr. 1 (2007–2008) og utbetalingane til høgskolen i 2008 er blitt om lag 4,3 mill. kroner høgre enn dei skulle ha vore. Regjeringa vil komme tilbake til dette i nysalderinga av budsjettet for 2008.

Samstundes er det klart at Høgskolen i Nesna står overfor større utfordringar enn feilrapportering av studiepoeng. Høgskolen har mellom anna sviktande inntekter, problem med rekruttering og har ikkje klart å gjennomføre dei nødvendige økonomiske, faglege og organisatoriske omstillingane som situasjonen krev. Kunnskapsdepartementet har derfor engasjert eit konsulentfirma for å bistå høgskolen, og har vidare oppretta ei arbeidsgruppe med medlemmer frå andre høgskolar og Høgskolen i Nesna. Arbeidsgruppa skal mellom anna gi råd om korleis studietilbodet ved høgskolen kan vere berekraftig over tid. Regjeringa vil i Revidert nasjonalbudsjett 2009 komme attende med ein samla omtale av situasjonen ved Høgskolen i Nesna.

Post 50 Basisfinansiering statlege høgskolar

Posten inneheld midlar til basisfinansiering av kunsthøgskolane og 23 statlege høgskolar. Saman med den resultatbaserte undervisningsfinansieringa og forskingsfinansieringa skal basisfinansieringa setje institusjonane i stand til å utføre verksemda si samt sikre stabilitet og langsiktig tenking. Basisfinansieringa inneheld løyvingar til undervisning, forskning og formidling.

Budsjettforslag for 2009

I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2008, jf. Innst. S. nr. 270 (2007–2008) og St.prp. nr. 59 (2007–2008) blei det vedteke å styrkje basisløyvinga til universitet og høgskolar med 143,1 mill. kroner. Regjeringa foreslår å vidareføre denne løyvinga i 2009 med heilårseffekt på 298,4 mill. kroner til universitet og høgskolar. Med dette blir akti-

viteten ført tilbake til nivået i 2006. Regjeringa foreslår å auke løyvinga på kap. 275 post 50 med 80 mill. kroner.

Høgskolen i Tromsø og Universitetet i Tromsø slår seg saman frå 1. januar 2009. Regjeringa foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 275 post 50 med 182 mill. kroner mot tilsvarende auke på kap. 271 post 50. Konsekvensar i budsjettet for 2009 av resultat og prioriteringar tidlegare år er inkluderte i overføringa.

Undervisning

Det er i 2006 tildelt 12,5 mill. kroner til 500 nye studieplassar innanfor allmennlærer-, førskolelærer-, faglærer-, yrkesfaglærer og praktisk-pedagogisk utdanning. I samband med dette er det lagt inn 5,4 mill. kroner på kap. 275 post 50 til heilårsverknad og vidareføring av studieplassar ved statlege høgskolar for 2009.

Regjeringa foreslår å redusere løyvinga på kap. 275 post 50 med 10,5 mill. kroner til heilårsverknad av kutt i studieplassar i 2006.

Høgskolen i Bergen skal i samarbeid med StatoilHydro ASA, ExxonMobil AS, AS Norske Shell og Norsk undervannsintervensjon AS (NUI) etablere ei permanent mettingsdykkarutdanning i Bergen, jf. omtale i St.prp. nr. 1 (2007–2008) og St.prp. nr. 59 (2007–2008). Den permanente utdanninga vil bli sett i verk i 2009. Utstyr er under produksjon, men har blitt dyrare enn opphavleg rekna med og er estimert til å koste i overkant av 56 mill. kroner. Oljeselskapa har gitt lovnad om å støtte etableringa med om lag 33 mill. kroner. Stortinget har tidlegare løyvd 12,5 mill. kroner til investering i utstyr. Det er lagt til grunn årlege driftskostnader på 4,5 mill. kroner frå 2008. Utgiftene til staten vil i 2009 bli dekte gjennom tidlegare tildelte, men ikkje nytta driftsmidlar. Vidare må Høgskolen i Bergen førebels dekkje den resterande delen av den statlege investeringsdelen innanfor si eiga ramme. Departementet vil framleis vere i dialog med oljeselskapa og Høgskolen i Bergen om den permanente utdanninga.

Bygg og lokale

Regjeringa foreslår ei startløyving på 20 mill. kroner for ombygging og rehabilitering av Patologibygget i Pilestredet Park for sjukepleiarutdanninga ved Høgskolen i Oslo. Prosjektet har ei kostnadsramme på 668,6 mill. kroner og ei styringsramme på 588,1 mill. kroner (prisnivå 1. juli 2009). Det vil i tillegg vere behov for ei løyving til utstyr på om lag 15 pst. av kostnadsramma samt løyving til auka husleigekostnader. Dette vil Regjeringa komme tilbake til ved ferdigstilling av bygget. Sjå

nærmare omtale under kap. 2445 post 31 i St.prp. nr. 1 (2008–2009) for Fornynings- og administrasjonsdepartementet.

Regjeringa foreslår at samlokaliseringsprosjektet ved Høgskolen i Bergen blir sett i gang i 2010.

Statsbygg har utarbeidd eit forprosjekt for eit nytt sentralbygg for Høgskolen i Sogn og Fjordane i Sogndal. Departementet vil arbeide vidare med dette høgt prioriterte prosjektet.

Regjeringa foreslår å løyve dei resterande 18,8 mill. kroner i utstyrsmidlar til nybygg for Høgskolen i Vestfold. Dette er ein reduksjon på 26,8 mill. kroner i høve til 2008.

Resterande utstyrsmidlar til Samisk høgskole blei løyvde i 2008. Regjeringa foreslår derfor å redusere løyvinga med 15,7 mill. kroner i 2009.

Regjeringa foreslår å løyve 80 mill. kroner til utstyr ved Kunsthøgskolen i Oslo.

Regjeringa foreslår å løyve 11,7 mill. kroner til husleige for Samisk vitskapsbygg.

I samband med at Gáldu skal flytte inn i det nye vitenskapsbygget i Kautokeino, vil Regjeringa vurdere om Gáldu skal få ei organisatorisk nærmare tilknytning til Samisk høgskole.

Post 51 Resultatbasert undervisningsfinansiering statlege høgskolar

Posten inneheld resultatbaserte midlar til undervisning ved statlege høgskolar. Løyvinga på posten skal saman med basistilskottet finansiere undervisninga ved institusjonane og stimulere institusjonane til å nå dei måla som er sette for undervisning og studietilbod. Totalt avlagde studiepoeng og studiepoeng per student går ned frå 2006 til 2007. Talet på utvekslingsstudentar aukar frå 2006 til 2007. Kunsthøgskolane er ikkje inkluderte i den resultatbaserte undervisningsfinansiering.

Løyvinga til resultatbasert undervisningsfinansiering for statlege høgskolar blir redusert med 37,3 mill. kroner i 2009.

Høgskolen i Tromsø og Universitetet i Tromsø slår seg saman frå 1. januar 2009. Regjeringa foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 275 post 51 med 71,5 mill. kroner mot tilsvarende auke på kap. 271 post 51. Konsekvensar i budsjettet for 2009 av resultat og prioriteringar tidlegare år er inkluderte i overføringa.

Post 52 Forskingsfinansiering statlege høgskolar

Posten inneheld midlar til strategisk forskingsløyving og midlar knytte til den resultatbaserte omfordelinga av forskingsmidlar. Den strategiske forskingsløyvinga inneheld midlar til finansiering

av stipendiatstillinger, særskilde midlar til vitskapleg utstyr og andre strategiske forskingsmidlar.

Endringar som følgjer av den resultatbaserte omfordelinga av forskingsmidlar i finansieringssystemet for universitetet og høgskolar, gjer at løyvinga på post 52 aukar med 1,5 mill. kroner i 2009.

Regjeringa foreslår å løyve 18,3 mill. kroner til heilårsverknad av stipendiatstillinger oppretta i 2008.

Regjeringa foreslår at det blir oppretta 26 stipendiatstillinger ved dei statlege høgskolane med verknad frå 1. september 2009. På denne bakgrunnen foreslår Regjeringa å styrkje post 52 med 6,9 mill. kroner i statsbudsjettet for 2009.

Høgskolen i Tromsø og Universitetet i Tromsø slår seg saman frå 1. januar 2009. Regjeringa foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 275 post 52 med 9,2 mill. kroner mot tilsvarende auke på kap. 271 post 52. Konsekvensar i budsjettet for 2009 av resultat og prioriteringar tidlegare år er inkluderte i overføringa.

Post 70 Basisfinansiering private høgskolar

Posten inneheld midlar til basisfinansiering av dei private høgskolane. Saman med den resultatbaserte undervisningsfinansieringa og forskingsfinansieringa skal basisfinansieringa setje institusjonane i stand til å utføre verksemda si samt sikre stabilitet og langsiktig tenking. Basisfinansieringa inneheld løyvingar til undervisning, forskning og formidling.

I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2008, jf. Innst. S. nr. 270 (2007–2008) og St.prp. nr. 59 (2007–2008), blei det vedteke å styrkje basisløyvinga til universitet og høgskolar med 143,1 mill. kroner. Regjeringa foreslår å vidareføre denne løyvinga i 2009 med heilårseffekt på 298,4 mill. kroner til universitet og høgskolar. Med dette blir aktiviteten ført tilbake til nivået i 2006. Regjeringa foreslår å auke løyvinga på kap. 275 post 70 med 3,4 mill. kroner.

Det er i 2006 tildelt 12,5 mill. kroner til 500 nye studieplassar innanfor allennlærer-, førskolelærer-, faglærer-, yrkesfaglærer og praktisk-pedagogisk utdanning. I samband med dette er det lagt inn kr 530 000 på kap. 275 post 70 til heilårsverknad og vidareføring av studieplassar ved Dronning Mauds Minne Høgskole.

Handelshøyskolen BI og Misjonshøgskolen har blitt akkrediterte som private vitskaplege høgskolar, med verknad frå 1. juni 2008. Regjeringa foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 275 post 70 med 82,4 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 272 post 70. Konsekvensar i budsjettet for 2009 av resultat og prioriteringar tidlegare år er inkluderte i overføringa.

Post 71 Resultatbasert undervisningsfinansiering private høgskolar

Posten inneheld resultatbaserte midlar til undervisning ved private høgskolar. Løyvinga på posten skal saman med basistilskottet finansiere undervisninga ved institusjonane og stimulere institusjonane til å nå dei måla som er sette for undervisning og studietilbod.

Talet på totalt avlagde studiepoeng har vore stabilt frå 2006 til 2007, medan talet på studiepoeng per student går ned frå 2006 til 2007. Talet på utvekslingsstudentar er på same nivå i 2006 til 2007.

Løyvinga til resultatbasert undervisningsfinansiering for private høgskolar blir resusert med 2,9 mill. kroner frå 2008 til 2009.

Handelshøyskolen BI og Misjonshøgskolen har blitt akkrediterte som private vitskaplege høgskolar, med verknad frå 1. juni 2008. Regjeringa foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 275 post 71 med 87 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 272 post 71. Konsekvensar i budsjettet for 2009 av resultat og prioriteringar tidlegare år er inkluderte i overføringa.

Post 72 Forskingsfinansiering private høgskolar

Posten inneheld midlar til strategisk forskingsløyving og midlar knytte til den resultatbaserte omfordelinga av forskingsmidlar. Den strategiske forskingsløyvinga inneheld midlar til finansiering av stipendiatstillinger.

Endringar som følgjer av den resultatbaserte omfordelinga av forskingsmidlar i finansieringssystemet for universitetet og høgskolar, gjer at løyvinga på post 72 blir redusert med 5 mill. kroner i 2009.

Regjeringa foreslår å løyve 1,6 mill. kroner til heilårsverknad av stipendiatstillinger oppretta i 2008 ved Diakonhjemmet høgskole.

Regjeringa foreslår at det blir oppretta ein stipendiatstilling med verknad frå 1. september 2009. På denne bakgrunnen foreslår Regjeringa å styrkje post 72 med kr 266 000 i statsbudsjettet for 2009.

Handelshøyskolen BI og Misjonshøgskolen har blitt akkrediterte som private vitskaplege høgskolar, med verknad frå 1. juni 2008. Regjeringa foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 275 post 72 med 35,8 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 272 post 72. Konsekvensar i budsjettet for 2009 av resultat og prioriteringar tidlegare år er inkluderte i overføringa.

Kap. 276 Fagskoleutdanning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
70	Teknisk fagskoleutdanning	285 144	304 083	317 463
72	Annan fagskoleutdanning			25 814
	Sum kap. 276	285 144	304 083	343 277

Kunnskapsdepartementet vedtok 25. april 2008 ei ny godkjenningsforskrift for fagskoleutdanning. Endringane inneber at tilbydarar av godkjend fagskoleutdanning skal ha tilfredsstillande interne system for kvalitetssikring. Godkjenningsprosessen for større fagskoletilbydarar skal bli lettare. Hovudregelen vil framleis vere at det er den enkelte fagskoleutdanninga som blir godkjend av NOKUT, men òg tilbydarar skal under visse vilkår kunne få godkjenning, og med det få rett til å opprette tilbod utan ytterlegare godkjenning. Samtidig er koplinga mellom fagskoleutdanning og yrkeslivet presisert. Orda «fagskole» og «fagskoleutdanning» er blitt beskytta, med verknad frå 1. juli 2008, for å sikre studentar mot useriøse tilbydarar.

I Ot.prp. nr. 39 (2006–2007) foreslo departementet å føre vidare skiljet mellom godkjenning av fagskoleutdanning og rett til tilskott. Etterspurnad og betalingsvilje i marknaden skal i hovudsak styre tilbodet av fagskoleutdanning. Likevel er det nødvendig å yte tilskott til særskilt prioriterte utdanningsar, som til dømes tekniske fagskoleutdanningar og helse- og sosialfagutdanningar. For omtale av tilskott til helse- og sosialfagutdanningar, sjå kap. 761 post 60 i St.prp. nr. 1 (2008–2009) for Helse og omsorgsdepartementet. Vurdering av søknad om tilskott blir gjort på grunnlag av budsjetttrammer, politiske prioriteringar og særskilte samfunnsbehov.

I revidert fagskolelov er løyve til å krevje eigenbetaling av studentane presisert. Tilbydarar av fagskoleutdanning kan berre krevje eigenbetaling i den grad det ved tildeling av tilskott ikkje er bestemt at utdanninga skal vere gratis. Statstilskott og eigenbetaling skal komme studentane til gode.

Formålet med tilskottsordninga er å bidra til å drive korte, fleksible og arbeidsmarknadsretta utdanningar ved å yte tilskott til tilbydarar som tilbyr fagskoleutdanning godkjend etter lov om fagskoleutdanning.

Talet på godkjende fagskoleutdanningar har auka kraftig dei siste åra. I januar 2006 var det godkjent elleve fagskoleutdanningar, og om lag 580 søknader var under behandling. 1. september 2008 var dei tilsvarande tala 1 058 og 162.

I samband med forvaltningsreforma vil drifts- og finansieringsansvaret for fagskolane verte overførte til fylkeskommunane i 2010.

Post 70 Teknisk fagskoleutdanning

Teknisk fagskoleutdanning er eit to-årig tilbod om fagskoleutdanning i fylkeskommunal regi. Opplæring på fagskolenivå skal vere i samsvar med definerte behov i arbeidslivet. Tilskottsmottakarar er fylkeskommunar som tilbyr teknisk fagskoleutdanning som er godkjend etter fagskolelova.

Talet på innrapporterte heiltidsstudentar i teknisk fagskoleutdanning var hausten 2007 3 000 heiltidsstudentar. Dette er ein auke på om lag 180 heiltidsstudentar sidan hausten 2006.

Regjeringa foreslår å løyve 317 mill. kroner på kap. 276 post 70.

Post 72 Anna fagskoleutdanning, overslagsbevilgning

Lov om endringar i friskolelova (ny privatskolelov) blei behandla i Odelstinget og Lagtinget samstundes med fagskolelova, jf. Innst. O. nr. 88 (2006–2007). Revidert privatskolelov tredde i kraft 1. juli 2007. Etter lovendringane i privatskolelova har enkelte vidaregåande skolar som tilbyr yrkesretta opplæring som ikkje blir gitt ved vidaregåande offentlege skolar, fått godkjenning etter fagskolelova. Dette gjeld skolar som ligg over vidaregåande opplæringsnivå.

Kap. 6A i privatskoleloven vil slutte å gjelde 1. juli 2010, jf. privatskoleloven § 8–2. Innan den tid må skolane som høyrer inn under noverande kap. 6A i privatskoleloven (såkalla 6A-skolar), ha søkt om ny lovtilknytning. Om lag 25 av desse skolane er i dag aktuelle for godkjenning etter fagskoleloven. 6A-skolar som blir godkjende etter fagskolelova, vil framleis ha moglegheita til framtidig tilskott for faktiske elevvar avgrensa til det elevtalet dei i dag har godkjenning for.

Ein del av 6A-skolane er godkjende utan øvre grense for talet på studieplassar, mens dei fleste har ei øvre grense for talet på studentar dei kan ta

imot tilskott for. Ved utforming av ny tilskottssordning på fagskolekapitlet ønskjer departementet ei lik handsaming av dei tidlegare 6A-skolane. Departementet foreslår derfor å innføre ei øvre grense også for dei som ikkje har det i dag. Den øvre grensa bør spegle eit realistisk potensial for talet på studieplassar og ta omsyn til studenttalet for dei siste åra. 6A-skolar som i dag har avgrensing i talet på studieplassar, har i dei siste tre åra hatt ei underutnytting av kapasiteten på 35 pst. Departementet foreslår å leggje dette til grunn for utrekning av øvre grense for dei resterande 6A-skolane. I tråd

med dette foreslår departementet at øvre grense for talet på studieplassar desse skolane kan ta imot tilskott for, blir rekna ut for kvar enkelt tilbyder på bakgrunn av det gjennomsnittlege talet på studenter ved skolen i dei siste tre åra, samt eit påslag på 35 pst.

Med bakgrunn i Stortingets handsaming av dei såkalla 6A-skolane, jf. Ot.prp. nr. 37 (2006–2007), er kap. 276 post 72 auka med 25,7 mill. kroner i høve til 2008.

Regjeringa foreslår å løyve 25,8 mill. kroner på kap. 276 post 72.

Kap. 281 Fellesutgifter for universitet og høgskolar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Driftsutgifter	320 065	354 131	401 954
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	10 000	14 505	15 100
50	Tilskott til Noregs forskingsråd			71 500
51	Senter for internasjonalisering av høgre utdanning	38 700	37 309	38 951
73	Tilskott til internasjonale program	10 265	16 200	18 800
74	Tilskott til UNIS	75 474	78 719	82 183
75	UNINETT	22 867	23 850	21 849
76	Tilskott til NORDUnet, <i>kan overførast</i>	16 822	17 625	18 401
78	Tilskott til Universitets- og høgskolerådet	12 174	12 697	13 256
79	Ny universitetsklinikk i Trondheim, <i>kan overførast</i>	263 652	274 989	287 089
	Sum kap. 281	770 019	830 025	969 083

Kap. 281 Fellesutgifter for universitet og høgskolar omfattar tiltak som skal bidra til kvalitetsutvikling og kvalitetssikring, samordning av prioriterte område, vedlikehald og større innkjøp av utstyr, og andre meir permanente tiltak i universitets- og høgskolesektoren.

Post 01 Driftsutgifter

Dei ulike tiltaka under post 01 er i hovudsak til realfagssatsing, maritim utdanning, lærarutdanning, kunstutdanning, internasjonalisering og nordområdestrategi, forskning og formidling, dokumentasjon, statistikk og analyse. Nokre er eingongsløyvingar for å møte særskilde utfordringar i løpet av året, medan andre går til meir langsiktige tiltak og prosjekt.

Departementet foreslår å overføre tildelinga av midlar til *Verkemiddel for regional FoU og innovasjon* (VRI), *Strategiske høgskoleprogram* (SHP),

FORNY-programmet, *Praksisretta forskings- og utviklingsarbeid i barnehage, grunnskole og lærarutdanning* samt nytt utdanningsforskningsprogram (tidlegare Kunnskap, utdanning og læring (KUL)) frå post 01 til ny post 50 Tilskott til Noregs forskingsråd. Departementet foreslår å flytte løyvinga til International Council for Open and Distance Education (ICDE) frå kap. 254 post 73 til kap. 281 post 01.

Realfag

I 2008 nyttar departementet om lag 35 mill. kroner på tiltak på realfagssida, herunder Artsdatabanken og Andøya romfartssenter (NAROM). Departementet foreslår ei løyving på om lag 32 mill. kroner i 2009.

Artsdatabanken er ei uavhengig eining ved Vitenskapsmuseet ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU) og skal gi elektronisk

oversikt over biologiske artar i Noreg som blir nytta i miljøforvaltning, undervisning og forskning. Artsdatabanken la i 2006 fram den reviderte Raudlista for trua og sårbare artar og i 2007 Svartelista over framande artar som kan utgjere ein økologisk risiko i Noreg. I 2007 opna Artsdatabanken tenesta Artskart, som gjer det mogleg å knytte artsobservasjonar til digitalt kartverk. I 2008 presenterte Artsdatabanken det nye elektroniske verktøyet Artsobservasjonar. Det er så langt meldt inn over 250 000 funn. I 2008 har departementet tildelt totalt 22,8 mill. kroner til Artsdatabanken, av dette 3 mill. kroner i eingongsløyving for å setje i gang arbeidet med Raudlista. Departementet foreslår ei løyving på 19,8 mill. kroner til Artsdatabanken i 2009.

NAROM (Andøya romfartssenter) på Andøya skal bidra til å sikre rekrutteringa til norsk romverksemd og auke interessa for teknologi- og realfaga. NAROM blei tildelt 6 mill. kroner i 2008. Regjeringa foreslår å vidareføre tilskottet i 2009.

MIT FabLab Norway er ein del av Massachusetts Institute of Technology (MIT) sitt nettverk av lokale feltlaboratorium som skal drive FoU- og formidlingsverksemd. Sidan oppstarten i 2005 og fram til 2008 har MIT FabLab Norway motteke driftstilskott frå Kunnskapsdepartementet og andre aktørar. Kunnskapsdepartementet vurderer at verksemda ved MIT FabLab Norway ikkje er på eit slikt fagleg nivå at tilskottet bør bli ført vidare. Departementet foreslår på bakgrunn av dette å avvike driftstilskottet frå og med 2009.

I tråd med Soria Moria-erklæringa ønskjer Regjeringa å auke innsatsen med tanke på rekruttering til realfaga. RENATE-senteret (Nasjonalt senter for realfagsrekruttering) spelar ei viktig rolle som ressurscenter for utdanningssektoren i arbeidet med å nå Regjeringas mål om auka tilførsel av kandidatar med realfagleg kompetanse. Prosjektet «Jenter til realfag» har motteke 1,5 mill. kroner i tilskott frå Kunnskapsdepartementet i 2008. Regjeringa foreslår for 2009 å samle tilskotta til ulike rekrutteringstiltak gjennom RENATE-senteret med andre tilskott til realfagstrategien.

Maritim strategi

Regjeringa har i 2008 gitt 100 mill. kroner til maritim næringsverksemd som ledd i den maritime strategien til Regjeringa. 17 mill. kroner vart fordelte over budsjettet til Kunnskapsdepartementet til ulike kompetanseutviklingstiltak i maritim sektor. Regjeringa foreslår for 2009 å løyve 100 mill. kroner til oppfølging av maritim strategi. 18,5 mill. kroner blir fordelte over budsjettet til Kunnskapsdepartementet til oppfølging og vidare utvikling av ulike tiltak innanfor maritim utdanning.

Lærarutdanning

Departementet har i 2008 sett av om lag 44 mill. kroner til ulike tiltak innanfor lærarutdanning over kap. 281 post 01. Regjeringa foreslår for 2009 å auke løyvinga til om lag 100 mill. kroner. Midlane skal bidra til å styrkje profesjonsinnretninga, heve den faglege kvaliteten og sikre ei utviklingsorientert lærarutdanning. Det vil mellom anna bli etablert fleire studieplassar og oppretta forskarskole for lærarutdanning. Regjeringa vil også stimulere Høgskolen i Tromsø og Universitetet i Tromsø sitt arbeid med å utvikle ei ny lærarutdanning. Dei ulike tiltaka vil bli nærmare konkretiserte i samband med stortingsmeldinga om lærarrolla og lærarutdanning som blir lagt fram ved årsskiftet 2008–09.

Departementet tildelte i 2008 til saman 21,2 mill. kroner til Utdanningsdirektoratet. Mellom anna inkluderer dette midlar til vidareføring av prosjekta for rettleiing av nyutdanna lærarar, utvikling av modellar for samarbeid mellom utdanningsinstitusjonane og skole- og barnehageeigarar, etterutdanning av lærarar og arbeid med kompetansenettverka direktoratet organiserer.

Departementet har tildelt om lag 5,6 mill. kroner i 2008 til prosjekt for å utvikle gode modellar for praksisopplæring i lærarutdanningane som mellom anna kan gi erfaringar og grunnlag for tilrettelegging av meir praksisbasert lærarutdanning. Departementet har vidare tildelt om lag 3,5 mill. kroner til ulike prosjekt knytt til utprøving av alternativ lærarutdanning for barne- og ungdomstrinnet, organisering av allmennlærarutdanninga med sterkare vekt på praksisopplæringa, vurdering av årsaker til fråfall i studiet og alternative opptaksformer til lærarutdanning.

Departementet har i 2008 tildelt 9 mill. kroner til Noregs forskingsråd (NFR) sitt program *Praksisretta FoU i barnehage, grunnopplæring og lærarutdanning*. Departementet foreslår å overføre tildelinga av midlane frå kap. 281 post 01 til kap. 281 post 50.

Det er eit mål å auke talet på pedagogar i barnehagar. Regjeringa foreslår derfor å løyve 7,5 mill. kroner i 2009 til 150 nye studieplassar i førskolelærarutdanninga, og midlar til 150 studieplassar i eittårig vidareutdanning i barnehagepedagogikk på deltid for pedagogar med minst tre års høgre utdanning.

Kunstutdanning

I 2008 har departementet sett av om lag 20 mill. kroner til ulike tiltak for kunstutdanningane. Regjeringa foreslår å auke dei samla løyvingane til kunst-

utdanningstiltak til om lag 21 mill. kroner i 2009 for mellom anna å auke talet på kunststipendiatar frå 20 til 23 med verknad frå 1. september 2009.

I 2008 tildelte departementet mellom anna om lag 12,8 mill. kroner til 20 stillingar over stipend-programmet for kunstnarleg utviklingsarbeid og 2 mill. kroner samla til drift av og prosjektmidlar i programmet. Programmet er ein parallell til dok-torgradsprogram og skal føre fram til kompetanse som førsteamanuensis. Programmet vil bli evaluert innan utgangen av 2008. Departementet foreslår å løyve om lag 17 mill. kroner til stipendiatstillingar, drift og operatøransvar for programmet.

Departementet tildelte 4 mill. kroner i 2008 til talentutviklingsprogrammet i musikk ved Noregs musikkhøgskole og foreslår å vidareføre løyvinga i 2009.

Forsking og formidling

Departementet tildelte i 2008 om lag 50 mill. kro-ner til ulike tiltak innanfor forsking og formidling. Departementet foreslår frå 2009 å flytte løyvinga til fellestiltaka VRI, SHP og FORNY på til saman 39 mill. kroner i 2008 og løyvinga til nytt utdannings-forskinsprogram (tidlegare KUL) på 2 mill. kro-ner i 2008 frå kap. 281 post 01 til kap. 281 post 50.

Regjeringa foreslår å løyve om lag 9,5 mill. kro-ner til forskings- og formidlingstiltak over kap. 281 post 01 i 2009.

Regjeringa foreslår i 2009 mellom anna å løyve 2 mill. kroner til utgreiing av Nasjonalt digitalt uni-versitetsmuseum. Regjeringa foreslår òg å løyve 1 mill. kroner til integrasjonsprosessen mellom Arkeologisk museum i Stavanger og Universitetet i Stavanger.

Departementet tildelte 1,5 mill. kroner til *Komité for integreringstiltak – kvinner i forsking* i 2008 og foreslår å vidareføre løyvinga på om lag same nivå i 2009. Vidare tildelte departementet 2 mill. kroner i 2008 til Likestillingsprisen, etter inn-stilling frå Kif-komiteen, som skal premiere dei beste tiltaka og handlingsplanane retta mot likestil-lingsarbeid ved universitet, høgskolar og for-skingsinstitutt. Departementet foreslår å vidare-føre Likestillingsprisen i 2009.

Departementet tildelte 1 mill. kroner i 2008 til Utdanningskvalitetsprisen og foreslår å vidareføre prisen i 2009.

Departementet ønskjer at det skal bli satt i gong eit eige forskingsprogram retta mot forsking om forsking og innovasjon. Departementet foreslår å løyve 2 mill. kroner i 2009 og vil be NFR starte planlegginga av eit slikt program. Sjå omtale under kap. 5.

Internasjonalt samarbeid

I 2008 har departementet sett av om lag 9,5 mill. kroner til ulike internasjonaliseringstiltak, mellom anna oppfølginga av strategien til departementet for auka høgre utdanningssamarbeid med Nord-Amerika, inkludert lanseringa av Partnerskapspro-grammet for Nord-Amerika. Aktivitetane knytte til Arktisk universitet, det norsk-russiske samarbei-det og Bolognaprosessen er følgde opp, og det blir satsa betydelege midlar på deltaking i det euro-peiske programmet for livslang læring (LLP). Det er auka vektlegging av bilateralt samarbeid. Det har blitt underteikna *Memorandum of Understan-ding* (MoU) på området for høgre utdanning med India, Argentina, Brasil og Chile og departementet arbeider med å ferdigstille MoU-ar med Kina og Russland.

Departementet foreslår å nytte samla om lag 22 mill. kroner til tiltak for internasjonalisering over kap. 281 post 01 i 2009, mellom anna for å doble satsinga på Nord-Amerika.

Nordområdestrategien legg særleg vekt på kunnskapsutvikling i nord. Universitetet i Tromsø, NTNU, Universitetet i Stavanger og høgskolane i Finnmark, Tromsø og Narvik har tatt initiativ til samarbeidsprosjektet EnergiCampus Nord (ECN) i Hammerfest. Satsing på høgre utdanning i ener-gifag er i tråd med både Nordområdestrategien og realfagsatsing i nord. I 2008 vart det løyvd 3 mill. kroner til dette samarbeidsprosjektet. Departe-mentet foreslår å vidareføre løyvinga i 2009 for å bidra til vidare gjennomføring av prosjektet. Regje-ninga foreslår i tillegg å tildele 5 mill. kroner som eingongsløyving knytt til utstyr og infrastruktur i oppbygginga av ECN. Regjeringa foreslår som del av satsinga på auka rekruttering å tildele fem øyr-emerkte stillingar til nordområdeforskning knytt til Forskingsrådets verksemd mot nordområda og 2 mill. kroner i eingangsløyving i 2009 knytt til for-skingsverksemd på Svalbard. Sjå omtale under kap. 285 post 52.

International Council for Open and Distance Education (ICDE) er eit internasjonalt fellesorgan for aktørar innanfor fjernundervisning og fleksibel læring. ICDE skal mellom anna byggje ut kontak-ten med norske fjernundervisningsmiljø og myn-digheiter for å gi desse tilgang til ICDEs eksper-tise og nettverk i internasjonal fjernundervisning.

Kunnskapsdepartementet ser positivt på at eigenkapitalen til ICDE er styrkt i 2007, men departementet meiner at eigenfinansieringa må bli ytterlegare styrka ettersom ICDE er ein medlems-organisasjon.

Departementet foreslår å overføre tilskottsfor-valtning for ICDE frå kap. 254 til kap. 281 post 01.

Departementet tildelte i 2008 om lag 2,1 mill. kroner og foreslår å vidareføre løyvinga på same nivå i 2009.

Departementet tildeler i tillegg i 2008 om lag 36 mill. kroner til Nordisk Ministerråd knytte til nordisk avtale om tilgang til høgre utdanning. Departementet foreslår å vidareføre løyvinga på om lag same nivå i 2009.

NOKUT

NOKUT er eit statleg organ som er fagleg uavhengig, og som skal kontrollere og utvikle kvaliteten ved norske universitet, høgskolar og fagskolar. NOKUT handsamar òg enkeltsøknader om generell godkjenning av utanlandsk utdanning. I 2008 tildelte departementet 42,1 mill. kroner over post 01 til NOKUT. Departementet foreslår for 2009 å auke løyvinga til NOKUT med 6 mill. kroner knytte til tiltak for å følgje opp Utvalet om godkjenning og godskriving av høgre utdanning (Brautasetutvalet). Tiltaka omfattar informasjonssenter om godkjenning av utanlandsk utdanning, GSU-lista over utanlandsk utdanning som svarar til krava for opptak til norsk høgre utdanning og vidareutvikling av vedtaksbrev om generell godkjenning.

NOKUT er evaluert i 2008, og departementet vil følgje opp evalueringa. Sjå nærmare omtale under kategoriinnleiinga til 07.60.

Departementet har i 2008 gitt NOKUT i oppdrag å starte evaluering av førskolelærerutdanninga. Resultat frå evalueringa er venta i 2010.

Det er fastsett følgjande mål for verksemda til NOKUT i 2009:

- NOKUT skal være eit anerkjend kvalitetssikringsorgan på høgt internasjonalt nivå.
- Evalueringane, akkrediteringane og godkjenningane til NOKUT skal gjennomførast på ein korrekt og effektiv måte med god informasjon og dialog med involverte partar, i samsvar med anerkjent internasjonal praksis. Verksemda til NOKUT skal ha både kontroll og utvikling som mål.
- NOKUT skal gje offentlegheita informasjon om kvalitet og kvalitetsutvikling i høgre utdanning og fagskoleutdanning og godkjenning av utanlandsk utdanning.
- NOKUT skal ha ei personal- og ressursforvaltning som sikrar effektiv utnytting av ressursane.

NOKUT vil i løpet av 2009 revidere eigne mål og strategiar. Måla for verksemda til NOKUT vil på dette grunnlaget bli vurdert på ny for 2010.

Noregsuniversitetet

Noregsuniversitetet (NUV) mottok stønad frå Kunnskapsdepartementet på 19,4 mill. kroner i 2008, der om lag 11 mill. kroner blir fordelte som støtte til utvikling av fleksible utdanningstilbod ved universitet og høgskolar. Departementet foreslår å vidareføre midlane til NUV i 2009. Departementet set i 2008 i gang ein analyse av marknaden for desentralisert utdanning, og ei evaluering av NUV vil vere ein del av arbeidet. Sjå omtale i kategoriinnleiinga til 07.60.

Samordna opptak

Samordna opptak (SO) koordinerer opptak til høgre utdanning. SO er lagt til Universitetet i Oslo, men organisert i samsvar med § 1-4 (4) i universitets- og høgskolelova. SO vart tildelt 22,8 mill. kroner i 2008. Departementet foreslår å vidareføre midlane på same nivå i 2009.

Norsk samfunnsvitskapleg datatjeneste

Norsk samfunnsvitskapleg datatjeneste (NSD) er eit heileigd aksjeselskap under Kunnskapsdepartementet. I 2008 tildelte departementet 8,6 mill. kroner til NSD for drift av Database for statistikk om høgre utdanning (DBH). DBH er eit datavarehus for informasjon om norske universitet og høgskolar. Departementet foreslår å vidareføre løyvinga i 2009 på om lag same nivå.

BIBSYS

BIBSYS er eit biblioteksystem for biblioteka på universiteta, Nasjonalbiblioteket og ei rekkje høgskolar og fagbibliotek i Noreg, og er i stor grad ei brukarfinansiert ordning. Departementet tildelte 3 mill. kroner til BIBSYS i 2008. Departementet foreslår å vidareføre løyvinga på same nivå i 2009.

Dokumentasjon, statistikk og analyse

I tillegg til løyvingane til NSD og BIBSYS har departementet i 2008 sett av om lag 14 mill. kroner til ulike tiltak for dokumentasjon, statistikk og analyse. Departementet foreslår å vidareføre løyvinga på om lag same nivå i 2009.

Andre tiltak

Regjeringa foreslår å leggje midlar til sju stipendiatstillingar, i tillegg til tre kunststipendiatstillingar, med verknad frå 1. september 2009, på kap. 281 post 01.

I samband med samlokalisering av Noregs veterinærhøgskole, Veterinærinstituttet og Universitetet for miljø- og biovitenskap på Ås foreslår departementet å tildele 3 mill. kroner som ei eingongsløyving til administrativ og fagleg integrasjonsprosess. Sjå òg omtale under kap. 271 post 50.

Departementet har i 2008 tildelt 2 mill. kroner til Studiesenteret.no. Senteret er ikkje ein del av det formelle utdanningstilbodet, men tilbyr tenester for å leggje til rette for desentralisert utdanning. Departementet foreslår å ikkje vidareføre løyvinga i 2009. Departementet legg vekt på at det er institusjonane sjølve som best kan vurdere kva desentraliserte tilbod dei ønskjer å tilby studentane. Det inneber å prioritere kva tilbod dei ønskjer å leggje til rette for sjølve, og kva tenester dei ønskjer å etterspørre frå andre aktørar i marknaden. Desentraliserte studietilbod bør vere midlertidige og bli flytta etter behova for desentraliserte tilbod utanfor faste studiestader.

Kunnskapsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet sette i 2008 ned ei arbeidsgruppe for å greie ut eit utdanningsprogram som skal kombinere forskarutdanning og spesialistutdanning for tannlegar i eit parallelt løp. Rapporten er på høring. Departementet foreslår på denne bakgrunnen å vidareføre løyvinga med 1,3 mill. kroner til dobbelkompetanseutdanning i 2009.

I samband med behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2008 blei 5 mill. kroner som tidlegare var løyvde til Norwegian Aviation College AS, omdisponert til Universitetet i Tromsø på kap. 271 post 50, jf. Innst. S. nr. 270 (2007–2008). Sjå kap. 271 post 50 for omtale av budsjettforslag for 2009.

Departementet foreslår å løyve 1 mill. kroner til operautdanning og oppstart av repetitørutdanning i samarbeid mellom Kunsthøgskolen i Oslo og Noregs musikkhøgskole i 2009.

I tillegg foreslår departementet å løyve 2 mill. kroner til trafikkflygarutdanning ved Universitetet i Tromsø over denne posten.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Departementet fordeler løyvinga på post 45 til større investeringar ved universitet og høgskolar. Kunnskapsdepartementet tildelte 10 mill. kroner i 2007 til UiO, UiB, NVH, NiH, UMB og NTNU for å betre vedlikehaldet og bidra til universell utforming av eksisterande bygningar, anlegg og uteområde.

Posten utgjer om lag 19 mill. kroner i 2008. I 2008 har departementet tildelt 5 mill. kroner til Kunsthøgskolen i Oslo og 2,5 mill. kroner til Kunsthøgskolen i Bergen knytte til utstyr og vedlikehald. Departementet vil i 2008 tildele 8 mill. kro-

ner til universitetsmusea over post 45. Regjeringa foreslår ei løyving på om lag 15 mill. kroner på kap. 281 post 45 i 2009.

Post 50 Tilskott til Noregs forskingsråd

Departementet foreslår ein ny post 50 for å samle løyvingane som går gjennom program og prosjekt i NFR. Sjå òg omtale under kap. 281 post 01, kap. 286 post 50 og kap. 285 post 52.

Det er dei siste åra utvikla fleire satsingar gjennom NFR som skal bidra til å styrkje FoU i universitets- og høgskolesektoren. Særleg er desse satsingane retta mot høgskolesektoren og skal mellom anna bidra til regional utvikling og styrking av profesjonsutdanningane. Dei omfattar mellom anna VRI, SHP og FORNY-programmet. Departementet har samla tildelt 56 mill. kroner til desse programma i 2008 og foreslår å vidareføre løyvinga på same nivå i 2009 over kap. 281 post 50.

Departementet tildelte 2 mill. kroner til utdanningsforskning over NFR i 2008, jf. det tidlegare forskingsprogrammet KUL. Sjå òg omtale under kap. 281 post 01. Regjeringa foreslår å løyve 2,5 mill. kroner i 2009 til eit nytt utdanningsforskningsprogram gjennom NFR over kap. 281 post 50. Programmet skal mellom anna leggje til rette for meir robuste fagmiljø på utdanningsfeltet.

Departementet tildelte 8 mill. kroner i 2008 til NFR-programmet *Praksisretta FoU i barnehage, grunnopplæring og lærarutdanning*. Departementet foreslår å overføre tildelinga av midlane til kap. 281 post 50 frå 2009. Sjå òg omtale under kap. 281 post 01.

Regjeringa foreslår ei eingongsløyving i 2009 på 5 mill. kroner til strategisk forskningssatsing og fagleg utvikling ved universitetsmusea over kap. 281 post 50.

Post 51 Senter for internasjonalisering av høgre utdanning

Rapport for 2007–08

Senter for internasjonalisering av høgre utdanning (SIU) har fem hovudarbeidsområde: programdrift, profilering av Noreg som studie- og forskingsland overfor utlandet, informasjon og kommunikasjon, kompetansebygging og rådgjeving. SIU er mellom anna programkontor for Erasmus Mundus og for EUs handlingsprogram for livslang læring (2007–13). I tillegg har SIU det nordiske koordineringsansvaret for Nordplus Horisontal i Nordisk Ministerråds Nordplus rammeprogram. SIU har òg oppgåver for til dømes Utanriksdepartementet og Norad, mellom anna NUFU- og NOMA-programma for Norad.

SIU har drive programma som dei har ansvaret for på ein tilfredsstillande måte, men den norske deltakinga i EU-programma kunne ha vore betre. For omtale av resultatane for Livslang læringsprogrammet, sjå kap. 252, for Erasmus Mundus, sjå kap. 281 post 73.

SIU har fått ei sentral rolle i oppfølginga av strategien for auka høgre utdanningssamarbeid med Nord-Amerika som blei lagt fram hausten 2007. SIU administrerer mellom anna det nye Partnerskapsprogrammet.

Nettstaden www.studyinnorway.no har synt seg som ein god reiskap for profileringa av norsk høgre utdanning. SIU har også eit godt publikasjonsprogram med trykt materiale, både for profilering- og informasjonsarbeidet. SIU har utvikla seg til eit viktig kompetanseorgan for internasjonalt utdanningssamarbeid og er ein nyttig partner og rådgjevar for departementet. SIUs årlege mobilitetsrapportar gir viktig informasjon om internasjonaliseringsarbeidet i ulike delar av norsk utdanning.

Mål for 2009

SIUs verksemd er regulert i vedtektene for sentret. Departementet har hatt dialog med SIU for å utvikle mål som underbyggjer SIUs strategiske rolle. Dette er måla for SIU i 2009:

- SIU skal motivere og stimulere utdannings- og forskingssektoren til vektlegging av internasjonalisering som verkemiddel for auka kvalitet i utdanning og forskning.
- SIU skal sørge for god og brei deltaking i programma senteret forvaltar, og bidra til at ulike aktørar bruker program og ordningar aktivt som verkemiddel for å gjennomføre dei internasjonale strategiane og måla sine.
- SIU skal bidra til å auke Noregs evne til å konkurrere om gode studentar og forskarar ved å profilere Noreg som studie- og forskingsland i utlandet.
- SIU skal ha ei personal- og økonomiforvaltning som sikrar effektiv utnytting av ressursane.

Departementet vil ha dialog med SIU om vidare utvikling av målstruktur og styringsparametrar. SIUs samla verksemd og måloppnåing i 2009 vil bli vurdert breiare, blant anna i lys av kvalitative analysar av verksemda og SIUs gjennomføring av oppgåvene i vedtektene.

Budsjettforslag for 2009

Departementet foreslår å løyve om lag 39 mill. kroner til SIU i 2009.

Post 73 Tilskott til internasjonale program

Tilskottet skal dekkje medlemskontingenten for å delta i internasjonale utdanningsprogram, fastsett gjennom årlege EØS-forhandlingar, og andre internasjonale utdanningstiltak av mindre omfang. Erasmus Mundus omfattar fellesgradar på masternivå og stipendprogram for studentar og forskarar frå land utanfor EU/EØS. Samarbeidet gjekk godt frå eit norsk synspunkt også i 2007. Ni norske høgre utdanningsinstitusjonar deltek i 14 av til saman 103 felles Erasmus Mundus-mastergradar, og dei koordinerer to. I tillegg deltek norske universitet og høgskolar i fire av dei totalt 14 nettverka som skal vise partnerar frå land utanfor Europa at europeisk høgre utdanning er attraktiv.

Departementet ser det som eit mål å auke deltakinga i Erasmus Mundus ytterlegare og førebur neste fase av dette programmet, som tek til i 2009. Erasmus Mundus II 2009 –13 er ei vidareføring av Erasmus Mundus slik det er i dag, med ei utviding til doktorgradsnivå samt utvida moglegheiter for deltaking frå ikkje-europeiske institusjonar. Sjå kap. 252 for nærmare omtale av Erasmus-samarbeidet og andre aktivitetar i Livslang læringsprogrammet.

Regjeringa foreslår å løyve 18,8 mill. kroner på post 73 for å dekkje deltakinga i EU-programmet Erasmus Mundus og dei andre mindre aktivitetane på posten.

Post 74 Tilskott til UNIS

Universitetssenteret på Svalbard AS (UNIS) er eit statsaksjeselskap, der Kunnskapsdepartementet forvaltar eigarinteressene til staten.

Formålet med tilskottsordninga er å bidra til at UNIS tilbyr høgre utdanning og driv forskning med utgangspunkt i at Svalbard ligg i eit høgarktisk område. UNIS skal vere eit supplement til lærestadene på fastlandet, og det er derfor naudsynt at UNIS vidareutviklar samarbeidet med både universitet og høgskolar.

Universitetssenteret på Svalbard har gode resultat på undervisning og forskning og bidreg til lokalsamfunnet i Longyearbyen. UNIS har fire studieretningar: arktisk biologi, arktisk geologi, arktisk geofysikk og arktisk teknologi. Studentaktiviteten har auka frå 113 til 145 studentårsverk frå 2006 til 2007, medan delen av norske studentar har blitt redusert frå 55 pst. til 51 pst. 357 studentar frå 26 nasjonar følgde undervisning eller arbeidde med master- og doktorgradsoppgåver i 2007.

Regjeringa foreslår å løyve 82,1 mill. kroner til UNIS i 2009.

Post 75 UNINETT

UNINETT AS er eit heileigd statleg aksjeselskap, der Kunnskapsdepartementet forvaltar eigarinteressene. Konsernet omfattar morselskapet UNINETT AS og dei heileigde dotterselskapa UNINETT ABC AS, UNINETT FAS AS, UNINETT Nordid AS og UNINETT Sigma AS.

UNINETT AS har mellom anna til formål å utvikle eit landsomfattande elektronisk datanett for forskning og utdanning med tenester på linje med det beste i det internasjonale akademiske miljøet og tilskunde bruk av opne internasjonale standard innanfor datakommunikasjon.

Departementet og institusjonane i sektoren kjøper tenester frå dotterselskapa UNINETT ABC AS, UNINETT FAS AS og UNINETT Sigma AS. UNINETT ABC AS utviklar arkitektur og strategi for utbygging av infrastruktur, tenester og læringssystem til heile utdanningssektoren. UNINETT FAS AS utfører teknisk drift av dei administrative systema for universitets- og høgskolesektoren. UNINETT Sigma AS har ansvaret for operativ drift og utvikling av norsk tungrekning. UNINETT Nordid AS er eininga for registrering for .no-domenet.

Tilskottsordninga skal bidra til å utvikle vidare eit landsomfattande elektronisk datanett for forskning og utdanning. Vidare kan UNINETT AS tene andre institusjonar av ikkje-kommersiell art som har tilknytning til forskning og/eller utdanning.

Selskapa blir drivne frå felles kontor i Trondheim. Ved utgangen av 2007 hadde UNINETT AS 50 tilsette. I konsernet var det totalt 88 tilsette. Ved utgangen av 2007 hadde UNINETT AS 190 institusjonar tilslutta forskingsnettet.

UNINETT AS har fullført arbeidet med utbygging av gigabytekapasitet i forskingsnettet og har no starta forhandlingar om og planlegginga av ein ny generasjon forskingsnett (hybridnett). Gjennom Gigacampus-programmet søker universitets- og høgskolesektoren å gjennomføre eit teknologiløft for å ruste opp kvaliteten på og tilgangen til campusnettet. Prosjektet skal gi standardisert opprusting av den lokale campusinfrastrukturen og den lokale IKT-kompetansen ved institusjonane.

I 2006 og 2007 øyremerkte departementet 15 mill. kroner av løyvinga til institusjonane i universitets- og høgskolesektoren til Gigacampus-prosjektet, jf. St.prp. nr. 1 (2006–2007) for Kunnskapsdepartementet. Prosjektet blir følgt opp vidare i 2008 og 2009.

Departementet tildelte 23,9 mill. kroner til UNINETT AS i 2008. Regjeringa foreslår å løyve 21,8 mill. kroner i 2009.

Post 76 Tilskott til NORDUnet, kan overførast

NORDUnet AS er ein nordisk nettverksorganisasjon som skal sikre felles nettinfrastruktur for dei nordiske universitets- og høgskolesektorane, samt knyte dei til internasjonale nett og nett-tenester. Siktemålet er å gi nettbrukarane i dei nordiske landa høgre kvalitet og lågare pris enn det dei nasjonale nettverksorganisasjonane kan oppnå på eiga hand.

NORDUnet AS er eigd av dei nasjonale nettverksorganisasjonane, er organisert som eit dansk aksjeselskap og er underlagt dansk lovgiving. UNINETT AS forvaltar dei norske interessene i selskapet. Kostnadene knytte til samarbeidet i NORDUnet AS blir delte mellom medlemslanda etter brutto nasjonalprodukt.

Veksten i nettverkstrafikken var på om lag 50 pst. i 2007. Den store kapasiteten og dubleringane i nettet sikra pålitelege og raske tenester. I 2007 installerte NORDUnet AS nytt fiberbasert hybridnett, som no er i operativ drift. NORDUnet AS og dei nordiske forskingsnetta deltek aktivt i den europeiske nettutviklinga.

Regjeringa foreslår å løyve om lag 18,4 mill. kroner til NORDUnet AS i 2009.

Post 78 Tilskott til Universitets- og høgskolerådet

Universitets- og høgskolerådet (UHR) er eit fellesorgan for institusjonsakkrediterte institusjonar innanfor høgre utdanning. UHR fekk i 2008 eit tilskott på om lag 12,7 mill. kroner, herunder 4,3 mill. kroner til utgiving av lærebøker. Tilskottet skal fremme samordning og arbeidsdeling i universitets- og høgskolesektoren innanfor prioriterte arbeidsområde knytte til forskning, utdanning og internasjonalisering.

I 2007 har ein viktig del av arbeidet til UHR vore oppfølging av evalueringa av Kvalitetsreforma og av NOKUTs evaluering av allmennlærerutdanninga, samt oppfølging etter reakkreditering av sjukepleiarutdanninga. UHR har vidareført arbeidet med å følgje opp bruken av den nye bokstavkarakterskalaen.

Regjeringa foreslår å løyve om lag 13,3 mill. kroner til UHR i 2009.

Post 79 Ny universitetsklinikk i Trondheim, kan overførast

Stortinget vedtok våren 2002 å setje i gang utbygging av ny universitetsklinikk i Trondheim. Utbygginga er delt inn i to byggjefasar og skal innehalde areal til sjukehus-, universitets- og høgskoleformål

i ein integrert universitetsklinikk. Formålet med tilskottet er å finansiere universitets- og høgskoledelen av klinikken.

Første byggjefase vart ferdigstilt i 2006 og inneheld Laboratoriesenteret, Kvinne-barn-senteret, Nevrosenteret, pasienthotell og første del av Forsyningssenteret.

Rapport for 2007–08

Byggjefase to er sett i gang og omfattar rehabilitering av 1902-bygget og kreftbygget samt eit Bevegelsessenter, Gastrosenter, Kunnskapssenter, Akuttsenter/Hjerte-lungesenter og andre fase av Forsyningssenteret. Byggjefase to skal etter planen vere ferdigstilt i 2014.

Sameieavtalen mellom Staten ved NTNU og St. Olavs hospital HF blei signert i 2008. Avtalen regulerer eigeforholda mellom partane. Avtalen omfattar rettane til eigedommen, forvaltning, drift, samt utvikling av bygga og anlegget.

Det er lagt til grunn at universitets- og høgskoleareala i fase to blir finansierte over Kunnskapsde-

partementets budsjett i høve til delen av totalt areal i universitetsklinikken, men avgrensa til maksimalt 1 135 mill. kroner (prisnivå desember 2004), jf. Innst. S. nr. 240 (2004–2005) og St.prp. nr. 65 (2004–2005). Arealramma for universitets- og høgskoledelen av byggjeprojektet utgjer 49 500 kvm, der om lag 22 500 kvm skal bli realiserte i fase to i tillegg til felles teknisk infrastruktur.

Departementet tildelte om lag 275 mill. kroner i 2007 til Helse Midt-Noreg RHF til utbygging av universitets- og høgskoledelen av St. Olavs hospital. Sjå også omtale av byggjeprojektet i St.prp. nr. 1 (2008–2009) for Helse- og omsorgsdepartementet, kap. 732 post 81 Tilskott til regionale helseforetak.

Budsjettforslag for 2009

Regjeringa foreslår ei løyving på 287 mill. kroner til utbygging av universitets- og høgskoledelen av universitetsklinikken i Trondheim i 2009. For omtale av utstyr til universitets- og høgskoledelen av klinikken, sjå kap. 271 post 50.

Kap. 3281 Fellesutgifter for universitet og høgskolar

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
02	Salsinntekter o.a.	2 724	10	10
16	Refusjon av foreldrepengar	331		
18	Refusjon av sjukepengar	422		
96	Aksjesalg	32		
	Sum kap. 3281	3 509	10	10

Programkategori 07.70 Forsking

Utgifter under programkategori 07.70 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
283	Meteorologiformål	254 753	262 832	282 646	7,5
285	Noregs forskingsråd	1 310 534	1 315 338	1 427 291	8,5
286	Forskingsfond	10 940 226	6 939 560	12 929 517	86,3
287	Forskingsinstitutt og andre tiltak	140 917	153 673	211 195	37,4
288	Internasjonale samarbeidstiltak	829 414	1 165 103	1 317 065	13,0
Sum kategori 07.70		13 475 844	9 836 506	16 167 714	64,4

Budsjettforslaget for utgifter under kategori 07.70 utgjør 16 mrd. kroner. Dette er ein auke på 6 mrd. kroner i høve til saldert budsjett 2008. Auken skriv seg frå at Regjeringa foreslår å opp-

rette regionale forskingsfond med ein fondskapital på 6 mrd. kroner. Korrigert for endringar i fondskapital gir budsjettforslaget ein auke på 331 mill. kroner i høve til 2008.

Inntekter under programkategori 07.70 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
3286	Forskingsfond	2 654 126	3 084 460	3 368 260	9,2
3287	Forskingsinstitutt og andre tiltak	21 506	21 500	21 500	0,0
3288	Internasjonale samarbeidstiltak	3 928	4 043	3 843	-4,9
Sum kategori 07.70		2 679 560	3 110 003	3 393 603	9,1

Budsjettforslaget for inntekter under kategori 07.70 utgjør om lag 3,4 mrd. kroner. Dette er ein auke på om lag 284 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2008. Auken skriv seg i all hovudsak frå den auka avkastninga frå Fondet for forskning og nyskaping.

Størstedelen av forskingsløyvingane under kategori 07.70 omfattar løyvingar frå Kunnskapsdepartementet til forskning gjennom Noregs forskingsråd, norsk deltaking i EUs rammeprogram for forskning og norsk deltaking i internasjonale grunnforskningsorganisasjonar. Kategorien omfattar også løyvingar til Meteorologisk institutt og samfunnsvitenskaplege forskingsinstitutt. Direkte forskingsløyvingar til universitet og høyskolar er

omtalte under kategori 07.60. Alle departementa finansierer forskning på sine område. For ein omtale av den samla satsinga på forskning i statsbudsjettet, sjå under del III kap. 5 Forsking og utvikling i statsbudsjettet.

Om forskning

Menneske har til alle tider søkt ny kunnskap– fordi vi er nyfikne og undrar oss, fordi vi treng å løse praktiske utfordringar, og fordi vi ønskjer å utfordre etablerte sanningar. Dei siste hundre åra har vitenskaplege gjennombrot som relativitetsteorien og oppdaginga av DNA-strukturen endra forståinga vi har av oss sjølve og av verda omkring oss. For-

sking har medverka til å auke levealderen og heve levestandarden i det meste av verda.

Ein styrkt forskingsinnsats er naudsynt for at Noreg skal vere eit leiande kunnskapssamfunn i framtida. Utfordringane knytte til klima- og miljørelaterte endringar kan ikkje møtast utan ei sterk satsing på forskning. Forsking blir også stadig viktigare for å sikre framtidig innovasjon og verdiskaping, og for å sikre best moglege helse- og velferdstenester i åra som kjem.

Resultata av den målretta forskinga vil avhenge av ei solid grunnforskning på fagfeltet. Like viktig som målretta forskingssatsingar er det å sikre at framifrå forskarar får så gode vilkår som mogleg til å utvikle grunnforskninga innanfor sine fagfelt.

For all forskning gjeld at kvaliteten på resultata avheng av kvaliteten på innsatsfaktorane. Kort sagt handlar kvalitet i forskning om å gi dei beste talenta best moglege vilkår. Regjeringa vil i 2009 særleg styrkje forskningsevna gjennom ei satsing på rekruttering og vitskapleg utstyr.

Mål: Høg kvalitet i forskinga

Regjeringa ønskjer at norsk forskning skal gi ny kunnskap på mange område, føre til framtidig verdiskaping og medverke til å løyse viktige utfordringar i samfunnet. For å oppnå det må forskinga vere god. Høg kvalitet er eit overordna mål for forskingsløyvingane frå Kunnskapsdepartementet. Målet har tre delar:

- *Kvalitet i breidda:* Forskilingsløyvingane skal fremme forskning av god kvalitet i heile det norske forskingssystemet.
- *Kvalitet i spiss:* Norsk forskning skal ha nokre forskingsmiljø i den internasjonale forskingsfronten.
- *Kvalitet på satsingsområde:* Noreg skal byggje opp solide kunnskapsmiljø på område som er særleg viktige for samfunns- og næringslivet.

Tre område er særleg sentrale når det gjeld all type arbeid for auka kvalitet i forskinga, og er omtalte særskilt i det følgjande:

- forskarrekruttering
- forskingsinfrastruktur
- internasjonalt forskningssamarbeid

I budsjettet for 2009 foreslår Regjeringa følgjande større tiltak over programkategori 07.70 som bygger opp under målet:

- Styrking av kapitalen i Fondet for forskning og nyskaping med 6 mrd. kroner. Av desse er avkastninga av 4 mrd. kroner øyremerkt forskingsinfrastruktur frå 2010.

- Ei eittårig satsing på forskingsinfrastruktur på 80 mill. kroner i 2009.
- Oppretting av regionale forskingsfond med ein grunnkapital på 6 mrd. kroner i 2009.
- Innføring av eit nytt system for finansiering av forskingsinstitutt frå 2009.
- Styrking av forskarrekrutteringa i næringslivet og i nordområda gjennom midlar til ti næringsph.d. og fem rekrutteringsstillingar til nordområda.
- 24 mill. kroner til styrking av grunnforskning og infrastruktur innanfor klimaområdet.

Kvalitet i breidda

Finansiering som premierer kvalitet

Forskilingsfinansieringa gjennom Noregs forskingsråd sikrar kvalitet ved at forskarar frå heile landet må konkurrere om midlar. Søknadene blir vurderte av fagpanel med internasjonal deltaking, og berre dei søknadene som får best vurdering, får finansiering. Forskilingsrådet har ein portefølje av verkemiddel som er retta mot dei ulike delelementa i målet. Verkemidla er retta mot alle typar forskingsmiljø, frå universitet og høgskolar til forskingsinstitutt og næringsliv. Kunnskapsdepartementets faglege løyving til Forskilingsrådet over kap. 285 post 52 er retta særskilt mot målet om kvalitet i breidda av norsk grunnforskning og skal bidra til å styrkje fag- og disiplinutvikling innanfor alle grupper av fagområde.

Målet om høg kvalitet i forskinga på alle fagområde ligg også til grunn for det nye finansieringsystemet for forskingsinstituttsektoren, som blir innført frå 2009. Det nye systemet er nærmare omtalt i del III kap. 5 Forsking og utvikling i statsbudsjettet.

Fondet for forskning og nyskaping finansierer hovudtyngda av løyvingane til Forskilingsrådet over budsjettet til Kunnskapsdepartementet, jf. kap. 285 post 52 og kap. 286 post 50. Kapitalen i fondet vart auka med 6 mrd. kroner i 2008. Den auka avkastninga i 2009 skal mellom anna nyttast til å dekkje den auka kontingenten for norsk deltaking i EUs sjuande rammeprogram for forskning og teknologisk utvikling. Vidare blir den auka avkastninga nytta til ei satsing på rekrutteringsstillingar og forskingsinfrastruktur.

Tilstandsvurdering


Å måle forskingskvalitet er krevjande. Fagfellevurderingar er den viktigaste vurderingsforma innanfor akademia. Slike «peer reviews», som dei blir kalla, blir nytta både av redaksjonane for vitskaplege tidsskrift, i komiteane ved tildeling av for-

skingsmidlar og ved større evalueringar av forskingsinstitutt eller fagområde. Overordna vurderingar av forskingskvalitet på makronivå skjer oftast ved å nytte publikasjonsstatistikk.

Tal frå forskingsinstituttet NIFU STEP og Thomson Scientific syner at norske forskarar stadig publiserer meir i ISI-registrerte tidsskrift. Frå 2002 til 2006 auka talet på artiklar med 7,9 pst. per år i snitt. Det er den sterkaste årlege auken blant

dei nordiske landa, sjølv om dei andre nordiske landa framleis publiserer noko meir.

Figuren under syner gjennomsnittlege tal for vitskaplege artiklar i periodane 1997–2001 og 2002–06 for nokre utvalde land. Av figuren kan ein sjå at dei nordiske landa publiserer meir per 1 000 innbyggjarar enn Noreg, men at land som USA, Tyskland, Frankrike, Belgia og Austerrike, og for den siste perioden også Storbritannia, publiserer mindre.



Figur 4.1 Artiklar per 1 000 innbyggjarar for utvalde land i periodane 1997–2001 og 2002–06

Kjelde: NIFU STEP/Thompson Scientific, National Science Indicators

Internasjonale evalueringar av norske fagmiljø syner at mange delar av norsk forskning held høgt internasjonalt nivå. Det gjeld til dømes innanfor fagområda økonomi, matematikk, informatikk og geofag. Økonomifagleg forskning og historie er dei siste fagområda som er evaluerte. For meir omtale, sjå kap. 285 post 52, avsnitt om *humaniora og samfunnsvitskapleg forskning*. Evalueringane syner generelt at mange fagområde slit med felles utfordringar. Det har vore eit generelt behov for styrkt forskingsleiing, auka konsentrasjon av ressursane og betre nasjonal arbeidsdeling innanfor mange fagområde. Tilrådingane frå evalueringane danner grunnlag for forskingspolitiske vurderingar og tiltak i departementet, i Forskringsrådet og hos dei involverte institusjonane. Mellom anna er verke-middelet *Institusjonsforankra strategiske prosjekt*

(ISP) i Noregs forskingsråd oppretta for å støtte opp om oppfølgingsarbeid ved institusjonane.

Tiltak

Styrkt forskningsevne gjennom investeringar i forskingsinfrastruktur

Regjeringa foreslår å auke kapitalen i Fondet for forskning og nyskaping med 6 mrd. kroner til 72 mrd. kroner frå 1. januar 2009. Med den renta vi har i dag, vil det gi ei auka avkastning på om lag 285 mill. kroner til bruk i 2010. To tredelar av auken skal gå til ei langsiktig satsing på forskingsinfrastruktur.

Vidare foreslår Regjeringa ei eittårig løyving på 80 mill. kroner til forskingsinfrastruktur over Forskringsrådets budsjett i 2009. Midlane skal nyttast

til å setje i gang oppfølginga av utstyrsstrategien *Verktøy for forskning*. Forslaga er nærmare omtalte i eige avsnitt om forskingsinfrastruktur.

Oppretting av regionale forskingsfond

Ved handsaminga av St.meld. nr. 12 (2006–2007) *Regionale fortrinn – regional framtid* slutta Stortinget seg til forslaget om å opprette regionale forskingsfond, jf. Innst.S. nr. 166 (2006–2007). Regjeringa foreslår å opprette eit nytt fond for regional forskning og utvikling frå 1. januar 2009 med ein kapital på 6 mrd. kroner. Avkastninga frå det nye fondet skal stå til disposisjon frå 1. januar 2010. Avkastninga skal fordelast til mellom fem og sju regionale einingar, som heretter blir omtalte som regionale forskingsfond.

Fonda skal styrkje kvaliteten i regional forskning og samspelet mellom næringsliv, høgsolar og regionar og supplere dei nasjonale verkemidla for forskning og innovasjon. Noregs forskingsråd og fylkeskommunane skal i samråd med KS og andre relevante FoU-aktørar arbeide vidare med korleis fonda skal forvaltast.

Finansiering av forskingsinstitutta

Instituttsektoren er ein sentral del av det norske forskings- og innovasjonssystemet. Institutta har som hovudformål å tilby forskning av høg kvalitet og relevans til næringslivet, forvaltninga og samfunnet elles. Frå 2009 vil det bli innført eit nytt system for den statlege basisfinansieringa av forskingsinstitutta. Formålet med basisfinansieringa er å fremme kvalitet og gi institutta rom for langsiktig kunnskaps- og kompetanseoppbygging. Det nye finansieringssystemet vil fordele delar av grunnløyvingane etter kor gode resultat det enkelte instituttet oppnår, på ein slik måte at institutta blir premierte for både kvalitet og relevans i forskinga. Regjeringa foreslår å styrkje basisfinansieringa ved forskingsinstitutta med til saman 67 mill. kroner ved innføringa av det nye systemet i 2009. For ein nærmare omtale av det nye finansieringssystemet, sjå del III kap. 5.

Kunnskapsdepartementet vil frå 2009 ha det overordna finansieringsansvaret for grunnløyvinga til dei samfunnsvitskaplege forskingsinstitutta. Løyvinga er foreslått styrkt med 10 mill. kroner i høve til nivået i 2008. Forskringsrådet har det strategiske ansvaret for å tildele grunnløyvinga til institutta på grunnlag av oppnådde resultat på indikatorar, som gir uttrykk for kvaliteten i arbeidet deira. For å styrkje konkurranseevna til institutta skal skår på indikatorane også vektast mot inntektene institutta har frå oppdrag og frå Forskringsrådet.

Vektinga skal bidra til å balansere behova for på den eine sida å sikre relevans i den anvendte forskinga og på den andre sida å auke fokuset på kvalitet.

Kvalitet i spiss

Noreg har i dag 21 *Senter for framifrå forskning* (SFF). 13 senter vart oppretta i 2003, og åtte nye senter fekk SFF-status i desember 2006. SFF-ordninga vart oppretta for å bringe særskilt gode forskingsmiljø opp til internasjonalt toppnivå. Ei internasjonal evaluering frå 2006 syner at ordninga har vore særskilt vellykka, og hevdar at sentra aukar statusen for norsk forskning og gjer ho meir synleg internasjonalt. Heile ni av dei 13 sentra som vart oppretta i 2003, fekk toppkarakter, og alle sentra er vurderte som gode nok til å ha status som senter for framifrå forskning fram til 2012. Senter for hukommelsesbiologi ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU) vart i 2007 også utnemnt til eit Kavli-institutt for nevrovitenskap. Det nye instituttet vil sikre gode vilkår for å vidareutvikle dette sterke fagmiljøet ved NTNU.

Universiteta har følgd opp arbeidet med SFF-satsingane gjennom spissing og profilering av eiga verksemd. Eksempelvis har dei gitt ekstra ressursar til dei fagmiljøa som vart nominerte i SFF-prosessen, men ikkje vann fram til endeleg tildeling.

Ordninga *Yngre framifrå forskarar* (YFF) gir yngre, særskilt talentfulle forskarar på alle fagområde ekstra gode rammevilkår for at dei skal nå internasjonal toppklasse og utvikle seg til gode framtidige forskingsleiarar. Dei prosjekta som vart tildelt midlar i den første utlysinga, kan vise til mange utgivingar i 2007, mellom anna 151 artiklar i vitskaplege tidsskrift med referee, og mange oppslag i massemedia. I 2006 lyste Forskringsrådet ut midlar til nye YFF. Tildeling vart gitt til 20 prosjekt/kandidatar, av desse er åtte kvinner. Ordninga har ei budsjettamme på om lag 40 mill. kroner årleg.

For å styrkje framtidig verdiskaping på basis av langsiktig, grunnleggjande forskning i næringslivet er det også nyleg etablert ei ordning kalla *Senter for forskingsdriven innovasjon* (SFI). 14 senter innanfor ei rekkje ulike fagområde og næringar starta opp i 2007, etter ein omfattande kvalifiseringsrunde. Ordninga har til formål å byggje opp eller styrkje norske forskingsmiljø som arbeider i tett samspel med innovativt næringsliv, samt å støtte langsiktig forskning som fremmer innovasjon og konkurransekraft i næringslivet.

Også innanfor det nordiske samarbeidet er det etablert ei spissatsing retta mot dei beste forskingsmiljøa. Det er etablert 16 nordiske senter for

framifrå forskning innanfor områda helse, velferd, *global change*, molekylær medisin og humaniora/samfunnsfag.

Tiltak

Regjeringa vil føre vidare dei gode verkemidla som i dei siste fem til seks åra har vorte etablerte for å byggje nye spissmiljø.

Vitskaplege prisar er ikkje i seg sjølve eit tiltak for å fremme norske forskingsmiljø, men vil føre til auka kontakt mellom norske forskarar og framifrå internasjonale forskingsmiljø. Dei første Kavli-prisane for framifrå forskning innanfor astrofysikk, nanovitskap og nevrovitskap vart delte ut av H.K.H. Kronprins Haakon i september 2008. Prisane skal profilere forskning generelt, og styrkje Noregs omdømme som forskingsnasjon. Sjå også omtale under kap. 287 post 71.

Kvalitet på satsingsområde

I tillegg til satsinga på kvalitet i spiss og breidd, som er uavhengig av fagområde, satsar Regjeringa også særskilt på å byggje solide kunnskapsmiljø på nokre utvalde område. Satsingane er motiverte ut frå behov i samfunnet eller potensial for verdiskaping.

Det er etablert sju *store program* i Noregs forskingsråd for å syte for solid og langsiktig finansiering av prioriterte område i forskingspolitikken. Programma får ein stor del av finansieringa si frå Fondet for forskning og nyskaping. Programma dekkjer forskning innanfor bioteknologi, IKT, nanoteknologi, havbruk, klima, rein energi og petroleum. For meir omtale, sjå kap. 286.

Klima og miljø er særleg prioriterte område i forskingspolitikken i 2009. Regjeringa følgjer opp klimaforliket og klimameldinga når det gjeld forskning, jf. Innst.S. nr. 145 (2007–2008) og St.meld. nr. 34 (2006–2007) om norsk klimapolitikk. I revidert nasjonalbudsjett 2008 vart det løyvd 50 mill. kroner ekstra til Forskinsrådet for oppstart av ei satsing på forskningssentre for miljøvennleg energi og 20 mill. kroner ekstra til forskning på fornybare energikjelder og karbonfangst og -lagring gjennom programma *RENERGI* og Brukarstyrt innovasjonsarena i Forskinsrådet. Kunnskapsdepartementet støttar opp under klimaforskning mellom anna gjennom løyvingar frå Fondet for forskning og nyskaping til programmet *NORKLIMA* under Noregs forskingsråd. Ei styringsgruppe skal utvikle ein strategi for klimaforskinga (Klima21).

Forskning og overvaking i nordområda er viktig for Noreg, både politisk, fagleg og forvaltningsmessig. Svalbard tilbyr unike vilkår for forskning på

ei rekkje felt, mellom anna på klimarelatert forskning, og er derfor ein viktig arena for norsk polarforskning. I dei seinare åra har Noreg gjort store investeringar i forskingsinfrastrukturen på Svalbard. For å utnytte denne infrastrukturen betre og sikre at forskingsaktivitetane held høg kvalitet, er det viktig med økt samarbeid og betre koordinering mellom dei ulike forskingsmiljøa på Svalbard. Forskinsrådet spelar ei sentral rolle i denne samanhengen, mellom anna gjennom strategiarbeid og *Svalbard Science Forum*.

Tiltak

Regjeringa vil bidra aktivt til det kunnskapsgrunnlaget som trengst for å løyse nasjonale og globale miljø- og klimaproblem. Dette skjer mellom anna gjennom ei tung satsing på forskning og utvikling knytt til fornybare energikjelder og karbonfangst og -lagring. Kunnskapsdepartementet vil i 2009 løyve 24 mill. kroner til rekruttering, grunnforskning og vitskapleg utstyr innanfor ei satsing på i alt 300 mill. kroner til fornybare energikjelder og karbonfangst og -lagring. Sjå del III kap. 5 for meir omtale av satsinga på klimaforskning.

Regjeringa gjekk i 2006 inn for å løyve til saman over 320 mill. kroner over fire år frå 2007 til 2010 for norsk deltaking i det internasjonale polaråret. Denne løyvinga har allereie gitt norsk polarforskning eit kraftig løft, og vil også framover føre til auka forskingsaktivitet mellom anna på Svalbard.

Regjeringa vil våren 2009 leggje fram ei ny stortingsmelding om Svalbardpolitikken. Forsking og utdanning vil vere sentrale tema i meldinga. Meldinga vil presentere og drøfte spørsmål knytte til samarbeid og koordinering i forskinga på Svalbard, både mellom nasjonale og internasjonale aktørar, mellom anna på bakgrunn av innspel frå og dialog med Forskinsrådet og andre relevante aktørar.

Riksrevisjonen peikte i si undersøking av forvaltninga på Svalbard (Dokument nr. 3:8 (2006–2007)) på at ein treng betre oversikt over forskingsaktivitetane på Svalbard, mellom anna for å førebyggje overlappende forskning og slitasje på miljøet. Både satsinga på polaråret og tiltak gjennom *Svalbard Science Forum* bidreg til å styrkje internasjonalt samarbeid og gi betre oversikt over forskingsprosjekt på Svalbard og vil slik følgje opp dei utfordringane Riksrevisjonen peikte på.

Eit anna bidrag i denne samanhengen er eit forslag Noreg har spelt inn til det europeiske ESFRI-vegkartet for forskingsinfrastruktur. *Svalbard Integrated Arctic Earth Observing System* (SIAEOS) er eit arktisk observasjonssystem på Svalbard, som vil inkludere data frå dei fire «sfærene» jord, hav, is

og luft (atmosfære). Forskringsrådet koordinerer arbeidet med å setje i verk SIAEOS-prosjektet.

Regjeringa går inn for ei eingongsløyving til forskingsaktivitetar på Svalbard på 2 mill. kroner i 2009, i tillegg til dei midlane som allereie går til formålet gjennom Noregs forskingsråd. Det blir òg foreslått å løyve midlar til fem nye rekrutteringsstillingar knytt til forskning i nordområda.

Rekruttering og likestilling

Noreg kan auke forskingsevna si både gjennom å betre vilkåra for dei som allereie driv forskning, og gjennom å rekruttere fleire til forskning. Krava til kompetanse aukar både i akademien og i yrkeslivet.

Det vart avlagt 1 030 doktorgradar i 2007. Dette er ein auke på 125 gradar sia 2006, og talet på gradar er venta å auke også i dei neste åra. Fråfallet i utdanninga er framleis for høgt, og utdanningsinstitusjonane arbeider med å sikre kvaliteten i utdanninga.

Det er framleis naudsynt å auke volumet i forskarutdanninga. Regjeringa foreslår derfor å øyremerkje midlar til drygt 200 nye rekrutteringsstillingar. 186 av desse vil bli fordelte direkte til institusjonane i UH-sektoren, fordelte på 151 stipendiatstillingar og 35 postdoktorstillingar, jf. omtale under kategori 07.60. I tillegg foreslår Kunnskapsdepartementet å øyremerkje midlar til å finansiere ti nærings-ph.d. og fem rekrutteringsstillingar knytte til nordområdesatsinga over budsjettet til Noregs forskingsråd. Nærings- og handelsdepartementet foreslår i tillegg å styrkje løyvinga til nærings-ph.d.-ordninga med 10 mill. kroner over deira budsjett.

Regjeringa ser ordninga med nærings-ph.d. som eit viktig verkemiddel for å auke innovasjonsaktiviteten og forskinga i næringslivet. Ordninga skal bidra til at forskarutdanning blir meir relevant for næringslivet, og vil vere ein viktig faktor for å utveksle kunnskap og kompetanse mellom universitet og næringsliv.

For å betre arbeidsforholda i dei miljøa som har stipendiatar, vil departementet auke satsen per stipendiatstilling som blir tildelt institusjonane. Den nye satsen frå 2009 er kr 800 000 per stilling. Satsen vil gjelde både stipendiat- og postdoktorstillingar. Auknen i satsen er ikkje personlege midlar til rekrutten, men skal nyttast av institusjonane og fagmiljøa til beste for forskarutdanninga.

Forskaraskolar er eit viktig verkemiddel for høgre kvalitet i forskarutdanninga. Kunnskapsdepartementet ønskjer å styrkje strukturelle løp og fagleg fellesskap i forskarutdanninga. Departementet ventar at forskaraskolane skal gi auka fullføringsgrad i forskarutdanninga. Stortinget løyvde

i 2008 midlar til oppstart av nasjonale forskaraskolar. Satsinga blir ført vidare i 2009. Forskringsrådet kan òg nytte forskarskole som eit verkemiddel innanfor programsatsingane sine. Kunnskapsdepartementet vil òg opprette ein forskarskole for lærarutdanninga, jf. omtale under kategori 07.60.

Kvinner utgjer eit fleirtal blant studentane og stipendiatane, men blir færre dess høgre ein kjem på karrierestigen. Blant professorane er det berre 18 pst. kvinner. Det er store skilnader mellom fagområde. I naturvitskap er berre ti pst. av professorane kvinner. I teknologi er talet seks pst. Departementet vil setje i verk ei ordning med øyremerking av midlertidige stillingar til kvinner på stipendiat- og postdoktornivå i fag der dei er særleg underrepresenterte, jf. omtale under kategori 07.60.

Både institusjonane i UH-sektoren og Forskringsrådet arbeider for å fremme likestilling i norsk forskning. Forskringsrådet lagar frå 2008 kjønnsdelt statistikk for alle sine verkemiddel. Ved vidareføring av *Komité for integreringstiltak – Kvinner i forskning* (KiF-komiteen) i 2007 vart forskingsinstitutta inkluderte i mandatet til komiteen.

Forskringsinfrastruktur

Høg kvalitet og effektivitet i forskning innanfor alle fag og disiplinær krev tidsmessig forskingsinfrastruktur. Forskringsinfrastruktur er verktøyet som gjer forskarane i stand til å møte dei store kunnskapsutfordringane, blant anna innanfor klima, energi og helse. Konkurranseskrafta i næringslivet blir i stigande grad bygd på kompetanse og teknologi utvikla i samarbeid med internasjonalt leiande akademiske miljø med tilgang til moderne vitenskapleg utstyr. Tidsmessig og unik forskingsinfrastruktur verkar også som ein magnet på dei beste stipendiatane og nasjonale og internasjonale toppforskarar på eit forskingsfelt. Forskringsinfrastruktur står derfor høgt på den internasjonale forskingsagendaen.

Forskringsrådet la tidleg i 2008 fram *Verktøy for forskning – nasjonal strategi for forskningsinfrastruktur (2008–17)*. Strategien omfattar vitenskapleg utstyr, storskala forskingsfasilitetar, elektronisk infrastruktur og vitenskaplege databasar og samlingar. Strategien presenterer både nasjonal og internasjonal forskingsinfrastruktur, og gir råd om finansiering og prosess for prioriteringar og tildeiningar.

Forskringsinstitusjonane har i samband med strategien spelt inn ei rekkje forslag til nasjonal infrastruktur, som vil kunne bringe norsk forskning framover på prioriterte område som energi- og miljøforskning, helseforskning og forskning innanfor områda hav og mat. Institusjonane har fremt for-

slag innanfor alle dei tre prioriterte teknologiområda bioteknologi, nanoteknologi og IKT.

Kunnskapsdepartementet og Forskingsrådet arbeider saman for å følgje opp og utvikle strategien, ikkje minst med tanke på balansen mellom nasjonale og internasjonale investeringar.

European Strategy Forum on Research Infrastructures (ESFRI) er eit viktig rådgivande organ for EU-kommisjonen. 35 prosjekt vart valde ut til ESFRIs vegkart for paneuropeisk forskingsinfrastruktur, som vart lansert i 2006. Noreg har interesser i elleve av desse. I tillegg held ESFRI på å oppdatere vegkartet med eit mindre utval nye prosjekt. Noreg har spelt inn tre prosjekt til det reviderte vegkartet. *Svalbard Integrated Arctic Earth Observing System* (SIAEOS) er eit forslag om å bygge opp eit arktisk observasjonssystem på Svalbard. *European Carbon Dioxide Capture and Storage Laboratory Infrastructure* (ECCSEL) er eit forslag om oppgradering og utvikling av unike laboratorium, samt målretta nettverksbygging for å betre den europeiske konkurranseevna innanfor fangst og lagring av karbondioksid. *Advanced Sustainable Sea-based Aquaculture* (ASSA) skal integrere kunnskap om akvakultur og akvakulturteknologi gjennom ein ny storskala forskingsinfrastruktur *Aqua Culture Engineering facility* (ACE). Innan utgangen av året vil det bli avgjort om dei norske prosjekta blir inkluderte på det nye vegkartet.

Tiltak

Regjeringa foreslår å øyremerkje avkastninga av 4 mrd. kroner i auka kapital i Fondet for forskning og nyskaping til forskingsinfrastruktur. Dette vil gi ei stabil årleg løyving til forskingsinfrastruktur på om lag 190 mill. kroner frå 2010. Langsiktige, kjente budsjetttrammer er avgjerande for god planlegging av investeringane framover, både i forskingsinstitusjonane og i Noregs forskingsråd. Departementet legg vekt på at den nasjonale forskingsinfrastrukturen skal fremme samarbeid og vere breitt tilgjengeleg for både offentlege og private forskargrupper.

For å få ei gradvis opptrapping til 2010, foreslår Regjeringa i tillegg ei eittårig løyving på 80 mill. kroner til forskingsinfrastruktur over Forskingsrådet sitt budsjett i 2009. Løyvinga skal gå til å følgje opp nasjonale og internasjonale tiltak i utstyrsstrategien.

Internasjonalisering av forskinga

Arbeidet for internasjonalisering av norsk forskning skal bidra til:

- å styrkje kvaliteten, relevansen og verdien av norsk forskning for kunnskapsbasert nærings- og samfunnsutvikling
- å gjere norske forskarar i stand til å dra nytte av kunnskap og teknologi utvikla i utlandet
- å gjere norske forskarar til attraktive samarbeidspartnarar for framifrå internasjonale fagmiljø
- å tiltrekkje gode forskarar, samt oppdragsfinansiering frå utlandet
- å dele risiko og kostnader knytte til store investeringar, t.d. i forskingsinfrastruktur
- global kunnskapsutvikling og kapasitetsbygging i land under utvikling.

Internasjonalt forskningssamarbeid skjer i stor grad gjennom uformelle kontaktar og nettverk mellom personar og mellom miljø. I tillegg kjem eit aukande formalisert samarbeid gjennom internasjonale organisasjonar, større internasjonale fellessatsingar og program, og gjennom bilaterale avtalar på statleg nivå. Noreg tek del i fleire internasjonale fellessatsingar, som EUs rammeprogram for forskning, teknologisk utvikling og demonstrasjonsaktivitetar, internasjonale grunnforskningsorganisasjonar og *Det europeiske instituttet for innovasjon og teknologi* (EIT), jf. kap. 288.

Satsinga på auka internasjonalisering av norsk forskning vil i 2009 bli ført vidare både som ein integrert del av Forskingsrådets nasjonale programsatsing og ved særskilt retta tiltak for internasjonalisering. Sentralt står deltakinga i EUs sjuande rammeprogram for forskning og teknologisk utvikling, oppfølginga av strategien for forskings- og teknologisamarbeid med Nord-Amerika og forskningssamarbeidet med prioriterte land, inkludert det nordiske samarbeidet, forutan tverrgåande satsingar som *nordområdesatsinga* og *Det internasjonale polaråret* (IPY).

Noreg deltek fullt ut i EUs sjuande rammeprogram for forskning, teknologisk utvikling og demonstrasjonsaktivitetar (2007–13). Rammeprogrammet er det mest omfattande internasjonale samarbeidet norske forskarar, forskingsmiljø og næringsliv deltek i. Programmet skal fremme og investere i forskning i verdsklasse. Totalbudsjettet for satsinga er på 50,5 mrd. euro. Den norske kontingenten vil vere om lag 9,3 mrd. kroner for heile programperioden.

Det er stor overlapping mellom satsingane i EUs sjuande rammeprogram og norske forskingspolitiske prioriteringar. Den norske deltakinga i programmet styrkjer og utfyller derfor dei nasjonale satsingane på forskning og utvikling. Dette gjeld innanfor område som mat, helse, miljø, energi, informasjons- og kommunikasjonstekno-

logi og marin og maritim forskning, og innanfor grunnforskning gjennom det nye europeiske forskingsrådet – European Research Council. Programmet omfattar òg tiltak retta mot auka samarbeid og felles utlysingar mellom dei nasjonale forskingsprogramma i Europa, forutan store teknologisatsingar i offentleg–privat samarbeid.

Det europeiske forskingsområdet – *European Research Area* (ERA) – vart etablert som ein visjon knytt til EUs Lisboa-strategi i 2000. Ei grønbok frå Kommisjonen som vart lagd fram våren 2007, gjorde opp status og peikte på eit behov for vidare innsats. EU vil som ei oppfølging i løpet av 2008 definere ein ny visjon for ERA og utvikle ein ny styringsmodell. Kommisjonen legg i 2008 òg fram fem meldingar for å bidra til vidare utvikling av ERA. Dei fem meldingane omhandlar mellom anna forskarmobilitet, intellektuelle rettar, programsamarbeid, forskingsinfrastruktur og internasjonalt samarbeid utanfor Europa.

Kunnskapsdepartementet ferdigstilte våren 2008 ein strategi for Noregs samarbeid med EU om forskning og utvikling. Strategien skal bidra til at Noreg får mest mogleg nytte av deltakinga i rammeprogrammet og det europeiske forskingsområdet. For meir omtale av strategien, sjå del III kap. 5.

Noreg er part i bilaterale avtalar om forskning og teknologi med ein del utvalde land. Bilaterale avtalar er viktige for å gi forskningssamarbeidet eit løft og styrkje forskingspolitisk dialog og samarbeid på område av felles interesse. Kunnskapsdepartementet lanserte hausten 2007 ein strategi for auka samarbeid med Latin-Amerika innanfor forskning og høgre utdanning. Som ledd i oppfølginga

av strategien vart det våren 2008 inngått intensjonsavtalar om auka samarbeid med Brasil, Chile og Argentina på desse områda. Noreg har i 2008 òg inngått ein avtale om forskningssamarbeid med Frankrike, basert på gjensidige faglege prioriteringar. I 2009 skal dei nye intensjonsavtalene og dei etablerte forskings- og teknologiavtalene med andre prioriterte land som USA, Russland, India, Kina, Japan og Sør-Afrika følgjast opp vidare. Det skal mellom anna leggjast til rette for auka kontakt og samarbeid mellom fagmiljø i Noreg og desse landa gjennom bilaterale seminar innanfor gjensidig prioriterte område.

Det er lagt sterk vekt på forskning og innovasjon i det nordiske samarbeidet. Noreg har støtta opp om etableringa av *NordForsk* og *Nordiske innovasjonssenter* som dei viktigaste samarbeidsinstitusjonane på nordisk nivå. Dei nasjonale forskingsråda er dei sentrale aktørane i NordForsk. Det nordiske samarbeidet byggjer på nasjonale prioriteringar på område der nordisk samarbeid gir meirverdi. Det er etablert 16 nordiske sentre for framifrå forskning (*Nordic centres of excellence, NCoE*). NordForsk har sett i verk ei evaluering av dei første sentra. Evalueringa vil vere eit viktig grunnlag for å utvikle ordninga vidare. Dei nordiske landa arbeidar no òg for å etablere eit felles nordisk toppforskningsprogram om klima, energi og miljø frå 2009.

Kunnskapsdepartementet vil i 2009 styrkje løyvinga til arbeidet med bilateralt og nordisk forskningssamarbeid gjennom Noregs forskingsråd med 10 mill. kroner. Løyvinga kan også nyttast til internasjonale nettverkstiltak, som den norske EMBL-noden.

Kap. 283 Meteorologiformål

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
50	Meteorologisk institutt	212 538	221 677	231 431
72	Internasjonale samarbeidsprosjekt	42 215	41 155	51 215
	Sum kap. 283	254 753	262 832	282 646

Post 50 Meteorologisk institutt

Meteorologisk institutt står for den offentlege meteorologiske tenesta for sivile og militære formål. Oppgåvene til Meteorologisk institutt er mellom anna å varsle vêret, studere klimaet, drive forskings- og utviklingsarbeid, og å formidle resultata av arbeidet. Varsling av ekstreme vêrtilhøve og

dermed sikring av liv og verdiar har aller høgaste prioritet. Meteorologisk institutt har òg andre viktige beredskapsoppgåver. Beredskapstenestene omfattar mellom anna varsling ved atomulykker som gir utslepp til luft eller hav.

Instituttet lagar vêrvarsel for samfunnet generelt gjennom vêrvarslingssentralane i Tromsø, Bergen og Oslo. I tillegg er observasjonsstasjonar

spreidde over heile fastlandet og i Arktis. Instituttet har folk i arbeid på Jan Mayen, Bjørnøya, Hopen og Svalbard. Den aukande aktiviteten i nordområda krev gode vërmeldingar. Observasjonane frå nordområda er òg med på å dokumentere klimaendringar. Meteorologisk institutt er dessutan aleine om å ha personell på Bjørnøya og Hopen, og sikrar i så måte norsk nærvær.

Meteorologisk institutt er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter.

Rapport for 2007–08

Departementet er tilfreds med måloppnåinga til instituttet.

I samband med St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 1 (2005–2006) varsla Regjeringa at ho ikkje ville føre vidare arbeidet med å greie ut ei utskiljing av den kommersielle verksemda ved Meteorologisk institutt i eit eige selskap, men i staden vurdere alternativ innanfor nasjonalt og internasjonalt regelverk.

På bakgrunn av mellom anna ei vurdering av formålet med Meteorologisk institutt og den framtidige marknaden for kommersielle meteorologiske tenestar er det vedteke at marknadsavdelinga blir avvikla. Produksjonen av kommersielle tenester blir integrert i kjerneverksemda. I framtida vil instituttet avgrense den kommersielle aktiviteten til fagleg interessante oppdrag som vidareutviklar kompetansen til instituttet og dermed styrker kjerneverksemda. Normalt vil denne typen oppdrag vere forskingsbasert, som for eksempel utviklingsprosjekt for eigarar av infrastruktur som er viktig for samfunnet og følsam for vëret eller klimaforholda. Kommersiell verksemd som ikkje støttar oppunder kjerneverksemda, vil bli avvikla over tid. Instituttet har utarbeidd rutinar for å sikre at kommersiell aktivitet ògså etter nedlegginga av marknadsavdelinga vil følgje konkurranselovgevinga og regelverket for statsstønad. Det blir lagt til grunn at omlegginga over tid ikkje vil ha økonomiske konsekvensar for kjerneverksemda.

Eit av måla for instituttet for 2007 var å auke kvaliteten på regionale og lokale vërvarsel. Instituttet kan dokumentere ein positiv trend mot høgare kvalitet for modellbaserte vind- og temperaturvarsel i dei siste tolv åra.

Vërradaren på Andøya vart installert og sett i drift sommaren 2007, som instituttet sin sjette vërradar. Bygginga av ein radar på Sørøya i Vest-Finnmark starta i 2007, med planlagd ferdigstilling i 2008. Radaren vil dekkje Snøhvitfeltet.

Fleire automatiske vërstasjonar vart etablerte i 2007, og det vart innleidd samarbeid med fleire offentlege etatar om etablering og drift av vërstasjonar.

I september 2007 vart alle grunnlagsdata frå den offentlege meteorologiske tenesta gjorde gratis tilgjengelege, utan vilkår for bruken av data. Dette gjorde det mogleg å etablere *yr.no* – ein ny ikkje-kommersiell nettstad som er eit samarbeid mellom instituttet og NRK. Nettstaden har oppnådd god respons, og voks frå 200 000 unike brukarar kvar veke i august 2007 til 500 000 unike brukarar siste veke i desember 2007. Instituttet kan gjennom nettstaden dokumentere å ha oppnådd målet om å vere påliteleg, relevant og tilgjengeleg i kommunikasjonen.

Meteorologisk institutt fekk MMI-Synovates omdømmepris for 2007. Instituttets omdømme vart vurdert til å vere det beste blant samtlige statsetatar, ideelle organisasjonar og større aktørar i næringslivet.

Meteorologisk institutt hadde i 2007 som mål å betre kunnskapen om dagens klima i Noreg og om klimautvikling i fortid og framtid. Instituttets forskingsformidling vart styrkt gjennom eit samarbeid med Storm Weather Center om foredragsturane Himmel og Hav, i regi av Miljøverndepartementet. Turneen tok for seg klimaendringar og deira sannsynlege menneskeskapte årsaker. Det var rundt 100 foredrag med til saman 10 000 tilhørarar. Vidare har instituttet hatt mange førespurnader om foredrag, presentasjonar o.l.

Klimaforskarane ved Meteorologisk institutt har delteke i nasjonalt og internasjonalt samarbeid i ca. 25 klimaprojekt, og fire av klimaforskarane var hovud- eller medforfattar av IPCCs 2007-rapport. Vidare har klimaforskarane drive ei utstrakt publiserings- og foredragsverksemd, både fagleg og populært i inn- og utland. Målet om å utføre forskning av høg kvalitet for å forbetre den meteorologiske tenesta er såleis følgt godt opp av instituttet.

Mål for 2009

Dette er måla for Meteorologisk institutt i 2009:

- Meteorologisk institutt skal auke kvaliteten på varsla for vëret, hav og miljø.
- Meteorologisk institutt skal vidareutvikle sitt observasjonssystem for vërværslings- og klimaformål.
- Meteorologisk institutt skal utføre forskning av høg kvalitet for å betre den offentlege meteorologiske tenesta.
- Meteorologisk institutt skal betre kunnskapen om dagens klima i Noreg og om klimautviklinga i fortid og framtid.
- Meteorologisk institutt skal vere påliteleg, tilgjengeleg og relevant i all kommunikasjon.

Budsjettforslag for 2009

Departementet foreslår at løyvinga på posten blir ført vidare på same nivå som i 2008.

Post 72 Internasjonale samarbeidsprosjekt

Formålet med ordninga er å medverke til at Noreg kan ta del i internasjonale meteorologiske organisasjonar og prosjekt og slik medverke til og dra nytte av utvikling og forbetring av meteorologiske tenester. Mellom anna skjer det mykje internasjonal utveksling av data, kunnskap og metodar.

Midlane går i hovudsak til å innfri dei forpliktingane Noreg har til å betale kontingentutgifter i samband med norsk deltaking i følgjande internasjonale meteorologiorganisasjonar:

- Den meteorologiske verdsorganisasjonen (WMO)
- Den europeiske organisasjonen for utnytting av meteorologiske satellittar (EUMETSAT)
- Det europeiske senteret for mellomlange vêrvær (ECMWF)

- Europeiske samarbeidsprosjekt mellom dei meteorologiske institutta (EUMETNET, ECMET, EuroGOOS og HIRLAM)

Meteorologisk institutt er aktivt med i fleire internasjonale meteorologiorganisasjonar. I 2007 vart det arbeidd for at ei rekkje tiltak skulle gjennomførast for å auke kvaliteten på tenestene frå Meteorologisk institutt. Dette gjaldt mellom anna eit nytt system i WMO for utveksling av data mellom medlemslanda. I EUMETSAT arbeidde ein med førebuingar for nye satellittsystem, medan medlemslanda arbeidde med å ta i bruk data frå den nye polarbanesatellitten. Dei europeiske landa starta i 2007 ei ny felles varslingssteneste på innernett for farleg vær, Metealarm.

Det blir foreslått å auke løyvinga på posten med om lag 10 mill.kroner i høve til 2008. Budsjettendringa for 2009 skyldast i all hovudsak høgre kontingent til EUMETSAT, noko som heng saman med faseforskyving av utgifter.

Kap. 285 Noregs forskingsråd

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
52	Forskningsformål	1 087 421	1 082 631	1 184 345
55	Administrasjon	223 113	232 707	242 946
	Sum kap. 285	1 310 534	1 315 338	1 427 291

Post 52 Forskningsformål

Forskningsrådet får løyvingar frå fleire departement, sjå del III, kap. 5 Forsking og utvikling i statsbudsjettet for ein nærmare oversikt.

Forskningsløyvingane frå Kunnskapsdepartementet til Forskningsrådet går i all hovudsak over to kapittel: kap. 285 post 52 og kap. 286 post 50. Kap. 285 post 52 er Kunnskapsdepartementets løyving til grunnforskning innanfor alle fagområde. Kap. 286 post 50 gjeld overføring frå Fondet for forskning og nyskaping til Noregs forskingsråd, og finansierer m.a. tverrgående hovudprioriteringar i forskingspolitikken. Nokre av programma til Forskningsrådet blir finansierte med midlar både frå kap. 285 post 52 og kap. 286 post 50, og er omtalte under begge budsjettpostane. Kunnskapsdepartementet finansierer i tillegg utdanningsforskning, jf. omtale under kap. 226 og særskilte satsingar retta mot

universitets- og høgskolesektoren, jf. omtale under kap. 281.

Løyvinga på post 52 blir nytta til å finansiere grunnforskning innanfor alle fagområde. Posten dekkjer midlar til fri prosjektstøtte, forskingsprogram, vitenskapleg utstyr, internasjonaliseringstiltak og strategi- og informasjonsarbeid i Forskningsrådet. Forskningsløyvingane over denne posten er særleg retta inn mot å fremme kvalitet i breidda, dvs. forskning av god kvalitet uavhengig av fagområde. For 2007 vart det sett som mål at fri prosjektstøtte skulle bli prioritert, jf. B.innst. S. nr. 12 (2006–2007) og St.prp. nr. 1 (2006–2007) for Kunnskapsdepartementet. Måla for løyvinga for 2007 er nådde, sjå nærmare omtale på dei ulike fagområda.

Løyvinga til fagområda blir fordelt på fleire verkemiddel, der dei viktigaste er fri prosjektstøtte og støtte til ulike program. Fri prosjektstøtte er eit hovudverkemiddel for å sikre kvalitet og fornying i

grunnforskninga, uavhengig av fagområde og politiske føringar. Ordninga med fri prosjektstøtte skal fange opp forskarinitierte prosjekt med høgt potensial på ein rask og god måte. Fagfelleevaluering sikrar at dei beste prosjekta vinn fram i konkurransen.

Forskingsrådet tildelte totalt 422 mill. kroner i fri prosjektstøtte i 2007. Det er ein auke på 9 mill. kroner sidan 2006. Auken skriv seg i hovudsak frå

at stipendmidlane til fiskeri-, havbruks- og landbrukssektoren gradvis blir overførte frå dei brukarstyrte programma i Forskingsrådet til dei vitenskaplege fagkomiteane innanfor biologi og biomedisin. Totalt utgjorde den frie prosjektstøtta 39 pst. av løyvinga på kap. 285 post 52 i 2007.

Tabellen under syner fordelinga av fri prosjektstøtte per fagområde.

Tabell 4.14 Fri prosjektstøtte per fagområde. 1 000 kroner og prosent

	2006	2007	2006	2007
Humaniora	61 000	62 640	15 %	15 %
Samfunnsvitenskap	49 207	50 200	12 %	12 %
Biologi og medisin	120 536	125 800	29 %	30 %
Klinisk medisin og helse	45 460	45 950	11 %	11 %
Miljø og utvikling	25 920	25 920	6 %	6 %
Naturvitenskap og teknologi	110 500	111 345	27 %	26 %
Sum, fri prosjektstøtte	412 623	421 855	100 %	100%

Programløyvingar har som hovudformål å bygge opp kompetanse og utvikle kunnskap på tematisk avgrensa felt der Noreg har særskilde behov eller særskilde føresetnader. Løyvinga frå departementet går til grunnforskningsprogram og til delfinansiering av såkalla handlingsretta, eller anvende, program. For å følgje opp særleg viktige fag- og politikkområde har Forskingsrådet verkemiddelet *Store program*. Dei store programma er tverrgående, målretta satsingar som skal dekkje heile spek-

teret frå grunnforskning til næringsretta forskning. Midlar frå Kunnskapsdepartementet over denne posten går per 2008 inn i dei store programma *FUGE*, *NANOMAT*, *NORKLIMA* og *VERDIKT*. Programma er kort omtalte under kap. 286 post 50.

For meir omtale av forskingsverksemda og andre tiltak som blir finansierte av Noregs forskingsråd, sjå www.forskningsradet.no.

Løyvinga over post 52 er fordelt på følgjande fagområde og formål:

Tabell 4.15 Faglege løyvingar til Noregs forskingsråd. Fordeling på fagområde og særskilde formål (i mill. kroner)

Fagområde	2007	2008	2009
Humaniora	116	116	116
Samfunnsvitskap	97	98	98
Medisin og helse	144	144	144
Miljø og utvikling	50	48	72 ³
Naturvitskap og teknologi	373	374	375
Rekruttering	46	56	69
Vitskapleg utstyr, databasar og samlingar	10	10	80
Internasjonalisering ¹	108	95	96
FUGE	46	46	46
Ordning for finansiering av små driftsmidlar	40	40	40
Kommersialisering av forskingsresultat ²	7	7	0
Strategiske fellesfunksjonar og informasjon	46	46	46
Tverrfaglege tiltak	4	3	2
SUM	1 087	1 083	1 184

¹ Løyvinga inkluderer finansiering av den norske noden av eit nordisk senter i molekylærmedisin tilknytt European Molecular Biology Laboratory (EMBL).

² Løyvinga til programmet FORNY er flytt til kap. 281 post 50.

³ Inkluderer 24 mill. kroner til oppfølging av klimaforliket

Rapport for 2007–08

Humanistisk forskning

Av løyvinga på posten gjekk 116 mill. kroner til humanistisk forskning i 2007. I 2008 er tildelinga på same nominelle nivå.

I 2007 gjekk 54 pst. eller nær 63 mill. kroner av tildelinga til humanistisk forskning til fri prosjektstøtte. Dette er noko høgre enn nivået i 2006. Midlane gjekk til 85 prosjekt. Prosjekta er fordelte på dei fleste humanistiske faga, men hovudtyngda ligg innanfor språk- og litteraturfaga, historie og idéfaga. Prosjektfinansieringa gjennom den frie prosjektstøtta har stimulert til fleire større samarbeidsprosjekt innanfor dei humanistiske forskingsmiljøa. Slike samarbeidsprosjekt blir i aukande grad leidde av kvinner. Innanfor fri prosjektstøtte vart det i humanistisk forskning løyvd midlar til 24,8 doktorgradsårverk (61 pst. kvinner) og 37,6 postdoktorårverk (58 pst. kvinner).

Forskringsrådet har halde fram med arbeidet for å fremme kvalitet i humanistisk forskning. Delar av løyvinga til humanistisk forskning går også til *Institusjonsforankra strategiske prosjekt (ISP)*, som følgjer opp fagevalueringar. Ein internasjonalt samansett komité har i løpet av 2007 evaluert den historiefaglege forskinga i Noreg. Evalueringa

viser at Noreg har gode miljø innanfor fleire fagfelt og periodar, og at historiefagleg forskning står sterkt i samfunnsdebatten. Vidare har arbeidet med ein nasjonal strategi for humanistisk forskning stått sentralt i Forskringsrådets arbeid i 2007.

Forskringsrådets første program for samisk forskning vart avslutta 2006. *Program for samisk forskning II* vart starta opp i 2007 med ein prosjektperiode fram til 2017. Programmet legg vekt på sentrale utfordringar for samisk forskning, mellom anna rekruttering, formidling og styrking av samisk som vitskapsspråk.

Løyvingane finansierer også nokre strategiske grunnforskningsprogram på sentrale område for humanistisk forskning. Eit av desse er *Program for kulturforskning*, som vart avslutta i 2007. *Program for kulturforskning* har vore den største programsatsinga innanfor humaniora, og har hatt som mål å utvikle den teoretiske og allmenne forståinga av samfunn og kultur.

Samfunnsvitskapleg forskning

Av løyvinga på posten gjekk om lag 97 mill. kroner til samfunnsvitskapleg forskning i 2007. I 2008 er tildelinga om lag 98 mill. kroner.

I 2007 gjekk 52 pst. av midlane, eller 50 mill. kroner, for samfunnsvitskapleg forskning til fri prosjektstøtte. Det er om lag same nivå som i 2006. Om lag 70 prosjekt får støtte gjennom desse midlane, der statsvitskap er det største enkeltfaget. Sjølv om søknadene er av god kvalitet, er det berre ein liten del av søknadene som blir innvilga støtte. I 2007 fekk ti av totalt 113 søknader støtte.

Forskringsrådet har òg gjennomført andre tiltak som fremmer kvalitet i forskning. Evalueringa av norsk økonomifagleg forskning vart sluttført i 2007. Det internasjonale utvalet konkluderte med at den økonomifaglege forskinga held eit høgt fagleg nivå. Nokre miljø er i den internasjonale forskingsfronten, mens mange har forskingsresultat som er internasjonalt synlege. Andre miljø er små og treng å spisse kompetansen og den internasjonale profilen. Utvalet peiker også på at forskarutdanninga kan bli betre. Forskringsrådet skal lage ein plan for oppfølging av evalueringa i samråd med det nasjonale faglege rådet for samfunnsøkonomi.

Løyvinga innanfor samfunnsvitskapleg forskning går òg til å finansiere ei rekkje andre grunnforskningsprogram. Dei største grunnforskningsprogramma i 2007 var *Program for kvinne- og kjønnsforskning* og *Kommunikasjon, IKT og medier*. Dei handlingsretta programma med størst finansiering i 2007 var *Velferdsprogrammet*, *Arbeidslivsforskning* og *Internasjonal migrasjon og etniske relasjonar*. Meir forskning og styrkt kunnskapsgrunnlag er eit viktig verkemiddel for å auke kvaliteten i utdanningssektoren. Det nye programmet for utdanningsforskning vil i 2009 bli finansiert over kap. 226, 258 og 281. Sjå også omtale i del III, kap. 5 Forsking og utvikling i statsbudsjettet.

Totalt innanfor samfunnsvitskapleg forskning vart det finansiert 30 doktorgradsårsverk (44 pst. kvinner) og tolv postdoktorårsverk (70 pst. kvinner). Innanfor fri prosjektstøtte vart det i samfunnsvitskapleg forskning løyvd midlar til 24 doktorgradsårsverk (41 pst. kvinner) og elleve postdoktorårsverk (63 pst. kvinner).

Medisinsk og helsefagleg forskning

Av løyvinga på posten gjekk 144 mill. kroner til medisinsk og helsefagleg forskning i 2007. I 2008 er tildelinga på same nominelle nivå.

I 2007 gjekk over tre firedelar av midlane til fri prosjektstøtte. Dette er om lag same nivå som i 2006. Midlane er fordelte på i alt 174 prosjekt innanfor molekylær biovitskap og bioteknologi, fysiologiske og anatomiske fag, klinisk medisin og samfunnsmedisin. Om lag 95 pst. av midlane er fordelte til universiteta, resten til instituttsektoren og til utlandsstipend.

Forskringsrådet ferdigstilte i 2007 ein policy for medisinsk og helsefagleg forskning for perioden 2007–12. Policyen gir ei framstilling av helsetilstanden i befolkninga, status og utfordringar for faga og ressursstraumane til den offentleg finansierte medisinske og helsefaglege forskinga. På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet la Forskringsrådet i juli 2008 òg fram rapporten «Gode biobankar – betre helse» om utnytting av biobankar og helseregister til forskning. Rapporten tilrår ei langsiktig, nasjonal plattform for biobankar og helsedata til bruk i forskning, der eit nasjonalt råd og regionale senter skal fremme koordinering. Rapporten tilrår òg ein nasjonal infrastruktur for utnytting og utveksling av data og ei forskningssatsing for å utnytte dette. Forskringsrådet arbeider vidare med spørsmålet om kommersiell utnytting av biobankar og helseregister i 2008. Rapporten ligg no til oppfølging i Kunnskapsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet.

Evaluering er eit viktig verkemiddel for å fremme kvalitet. For å følgje opp evalueringa av den farmasøytiske forskinga frå 2006 etablerte Forskringsrådet i 2007 eit fagutval for å gi råd om vidare utvikling av norsk farmasøytisk forskning. Forskringsrådet evaluerte òg i 2007 *Nordic Centre of Excellence programme in Molecular Medicine* og *Sars International Center for Marine Molecular Biology*. Evalueringa vurderte sentra som vellykka, og trakk særleg fram forskarutdanningsprogramma. Begge sentra vart førte vidare.

I 2007 vart 48 doktorgradsårsverk og 47 postdoktorårsverk finansierte innanfor tildelinga til fri prosjektstøtte. Det vart løyvd 12,3 mill. kroner til studentforskning.

Miljø og utvikling

Av løyvinga på posten i 2007 gjekk om lag 50 mill. kroner til forskning på miljø og utvikling. I 2008 er tildelinga om lag 48 mill. kroner. Over halvparten av tildelinga, 26 mill. kroner, gjekk til fri prosjektstøtte. Fri prosjektstøtte medverkar vesentleg til rekruttering gjennom doktorgrads- og postdoktorstipend.

Resten av tildelinga til miljø og utvikling gjekk til ulike program i Forskringsrådet. Det største programmet var *Norsk miljøforskning mot 2015*, som hadde si første utlysing i 2007. Andre program som fekk tildelt midlar, var *NORKLIMA – Klimaendringar og konsekvensar for Noreg* og *programmet Eit berekraftig samfunn*.

I 2007 vart norsk utviklingsforskning evaluert av eit internasjonalt ekspertpanel. Ekspertpanelet konkluderte med at forskinga er omfattande, har

høg kvalitet og i stor grad blir publisert i internasjonalt anerkjende tidsskrift, men at det er ei utfordring å kombinere relevans og kvalitet og å utvikle berekraftig kompetanse i ein fragmentert forskingsstruktur. Panelet tilrår å styrkje forskarinitiert, fri forskning og auke den langsiktige finansieringa. Forskingsrådet arbeider med å følgje opp evalueringa, mellom anna med ein gjennomgang av organseringa av verkemidla som Forskingsrådet har innanfor utviklingsforskning.

Naturvitenskapleg og teknologisk forskning

Av løyvinga på posten gjekk om lag 374 mill. kroner til naturvitenskapleg og teknologisk forskning i 2007. I 2008 er løyvinga på same nominelle nivå.

43 pst. av midlane, eller 160,6 mill. kroner, gjekk til fri prosjektstøtte innanfor naturvitenskapleg og teknologisk forskning. Midlane finansierte i alt 225 prosjekt.

I 2007 vart den nasjonale elektroniske infrastrukturen (eInfrastrukturen) for forskning opprusta monaleg gjennom programmet *eVITA (eVitskap-, Infrastruktur, Teori og Anvendelser)*. Gjennom dette vart mellom anna tungreknepasiteten styrkt, ein nasjonal GRID-infrastruktur etablert og eit nasjonalt system for handtering og lagring av forskingsdata starta opp.

Løyvinga til IKT-senteret Simula på Fornebu vart i 2007 ført vidare med ei samla ramme på 49 mill. kroner. Av desse kom 29 mill. kroner frå Kunnskapsdepartementet. I tillegg vart det over kap. 286 post 50 i 2006 løyvd 5 mill. kroner til forskarskole ved Simula. Forskarskolen vart opna i mai 2007.

32,6 mill. kroner av tildelinga gjekk til programmet NANOMAT, jf. også omtale under kap. 286 post 50.

Løyvinga finansierer òg følgjande grunnforskningsprogram knytte til internasjonale forskingsorganisasjonar: Kjerne- og partikkelforskning (CERN), Romforskning (European Space Agency, European Incoherent Scatter Scientific Association, Nordic Optical Telescope) og ESRF-følgjeforskning (European Synchrotron Radiation Facility).

I 2007 vart det utarbeidd ein femårig plan for gjennomføring av fagevalueringar. Kjemifaga i universitets- og høgskolesektoren vil bli evaluerte i løpet av 2008.

Totalt innanfor naturvitenskapleg og teknologisk forskning vart det finansierte 122 doktorårsverk (30 pst. kvinner) og 132 postdoktorårsverk (22 pst. kvinner) i 2007.

Rekruttering

Tildelinga til rekruttering gjeld ordninga med *Yngre framifrå forskarar* (YFF) og rekruttering av forskarar innanfor fiskeri-, havbruks- og landbrukssektoren.

Tildelinga til ordninga *Yngre framifrå forskarar* (YFF) var om lag 30 mill. kroner i 2007 og tilsvarende i 2008. Ordninga mottek også midlar over kap. 286 post 50. Ordninga gir yngre, særskilt talentfulle forskarar på alle fagområde ekstra gode rammevilkår for at dei skal nå internasjonal toppklasse og utvikle seg til gode framtidige forskingsleiarar. Dei prosjekta som vart tildelte midlar i den første utlysinga, kan vise til mange utgivingar i 2007, mellom anna 151 artiklar i vitenskaplege tidsskrift med referee, og fleire oppslag i massemedia. I 2006 lyste Forskingsrådet ut midlar til nye YFF. Tildeling vart gitt til 20 prosjekt/kandidatar, av desse er åtte kvinner. Hovudtyngda av desse prosjekta har komme i gang, men det er for tidleg å seie noko om resultata av den siste tildelinga.

Av løyvinga på posten gjekk om lag 16 mill. kroner til rekruttering av forskarar innanfor fiskeri-, havbruks- og landbrukssektoren i 2007. I 2008 var tildelinga likeins 16 mill. kroner. Midlane finansierer om lag 15 doktorgradsårverk (60 pst. kvinner) og åtte postdoktorårsverk (42 pst. kvinner).

10 mill. kroner av løyvinga til rekruttering gjekk i 2008 til oppretting av eit nytt verkemiddel *nasjonale forskarskolar*. Forskarskolar skal gi høgare kvalitet i forskarutdanninga gjennom å styrkje strukturelle løp og fagleg fellesskap, og departementet ventar at forskarskolane skal medverke til auka fullføringsgrad i forskarutdanninga. Forskingsrådet vedtok i september 2008 å gi tilskott til oppretting av fem forskarskolar. Skolane vart valde ut blant 27 gode søknader. Frå 2009 vil tildelinga til nasjonale forskarskolar over denne posten vere 20 mill. kroner. Forskingsrådet kan òg nytte forskarskole som eit verkemiddel innanfor programsatsingane sine.

Vitskapleg utstyr

I 2007 var tildelinga til innkjøp av vitenskapleg utstyr over denne posten 10 mill. kroner. I tillegg har Forskingsrådet i 2007 tildelt 23 mill. kroner til slikt utstyr av avkastninga frå Fondet for forskning og nyskaping. Ut ifrå eit ønske om å redusere dei budsjettmessige overføringane og møte nokre av behova på utstyrssida vart i tillegg 200 mill. kroner av Forskingsrådets likviditet nytta til vitenskapleg utstyr og e-infrastruktur i 2007. Den største tildelinga, 70 mill. kroner, gjekk til Uninett Sigma AS til investeringar i elektronisk infrastruktur og tungre-

knekapasitet, noko som tener både universitets- og høgskolesektoren, industrien og institutta.

Forskringsrådet utarbeidde i 2007 *Verktøy for forskning – nasjonal strategi for forskningsinfrastruktur (2008–17)*. Strategien, som vart lagd fram tidleg i 2008, omfattar vitskapleg utstyr, storskala forskingsfasilitetar, elektronisk infrastruktur og vitskaplege databasar og samlingar. Strategien presenterer både nasjonal og internasjonal forskingsinfrastruktur. Kunnskapsdepartementet og Forskringsrådet arbeider saman for å følgje opp og utvikle strategien, ikkje minst med tanke på balansen mellom nasjonale og internasjonale investeringar.

Internasjonalisering

Løyvinga gjeld det arbeidet Noregs forskingsråd gjer for å styrkje norsk deltaking i internasjonalt forskningssamarbeid, og omfattar mellom anna EU-samarbeid, bilateralt samarbeid og nordisk samarbeid.

Tildelinga til internasjonalisering var 103 mill. kroner i 2007 og 90 mill. kroner i 2008. Nedgangen hang saman med utfasinga av SAM-EU-ordninga, jf. omtale nedanfor. Tiltak for å stimulere norske miljø til deltaking i EUs sjuande rammeprogram (2007–13) har hatt høg prioritet.

Innanfor prioriterte område er ordninga med spesifikke retta tiltak vidareført. Dette gjeld særleg innanfor det multilaterale samarbeidet i Europa, men òg delar av det bilaterale samarbeidet. Prosjektetableringsstøtta vart vidareført for å stimulere deltaking i søknader til EUs sjuande rammeprogram, *EUREKA* (inkl. Eurostars) og EØS-finansieringsordninga. I tillegg vart det etablert ei eige ordning for tilleggfinansiering av ut- og inngåande mobilitet for norske og utanlandske forskarar med opphald i Noreg som har fått tildelt Marie Curie-stipend i EUs sjuande rammeprogram.

Samfinansieringsordninga med nasjonalt tilskott til forskingsinstitutt som oppnår tildeling frå EUs rammeprogram (SAM-EU), er fasa gradvis ut i 2007. Dette kjem av at støttesatsane i sjuande rammeprogramme er auka. I 2007 vart det nytta totalt 63,2 mill. kroner til samfinansieringsordninga, fordelte på 218 prosjekt. Ordninga har vore basert på løyvingar frå ulike departement, og har vore sentral for å stimulere til deltaking frå norske forskingsinstitutt i det sjette rammeprogrammet.

I tillegg til å finansiere prosjekt baserte på opne utlysingar, tilsvarende tidlegare rammeprogram, tek det sjuande rammeprogrammet i langt større grad sikte på å bidra til vekst og sysselsetjing i Europa. Dette kjem særleg til uttrykk i tiltak som ligg utanfor, men er delfinansierte av rammepro-

grammet. Forskringsrådet har arbeidd aktivt for å fremme norsk deltaking, mellom anna i europeiske teknologiplattformar og felleseuropeiske teknologiinitiativ (JTI). Etableringa av det europeiske forskingsrådet (ERC) og Det europeiske instituttet for innovasjon og teknologi (EIT) er òg eksempel på ei institusjonalisering av forskningssamarbeid i regi av EU.

Nasjonale ekspertar i Kommisjonen medverkar til at Noreg får auka nytte av deltakinga i rammeprogrammet. Det var i 2007 seks norske nasjonale ekspertar innanfor forskning i Europakommisjonen.

Det bilaterale forskningssamarbeidet er prioritert og har fått auka merksemd i dei siste åra. Forskringsrådet er pålagt eit ansvar for å fremme samarbeid med dei prioriterte landa USA, Canada, Russland, Kina, Japan, India, Frankrike og Sør-Afrika. Hovudkanalen for finansiering av bilateralt og anna internasjonalt samarbeid er dei regulære verkemidla i Forskringsrådet. I tillegg blir det gitt støtte til samarbeid med desse landa gjennom særskilde stimuleringsmiddel, den såkalla Bilatordninga. Formålet med Bilatordninga er å stimulere norske forskingsmiljø til å etablere og utvide kontakt med partnarar i dei prioriterte samarbeidslanda. Bilatordninga har vore ei open etterspurnadsdriven ordning i tre år (2005–07). For dei kommande åra blir ordninga justert slik at ho blir tettare integrert med dei regulære verkemidla og aktivitetane i Forskringsrådet. I 2007 vart 128 nye prosjekt tildelte støtte for til saman 17,2 mill. kroner.

Internasjonalt forskningssamarbeid knytt til nordområda har vore prioritert i Forskringsrådet, særleg samarbeid med USA, Russland og sentrale EU-land. Nordisk forskningssamarbeid er styrkt gjennom organisasjonen NordForsk, som har ansvar for nordisk samarbeid innanfor forskning og forskarutdanning.

Gjennom Leiv Eiriksson mobilitetsprogram for norsk-amerikansk forskningssamarbeid vart det i 2007 gitt støtte til 48 stipend med ei samla ramme på vel 6 mill. kroner.

FUGE

FUGE er oppretta for å styrkje forskning og kompetanseutvikling innanfor funksjonell genomforskning i Noreg. Funksjonell genomforskning har som mål å finne ut kva for funksjon gen og protein har, og korleis dei verkar saman. Tildelinga over denne posten var på 46 mill. kroner i 2007. I 2008 er tildelinga på same nominelle nivå. Det totale budsjettet for *FUGE* er 173 mill. kroner.

FUGE gjekk i 2007 over i ny fase, kalla *FUGE II*, der vidareutvikling av teknologiplattformar står

sentralt. Plattformene er nasjonale service- og kompetansesenter innanfor ulike spesialområde. Gjennom to særst godt søkte utlysingar i 2007 vart det løyvd midlar til 41 prosjekt, hovudsakleg innanfor medisin og marin bioteknologi. I 2007 vart òg 16 forskingsprosjekt avslutta. Fleire av desse har resultert i viktige forskingsgjennombrøtt mellom anna knytte til nytt verktøy for å oppdage brystkreft og ny kunnskap for utvikling av metodar for behandling av hjertesvikt og hjerneslag.

Internasjonalt deltek *FUGE* i tre *ERA-net*, jf. kap. 288 post 73. *FUGE* deltek også i internasjonalt samarbeid innanfor marin forskning på dei viktigaste fiskeartane i Noreg, mellom anna i eit samarbeid med USA og Canada for å få kartlagd gena til laks.

Ordning for finansiering av små driftsmidlar

Sidan 2006 har det årleg vore løyvd 40 mill. kroner til ei mellombels ordning for å auke tilgangen på små driftsmidlar til vitskapleg tilsette ved universitet og høgskolar. Dette er i tråd med dei føringane som er gitte av departementet. I samsvar med forslaget i St.meld. nr. 20 (2004–2005) er ordninga meint å vare til 2010. Sjå nærmare omtale i St.prp. nr. 1 (2005–2006) for Utdannings- og forskingsdepartementet. I 2007 vart det gitt midlar til alle dei 42 institusjonane som søkte ordninga. Institusjonane set stor pris på ordninga og understrekar at relativt små driftsmidlar har stor verdi for det einskilde forskingsmiljøet.

Kommersialisering av forskingsresultat

Kommersialisering av forskingsresultat og oppfinningar frå universitet og høgskolar er eit mål for Regjeringa. I 2007 vart det i alt løyvd om lag 13 mill. kroner frå Kunnskapsdepartementet til FORNY-programmet, som er eit integrert samarbeid mellom Forskringsrådet og Innovasjon Norge. Løyvinga gjekk til teknologioverføringskontora ved universiteta og infrastrukturtiltak ved institusjonane i universitets- og høgskolesektoren. Frå 2009 er løyvinga til FORNY frå Kunnskapsdepartementet samla på kap. 281 post 50.

Strategiske fellesfunksjonar og informasjon

Dei strategiske fellesfunksjonane i Forskringsrådet omfattar m.a. forskingspolitisk rådgiving, styrking av kunnskapsgrunnlaget for forskings- og innovasjonspolitikken, formidlingstiltak og arbeid med å styrkje den rolla Forskringsrådet har som møteplass for aktørane i forskningssystemet.

Av løyvinga på posten gjekk 46 mill. kroner til strategiske fellesfunksjonar og informasjon i 2007. I 2008 er løyvinga på same nominelle nivå.

Midlane gjekk mellom anna til å finansiere nasjonal FoU-statistikk, arbeid for likestilling i forskning, dei nasjonale etiske komiteane samt til å finansiere ulike informasjons- og formidlingstiltak.

Kunnskapsdepartementet oppretta i 2007 ein ny *Komité for integreringstiltak – Kvinner i forskning* (KiF-komiteen). Det vart avsett til saman 3 mill. kroner til dette arbeidet i 2007, der 1,5 mill. kroner vart tildelte via Forskringsrådet.

Forskringsrådet har forvaltningsansvaret for dei tre nasjonale forskningsetiske komiteane, og for det nasjonale *Granskningsutvalget for redelighet i forskning* som vart oppretta i 2007.

Forskringsrådet har i 2007 halde fram med utvikling av formidlingstiltak retta mot allmenta. Nettstaden *forskningsradet.no* er den viktigaste informasjonskanalen for Forskringsrådet. Gjennom 2007 har Forskringsrådet arbeidd med å forbetre og forenkle nettstaden. Bladet *Forskning* merkar ein jamt stigande etterspurnad, og opplaget kom i 2007 opp i 20 000. Nettstaden *forskning.no* er vel etablert som kjelde til nyhende frå norsk og internasjonal forskning. Forskringsrådet har i 2007 systematisert og intensivert bruken av nettstaden som kanal for nyhende frå eiga verksemd og eigne forskingsprogram.

Mål for 2009

Forskringsrådet skal i 2009 nytte løyvingane på posten til

- å syte for at dei beste forskingsmiljøa får gode vilkår uavhengig av fagområde,
- å følgje opp dei tematiske og teknologiske prioriteringane i forskingsmeldinga,
- å medverke til god og balansert rekruttering til norsk forskning, med vekt på postdoktorinnivå,
- å syte for hensiktsmessig nasjonal arbeidsdeling og prioritering i samband med store investeringar i vitskapleg utstyr og infrastruktur,
- å medverke til styrkt internasjonalisering av norsk forskning,
- å drive systematiske fag- og disiplinevalueringar og følgje opp desse og
- å arbeide aktivt for likestilling.

Budsjettforslag for 2009

Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 285 post 52 med om lag 102 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2008. Auken er i hovudsak knytt til ei eittårig satsing på forskingsinfrastruktur på 80 mill. kroner og Kunnskapsdepartementets del av

FoU-løyvingane knytte til klimaforliket, som utgjør 24 mill. kroner. Midlane frå klimaforliket skal nyttast til grunnforskning, rekruttering og utstyr innanfor forskning om fornybar energi og fangst og lagring av karbondioksid.

Den eittårige satsinga på forskingsinfrastruktur må sjåast i samanheng med øyremerkinga av avkastninga frå 4 mrd. kroner av den auka fondskapitalen til Fondet for forskning og nyskaping, jf. kap. 286. Det vil gi om lag 190 mill. kroner årleg til forskingsinfrastruktur frå 2010. Kunnskapsdepartementet foreslår også at ubrukte midlar frå gåveforsterkingsordninga blir omdisponerte til forskingsinfrastruktur ved kvart årsskifte, jf. omtale under kap. 286 post 50.

Styrkinga er vidare knytt til ei eittårig løyving til forskingsaktivitetar på Svalbard på 2 mill. kroner, 2,7 mill. kroner til fem nye rekrutteringsstillingar i nordområda, og ti nye nærings-ph.d frå 1. september 2009 (1/3 av årleg løyving det første året).

Kunnskapsdepartementet foreslår vidare at 10 mill. kroner av frigjorte midlar frå SAM-EU-ordninga i 2009 nyttast til å styrkje bilateralt og nordisk forskningssamarbeid, samt ei eventuell styrking av den norske EMBL-noden.

Det er òg omdisponert midlar på posten for å finansiere ein auke i løyvinga til forskarskolar på 10 mill. kroner til 20 mill. kroner i 2009. 7 mill. kroner til programmet FORNY er trekte ut av posten og flytt til kap. 281 post 50.

Avkastninga frå Forskingsfondet er knytt til rente på kapitalinskotta i Fondet. Største delen av løyvinga på posten er avkastning frå Fondet. Løyvinga blir derfor i hovudsak ført vidare på same nominelle nivå som i 2008, og skal fordelast om lag slik som vist i tabell 4.15. I tillegg til løyvingane over post 52 blir tilsegnfullmakta ført vidare på same nivå som i 2008, dvs. 37,5 mill. kroner, jf. forslag til vedtak III nr. 1.

Post 55 Administrasjon

Administrasjonsutgiftene til Noregs forskingsråd blir finansierte av Kunnskapsdepartementet på vegner av alle departementa. I 2007 utgjorde løyvinga på denne posten om lag seks pst. av dei samla løyvingane frå departementa til Forskingsrådet. I 2007 var 365,5 årsverk knytte til administrasjonen. Det er ein auke på 22 årsverk i høve til 2006. 60,6 pst. av årsverka vart utførte av kvinner, om lag same nivå som i dei siste åra.

Forskingsrådet arbeider kontinuerleg for å styrkje rolla si som forskingspolitisk rådgivar. Som

ein del av dette arbeidet har Forskingsrådet gjennomført ein omfattande dialog med leiinga i dei ulike departementa gjennom bilaterale møte.

Eigedomsføringane i Forskingsrådet gjeld drift av eigedommar som er eigde av Forskingsrådet, men som blir disponerte av andre institusjonar. I samsvar med vedtak i Hovudstyret er omfanget av eigedomsmassen redusert, slik at det ved utgangen av 2007 berre var Informatikkbygningen ved Universitetet i Oslo som sto att. Frå 1. juli 2008 vart Informatikkbygningen overført til universitetet, jf. St.prp. nr. 59 (2007–2008) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet.

Riksrevisjonen peikte på det dei meiner er veikskapar i dei handlingsretta forskingsprogramma til Forskingsrådet, jf. Dokument nr. 3:6 (2004–2005). Det gjaldt særleg målformuleringane i programma og rapportering og brukarretta formidling frå programma. Forskingsrådet har gjennomført fleire tiltak for å sikre betre styring av og formidling frå programverksemda. Mellom anna har Forskingsrådet utarbeidd nye retningslinjer for styring og administrasjon av forskingsprogram. Ein ny strategi for brukarretta og allmennretta formidling vil bli teken i bruk i 2008.

Det har i dei siste to åra vore merksemd kring dei høge budsjettmessige overføringane i Noregs forskingsråd. Dei budsjettmessige overføringane frå 2007 til 2008 er på tilnærma same nominelle nivå som året før. I lys av at det disponible budsjettet til Forskingsrådet har auka, er dette relativt sett ei betring frå året før. Departementet er nøgd med dei tiltaka som Forskingsrådet har sett i verk for å redusere dei budsjettmessige overføringane. Prognoser frå Forskingsrådet tyder på at overføringane frå 2008 til 2009 går ned. Departementet vil framleis følgje med på utviklinga i overføringane i Noregs forskingsråd.

Departementet understrekar at det er naturleg med eit visst nivå på dei budsjettmessige overføringane i Noregs forskingsråd. Den viktigaste rolla til Forskingsrådet er å vidarefordele forskingsmidlar ut i forskingssektoren etter nasjonal konkurranse og slik syte for kvalitet og relevans i den forskinga som blir utført. Dette krev god planlegging og strenge krav til kvalitetssikring og oppfølging. Gode prosessar krev igjen tid, og frå utlysing av eit program til utbetaling, via søknad og kvalitetsvurdering og tildeling, går det nærmare eitt år. Ein må derfor vente at Noregs forskingsråd alltid vil måtte overføre ein større del av løyvingane sine til påfølgjande år enn det som er vanleg for institusjonar som mottok løyvingar til eiga drift.

Mål for 2009

- å arbeide aktivt for likestilling både som arbeidsgjevar og myndighetsutøvar

Forskringsrådet skal i 2009 syte for:

- å ha ei god personal- og økonomiforvaltning som sikrar effektiv utnytting av dei administrative ressursane i tråd med Forskringsrådets mål

Budsjettforslag for 2009

Løyvinga til administrasjon av Noregs forskingsråd blir ført vidare på same nivå som i 2008.

Kap. 286 Forskringsfond

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
50	Fondet for forskning og nyskaping, overføring til Noregs forskingsråd	940 226	939 560	929 517
95	Fondskapital - Fondet for forskning og nyskaping	10 000 000	6 000 000	6 000 000
96	Fondskapital - Regionale forskingsfond			6 000 000
	Sum kap. 286	10 940 226	6 939 560	12 929 517

Løyvinga på kap. 286 utgjer 12,9 mrd. kroner. Aukn frå saldert budsjett 2008 skriv seg frå at Regjeringa foreslår å opprette regionale forskingsfond med ein fondskapital på 6 mrd. kroner.

Post 50 Fondet for forskning og nyskaping, overføring til Noregs forskingsråd

Rapport for 2007–08

Noregs forskingsråd er ansvarleg for fordelinga av den delen av avkastninga frå Fondet for forskning og nyskaping som blir løyvd over kap. 286. Løyvinga i 2007 var på om lag 940 mill. kroner og gjekk til følgjande formål:

Tabell 4.16 Midlar frå Fondet for forskning og nyskaping. Fordeling etter verkemiddel. 2007

Verkemiddel	mill. kroner
Store program	271
Andre programsatsingar	165
Frittstående prosjekt	79,7
Infrastruktur og institusjonsstøtte	341
Forvaltning	80
Diverse FoU	3,5
Sum	940,2

Kvalitet er det fremste kriteriet for tildeling av midlar frå Forskringsfondet. Forskarutdanning og internasjonalisering er sentrale element i dei ulike satsingane. Fondet medverkar til målet om å auke talet på rekrutteringsstillingar. I 2007 finansierte midlar frå fondet om lag 299 doktorgradsårverk og 159 postdoktorårverk. Av doktorgradsårverka var 36 pst. kvinner mens kvinnene utgjorde 32 pst. av postdoktorårverka. Når ein samanliknar med

2006, har delen kvinner auka blant doktorgradsstipendiatane, mens delen kvinner er på om lag same nivå blant postdoktorane.

Fondet blir nytta til å følgje opp dei strukturelle, tematiske og teknologiske prioriteringane i forskingsmeldinga. Dei tematiske satsingane som er forskning innanfor energi og miljø, hav, mat og helse og teknologiområda IKT, nye materialar og bioteknologi, blir følgde opp gjennom ulike pro-

gram. Særleg er dei *store programma* viktige for realisering av dei tematiske og teknologiske prioriteringane i forskingspolitikken. Til dømes er fondsfinansieringa av FUGE (funksjonell genomforskning) eit viktig bidrag for prioriteringane av bioteknologi og helse.

Dei *store programma* får finansiering frå mange departement i tillegg til finansieringa frå Forskingsfondet. I 2007 hadde dei store programma ei samla budsjetttramme på 967 mill. kroner. Om lag 29 pst. av fondsmidlane var i 2007 nytta til tematiske satsingar gjennom dei sju store programma i Forskringsrådet.

Dei sju store programma i Forskringsrådet er:

- *FUGE* (funksjonell genomforskning) dekkjer fagleg breitt innanfor biologisk grunnforskning, bioinformatikk samt marin og medisinsk forskning.
- *NANOMAT* tek sikte på å skaffe ny kunnskap for industriutvikling innanfor energi- og miljøteknologi, nanostrukturerte materialar, materialar for IKT, sensorar og smarte materialar, og for å utnytte nye materialar og nanoteknologi innanfor helse og velferd.
- *VERDIKT* skal medverke til at Noreg blir leiande i å utvikle og bruke kunnskap for samhandling, innovasjon og verdiskaping i eit IKT-basert nettverkssamfunn.
- *HAVBRUK* skal sikre og vidareutvikle det faglege grunnlaget for marknadsretta miljø- og ressursvennleg produksjon av akvatiske organismar.
- *NORKLIMA* skal skaffe kunnskap om klimasystemet, klimaendringar og korleis klimaendringar verkar på natur og samfunn.
- *RENERGI* skal utvikle kunnskap og løysingar som grunnlag for miljøvennleg, økonomisk og rasjonell forvaltning av energiressursane i landet, høg forsyningssikring og internasjonalt konkurransedyktig næringsutvikling tilknytt energisektoren.
- *PETROMAKS* skal gjennom styrkt kunnskapsutvikling, næringsutvikling og internasjonal konkurransekraft medverke til at petroleumsressursane skapar auka verdi for samfunnet.

Under kategorien *Andre programsatsingar* er det særleg *Brukarstyrt innovasjonsarena* (BIA), *GASSMAKS – Auka verdiskaping frå naturgass* og *Det internasjonale polaråret* (IPY) som har vorte finansierte gjennom avkastninga frå fondet. Satsingane er i tråd med dei føringane som vart gitte for 2007. I 2007 vart mellom anna 80 mill. kroner av den auka fondsavkastninga øyremerkte ei satsing på *Det internasjonale polaråret* (IPY). Satsinga har gitt norsk polarforskning eit kraftig løft. Ei rekkje

land deltek, og Noreg og norske forskingsmiljø har fått ei sentral rolle i det internasjonale programmet. Dei fleste prosjekta starta opp i 2007, og det er derfor for tidleg å rapportere om forskingsresultata av satsinga.

Fondsfinansieringa innanfor *Frittstående prosjekt* er dominert av *STORFORSK* og ordninga med *Yngre framifrå forskarar* (YFF). *STORFORSK* har som mål å styrkje den frie grunnforskninga ved å støtte større prosjekt med høg risiko og vitskapleg dristigheit. Dette er prosjekt som det vanlegvis ikkje er rom for å dekkje innanfor den frie prosjektstøtta. Midlane har mellom anna gått til å finansiere eit prosjekt ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet i skjeringsfeltet mellom biologi og matematikk. Prosjekta har vore særlykka med mange publiseringar i anerkjende tidskrift og mange medieoppslag. I 2007 vart ordninga tildelt 62 mill. kroner.

Ordninga med YFF skal gi yngre talentfulle forskarar innanfor alle fagområde ekstra gode rammevilkår, slik at dei kan nå internasjonal toppklasse. Ordninga blir òg finansiert over kap. 285 post 52, sjå omtale under dette kapitlet om mellom anna dei resultata ordninga har gitt.

Kategorien *Infrastruktur og institusjonsstøtte gjeld* mellom anna *Senter for framifrå forskning* (SFF) og *Senter for forskingsdriven innovasjon* (SFI). Desse viktige satsingane har ei løyving på høvesvis 190 mill. kroner og 110 mill. kroner.

SFF-ordninga er eit viktig tiltak for å auke kvaliteten i dei norske forskingsmiljøa. Fleire av miljøa er i internasjonal toppklasse. Ei midtvegsevaluering av dei 13 sentra som vart starta i 2002–03, vart gjennomført i 2006. Evalueringa viste at ordninga er svært vellykka. I 2007 starta det opp ytterlegare åtte nye senter slik at det i dag er 21 senter i drift. Ifølgje evalueringa har ordninga hatt ein viktig positiv verknad på norsk forskning: mellom anna at forskinga held eit jamt over høgt nivå, at sentra har vorte attraktive samarbeidspartnarar både nasjonalt og internasjonalt, at forskarrekutteringa er god på alle nivåa, og at sentra har medverka til at norsk forskning er meir synleg og har fått auka status internasjonalt.

Internasjonalisering er eit viktig mål for sentra. Sentra rekrutterer ein stor del utlendingar til den vitskaplege staben, og har eit utstrakt samarbeid med forskargrupper i andre land. Talet på vitskaplege publiseringar syner at sentra er ein del av det internasjonale toppmiljøet. I løpet av 2007 hadde sentra medverka til 854 publikasjonar i tidsskrift med fagfelleevaluering mot 699 publikasjonar i 2006.

Til saman på alle sentra vart det i 2007 utført 764 årsverk der 641 årsverk var vitskapleg perso-

nell. Delen kvinner er langt høgre på dei nye sentra enn på dei gamle, noko som tyder på at vektlegging av likestilling ved den siste utlysinga har gitt resultat.

Ordninga *Senter for forskingsdriven innovasjon (SFI)* har til formål å byggje opp eller styrkje norske forskingsmiljø som arbeider i tett samspel med innovativt næringsliv, samt å støtte langsiktig forskning som fremmer innovasjon og konkurransekraft i næringslivet. Løyvinga frå Forskingsrådet skal utgjere maksimalt 50 pst. av budsjettet for eit SFI, og bidraget frå verksemdene skal vere minst 25 pst. ESA godkjende SFI-ordninga i februar 2007. Det har teke tid å rekruttere høgt kvalifiserte doktorgradsstipendiatar, særleg norske, og mange av sentra vart derfor noko forseinka i oppstarten.

Gåveforsterkingsordninga

Størstedelen av midlane innanfor kategorien *Forvaltning* går til *gåveforsterkingsordninga*. Ordninga skal stimulere til privat medfinansiering av langsiktig, grunnleggjande forskning og fungerer slik at staten medverkar med 25 pst. gåveforsterking for private gåver til slik forskning ved eit universitet, ein høgskole med rett til å tildele doktorgrad, Noregs forskingsråd eller Det Norske Videnskaps-Akademi (DNVA). Stortinget vedtok i revidert statsbudsjett 2008 å setje ned beløpsgrensa i ordninga frå 5 mill. kroner til 3 mill. kroner frå 1. juli 2008, jf. Innst.S. nr. 270 (2007–2008).

Tabellen under viser summen av gåver og gåveforsterking fordelt på mottakarar i 2007.

Tabell 4.17 Gåver og gåveforsterkning per mottakar i 2007 (i 1 000 kroner)

Mottakar	Gåvebeløp	Gåveforsterking
Universitetet i Bergen	74 100	18 525
Universitetet i Tromsø	105 500	26 250
Universitetet i Stavanger	5 500	1 375
Universitetet i Oslo	7 500	1 875
Bedriftsøkonomisk institutt	5 000	1 250
Det Norske Videnskaps-Akademi	13 500	3 375
Sum	210 600	52 650

Gåveforsterkingsordninga har ei ramme på 80 mill. kroner. I 2007 utbetalte Forskingsrådet 52,6 mill. kroner i gåveforsterking for private gåver på til saman 210,6 mill. kroner. Omfanget av private gåver vil variere frå år til år. Dersom budsjett-ramma eitt år viser seg å vere for lita, blir det laga ei kø-ordning, slik at gåveforsterking blir gitt så snart det er midlar innanfor ramma. Frå 2009 foreslår Regjeringa at eventuelle ubrukte midlar i ordninga eitt år nyttast til investeringar i forskingsinfrastruktur det påfølgjande år.

Gåveforsterking til stiftelsar

I 2006 og 2007 vart det utbetalt statlege gåveforsterkningsmidlar til universiteta i Bergen og Tromsø på bakgrunn av private gåver gitt til stiftelsar. Totalt er det utbetalt 131 mill. kroner i gåveforsterking for gåver på til saman 526,5 mill. kroner som er gitt til desse stiftelsane.

Gåveforsterkningsmidlane vart utbetalt til universiteta, som overførte midlane til stiftelsar. Kunnskapsdepartementet meiner at gåver til stiftelsane ikkje skulle ha utløyst gåveforsterking, og

at overføringa av gåveforsterkningsmidlane til stiftelsane ikkje er i tråd med retningslinene og Stortingets føresetnader for gåveforsterkingsordninga, jf. omtale i St.prp. nr. 59 (2007–2008).

Kunnskapsdepartementet har skrive til dei aktuelle stiftelsane og bedt om at gåveforsterkningsmidlane blir betalt tilbake til staten. Dette har ikkje ført fram, men stiftelsane har i brev til Kunnskapsdepartementet lovt at midlane vil bli brukte i samsvar med føremålet med gåveforsterkingsordninga. Regjeringa legg til grunn at partane i denne saka har vore i god tro og at det etter ei heilskapleg vurdering ikkje er rimeleg å gå vidare med eit krav om tilbakebetaling. Regjeringa ber derfor Stortinget gi samtykke til at Kunnskapsdepartementet kan gi avkall på krav om tilbakebetaling av dei aktuelle gåveforsterkningsmidlane, jf. forslag til vedtak IV nr. 5.

Mål for 2009

Forskingsrådet skal nytte løyvingane på posten til:

- å syte for at dei beste forskingsmiljøa får gode vilkår uavhengig av fagområde og bransjar,

- å følge opp dei tematiske og teknologiske prioriteringane i forskingsmeldinga,
- å medverke til god og balansert rekruttering til norsk forskning, med vekt på postdoktornivå,
- å syte for hensiktsmessig nasjonal arbeidsdeling og prioritering i samband med særleg store investeringar i vitskapleg utstyr og infrastruktur,
- å medverke til styrkt internasjonalisering av norsk forskning og
- å arbeide aktivt for likestilling.

Budsjettforslag for 2009

Løyvinga over kap. 286 post 50 er 10 mill. kroner lågare enn i saldert budsjett 2008. Reduksjonen i høve til saldert budsjett 2008 skriv seg frå at finansieringa av strategiske høgskoleprosjekt (SHP) er flytt til kap. 281 post 50. Løyvinga er finansiert av avkastninga frå Forskingsfondet. Avkastninga frå Forskingsfondet er knytt til rente på kapitalinskotta i Fondet. Løyvinga blir derfor i hovudsak ført vidare på same nominelle nivå som i 2008.

Post 95 Fondskapital – Fondet for forskning og nyskaping

Fondet for forskning og nyskaping vart oppretta 1. juli 1999 og har frå 1. januar 2008 ein fondskapital på 66 mrd. kroner. Fondet skal sikre langsiktige og stabile forskingsløyvingar og skal medverke til å oppfylle dei overordna forskingspolitiske måla, jf. St.meld. nr. 20 (2004–2005). Fondet har i dei siste åra vore eit viktig instrument for å styrkje løyvingane til forskning. Framfor alt har midlane gått til satsingar som betrar kvaliteten i norsk forskning.

Regjeringa foreslår å auke kapitalen i Fondet for forskning og nyskaping med 6 mrd. kroner frå 1. januar 2009, slik at samla kapital blir 72 mrd. kroner.

Regjeringa foreslår å øyremerkje avkastninga av 4 mrd. av den auka kapitalen til investeringar i forskingsinfrastruktur frå 2010. Midlane skal både nyttast nasjonalt og til norsk deltaking i viktige internasjonale forskingsinfrastrukturar.

Kapitalen i Fondet for forskning og nyskaping blir plassert som kontolån til staten med ei rente som tilsvarar renta på statsobligasjonar med ti års bindingstid.

Post 96 Fondskapital – Regionale forskingsfond

Regjeringa foreslår å opprette fond for regional forskning og utvikling med ein kapital på 6 mrd. kroner frå 1. januar 2009. Som ein følge av dette er det

oppretta ein ny post 96 under dette kapitlet. Avkastninga skal stå til disposisjon frå 1. januar 2010. Avkastninga skal fordelast til regionale einingar. Kunnskapsdepartementet har budsjett- og forvaltingsansvar for dei regionale forskingsfonda. Forslaget til innretting byggjer i hovudsak på ei utgreiing frå Noregs forskingsråd.

Formålet med dei regionale forskingsfonda er å styrkje forskningsevna gjennom regional forskning og innovasjon. Fonda skal bidra til langsiktig, grunnleggjande kompetansebygging i relevante forskingsmiljø og såleis medverke til auka kvalitet i forskinga. Fonda skal møte FoU-behov i fylka ved å støtte FoU-prosjekt initiert av private og/eller offentlige verksemdar. Støtta kan gå til prosjekt lokaliserte i eller utanfor dei geografiske nedslagsfeltene til fonda. Samtidig må det setjast av midlar til utvikling av gode og konkurransedyktige forskingsmiljø i alle fylke.

Dei regionale forskingsfonda skal organiserast med eit fagleg uavhengig styre for kvart fond. Styret skal bestå av representantar oppnemnde av fylkeskommunane og av staten. Fylkeskommunane skal ha fleirtal i styret og styreleiar.

Slagkraftige fond føreset både ein viss storleik på fonda, ei viss breidd i nedslagsfeltet og tilgang til tilstrekkeleg forskingsfagleg kompetanse. Det skal opprettast mellom fem og sju regionale forskingsfond. Kvar fylkeskommune skal delta i berre eitt fond, og fylkeskommunane får sjølve i oppgåve å finne saman i samarbeidsgrupperingar innanfor ramma på fem–sju fond. Endeleg godkjenning blir gjort av Kunnskapsdepartement i samråd med Kommunal- og regionaldepartementet. Godkjenninga vil bli vurdert mellom anna ut frå synspunkta til fylkeskommunane, og at alle fonda må dekkje meir enn eitt fylke.

Regjeringa legg opp til at om lag 80 pst. av samla avkastning blir fordelt etter faste kriterium på denne måten: halvparten blir delt mellom fonda via lik fordeling per fylke, og halvparten mellom fonda etter folketal. Om lag 15 pst. av midlane blir fordelte til dei fonda som har best kvalitet på FoU-prosjekta, og til samarbeidsprosjekt mellom fleire fond. Som ein del av nordområdesatsinga til regjeringa, skal om lag 5 pst. av fonda setjast av til dei tre nordlegaste fylka.

Noregs forskingsråd og fylkeskommunane skal i samråd med KS og andre relevante FoU-aktørar arbeide vidare med utforming av dei regionale fonda. Ordninga skal evaluerast etter at den har verka i fem år.

Kapitalen på 6 mrd. kroner skal plasserast som kontolån til staten med ei rente som tilsvarar renta på statsobligasjonar med ti års bindingstid.

Kap. 3286 Forskingsfond

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
85	Avkastning - Fondet for forskning og nyskaping	2 654 126	3 084 460	3 368 260
	Sum kap. 3286	2 654 126	3 084 460	3 368 260

Kapitlet gjeld avkastning frå Fondet for forskning og nyskaping, jf. kap. 286. Avkastninga aukar med 283,8 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2008 på grunn av kapitalauken på 6 mrd. kroner i 2008.

Avkastninga frå Forskingsfondet vil i 2009 bli fordelt på følgjande måte:

- 692,1 mill. kroner i forskingsløyvingar til universitet og høyskolar over kategori 07.60

- 929,6 mill. kroner til Noregs forskingsråd over kap. 286 post 50
- 1 064,4 mill. kroner til Forskingsrådet over kap. 285 post 52
- 646,3 mill. kroner til EUs rammeprogram for forskning og teknologisk utvikling over kap. 288 post 73
- 35,9 mill. kroner over kap. 920 post 50 på budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet.

Kap. 287 Forskingsinstitutt og andre tiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
21	Særskilde driftsutgifter	3 336	4 607	4 810
53	NUPI	42 656	44 490	3 250
54	Forskingsstiftelsar	49 902	52 048	
56	Ludvig Holbergs forskingspris	9 102	9 100	9 100
57	Grunnløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt			136 689
58	Strategisk løyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt			15 410
71	Tilskott til andre private institusjonar	23 517	31 028	29 536
73	Niels Henrik Abels matematikkpris	12 404	12 400	12 400
	Sum kap. 287	140 917	153 673	211 195

Auken frå 2008 til 2009 skriv seg i all hovudsak frå innføring av nytt basisfinansieringssystem for forskingsinstitutta som inneber at midlar til forskingsinstitutta er flytt til to nye postar, postane 57 og 58.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Løyvinga skal nyttast til å dekkje utgifter til utgreiingar som vil medverke til å betre kunnskapsgrunnlaget for forskingspolitikken.

I 2007 er løyvinga mellom anna nytta til å finansiere forskingsrådssatsinga *Forsking, innovasjon og økonomisk vekst*. I tillegg er løyvinga nytta til

fleire utgreiingar, til dømes ei utgreiing om søking til vitskaplege stillingar og ein gjennomgang av verkemidla for kommersialisering av forskingsresultat. Midlane har vidare vorte nytta til eit prosjekt om ressursbruk på forskning i helseføretaka og ei utgreiing om forvaltningsansvaret for dei regionale forskningsetiske komiteane.

I 2008 har løyvinga finansiert førebuinga og gjennomføringa av eit høgnivåmøte for Vitskapskomiteen i OECD. Møtet vart halde i Oslo i mars 2008.

Departementet foreslår at løyvinga på posten blir ført vidare på same nivå som i 2008.

Post 53 NUPI

Rapport for 2007–08

NUPI

Norsk Utanrikspolitisk Institutt (NUPI) har som formål å medverke til auka innsikt i mellomfolkelege spørsmål ved å drive forskning og ved å spreie informasjon om internasjonale tilhøve. Instituttet skal vere eit leiande forskingsinstitutt innanfor sine faglege kjerneområde og arbeide for å styrkje finansieringa frå internasjonale finansieringskjelder.

Dei viktigaste forskningssatsingane for NUPI i 2007 var innanfor dei fire hovudtema *sikkerheit og fredsoperasjonar, nordområda og den austlege dimensjonen, politiske og økonomiske stormakter samt handel og innovasjon*. NUPI har hatt godt tilfang av nye oppdrag og prosjekt, har eit stort nettverk og ein sterk internasjonal profil.

Vitskaplege publikasjonar har halde seg på eit høgt nivå òg i 2007. Det vart publisert 0,88 artiklar per forskarårsverk, noko som er langt over landsgjennomsnittet for samfunnsvitskaplege institutt i Noreg. Staben ved NUPI utførte 64,3 årsverk i 2007. NUPI er eit av dei samfunnsvitskaplege forskingsinstitutta med flest doktorgradar per forskarårsverk. Talet på doktorgradar per forskarårsverk er 0,55 og er om lag på same nivå som i 2006.

Det var òg ei målsetjing for NUPI å få høgre del kvinnelege forskarar i 2007. Departementet meiner det er positivt at instituttet har auka den kvinnelege forskardelen frå 25 pst. i 2006 til 29 pst. i 2007.

NUPI gir ut dei tre tidsskrifta *Internasjonal politikk*, *Nordisk østforum* og *Forum for development studies*. Artikkelserien *Hvor hender det?* er òg ein viktig kanal NUPI tek i bruk for å skape interesse for internasjonale spørsmål blant skoleungdom og unge vaksne, og står no framfor ei nysatsing.

Basisløyvinga over kap. 287 stod for 33,4 pst. av dei samla inntektene til NUPI i 2007. Dette er ein liten auke frå 2006. Den internasjonale finansieringa steig frå 1,4 pst. i 2006 til 3,4 pst. i 2007.

Departementet er nøgd med måloppnåinga til NUPI i 2007.

NOVA

Til og med 2008 vart det òg løyvd midlar til Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) over denne posten.

Forskinga og utviklingsarbeidet ved NOVA skal føre til auka kunnskap om sosiale tilhøve og endringsprosessar. NOVA driv sosialforskning i eit

livsløpsperspektiv, og har som ambisjon å vere nasjonalt leiande innanfor den samfunnsvitskaplege delen av forskingsfeltet barnevern, ungdom, aldring og livsløp, trygd, innvandring og funksjonshemming. For den aktuelle perioden har NOVA mellom anna hatt som mål å styrkje dei nye tematiske feltet europeisk velferdspolitik, organisering av omsorg, skoleforskning og forskningsbasert evaluering. Det har òg vore eit mål å styrkje det internasjonale samarbeidet og auke den internasjonale finansieringa.

Forskarane ved NOVA utførte 70 årsverk i 2007, litt færre enn i 2006. NOVA er blant dei samfunnsvitskaplege forskingsinstitutta som har flest doktorgradar per forskarårsverk: 0,57 i 2007. Dette er godt over gjennomsnittet for dei samfunnsvitskaplege institutta.

Den vitskaplege publiseringa er framleis god. Talet på artiklar i internasjonale tidsskrift med fagfellelvurdering er 27 i 2007. Samla tal artiklar i tidsskrift med fagfellelvurdering er 0,70 per forskarårsverk mot 0,61 i 2006.

Basisløyvinga over kap. 287 stod for 35 pst. av dei samla inntektene til NOVA i 2007. Dette er noko høgre enn i 2006. Den internasjonale finansieringa steig frå ein pst. i 2006 til fem pst. i 2007.

Departementet er nøgd med den måloppnåinga desse indikatorane viser.

Budsjettforslag for 2009

Departementet foreslår å løyve kr 3 250 000 over kap. 287 post 53 til nasjonale oppgåver knytte til informasjonsarbeid ved NUPI. Dei resterande midlane på posten, 43,2 mill. kroner, er foreslått løyvide over kap. 287 post 57 og 58 i samband med innføringa av nytt finansieringssystem for forskingsinstitutta frå 2009. For nærmare omtale, sjå kap. 287 post 57 og 58 og del III, kap. 5 Forsking og utvikling i statsbudsjettet. Kunnskapsdepartementet skal ha etatsstyringsansvaret for NOVA og NUPI òg så etter innføringa av nytt finansieringssystem.

Post 54 Forskingsstiftelsar

Rapport for 2007–08

Posten finansierte i 2007 og 2008 basisløyvingane til følgjande fem frittstående forskingsinstitutt: Institutt for fredsforskning (PRIO), Fridtjof Nansens Institutt (FNI), Institutt for samfunnsforskning (ISF), Forskingsstiftelsen Fafo og NIFU STEP Studier av innovasjon, forskning og utdanning. Den samla løyvinga over posten var på 49,9 mill. kroner i 2007. Av løyvinga vart 34,6 mill. kroner nytta til grunnløyving og 15,3 mill. kroner til strategiske instituttprogram.

Forskarane ved dei fem institutta utførte 237 årsverk i 2007, mot 218 i 2006. Av desse stod kvinnelege forskarar i 2007 for 108 årsverk. Tidsskriftpubliseringa målt i vitenskaplege artiklar per forskarårsverk varierer mykje mellom institutta. Gjennomsnittet i 2007 for dei nasjonale samfunnsvitenskaplege institutta er 0,59 artiklar per forskarårsverk. FNI og ISF kjem best ut med 1,14 artiklar per forskarårsverk. Talet er 0,77 artiklar for PRIO og 0,5 artiklar for NIFU STEP. Ved Fafvart det publisert 0,28 vitenskaplege artiklar per forskarårsverk.

Budsjettforslag for 2009

Som ei følgje av innføring av nytt basisfinansieringssystem for forskingsinstitutta er heile løyvinga ført over til kap. 287, postane 57 og 58.

Post 56 Ludvig Holbergs forskingspris

Ludvig Holbergs forskingspris er ein internasjonal vitenskapleg pris innanfor humaniora, samfunnsvitenskap, juss og teologi som første gong vart delt ut i 2004. Prisen skal auke merksemda kring samfunnsvitenskapleg og humanistisk forskning og medverke til kvalitetsheving og internasjonalisering av forskinga på desse områda. Holbergprisen er finansiert av avkastninga frå Ludvig Holbergs minnefond, jf. kap. 3287 post 86. Prisbeløpet er på 4,5 mill. kroner. Avkastninga finansierer også ulike arrangement i samband med prisutdelinga, den nordiske Nils Klim-prisen for yngre forskarar innanfor dei same fagområda og arrangement retta mot barn og unge. Avkastninga blir disponert av Universitetet i Bergen. I 2007 gjekk prisen til professor Ronald Dworkin for hans banebrytande arbeid innanfor rettsteori, moral og politikk.

Avkastninga frå Ludvig Holbergs minnefond i 2008 til bruk i 2009 vil vere på 9,1 mill. kroner, jf. kap. 3287 post 86.

Post 57 Grunnløyving til samfunnsvitenskaplege forskingsinstitutt

Frå 2009 blir det innført nytt basisfinansieringssystem for instituttsektoren, jf. B.innst. S. nr. 12 (2007–2008) og St.prp. nr. 1 (2007–2008) for Kunnskapsdepartementet, som presenterte hovudprinsippa for det nye systemet. Som følgje av dette er det oppretta ein ny post 57 på dette kapitlet. Ei nærmare omtale av det nye basisfinansieringssystemet står i del III, kap. 5 Forsking og utvikling i statsbudsjettet.

Formålet med basisfinansieringa er å fremme kvalitet og gi institutta rom for langsiktig kunn-

skaps- og kompetanseoppbygging. Grunnløyvinga til institutta skal bidra til at forskinga får auka kvalitet, at institutta styrkjer den anvende rolla og den internasjonale verksemda, samt at institutta samarbeider betre med norske universitet og høøgskolar.

Forskinsinstitutta er delte inn i fire ulike fordelingsarenaer. Dei fire fordelingsarenaene er miljøinstitutt, teknisk- industrielle institutt, primærnæringsinstitutt og samfunnsvitenskaplege institutt. I denne siste gruppa høyrer også dei regionale forskingsinstitutta til. Kunnskapsdepartementet har det overordna finansieringsansvaret for grunnløyvinga til dei samfunnsvitenskaplege forskingsinstitutta.

Budsjettforslag for 2009

Som ein følgje av innføring av nytt basisfinansieringssystem for forskingsinstitutta er det flytt midlar til denne posten frå postane 53 og 54. Løyvinga til menneskerettsforskninga ved Christian Michelsens institutt (CMI) er overført frå post 71. I tillegg er det rammeoverført midlar frå fleire andre departement. Til saman er det flytt nær 88 mill. kroner frå postar på budsjettet til Kunnskapsdepartementet, og om lag 46 mill. kroner frå andre departement. Departementet foreslår ein reell auke i grunnløyvinga til dei samfunnsvitenskaplege forskingsinstitutta på 3 mill. kroner i 2009. Grunnløyvinga til dei samfunnsvitenskaplege institutta over denne posten blir med dette om lag 136,7 mill. kroner i 2009. I tillegg kjem grunnløyvinga til CMI på 11,3 mill. kroner, som blir løyvdd over kap. 165 post 70 på budsjettet til Utanriksdepartementet, og er ein del av bistandsramma (programområde 03 internasjonal bistand). Av den grunn er grunnløyvinga til CMI ikkje rammeoverført til budsjettet til Kunnskapsdepartementet, men Kunnskapsdepartementet kan nytte løyvinga gjennom ei ordning med årleg belastningsfullmakt.

Post 58 Strategisk løyving til samfunnsvitenskaplege forskingsinstitutt

Det nye finansieringssystemet for forskingsinstitutta har også eit strategisk element. Desse midlane skal kunne disponerast for å ta i vare langsiktig kompetanseheving og kunnskapsoppbygging ved institutta på område av spesiell interesse for sektoren. Sjå nærmare omtale i del III, kap. 5 Forsking og utvikling i statsbudsjettet.

Som ei følgje av innføring av nytt basisfinansieringssystem for forskingsinstitutta er det flytt midlar posten frå postane 53 og 54. I tillegg er det rammeoverført midlar frå fleire andre departe-

ment. Departementet foreslår å løyve om lag 15,4 mill. kroner over denne posten.

Post 71 Tilskott til andre private institusjonar

Posten dekkjer tilskott til Senter for grunnforskning ved Det Norske Videnskaps-Akademi, Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo (DNVA), Det Kongelige Norske Videnskabers Selskabs Akademi i Trondheim (DKNVS Akademi), Det Kongelige Norske Videnskabers Selskabs Stiftelse (DKNVS Stiftelse), vitskaplege fond, Egede Instituttet og Christian Michelsens Institutt. Tilskotta skal medverke til at forskingsinstitusjonane held fram med eller styrkjer den faglege verksemda si og kompetansenivået sitt. Tilskottet til DNVA skal også medverke til auka merksemd om forskning generelt og til auka internasjonalt samarbeid mellom forskarar, gjennom finansiering av administrasjonen knytt til utdeling av Kavli-prisane.

Rapport for 2007–08

Senter for grunnforskning skal vere eit felles miljø for særskild dyktige norske og utanlandske forskarar og er viktig for å heve kvaliteten i grunnforskninga. Senteret fører vidare ei rekkje seminar som utgjer ein fast del av den tverrfaglege verksemda ved senteret. I 2007 hadde 69 forskarar lengre opphald ved senteret. Delen kvinner ved Senteret har over tid auka. I 2007 var ti kvinner knytte til forskninga, tre av desse var gruppeleiarar.

DNVA, DKNVS Akademi og DKNVS Stiftelse har i 2007 hatt stor aktivitet i form av konferansar

og fagseminar, og arbeidet med populærvitskaplege formidlingsaktivitetar har halde fram. DNVA har i tillegg ansvaret for å administrere utdelinga av Abel-prisen, jf. omtale under post 73, og dei nye Kavli-prisane innanfor astrofysikk, nevrovitskap og nanovitskap. Dei første Kavli-prisane vart delte ut av H.K.H. Kronprins Haakon i september 2008. I samband med prisutdelinga vart det arrangert ei rekkje fagsymposium og populærvitskaplege foredrag. Verksemda i DNVA var i 2007 i stor grad prega av at Akademiet vart 150 år.

Tilskottet til Christian Michelsens Institutt går til menneskerettsforskninga ved instituttet. Hovudprioriteringane i 2007 har vore etablering av to hovudtemaområde for forskninga, *Land and Law* og *Transitional Justice* og formidlings- og publiseringsaktivitetar.

Egede Instituttet har i 2007 fokusert på publisering og auking av fagleg kompetanse.

Budsjettforslag for 2009

Departementet foreslår å redusere løyvinga med nominelt om lag 1,5 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2008. Reduksjonen er knytt til at løyvinga til Christian Michelsens Institutt er flytt til kap. 287 post 57. Vidare er løyvinga til DNVA noko redusert som ei følge av utfasing av særskilde midlar for å planleggje og gjennomføre utdelinga av dei første Kavli-prisane. For dei andre institusjonane foreslår departementet at løyvingane blir førte vidare på same nivå som i 2008.

Tabell 4.18 Løyvingar til private vitskaplege institusjonar og tiltak (i 1 000 kroner)

Institusjon	2007	2008	2009
Senter for grunnforskning	14 770	15 400	16 080
Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo	6 650	13 150	12 230
Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab i Trondheim	184	340	355
Det Kongelige Norske Videnskabers Selskabs Stiftelse	208	365	380
Vitskaplege fond	140	145	150
Christian Michelsens Institutt	1 250	1 300	0
Egede Instituttet	315	328	341
Sum	23 517	31 028	29 536

Post 73 Niels Henrik Abels matematikkpris

Niels Henrik Abels minnefond vart oppretta 1. januar 2002 med det formålet å dele ut ein internasjonal vitskapleg pris for framifrå matematisk fors-

king. Fondet skal òg bidra til å auke interessa for matematikk og realfag i samfunnet, særleg blant barn og unge. Prisbeløpet er på 6 mill. kroner, og blir dekt av avkastninga frå fondet. Resten av

avkastninga skal nyttast til ulike arrangement i samband med prisutdelinga, og til aktivitetar retta mot barn og unge. Avkastninga blir disponert av Det Norske Videnskaps-Akademi. Den sjette Abel-prisen vart delt ut i Oslo 20. mai 2008. Prisen gjekk til professor John Griggs Thompson og professor

Jacques Tits for framifrå prestasjonar innanfor algebra, og særleg for å ha utforma moderne gruppeteori.

Avkastninga frå Abel-fondet i 2008 til bruk i 2009 vil vere 12,4 mill. kroner, jf. kap. 3287 post 85.

Kap. 3287 Forskingsinstitutt og andre tiltak

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
85	Avkastning frå Niels Henrik Abels minnefond	12 404	12 400	12 400
86	Avkastning frå Ludvig Holbergs minnefond	9 102	9 100	9 100
	Sum kap. 3287	21 506	21 500	21 500

Kapitlet gjeld avkastning frå Niels Henrik Abels minnefond og Ludvig Holbergs minnefond, jf. kap. 287 postane 56 og 73.

Kap. 288 Internasjonale samarbeidstiltak

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
21	Særskilde driftsutgifter	3 773	3 889	6 360
72	Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar	144 582	145 522	174 125
73	EUs rammeprogram for forskning, <i>kan overførast</i>	665 344	999 521	1 120 164
74	Det europeiske institutt for innovasjon og teknologi, <i>kan overførast</i>			1 046
75	UNESCO	15 715	16 171	15 370
	Sum kap. 288	829 414	1 165 103	1 317 065

Post 21 Særskilde utgifter

Det er eit mål at Noreg deltek aktivt innanfor nordisk og internasjonalt utdanningssamarbeid. Løyvinga har mellom anna dekt kontingent til Senter for utdanningsforskning (CERI) under OECD og utgifter i samband med deltakinga i UNESCO.

Det er eit mål at Noreg deltek aktivt i internasjonalt samarbeid innan utdanning. Løyvinga vil m.a. bli nytta til kontingent til Senter for utdanningsforskning (CERI) under OECD, samt til å dekkje utgifter knytte til deltaking i styret i UNESCO, oppfølging av *Utdanning for alle* og høgnivåmøte i Oslo, som er i desember 2008. Noregs hus i universitetsbyen, Cité Universitaire Internationale de Paris (CIUP) treng rehabilitering og modernisering. Kostnadene til dette skal delast

mellom CIUP og Noreg. Arbeidet er planlagt gjennomført over ein periode på tre til fire år. Noregs del av kostnadene er per juli 2008 vurdert til 10 mill. kroner, jf. forslag til vedtak IV nr. 6. Departementet foreslår å løyve 2,5 mill. kroner til prosjektet i 2009.

Departementet foreslår å løyve om lag 6,4 mill. kroner på posten i 2009.

Post 72 Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar

Tilgang på forskingsinfrastruktur i verdsklasse er viktig for å sikre kvaliteten i norsk forskning, og for å fremme rekruttering, internasjonalisering og konkurranseevne. Norsk medlemskap i sentrale

internasjonale grunnforskningsorganisasjonar skal sikre at våre forskarar får ta del i sentrale forskingsområde der det krevst særskilt kostbar infrastruktur for å delta i det internasjonale forskingssamarbeidet.

Løyvinga dekkjer den norske kontingenten for deltaking i European Organisation for Nuclear Research (CERN), European Molecular Biology Laboratory (EMBL), European Molecular Biology Conference (EMBC), European Synchrotron Radiation Facility (ESRF) og International Agency for Research on Cancer (IARC).

Rapport for 2007–08

Den vitskaplege verksemda som følgjer av norsk medlemskap i CERN, blir finansiert gjennom Forskingsrådet. Dei CERN-relaterte prosjekta blir årleg evaluerte av eit internasjonalt panel sett ned av Forskingsrådet. Ekspertpanelet konkluderte med at kvaliteten på dei norske gruppene generelt er høg. Ein person er tilsett som Industry Liaison Officer (ILO) for Noreg med oppgåve å formidle kontakt mellom CERN og norsk industri med tanke på kontraktar og teknologioverføring.

Ved CERN har verdas største partikkelakselerator, Large Hadron Collider (LHC) vorte bygd. Akseleratoren vart teken i bruk september 2008, tre år etter den opphavlege planen. Akseleratoren skal studere verdas minste byggjesteinar og dei fundamentale relasjonane mellom desse. Om lag 100 norske studentar og forskarar har i 2007 teke del i arbeidet for å ferdigstille og teste to prosjekt, ATLAS og ALICE, som er knytte til LHC.

EMBL er den viktigaste europeiske organisasjonen innanfor molekylærbiologi. Samarbeidet i EMBL og EMBC er av stor verdi for norske forskingsmiljø innanfor livsvitskapane, og EMBL er særleg viktig for rekrutteringa til biofaga i Noreg. EMBL har opna for å inngå partnerskapsavtalar med framifrå forskingsmiljø i medlemslanda. Noreg er representert ved to av EMBLs seks partnerskapsavtalar.

Gjennom ESRF, det europeiske anlegget for synkrotronstråling, kan norske forskarar drive materialforskning og livsvitskap som krev avansert røntgenstråling. Medlemskapen er organisert gjennom eit nordisk konsortium (NORDSYNC). Norske forskarar er i tillegg med i eit sveitsisk-norsk samarbeid om ei eiga strålelinje (SNBL). Saman med dei andre nordiske partnarane i NORDSYNC har Noreg høg utnytting av ESRF-medlemskapen. Noregs forskingsråd overtok 1. januar 2007 som kontraktspartnar for SNBL. Som ei følgje av dette fekk programmet for ESRF følgjeforskning utvida mandat, og skifta namn til Program for synkrotronforskning, som vil vare til 2010. Programmet finansierte i 2007 to postdoktorstillingar ved norske universitet der forskning ved ESRF og SNBL utgjorde sentrale delar. ESRF planlegg no ei oppgradering av anlegget slik at ny teknologi kan utnyttast betre. Dette vil gi auka kontingent for Noregs del. Budsjettauken vil først komme i 2010.

IARC er tilknytt Verdas helseorganisasjon (WHO), har 19 medlemsland, og driv epidemiologisk så vel som laboratoriebasert forskning. Den største nasjonale nytta av IARC ligg i det generelle bidraget organisasjonen gir til kreftforskninga. Norske miljø har vore aktive både i forskings- og styrearbeid i IARC. Noregs delegat i IARC vart i 2007 vald opp att som leiar i styret, og ny norsk representant vart oppnemnd til fagrådet i IARC.

Budsjettforslag for 2009

Kontingentkrava for 2009 er enno ikkje fastsette, og budsjettforslaget for 2009 er derfor basert på vedtekne kontingentar for 2008. Kontingentane er avhengig av mellom anna netto nasjonalinntekta i medlemslanda. Departementet foreslår at løyvinga blir nominelt auka med 28,6 mill. kroner. Hovuddelen av auken er knytt til at Noregs del av kontingenten til CERN har vorte høgare som følgje av at Noregs netto nasjonalinntekt har auka.

Tabell 4.19 Løyvingar til internasjonale grunnforskningsorganisasjonar (i 1 000 kroner)

Organisasjon	2007	2008	2009
CERN	121 056	122 149	147 755
EMBL	11 629	11 588	12 878
IARC	6 116	5 990	4 913
ESRF	3 674	3 702	6 374
EMBC	2 107	2 093	2 206
Sum	144 582	145 522	174 125

Post 73 EUs rammeprogram for forskning, kan overføres

Noreg legg stor vekt på deltakinga i EUs forskings-samarbeid. Med basis i EØS-avtalen er norske forskingsmiljø og verksemdar med på lik linje med EUs medlemsland. EUs sjuande rammeprogram (2007–13) har som overordna mål å bidra til å utvikle det europeiske forskingsområdet – European Research Area (ERA) – til eit leiande område for forskning.

Norsk deltaking i EUs sjuande rammeprogram skal fremme internasjonalisering og kvalitet i norsk forskning, forsterke nasjonalt prioriterte FoU-område ved å utvikle samspill og meirverdi mellom nasjonale FoU-satsingar og deltaking i det europeiske forskingsområdet og bidra til kunnskapsbasert innovasjon og fornying i norsk nærings- og samfunnsliv. For det sjuande rammeprogrammet er det òg ei målsetjing at EU-støtte til norske forskarar, institusjonar og bedrifter i perioden 2007–10 skal vere på nivå med den norske kontingenten, det vil seie om lag to pst. av total støtte i rammeprogrammet.

Kunnskapsdepartementets strategi for samarbeidet med EU om forskning og utvikling skal bidra til å stimulere, støtte og forsterke norsk deltaking i det sjuande rammeprogrammet. For meir omtale sjå del III, kap. 5 Forsking og utvikling i statsbudsjettet.

Kunnskapsdepartementet vil setje i verk ei evaluering av norsk deltaking i det sjette rammeprogrammet og den første delen av det sjuande rammeprogrammet hausten 2008, i samråd med relevante departement og Noregs forskingsråd.

Rapport for 2007–08

Tal frå Noregs forskingsråd tyder på at norske forskingsmiljø hadde god uttelling i det sjette rammeprogrammet. Norske forskarar var med i om lag 850 prosjekt som totalt involverer nærmare 4 000 norske forskarar og deltakarar frå over 100 land. Noreg deltok dermed i om lag åtte pst. av alle prosjekt i rammeprogrammet. Når det gjeld suksessrate, dvs. forholdet mellom innsende søknader og godkjende søknader, låg søknader med norsk deltaking åtte prosentpoeng høgre enn snittet for EU-landa (respektive 26 mot 18 pst.).

Resultata frå dei første søknadsrundene i det sjuande rammeprogrammet viser at det er stor aktivitet i norske forskingsmiljø. Per juni 2008 er 229 prosjekt med norsk deltaking innstilt til finansiering, som tilsvarer 14 pst. av alle prosjekt i rammeprogrammet. Av dei norske deltakarene kjem 37 pst. frå forskingsinstitutta, 20 pst. frå universitet

og høghøgskolar og 29 pst. frå næringslivet. 14 pst. av den norske deltakinga er ved andre aktørar, som helseføretak og Noregs forskingsråd. Det er hittil i sjuande rammeprogram størst norsk deltaking i Miljøprogrammet blant dei tematiske programma, med deltaking i nærare 35 prosent av alle prosjekt. Det er òg høg norsk deltaking i programma om tryggleik, rom og energi. Norske aktørar deltek i seks–ti pst. av prosjekta innanfor IKT, nanoteknologi, transport og helse. Dette må blant anna sjåast i lys av at desse programma er blant dei største satsingane i det sjuande rammeprogrammet. I dei andre delane av rammeprogrammet er det god norsk deltaking i tiltak for små og mellomstore verksemdar (SMB) og forskingsinfrastruktur, og i programmet om vitskap og samfunn.

Det er norsk deltaking i totalt 40 av i alt om lag 103 såkalla ERA-NET i sjette rammeprogram, som inneber koordinering av nasjonale forskingsaktivitetar ved at program med nasjonal finansiering blir knytte saman. Det er i første rekkje departementa og dei forskingsfinansierande organa i Europa som deltek i desse aktivitetane. Dei mottek støtte frå Kommisjonen til nettverksbygging, men ikkje til sjølve forskinga.

Budsjettforslag for 2009

Samla budsjett for det sjuande rammeprogrammet for perioden 2007–13 er på om lag 50,5 mrd. euro. Den samla norske kontingenten er berekna til om lag 9,3 mrd. kroner. Kontingenten er avhengig av utviklinga i bruttonasjonalprodukt i deltakarlana og endringar i valutakurs. Kvart rammeprogram har til no dekt om lag fire år, medan prosjekta ofte strekkjer seg over ein lengre periode. Dei norske utbetalingane i 2009 vil omfatte dei utbetalingane som står att for det sjette rammeprogrammet og utbetalingar til det sjuande rammeprogrammet. Dei norske kostnadene vil i 2009 utgjere om lag 1,1 mrd. kroner.

Post 74 Det europeiske institutt for innovasjon og teknologi, kan overføres

Stortinget slutta seg våren 2008 til Regjeringas forslag om at Noreg skal ta del i Det europeiske instituttet for innovasjon og teknologi, jf. Innst. S. nr. 251 (2007–2008) og St.prp. nr. 56 (2007–2008). Det europeiske instituttet for innovasjon og teknologi (EIT) er meint å vere eit flaggskip i Europa for framifrå innovasjon, og er nær knytt til EUs Lisboastrategi for auka sysselsetjing og vekst. EIT skal fremme og integrere høgre utdanning, forskning og innovasjon av høg kvalitet, og skal komplettere

andre initiativ og program innanfor forskning, utdanning og innovasjon i EU og deltakarlanda.

EIT skal leggje til rette for etableringa av nettverk og samarbeid gjennom såkalla kunnskaps- og innovasjonsnettverk (Knowledge and Innovation Communities–KICs). Dette vil vere nettverk av forskings- og utdanningsinstitusjonar og næringslivsaktørar som skal samarbeide om felles utfordringar på sentrale område som klima og energi og informasjons- og kommunikasjonsteknologi. Nettverka skal gjennomføre aktivitetar innanfor alle delar av det såkalla kunnskapstriangelet: forskning, innovasjon og utdanning. Det europeiske instituttet skal òg bidra til auka mobilitet i det europeiske forskingsområdet og det europeiske området for høgre utdanning. Dei høgre utdanningsinstitusjonane som tek del i samarbeida, skal tildele gradar og vitnemål, og blir oppmoda til å gi desse nemninga EIT-gradar og -vitnemål.

Kunnskapsdepartementet vil i 2009 arbeide for god norsk deltaking i EIT, i samarbeid med andre departement og Noregs forskingsråd.

Departementet foreslår å løyve drygt 1 mill. kroner til å dekkje forpliktingane til kontingent i 2009.

Post 75 UNESCO

UNESCO, FNs særorganisasjon for utdanning, vitenskap, kultur og kommunikasjon, har til hovudopp-

gåve å medverke til fred og tryggleik ved å fremme internasjonalt samarbeid på fagområda til organisasjonen. Løyvinga gjeld Noregs kontingent for medlemskap i UNESCO og tilskott til World Heritage Fund i 2009.

UNESCOs eksekutivråd er høgste instans mellom generalkonferansane, som blir haldne kvart anna år. Noreg har plass i rådet fram til hausten 2009 og samarbeider nær med dei andre nordiske landa om å fremme ei felles nordisk linje i viktige saker.

Noreg har vore særleg aktiv for å fremme UNESCO sitt koordinerande arbeid med det globale utdanningsinitiativet *Utdanning for alle* (EFA). Dette arbeidet vil halde fram i 2008 mellom anna med vekt på temaet migrasjon og godkjenning av utdanning, og med ansvar for å gjennomføre eit høgnivåmøte om EFA i Noreg. Temaet for dette høgnivåmøtet er finansiering og styring av EFA-prosessen. Som medlem i eksekutivrådet legg Noreg stor vekt på at UNESCO skal tilpasse både innhald og arbeidsformer til FN-reforma «Eit FN på landnivå».

Departementet foreslår å løyve om lag 15,4 mill. kroner til å dekkje forpliktingane til kontingent i 2009.

Kap. 3288 Internasjonale samarbeidstiltak

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	3 928	4 043	3 843
	Sum kap. 3288	3 928	4 043	3 843

Løyvinga på post 04 gjeld innanlandske kostnader som etter statistikkdirektiv til OECD blir definerte som offentleg utviklingshjelp.

Programkategori 07.80 Utdanningsfinansiering

Utgifter under programkategori 07.80 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
2410	Statens lånekasse for utdanning	26 987 921	29 754 909	30 176 394	1,4
	Sum kategori 07.80	26 987 921	29 754 909	30 176 394	1,4

Inntekter under programkategori 07.80 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009	Pst. endr. 08/09
5310	Statens lånekasse for utdanning	13 306 663	15 449 200	15 710 400	1,7
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning	4 434 759	6 113 000	6 763 305	10,6
	Sum kategori 07.80	17 741 422	21 562 200	22 473 705	4,2

Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 45</i>	271 898	281 693	301 035
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	26 635	101 512	149 605
50	Avsetning til utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	4 124 900	4 326 200	4 231 390
70	Utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	2 619 444	2 776 800	2 772 377
71	Andre stipend, <i>overslagsløyving</i>	377 159	453 325	437 800
72	Rentestønad, <i>overslagsløyving</i>	1 230 809	1 754 050	1 847 153
73	Avskrivingar, <i>overslagsløyving</i>	297 369	176 100	251 050
74	Tap på utlån	322 269	447 300	334 900
75	Særskilde tilretteleggingstiltak for utdanning i utlandet	5 924	6 229	
90	Lån til Statens lånekasse for utdanning, <i>overslagsløyving</i>	17 711 514	19 431 700	19 851 084
	Sum kap. 2410	26 987 921	29 754 909	30 176 394

Formålet med utdanningsstøtteordningane er mellom anna å medverke til at alle skal ha like

høve til utdanning uavhengig av geografiske forhold, alder, kjønn, funksjonsevne og økonomiske

og sosiale forhold. Dette formålet er retningsgivende når departementet utviklar utdanningsstøtteordningane. Utdanningsstøtta skal vere tilstrekkeleg til at alle står fritt i val av utdanning. Vidare skal utdanningsstøtteordningane medverke til å sikre samfunnet tilgang på nødvendig og kompetent arbeidskraft. Statens lånekasse for utdanning (Lånekassen) administrerer stipend- og låneordningane som er heimla i lov 3. juni 2005 nr. 37 om utdanningsstøtte.

Rapport for undervisningsåret 2007–08

Ein stor del av ungdom og vaksne i Noreg tek utdanning. Støtteordningane gjennom Lånekassen

er ein viktig føresetnad for å gjere dette mogleg. Lånekassen har om lag 840 000 kundar. Av desse er om lag 519 300 i tilbakebetalingsfasen. I undervisningsåret 2007–08 var det om lag 414 300 elevar og studentar med støtterett i Lånekassen. Av desse fekk 289 575 støtte frå Lånekassen. Dette er 18 300 fleire enn i undervisningsåret 2006–07.

Den samla tildelinga av utdanningsstøtte var i undervisningsåret 2007–08 på 17 062 mill. kroner. Av dette vart 3 049 mill. kroner utbetalte som stipend, sjå tabell 4.18 for fordeling på dei ulike stipendformene. 14 013 mill. kroner vart i undervisningsåret 2007–08 utbetalte som lån.

Tabell 4.20 Hovudtal for dei fire siste undervisningsåra

	2004–05	2005–06	2006–07	2007–08
Tal på elevar/studentar i utdanning med rett til å søkje støtte	413 000	420 300	415 700	414 300
Tal på støttemottakarar	274 438	276 672	271 273	289 575
Tal på stipendsøkjarar	298 455	300 726	296 000	314 886
Tal på stipendmottakarar	171 089	145 386	143 457	166 980
Tal på lånesøkjarar ¹	189 324	191 470	187 659	181 127
Tal på lånemottakarar	203 978	201 643	195 336	188 278
Totalt utbetalt stipend og lån (i mill. kroner)	16 798	16 895	17 212	17 062
Sum stipend (i mill. kroner)	3 224	3 133	3 060	3 049
Gjennomsnittsstipend (i kroner)	18 841	21 549	21 333	21 255
Sum lån (i mill. kroner)	13 574	13 762	14 152	14 013
Gjennomsnittslån (i kroner)	66 547	67 912	72 084	74 007

¹ Talet på låntakarar er høgare enn talet på lånesøkjarar hovudsakleg grunna at dei som er omfatta av støtteordninga for høgare utdanning m.m. og som berre søker utdanningsstipend, får støtta utbetalt som lån. Desse blir registrerte som låntakarar, men ikke som lånesøkjarar i systema til Lånekassen.

Frå undervisningsåret 2004–05 vart heile basisstøtta for dei som er omfatta av støtteordninga for høgare utdanning m.m., utbetalt som lån. Inntil 40 pst. av støttebeløpet kan bli konvertert til stipend når utdanninga det er gitt støtte til, er gjennomført. Det er mogleg å få konvertert lån til stipend inntil åtte år etter at lånet vart gitt. Lånekassen har fullmakt til å dekkje utgiftene knytte til konverteringa ved å trekkje midlar frå eit fond (Konverteringsfondet) som blir løyvd på kap. 2410 post 50. Det årlege nivået på løyvinga er basert på eit anslag over kor stor del av årleg utbetalte lån som ein reknar med blir omgjord til stipend i løpet av dei neste åtte åra. Løyvinga på kap. 2410 post 50 dekkjer avsetning til framtidige utgifter ved å kon-

vertere lån til stipend ved gjennomført utdanning, medan rekneskapen på kap. 5310 post 93 viser den faktiske omgjerdinga av studielån til stipend for det aktuelle året.

Utgiftene til dei andre stipenda, slik dei kjem fram på kap. 2410 postane 70 og 71 i Lånekassens rekneskap, inkluderer derfor ikkje lån som er konverterte til stipend under konverteringsordninga. Skal ein få total oversikt over dei samla stipendutgiftene, må lån som er gjorde om til stipend, leggjast til stipendutgiftene som kjem fram i Lånekassens rekneskap. Ved å sjå kap. 5310 post 93 og kap. 2410 postane 70 og 71 i samanheng ser ein dette.

For 2007 vart om lag 3 mrd. kroner betalte ut som andre stipend. Om lag 3,9 mrd. kroner vart konverterte frå lån til stipend under konverteringsordninga. Dei samla utgiftene knytte til stipend i 2007 vart dermed om lag 6,9 mrd. kroner.

For 2009 anslår ein at det vil bli betalt ut om lag 3,2 mrd. kroner i stipend, og at det vil bli konvertert lån til stipend tilsvarande om lag 4,6 mrd. kroner. Dei samla utgiftene til stipend er med dette anslått til om lag 7,8 mrd. kroner i 2009.

Tabell 4.21 Hovudtal for tilbakebetaling dei fem siste åra

	2003	2004	2005	2006	2007
Tal på tilbakebetalande låntakarar	466 745	476 130	492 077	506 241	519 297
Renteberande lån (i mill. kroner)	53 400	56 222	60 066	64 036	68 282
Renter (i mill. kroner)	3 200	2 704	2 337	2 326	2 907
Avdrag (i mill. kroner)	4 100	4 125	4 413	5 021	5 235
Ettergitt/avskrive (i mill. kroner)	439	455	402	299	271
Rentestønad (i mill. kroner)	1 589	882	774	929	1 231
Uteståande lån (i mill. kroner)	73 578	79 579	84 826	89 227	93 600
Uteståande renter (i mill. kroner)	3 193	2 699	2 408	2 269	2 460

Tabell 4.22 Fordeling av ulike stipendformer dei to siste undervisningsåra

	Tal på stipend		Stipend i mill. kroner	
	2006–07	2007–08	2006–07	2007–08
Grunnstipend	60 485	63 811	805	868
Bustipend	34 434	33 084	1 104	1 081
Læremiddelstipend	62 397	41 321	207	141
Utstyrsstipend	-	52 208		65
Flyktningstipend	1 182	1 067	55	54
Stipend til skolepengar / gebyrstipend	9 797	9 689	243	232
Tilleggsstipend	624	731	17	21
Språkstipend	676	610	10	9
Reisestipend, innland og Norden	41 224	38 577	53	51
Reisestipend utanfor Norden	17 020	16 798	105	93
Reisestipend i Noreg til utanlandsstudentar	4 665	5 109	4	5
Reisestipend, kvoteordninga	816	825	5	5
Omgjering av lån til stipend ved sjukdom	809	702	17	16
Fødselsstipend	4 110	3 915	221	209
Forsørgjarstipend	13 857	12 869	212	198
Totalt	252 096	281 316	3 058	3 049

Budsjettforslag for 2009

Endringer i støttebudsjettet for Lånekassen har som regel effekt på fleire budsjettpostar under kap. 2410, kap. 5310 og kap. 5617. Støttebudsjettet blir derfor omtalt samla nedanfor. Administrasjonsbudsjettet i Lånekassen og moderniseringa av verksemda er behandla samla under kap. 2410 post 01 og post 45.

Forslag til endringer i forskriftene til utdanningsstøtteordningen som skal gjelde frå 1. januar 2009 (forskrift om forrenting og tilbakebetaling av utdanningslån og tap av rettigheter) og frå undervisningsåret 2009–10 (forskrift om tildeling av utdanningsstøtte), blir sende ut til alminneleg høring medio oktober 2008. Forslaget til forskrift er i tråd med budsjettforslaget.

Regjeringa foreslår at alle satsar i utdanningsstøtteordningane blir prisjusterte med 3,0 pst. frå undervisningsåret 2009–10, tilsvarende den forventede auken i konsumprisindeksen. Foreslåtte løyvingsendringar ut over dette skyldast som hovudregel endra tal på støtemottakarar og/eller endra renteføresetnader.

Regjeringa foreslår å løyve 20 mill. kroner til ei ordning for avskriving av utdanningsgjeld for studenter som i 2009 fullfører integrert masterprogram i lærarutdanninga, eller toårig fagdidaktisk masterprogram, med realfag eller framandspråk (bortsett frå nordisk/norsk). I tillegg omfattar ordninga dei som tek praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) i 2009 og tidlegare har fullført mastergrad eller hovudfag i matematisk-naturvitskaplege fag, teknologiske fag / sivilingeniørutdanning eller har ei ingeniørutdanning. Studenter som vel slik utdanning vil få avskrive inntil kr 50 000 av utdanningsgjelda. Departementet gir nærmare forskrifter om kven som fell inn under ordninga. Sjå også omtale under kategoriområde 07.20.

Departementet foreslår å utvide perioden det blir gitt fødselsstipend frå 42 veker til 44 veker. Bakgrunnen er ei jamstelling med regelverket i folketrygda for foreldrepengar, og ei oppfølging av oppmødingsvedtak nr. 369 14. februar 2008, kor Stortinget bad departementet gjennomføre ei heilskapleg vurdering av regelverk knytt til studenter som får barn under utdanninga. Regjeringa foreslår å auke gjeldande løyving med 5,5 mill kroner.

Departementet foreslår å utvide høvet til å få støtte til forseinking i studiane for funksjonshemma studenter. Etter dagens reglar blir det gitt støtte til eit års forseinking for alle studenter. Studenter med nedsett funksjonsevne får i dag støtte til eit års ekstra forseinking under føresetnad av at dei har støtte frå folketrygda. Departementet foreslår å fjerne koplinga til folketrygda og heller ta i

bruk ein relasjonell definisjon av nedsett funksjonsevne. Funksjonshemma studenter vil få stønad til eit års ekstra forseinking når ho / han kan dokumentere at forseinkinga skyldast at læringsmiljøet ved lærestaden ikkje er tilpassa hans / henne nedsette funksjonsevne. Regjeringa foreslår å auke gjeldande løyving med 2,4 mill kroner.

Budsjettforslaget for postane 50–90 gjeld for budsjettåret 2009, men Lånekassen må gi tilsegn om utdanningsstøtte for heile undervisningsåret 2009–10. Det er såleis ein føresetnad at Stortinget ved behandlinga av budsjettet for 2009 tek stilling til heile undervisningsåret 2009–10, og at Lånekassen kan gi tilsegn om slik støtte, jf. forslag til vedtak III nr. 2.

Departementet foreslår at tilskottet under kap. 2410 post 75 Særskilde tilretteleggingstiltak for utdanning i utlandet blir flytta til kap. 270 Studium i utlandet og sosiale formål for studenter, post 71 Tilrettelegging av studium i utlandet, og kap. 271 Universitet, post 50 Basisfinansiering statlege universitet.

Endringa inneber at tilskottet til ANSA, Generalkonsulatet i New York og Johan Jørgen Holsts minnefond blir flytta til kap. 270 post 71, jf. omtale under kap. 270 post 71. Tilskottet til Den internasjonale sommerskole ved Universitetet i Oslo og til studenter som tek nordisk sommarkurs ved NTNU, blir flytta til kap. 271 post 50, jf. omtale under kap. 271 post 50.

Med unntak av endringane som er nemnde ovanfor, blir det foreslått å vidareføre utdanningsstøtteordningane frå undervisningsåret 2008–09 i undervisningsåret 2009–10.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 45 og Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga på post 01 omfattar midlar til drift av Lånekassen. Løyvinga på post 45 omfattar midlar til større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, mellom anna kostnader i samband med fornyingsarbeidet i Lånekassen. Sjå òg kap. 270 post 74.

Rapport for 2007–08

Lånekassen har i all hovudsak oppfylt måla for 2007. Departementet er nøgd med dei resultata Lånekassen har oppnådd.

Lånekassen har i 2007 gjort dei brukarretta tenestene betre. Svarprosenten på telefonoppringingar auka frå 21 pst. i 2006 til 44 pst. i 2007, og målet, som var 26 pst., vart innfridd med god margin. 46 pst. av kundane tok i bruk elektronisk nettsøknad for søknader om tildeling av lån og stipend.

Målet var 50–52 pst. Årsaka til at målet ikkje vart nådd, skyldast innføringa av utstyrsstipend i samband med innføringa av gratis læremidlar i vidaregåande opplæring. Målet om at tildelingssaker som ikkje krev manuell behandling skulle vere minimum 58 pst., vart òg nådd.

44 pst. av søknadene for tilbakebetaling var elektroniske nettsøknader, og målet, som var 44 pst., vart nådd. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for tildelings- og tilbakebetalingssaker vart på ni dagar og i tråd med måla.

Lånekassen arbeidde òg i 2007 for å auke bruken av elektroniske løysingar og sjølvbeteningsløysingar i kommunikasjonen med elevar, studenter, tilbakebetalarar og samarbeidspartnarar. Lånekassen arbeider med å redusere manuell saksbehandling ved å tilby kundane gode elektroniske kanalar. Lånekassen har vidareutvikla www.lanekassen.no og Dine sider. Vidare er det satsa på meir målretta informasjon til ulike kundegrupper. I 2007 vart det registrert fleire enn 4,4 millionar besøk på www.lanekassen.no. Dette er ein auke på tolv pst. samanlikna med 2006. Tilsvarende har sjølvbeteningsportalen Dine sider hatt ein auke på om lag elleve pst. i 2007.

Stortinget løyvde midlar til å starte opp arbeidet på ny med moderniseringa i Lånekassen med ny tids- og kostnadsramme, jf. Budsjettinnst. S. nr. 12 (2007–2008) og St.prp. nr. 1 (2007–2008) for Kunnskapsdepartementet. Moderniseringa i Lånekassen byggjar på måla i St.meld. nr. 12 (2003–2004) *Om modernisering av Statens lånekasse for utdanning*. Mykje arbeid gjekk med til å utarbeide og kvalitetssikre nytt styringsdokument for moderniseringsprogrammet. Moderniseringsarbeidet held fram utan avvik av betydning for gjennomføringa når det gjeld framdrift, kvalitet, kostnad og eigenfinansiering.

LØFT Modulis, den nye IKT-løysinga for Lånekassen som skal erstatte den gamle løysinga som er i bruk i dag, utgjer hovudprosjektet i moderniseringsprogrammet. I april 2008 vart kontrakt inngått med Capgemini for fase ein av i alt tre fasar med opsjon for fase to, samt opsjon for drift, vedlikehald og vidareutvikling. I 2007 vart det sett i drift nye tekniske løysingar for å skanne, kvalitetssikre, fordele, gjere tilgjengeleg og lagre alle inngåande dokument i elektronisk form. Lånekassen arbeidde òg med å overføre oppgåver knytte til printing og konvoluttering av kundeport til Skattedirektoratet. Det vart vidare sett i gang arbeid for å utvikle ein nettsøknad for vidaregåande opplæring. Nettsøknadsløysinga er teken i bruk frå undervisningsåret 2008–09.

Lånekassen held fram med arbeidet med å konsentrere verksemda om kjerneoppgåvene for å

sørgje for meir effektiv drift, sørgje for mindre ressursbruk, og tilby kundane effektive og tilgjengelege tenester.

Mål for 2009

Lånekassen skal forvalte utdanningsstøtteordningane på ein effektiv, sikker og kvalitetsmessig god måte. Samtidig skal Lånekassen tilby kundane effektive og tilgjengelege løysingar. Lånekassen skal gjennomføre moderniseringsarbeidet innanfor dei mål-, tids- og kostnadsrammene som er fastsette i grunnlagsdokumenta for programmet.

Budsjettforslag for 2009

Departementet foreslår at løyvinga på kap. 2410 post 01 blir auka med 4,75 mill. kroner i samband med administrering av regelendringar og auka pensjonsutgifter, og at løyvinga på kap. 2410 post 45 blir auka med om lag 43,9 mill. kroner til moderniseringsarbeidet i Lånekassen. Dette er 18,2 mill. kroner meir enn tidlegare forutsatt grunna fase forskyving av utgifter. For 2009 foreslår Regjeringa å løyve 115,9 mill. kroner til moderniseringsprosjektet over kap. 2410 post 45. Eigenfinansieringa til Lånekassen utgjer 64,2 mill. kroner i 2009. Samla finansiering utgjer med dette 180,1 mill. kroner i 2009

Post 50 Avsetning til utdanningsstipend, overslagsløyving

Heile basisstøtta til elevar og studenter blir utbetalt som lån, og inntil 40 pst. av basisstøtta kan bli konvertert frå lån til stipend når utdanninga er gjennomført, jf. forslag til vedtak III nr. 3. Ordninga gjeld ikkje for unge elevar i vanleg vidaregåande opplæring. Løyvinga på post 50 skal dekkje avsetning til framtidige utgifter ved å konvertere lån til stipend ved gjennomført utdanning.

Post 70 Utdanningsstipend, overslagsløyving

Løyvinga på posten skal dekkje utdanningsstipend i støtteordninga for unge elevar som tek vanleg vidaregåande opplæring med rett etter opplæringslova § 3-1, samt forsørgjarstipend, fødselsstipend, sjukestipend og flyktningstipend.

Post 71 Andre stipend, overslagsløyving

Løyvinga på posten gjeld tilskott til reiser (reisestipend), skolepengar i land utanfor Norden (skolepengestøtte og tilleggsstipend), førebuande

språkkurs i utlandet og skolepengar til elevar ved utanlandske eller internasjonale skolar.

Post 72 Rentestønad, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekkjer kostnaden av at studielåna er rentefrie i studietida, og av at regelverket gir høve til rentefritak på særskilde vilkår i samband med tilbakebetalinga. Rentestønaden er eit uttrykk for kor mykje staten subsidierer lånedelen av støtteordningane med.

Det blir foreslått å vidareføre rentemarginen på eitt prosentpoeng.

Post 73 Avskrivningar, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekkjer utgifter i samband med ulike ordningar med avskrivning av utdanningslån i Lånekassen, jf. kap. 5310 post 91. Til dømes kan ein få avskrive delar av utdanningslånet etter den såkalla Finnmarksordninga.

Post 74 Tap på utlån

Løyvinga på posten dekkjer avskrivning av grovt eller vedvarande mislegghaldne utdanningslån. Låna blir avskrive rekneskapsmessig som tap i Lånekassen når dei blir overførte permanent til Statens innkrevjingssentral.

Post 75 Særskilde tilretteleggingstiltak for utdanning i utlandet

Departementet foreslår at løyvinga blir flytta til kap. 270 post 71, og kap. 271 post 50, jf. omtale under budsjettforslag samt omtale under dei aktuelle kapitla.

Post 90 Lån til Statens lånekassee for utdanning, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekkjer det totale behovet som Lånekassen har for innlån frå staten til alle låneordningar. Det blir foreslått at ordninga med ekstra lån til studentar som tek eit sommarsemester, blir ført vidare i 2009, jf. forslag til vedtak III nr. 4.

Kap. 5310 Statens lånekassee for utdanning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
03	Diverse inntekter	676		
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	26 000	18 000	24 000
16	Refusjon av foreldrepengar	1 698		
18	Refusjon av sjukepengar	4 203		
29	Termingebyr			28 900
72	Gebyr	129 551	123 000	
89	Purregebyr			96 200
90	Avdrag og renter	8 695 080	10 549 700	10 955 500
91	Tap og avskrivningar	504 115	504 600	447 100
93	Omgjering av studielån til stipend	3 945 340	4 253 900	4 158 700
	Sum kap. 5310	13 306 663	15 449 200	15 710 400

Post 03 gjeld i hovudsak refusjon av kostnader som Lånekassen har ved oppdrag for andre verksemdar.

Visse innanlandske kostnader kan etter statistikkdirektivet i OECD bli definerte som offentleg utviklingshjelp. Post 04 gjeld ettergiving av studielån for kvotestudentar frå utviklingsland som flyttar til heimlandet og buset seg der varig. Det er

Utanriksdepartementet som betaler refusjonen til Lånekassen over kap. 167 Flyktningtiltak i Noreg, godkjend som utviklingshjelp (ODA).

Post 29 gjeld gebyr som pålaupe i forbindelse med utsending av varsling ved terminforfall. Post 89 gjeld gebyr som pålaupe i forbindelse med utsending av andregongsvarsel og ved varsel om oppseiing. Ein foreslår at alle gebyra blir førte

vidare med dei same satsane som i 2007. Kunder som vel e-faktura, blir ikkje belasta med gebyr ved førstegongsvarsel. Dei som vel papirfaktura, blir belasta med eit førstegongsvarsel på kr 35. Gebyr ved andregongsvarsel på kr 280 og tredjegongsvarsel (varsel om oppseiing) på kr 490 vil vere dei same for kunder som bruker e-faktura, som for kunder som vel papirfaktura.

Løyvinga på post 90 gjeld innbetalte avdrag og renter frå kundane til Lånekassen.

Løyvinga på post 91 gjeld tap og avskrivning i Lånekassen, jf. kap. 2410 post 73 og 74.

Post 93 omfattar innbetaling frå eit fond (Konverteringsfondet) til Lånekassen basert på konvertering av lån til stipend, jf. kap. 2410 post 50.

Kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2007	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
80	Renter	4 434 759	6 113 000	6 763 305
	Sum kap. 5617	4 434 759	6 113 000	6 763 305

Løyvinga på posten gjeld renter frå Lånekassen til staten. Det blir betalt renter på lån som er rente-

frie under utdanninga, og renter som er belasta kunder i tilbakebetalingsfasa.

Del III
Strategiar og oversikter

5 Forsking og utvikling i statsbudsjettet

Innleiing

I St.meld nr. 20 (2004–2005) *Vilje til forskning* vart det sett mål om at Noreg skal vere ein forskingsnasjon som ligg i teten internasjonalt når det gjeld ny teknologi, kompetanse og kunnskap. Arbeidet med meldinga gav ei grundig drøfting av kva for forskingsområde som bør prioriterast i framtida. Dei valde prioriteringane er utforma på eit overordna nivå. Konkretisering og spissing av dei ulike prioriteringane tvinger seg fram mellom anna som følgje av ny og oppdatert kunnskap.

Ei av dei største utfordringane vi no står overfor, er å kombinere eit aukande behov for energi med målet om å redusere utslepp av klimagassar. Vi må kartleggje klimaendringane, finne gode løysingar for CO₂-handtering og utvikle teknologiar og system for fornybar og klimavennleg energi. Noreg har føresetnader for å medverke vesentleg til å løyse desse kunnskapsutfordringane, men det er naudsynt med ein langsiktig og kraftig forskingsinnsats.

Det å utvikle og ta i bruk ny kunnskap er avgjerande for vår omstillingsevne og for å auke verdiskapinga i norsk økonomi i framtida. Regjeringa har som mål at Noreg skal bli ein av dei leiande, innovative, dynamiske og kunnskapsbaserte økonomiar i verda innanfor dei områda der vi har føremon. For å utvikle eit næringsliv meir basert på kunnskap er det heilt naudsynt å styrkje den offentleg finansierte næringsretta forskinga slik at innovasjonsaktiviteten i næringslivet kan auke utover nivået i dag.

Regjeringa ønskjer å styrkje det offentlege si rolle innanfor sentrale velferdsoppgåver som helse, omsorg og utdanning. Den demografiske utviklinga gjer at vi står føre ei rekkje utfordringar innanfor velferdssektoren. Auka utdanningskapasitet for yrkesgruppene i velferdssektoren og styrking av profesjonsutdanningane er viktig for å møte desse utfordringane. Auka forskingsinnsats er avgjerande for å oppretthalde og utvikle eit godt velferdstilbod, og bidra til innovasjon i både offentleg og privat sektor.

For at norsk forskning skal medverke til å løyse globale utfordringar og sikre verdiskaping og eit velferdssamfunn for framtidige generasjonar, er det naudsynt å styrkje forskningsevna vår. I dette

ligg at forskinga gjennomgåande må ha høg kvalitet, og det må vere god balanse mellom grunnleggjande kunnskap, menneskelege ressursar og midlar til drift, utstyr og bygningar. Den kanskje viktigaste føresetnaden for å styrkje forskningsevna er at vi har nok forskarar. For å få fleire til å velje ein forskarkarriere må forskaryrket vere attraktivt, både i universitets- og høgskolesektoren, ved sjukehusa, i instituttsektoren og i næringslivet. Det er derfor naudsynt å leggje rammevilkåra betre til rette.

Regjeringa ønskjer i statsbudsjettet for 2009 å styrkje forskningsevna vår, og styrkje forskning for globale utfordringar, forskning for auka verdiskaping og forskning for auka velferd. Eit overslag viser at dei samla løyvingane til forskning og utvikling (FoU) i forslaget til statsbudsjett for 2009 er om lag 19,7 mrd. kroner, jf. tabell 5.3. Det er ein nominell auke på litt under 1,6 mrd. kroner frå 2008, tilsvarende ein reell auke på om lag 4,4 pst.

Utvikling i offentleg og privat forskingsinnsats

St.meld. nr. 20 (2004–2005) *Vilje til forskning* sette som mål at den samla forskingsinnsatsen i Noreg skal utgjere 3 pst. av BNP innan 2010 der 1 pst. av BNP skal vere frå offentlege kjelder og 2 pst. frå næringslivet og andre kjelder. I handsaminga av forskingsmeldinga slutta Stortinget seg til dette målet. Soria Moria-erklæringa gjekk òg inn for å heve FoU-innsatsen til 3 pst. av BNP innan 2010.

Då St.meld. nr. 20 (2004–2005) vart handsama i juni 2005, fatta Stortinget eit oppmodingsvedtak om at «det må foretas evalueringer i de årlige budsjetter av den samlede forskningsinnsatsen og utviklingen av det offentlige og næringslivets andel», jf. Innst. S. nr. 232 (2004–2005).

Statistikk over norsk FoU-innsats blir utarbeidd av Statistisk sentralbyrå (SSB) og Norsk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU STEP). I Noreg vart det i 2005 samla brukt om lag 29,6 mrd. kroner på forskning og utviklingsarbeid. Det er ein auke på 2,3 mrd. kroner frå 2003. Dei samla FoU-utgiftene i Noreg utgjorde om lag 1,5 pst. av BNP i 2005. Noregs samla forskingsressursar må auke frå om lag 30 mrd. kroner i 2005 til om lag 78 mrd. kroner for å utgjere 3 pst. av BNP i 2010.

FoU-statistikken opererer med fire finansieringskilder: næringslivet, det offentlige, utlandet og andre kjelder. «Offentlige kjelder» inneheld statlege løyvingar og FoU-midlar frå fylkeskommunar og kommunar. «Utlandet» inkluderer mellom anna midlar frå EUs rammeprogram. «Andre kjelder» inkluderer private fond og gåver, og skatteutgifter for staten gjennom Skattefunn-ordninga. I 2005 finansierte næringslivet forskning for 13,2 mrd. kroner. Forskingsinnsatsen i næringslivet utgjorde om lag 0,7 pst. av BNP i 2005. I 2005 finansierte offentlege kjelder forskning for 12,9 mrd. kroner. Dette utgjorde om lag 0,7 pst. av BNP.

Det er ikkje utarbeidd statistikk over finansieringskilder etter 2005.

NIFU STEP utarbeider kvart år ein analyse av statsbudsjettet. NIFU STEPs statsbudsjettanalyse gir ein indikasjon på utviklinga i den offentlege FoU-innsatsen etter 2005. Dei offentlege løyvingane til FoU over statsbudsjettet ligg om lag 10 pst. høgre enn offentlege kjelder i FoU-statistikken. Hovudårsaka til forskjellen er at statsbudsjettanalysen inneheld midlar som blir kanaliserte til utlandet. I 2007 vart det løyvd om lag 17,0 mrd. kroner til FoU over statsbudsjettet. Det utgjør om lag 0,75 pst. av BNP i 2007. I 2008 vart det løyvd 18,2 mrd. kroner til FoU over statsbudsjettet. Basert på førebelse tal for BNP i 2008 utgjør det om lag 0,7 pst. av BNP.

I tillegg til direkte FoU-løyvingar kjem tapte skatteinntekter gjennom Skattefunn-ordninga. Finansdepartementet reknar skatteutgifta (tapte skatteinntekter) av prosjekt som vart gjennomførte i 2007, til om lag 975 mill. kroner. Dersom ein legg dei tapte skatteinntektene saman med den offentlege finansieringa over statsbudsjettet, gir dette ei samla offentlig støtte til FoU på om lag 18 mrd. kroner i 2007. Det utgjør 0,79 pst. av BNP. Eit overslag frå Finansdepartementet viser at skatteutgifta for prosjekt som blir gjennomførte i 2008, blir på om lag 950 mill. kroner. Skattefunn er nærmare omtalt i St.prp. nr. 1 (2008–2009) Skatte-, avgifts- og

tollvedtak, kapittel 2 og i St.prp. nr. 1 (2008–2009) for Nærings- og handelsdepartementet.

Forskingsinnsatsen i Noreg

Når ein måler FoU-innsatsen som del av BNP, blir det teikna eit lite nyansert bilete av forskingsinnsatsen i Noreg. St.meld. nr. 20 (2004–2005) inneheld fleire delmål som konkretiserer korleis Noreg skal vere blant dei leiande forskingsnasjonane. Dette gjeld både målbare resultat av forskning (som publiseringar, siteringar) og innsatsmål som ikkje er knytte til svingingar i oljeprisen (forskarar per 1 000 sysselsette, osv.). Slike delmål kan teikne eit meir nyansert bilete av forskingsinnsatsen i Noreg. Tabell 5.1 viser skår på sentrale indikatorar for FoU i dei nordiske landa og OECD-området. Dersom ein ser på offentlig finansierte forskning per innbyggjar, ligg Noreg høgst i Norden, og på ein fjerdeplass i OECD-området. Tal på forskarårsverk per 1 000 sysselsette syner at Noreg ligg sist i Norden. Publikasjonsstatistikk kan nyttast til å vurdere forskingskvalitet på eit overordna nivå. Tal frå forskingsinstituttet NIFU STEP og Thomson Scientific syner at norske forskarar stadig publiserer meir i ISI-registrerte tidsskrift. Frå 2002 til 2006 auka talet på artiklar med om lag 8 pst. per år i snitt. Det er den sterkaste årlege veksten blant dei nordiske landa, sjølv om dei andre nordiske landa framleis publiserer noko meir, jf. tabell 5.1. Sidan 2000 har landa utanfor OECD, EU og Norden auka sin del av ISI-registrerte tidsskrift i verda. Mellom anna har Kina dobla sin del. Noreg skil seg frå dei nordiske landa og dei fleste andre vestlege landa, ved at den norske delen av ISI-registrerte tidsskrift i verda aukar, særleg etter 2004. Vitskaplege siteringar seier noko om kvaliteten på og gjennomslagskrafta til forskinga. Når det gjeld vitskaplege siteringar, ligg Noreg godt over gjennomsnittet i OECD-området, men bak land som Sverige og Danmark, jf. tabell 5.1.

Tabell 5.1 FoU-indikatorar i Norden og OECD

Land	Samla FoU i pst. av BNP	Offentleg FoU i pst. av BNP	Offentleg FoU per innbyggjar ¹	FoU-årsverk per 1 000 av total arbeidskraft	Vitskaplege artiklar per 1 000 innbyggjar	Relativ siterings- indeks 2003-2007 (Verdsgjennom- snittet = 100)
Sverige	3,73 (1)	0,89 i 2005 (3)	2584 i 2005 (5)	16,9 (3)	1,88 (2)	125
Finland	3,45 (2)	0,87 i 2006 (4)	2519 i 2006 (6)	21,8 (1)	1,60 (4)	119
Danmark	2,43 (7)	0,68 i 2005 (10)	2005 i 2005 (11)	15,6 (4)	1,70 (3)	139
Norge	1,52 (18)	0,67 i 2005 (11)	2820 i 2005 (4)	13,0 (7)	1,53 (6)	120
OECD- gjennomsnitt	2,26	0,66 i 2005				109

¹ NOK i løpande priser per innbyggjar.

Kjelde: OECD Main Science and Technology Indicators 2008-1 og National Science Indicators/Thomson Scientific/NIFU STEP. Tala er frå 2006 eller siste statistikkår. Ranginger bland medlemslanda i OECD står i parentes.

I 2007 vart det avlagd 1 030 doktorgradar ved norske universitet og høgskolar. Det er 125 fleire enn i 2006. Både fullføringsgrad og -tid i doktorgradsutdanninga har vorte betre dei siste åra. På alle dei nemnte indikatorane er det stadig rom for betring, og Regjeringa ønskjer at Noreg skal gjere det betre på slike kvalitetsmålingar.

Målestokk for framtidens kunnskapssamfunn


Sidan 2005 har Noreg hatt ei positiv utvikling i både offentleg og privat FoU-innsats. I same periode har BNP-auken vore så høg at Noreg har stagnert når det gjeld FoU-innsats som del av BNP. Å nå 3-prosentmålet innan 2010 krev om lag ei dobling av FoU-innsatsen på to år. 3-prosentmålet må sjåast i samanheng med at EU sette dette målet i 2002, som eit sentralt verkemiddel for å realisere Lisboa-strategien. Nye tal syner at EU-landa heller ikkje har lykkast i å komme nærmare 3-prosentmålet. EU-kommisjonen seier no offisielt at 3-prosentmålet ikkje kan nåast innan 2010. Kommisjonen ønskjer å behalde målet som ein målestokk for Europas utvikling mot ein meir kunnskapsbasert økonomi.

Regjeringa tek sikte på å fremje ei heilskapleg melding for Stortinget i 2009 om kvalitet og vilkår i

forskinga. I meldinga vil regjeringa presentere status for norsk forskning, og drøfte mål for den samla forskingspolitikken, som mellom anna kan medverke til auka fokus på forskingskvalitet og betre ressursutnytting av den offentlege forskingsinnsatsen.

Forsking i statsbudsjettet for 2009

Kunnskapsdepartementet sitt overslag viser at dei samla løyvingane til forskning og utvikling (FoU) i forslaget til statsbudsjett for 2009 er om lag 19,7 mrd. kroner, jf. tabell 5.3. Det er ein nominell auke på litt under 1,6 mrd. kroner i forhold til 2008. FoU-løyvingane over statsbudsjettet utgjer omlag 0,75 pst. av BNP, basert på førebelse tal for BNP i 2009. I tillegg foreslår Regjeringa å auke kapitalen i Fondet for forskning og nyskaping med 6 mrd. kroner til 72 mrd. kroner i 2008, jf. figur 5.1. Dette er forventet å gi ei auka avkastning på om lag 285 mill. kroner i 2010. Regjeringa foreslår vidare å opprette regionale forskingsfond med ein kapital på 6 mrd. kroner frå 1. januar 2009. Dette er forventet å gi ei auka avkastning på om lag 285 mill. kroner i 2010. Under denne Regjeringa har fondskapital i dei to fonda auka med totalt 42 mrd. kroner.



Figur 5.1 Kapital i Fondet for forskning og nyskaping

Hovudprioriteringar i statsbudsjettet for 2009

Regjeringa ønskjer i statsbudsjettet for 2009 å styrkje forskningsevna vår, og styrkje forskning for globale utfordringar, forskning for auka verdiskaping og forskning for auka velferd.

Styrkje forskningsevna

Regjeringa foreslår å styrkje forskningsevna gjennom ei satsing på rekruttering, vitskapleg utstyr, regionale forskingsfond, styrking av instituttsektoren og auka internasjonalisering av norsk forskning.

Rekruttering

Ei styrking av forskarutdanninga er ein føresetnad for å vidareutvikle Noreg som kunnskapssamfunn. Det blir stilt stadig høgre krav til formell kompetanse både i forskarstillingar og andre yrke. Ikkje minst gjeld dette universitets- og høgskolesektoren, mellom anna som ei følgje av NOKUTs krav til kompetanse hos det faglege personalet. Forskingsinstitutta og helseføretaka etterspør kandidatar med doktorgrad oftare enn før. Fleire personar med doktorgrad er viktig for å auke forskingsinnsatsen i næringslivet, og utvikle meir kunnskapsintensive næringer. Vi treng forskarar til spissmiljø som kan vere i front internasjonalt, og vi treng personale med høg kompetanse som kan ta i bruk forskingsbasert kunnskap og forskingsresultat på sine arbeidsområde.

Auka grunnsats for nye stipendiatstillingar

Satsen ved tildeling av stipendiatstillingar er ikkje tilstrekkeleg til å dekkje omkostningane knytte til forskingsverksemda til stipendiatane. Regjeringa vil derfor auke ressursane som følgjer stipendiatstillingane, gjennom å heve satsen for nye stillingar. Regjeringa foreslår i statsbudsjettet for 2009 å auke satsen på rekrutteringsstillingar til kr 800 000 per stilling per år. Det inneber ein auke på om lag 25 pst. Auken skal sjåast på som støtte til miljøa for å betre rammevilkåra for forskning, og for å gi auka rom for faglege prioriteringar. Han er ikkje ei støtte til den einskilte stipendiaten. Det er ein føresetnad at institusjonane ved fordeling av desse ressursane prioriterer dei utstyrskrevjande miljøa.

Volum i forskarutdanninga

Å auke talet på dei som tek doktorgrad, er ein viktig føresetnad for å auke forskningsevna vår. Det er i dag god rekruttering til stipendiatstillingar innanfor dei fleste fagområde, samstundes som kandidatane er attraktive på arbeidsmarknaden etter slutført utdanning. Universitet og høgskolar ønskjer òg å ta opp fleire kandidatar. Samla sett ligg det derfor godt til rette for å auke volumet i doktorgradsutdanninga. Behovet for nye rekrutteringsstillingar er mellom anna avhengig av kor mange forskarar som må erstattast som følgje av utgåande mobilitet og avgang grunna alder. Vidare vil omfanget av nye forskingssatsingar verke inn på behovet. Ein har òg i dei seinare åra sett auka tett-

leik av forskarpersonale med doktorgrad i instituttsektoren og i helseføretaka. Det er all grunn til å tru at den auka etterspurnaden etter doktorgradskompetanse utanfor akademien vil halde fram. I eit stadig meir komplekst samfunn blir krava til formell kompetanse stadig høgare.

NIFU STEP framskreiv i 2007 behovet for nye rekrutteringsstillingar til å liggje mellom 290 og 520, avhengig av om ein legg til grunn at offentleg FoU skal vekse i takt med BNP, eller auke til 1 pst. av BNP. Departementet vurderer det slik at NIFU STEP byggjer sine framskrivingar på usikre føresetnader:

- Departementet legg til grunn at gjennomføringa blir betre enn NIFU STEP.
- Departementet legg til grunn ein lågare vekst i BNP enn NIFU STEP.
- Departementet føreset høgare lønnsvekst blant forskarar enn NIFU STEP, mellom anna som følgje av den stadig aukande konkurransen om dei beste forskarane internasjonalt.
- Departementet føreset at ein større del av stipendiatane held fram med forskning.
- Departementet ønskjer å auke løyvingane monaleg per nye stilling for å styrkje vilkåra for forskning.
- Departementet føreset at næringslivet sjølv medverkar til å finansiere stipendiatar gjennom ordninga med nærings-ph.d.

Samla sett inneber desse faktorane ei vesentleg nedjustering av framskrivingane frå NIFU STEP. Kor mange nye stillingar ein treng, må sjåast i samanheng med den totale satsinga på forskning, som mellom anna inkluderer behovet for auke i forskarårsverk, utstyr, midlar til drift og lokale. Det konkrete talet på nye stillingar må vurderast i samband med dei årlege statsbudsjetta.

Regjeringa foreslår drygt 200 nye rekrutteringsstillingar i 2009 over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Dette gjeld 151 nye stipendiatstillingar og 35 postdoktorstillingar gjennom dei direkte løyvingane til universitet og høyskolar, og ti nærings-ph.d.-stillingar og fem rekrutteringsstillingar knytt til nordområdesatsinga gjennom løyvinga til Noregs forskingsråd. Regjeringa legg til grunn at tilsetning vil skje frå hausten, og midlar til stillingane er derfor lagde inn med 1/3 effekt i 2009. I tillegg kjem 10 mill. kroner i auka løyving til nærings-ph.d.-ordninga over budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet, jf. omtale av næringsretta forskning under.

Styrkt rekruttering til MNT-faga

Matematiske, naturvitskaplege og teknologiske fag er satsingsområde i norsk forskning, og det er dermed behov for auke i talet på forskarutdanna personar på desse områda. Regjeringa føreset at institusjonane engasjerer seg særskilt i rekruttering til desse fagområda. Arbeidsvilkår, ikkje minst i form av vitskapleg utstyr, er ein viktig faktor for rekruttering. Regjeringa vil prioritere MNT-faga og medisin når nye rekrutteringsstillingar skal tildelast i framtida. Resten av dei nye stillingane går til dei andre fagområda, med særleg vekt på å styrkje profesjonsutdanningane og kompetanse for regional utvikling.

Studentar må involverast i forskning

Lærestadene må leggje til rette slik at interesserte og talentfulle studentar allereie på bachelornivå kan få større innsyn i forskning innanfor det faget dei studerer. Masteroppgåva skal vere ei praktisk innføring i kva eit forskingsarbeid er.

Stipendiatstilling i Noreg er konkurransedyktig internasjonalt

I eit internasjonalt perspektiv har Noreg gunstige lønns- og arbeidsvilkår for stipendiatar. Framfor å fokusere på betre lønnsvilkår for stipendiatane ønskjer departementet at institusjonane primært legg vekt på vidare utvikling av kvalitet i utdanninga og gode arbeidsvilkår. Institusjonane må likevel vurdere kva fagområde som har størst problem med å finne gode kandidatar. Dei må nytte lønna fleksibelt for å rekruttere stipendiatar med arbeidsrøynsle frå konkurranseutsette område som teknologi, medisin og jus.

Gjennomføringa i doktorgradsutdanninga må bli betre

Gjennomføringa i doktorgradsutdanninga er per i dag ikkje tilfredsstillande. Departementet vil oppmode institusjonane til å følgje opp stipendiatane tettare. Institusjonane bør avslutte avtalar der dei ser at stipendiaten ikkje har føresetnader for å fullføre graden. Departementet forventar at fullføringsgraden framleis aukar monaleg. Denne forventinga blir lagd til grunn for å vurdere behovet for nye stipendiatstillingar i framtida. Der det er ønskeleg å styrkje rekrutteringa av stipendiatar rett frå mastergrad, oppmodar departementet fagmiljøa til å nytte ei ordning der studentar blir tekne opp til forskarlinje på mastergrad, for så å kunne konkurrere om direkte overgang til stipendiatstil-

ling. Forskingsmiljø som har høg gjennomsnittleg alder på doktorgradskandidatane og stort fråfall, til dømes humaniora og samfunnsvitskap, må leggje betre til rette for overgang direkte frå mastergrad til stipendiatstilling.

Krav til rettleiing og fagmiljø

Rettleiing og fagmiljø er særskilt viktig for at stipendiatane skal lykkast. Alle institusjonar må arbeide for å styrkje rettleiinga for doktorgradskandidatane sine. Ein viktig faktor som bør vurderast, er å nytte meir enn ein rettleiar. Den samla forskingssektoren er ein viktig ressurs når det gjeld rettleiing. Regjeringa går ut frå at dei ulike aktørane i forskarutdanninga, med gradstildelande institusjon som hovudansvarleg, legg til rette slik at stipendiatane får tilgang til optimal rettleiing. Dette uavhengig av om rettleiinga er i universitets- og høgskolesektoren, i helseføretaka, i instituttsektoren eller i næringslivet. Å ta imot ein stipendiat er ikkje berre ein ressurs, men òg ei forplikting for institusjonane. Forskingsmiljøet bør halde eit solid fagleg nivå. I miljø som er så små at slike vilkår ikkje kan oppfyllest, må ansvarleg institusjon sørge for at tilhøva blir lagde best mogleg til rette for stipendiaten. Ei moglegheit er at stipendiaten oppheld seg delar av studiet i eit miljø som oppfyller dei faglege krava. Institusjonane må følge opp dei rettleiande krava til fagmiljø for stipendiatar i retningslinjene frå Universitets- og høgskolerådet (UHR). Regjeringa vil klargjere kriteria for å få akkreditert ein doktorgrad gjennom å innføre ei klar tolking av kravet om stabil forskarutdanning.

Forskarutdanning må kvalifisere for heile forskingssektoren

Doktorgradskandidatane går inn i eit breitt spekter av yrke etter slutført utdanning. Universitet og høgskolar må ta omsyn til dette når dei planlegg dimensjonering av dei ulike fagområda, og når dei planlegg innhaldet i kurs og andre aktivitetar i forskarutdanninga.

Dei tre vegane til doktorgrad

Det er tre hovudvegane til doktorgrad. For det første kan ein gå direkte over frå mastergrad til doktorgradsutdanning. For det andre kan personar med røynsle frå yrkeslivet gå inn i doktorgradsutdanning. Dei må kunne byggje vidare på den kompetansen dei har med seg frå yrkeslivet. For det tredje kan fagpersonar tilsett ved høgskolar, i forskingsinstitutt og i helseføretak ta doktorgrad

medan dei er i ordinær stilling. Det er viktig at institusjonane legg godt til rette ikkje berre for dei som kjem rett frå mastergrad, men òg dei som kjem til doktorgradsutdanninga frå dei andre gruppene. Desse tre gruppene vil ha ulike behov. Dei som kjem frå yrkeslivet vil til dømes trenge høgre løn enn dei som kjem rett frå mastergrad. I samarbeid med ansvarleg institusjon må arbeidsgivar leggje til rette for at dei som tek doktorgraden i ordinær stilling får tilstrekkeleg forskingstid.

Forskarskolar

Stipendiatane bør gå inn i strukturerte løp i forskarutdanninga, i faglege fellesskap med andre stipendiatar og seniorforskarar. Forskarskolar er eit tiltak som kan styrkje dette fellesskapet. Arbeidsfellesskapet er studentane sitt primære miljø. Mange stipendiatar høyrer heime i solide fagmiljø, som utgjer faglege arbeidsfellesskap. Forskarskolar, lausrive frå arbeidsmiljøet til stipendiatane, kan ikkje erstatte dette. Regjeringa ser nasjonale forskarskolar som eit viktig verkemiddel for å hjelpe små og veike fagmiljø, sjølv om dei ikkje kan utgjere ei generell løysing på utfordringane desse miljøa har.

Nærings-ph.d.

Nærings-ph.d. er ei ordning der verksemdar er arbeidsgjevarar for stipendiatar medan dei tek doktorgraden. Halvparten av utgiftane til ein stipendiat blir finansiert av verksemdene sjølve. Verksemdene søker Forskingsrådet om nærings-ph.d. Regjeringa ser ordninga med nærings-ph.d. som eit viktig verkemiddel for å auke innovasjonsaktiviteten, og ikkje minst for å auke forskinga i næringslivet. Ordninga vil vere ein viktig faktor for å utveksle kunnskap og kompetanse mellom universitet og næringsliv. Kunnskapsdepartementet foreslår å løyve midlar til 10 nye nærings-ph.d. i statsbudsjettet for 2009 og Nærings- og handelsdepartementet foreslår å styrkje løyvinga si til nærings-ph.d. med 10 mill. kroner.

Samarbeid om doktorgradsutdanning

Samarbeid om doktorgradsutdanning er òg ei plattform for eit vidare fagleg samarbeid. Aktørar frå institutt, helseføretak og næringsliv medverkar til å gjere kompetansen doktorgradskandidatane har relevant for seinare forskning i desse sektorane. Det er derfor viktig at universiteta kan knytte til seg personale i II-arstillingar frå institutt, helseføretak eller verksemdar i rettleiinga av stipendiatar.

Karriereløpet

Balansert auke innretta mot behova i samfunnet

Det er viktig med ein balansert auke mellom forskningssatsingar som utløyser behov for fleire forskarar, og satsing på auka forskarutdanning. Satsar ein for mykje på eitt av områda og for lite på det andre, vil ein kunne auke rekrutteringsutfordringane, anten fordi ein ikkje utdannar nok forskarar, eller fordi ein utdannar for mange i høve til behova.

Postdoktorstillinga

Departementet vurderer postdoktorstillinga som ei viktig stilling. Ho gir unge talent som har gjennomført ei forskarutdanning, høve til å forske på heiltid i ein periode av livet med stor arbeidskapasitet og kreativitet. Det er viktig for forskinga at slike moglegheiter er på plass når motivasjon og kreativitet er på topp. Samstundes er det god rekruttering til stillinga frå personar som har avlagt doktorgraden utanlands, og stillingstypen er derfor viktig både for rekrutteringa til og internasjonaliseringa av norsk forskning. Departementet går derfor inn for at kvar femte nye rekrutteringsstilling skal vere ei postdoktorstilling. Forskringsrådet vil kunne knytte stillingane opp mot nasjonale forskingsprioriteringar. Universitet og høgskolar kan i tillegg ta omsyn til meir lokale utfordringar og utvikle sin eigen forskingsprofil. Regjeringa foreslår i statsbudsjettet for 2009 å løyve midlar til 35 postdoktorstillinger.

God leiing

Behovet for å heve kompetansen til forskingsleiarar er i dag stort. Departementet vil derfor ta initiativ for å styrkje leiarutviklinga i den offentlege delen av forskingssektoren, og i samarbeid med UHR etablere ei arbeidsgruppe med oppdrag å vurdere behov for leiarutvikling i sektoren. Kunnskapsdepartementet føreset at institusjonane i sektoren utarbeider krav til opplæring av leiarar og tilbod om opplæring, basert på program som andre tilbyr.

Tid til forskning

Auka sats for stipendiatstillingar skal gi forskingsmiljøa betre rom for handling. Hovudmodellen for forskarutdanninga er at stipendiatane ved universitet og høgskolar blir tilsette for fire år. Det er ein føresetnad at 75 pst. av tida blir nytta til forskarutdanninga, og 25 pst. til anna arbeid. Auke i talet rekrutteringsstillingar vil derfor gi institusjonane ekstra undervisningskapasitet, som mellom anna

kan nyttast til å frigjere tid til forskning for det ordinære personalet.

Mobilitet

Mobiliteten i det norske forskningssystemet er låg. Det er ønskeleg med større mobilitet for å sikre spreining av kompetanse mellom institusjonar i UH-sektoren, og mellom UH-institusjonar, instituttsektor, helseføretak og næringsliv. Departementet oppmodar institusjonane til å auke bruken av II-arstillingar for å styrkje mobilitet og deling av kunnskap på tvers av institusjonar og sektorar. Det er viktig å stimulere til opphald i utlandet, særleg ved dei beste forskingsmiljøa. Forskringsrådet og institusjonane må derfor leggje til rette for denne typen opphald i utlandet.

Likestilling

Det blir gjort mykje godt arbeid for å oppnå større likestilling i forskning. Departementet meiner likevel at arbeidet må intensiverast, grunna den lange tida det tek å oppnå forbetringar. Departementet forventar at forskingsinstitusjonane vidarefører og styrker arbeidet sitt med likestilling for å oppnå konkrete resultat. Forskringsmiljøa må analysere situasjonen, og setje i verk konkrete tiltak for å auke delen kvinner der dei er underrepresenterte. Å skolere leiarar for at desse skal bli medvetne om kva faktorar som fremmer og hemmar karrieren til kvinner, vil vere eit viktig verkemiddel.

Likestilling på universitet og høgskolar

Departementet vil streke under det ansvaret institusjonane i universitets- og høgskolesektoren har for å utvikle ein kultur som gir begge kjønn like moglegheiter til å avansere i stillingssystemet. Departementet meiner at tiltak som mentorordningar, startpakker, kvalifiseringsstipend og liknande er viktige, og må nyttast aktivt for å fremme moglegheitene kvinner har for å gå vidare i ein forskar-karriere. Det er òg viktig at institusjonane nyttar høvet til å betre balansen mellom kjønna i samband med avgang grunna alder. Det er behov for meir forskning om likestilling i academia, og departementet vil arbeide for at kunnskapsgrunnlaget på dette feltet blir styrkt. Rekruttering av fleire kvinner til realfag og teknologi er ei særskild utfordring. Departementet ber institusjonane merkje seg tiltak som gjeld likestilling i strategien for styrking av realfaga, og vie særleg merksemd til rettleiing av kvinnelege doktorgradsstipendiatar på desse fagområda.

Øyremerking av stillingar

Departementet ønskjer å setje i verk ei ordning med øyremerking av stillingar til kvinner på stipendiat- og postdoktornivå i fag der dei er særleg underrepresenterte. Departementet vil fremme ei lovendring slik at ordninga kan nyttast frå hausten 2009. 15 pst. av dei nye rekrutteringsstillingane ved universiteta skal øyremerkast kvinner. Departementet forventar også at institusjonane sjølve nyttar øyremerking av stillingar dei disponerer innanfor den ramma som gjeld, så snart den naudsynte lovendringa er på plass. Departementet vil be institusjonane rapportere om bruken av ordninga.

Vitskapleg utstyr

Både norske forskingsmiljø og internasjonale evalueringskomitear peiker på at mangel på oppdatert vitskapleg utstyr og forskingsinfrastruktur hindrar optimal bruk av dei menneskelege ressursane i norsk forskning. Forskingsrådets nasjonale strategi for forskingsinfrastruktur *Verktøy for forskning* peiker på at behovet for oppdatert vitskapleg utstyr i Noreg er stort. Regjeringa vil derfor i 2009 styrkje forskningsevna gjennom ei solid og langsiktig satsing på forskingsinfrastruktur. Regjeringa foreslår å øyremerkje avkastninga av 4 mrd. kroner i auka kapital i Fondet for forskning og nyskaping til forskingsinfrastruktur. Dette vil gi ei stabil årleg løyving til forskingsinfrastruktur på om lag 190 mill. kroner frå 2010. Ein slik finansieringsmekanisme med langsiktige, kjente budsjetttrammer er avgjerande for god planlegging av investeringane framover, både i forskingsinstitusjonane og i Noregs forskingsråd.

Kunnskapsdepartementet foreslår i tillegg ei eittårig løyving på 80 mill. kroner til forskingsinfrastruktur over budjettet til Forskingsrådet i 2009, slik at det blir ei gradvis opptrapping til 2010.

European Strategy Forum on Research Infrastructures (ESFRI) er eit viktig rådgivande organ for EU-kommisjonen. 35 prosjekt vart i 2006 valde ut til ESFRIs vegkart for paneuropeisk forskingsinfrastruktur. Noreg har interesser i 11 av desse. I tillegg held ESFRI på å oppdatere vegkartet med eit mindre utval nye prosjekt. Noreg har spelt inn tre prosjekt til det reviderte vegkartet. *Svalbard Integrated Arctic Earth Observing System* (SIAEOS) er eit forslag om å byggje opp eit arktisk observasjonssystem på Svalbard som inkluderer data frå dei fire «sfærene» jord, hav, is og luft (atmosfære). *European Carbon Dioxide Capture and Storage Laboratory Infrastructure* (ECCSEL) er eit forslag om oppgradering og utvikling av unike laborato-

rium, samt målretta nettverksbygging for å betre den europeiske konkurranseevna innanfor fangst og lagring av karbondioksid. *Advanced Sustainable Sea-based Aquaculture* (ASSA) skal integrere kunnskap om akvakultur og akvakulturateknologi gjennom ein ny storskala forskingsinfrastruktur, *AquaCulture Engineering facility* (ACE). Innan utgangen av året vil det bli avgjort om dei norske prosjekta blir inkluderte på det nye vegkartet.

Løyvinga til vitskapleg utstyr i 2009 skal gå til å følgje opp nasjonale og internasjonale tiltak i utstyrstrategien.

Styrkt finansiering av forskingsinstitutta

Instituttsektoren er ein sentral del av det norske forskings- og innovasjonssystemet. Institutta har som hovudformål å tilby forskning av høg kvalitet og relevans til næringslivet, forvaltninga og samfunnet elles. Frå 2009 vil det bli innført eit nytt system for den statlege basisfinansieringa av forskingsinstitutta. Formålet med basisfinansieringa er å auke kvaliteten ved institutta og gi dei rom for langsiktig kunnskaps- og kompetanseoppbygging. Det nye finansieringssystemet vil fordele delar av grunnløyvingane etter kor gode resultat det enkelte institutt oppnår, på ein slik måte at institutta blir premierte for både kvalitet og relevans i forskinga. Regjeringa foreslår å styrkje basisfinansieringa til forskingsinstitutta med om lag 67 mill. kroner ved innføringa av det nye systemet i 2009. For ein nærmare omtale av det nye finansieringssystemet, sjå under.

Regionale forskingsfond

Ved behandlinga av St.meld. nr. 12 (2006–2007) *Regionale fortrinn – regional framtid* slutta Stortinget seg til forslaget frå regjeringa om å opprette fond for regional forskning. Forskingsrådet har lagd ei utgreiing om formålet med og innretninga av fond for regional forskning, jf. Innst. S. nr. 166 (2006–2007). Regjeringa meiner utgreiinga til Forskingsrådet er grundig, og at ho på ein god måte balanserer ulike omsyn. Frå 1. januar 2009 foreslår Regjeringa derfor å opprette fond for regional forskning og utvikling med ein kapital på 6 mrd. kroner. Dette er forventa å gi ei avkastning på om lag 285 mill. kroner i 2010. Avkastninga skal fordelast til regionale einingar.

Formålet med dei regionale forskingsfonda er å styrkje forskningsevna gjennom regional forskning og innovasjon. Fonda skal medverke til langsiktig, grunnleggjande kompetansebygging i relevante forskingsmiljø, og såleis medverke til auka kvalitet i forskinga. Regjeringa legg opp til at om lag 80 pst.

av samla avkastning blir fordelt etter faste kriterium (mellom anna folketal). Om lag 15 pst. av midlane blir fordelte til dei fonda som har best kvalitet på FoU-prosjekta, og til samarbeidsprosjekt mellom fleire fond. Nordområda er blant dei viktigaste satsingsområda for regjeringa. Som ein del av nordområdesatsinga skal om lag fem pst. av midlane setjast av til dei tre nordlegaste fylka. For meir omtale av regionale fond, sjå kap. 286 post 96.

Internasjonalisering

Som ein liten nasjon er Noreg særleg avhengig av nær kontakt med den internasjonale kunnskapsutviklinga. Noreg deltek mellom anna i EUs sjuande rammeprogram for forskning, teknologisk utvikling og demonstrasjonsaktivitetar (2007–13). Regjeringa ønskjer å rette merksemda mot at det internasjonale forskningssamarbeidet skal gi eit godt fagleg og økonomisk utbytte.

Kunnskapsdepartementet ferdigstilte våren 2008 ein strategi for Noregs samarbeid med EU om forskning og utvikling. Strategien skal bidra til at Noreg får mest mogleg nytte av deltakinga i rammeprogrammet og det europeiske forskingsområdet. Strategien er utarbeidd i dialog med relevante departement, Noregs forskingsråd, Innovasjon Noreg og andre aktørar. Strategien peiker på tre område for ein forsterka innsats etter nærmare målsetjingar, og der det skal setjast inn tiltak. Dette er:

- å forsterke norsk deltaking i og utbytte av det sjuande rammeprogrammet
- å utvikle ein meir aktiv politikk for norsk deltaking i det europeiske forskingsområdet
- å auke påverking og koordinering, og styrke kunnskapsbasen om EU-forskinga.

Kunnskapsdepartementet vil med strategien bidra til at norske forskingsmiljø og verksemdar aukar innsatsen sin for deltaking i det sjuande rammeprogrammet. Strategien skal òg medverke til at Noreg har ei strategisk tilnærming til det europeiske forskingsområdet. Utviklinga av det europeiske forskingsområdet inneber auka koordinering i Europa av nasjonal politikk og nasjonale forskingsressursar innanfor område der deltakarland ønskjer dette. Dette kan styrkje både europeisk og norsk forskning, men stiller òg det nasjonale for-

skingssystemet overfor utfordringar og tilpassingsbehov.

Det europeiske instituttet for innovasjon og teknologi (EIT) som vart oppretta frå i haust, har som mål å styrkje samhandlinga i det såkalla kunnskapstriangelet – forskning, utdanning og innovasjon. Regjeringa meiner det er viktig at Noreg tek del i denne satsinga, og Noreg er derfor vorte fullverdig medlem av EIT.

Forskning retta mot globale utfordringar

Klima og miljø

Regjeringa følgjer opp klimaforliket med ei auka satsing på 300 mill. kroner til forskning og utvikling innanfor fornybare energikjelder og karbonfangst og -lagring i budsjettet for 2009. Satsinga vil gå til etablering av forskningssenter for miljøvennleg energi innanfor prioriterte område og til ei breiddesatsing med styrking av relevante forskingsprogram. Målet er å møte forskingsutfordringar og utnytte potensialet for verdiskaping knytt til fornybar energi og karbonfangst og -lagring.

Første fase i senteratsinga er initiert gjennom løyvinga på 50 mill. kroner i revidert nasjonalbudsjett 2008 over budsjettet til Olje- og energidepartementet. Regjeringa foreslår at satsinga blir styrkt til 110 mill. kroner i 2009, slik at ein kan finansiere fem-sju senter, kvar med eit støttemfang på 7-20 mill. kroner. Innretninga av senteratsinga vil byggje på erfaringane med ordningane med Senter for framifrå forskning og Senter for forskingsdriven innovasjon. Rekruttering og infrastruktur vil vere viktige element i senteratsinga. Prioriteringane vil liggje nær dei tematiske prioriteringane i FoU-strategien for energisektoren, Energi 21, og kan omfatte mellom anna energieffektivisering, offshore vindkraft, solcelleteknologi, CO₂-fangst og -lagring, bioenergi, transmissjonsnett, energimarknad, rammevilkår og avtalar og samfunnsmessige konsekvensar av verkemiddel for auka bruk av ny energi.

Breiddesatsinga omfattar ei styrking av fem program i Forskringsrådet på i alt 166 mill. kroner over budsjetta til fleire departement og ei generell styrking av grunnforskning, rekruttering og infrastruktur knytt til fornybare energikjelder og karbonfangst og -lagring på 24 mill. kroner over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Detaljene er viste i tabell 5.2.

Tabell 5.2 Klimaforliket – løyvingar til forskning på fornybar energi og karbonfangst og -lagring i 2009

Verkemiddel	Departement	mill. kroner
Sentersatsing	Olje- og energidepartementet	110
Program for miljøvennleg gasskraftteknologi (CLIMIT)	Olje- og energidepartementet	20
Grunnforskning, rekruttering og infrastruktur	Kunnskapsdepartementet	24
Nanoteknologi og nye materialar (NANOMAT)	Nærings- og handelsdepartementet	18
Framtidas reine energisystem (RENERGI)	Olje- og energidepartementet	55
	Miljøverndepartementet	13
	Landbruks- og matdepartementet	10
	Samferdsledepartementet	15
	Nærings- og handelsdepartementet	5
Brukarstyrt innovasjonsarena	Nærings- og handelsdepartementet	10
Natur og næring	Landbruks- og matdepartementet	20
Sum		300

Arbeidet med å redusere klimagassutslepp frå avskoging er i støypeskeia. Utfordringane på feltet er mange, og det er viktig med auka kunnskap. Regjeringa ønskjer derfor å styrkje forskingsinnsatsen på området med om lag 35 mill. kroner over budsjettet til Utanriksdepartementet.

I samsvar med klimaforliket foreslår regjeringa å løyve 50 mill. kroner til Transnova-prosjektet. Dei overordna måla for prosjektet skal vere å utløyse kostnadseffektive tiltak for å redusere klimagassutsleppa frå transportsektoren. For å nå hovudmålet skal verkemidla i Transnova-prosjektet innrettast mot tre delmål:

- å framskande nye og meir miljøvennlege transportløyningar
- å effektivisere transportløyningar
- å redusere trafikkvolumet

Noregs forskingsråd skal framleis ha ansvaret for langsiktige FoU-oppgaver, mens Transnova-prosjektet skal ha fokus på løysingar som gir utsleppsreduksjonar på kort og mellomlang sikt. Samferdsledepartementet føreset eit nært samarbeid mellom Transnova-prosjektet og Noregs forskingsråd. Transnova-prosjektet skal vere etablert tidleg i 2009. Prosjektet skal administrerast av Vegdirektoratet etter oppdrag frå Samferdsledepartementet.

Noreg har gode miljø med klima- og isbrefagleg kompetanse, og moderne infrastruktur for forskning og miljøovervaking både i Arktis og Antarktis. Regjeringa ønskjer å styrkje denne fagkompetan-

sen gjennom eit nasjonalt *Kompetansesenter for is og klima*. I 2009 vil oppbygginga av kompetansesenteret starte med kjerne i Norsk Polarinstitutt og i samarbeid med sentrale faginstitusjonar i Noreg (m.a. UNIS, Bjerknessenteret, Cicero og Universitetet i Tromsø). Målet er at Noreg i løpet av fem år skal byggje opp og drifte eit sterkt fagmiljø som har potensial til å bli verdsléiande på kunnskap om is og klima. Regjeringa foreslår å løyve 22 mill. kroner til kompetansesenteret i 2009.

Hausten 2008 etablerer regjeringa eit samarbeidsforum for klimaforskning (Klima21) som skal utvikle ein breitt forankra forskingsstrategi.

Nordområda

Nordområda er eit viktig satsingsområde for regjeringa. Kunnskap er nøkkelen til å nytte moglegheitene i nord. Forsking i nordområda gir òg avgjerande kunnskap om klima- og miljøendringar. I dei seinare åra har Noreg gjort store investeringar i forskingsinfrastrukturen på Svalbard. Infrastrukturen gir gode vilkår for norske forskarar til å drive polarforskning på høgste nivå og samarbeide med utanlandske forskingsmiljø. Regjeringa vil leggje til rette for at infrastrukturen blir utnytta best mogleg både av norske og internasjonale aktørar, og for auka samarbeid og betre koordinering mellom dei ulike forskingsmiljøa på Svalbard. Regjeringa foreslår derfor ei eittårig løyving på 2 mill. kroner til forskingsaktivitetane på Svalbard. Midlane skal

mellom anna gå til stipend for utjamning av meir kostnader ved forskning på Svalbard.

Nordområdestategien legg særleg vekt på kunnskapsutvikling i nord. Universitetet i Tromsø, Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet Universitetet i Stavanger og høgskolane i Finnmark, Tromsø og Narvik har teke initiativ til samarbeidsprosjektet EnergiCampus Nord (ECN) i Hammerfest. Regjeringa foreslår å tildele 5 mill. kroner som ei eingongsløyving knytt til utstyr og infrastruktur i oppbygginga av ECN. Regjeringa foreslår som del av satsinga på auka rekruttering å tildele fem øyr-merkte stillingar til nordområdeforskning over Forskringsrådet budsjett.

Auka landbasert verdiskaping i Nord-Noreg er ein sentral del av nordområdestategien til regjeringa. Det blir derfor oppretta ein ny budsjettpost, kap. 551, post 71 Nordområdetiltak på 100 mill. kroner, knytt til felles fylkesovergripande satsingar i Nord-Noreg. I 2009 skal delar av midlane prioriterast til eit fylkesovergripande program for strategisk satsing på kunnskapsinfrastruktur i regi av Forskringsrådet. Satsinga skal rettast mot å styrkje og vidareutvikle kunnskapsinstitusjonar og utdanningstilbod i samarbeid med næringslivet på utvalde område/tema der Nord-Noreg har særlege fortrinn.

I nordområdestategien varsla regjeringa at ein skulle greie ut behovet for isgåande forskingsfartøy. I 2008 var det løyvd 5 mill. kroner til dette. For å kunne ferdigstille prosjekteringa foreslår regjeringa å auke løyvinga til prosjektering av isgåande forskingsfartøy med 3 mill. kroner i 2009.

Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning (NIFES) overvaker framandstoff i fisk frå dei nordlege havområda og frå havbruksnæringa. Regjeringa foreslår å styrkje løyvinga til overvaking og analyse av framandstoff med 2 mill. kroner over budsjettet til Fiskeri- og kystdepartementet.

Regjeringa ønskjer å styrkje arbeidet med kartlegging av havbotnen gjennom MAREANO-programmet (Marin arealdatabase for norske hav- og kystområde). Regjeringa foreslår å auke løyvinga til MAREANO-programmet med 18,9 mill. kroner fordelt likt mellom Fiskeri- og kystdepartementet, Nærings- og handelsdepartementet og Miljøverndepartementet.

Forskning for auka verdiskaping

Næringsretta forskning

Over budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet foreslår regjeringa å auke løyvingane til brukarstyrt innovasjonsarena (BIA) med totalt 53 mill. kroner i 2009, der 10 mill. kroner kjem gjennom klimaforliket, jf. over. 30 mill. kroner skal nyt-

tast til prosjekter innanfor miljøteknologiområdet. Midlane skal nyttast både til prosjekt på utvalde teknologiområde som fornybar energi og energieffektivisering og til ei breiddesatsing på miljøteknologi. Det er vidare ei utfordring å sikre forskarrekuttering til næringslivet. I BIA-programmet blir derfor ordninga med nærings-ph.d. styrkt med 10 mill. kroner i 2009.

Regjeringa satsar også i 2009 på maritim forskning og innovasjon gjennom løyvingane til Maroff-programmet. Det skal nyttast 20 mill. kroner til oppgradering av maritim forskingsinfrastruktur og minimum 10 mill. kroner til krevjande miljøvennlege maritime operasjonar i nordområda.

Regjeringa foreslår å auke løyvingane til forskings- og utviklingskontraktar i Innovasjon Noreg med 15 mill. kroner i 2009. Av dette skal 7 mill. kroner nyttast til prosjekt i helse og eldreomsorg. I tillegg foreslår regjeringa å auke løyvinga til kommersialisering gjennom Forny-programmet med 8 mill. kroner i 2009. Dette gjer det mogleg å hauste meir av forskingsinnsatsen.

Marin bioprospektering

Marine biprodukt og hittil uutnytta marine ressurser er viktige råstoff for biologisk næringsverksmd. Marin bioprospektering er eit område med potensial for næringsverksmd. Regjeringa foreslår å styrkje arbeidet med marin bioprospektering med 10 mill. kroner over budsjettet til Fiskeri- og kystdepartementet, og fem mill. kroner over budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet.

Nærings- og handelsdepartementet legg vekt på at auken skal leggje til rette for ein styrkt kommersialiseringssinnsats med utgangspunkt i kompetansmiljøa i Tromsø og andre nasjonale forskingsmiljø.

Skattefunn

Statistisk sentralbyrå (SSB) har gjennomført ei brei evaluering av Skattefunn, med hovudvekt på måloppnåing og resultat. Sluttrapporten frå SSB vart lagt fram i januar 2008. SSB meiner Skattefunn i hovudsak verkar etter hensikta. Ordninga utløys-er meir FoU i føretaka, og brukarundersøkingar syner at ordninga er godt kjend, og at næringslivet er positive til Skattefunn. SSB rekner at ei krone i skatteutgift utløysar to kroner i FoU. Dette er høgt i forhold til tilsvarande ordningar i andre land. SSBs overslag inneber at utan Skattefunn ville næringslivets samla FoU-utgifter ha vore om lag 2,4 mrd. kroner lågare i 2005 enn dei faktisk var. Bruken av Skattefunn auka fram til 2004, og har etter det gått ein del tilbake. Evalueringa har ikkje funne

noko god forklaring på kvifor bruken av Skattefunn har gått tilbake.

SSB tilrår at Skattefunn blir ført vidare utan store endringar. Det inneber m.a. at ein ikkje utvidar Skattefunn til å omfatte fleire typar aktivitetar som skal kunne falle inn under ordninga, men held fast på FoU-omgrepet slik dette offisielt blir omtalt og brukt.

Regjeringa vil vidareføre Skattefunn, og legg ikkje opp til endringar i ordninga i statsbudsjettet for 2009. For meir omtale av ordninga, sjå St.prp. nr. 1 (2008–2009) Skatte-, avgifts- og tollvedtak, kapittel 2.

Forsking for auka velferd

Utdanningsforsking

Regjeringa ønskjer ein lærande utdannings- og opplæringssektor. Det er viktig at dei som arbeider i sektoren, får sjansen til å gjere seg nytte av den kunnskapen og forskinga som finst. Dette er ein føresetnad for å skape ein lærande og utviklande arbeidssituasjon og vil medverke til auka kvalitet på undervisninga. Regjeringa vil derfor styrkje utdanningsforskinga om og for sektoren. Det er laga ein strategi for satsinga *Kunnskap for kvalitet (2008 – 2013)* som eit verkemiddel for betre koordinering, prioritering og kvalitet innanfor utdanningsforskinga som sektorforsking, jf. kap. 6.

Meir forsking og styrkt kunnskapsgrunnlag er eit viktig verkemiddel for å heve kvaliteten i utdanningssektoren. Kunnskapsdepartementet vil settje i verk eit nytt program for utdanningsforsking i Noregs forskingsråd. Programmet vil ha ei ramme på 24 mill. kroner årleg ved oppstarten. Løyvinga i 2009 er på 19 mill. kroner.

Programmet er ei langsiktig satsing over ti år som skal medverke til å styrkje fagmiljø som driv med utdanningsforsking, særleg innanfor samfunnsvitskapleg effektforsking, longitudinelle studier og empirisk forsking basert på kvantitative data. Målsetjinga med programmet er å byggje opp større og meir slagkraftige fagmiljø og motivere for samarbeid nasjonalt og internasjonalt. Område og tema som det til no har vore forska lite på skal prioriterast. Det gjeld mellom anna barnehagane, vidaregåande opplæring (spesielt fag- og yrkesopplæringa), innhald og læring i universitets- og høgskolesektoren og læring for vaksne. Vidare ser departementet at det er naudsynt å prioritere forsking innanfor fag- og yrkesdidaktikk, leing, styring og organisering, vurdering, vurderingsformer og kvalitetsutvikling. Programmet skal òg vere eit ledd i arbeidet med å styrkje den profesjonsbaserte og praksisnære forskinga som er relevant for heile sektoren.

Regionale forskingsetiske komitear

Det er no sju regionale komitear for medisinsk og helsefagleg forskingsetikk. Regjeringa la i 2007 fram ein proposisjon om ny helseforsningslov, jf. Ot.prp. nr. 74 (2006–2007). Lova vart vedteken i 2008, jf. Innst. O. nr. 55 (2007–2008). Som følge av lovvedtaket vil dei regionale komiteane få meir omfattande oppgåver, og Regjeringa går inn for å auke løyvinga til dei regionale komiteane med 9,5 mill. kroner i 2009.

Medisinsk og helsefagleg forsking

Auka forskingsinnsats er viktig for at norsk helsevesen skal vere i stand til å tilby dei fremste behandlingsmetodane i verda. Dei regionale helseføretaka er ei viktig kjelde til medisinsk og helsefagleg forsking. I 2005 brukte dei regionale helseføretaka om lag 1,2 mrd. kroner til forsking. Regjeringa foreslår å auke løyvingane til helseføretaka med om lag 11 mrd. kroner i 2009. Dette vil òg føre til auka medisinsk og helsefagleg forsking.

Forsking om forsking og innovasjon

Kunnskapsdepartementet ønskjer at det skal settjast i gang eit eige forskingsprogram om forsking om forsking og innovasjon og vil be Noregs forskingsråd starte planlegginga av eit slikt program. Departementet foreslår å løyve 2 mill. kroner til oppstart av programmet i 2009. Eit hovudmål med programmet skal vere å framskaffe kunnskap om systema for forsking og innovasjon som kan gje grunnlag for vidare politikktutforming så vel på nasjonalt nivå som ved institusjonane. Vi treng eit utvida kunnskapsgrunnlag for politikktutviklinga og vi treng sterke, uavhengige forskingsmiljø som forskar på forskningssystemet. Eit slikt program er òg viktig for å etablere ein arena for utveksling av kunnskap og læring mellom sentrale aktørar. Den konkrete utforminga av programmet må skje i dialog mellom brukarar og forskarar.

Overslag over FoU-løyvingane i statsbudsjettet

Kvart år utarbeider NIFU STEP ein analyse av statsbudsjettet som viser at om lag 160 kapittel i statsbudsjettet i større eller mindre grad blir nytta til å finansiere forsking. Med utgangspunkt i analysen frå NIFU STEP, som seier kor stor del av løyvingane som blir nytta til FoU, er det mogleg å gi eit overslag over dei samla FoU-utgiftene i statsbudsjettet.

På bakgrunn av NIFU STEP's statsbudsjettanalyse frå 2008 har Kunnskapsdepartementet gjort

eit overslag over samla løyvingar til forskning og utvikling i statsbudsjettet for 2009. Eit slikt overslag viser at dei samla FoU-løyvingane i forslaget til

statsbudsjett for 2009 er på om lag 19,7 mrd. kroner, jf. tabell 5.3.

Tabell 5.3 Overslag over løyvingane til FoU over statsbudsjettet (i mill. kroner)

Departement	Saldert budsjett 2008 ¹	2009	Endring 2008-09 (i pst.)
Utanriksdepartementet	680	738	9
Kunnskapsdepartementet	9 294	10 118	9
Kultur- og kyrkjedepartementet	113	127	12
Justis- og politidepartementet	36	38	6
Kommunal- og regionaldepartementet	181	219	21
Arbeids- og inkluderingsdepartementet	202	204	1
Helse- og omsorgsdepartementet	2 016	2 291	14
Barne- og likestillingsdepartementet	83	86	4
Nærings- og handelsdepartementet	1 581	1 622	3
Fiskeri- og kystdepartementet	739	803	9
Landbruks- og matdepartementet	525	552	5
Samferdsledepartementet	244	282	16
Miljøverndepartementet	482	570	18
Fornyings- og administrasjonsdepartementet ²	229	182	-21 ³
Finansdepartementet	92	98	7
Forsvarsdepartementet	895	895	0
Olje- og energidepartementet ⁴	507	643	27
Statsbankane	280	280	0
Sum	18 179 ⁵	19 748	9

¹ Kjelde: Statsbudsjettanalysen 2008, NIFU STEP

² Sentralt innbetalte innskot i Statens pensjonskasse er ikkje medrekna, 24 mill. kroner i 2008.

³ Det bli rekna FoU-delar av løyvingar til bygg som blir nytta til forskingsformål. Nedgangen på Fornyings- og administrasjonsdepartementet skriv seg frå lågare løyvingar til prosjekter i universitets- og høgskolesektoren som allereie er i gang.

⁴ Det er ikkje rekna forskingsdelar av løyvingane til Energifondet, testanlegg for CO₂-fangst på Mongstad og Gassnova.

⁵ Tala for 2008 er oppjusterte med om lag 400 mill. kroner i høve til St.prp. nr.1 (2007–2008) som følgje av ny informasjon om FoU-løyvingane over budsjetta til Helse- og omsorgsdepartementet og Utanriksdepartementet.

Budsjettproposisjonane til dei ulike departementa inneheld meir detaljert omtale av dei ulike forskningssatsingane.

Oversikt over løyvingane til Noregs forskingsråd
Noregs forskingsråd mottok løyvingar frå alle departementa, med unntak av Forsvarsdepartementet. Løyvingane frå departementa omfattar både generelle faglege løyvingar, instituttløyvingar og særskilde midlar som er øyremerkte til ein-

skilde program eller prosjekt. I tillegg kjem ein stor del av avkastninga frå Fondet for forskning og nyskaping. I 2008 blir om lag 5,5 mrd. kroner kanaliserte gjennom Forskingsrådet. Dette utgjør om lag 30 pst. av FoU-løyvingane over statsbudsjettet. Tabell 5.4 viser ei oversikt over løyvingforslag for dei største bidragsytarane i 2009-budsjettet. I høve til 2008 er det ein auke på omlag 400 mill. kroner. Størsteparten av auken gjeld FoU innanfor fornybar energi, karbonfangst og -lagring.

Tabell 5.4 Løyvingar til Noregs forskingsråd frå dei største bidragsytarane (i 1 000 kroner)

Kap./post	Departement	Saldert budsjett 2008	Forslag 2009
285/52	Kunnskapsdepartementet - Forskingsformål	1 082 631	1 184 685
285/55	Kunnskapsdepartementet - Administrasjon	232 707	242 946
286/50	Kunnskapsdepartementet - Fondet for forskning og nyskaping	939 560	929 517
920/50	Nærings- og handelsdepartementet	1 154 000	1 208 300
1830/50	Olje- og energidepartementet	438 500	569 500
1023/50	Fiskeri- og kystdepartementet	281 700	308 400
1137/50	Landbruks- og matdepartementet	157 536	193 368
1410/51 og 53	Miljøverndepartementet	136 518	149 518
701/50	Helse- og omsorgsdepartementet	209 006	224 122
1301/50	Samferdsledepartementet	152 600	170 200
Sum		4 784 758	5 180 556

Nytt basisfinansieringssystem for forskingsinstitutta

Fornyninga av finansieringssystemet er eit ledd i regjeringa sitt arbeid med å styrkje forskningsevna i ein viktig del av det norske forskningssystemet. Regjeringa ønskjer å leggje til rette for at forskinga ved institutta får auka kvalitet, at institutta styrkjer den anvende rolla og den internasjonale verksemda, samt at institutta samarbeider betre med norske universitet og høgskolar. Det er første gong at institutta blir omfatta av eit felles, delvis resultatbasert finansieringssystem som er utforma med sikte på å styrkje eigenarten til institutta. Eit felles basisfinansieringssystem vil styrkje den heilskaplege instituttpolitikken. I 2009 vil regjeringa auke basisfinansieringa til institutta med 67 mill. kroner.

Institutta har som hovudformål å tilby anvend forsking til næringslivet, forvaltninga og samfunnet. Tal frå 2006 viser at sektoren samla sett utfører forsking for 7,7 mrd. kroner. Dette tilsvarer bortimot 23 pst. av all forskingsinnsats i Noreg. Av dei institutta som blir omfatta av det nye systemet vil forslaget til den statlege basisløyvinga utgjere til saman om lag 803 mill. kroner i 2009.

Det nye basisfinansieringssystemet er tidlegare omtalt i St.meld. nr. 20 (2004–2005) og St.prp. nr. 1 (2007–2008) for Kunnskapsdepartementet. I St.prp. nr. 1 (2007–2008) for Kunnskapsdepartementet gjekk regjeringa inn for at desse hovudprinsippa vart lagde til grunn for det nye systemet:

- Hovudformålet til instituttsektoren er å vere gode leverandørar av anvend forsking til næringsliv, forvaltning og heile samfunnet.

- Hovudformålet med den statlege basisløyvinga skal framleis vere å sikre dette ved å gi institutta rom for langsiktig kunnskaps- og kompetanseoppbygging.
- Formålet med det nye finansieringssystemet skal vere å fordele delar av grunnløyvingane etter oppnådde resultat, på ein måte som premierer både kvalitet og relevans.
- Omfordeling mellom institutta er ikkje eit mål i seg sjølv, men eit middel for å skape reelle insentiv i den nye ordninga.

På bakgrunn av dei overordna prinsippa som vart lagde fram i St.prp. nr. 1 (2007–2008) for Kunnskapsdepartementet, har departementa i samarbeid med Noregs forskingsråd og andre aktørar arbeidd med vidare utforming av systemet. Arbeidet har mellom anna fokusert på å avklare krav for å delta i ordninga, og kva institutt som skal omfattast, gjennomgang og opprydding av inntektsstrukturen og endeleg utforming av finansieringsmodellen.

Krav for å delta og omfanget av ordninga

Regjeringa har lagt vekt på at dei fleste sentrale institutta i Noreg skal kunne omfattast av det nye basisfinansieringssystemet. Institutt som i hovudsak har forvaltningsretta oppgåver og som har mindre høve til marknadsfinansiering, er haldne utanfor. Frå 2009 er det i alt 51 institutt¹ som blir

¹ Oversikt over kva for institutt som blir omfatta av det nye basisløyvingssystemet frå 2009, går fram av vedlegg 4.

omfatta, men det kan vere aktuelt å ta opp fleire kvalifiserte institutt på prioriterte forskingspolitiske område i åra som kjem. For å bli omfatta av den nye ordninga har regjeringa lagt vekt på at institutta kan dokumentere både forskingsmessig kvalitet og relevans for sentrale brukargrupper gjennom forskinga si. Vidare må institutta samarbeide med universitet og høgskeolar og delta i internasjonalt forskningssamarbeid. Dei må òg delta i ein open konkurranse om forskingsmidlar, og inngå i ei formålstenleg arbeidsdeling i det norske forskningssystemet. Det økonomiske overskottet frå institutta skal først attende til forskingsaktivitetar og det kan ikkje betalast utbytte til eigarar. Kva for

kvalifiserte institutt som skal delta i ordninga, vil i tillegg vere avhengig av ei heilskapleg vurdering og av at det blir stilt ei basisløyving til rådvelde. Regjeringa vil utarbeide retningslinjer for den nye ordninga som går nærare inn på kva krav som blir stilt for at eit institutt er kvalifisert til å delta i ordninga.

Dei 51 institutta er fordelt på fire ulike arenaer ut frå omsynet til at relativt like institutt skal ha relativt like føresetnader for å konkurrere om den same potten. Ansvaret for grunnløyvingane på kvar arena er frå og med budsjettet for 2009 overført til følgjande departement:

Tabell 5.5 Finansieringsarena

Fordelingsarena	Finansieringsansvar grunnløyving
Miljøinstitutt	Miljøverndepartementet
Primærnæringsinstitutt	Fiskeri- og kystdepartementet Landbruks- og matdepartementet
Samfunnsvitskaplege institutt	Kunnskapsdepartementet
Teknisk-industrielle institutt	Nærings- og handelsdepartementet

Finansieringsstruktur

Den statlege basisfinansieringa av forskingsinstitutta består av grunnløyving og strategiske løyvingar.

Tabell 5.6 under viser overslag over basisløyvinga for institutta som inngår på dei fire arenaene for 2008, og forslag for 2009:

Tabell 5.6 Fordeling av basisløyving

Fordelingsarena	2008	2009	Auke 2008-2009
	Basisløyving	Basisløyving	
Miljøinstitutt	117 000	137 000	20 000
Primærnæringsinstitutt	229 000	245 000	16 000
Samfunnsvitskaplege institutt	155 000	165 000	10 000
Teknisk-industrielle institutt	235 000	256 000	21 000
Sum	736 000	803 000	67 000

Den statlege basisløyvinga til instituttsektoren i 2008 var på 736 mill. kroner. For 2009 er det foreslått ei samla basisløyving på omlag 803 mill. kroner. Dette er ei styrking på omlag 67 mill. kroner samanlikna med 2008.

I Fordelinga er ei oppfølging av St.meld. nr. 20 (2004–2005) som sa at det er behov for å styrkje basisløyvinga til institutta. Særleg er det behov for

å styrkje den internasjonale konkurranseevna og langsiktige kompetanseoppbygginga for dei teknisk-industrielle institutta og miljøinstitutta.

Grunnløyvinga består av ein fast del og ein resultatbasert del. Den resultatbaserte delen skal bidra til å stimulere ein god balanse mellom kvalitet og relevans, og blir fordelt etter oppnådde resultat på desse indikatorane:

- vitskapleg publisering

- samarbeid med universitet og høyskolar (avlagde doktorgradar og bistillingar)
- internasjonale inntekter
- inntekter frå Noregs forskingsråd
- nasjonale oppdragsinntekter.

Alle indikatorane skal vektast mot ein relevanskomponent som består av summen av internasjonale inntekter, forskingsrådsinntekter og nasjonale oppdragsinntekter som del av samla forskingsinntekter ved institutta (eksl. finansinntekter).

Regjeringa har lagt særleg vekt på at den nye grunnfinansieringa skal støtte opp under den anvende funksjonen til institutta. Samtidig er det viktig at modellen er utforma slik at han er tilpassa dei fleste institutta i Noreg. På det grunnlaget går regjeringa inn for å ta med nasjonale oppdragsinntekter som ein ny resultatindikator, i tillegg til dei resultatindikatorane som vart presenterte i St.prp. nr. 1 (2007–2008), jf. Budsjett-innst.S. nr. 12 (2007–2008). Noregs forskingsråd har ansvaret for å foreslå detaljutforming av ordninga. Forskringsrådet har òg forvaltningsansvaret for ordninga.

Ordninga blir innført i 2009. Det første året er det berre nye midlar som blir fordelte etter oppnådde resultat. Frå 2010 vil også delar av eksisterande grunnløyving bli omfordelt etter oppnådde resultat på indikatorane nemnt over, og regjeringa tek sikte på ei omfordeling på 10 pst. av grunnløyvinga dette året. Når det gjeld primærnæringsarenaen må ein vurdere verknader etter det første året, før endeleg nivå på omfordeling av eksisterande grunnløyving blir fastsett i budsjettet for 2010.

Styrking av grunnløyvinga i 2009 vil vere eit positivt insentiv for institutta til å omstille seg langs dei linjer som regjeringa har trekt opp for den nye basisfinansieringa. Dette vil gi institutta tid til å omstille seg slik at dei er meir budd på at også ein mindre del av eksisterande rammer blir omfordelte i 2010.

Vitskapleg publisering er ein av resultatindikatorane i det nye finansieringssystemet for instituttsektoren. Publisering er også ein resultatindikator i finansieringssystema for universitets- og høyskolesektoren og dei regionale helseføretaka. I dag blir vitskapleg publisering registrert på ulike måtar i dei tre sektorane. Kunnskapsdepartementet oppnemnde derfor ei arbeidsgruppe som fekk i oppgåve å utgreie eit felles nasjonalt datasystem for vitskapleg publisering i Noreg. Arbeidsgruppa foreslår at det blir etablert ein felles database for vitskapleg publisering som skal inngå i eit nytt, felles forskingsinformasjonssystem for norsk forskning. Arbeidsgruppa føreset at alle einingar/insti-

tusjonar i UH-sektoren, i instituttsektoren og i spesialisthelsetenesta som utfører forskning, skal registrere dei vitskaplege publikasjonane sine i den nye databasen slik at desse registreringane kan nyttast til å fordele løyvingar i dei tre finansieringssystema. Departementet vil sende rapporten frå arbeidsgruppa på høyring i alle tre sektorane og vil deretter vurdere oppfølging av forslaga.

I St.prp. nr. 1 (2007–2008) for Kunnskapsdepartementet vart det opna for at inntil 40 pst. av basisløyvingane i dag kunne haldast attende hos sektordepartementa for å ta i vare langsiktig kompetanseheving og kunnskapsoppbygging ved institutta på område av spesiell interesse for sektoren.

Dei strategiske instituttløyvingane skal bidra til at institutta utviklar langsiktig kunnskaps- og kompetanseoppbygging på forskingsfelt av spesiell interesse for sektoren, og som ikkje lèt seg realisere gjennom andre finansieringsordningar. Det er det einskilte sektordepartementet som har finansieringsansvaret for strategiske løyvingar. Ein hovudregel er at desse løyvingane blir lyste ut i regi av Noregs forskingsråd. Berre unntaksvis, og når faglege vurderingar tilseier at berre eitt institutt kan ta på seg oppdraget, kan sektordepartementa tildele midlar direkte til eit institutt.

Regjeringa meiner behovet for strategiske løyvingar varierer frå område til område, og legg opp til følgjande del strategiske løyvingar av samla basisløyving på dei ulike fordelingsarenaene:

- Miljøinstitutt: inntil 40 pst.
- Primærnæringsinstitutt: inntil 30 pst.
- Samfunnsvitskaplege institutt: inntil 10 pst.
- Teknisk-industrielle institutt: inntil 30 pst.

Det er eit vilkår at kontraktar om strategiske instituttprogram som institutta har inngått, som hovudsak skal gå som avtalt også etter overgangen til ny basisfinansieringsordning. I 2009 vil gjeldande forpliktingar overstige eller vere nær den øvre grensa for strategiske midlar for alle arenaene. Nye strategiske satsingar kan først lysast ut når alle institutta på arenaen har avslutta kontraktar om strategiske instituttprogram frå den tidlegare ordninga. Institutt som avsluttar sine strategiske program før ny ordning trer i kraft, vil inntil vidare behalde midlane som strategiske løyvingar. Dette vil sikre stabile rammevilkår i overgangsperioden.

Evaluering

Regjeringa legg opp til at det nye systemet blir evaluert etter at det har verka i tre år.

6 Strategi for utdanningsforskning

Kunnskap for kvalitet 2008–13

Innleiing

Regjeringa ønskjer at Noreg skal ha eit godt fungerande utdanningssystem med høgt fagleg nivå, med brei rekruttering og med produktive og kvalitativt gode forskingsmiljø.

Sjølv om vi har nådd langt når det gjeld å styrkje Noreg som kunnskapsnasjon, står utdanningssektoren inkludert barnehagen overfor fleire store og viktige utfordringar og endringar. Vi veit at læringa i skolen er for låg, og at dugleiken til elevane i lesing, skrivning og rekning er vorten svekt. Mange går ut av tiårig grunnskole utan dei grunnleggjande dugleikane. Mange elevar fullfører ikkje vidaregåande opplæring.

Førskolelærarar og lærarar er nøkkelfaktorar når det gjeld kvaliteten på arbeidet i barnehage og skole, men vi veit at desse profesjonane i liten grad dreg nytte av ny kunnskap og resultat frå forskinga for å utvikle eigen praksis og betre opplæringa til elevane. Vi veit at studentane i lærarutdanningane ikkje får god nok kjennskap til korleis dei som lærarar skal finne fram til, vurdere og gjere seg nytte av resultatane frå utdanningsforskninga. Vi treng meir og betre forskning om kva som gir gode resultat for studentane i høgre utdanning.

Det er andre utfordringar også: Brukar vi ressursane godt nok? Brukar vi dei på den rette måten? Får vi nok ut av innsatsen? Er det god nok arbeidsdeling og samhandling innanfor utdanningssektoren? Kjem resultatane frå utdanningsforskninga og frå andre kjelder til nytte der dei trengst?

Departementet vil møte desse og andre utfordringar og endringar gjennom auka satsing på kvalitet. Noko av det viktigaste for å få til kvalitetsutvikling vil vere å styrkje kunnskapsgrunnlaget for politikkutforming, forskning, profesjonsutdanning og for praksis på alle nivå i utdanningssektoren. Regjeringa vil derfor styrkje både den langsiktige og den kortsiktige utdanningsforskninga om og for sektoren.

Departementets sektorforskningsansvar

Kunnskapsdepartementet har eit overordna sektorsansvar for utdanningsforskning, inkludert forskning

om barnehage. Sektorprinsippet går ut på at kvart departement har primæransvar for å finansiere forskinga om og for sin sektor. Departementet skal også vege ulike verkemiddel opp mot kvarandre for å sjå kva som best kan sikre at ein når dei måla og får satt i verk den politikken som til kvar ei tid måtte gjelde for sektoren.

Rambøll Management fekk i 2007 i oppdrag av Kunnskapsdepartementet å lage ei systemutgreiing av norsk utdanningsforskning. Utgreiinga viste mellom anna at Kunnskapsdepartementet i for liten grad har følgd opp sektoransvaret for forskning, og at ein treng å definere nokre overordna mål og strategiar for norsk utdanningsforskning (Rambøll Management, 2007).

Kunnskapsdepartementet legg her fram strategien for sektorforskninga for perioden 2008–13 til orientering til Stortinget. Det er første gongen at utdanningsforskninga er vurdert samla på denne måten.

Strategien er eit langsiktig styringsverktøy for Kunnskapsdepartementet. Han skal peike ut den retninga departementet skal ha for den samla innsatsen for sektorforskninga, og setje initiativ og tiltak frå regjeringa inn i ein heilskapleg samanheng. Strategien vil òg gi viktige signal til andre aktørar i sektoren. Departementet tek sikte på å justere strategien etter ei tid.

Hovudmåla for strategien er:

- å auke omfanget av norsk utdanningsforskning og styrkje kunnskapsbasen på utdanningsområdet frå barnehage til høgre utdanning
- å heve kvaliteten og den vitenskaplege forankringa i norsk utdanningsforskning
- å betre relevansen på bruksretta (anvend) forskning
- å auke omfanget og betre koordineringa av den bruksretta forskingsformidlinga der utdanningssektoren er målgruppa
- å styrkje rekrutteringa til utdanningsforskninga

Utdanningsforskninga

Utdanningsforskning er eit vidt og tverrfagleg forskingsfelt tufta på ulike fagdisiplinar som pedagogikk, fagdidaktikk, sosiologi, økonomi, statsvitenskap osv. Ingen einskild disiplin kan dekkje heile feltet frå utdanningspolitikk via organisering og leiing av

utdanningsinstitusjonar, tilhøvet mellom utdanningssystem, heim og arbeidsliv til undervisning og læring. Derfor er det nødvendig å stimulere fleire fag til å forske på problemstillingar knytt til utdanningssektoren og til grenseflater med andre sektorar og politikkområde.

Forsking om og for sektoren

Utdanningsforsking som sektorforsking omfattar på den eine sida forsking om sektoren, som saman med tilstandsvurderinga utgjer eit heilt sentralt grunnlag for utviklinga av utdanningspolitikken. Departementet treng kunnskap og analysar av beste kvalitet for å få eit best mogleg grunnlag for politikkutvikling og for vedtak om tiltak. Forsking om sektoren vil også vere viktig for styring, leiing og tilsyn – anten det gjeld skoleeigarar, fylkesmenn, direktorat eller departement.

Utdanningsforsking som sektorforsking dreier seg også om forsking for sektoren som grunnlag for mellom anna utvikling av praksisfeltet. Her er det snakk om forsking som kan hjelpe til dømes skolane til å forbetre undervisninga, eller forsking som kan føre til nye arbeidsmåtar i lærarutdanninga.

Samstundes er det viktig å minne om at utdanningsforskinga ikkje kan gi alle svar og komme med ferdige løysingar på dei problema ein står overfor i utdanningssektoren. Forskinga stiller først og fremst kunnskap til rådvelde for styresmakter og brukarar slik at dei kan gjere klokare val, og som tilskott til kunnskapsbasen på utdanningsområdet.

Utdanningsforskinga omfattar grunnforsking, bruksretta forsking og i nokon monn utviklingsarbeid. Strategien omhandlar berre utviklingsarbeid dersom det er forskingsbasert, det vil seie at det blir gjennomført i samarbeid med forskarar i universitets- og høgskolesektoren og/eller instituttsektoren.

Internasjonalt forskingsfelt

Norsk utdanningsforsking er del av eit større internasjonalt forskingsfelt. OECD spelar ei viktig rolle når det gjeld å stimulere utdanningsforsking på område som kan medverke til ein meir effektiv utdanningssektor som gir godt læringsutbytte for barn og unge. I dei seinare åra har OECD særleg vore oppteken av korleis medlemslanda effektivt kan investere i utdanningsforsking, og korleis utdanningsforskinga kan medverke til ein meir kunnskapsbasert politikk og praksis. I det siste er det teke til orde for såkalt *evidence based policy and practice*, der ein gjennom systematiske kunnskaps-

oversyn får overblikk over til dømes kva som verkar og ikkje verkar på utdanningsfeltet.

Omfang og finansiering

Den generelle FoU-statistikken, som er delt inn etter fag og formål, gir ikkje noko godt oversyn over omfanget av utdanningsforskinga i Noreg. I 2008 vil det for første gongen bli henta inn eigen statistikk om utdanningsforskinga. Kartlegginga av utdanningsforsking som NIFU STEP gjorde for departementet i 2007, viser at det blir forska lite på utdanning i Noreg (Borgen mfl. 2007).

I NOU 2008: 3 *Sett under ett* har Stjernø-utvalet komme fram til at det blir nytta midlar til forsking på høgre utdanning som svarer til 0,1–0,2 pst. av dei samla løyvingane til universitets- og høgskolesektoren. Det er mykje mindre enn det som blir nytta i helsesektoren, og mindre enn det som blir brukt på arbeids- og inkluderingsfeltet (Arbeids- og inkluderingsdepartementet) og på barne- og likestillingsområdet (Barne- og likestillingsdepartementet).

Finansieringa av utdanningsforskinga kjem frå ulike aktørar, og midlane kjem til forskingsmiljøa via ulike kanalar. Styresmaktene finansierer utdanningsforsking gjennom basisløyvingar til universiteta, høgskolane og forskingsinstitutta, gjennom programsatsingar i Noregs Forskringsråd, gjennom Utdanningsdirektoratet, gjennom dei midlane som departementet sjølv disponerer til analyseformål, og gjennom overføringar til fylkeskommunale og kommunale budsjett.

Utviklinga har vore positiv i dei seinare åra. Styresmaktene har satsa meir på utdanningsforsking gjennom forskingsprogramma i Noregs forskingsråd, forskingsbaserte evalueringar og utviklingsprogram i Utdanningsdirektoratet og gjennom dei direkte kjøpa av forsking som departement og direktorat har stått for. I tillegg har dei høgre utdanningsinstitusjonane auka forskingsaktivitetane sine på området.

Arbeidsdeling og samarbeid

Det er fleire aktørar med ulike roller i systemet for utdanningsforsking. Departementet har ei overordna rolle som både omfattar det breie sektoransvaret og rolla som brukar av kunnskap frå utdanningsforskinga i politikkutforming og styring av sektoren.

Noregs forskingsråd har ei sentral rolle som forskingsstrategisk og rådgivande organ. Forskringsrådet spelar ei viktig rolle når det gjeld verkemiddel for å utvikle og styrkje vitskaplege fag-

miljø. Forskringsrådet har òg ei viktig rolle når det gjeld formidling av resultat av forskinga.

Universiteta, høgskolar og forskingsinstitutt er dei aktørane som står for sjølve forskinga, men er òg brukarar av forskinga for å utvikle tilboda sine innanfor pedagogiske utdanningar.

Utdanningsdirektoratet set i verk evalueringar og er ein viktig formidlar av forskingsresultat til praksisfeltet. Direktoratet er òg ansvarleg for at forsøk og utviklingstiltak som dei tek initiativ til, er tufta på gode analysar og forskning.

Skal satsinga på utdanningsforskning gi resultat, må samarbeidet mellom dei ulike aktørane vere godt. Kunnskapsdeling er derfor viktig og nødvendig på alle nivå – og mellom ulike sektorar.

Utfordringar

Norsk utdanningsforskning har vore granska av fleire i dei siste åra. Granskingane viser mellom anna at kvaliteten er ujamn, forskingsfeltet fragmentert, at resultatata ikkje blir effektivt formidla, og at dei manglar relevans for praksisfeltet og politikkutforming. Forskinga har i liten grad vore oppteken av store og viktige politikkområde som barnehagane, vidaregåande opplæring, innhald og læring i universitets- og høgskolesektoren og læring for vaksne.

Forskinga byggjer i liten grad på anna forskning, og det er liten tradisjon for å utarbeide forskingsoversyn på feltet. Orienteringa mot det internasjonale forskingsmiljøet er relativt svak (Rambøll Management, 2007).

Fagmiljøa

Granskingane viser at det er behov for ei styrking av fagmiljø som driv med utdanningsforskning, særleg når det gjeld samfunnsvitskapleg effektforskning, forskning basert på longitudinelle studier og kvantitativ forskning.

Rambøll Management (2007) peiker på at det finst mykje lik utdanningsforskning, mange like forskingsaktivitetar, forskingsmiljø og resultat når det gjeld utdanningsfeltet. På den andre sida har utdanningssektoren mange ulike grupper av brukarar som har behov for å få granska eit breitt sett av forskningsspørsmål på ei rekkje område. Dette indikerer at det er behov for fleirfagleg forskning på utdanningsfeltet og betre dialog mellom produsentar av forskning og brukarar av resultat frå forskinga.

Utdanningsforskning går i all hovudsak føre seg på universitet og høgskolar og ved samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt. Forskingsevna varierer i desse miljøa. Kartlegginga til NIFU STEP av for-

skingsfeltet viser at svært mange høgskolar har FoU-aktivitet på utdanningsområdet, men den vitenskaplege kunnskapsproduksjonen er det nokre forskingsmiljø, først og fremst ved universiteta, som tek seg av. Vi har for få gode forskingsmiljø som kan markere seg internasjonalt på dette området. Eit oversyn over dei mest frekventerte vitenskaplege tidsskrifta viser at forskingsresultata i stor grad blir publiserte i norske tidsskrift.

Forsking og publisering må ein sjå i samanheng med personalsituasjonen. Dei tilsette med formell forskarkompetanse ved utdanningsforskningseiningane utgjer ein mindre del av dei fagleg tilsette enn ved andre samfunnsvitskaplege forskningseiningar i universitets- og høgskolesektoren. Talet på universitets- og høgskolelektorar er klart høgre ved utdanningsforskningseiningane, mens talet på professorar og stipendiatar er klart lågare. Rekrutteringsproblema i utdanningsforskninga vil vere merkbare i dei nærmaste åra. Mest halvparten av professorane på dette feltet var 60 år eller eldre i 2005.

Breiare og meir fleirfagleg kunnskapsbase

NIFU STEP slår fast at vi i Noreg manglar ein fleirfagleg inngang til utdanningsforskningsfeltet. Innanfor samfunnsvitskapane – statsvitskap, sosiologi og økonomi – er det lite utdanningsforskning på emne frå grunnopplæringsområdet. Når det gjeld høgre utdanning og læring i arbeidslivet, manglar vi pedagogisk og fagdidaktisk forskning. På barnehaufeltet har forskinga primært handla om fordelingsspørsmål, barnehagedekning og forskning om kontantstønad, og i mindre grad om kvalitet, innhald og praksis i barnehagen (Gulbrandsen mfl., 2002 og Borg mfl., 2008).

Utdanningsforskninga har berre i liten grad vore oppteken av store og viktige politikkområde som barnehagane, vidaregåande opplæring (spesielt fag- og yrkesopplæringa), innhald og læring i universitets- og høgskolesektoren og læring for vaksne. Forskinga har konsentrert seg om grunnskolen. Også i forskinga om grunnskolen er det manglar, mellom anna når det gjeld pedagogiske målingar, utvikling av forskingsbaserte verktøy og effektforskning. Det er få som i forskinga si har sett på forholdet mellom politikk og styring.

Systematisering og formidling av resultat frå forskinga

Universitet og høgskolar, forskingsinstitutt og Noregs forskingsråd har alle ansvar for formidling av forskingsresultat til fagfellar, til allmenta, til brukarar i praksisfeltet og til politikarar. I tillegg

spreier departementet og Utdanningsdirektoratet forskingsresultat der dei har finansiert forskinga.

Frå ein brukarsynsstad er det likevel vanskeleg å få oversyn over dei nyaste forskingsresultata, nasjonalt og internasjonalt. NOU 2008: 3 *Sett under ett* peiker òg på dette:

«det (er) ofte vanskelig å få oversikt over eksisterende kunnskap. I forhold til konkrete kunnskapsbehov kan det være vanskelig å finne litteratur både om den aktuelle problemstillingen er blitt studert tidligere og av hvem» (s. 192)

Utvalet etterlyser derfor mellom anna systematiske kunnskapsoversyn. Resultata frå utdanningsforskning må bli formidla betre slik at dei kan gi læring og komme til nytte.

Dialog og møteplassar

NIFU STEP peiker på at dersom departementet skal ta hand om sektoransvaret sitt på ein meir effektiv måte, krev det betre organisering og klar rolledeling mellom aktørane og internt i departementet (Aasen mfl., 2007). Det er derfor behov for å etablere arenaer for samarbeid mellom forskingsaktørar, forvaltningsapparatet og dei som arbeider i praksisfeltet.

Kunnskapsgrunnlaget i profesjonsutdanning og praksisfelt

Utdanningsforskinga har i mindre grad vore ein integrert del av profesjonsutdanning og profesjonspraksis i utdanningssektoren enn i andre tilsvarende samfunnssektorar. Forsking på læringa til barn, elevar og studentar har ikkje vore prioritert og harmonerer derfor ikkje med den verdien, det omfanget og dei kunnskapskrava som utdanningssektoren i dag har.

Lærarar har i mindre grad enn folk i andre yrkesgrupper felles, uttrykt kunnskap som grunnlag for arbeidet sitt. Profesjonskunnskapen er meir personleg enn kollektiv, og mindre uttrykt (OECD, 2003). Studentane i lærarutdanningane får ikkje god nok kjennskap til korleis dei som lærarar skal finne fram til, vurdere og nytte forskingsbasert kunnskap til hjelp i det daglege arbeidet, jf. evalueringa frå NOKUT av allmennlærarutdanninga. Mange fagmiljø som tilbyr profesjonsutdanningar, utviklar profesjonen gjennom å styrkje den nasjonale og internasjonale kunnskapsbasen om korleis yrkespraksisen bør vere. I lærarutdanningane har det ikkje vore lagt vekt på å få fram slik kunnskap.

Det kan ha samband med at forskning om læring og undervisning på nasjonalt nivå ikkje har vore prioritert når ein tek omsyn til kor stor og variert sektoren er. Ein annan grunn kan vere at FoU-aktiviteten i profesjonsutdanningane er for lite relevant for praksisen i barnehagen og skolen. Dei fleste lærarane meiner til dømes at vitenskap og forskning altfor ofte er for abstrakte til å passe inn i arbeidsmetodane i skolen. Lærarane meiner likevel at det er behov for å gjere forskingsresultata meir tilgjengelege (TNS Gallup, 2008).

Innanfor høgre utdanning er dei sterkaste motiva og insentiva knytte til tradisjonell akademisk merittering gjennom forskning. I NOU 2008: 3 *Sett under ett* blir det etterlyst meir effektive tiltak for å betre undervisninga i høgre utdanning for på den måten å stimulere til utvikling og innovasjon i læringsmåtar og pedagogisk tilrettelegging, å heve den faktiske kvaliteten og å signalisere at undervisning og forskning er sidestilte aktivitetar for universitet og høgskolar.

Strategiske prioriteringar og tiltak

Departementet har dei siste åra styrkja utdanningsforskinga gjennom mellom anna følgjande tiltak: Forskingsprogramma «Praksisretta forskings- og utviklingsarbeid i barnehage, grunnsopplæring og lærarutdanning» (PRAKSISFoU), «Kunnskap, utdanning og læring» (KUL) og «Program for velferdsforskning» samt strategiske høgskoleprosjekt (SHP) og «Verkemiddel for regional FoU og innovasjon (VRI). Utdanningsdirektoratet har òg gjennomført fleire tiltak som har gitt verdifulle bidrag til den nasjonale kunnskapsbasen på feltet.

Utdanningsforskingsseiningane i universitets- og høgskolesektoren har gripe tak i fleire av dei utfordringane som er nemnde tidlegare i dette dokumentet. Mellom anna har dei utdanningsvitenskaplege disiplinane no fått støtte til ein nasjonal forskarskole med universitetet i Oslo som vertsinstitusjon. Departementet vurderer det likevel slik at det er behov for å gjere strategiske prioriteringar og setje i verk nye tiltak for å auke omfanget, styrkje kvaliteten og betre relevansen i utdanningsforskinga.

Langsiktig oppbygging av vitenskapleg kvalitet i utdanningsforskinga

For å nå måla om kvalitet i utdanningsforskinga er det etter departementet si vurdering behov for å auke forskingsvolumet slik at dei norske forskingsmiljøa kan hevde seg på den internasjonale forskingsarenaen. Det er også nødvendig å konsentrere forskingsinnsatsen og leggje til rette for fag-

leg samarbeid, både innanfor kvar institusjon og kvart institutt og mellom forskingsmiljøa. For at forskinga skal kunne byggje på anna forskning, bør det satsast på langsiktig, grunnleggjande forskning – særleg innanfor kritiske kunnskapsområde for utdanningssektoren – som til dømes læring og utvikling hos barn, unge og vaksne.

Med utgangspunkt i St.prp. nr. 1 (2007–2008), har departementet gitt Noregs forskingsråd i oppdrag å forme ut eit nytt forskingsprogram for utdanningsområdet. Programmet skal gå over ein periode på ti år. Det skal vere ei målretta satsing for å vidareutvikle kunnskapsbasen for heile utdanningssektoren. Det er eit mål at satsinga skal bidra til å byggje sterkare fagmiljø over tid.

Departementet vil

- auke satsinga på utdanningsforskning og foreslår at løyvinga til det nye forskingsprogrammet i Forskingsrådet frå 2010 blir auka til 24 mill. kroner per år
- styrkje forskningsevna i universitets- og høgskolesektoren i samband med oppfølginga av NOU 2008:3 *Sett under ett*
- betre profesjonsutdanningane si tilknytning til forskning, jf. St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen* og den kommande stortingsmeldinga om lærarrolla og lærarutdanninga
- opprette ein nasjonal forskarskole i lærarutdanningane
- be Noregs forskingsråd utvikle programsatsingane slik at dei i større grad blir sette i samanheng og medverkar til at utdanningsforskning står fram som eit samla forskingsområde

Boks 6.1

Det nye forskingsprogrammet er ei langsiktig satsing som skal medverke til å styrkje fagmiljø som driv med utdanningsforskning, særleg innanfor samfunnsvitskapleg effektforskning, longitudinelle studiar («forløpssstudiar») og kvantitativ forskning. Satsinga har som mål at utdanningsforskning i større grad skal bli eit fleirfagleg kunnskapsfelt tufta på eit mangfald av vitskaplege teoritradisjonar og –metodar. Målsetjinga for programmet er å byggje opp større og meir slagkraftige fagmiljø og motivere for samarbeid nasjonalt og internasjonalt. Område og tema som det til no har vore forska lite på, skal prioriterast.

Stimulere til større mangfald og ei betre fleirfagleg tilnærming i forskinga

Utdanningssektoren har mange og samansette kunnskapsbehov. Lærarane har behov for kunnskap som dei kan bruke i yrket sitt. Barnehage- og skoleeigarar og utdanningsstyresmaktene har behov for kunnskap om korleis tiltak, satsingar og reformer verkar, og kva for effektar dei har. Det er nødvendig å stimulere til meir fleir- og tverrfagleg utdanningsforskning. Eit større mangfald i bruk av data, metodar og tilnærmingar i forskingsfeltet må det òg stimulerast og oppmodast til.

Departementet vil

- vidareutvikle utdanningsforskning som fleir- og tverrfagleg forskingsfelt gjennom det nye programmet for utdanningsforskning
- prioritere forskning der tradisjonane er svake i Noreg, mellom anna effektforskning, longitudinelle studiar og empiriske studiar baserte på kvantitative data
- følgje opp arbeidet med individdata
- vidareføre samarbeidet med Folkehelseinstituttet om prosjektet *Språkvanskar hos barn*

Boks 6.2

Departementet har gjort avtale med Nasjonalt folkehelseinstitutt for å kartlegge omfanget av språkvanskar hos barn. Prosjektet *Språkvanskar hos barn* skal prøve å identifisere tidlege teikn på og risikofaktorar for slike vanskar og kartlegge faktorar som kan førebyggje eventuelt modifisere problem, m.a. ved å vurdere verknaden av ulike omgangsformer og sjå på kvaliteten av dei tilboda som finst. Prosjektet skal byggje på data frå Mor og Barn-studien, som følgjer 100 000 gravide mødre frå svangerskap gjennom fødsel og barna på ulike tidspunkt fram til barnet er åtte år. Språkutvikling og barnehagesituasjon ved femårsalder står sentralt i prosjektet. (Sjå òg www.fhi.no/morogbarn.)

Prioriterte forskingsområde

Kunnskapsgrunnlaget om norsk utdanning er blitt betre. Eit solid kunnskapsgrunnlag må vere forankra i forskning. Det er derfor viktig at forskingsinnsatsen bli ført vidare på sentrale område som alt er godt dekte slik at det fortsatt blir utvikla ny kunnskap på desse felta.

Samstundes manglar vi i dag forskning på område der utdanningssektoren har særskilde

behov, og der vi må rekne med at behova vil auke i åra som kjem. Noreg er med i mange internasjonale, kvantitative undersøkingar på utdanningsområdet (PISA, PIRLS, TIMSS og så vidare), og vi har etablert nasjonale prøver og andre prøver som ledd i eit nasjonalt kvalitetsvurderingssystem. Utvikling av og forskning basert på denne typen undersøkingar krev solid kompetanse i pedagogiske målingar. Det har vore forska svært lite på dette i Noreg sett i høve til land det er naturleg å samanlikne oss med, jf. Sverige, Nederland og Storbritannia. Departementet vil styrkje den vitenskaplege kompetansen i pedagogiske målingar gjennom å opprette ei eining for psykometrisk forskning. Denne eininga må leggjast til eit eksisterande fagmiljø i universitets- og høgskolesektoren. Val av vertsinstitusjon vil bli gjort etter konkurranse.

I Noreg har vi fleire andre område som har vore underforska. Kvalitet, innhald og læring i barnehagane og i høgre utdanning er døme på slike område (Borg mfl., 2008). I tillegg har vi lite forskning om vidaregåande opplæring, særleg fag- og yrkesopplæringa. På desse områda er det mange utfordringar, og departementet har behov for eit betre kunnskapsgrunnlag for vidare politikktutforming.

Vidare ser departementet at det på kort og mellomlang sikt er naudsynt å prioritere forskning innanfor fag- og yrkesdidaktikk, leing, styring og organisering, vurdering, vurderingsformer og kvalitetsutvikling. Dette er tematiske område som det er særskild viktig å ha god kunnskap om, slik at vi kan betre kvaliteten i utdanningssystemet.

Departementet vil

- styrkje den vitenskaplege kompetansen i pedagogiske målingar gjennom å opprette ei eining for psykometrisk forskning
- stimulere og prioritere område som i dag er underforska, både gjennom programsatsingane i Noregs forskingsråd og gjennom eigne forskingsoppdrag
- gjere tematiske prioriteringar i programsatsingane
- vurdere om det, innanfor gjeldande regelverk for kjøp av forskingsoppdrag, er formålstunleg å prioritere nokre forskingsmiljø der ein ønskjer å byggje opp særskild forskingskompetanse

Utarbeide kunnskapsoversyn og få til auka brukarretta forskingsformidling

Den nasjonale kunnskapsbasen vår er ikkje omfattande. På fleire område er det nødvendig å hente

inn forskingsbasert kunnskap frå andre land. Omfanget av internasjonal forskning som kan vere relevant for den norske utdanningssektoren, er omfattande. Dei beste og mest relevante studiane må silast ut på ein systematisk og påliteleg måte. Her kan systematiske kunnskapsoversyn vere nyttige verktøy for dei som har ansvar for profesjonsutdanningane, for forskarar og for tenestemenn som arbeider med grunnlagsdokument i politikktutforminga.

Dei ulike brukarane i utdanningssektoren treng betre informasjon enn det dei får i dag om kven som forskar, kor forskinga blir gjort, og kva for tema som det blir forska på. Brukarane skal sikrast tilgjenge til nye, offentleg finansierte forskingsresultat på utdanningsområdet. Det er behov for å auke omfanget av og å koordinere den brukarretta forskingsformidlinga i utdanningssektoren. For å møte desse behova vil departementet vurdere å etablere eit nasjonalt kunnskapssenter for utdanning. I samarbeid med andre aktørar vil ei slik eining kunne oppsummere nasjonal og internasjonal forskning om og for utdanningssektoren og spreie resultat av forskning på ein slik måte at ulike brukarar skal sjå relevansen av kunnskapen og gjere seg nytte av han.

Departementet vil

- vurdere å etablere eit kunnskapssenter for utdanning
- ta initiativ til systematiske kunnskapsoversyn på viktige spørsmål som har høg relevans for utdanningssektoren i Noreg
- betre tilgangen til forskingsresultat gjennom å leggje til rette for og stimulere til eigenarkivering av vitenskaplege publikasjonar
- vidareføre samarbeidet med Campbell Collaboration

Boks 6.3

Campbell Collaboration er eit ikkje-kommersielt verdsomspennande forskarnettverk som har som formål å summere opp og formidle påliteleg og relevant forskning på desse områda: velferd, kriminalomsorg, utdanning og barnevern. Hovudkontoret ligg i perioden 2008–10 i Noreg og er lagt til Nasjonalt kunnskapssenter for helsetenesta. Saman med andre departement og direktorat dekkjer Kunnskapsdepartementet utgiftene til hovudkontoret i den nemnde perioden. (Sjå <http://www.campbellcollaboration.org>.)

Leggje til rette for dialog og møteplassar mellom forskarar og brukarar

Utgreiinga frå Rambøll Management peiker på at det er behov for fleire samarbeidsarenaer mellom akademia, styresmaktene og brukarar av utdanningsforskinga. Meir effektiv informasjonsspreiing mellom ulike aktørar vil òg vere formålstenleg. Det bør etablerast arenaer der forskingsbehov, forskingskvalitet og bruk av utdanningsforskning kan leggjast fram og drøftast sentralt og lokalt.

Departementet vil

- føre vidare og evaluere ordninga med Nasjonalt forum for utdanningsforskning
- ta initiativ til forskarseminar/fagseminar på aktuelle område
- vurdere å etablere eit kunnskapssenter for utdanning

Boks 6.4

Nasjonalt forum for utdanningsforskning er ein ny møteplass for dialog, kunnskapsdeling og drøfting av tema knytte til utdanningsforskinga nasjonalt og internasjonalt. Deltakarar i forumet er forskarar, brukarar og representantar for utdanningsstyresmaktene. Forumet skal hjelpe til med å styrkje infrastrukturen på utdanningsforskningsområdet og skal på den eine sida ha som ei viktig oppgåve å auke informasjonsflyten mellom ulike aktørar. På den andre sida skal forumet vere ein stad der deltakarane kan opplyse kvarandre om eiga verksemd. Forumet vil dessutan vere ein stad der ein kan drøfte og dermed medverke til betre samordning og prioritering av aktivitetar på utdanningsforskningsfeltet.

Referanser

- Borg, Elin, Elisabeth Backe-Hansen og Inger Hege Kristiansen (2008) *Kvalitet og innhold i norske barnehager*. En kunnskapsoversikt.
- Borgen, Jorunn Spord, Hebe Gunnes og Gunnar Sivertsen (2007) *Kartlegging av norsk utdanningsforskning*. NIFU STEP rapport 32/2007
- Gulbrandsen, Lars, Jan-Erik Johansson, Randi Dyblie Nilsen (2002) *Forskning om barnehager – en kunnskapsstatus*. Norges forskningsråd.
- Levin, Ben (2004) *Making research matter more*. Education Policy Analysis Archive 12, 56
- Norges forskningsråd (2004) *Norsk pedagogisk forskning – En evaluering av forskningen ved utvalgte universiteter og høyskoler*
- Norges forskningsråd (2006) *En nasjonal strategi for norsk pedagogisk forskning*
- NOKUT (2006) *Evaluering av allmennlærerutdanningen i Norge*
- NOU 2008: 3 *Sett under ett. Ny struktur i høyere utdanning*. («Stjernø-utvalet»)
- OECD (2002) *Frascati Manual 2002 – Proposed Standard Practice for Surveys on Research and Experimental Development*
- OECD (2003) *Knowledge Management – New Challenges for Educational Research*
- Rambøll Management (2007) *Norsk utdanningsforskning – en systemutredning*
- TNS Gallup (2008) *Lærere og forskning – resultater fra en undersøkelse blant lærere i grunn- og videregående skole*
- Aasen, Petter, Nina Sandberg og Jorunn Spord Borgen (2007) *Utdanningsforskning – fagdepartementets sektoransvar*. NIFU STEP rapport 15/2007

Del IV
Rapportar

7 Ressursar i grunnopplæringa

Innleiing

Kapitlet gir informasjon om status og utvikling i ressursbruken i grunnopplæringa. Talet på elevar, lærlingar og lærarar er objektive faktorar som er avgjerande for ressursbruken i skolen. Skolestruktur har òg stor innverknad på kostnadsnivået, men denne er til dels gjenstand for lokale prioriteringar.

Det er kommunane og fylkeskommunane som er ansvarlege for drifta av høvesvis grunnskolen og vidaregåande opplæring. Grunnskolen og den vidaregåande opplæringa blir i hovudsak finansierte gjennom dei frie inntektene til kommunane og fylkeskommunane. Både i kommunane og i fylkeskommunane er opplæring ein stor og viktig sektor. Den delen av driftsutgiftene i kommunane som går til skolesektoren, har lege på i underkant av 30 pst. i dei siste åra. Tilsvarende tal for fylkeskommunane har lege på om lag 64 pst., men har gått ned til 62,5 pst. frå 2006 til 2007. Ressursbruken i grunnopplæringa i Noreg har vore relativt stabil i dei siste åra, både når det gjeld totale ressursar og ressursar per elev.

Kapitlet startar med ei orientering om utvikling i talet på elevar og lærlingar i grunnopplæringa, med informasjon om mellom anna fordeling på utdanningsprogram. Vidare er det ein omtale av vaksne i grunnopplæringa, skolefritidsordninga og

leirskoleordninga. Dei neste tema er lærartettleik og skolestruktur, før det blir gitt ein omtale av kommunale utgifter til grunnopplæring og utgifter per elev. Mot slutten av kapitlet er spesialundervisning og internasjonale undersøkingar tema.

Talgrunnlaget er i hovudsak henta frå Grunnskolen informasjonssystem (GSI), Statistisk sentralbyrå, KOSTRA (Kommune-stat-rapportering) og *Utdanningsspeilet 2007* frå Utdanningsdirektoratet.

Elevar og lærlingar i grunnopplæringa

I dei seinare åra har elevtalet i grunnskolen lege på i underkant av 620 000. I 2006 var det 619 728 elevar i grunnskolen. I 2007 var talet 617 121. På barnetrinnet viser elevtalet ein liten nedgang, medan elevtalet på ungdomstrinnet er stabilt. Om lag 97 pst. av alle elevane som gjekk ut av tiande trinn i grunnskolen våren 2007, gjekk direkte over i vidaregåande opplæring same haust. Delen av 16–18-åringane som nyttar seg av retten til vidaregåande opplæring, har lege stabilt på over 90 pst. sidan 1995. Som eit resultat av dei store fødselskulla i byrjinga av nittiåra har det i dei siste åra vore stor auke i talet på elevar i vidaregåande skole, sjå tabellen nedanfor. Talet på elevar i vidaregåande skole hausten 2007 var i alt 187 239 elevar.

Tabell 7.1 Fordeling av elevar på utdanningsprogram og -nivå i vidaregåande skole. Førebelse tal for alle åra.

År	Steg 1 (Vg1)		Steg 1 (Vg2)		Steg 3 (VKII)		I alt
	Studieførebuande	Yrkesfaglig	Studieførebuande	Yrkesfaglig	Studieførebuande	Yrkesfaglig	
2001–02	29 191	34 733	27 678	26 111	34 285	8 041	160 039
2006–07	35 763	39 380	28 788	35 011	38 317	10 082	187 314
2007–08	35 712	38 907	29 326	33 371	40 036	9 887	187 239

Kjelde: SSB/Utdanningsdirektoratet

Frå og med 2003, da talet på lærlingar var i underkant av 30 000, har talet auka. Tal frå SSB viser at per 1. oktober 2006 var talet på lærlingar 34 439 og talet på lære kandidatlar 833. På same tidspunkt i 2007 var tala auka til 37 222 lærlingar og

863 lære kandidatlar. Dette er ein auke på om lag åtte pst. frå 2006 til 2007. Det er framleis innanfor byggfag, mekaniske fag og elektrofag det er flest lærlingar.

For meir informasjon om elevar og lærlingar i grunnopplæringa, sjå Utdanningsspeilet 2007.

Vaksne i grunnopplæringa

Vaksne som treng grunnskoleopplæring har rett til slik opplæring dersom dei sjølve ynskjer det, jf. opplæringslova § 4A–1.

Om lag 10 000 vaksne får kvart år opplæring på grunnskolenivå. Talet har vore relativt stabilt sidan 2002. Det er om lag like mange vaksne kvinner som menn som får grunnskoleopplæring. Delen av vaksne elevar som har språkleg minoritetsbakgrunn, har auka frå 23 pst. i 2002 til 34 pst. i 2007.

Hausten 2006 fekk 10 620 vaksne grunnskoleopplæring. Det tilsvarende talet for 2007 var 9 738. Av dei som fekk opplæring hausten 2007, fekk 5 610 spesialundervisning, jf. Utdanningsspeilet 2007.

Frå og med hausten 2008 er retten til vidaregåande opplæring for vaksne utvida. Den nye retten inneber at alle som ikkje har gjort bruk av retten til vidaregåande opplæring som ungdom, får rett til vidaregåande opplæring som vaksne frå og med det året dei fyller 25 år. Tidlegare var det berre vaksne fødte før 1978 som hadde slik rett.

Tal som er henta direkte frå fylkeskommunane, viser at det er om lag 20 000 vaksne som deltek i vidaregåande opplæring.

Dei fleste får opplæring gjennom vaksenopplæringstilbod og er ikkje ein del av den generelle søkjar- og elevstatistikken for vidaregåande opplæring. Om lag halvparten av dei vaksne som er i opplæring er realkompetanse vurderte, ifølgje Vox.

Statistikkgrunnlaget for vaksne i vidaregåande opplæring har førebels manglar. Problema er mellom anna knytte til at fylkeskommunane har ulike administrative system for rapportering, og til at dei rapporterar på ulike måtar. Det er sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå SSB, Vox, Utdanningsdirektoratet og VIGO styringsgruppe, som arbeider med å betre statistikkgrunnlaget. Gruppa undersøker mellom anna kva for nasjonale føringar som er nødvendige for å få til felles saksbehandlings- og registreringssystem i fylkeskommunane.

For nærmare omtale av grunnopplæring for vaksne, sjå programkategori 07.20.

Skolefritidsordninga

Hausten 2007 gjekk i alt 144 000 barn i skolefritidsordning (SFO). Av barna i SFO går 96,1 pst. i kommunale ordningar og 3,6 pst. i private ordningar og resten ved statlege skolar. Delen barn på 1.–4. trinn som går i SFO, var på 60 pst. og har auka noko i det siste året.

GSI-tal for hausten 2007 viser at 54 pst. av barna i SFO hadde plass med lang opphaldstid. I gjennomsnitt var foreldrebetalinga for ein elev som var 25 timar per uke i SFO, kr 1 717 per måned i 2006 (KOSTRA). Foreldrebetalinga for ein elev som var i SFO ti timar per veke var i snitt kr 978 per måned.

Leirskoleordninga

I skoleåret 2007–08 planla 65 110 elevar å delta på eit leirskoleopphald. Dette utgjer 10,5 pst. av elevane i grunnskolen, og er i samsvar med målsetjinga om at alle elevar skal få ta del i eit leirskoleopphald minst ein gong i grunnskolen. Delen elevar som har drege på leirskole, har lege på om lag ti pst. sidan 2001.

Lærartettleik

Lærarårsverk

Ifølgje GSI var det 51 423 lærarårsverk i grunnskolen i 2006. Dette er om lag 600 fleire årsverk enn i 2005. På grunn av endringar i registreringa av årsverk til undervisning i GSI frå 2006 til 2007 er det noko usikkert om den nedgangen i talet på lærarårsverk i grunnskolen frå 2006 til 2007 som går fram av tabellen nedanfor, faktisk er riktig. Utviklinga i talet på lærartimar har i same periode gått opp.

I vidaregåande opplæring har talet på årsverk vore relativt stabilt på i overkant av 22 000 frå 2000 til 2004, for så å gå noko ned i 2005. I 2006 har talet igjen auka noko i forhold til 2005.

Tabell 7.2 Utvikling i lærarårsverk

Skoleår	Lærarårsverk i grunnskolen	Lærarårsverk i vidaregåande opplæring ¹
2004–05	50 832	22 332
2005–06	50 801	19 853
2006–07	51 423	20 503
2007–08	50 906	20 618

¹ Fylkeskommunale skolar

Kjelde: Grunnskolens informasjonssystem og Statistisk sentralbyrå

Berekna gjennomsnittleg gruppestorleik

Indikatoren berekna gjennomsnittleg gruppestorleik kjem fram ved å sjå på forholdet mellom elevtimar og lærartimar. Med elevtimar meiner ein totale ordinære timar til undervisning elevane får kvart år. Lærartimar er summen av alle timar lærarane gir undervisning per år. Indikatoren gir

uttrykk for kor mange elevar ein lærar har i gjennomsnitt per undervisningstime. Dette omfattar også timar til spesialundervisning og særskilt norskopplæring for språklege minoritetar. Sidan desse timane blir inkluderte, kan det føre til at gruppestorleiken verkar lågare enn det nokre elevar og lærarar opplever i kvardagen.

Tabell 7.3 Gjennomsnittleg gruppestorleik

	1. trinn	Barnetrinn	Ungdomstrinn	I alt
2000–01	12,9	13,0	14,4	13,4
2001–02	12,1	13,0	14,6	13,5
2002–03	12,5	13,2	14,9	13,8
2003–04	13,1	13,2	15,0	13,8
2004–05	13,4	13,4	15,1	13,9
2005–06	13,6	13,6	15,2	14,1
2006–07	12,8	13,5	15,1	14,0
2007–08	12,0	13,3	15,0	13,9

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

I skoleåret 2007–08 var den gjennomsnittlege gruppestorleiken i kommunale grunnskolar utanom spesialsolar på 13,9. Dette er ein nedgang frå året før, da gruppestorleiken var 14,0.

Gruppestorleiken for 1. trinn auka frå 2001–02 til 2005–06 med 1,5. Frå 2005–06 til 2007–08 har gruppestorleiken for 1. trinn gått ned med 1,6. Utviklinga for barnetrinnet har følgd eit tilnærma parallelt løp, men gruppestorleiken har ikkje gått like mykje ned dei siste par åra. På ungdomstrinnet har gruppestorleiken halde seg på eit relativt stabilt nivå i perioden 2001–02 til 2007–08.

Elevar per kontaktlærar

I opplæringslova heiter det at kvar elev skal vere tilknytt ein lærar (kontaktlærar) som har særleg ansvar for dei praktiske, administrative og sosialpedagogiske gjeremåla som gjeld eleven, blant anna kontakten med heimen. Gjennomsnittleg tal på elevar per kontaktlærar vart kraftig redusert frå 2003–04 til 2004–05, og har sidan halde seg på eit relativt stabilt nivå. I skoleåret 2007–08 var det i gjennomsnitt 15,1 elevar per kontaktlærar i grunnskolen. 56 pst. av elevane og 40 pst. av skolane har kontaktlærarar med ansvar for fleire enn 15 elevar.

Skolestruktur

I skoleåret 2007–08 var det 2 941 offentlege kommunale grunnskolar, tre interkommunale grunnskolar og ein statleg grunnskole. I tillegg var det 174 private grunnskolar, 16 av dei i utlandet. Same skoleåret var det 79 spesialskolar i Noreg. Av dei var 45 kommunale, åtte interkommunale, 16 fylkeskommunale, fem statlege og fem private.

Storleiken på grunnskolane varierer frå berre to elevar i nokre få tilfelle til nærmare 800 elevar på dei største skolane. Tabellen nedanfor illustrerer fordelinga av små, mellomstore og store skolar. Det har vore ei utvikling i retning av fleire store skolar og færre små skolar. I dei siste åra har fordelinga vore om lag uendra.

Tabell 7.4 Fordeling av små, mellomstore og store grunnskolar (i pst.)

	1997	2000	2005	2007
Mindre enn 100 elevar	40	37	36	34
100–299 elevar	42	41	39	49
300 elevar eller meir	19	22	26	26

Åtte pst. av elevane går på skolar med mindre enn 100 elevar, 38 pst. går på skolar som har mellom 100 og 299 elevar, og 54 pst. går på skolar med meir enn 300 elevar. Delen elevar som går på store skolar, auka med ti prosentpoeng i perioden 1997–2006.

Frå skoleåret 2006–07 til 2007–08 vart det lagt ned 42 grunnskolar, medan det vart oppretta 16 skolar. I to av tilfella var nedlegginga eller opprettinga eit resultat av at skolar vart slåtte saman. To av dei offentlege skolane som vart nedlagde, vart erstatta av privatskolar. Dei skolane som vart nedlagde, hadde til saman 2 765 elevar, det vil seie gjennomsnittleg i underkant av 66 elevar per skole. Tilsvarende hadde dei nyoppretta skolane 2 020 elevar, det vil seie om lag 126 elevar per skole.

I 2006 var det registrert 453 vidaregåande skolar. 371 var fylkeskommunale, 77 private og fem statlege. Sidan 2001 har det vorte 43 færre vidaregåande skolar. Talet på private skolar har auka med 17 i same periode.

Kommunal ressursbruk målt i utgifter til grunnopplæringa

Del av kommunale/fylkeskommunale utgifter

Netto driftsutgifter til grunnskoleopplæring i pst. av dei samla netto driftsutgiftene i kommunane har lege stabilt på om lag 30 pst. i dei siste åra. Vidaregåande opplæring er den klart største utgiftsposten i fylkeskommunane. I 2007 var delen av netto driftsutgifter til vidaregåande opplæring på 62,5 pst., ned frå 64,2 pst. i 2006.

Utgifter per elev

Korrigerte brutto driftsutgifter viser dei driftsutgiftene kommunane har til undervisning, inkludert drift av skolelokale og skyss. Korrigerte brutto driftsutgifter per elev i grunnskolen var kr 72 942 i 2007. Dette er ein auke på 6,4 pst. frå 2006. Prisendringa i kommunalt konsum var i same periode 4,2 pst. Det vil seie at det reelt sett var ein auke i ressursbruken per elev.

Det er ein betydeleg auke i driftsutgifter til undervisningsmateriell frå 2005 til 2007. Hovudårsaka til dette er Kunnskapsløftet og behov for utskifting av læremiddel som følgje av nye læreplanar. Dette er kommunane kompenserte særskilt for.

Tabell 7.5 Korrigerte brutto driftsutgifter per elev, laupande prisar

	2003	2004	2006	2007
Grunnskolen				
Korrigerte brutto driftsutgifter per elev	63 469	64 949	68 743	72 942
– Lønnsutgifter per elev	49 119	49 901	54 398	57 023
– Driftsutgifter til inventar og utstyr per elev	588	623	819	901
– Driftsutgifter til undervisningsmateriell per elev	1 279	1 158	1 361	1 777
Vidaregåande opplæring				
Korrigerte brutto driftsutgifter per elev i studieførebuande utdanningsprogram	86 288	85 808	92 084	95 224
– Lønnsutgifter per elev i studieførebuande utdanningsprogram	52 941	51 946	54 167	55 852
Korrigerte brutto driftsutgifter per elev i yrkesfaglege utdanningsprogram	106 456	106 334	116 088	120 846
– Lønnsutgifter per elev i yrkesfaglege utdanningsprogram	68 530	68 253	73 345	76 594

¹ På grunn av adnra rekneskapsføring i kommunane som følgje av etablering av eigne føretak og interkommunale selskap i 2005, innførte Statistisk sentralbyrå ein ny definisjon av korrigerte brutto driftsutgifter frå 2006. Tala for 2006 og 2007 er derfor ikkje samanliknbare med tal frå tidlegare år.

Kjelde: KOSTRA per 15. juni 2007, Statistisk sentralbyrå

Nokre fylkeskommunar har auka bruken sin av kjøp av tenester frå eigne føretak og interkommunale rekneskap. I KOSTRA-tala for vidaregåande opplæring er det derfor innført ein ny definisjon av korrigerte brutto driftsutgifter frå og med 2006, der fylkeskommunane sine utgifter til kjøp av tenester frå eigne føretak og interkommunale rekneskap er tekne med.

Frå 2006 til 2007 var det ein auke i utgifter per elev i studieførebuande utdanningsprogram på 3,4 pst., mens det for dei yrkesfaglege utdanningsprogram var ein auke på 4,1 pst.


Til tross for ein betydelig elevtalsvekst i vidaregåande opplæring frå 2004 til 2007 tyder det på at fylkeskommunane har klart å halde oppe ressursbruken per elev om lag på same nivå.

Lønnsutgiftene er den klart største driftskostnaden både i grunnskolen og i vidaregåande opp-

læring. I grunnskolen utgjorde lønnsutgiftene 78 pst. av dei totale driftskostnadene, medan den same delen i vidaregåande opplæring var 59 pst. og 63 pst. på høvesvis studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram i 2007. Dette er om lag same nivå som i 2006.

Kommunale forskjellar i ressursbruk

Skoledrift er ikkje like dyrt for alle kommunar. Dette skyldast mellom anna smådriftsulemper som spesielt rammar kommunar med spreidd busetting. For å kunne samanlikne kommunar er det i figuren nedanfor korrigert for driftskostnader for elevtal og indikatorar for busetjingsmønster (reise-tid og reiseavstand) – dette blir kalla strukturjustering.



Figur 7.1 Strukturjusterte kommunale forskjellar i ressursbruk

Kjelde: Hægeland mfl. 2008

Ressursbruken målt i korrigerte brutto driftsutgifter per elev for 2006 i figuren over syner at det var langt færre kommunar (29 pst.) som brukte mindre enn gjennomsnitts-intervallet (kr 70 000–75 000), enn det var kommunar som brukte meir enn gjennomsnittsintervallet (57 pst.). Til tross for stor spreiding i ressursbruken ligg 72 pst. av kommunane innanfor eit kostnadsintervall på mellom kr 60 000 og 90 000.

Det går fram av figuren at ein strukturjustering av kostnadene reduserer spreinga mellom kommunane. Gjennomsnittet blir derimot endra minimalt (kr 71 274).

Konsekvensen av å foreta ei slik justering er i hovudsak at talet på kommunar med meir enn kr 100 000 i utgifter per elev blir redusert frå 64 til 13. Samstundes aukar talet på kommunar som ligg innanfor eit kostnadsintervall på mellom kr 60 000 og kr 90 000 per elev, frå 72 til 86 pst. Dette tyder på at ein god del av kommunane som bruker høvesvis mykje på drift av grunnskolen, gjer dette på grunn av forhold dei ikkje kan påverke, slik som elevtal og busetjingsmønster.

Variasjonen mellom kommunar i utgifter per elev har vore svært stabil i dei siste fem åra.

For meir omtale av variasjonar i ressursbruken mellom kommunar, sjå *Utdanningsspeilet 2007*.

Kommunar med særleg låg ressursinnsats

Det er stor forskjell i talet på elevar og reiseavstand mellom dei kommunane som har høgast og lågast driftsutgift per elev. Heile 23 pst. av elevane i landet går på skole i dei 25 kommunane med lågast utgift per elev. Til samanlikning går bare 0,6 pst. av elevane på skole i dei 25 kommunane med høgast utgift per elev.

Hægeland har sett på kommunar som er gjengangarar i kategoriane «25 kommunar med lågast utgifter» og «25 kommunar med høgast utgifter» til grunnskole over ein periode på fire år (2003–06). Dei finn at ein stor del av kommunane på 25 på topp/botn er dei same frå år til år. Felles for høgutgiftsgjengangarane er at dei er kommunar med eit gjennomsnittleg tal for elevar i kommunen på 160 og ein stor del av frie inntekter, nær 50 pst. over landsgjennomsnittet. Gjengangarane i dei 25 lågutgiftskommunane hadde i snitt 4 300 elevar og frie inntekter på åtte pst. av landsgjennomsnittet. Nær halvparten av høgutgiftskommunane sine gjengangarar er såkalla kraftkommunar, mens ingen av lågutgiftskommunane er kraftkommunar.

Spesialundervisning

Elevar som ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har krav på spesialundervisning.

Tal frå Utdanningsdirektoratet viser at delen elevar med spesialundervisning i grunnskolen har vore nokså stabil over tid, men har auka noko i dei siste to åra og ligg på 6,3 pst. i 2007–08. Delen elevar med særskild norskopplæring har auka noko i same periode og ligg på 6,5 pst. i 2007–08. Dette skyldast eit auka tal minoritetsspråklege elevar.

Internasjonale samanlikningar

Noreg brukar mykje ressursar på utdanning samanlikna med andre land, jf. statistikk som OECD publiserer kvart år tal på ulike indikatorar. Dei siste tala blei publiserte i 2008 og er frå 2005.

Dersom ein ser på utgiftene per elev, ligg Noreg heilt i toppen for både grunnskolen og for vidaregåande opplæring. Samla utgifter per elev for heile grunnopplæringa i Noreg ligg nær 50 pst. over OECD-snittet. Det er særleg den høge lærartettleiken som forklarar den høge ressursbruken i Noreg.

Ein analyse gjennomført av Senter for Økonomisk Forskning ved NTNU (SØF) viser at lærartettleiken i grunnskolen ligg 28 pst. over gjennomsnittet for OECD. Undervisningsplikta til norske lærarar er 7–8 pst. lågare enn gjennomsnittet for OECD. Det betyr at sjølve lærarinnsatsen per elev ligg vel 20 pst. over OECD-gjennomsnittet. Dette betyr ikkje at norske lærarar arbeider mindre enn lærarar i andre land: Lærarane har relativt lang arbeidstid og høyt tilstedeværelsesplikt, men mykje av tida er sett av til anna enn undervisning.

Lærarlønna kan forklare noko av avviket mellom utgift per elev og lærartettleik, men ikkje heile. Tal frå OECD syner at startlønna for norske lærarar ligg over OECD –gjennomsnittet, men at lønna for lærarar med 15 års erfaring ligg under gjennomsnittet. SØF har òg anslått kostnadane knytt til at Noreg har mange små skoler og kjem fram til at desse kan forklare om lag 5–6 pst. av utgiftene per elev. SØF finn ikkje grunnlag for å seie at integrering av elevar med funksjonshemming kan bidra til å forklare den høge ressursbruken.

8 Fornyning og organisasjonsendringar

Nedanfor følgjer omtale av arbeid på Kunnskapsdepartementet sitt område for fornying og organisasjonsendring.

Barnehageområdet

Regjeringa foreslo i Ot.prp. nr. 57 (2007–2008) *Om lov om endringer i barnehageloven* at statlege øyr-merkete barnehagetilskott skal bli innlemma i rammetilskottet til kommunane frå 1. januar 2011. Kommunane får frå same tidspunkt eit heildekjande ansvar for barnehagesektoren. Prinsipp for og konsekvensar av innlemming for kommunane vil bli omtala i dei kommande kommuneproposisjonane. Forslaget omfattar private, fylkeskommunale og statlege barnehagar (ikkje-kommunale). Reglane for finansiering av ikkje-kommunale barnehagar må tilpassast ein rammefinansiert barnehagesektor. Ny finansieringsordning vil først tre i kraft ved tidspunktet for innlemming. Innlemming frå 2011 bidreg til å sikre at kommunane har tilstrekkeleg med tid på å førebu seg på rammefinansierings og nytt finansieringssystem for ikkje-kommunale barnehagar. For å sikre dei ikkje-kommunale barnehagane vidare drift legg forslaget opp til at kommunen skal ha ei finansieringsplikt overfor eksisterande ikkje-kommunale barnehagar (etablert innan 31. desember 2010). Vidare blir det foreslått at nyetablerte barnehagar (etablert frå og med 1. januar 2011) ikkje automatisk skal ha rett til finansiering. Det blir foreslått at kommunen blir gitt fridom til å vurdere om desse skal ta imot kommunal finansiering.

Kompetansepolitikken

Vox – Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet har som mål å auke deltakinga i samfunns- og arbeidsliv hos vaksne ved å styrkje og synleggjere kompetansen deira. Grunnleggjande dugleikar og realkompetanse er særskilde innsatsområde. Rolla til Vox er å utvikle, analysere og formidle kunnskap om læring hos vaksne og å forvalte tilskottsordningar for dette formålet.

Kunnskapsdepartementet ønskjer å presisere fordelinga av ansvar og oppgåver mellom Vox – Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet og Utdanningsdirektoratet frå og med 2009. Direktoratet

skal ha eit tydeligare ansvar for grunnskule- og vidaregåande opplæring for vaksne som fell inn under opplæringslova. Vox skal styrke og fornye sitt arbeid for den delen av vaksnes læring som skjer i arbeidslivet og utanfor det formelle utdanningssystemet. Denne presiseringa av ansvarsdelinga mellom dei to etatane skal bidra til at rettsbasert grunnopplæring for vaksne får ei tydelegare prioritering i den ordinære opplæringa og at tiltaka vurderast i eit heilskapleg perspektiv for alle målgruppene.

Universitet- og høgsckolar

Stjernø-utvalet leverte innstillinga si NOU 2008: 3 *Sett under ett* i februar 2008. Innstillinga har vore på brei høring, og har vore diskutert på mange arenaer i universitets- og høgskolesektoren. Innstillinga foreslår mellom anna strukturelle grep for å samle institusjonar under felles organisatoriske paraplyar. Vidare foreslår utvalet å endre kriteria for universitetsakkreditering. Desse forslaga ville medført større reorganisering av heile sektoren. Kunnskapsdepartementet vil ikkje foreslå å leggje ned eller reorganisere studiestader inn i nye samanslåtte organisasjonar. Departementet vil ikkje motsette seg arbeid med fusjonsplanar der dette blir drive fram av institusjonane sjølve. Dette gjeld mellom anna i Tromsø, der universitetet og høgskolen har vedteke å slå seg saman. Departementet gjer no ein større gjennomgang av finansieringssystemet i universitets- og høgskolesektoren. Dette er ei oppfølging av St.meld. nr. 7 (2007–2008) *Statusrapport for Kvalitetsreformen i høgre utdanning* og Stjernø-utvalet. Arbeidet vil bli presentert i samband med framlegging av forslag til statsbudsjett for 2010.

NOKUT reviderte alle sjukepleiarutdanningane i Noreg hausten 2005. Berre ei vart akkreditert, medan 30 bachelorutdanningar ikkje fekk akkreditering. NOKUT behandla dei siste akkrediteringssakane våren 2008. Alle bachelorutdanningar innanfor sjukepleie er no akkrediterte. Dette er eit gledeleg resultat. Samstundes viser dette at kvalitetsarbeidet i sektoren gir resultat, og at akkrediteringsfunksjonen til NOKUT verkar på ein tilfredsstillande måte.

Høgskolen i Agder vart akkreditert som universitet frå 1. september 2007, og endra då namn til Universitetet i Agder. Handelshøgskolen BI og Misjonshøgskolen fekk status som vitskapleg høgskole frå 1. juni 2008. Regjeringa har vedteke at Høgskolen i Tromsø og Universitet i Tromsø etter eige ønske skal slå seg saman frå 1. januar 2009.

Fagskolar

Tidlegare 6A-skolar som blir godkjende som og startar opp med fagskoleutdanning, er lova same økonomiske rammevilkår under fagskolelova som dei hadde under privatskolelova, jf. Innst. O. nr. 89 (2006–2007). Fem skolar har fått godkjent utdanningstilboda sine som fagskoleutdanningar av NOKUT og har meldt til Kunnskapsdepartementet at dei vil aktivere godkjenninga. Dette gjeld Ålesund kunstfagskole, Einar Granum kunstfagskole, Asker kunstfagskole, Kunstfagskolen i Bergen og Nordland kunst- og filmskole. Departementet fore-

slår derfor å overføre tilskott til desse skolane til kap. 276.

Forskinsinstitutt

Regjeringa vil innføre eit nytt basisfinansierings-system for forskingsinstitutta frå 1. januar 2009. Hovudmålet med den statlege grunnløyvinga vil vere å gi institutta rom for langsiktig kunnskaps- og kompetanseoppbygging. For å kunne få statleg basisfinansiering må instituttet drive forskning på felt som er av interesse for norsk næringsliv, forvaltning eller samfunnsliv. Instituttet må ha ein fagleg og vitskapleg kompetanse som kjem til uttrykk gjennom vitskaplege publikasjonar i anerkjende tidsskrift, samarbeid med universitet og høgskolar og deltaking i internasjonalt forskningssamarbeid. Kunnskapsdepartementet avgjer, i samråd med dei departementa det vedkjem og etter råd frå Noregs forskingsråd, kva for forskingsinstitutt som skal ta imot basisfinansiering. Sjå nærmare omtale under kap. 5 *Forsking og utvikling i statsbudsjettet*.

9 Likestilling i barnehage-, utdannings- og forskingssektoren

Kunnskapsdepartementet har som strategiske likestillingsmål på politikkområdet å arbeide for at likestilling blir ein del av verdigrunnlaget i barnehagen, i utdanningane og i forskinga. Likestillingsarbeid er eit systematisk og langsiktig haldningsarbeid som startar i barnehagen, først vidare i skolen, og må ligge til grunn for ein kultur i Universitets- og høgskoleinstitusjonane og forskinga, som gir begge kjønn like moglegheiter til å avansere i stillingssystemet.

Barnehage-, utdannings- og forskingssektoren

Handlingsplan for likestilling i barnehage og grunnopplæring 2008–2010 vart lagd fram våren 2008. Det viktige arbeidet med å rekruttere fleire menn til barnehagen vil bli omfatta både av denne planen og *Strategi for rekruttering av førskolelærere til barnehagen 2007–2011*. Barnehagane er omtalte under kategori 07.30.

Gjennom handlingsplanen for likestilling i barnehage og grunnopplæring vil integrering av likestillingsarbeid på desse områda bli følgd opp av departementet og Utdanningsdirektoratet i samarbeid med berørte aktørar. Det er Utdanningsdirektoratet som er koordinator for handlingsplanen. Kategori 07.20 omtaler tiltak for å få til ei tilpassa opplæring som kan jamne ut forskjellar og gi best mogleg læringsutbytte for alle. Under kap. 226 er det gitt oversikt over tiltak for å utvikle yrkes- og studierettleiinga og for å betre lærings- og oppvekstmiljøet til elevane.

Departementet krev at universiteta og høgskolane utarbeider handlingsplanar for likestilling mellom anna for å betre arbeidsvilkåra og auke talet på kvinner i høgre akademiske stillingar. Vedlegg 2 gir omtale av kjønnsbalansen i ulike høgre utdanningar.

Departementet ønskjer å setje i verk ei ordning med øyremerking av stillingar til kvinner på stipendiat- og postdoktorinnivå, i fag der dei er betydeleg underrepresentert. Departementet vil ta kontakt med ESA med sikte på å få til ei ordning som er i samsvar med EØS-avtalen og som samstundes gjer det mogleg å auke kvinneandelen i særleg underrepresenterte fag.

I 2007 oppretta regjeringa ein likestillingspris for å premiere dei beste handlingsplanane og stimulere sektoren til målrette likestillingsarbeidet. Prisen blei tildelt Noregs teknisk-naturvitenskapelige universitet og Institutt for marin bioteknologi ved Universitetet i Tromsø. Begge vinnarane fekk prisen for målretta og konkrete handlingsplanar i arbeidet for å betre kjønnsbalansen i akademia. Prisen har vorte ført vidare i 2008.

Kunnskapsdepartementet har takka ja til å vere vertskap for ein nordisk forskingspolitisk konferanse om likestilling i akademia i mars 2009.

Komité for integreringstiltak – kvinner i forskning har støtta institusjonane i arbeidet med å integrere likestilling i den langsiktige og strategiske utviklinga av forskingsmiljøa sidan 2004. Den sitjande komiteen held fram til og med mars 2010. Mandatet for den nye komiteen er utvida til også å omfatte forskingsinstituttsektoren. Avslutningsrapporten frå den første komiteen finst på nettstaden www.kvinneriforskning.no. Arbeidet for å rekruttere fleire kvinner til forskning er omtalt i kategori 07.60 og 07.70.

Kunnskapsdepartementet

Som arbeidsgivar er Kunnskapsdepartementet pliktig til å arbeide for å betre kjønnslikestillinga i samfunnet. Derfor har departementet som mål å oppnå best mogleg kjønnsbalanse i organisasjonen og gi dei tilsette tilgang til utvikling, karriere og velferd uavhengig av kjønn.

64,4 pst. av dei tilsette i departementet er kvinner. Kvinnedelen har stige jamt sidan 2001, da han var på 59 pst. Departementet vil i sitt rekrutteringsarbeid vurdere korleis delen menn kan aukast.

Snittlønna for kvinner låg i januar 2008 på om lag 94,2 pst. av snittlønna for menn. Statistikken for januar 2008 syner at 27,2 pst. av kvinnene er lønte i deltidsstilling, medan det same gjeld for 16,4 pst. av dei mannlege tilsette.

Menn og kvinner er omtrent like ofte heime med sjuke barn. I 2007 var mennene sin del av fraværet knytt til omsorg for sjuke barn på 24,6 pst. Til samanlikning utgjorde mennene ved utgangen av

fjoråret 34,5 pst. av dei tilsette i aldersgruppa 25–49 år. Av fråværet knytt til fødselspermisjon sto menn for 17 pst. i fjor. Dette er ein auke frå året før, da det tilsvarande talet var 3,3 pst. Departementet vil i sin lønnspolitikk spesielt vere merksam på om fødsels- og omsorgspermisjonar verkar hindrande med omsyn til lønnsutviklinga.

Det legemelde sjukefråværet var i 2007 på 3,9 pst. for kvinner og 1,7 pst. for menn. Dette mønsteret finn ein gjennomgåande i heile samfunnet.

Både kvinner og menn nyttar seg av tilbodet om heimekontor og fleksible arbeidstidsordningar

som mellom anna gjer det enklare å kombinere omsorg for små barn med ein krevjande jobb.

Overtidsbruken i departementet går opp. I 2007 arbeidde ein kvinneleg tilsett i Kunnskapsdepartementet i snitt 23,9 timar overtid. Det tilsvarande timetalet for ein mann var 38,4.

I januar 2008 var 47,6 pst. av leiarane i Kunnskapsdepartementet kvinner. Mens kvinnerepresentasjonen i toppleiargruppa fram til 2004 låg på 20–30 pst., er han i dag på 44,4 pst. Gjennom fleire år har departementet lagt vekt på å rekruttere, kvalifisere og motivere kvinner til leiande stillingar. Departementet vil arbeide vidare for å halde oppe den gode kjønnsbalansen på leiarnivå.

10 Miljø

Kunnskapsdepartementet arbeider for å ha ein god miljøprofil innanfor dei ulike sektorane departementet og underliggjande verksemdar er med på å forme.

I barnehagane og på skolane er formidling av kunnskap og gode holdningar til miljøet ein integrert del av det pedagogiske opplegget. Omsorg, oppseding og læring i barnehagen skal fremme menneskeleg likeverd, likestilling, åndsfridom, toleranse, helse og forståing for berekraftig utvikling. I dette inngår kjærleik til naturen, forståing for samspelet i naturen og mellom menneska og naturen. Natur, miljø og teknikk er ein integrert del av det pedagogiske opplegget i barnehagen, jf. *Rammeplan for barnehagen*.

I grunnopplæringa er miljølære integrert i læreplanverket for Kunnskapsløftet. Opplæringa skal gi mest mogleg heilskaplege kunnskapar og forståing, og utvikle evne og vilje til å arbeide for eit samfunn som er i samsvar med naturressursgrunnlaget. Perioden 2005–14 er FN's tiår for utdanning for berekraftig utvikling, og Utdanningsdirektoratet har utarbeidd ein nasjonal strategi for perioden 2006–10 som ein sentral del av den miljøpolitiske satsinga innanfor grunnopplæringa i dei nærmaste åra.

Universiteta og høgskolar er også viktige institusjonar for kunnskapsformidling, men òg for forskning på miljøet. Miljøretta forskning er viktig for å få god forståing for miljøet og for korleis miljøet utviklar seg; dette er ein viktig føresetnad for god og fornuftig utforming av miljøpolitikken. I St.meld. nr. 20 (2004–2005) *Vilje til forskning* er energi og miljø peikte ut som eitt av fire tematiske satsingsområde i norsk forskning i dei kommande åra. Kunnskapsdepartementet støttar òg oppunder klimaforskning mellom anna gjennom løyvingar frå Fondet for forskning og nyskaping til programmet NORKLIMA under Noregs forskingsråd. I tillegg finansierer departementet forskning innanfor EUs rammeprogram, og store delar av denne er miljørelatert. Departementet har fokus på oppfølginga av klimameldinga og klimaforliket når det gjelder forskning. I revidert nasjonalbudsjett 2008 vart det løyvd 70 mill. kroner ekstra til forskning på fornybare energikjelder og karbonfangst og -lagring. I

statsbudsjettet for 2009 blir det lagt opp til ei ytterlegare styrking av dette feltet med til saman 300 mill. kroner. Midlane skal nyttast til å etablere forskningssenter innanfor fornybar energi og karbonfangst og -lagring og til å styrkje relevante forskingsprogram. Midlane vil bli løyvd over budsjetta til fleire departement.

Eit anna viktig tiltak er departementets finansiering av kontingenten for norsk medlemskap i Global Biodiversity Information Facility (GBIF), som er eit internasjonalt initiativ for å sikre elektronisk tilgang til biodata for forskarar og andre interesserte over heile verda. Noregs forskingsråd representerer Noreg i GBIF.

Hausten 2003 vart det oppretta ein eigen nasjonal artsdatabank lokalisert i Trondheim, knytt til Vitskapsmuseet ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet. Artsdatabanken starta arbeidet sitt i januar 2005 og er ei nasjonal elektronisk oversikt over eigenskapar for og omfang av biologisk mangfald i Noreg både når det gjeld naturtypar, artar og populasjonar (genetisk variasjon). Artsdatabanken er til bruk i miljøforvaltning, undervisning og forskning. I dei første åra skal Artsdatabanken prioritere sårbare og trua artar, trua naturtypar og introduserte problemartar.

Universitetsmusea spelar òg ei viktig rolle i å forvalte vitskaplege natur- og kulturhistoriske samlingar. Desse musea har ei viktig miljøpolitisk rolle gjennom forskning og formidling knytte til deira samlingar. Universitetsmusea er mellom anna pålagde ei rekkje forvaltningsoppgåver etter kulturminnelova. Musea er styrkte i dei siste åra for mellom anna å sikre at samlingane kan bli forsvarleg oppbevart.

Meteorologisk institutt har i tillegg til ei rekkje andre funksjonar òg ei viktig rolle som kartleggjar av dei klimatiske endringane. Instituttet skal følgje den globale og nasjonale klimautviklinga og skal gi tilfredsstillande klimainformasjon for samfunnsplanlegging og for utforming av Noregs klimapolitikk. Instituttet skal arbeide for at styresmakter, næringsliv, institusjonar og folk flest best mogleg skal få høve til å sikre liv og verdier gjennom planmessig vern om miljøet.

Kunnskapsdepartementet

tilrår:

1. I St.prp. nr. 1 om statsbudsjettet for år 2009 blir de summane førde opp som er nemde i eit framlagt forslag:

a. Sum utgifter under kap. 200–288 og 2410	kr 101 849 655 000
b. Sum inntekter under kap. 3200–3288, 5310 og 5617	kr 26 071 809 000

Forslag til vedtak om løyving for budsjettåret 2009, kapitla 200–288 og 2410, 3200–3288, 5310 og 5617

I Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
Administrasjon				
200	Kunnskapsdepartementet			
	01 Driftsutgifter	215 240 000		
	21 Særskilde driftsutgifter	6 503 000		
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	2 645 000	224 388 000	
	Sum Administrasjon			224 388 000
Grunnoplæringa				
220	Utdanningsdirektoratet			
	01 Driftsutgifter	202 018 000		
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	3 519 000		
	70 Tilskott til læremiddel o.a., <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	42 264 000	247 801 000	
221	Foreldreutvalet for grunnoplæringa			
	01 Driftsutgifter	8 777 000	8 777 000	
222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat			
	01 Driftsutgifter	120 104 000		
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	4 468 000	124 572 000	
223	Samisk utdanningsadministrasjon			
	50 Tilskott til Sametinget	33 290 000	33 290 000	
225	Tiltak i grunnoplæringa			
	01 Driftsutgifter	136 690 000		
	60 Tilskott til landslinjer	163 287 000		
	63 Tilskott til samisk i grunnoplæringa, <i>kan overførast</i>	47 505 000		
	64 Tilskott til opplæring av barn og unge asylsøkjjarar	173 379 000		
	66 Tilskott til leirskoleopplæring	38 926 000		
	67 Tilskott til opplæring i finsk	8 973 000		
	68 Tilskott til opplæring i kriminalomsorga	183 338 000		
	69 Kompensasjon for investeringskostnader ved grunnskolereforma	333 695 000		

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	70	Tilskott til opplæring av lærlingar og lærekandidatar med særskilde behov	8 698 000	
	71	Tilskott til utvikling av musikk- og kulturskolane	9 121 000	
	72	Tilskott til internasjonale utdanningsprogram	3 310 000	
	73	Tilskott til studieopphald i utlandet	9 144 000	
	74	Tilskott til organisasjonar	11 428 000	1 127 494 000
226		Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa		
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	1 003 911 000	
	70	IKT-tiltak, <i>kan nyttast under post 21</i>	3 628 000	1 007 539 000
227		Tilskott til særskilde skolar		
	60	Tilskott til Moskvaskolen	1 287 000	
	62	Tilskott til Fjellheimen leirskole	4 896 000	
	70	Tilskott til den franske skolen i Oslo	5 200 000	
	71	Tilskott til internatdrifta ved Krokeide yrkesskole	20 988 000	
	72	Tilskott til Røde Kors Nordisk United World College	26 470 000	
	73	Tilskott til opplæring i Kenya og Etiopia	3 504 000	62 345 000
228		Tilskott til private skolar o.a.		
	70	Private grunnskolar, <i>overslagsløyving</i>	986 748 000	
	71	Private vidaregåande skolar, <i>overslagsløyving</i>	1 090 038 000	
	72	Private vidaregåande skolar godkjend etter kap. 6A i privatskolelova, <i>overslagsløyving</i>	190 472 000	
	73	Private grunnskolar i utlandet, <i>overslagsløyving</i>	64 041 000	
	74	Private vidaregåande skolar i utlandet, <i>overslagsløyving</i>	15 336 000	
	75	Private skolar for funksjonshemma elevar, <i>overslagsløyving</i>	148 049 000	
	76	Andre private skolar, <i>overslagsløyving</i>	35 417 000	
	77	Den tyske skolen i Oslo, <i>overslagsløyving</i>	8 833 000	
	78	Komplettarande undervisning, <i>overslagsløyving</i>	25 751 000	
	79	Toppidrett	14 337 000	
	80	Privatskoleorganisasjonar	609 000	
	81	Elevutveksling til utlandet	1 566 000	2 581 197 000
229		Andre tiltak		
	70	Tilskott til tryggleiksoplæring for fiskarar	12 433 000	12 433 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
230	Kompetansesenter for spesialundervisning			
	01 Driftsutgifter	618 546 000		
	21 Særskilde driftsutgifter	49 802 000		
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	7 468 000	675 816 000	
	Sum Grunnopplæringa		5 881 264 000	
	Barnehagar			
231	Barnehagar			
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 51</i>	88 136 000		
	50 Tilskott til samiske barnehagetilbod	12 925 000		
	51 Forsking, <i>kan nyttast under post 21</i>	7 065 000		
	60 Driftstilskott til barnehagar, <i>overslagsløyving</i>	18 120 880 000		
	61 Investeringsstilskott, <i>overslagsløyving</i>	173 000 000		
	62 Tilskott til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne i barnehage	829 674 000		
	63 Tilskott til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskolealder	111 529 000		
	64 Tilskott til mellombelse lokale, <i>overslagsløyving</i>	33 000 000		
	65 Skjønnsmidlar til barnehagar	4 938 731 000	24 314 940 000	
	Sum Barnehagar		24 314 940 000	
	Tiltak for å fremme kompetanseutvikling			
252	EUs program for livslang læring			
	70 Tilskott	187 697 000	187 697 000	
253	Folkehøgskolar			
	70 Tilskott til folkehøgskolar	614 876 000		
	71 Tilskott til Folkehøgskolerådet	3 501 000		
	72 Tilskott til nordiske folkehøgskolar	701 000	619 078 000	
254	Tilskott til vaksenopplæring			
	70 Tilskott til studieforbund	173 828 000		
	71 Tilskott til fjernundervisning	12 504 000		
	72 Tilskott til Studiesenteret Finnsnes	3 636 000		
	73 Tilskott til vaksenopplæringsorganisasjonar	9 001 000	198 969 000	
255	Tilskott til freds- og menneskerettssentra o.a.			
	70 Holocaustsenteret	22 481 000		
	71 Falstadsenteret	14 270 000		
	72 Stiftelsen Arkivet	5 354 000		

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	73	Norsk Fredssenter	1 259 000	
	74	Nord-Norsk Fredssenter, Narvik	1 110 000	
	75	Det europeiske Wergelandsenteret	6 500 000	50 974 000
256		Vox - Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet		
	01	Driftsutgifter	39 956 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	14 085 000	54 041 000
257		Program for basiskompetanse i arbeidslivet		
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	38 570 000	38 570 000
258		Analyse og utviklingsarbeid		
	01	Driftsutgifter	3 740 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 01</i>	34 326 000	38 066 000
		Sum Tiltak for å fremme kompetanseutvikling		1 187 395 000
Høgre utdanning og fagskolar				
270		Studium i utlandet og sosiale formål for studentar		
	71	Tilrettelegging av studium i utlandet	10 894 000	
	74	Tilskott til velferdsarbeid	68 048 000	
	75	Tilskott til bygging av studentbustader, <i>kan overførast</i>	220 816 000	299 758 000
271		Universitet		
	50	Basisfinansiering statlege universitet	7 385 211 000	
	51	Resultatbasert undervisningsfinansiering statlege universitet	2 770 693 000	
	52	Forskingsfinansiering statlege universitet	2 996 089 000	13 151 993 000
272		Vitskaplege høgskolar		
	50	Basisfinansiering statlege vitskaplege høgskolar	579 327 000	
	51	Resultatbasert undervisningsfinansiering statlege vitskaplege høgskolar	222 126 000	
	52	Forskingsfinansiering statlege vitskaplege høgskolar	154 874 000	
	70	Basisfinansiering private vitskaplege høgskolar	102 076 000	
	71	Resultatbasert undervisningsfinansiering private vitskaplege høgskolar	109 522 000	
	72	Forskingsfinansiering private vitskaplege høgskolar	52 744 000	1 220 669 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
275	Høgskolar			
	50	Basisfinansiering statlege høgskolar	5 112 563 000	
	51	Resultatbasert undervisningsfinansiering statlege høgskolar	1 985 489 000	
	52	Forskningsfinansiering statlege høgskolar	283 818 000	
	70	Basisfinansiering private høgskolar	290 419 000	
	71	Resultatbasert undervisningsfinansiering private høgskolar	231 063 000	
	72	Forskningsfinansiering private høgskolar	9 428 000	7 912 780 000
276	Fagskoleutdanning			
	70	Tekninsk fagskoleutdanning	317 463 000	
	72	Annan fagskoleutdanning	25 814 000	343 277 000
281	Fellesutgifter for universitet og høgskolar			
	01	Driftsutgifter	401 954 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	15 100 000	
	50	Tilskott til Noregs forskingsråd	71 500 000	
	51	Senter for internasjonalisering av høgre utdanning	38 951 000	
	73	Tilskott til internasjonale program	18 800 000	
	74	Tilskott til UNIS	82 183 000	
	75	UNINETT	21 849 000	
	76	Tilskott til NORDUnet, <i>kan overførast</i>	18 401 000	
	78	Tilskott til Universitets- og høgskolerådet	13 256 000	
	79	Ny universitetsklinikk i Trondheim, <i>kan overførast</i>	287 089 000	969 083 000
		Sum Høgre utdanning og fagskolar		23 897 560 000
		Forsking		
283	Meteorologiformål			
	50	Meteorologisk institutt	231 431 000	
	72	Internasjonale samarbeidsprosjekt	51 215 000	282 646 000
285	Noregs forskingsråd			
	52	Forskningsformål	1 184 345 000	
	55	Administrasjon	242 946 000	1 427 291 000
286	Forskingsfond			
	50	Fondet for forskning og nyskaping, overføring til Noregs forskingsråd	929 517 000	
	95	Fondskapital - Fondet for forskning og nyskaping	6 000 000 000	
	96	Fondskapital - Regionale forskingsfond	6 000 000 000	12 929 517 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
287	Forskingsinstitutt og andre tiltak			
	21 Særskilde driftsutgifter		4 810 000	
	53 NUPI		3 250 000	
	56 Ludvig Holbergs forskingspris		9 100 000	
	57 Grunnløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt		136 689 000	
	58 Strategisk løyving til samfunns- vitskaplege forskingsinstitutt		15 410 000	
	71 Tilskott til andre private institusjonar		29 536 000	
	73 Niels Henrik Abels matematikkpris		12 400 000	211 195 000
288	Internasjonale samarbeidstiltak			
	21 Særskilde driftsutgifter		6 360 000	
	72 Internasjonale grunnforsknings- organisasjonar		174 125 000	
	73 EUs rammeprogram for forskning, <i>kan overførast</i>		1 120 164 000	
	74 Det europeiske institutt for innovasjon og teknologi, <i>kan overførast</i>		1 046 000	
	75 UNESCO		15 370 000	1 317 065 000
	Sum Forsking			16 167 714 000
Statsbankane				
2410	Statens lånekasse for utdanning			
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 45</i>		301 035 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>		149 605 000	
	50 Avsetning til utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>		4 231 390 000	
	70 Utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>		2 772 377 000	
	71 Andre stipend, <i>overslagsløyving</i>		437 800 000	
	72 Rentestønad, <i>overslagsløyving</i>		1 847 153 000	
	73 Avskrivningar, <i>overslagsløyving</i>		251 050 000	
	74 Tap på utlån		334 900 000	
	90 Lån til Statens lånekasse for utdanning, <i>overslagsløyving</i>		19 851 084 000	30 176 394 000
	Sum Statsbankane			30 176 394 000
	Sum departementets utgifter			101 849 655 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
Administrasjon				
3200	Kunnskapsdepartementet			
	05 Refusjon utdanningsbistand NORAD o.a.		3 247 000	3 247 000
	Sum Administrasjon			3 247 000
Grunnopplæringa				
3220	Utdanningsdirektoratet			
	01 Inntekter frå oppdrag		5 485 000	
	02 Salsinntekter o.a.		6 431 000	11 916 000
3221	Foreldreutvalet for grunnopplæringa			
	02 Salsinntekter o.a.		276 000	276 000
3222	Statlege grunn- og vidaregåande skolar og grunnskoleinternat			
	02 Salsinntekter o.a.		5 571 000	
	61 Refusjon frå fylkeskommunar		1 498 000	7 069 000
3225	Tiltak i grunnopplæringa			
	04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter		109 139 000	109 139 000
3230	Kompetansesenter for spesialundervisning			
	01 Inntekter frå oppdrag		49 802 000	
	02 Salsinntekter o.a.		12 757 000	62 559 000
	Sum Grunnopplæringa			190 959 000
Tiltak for å fremme kompetanseutvikling				
3256	Vox - Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet			
	01 Inntekter frå oppdrag		9 121 000	
	02 Salsinntekter o.a.		1 164 000	10 285 000
	Sum Tiltak for å fremme kompetanseutvikling			10 285 000
Høgre utdanning og fagskolar				
3281	Fellesutgifter for universitet og høgskolar			
	02 Salsinntekter o.a.		10 000	10 000
	Sum Høgre utdanning og fagskolar			10 000
Forsking				
3286	Forskingsfond			
	85 Avkastning - Fondet for forskning og nyskaping		3 368 260 000	3 368 260 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
3287	Forskinsinstitutt og andre tiltak			
	85 Avkastning frå Niels Henrik Abels minnefond		12 400 000	
	86 Avkastning frå Ludvig Holbergs minnefond		9 100 000	21 500 000
3288	Internasjonale samarbeidstiltak			
	04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter		3 843 000	3 843 000
	Sum Forsking			3 393 603 000
Statsbankane				
5310	Statens lånekasse for utdanning			
	04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter		24 000 000	
	29 Termingebyr		28 900 000	
	89 Purregebyr		96 200 000	
	90 Avdrag og renter	10 955 500 000		
	91 Tap og avskrivingar	447 100 000		
	93 Omgjering av studielån til stipend	4 158 700 000		15 710 400 000
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning			
	80 Renter	6 763 305 000		6 763 305 000
	Sum Statsbankane			22 473 705 000
Sum departementets inntekter				26 071 809 000

*Fullmakter til å overskride gitte løyvingar*II
Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Kunnskapsdepartementet i 2009 kan:

1.

overskride løyvinga på	mot tilsvarende meirinntekt under
kap. 200 post 01	kap. 3200 post 02
kap. 220 post 01	kap. 3220 post 02
kap. 221 post 01	kap. 3221 post 02
kap. 222 post 01	kap. 3222 postane 02 og 61
kap. 230 post 01	kap. 3230 post 02
kap. 256 post 01	kap. 3256 post 02
kap. 281 post 01	kap. 3281 post 02
kap. 286 post 50	kap. 3286 post 85
kap. 287 post 56	kap. 3287 post 86
kap. 287 post 73	kap. 3287 post 85
kap. 2410 post 01	kap. 5310 post 03

2. overskride løyvingane til oppdragsverksemd på postane 21 mot tilsvarende meirinntekter.
3. nytte inntekter frå sal av eigedommar ved universiteta til kjøp, vedlikehald og bygging av andre lokale til undervisnings- og forskingsformål ved den same verksemda.
4. gi Noregs forskingsråd fullmakt til å kjøpe og avhende eigedommar. Salsinntekter blir førde til eigedomsfondet til Forskingsrådet.

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar

III
Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Kunnskapsdepartementet i 2009 kan:

1. gi tilsegn om tilskott ut over gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme (i mill. kroner)
220		Utdanningsdirektoratet	
	70	Tilskott til læremiddel o.a.	20,0
226		Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	
	21	Særskilde driftsutgifter	120,0
270		Studium i utlandet og sosiale formål for studentar	
	75	Tilskott til bygging av studentbustader	220,8
285		Noregs forskingsråd	
	52	Forskingsformål	37,5

2. gi tilsegn om å utbetale stønad for første halvår 2010 (andre halvdelen av undervisningsåret 2009–10) etter dei satsane som blir fastsette andre halvår 2009 (første halvdelen av undervisningsåret 2009–10), jf. kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning postane 70 Utdanningsstipend, 71 Andre stipend, 72 Rentestønad og 90 Lån til Statens lånekasse for utdanning samt kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning post 80 Renter.
3. gi tilsegn om å konvertere lån til stipend første halvår 2010 (andre halvdelen av undervisningsåret 2009–10) etter dei satsane som blir fastsette for andre halvår 2009 (første halvdelen av undervisningsåret 2009–10), jf. kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning post 50 Avsetning til utdanningsstipend.
4. gi tilsegn om å utbetale tillegg til utdanningslånet for 2009 med kr 3 850 per måned i opptil to månader for studentar som tek del i undervisning som er omfatta av ordninga med sommarundervisning, jf. kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning postane 72 Rentestønad og 90 Lån til Statens lånekasse for utdanning samt kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning post 80 Renter.

Andre fullmakter

IV
Diverse fullmakter

Stortinget samtykkjer i at:

1. privatistar som melder seg opp til eksamen, og kandidatar som melder seg opp til fag-/sveinprøver etter opplæringslova § 3-5, skal betale eit gebyr per prøve. Gebyret skal betalast til fylkeskommunen. Privatistar som melder seg opp til eksamen, skal betale kr 345 dersom privatisten ikkje har prøvd seg i faget tidlegare som privatist eller elev, og kr 707 ved forbetringsprøver. Kandidatar som melder seg opp til fag-/sveinprøver etter opplæringslova § 3-5, skal betale kr 707 per prøve dersom kandidaten ikkje har

- gått opp tidlegare, og kr 1 415 ved seinare forsøk.
2. Kunnskapsdepartementet i 2009 kan gi universitet og høgskolar løyve til å:
 - a) opprette nye selskap og delta i selskap som er av fagleg interesse for verksemda.
 - b) bruke overskott av oppdragsverksemd til kapitalinnskott ved oppretting av nye selskap eller ved deltaking i selskap som er av fagleg interesse for verksemda.
 - c) bruke utbytte frå selskap som verksemda har kjøpt aksjar i eller etter fullmakt forvaltar, til drift av verksemda eller til kapitalinnskott.
 - d) bruke inntekt frå sal av aksjar i selskap som verksemda har erverva med overskott frå oppdragsverksemd eller etter fullmakt forvaltar, til drift av verksemda eller til kapitalinnskott.
 3. Frå 1. januar 2009 blir maksimalgrensa for foreldrebetaling for eit heildags ordinært barneha-
 - getilbod fastsett til kr 2 330 per månad og kr 25 630 per år, jf. forskrift 16. desember 2005 nr. 1478 om foreldrebetaling i barnehagar § 1.
 4. Kunnskapsdepartementet i 2009 kan overføre spesifikke aksjar i gruppe 1 under Kunnskapsdepartementet til universitet og høgskolar som aksjar i gruppe 2. Aksjane blir førde ut av kapitalrekneskapen i 2009 mot konto for forskyving av balansen.
 5. Kunnskapsdepartementet i 2009 kan gi avkall på krav om tilbakebetaling av gåveforsterking som er utbetalt til Bergens forskningsstiftelse, Bergens medisinske forskningsstiftelse og Tromsø forskningsstiftelse i strid med retningslinjene for ordninga.
 6. Kunnskapsdepartementet i 2009 kan inngå avtale om rehabilitering og modernisering av Noregs hus i Paris innanfor ei kostnadsramme på 10 mill. kroner.
-

Vedlegg 1

Tilsetjingsvilkår for leiarar i heileigde statlege føretak

I samsvar med punkt 7.2.3 i rundskriv R-4/2008 Hovedbudsjetttrundskriv for 2009 frå Finansdepartementet presenterer Kunnskapsdepartementet ei oversikt over lønnskåra til leiarane i heileigde statlege verksemdar under Kunnskapsdepartementet.

Arbeidsforskningsinstituttet AS

Dagleg leiar fekk i 2007 ei samla godtgjering på kr 724 876 samt del av pensjonspremie på kr 90 316. Ved overgang til aksjeselskap vart dei opparbeidde rettane i Statens pensjonskasse videreførde. Dei årlege innbetalingane til Statens pensjonskasse skal dekkje pliktane til selskapet.

Birkeland innovasjon AS

Dagleg leiar fekk i 2007 kr 1 010 158 i lønn og kr 6 000 i andre godtgjeringar. Det er vedteke ei insentivordning for dei tilsette, der insentiv til dagleg leiar vil bli rekna ut ifrå oppnåing av mål. Selskapet har pensjonsordning med Statens pensjonskasse som dekkjer kravet til obligatorisk tenestepensjon.

NCE Subsea drift AS

Dagleg leiar fekk i 2007 kr 718 918 i lønn og kr 29 223 i andre godtgjeringar. Selskapet har ingått avtale om obligatorisk pensjon for dei tilsette.

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS

Dagleg leiar fekk i 2007 kr 735 185 i lønn og kr 57 120 i andre godtgjeringar. Pensjonskostnad er kr 73 093. Tilsette i selskapet har pensjonsordning i Statens pensjonskasse.

NTNU samfunnsforskning AS

Dagleg leiar fekk i 2007 kr 656 508 i lønn. Selskapet har kollektiv pensjonsordning for tilsette dekt gjennom forsikringsselskap. Pensjonsutgiftene for dagleg leiar var kr 66 498.

NTNU Technology Transfer AS

Dagleg leiar fekk i 2007 kr 1 049 688 i lønn og kr 112 673 i andre godtgjeringar. Selskapet har ei kollektiv pensjonsordning.

Sem gjestegård AS

Selskapet fekk ny dagleg leiar 16. april 2007. Til saman vart det utbetalt kr 593 095 i lønn og kr 29 722 i andre godtgjeringar til dagleg leiar i 2007.

UNINETT AS

Dagleg leiar fekk i 2007 kr 913 261 i lønn og kr 6 474 i andre godtgjeringar. Til finansiering av førtidspensjon for dagleg leiar vart det oppretta ei livrente med innskott på 3 mill. kroner i 2003.

Unirand AS

Dagleg leiar fekk i 2007 kr 202 756 i lønn og kr 420 i andre godtgjeringar. Selskapet har ei pensjonsavtale basert på yting med Statens pensjonskasse.

Universitetssenteret på Svalbard AS

Dagleg leiar fekk i 2007 kr 791 920 i lønn. Delen til selskapet til pensjon for dagleg leiar er ført som utgift med kr 73 649.

Vangslund AS

Dagleg leiar fekk i 2007 kr 148 586 i lønn og kr 4 000 i andre godtgjeringar. Selskapet har ikkje plikt til å ha tenestepensjonsordning.

Følgjande heileigde selskap har ingen tilsette:

HiST kompetanse AS, Rya gods og skoger AS og Universitetet i Bergen eiendom AS.

Vedlegg 2**Nøkkeltal for universitet og høgsolar**

2.1	Nøkkeltal for søkning og opptak ved universitet og høgsolar 2002–07
2.2	Opptak ved universitet og høgsolar 2005–07
2.3	Registrerte studentar ved universitet og høgsolar 2005–07
2.4	Studiepoeng per student ved universitet og høgsolar 2005–07
2.5	Kandidatar ved universitet og høgsolar 2005–07
2.6	Opptak, registrerte studentar og kandidatar fordelte på utvalde utdanningar 2005–07
2.7	Tal på innreisande og utreisande utvekslingsstudentar ved norske lærestader 2005–07
2.8	Tal på årsverk i undervisnings-, forskings- og rekrutteringsstillingar 2007
2.9	Avlagde doktorgradar per institusjon 1998–2007
2.10	Doktorgradar etter fagområde og kjønn 2004 og 2007
2.11	Gjennomsnitt publikasjonspoeng per fagleg stilling 2005–07
2.12	Eksternfinansiert verksemd ved type institusjon
2.13	Aktivitetskrav for studieåret 2008–09
2.14	Måltal for registrerte studentar og uteksaminerte kandidatar ved kunsthøgskolane 2009
2.15–2.19	Byggtabellar
2.20	Løyving per verksemd i 2009

Tabell 2.1 Nøkkeltal for søkning og opptak ved universitet og høgsolar 2002–07

	2002	2003	2004	2005	2006	2007
Tal på søkjarar	91 413	93 708	100 494	101 334	99 566	97 888
Søkjarar 19–24 år i pst. av totalt søkjartal	65,7	66,3	66,2	66,7	67,8	69,3
Kvalifiserte søkjarar	66 664	72 799	77 942	76 710	75 025	72 052
Av desse kvinner (i pst.)	60,7	59,8	60,0	60,1	61,0	61,5
Kvalifiserte søkjarar utan tilbod	4 273	5 560	7 758	8 806	7 321	5 949
Personar møtte til studiestart	47 411	47 829	48 774	48 743	48 120	46 767
Av desse kvinner (i pst.)	61,5	56,9	59,0	59,0	60,6	61,6

Kjelde: Samordna opptak

Tabell 2.2 Opptak ved universitet og høyskolar 2005–07¹ (pst. kvinner i parentes)

	Lågare nivå			Vidareutdanning			Hovudfag/master/profesjon			Sum		
	2005	2006	2007	2005	2006	2007	2005	2006	2007	2005	2006	2007
Universitet	27 712 (61)	26 711 (61)	24 692 (61)	1 046 (59)	502 (65)	932 (69)	9 857 (52)	10 530 (54)	10 557 (55)	38 614 (59)	37 74 (60)	36 181 (60)
Vitskaplege høøgskolar	1 072 (40)	1 017 (43)	842 (45)	168 (57)	148 (60)	135 (62)	626 (43)	773 (41)	927 (45)	1 866 (43)	1 938 (44)	1 904 (47)
Statlege høøgskolar	37 202 (62)	35 838 (63)	35 397 (64)	5 670 (79)	6 027 (79)	6 956 (80)	2 403 (60)	2 508 (62)	2 660 (64)	45 275 (64)	44 373 (65)	45 013 (67)
Kunsthøgskolar	195 (68)	203 (61)	195 (87)	8 (50)	14 (86)	14 (79)	112 (64)	118 (69)	106 (62)	315 (66)	335 (65)	315 (78)
Private høøgskolar ²	10 706 (56)	9 878 (59)	9 331 (60)	910 (86)	842 (88)	932 (86)	2 065 (54)	1 614 (52)	1 871 (53)	13 681 (58)	12 334 (60)	12 134 (61)
Sum	76 887 (61)	73 647 (62)	70 457 (62)	7 802 (77)	7 532 (79)	8 969 (79)	15 063 (54)	15 542 (55)	16 121 (56)	99 751 (61)	96 722 (62)	95 546 (63)

¹ Omfattar studentar finansierte over grunnbudsjettet til institusjonane. Program som ikkje er på universitets- og høyskolenivå, som forkurs for ingeniørutdanning, er ikkje med i tala

² Det teologiske Menighetsfakultetet er vitskapleg høyskole frå 1. januar 2005. Handels høyskolen BI og Misjonshøyskolen er vitskaplege høyskolar frå 1. juni 2008
Kjelde: DBH (Database for statistikk om høgre utdanning)

Tabell 2.3 Registrerte studentar ved universitet og høgskolar 2005–07¹ (pst. kvinner i parentes)

	Lågare nivå			Vidareutdanning			Hovudfag/master/profesjon			Sum		
	2005	2006	2007	2005	2006	2007	2005	2006	2007	2005	2006	2007
Universitet	45 188 (59)	40 922 (60)	39 148 (59)	1 051 (67)	1 336 (70)	1 512 (73)	35 440 (52)	38 372 (54)	36 319 (54)	81 679 (56)	80 630 (57)	76 979 (57)
Vitskaplege høgskolar	2 111 (40)	2 334 (41)	2 308 (42)	163 (56)	143 (60)	135 (63)	2 498 (49)	2 377 (48)	2 594 (47)	4 772 (45)	4 854 (45)	5 037 (45)
Statlege høgskolar	72 164 (64)	70 716 (64)	70 373 (64)	6 469 (79)	6 932 (79)	7 184 (80)	4 785 (56)	5 355 (59)	5 368 (61)	83 418 (65)	83 003 (65)	82 926 (66)
Kunsthøgskolar	643 (66)	594 (65)	565 (65)	9 (44)	13 (85)	13 (77)	200 (64)	217 (66)	218 (66)	852 (65)	824 (65)	796 (65)
Private høgskolar ²	20 029 (57)	19 727 (57)	19 452 (58)	1 341 (85)	1 155 (85)	1 246 (86)	3 099 (51)	3 309 (52)	3 694 (52)	24 469 (58)	24 191 (58)	24 392 (59)
Sum	140 135 (61)	134 292 (61)	131 847 (62)	9 033 (78)	9 579 (78)	10 090 (79)	46 022 (53)	49 630 (54)	48 193 (55)	195 190 (60)	193 501 (60)	190 130 (61)

¹ Omfattar studentar finansierte over grunnbudsjettet til institusjonane. Personar utan studierett og program som ikkje er på universitets- og høgskolenivå, som forkurs for ingenjørutdanning, er ikkje med i tala

² Det teologiske Menighetsfakultetet er vitskapleg høgskole frå 1. januar 2005. Handelshøgskolen BI og Misionshøgskolen er vitskaplege høgskolar frå 1. juni 2008
Kjelde: DBH

Tabell 2.4 Studiepoeng per student ved universitet og høyskolar 2005–07

	2005	2006	2007
Universitet	39,1	39,5	41,2
Vitskaplege høyskolar	47,6	46,1	47,9
Statlege høyskolar	44,9	45,0	44,5
Kunsthøyskolar	56,9	55,4	58,3
Private høyskolar ¹	40,5	40,2	39,3
Gjennomsnitt	42,0	42,2	42,6

¹ Det teologiske Menighetsfakultetet er vitskapleg høyskole frå 1. januar 2005. Handelshøyskolen BI og Misjonshøyskolen er vitskaplege høyskolar frå 1. juni 2008

Kjelde: DBH

Tabell 2.5 Kandidatar ved universitet og høyskolar 2005–07¹ (pst. kvinner i parentes)

	Lågare nivå			Hovudfag/master/profesjon			Sum		
	2005	2006	2007	2005	2006	2007	2005	2006	2007
Universitet	4 099 (64)	4 346 (64)	4 538 (64)	6 138 (52)	7 245 (54)	8 308 (55)	10 237 (57)	11 591 (58)	12 846 (58)
Vitskaplege høyskolar	195 (47)	406 (40)	525 (40)	764 (41)	742 (49)	699 (49)	959 (42)	1 148 (46)	1 224 (45)
Statlege høyskolar	13 541 (69)	13 964 (69)	13 708 (69)	850 (41)	975 (49)	973 (53)	14 391 (68)	14 939 (67)	14 681 (68)
Kunsthøyskolar	214 (67)	216 (68)	189 (63)	60 (77)	60 (63)	77 (57)	274 (69)	276 (67)	266 (62)
Private høyskolar ²	2 533 (70)	2 570 (67)	2 434 (69)	1 268 (48)	1 413 (48)	1 535 (51)	3 801 (63)	3 983 (60)	3 969 (62)
Sum	20 582 (68)	21 502 (67)	21 394 (67)	9 080 (49)	10 435 (52)	11 592 (54)	29 662 (62)	31 937 (62)	32 986 (63)

¹ Omfattar kandidatar finansierte over grunnbudsjettet til institusjonane. For lågare nivå har utdanninga eit omfang på minimum to år (120 studiepoeng)

² Det teologiske Menighetsfakultetet er vitskapleg høyskole frå 1. januar 2005. Handelshøyskolen BI og Misjonshøyskolen er vitskaplege høyskolar frå 1. juni 2008

Kjelde: DBH

Tabell 2.6 Opptak, registrerte studenter og kandidatar fordelte på utvalde utdanningar 2005–07¹
(pst. kvinner i parentes)

	Opptak			Registrerte studenter			Kandidatar		
	2005	2006	2007	2005	2006	2007	2005	2006	2007
Medisin	624 (59)	633 (61)	620 (60)	3 484 (61)	3 566 (61)	3 575 (60)	472 (56)	487 (64)	478 (60)
Farnasi	124 (73)	135 (76)	138 (75)	604 (76)	624 (76)	630 (77)	82 (87)	83 (75)	86 (83)
Odontologi	148 (68)	161 (71)	171 (68)	618 (65)	635 (69)	690 (70)	86 (69)	106 (59)	107 (69)
Psykologi	279 (76)	195 (71)	280 (78)	1 283 (75)	1 246 (74)	1 278 (75)	207 (71)	215 (71)	230 (77)
Tannpleiarutdanning	61 (97)	67 (99)	67 (96)	154 (97)	157 (97)	158 (96)	15 (100)	44 (98)	47 (98)
Sjukepleiarutdanning	4 597 (86)	4 436 (86)	4 511 (88)	13 036 (88)	12 811 (88)	12 448 (88)	3 463 (91)	3 580 (90)	3 589 (89)
Fysioterapiutdanning	331 (70)	329 (74)	322 (73)	925 (72)	917 (73)	891 (73)	255 (73)	262 (73)	271 (76)
Ergoterapiutdanning	274 (79)	267 (79)	238 (82)	733 (83)	693 (82)	636 (81)	255 (91)	219 (84)	208 (88)
Radiografutdanning	260 (67)	226 (71)	213 (68)	676 (70)	643 (69)	573 (69)	182 (76)	172 (78)	186 (68)
Reseptarutdanning	101 (84)	95 (77)	97 (79)	272 (85)	275 (84)	242 (83)	71 (89)	57 (88)	77 (88)
Bioingeniør	287 (81)	297 (82)	233 (80)	806 (83)	788 (82)	725 (82)	198 (88)	222 (82)	209 (86)
Audiografutdanning	43 (81)	45 (71)	50 (76)	118 (76)	113 (78)	111 (78)	36 (83)	37 (68)	33 (82)
Vernepleiarutdanning	1 015 (75)	1 060 (75)	939 (76)	2 992 (78)	3 072 (77)	2 985 (77)	834 (79)	785 (82)	825 (80)
Døvetolkutdanning	48 (92)	44 (95)	58 (93)	88 (90)	100 (93)	125 (91)	28 (100)	20 (95)	11 (100)
Tannteknikarutdanning	28 (61)	30 (73)		48 (65)	47 (70)	38 (71)	22 (82)	19 (68)	1 (0)
Ingeniørutdanning	2 723 (13)	2 925 (15)	2 968 (20)	7 735 (14)	7 719 (15)	8 141 (17)	1 917 (18)	1 836 (16)	1 570 (16)
Allmennlærarutdanning	2 265 (70)	2 308 (72)	2 013 (72)	9 472 (71)	8 566 (71)	7 662 (72)	2 008 (74)	2 066 (74)	1 811 (74)
Sivilingeniørutdanning	463 (19)	442 (20)	448 (25)	1 118 (22)	1 070 (21)	1 105 (23)	321 (23)	296 (22)	298 (22)
Førskolelærarutdanning	2 091 (85)	2 361 (86)	2 439 (87)	5 409 (88)	5 814 (87)	6 190 (87)	1 331 (93)	1 272 (92)	1 435 (91)
Faglærarutdanning	506 (65)	453 (64)	458 (62)	1 233 (70)	1 246 (67)	1 376 (65)	277 (77)	256 (73)	243 (76)
Yrkesfaglærarutdanning	112 (78)	119 (71)	192 (61)	307 (83)	308 (81)	418 (70)	101 (76)	74 (86)	81 (89)
Praktisk-pedagogisk utdanning	2 221 (56)	2 315 (61)	2 053 (60)	3 030 (54)	3 014 (58)	2 804 (60)	1 835 (59)	1 874 (56)	1 858 (60)

¹ Tal på studentar og kandidatar finansierte gjennom basisløyvinga for universitet, vitskaplege høgskolar, statlege høgskolar, kunsthøgskolar og private høgskolar

Kjelde: DBH

Tabell 2.7 Tal på innreisande og utreisande utvekslingsstudentar ved norske lærestader 2005–07¹

	2005		2006		2007	
	Innreisande	Utreisande	Innreisande	Utreisande	Innreisande	Utreisande
Erasmus/Sokrates	2 200	1 299	2 519	1 341	2 811	1 260
Nordplus	271	296	245	252	233	235
Bilaterale avtaler	437	1 830	580	2 031	680	2 069
Kvotestudentar	416		409		408	
Andre program	355	423	488	489	362	390
Sum	3 679	3 848	4 241	4 113	4 494	3 954

¹ Individbaserte program er ikkje med i talgrunnlaget. Private høgskolar er med.

Kjelde: DBH

Tabell 2.8 Tal på årsverk i undervisnings-, forskings- og rekrutteringsstillingar 2007 (pst. kvinner i parentes)

	Universitet	Vitskaplege høgskolar	Statlege høgskolar	Kunst- høgskolar	Sum alle institusjonar
Professor	2 208 (19)	186 (13)	325 (17)	31 (42)	2 750 (18)
Dosent/universitetsdosent	2 (0)		9 (21)		11 (18)
Høgskoledosent			14 (7)		14 (7)
Førsteamanuensis	1 654 (35)	159 (36)	991 (35)	30 (41)	2 834 (35)
Førstelektor	103 (47)	12 (65)	574 (41)	4 (70)	693 (42)
Amanuensis/høgskole- lektor/ universitetslektor	743 (48)	70 (40)	2 687 (58)	46 (55)	3 545 (56)
Bistillingar (professor II)	162 (14)	9 (11)	31 (19)	2 (50)	204 (15)
Stipendiatar	3 002 (48)	177 (56)	468 (59)	12 (58)	3 658 (50)
Forskar	655 (41)	27 (41)	24 (48)		706 (41)
Postdoktor	756 (42)	37 (43)	15 (39)		808 (42)
Høgskolelærar	19 (67)		504 (72)	3 (26)	525 (71)
Vitskapleg assistent	276 (57)	12 (36)	7 (57)	1 (0)	296 (56)
Andre	165 (57)	21 (66)	19 (27)	1 (100)	206 (56)
Sum	9 743 (38)	710 (37)	5 667 (51)	129 (49)	16 249 (43)

Data per 1. oktober 2007.

Kjelde: DBH

Tabell 2.9 Avlagde doktorgradar per institusjon 1998–2007

	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007
Universitet	639	684	624	636	700	685	728	809	837	968
Vitskaplege høgskolar	33	20	25	35	30	35	40	33	41	39
Statlege høgskolar						1		4	10	9
Private høgskolar ¹	5	2	2	7	4	2	14	9	17	14
Sum	677	706	651	678	734	723	782	855	905	1 030
Pst. kvinner	32	38	35	33	41	39	39	40	38	45

¹ Det teologiske Menighetsfakultetet er vitskapleg høgskole frå 1. januar 2005. Handelshøyskolen BI og Misjonshøgskolen er vitskaplege høgskolar frå 1. juni 2008

Kjelde: DBH

Tabell 2.10 Doktorgradar etter fagområde og kjønn 2004 og 2007

	Pst. av alle dr.gradar		Pst. kvinner	
	2004	2007	2004	2007
Humaniora	11	11	38	53
Samfunnsvitskap	18	22	49	52
Matematikk/naturvitskap	24	26	34	33
Teknologi	16	12	24	20
Medisin	24	24	41	59
Landbruksvitskap/veterinærmedisin	7	5	62	43
Sum/gjennomsnitt	100	100	39	45

Kjelde: Doktorgradsregisteret, NIFU STEP

Tabell 2.11 Gjennomsnitt publikasjonspoeng per fagleg stilling 2005–07

	Publikasjonspoeng			Publikasjonspoeng per stilling ¹		
	2005	2006	2007	2005	2006	2007
Universitet	7 182	7 724	8 331	0,82	0,85	0,90
Vitskaplege høgskolar ²	336	330	299	0,53	0,50	0,44
Statlege høgskolar	1 064	1 163	1 432	0,20	0,21	0,25
Private høgskolar	300	383	435	0,35	0,47	0,51
Sum/gjennomsnitt	8 883	9 601	10 498	0,56	0,59	0,64

¹ Omfattar følgjande stillingar: professor, professor II, dosent/høgskoledosent/universitetsdosent, førsteamanuensis, førstelektor, amanuensis, høgskolelektor, universitetslektor, forskar, postdoktor, stipendiat, høgskolelærar

² Indikatoren vitskapleg publisering gjeld ikkje for Arkitektur- og designhøgskolen og Noregs musikkhøgskole i finansieringssystemet for universitet og høgskolar

Kjelde: DBH.

Tabell 2.12 Eksternfinansiert verksemd ved type institusjon 2005–07 (beløp i 1 000 kroner)

	Totalt			EU			Norges forskingsråd		
	2005	2006	2007	2005	2006	2007	2005	2006	2007
Universitet	2 968 397	2 916 482	3 301 313	125 287	115 182	145 395	1 604 600	1 531 397	1 771 045
Vitskaplege høgskolar	167 623	189 541	205 899	6 635	8 237	4 965	47 703	57 002	65 975
Statlege høgskolar	604 390	645 502	700 725	20 899	25 482	22 284	101 375	104 111	142 396
Sum	3 740 410	3 751 525	4 207 937	152 821	148 901	172 644	1 753 678	1 692 510	1 979 416

Kjelde: DBH

Tabell 2.13 Aktivitetskrav for studieåret 2008–09

Utdanning	60-studiepoengseiningar som skal avleggjast første årstrinn
Medisin	541
ABIOK	443
Farmasi	81
Odontologi	139
Psykologi	194
Sjukepleie	3 058
Fysioterapi	274
Ergoterapi	145
Radiograf	173
Reseptar	61
Bioingeniør	202
Audiograf	31
Vernepleiar	535
Døvetolk	47
Tannpleie	46
Tannteknikk	21
Jordmor	90

Tabell 2.14 Måltal for registrerte studentar og uteksaminerte kandidatar ved kunsthøgskolane 2009

	Måltal studentar	Måltal kandidatar
Kunsthøgskolen i Oslo		
Fakultetet for visuell kunst	233	103
Fakultetet for design	137	40
Fakultetet for scenekunst	96	34
Sum Kunsthøgskolen i Oslo	466	177
Kunsthøgskolen i Bergen		
Avdeling for design	95	36
Avdeling for spesialisert kunst	100	38
Avdeling kunstakademiet	60	15
Sum Kunsthøgskolen i Bergen	255	89
Sum kunsthøgskolar	721	266

Tabell 2.15 Prosjekt som har fått startløyving, og prosjekt med forslag om startløyving i 2009

Institusjon	Brutto areal m ² (nybygg)	Brutto areal m ² (ombyggingar)	Prosjekt	Kostnadsramme (i 1 000 kroner) ¹
Universitetet i Oslo	28 251		Nybygg for informatikkmiljøa 2. byggjetrinn (IFI II)	1 206 000
Universitetet i Oslo			Rehabilitering av Domus Media m.m. fase 1	500 600
Høgskolen i Vestfold	15 850		Samlokalisering på Bakkentei- gen, siste byggjetrinn	760 700
Samisk vitskapsbygg	9 370		Samlokalisering med m.a. Nordisk samisk institutt	445 400
Universitetet i Bergen	11 500		Odontologisk fakultet (DOF)	740 000
Høgskolen i Oslo	17 886		Pilestredet Park, ombygging av Patologibygget for sjukepleiar- utdanninga	668 600

¹ Kostnadsramme per 1.7.2009 på 85 pst. sikkerheit mot overskriddingar, jf. omtale i St.prp. nr. 1 (2008–2009) for Fornyings- og administrasjonsdepartementet, kap. 1580 og kap. 2445

Tabell 2.16 Bygg som er under prosjektering

Institusjon	Brutto areal m ² nybygg	Brutto areal m ² ombygging	Prosjekt
Høgskolen i Bergen	48 000		Samlokalisering på Kronstad
Høgskolen i Sogn og Fjordane	7605		Sogndal
Universitetet i Tromsø	17 700		Medisin og helsefag, byggjetrinn 2 (MH2)
Kunsthøgskolen i Bergen	17 500		Samlokalisering
Høgskolen i Tromsø	5 150	1 896	Samlokalisering, flytting av Avdeling for ingeniørfag og økonomi
Universitetet for miljø- og biovitenskap		8 190	Rehabilitering av Urbygningen

Tabell 2.17 Prosjekt under utgreiing/programmering

Institusjon	Brutto areal m ² nybygg	Brutto areal m ² ombygging	Prosjekt
Universitetet i Oslo	Ikkje fastsett		Kulturhistorisk museum
Universitetet i Oslo	Ikkje fastsett		Odontologi
Universitetet i Oslo	Ikkje fastsett		Kjemibygningen
Universitetet i Bergen	Ikkje fastsett		Musea
Universitetet i Tromsø	Ikkje fastsett		Magasinbygg
NTNU	Ikkje fastsett		Vitskapsmuseet
Universitetet i Oslo	Ikkje fastsett		Naturhistorisk museum
Universitetet i Oslo	Om lag 3 900 m ²		Utstillingsveksthus
Universitetet for miljø- og biovitenskap			Rehabilitering av Tunbygningane

Tabell 2.18 Kurantprosjekt, byggjeprojekt under prosjektering¹

Institusjon	Brutto areal m ² nybygg	Brutto areal m ² ombygging	Prosjekt
Noregs handelshøgskole	Ikkje fastsett		Utflytting Merinobygget
Universitetet i Oslo	11 500	702	Domus Medica, tilbygg
Høgskolen i Agder	3 400		Flytting av musikkonservatoriet

¹ Prosjekt innanfor husleigeordninga som er såkalla kurantprosjekt, eller andre prosjekt der husleigekostnadene blir dekte innanfor ordinær budsjetttramme.

Tabell 2.19 Kurantprosjekt, byggjeprojekt under utgreiing/programmering

Institusjon	Brutto areal m ² nybygg	Brutto areal m ² ombygging	Prosjekt
Høgskolen i Volda	Ikkje fastsett		Erstatningsbygg for Ivar Aasen- bygget
Noregs idrettshøgskole			Rehabilitering av Gymsalbygget og Sentralbygget

Vedlegg 3**Kvalitet i grunnopplæringa**

Dette vedlegget gir oversikt over dei indikatorane Kunnskapsdepartementet vil leggje til grunn for å vurdere utviklinga av kvaliteten i grunnopplæringa, jf. St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i sko-*

len. Departementet vil arbeide vidare med å utvikle indikatorar i Elevundersøkinga for å måle meistring.

Mål: Alle elevar som går ut av grunnskolen, skal mestre grunnleggjande dugleikar som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og arbeidsliv

Tabell 3.1 Indikatorsett 1

Område	Indikator	Status (i pst.)
Lesing	PIRLS: delen elevar på lågaste nivå	25
	PISA: delen elevar på kompetansenivå 1 eller lågare	22
	Nasjonale prøver 5. trinn: delen elevar på meistringsnivå 1	26,5
	Nasjonale prøver 8. trinn: delen elevar på meistringsnivå 1 og 2	25
Matematikk	PISA: delen elevar på kompetansenivå 1 eller lågare	22,2
	Nasjonale prøver 5. trinn: delen elevar på meistringsnivå 1	26,6
	Nasjonale prøver 8. trinn: delen elevar på meistringsnivå 1 og 2	25,6

Mål: Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring med kompetansebevis som blir verdsett for vidare studium eller i arbeidslivet

Tabell 3.2 Indikatorsett 2

Område	Indikator	Status (i pst.)
Fullført på normert tid	Delen fullført på studieførebuande utdanningsprogram	77
	Delen fullført på yrkesførebuande utdanningsprogram	39
Fullført på meir enn normert tid	Delen fullført på studieførebuande utdanningsprogram	84
	Delen fullført på yrkesførebuande utdanningsprogram	54
Kompetanse på lågare nivå	Delen fullført på lærekandidatordninga ¹	

¹ På dette området er det nødvendig å utvikle indikatorar

Mål: Alle elevar og lærlingar skal inkluderast og oppleve meistring

Tabell 3.3 Indikatorsett 3

Område	Indikator	Status (i pst.)
Trivsel	Delen elevar som seier at dei trivst godt på skolen	85
Mobbing	Delen elevar som seier at dei blir mobba ein eller fleire gonger i veka	5
Utfordringar	Delen som seier at dei får nok utfordringar i mange eller dei fleste faga	75
Tilpassing	Delen som seier at opplæringa er tilpassa deira nivå i mange fag eller dei fleste faga	58
Faglege tilbakemeldingar	Delen elevar som seier at dei får fagleg tilbakemelding i mange eller dei fleste faga	52

Vedlegg 4**Forskningsinstitutt som mottek statleg basisløyving
per 1. januar 2009****Miljøinstitutt**

1. CICERO Senter for klimaforskning
2. Norsk Institutt for by- og regionforskning (NIBR)
3. Norsk Institutt for kulturminneforskning (NIKU)
4. Norsk Institutt for luftforskning (NILU)
5. Norsk Institutt for naturforskning (NINA)
6. Norsk Institutt for vannforskning (NIVA)
7. Norsk Institutt for vannforskning (NIVA)

Primærnæringsinstitutt

1. Bioforsk
2. Nofima
3. Norsk Institutt for Landbruksøkonomisk forskning (NILF)
4. Norsk Institutt for Skog og Landskap
5. Norsk senter for bygdeforskning (Bygdeforsk)
6. SINTEF Fiskeri og havbruk
7. Veterinærinstituttet (VI)

Samfunnsvitenskapelige institutt

1. Agderforskning
2. Arbeidsforskningsinstituttet as (AFI)
3. Chr. Michelsens Institutt (CMI)
4. Forskningsstiftelsen Fafo
5. Fridtjof Nansens Institutt (FNI)
6. Institutt for fredsforskning (PRIO)
7. Institutt for samfunnsforskning (ISF)
8. IRIS Samfunns- og næringsutvikling (International Research Institute of Stavanger)
9. Møreforskning
10. Nordlandsforskning
11. Norsk Institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA)

12. Norsk Institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU STEP)
13. Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI)
14. NORUT NIBR Finnmark
15. NORUT Samfunnsforskning
16. Samfunns- og næringslivsforskning as (SNF)
17. SINTEF Teknologi og samfunn
18. Telemarksforskning Bø
19. Telemarksforskning Notodden
20. Trøndelag Forskning og Utvikling
21. Vestlandsforskning
22. Østfoldforskning AS
23. Østlandsforskning

Teknisk-industrielle institutt

1. Christian Michelsen Research AS (CMR)
2. Institutt for energiteknikk (IFE)
3. Norges Geotekniske Institutt (NGI)
4. NORSAR (tidligere Norwegian Seismic Array)
5. Norsk Marinteknisk Forskningsinstitutt AS (MARINTEK)
6. Norsk Regnesentral
7. NORUT Informasjonsteknologi AS (NORUT Tromsø)
8. NORUT Teknologi AS (NORUT Narvik)
9. International Research Institute of Stavanger (IRIS Teknologi)
10. SINTEF Byggforsk
11. SINTEF Energiforskning AS
12. SINTEF Petroleumsforskning AS
13. Stiftelsen for industriell og teknisk forskning (SINTEF)
14. Telemark Teknisk-industrielle utviklingssenter (TELTEK)

Offentlege institusjonar kan tinge fleire
eksemplar frå:
Servicesenteret for departementa
Post og distribusjon
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Faks: 22 24 27 86

Opplysningar om abonnement, laussal og
pris får ein hjå:
Akademika AS
Avdeling for offentlege publikasjonar
Postboks 84 Blindern, 0314 Oslo
E-post: offpubl@akademika.no
Telefon: 22 18 81 00
Faks: 22 18 81 01
Grønt nummer: 800 80 960

Publikasjonen er også tilgjengeleg på
www.regjeringen.no

Trykk: Lobo Media AS 10/2008

